



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2003-2004)

FOR BUDSJETTERMINEN 2004

Utgiftskapittel: 500-587, 2412

Inntektskapittel: 3500-3587, 5312, 5316, 5327, 5615-5616

Særskilde vedlegg:

H-22/03 Bevilgninger til samiske formål i statsbudsjettet 2004

H-24/03 Beregningsteknisk dokumentasjon til St.prp. nr. 1 (2003-2004) (Grønt hefte)

Innhald

Del I		1.9.1	Omorganiseringar	25
Innleiande del	11	1.9.2	Årsverk i departementet og institusjonar knytte til departementet	26
1 Innleiing og samandrag	13	1.9.3	Overførbare løyvingar	26
1.1 Regjeringa sitt hovudmål	13	1.9.4	Garantiansvar under Kommunal- og regionaldepartementet	27
1.2 Visjon, mål og verkemiddel	13	2 Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2004	29	
1.3 Hovudtrekka i budsjettforslaget ...	14	2.1 Innleiing	29	
1.3.1 Programkategori 13.10 Administrasjon o.a.	14	2.2 Inntekter for kommunesektoren i 2003	29	
1.3.2 Programkategori 13.20 Innvandring	14	2.3 Samla inntekter for kommunesektoren i 2004	29	
1.3.3 Programkategori 13.21 Nasjonale minoritetar	14	2.4 Frie inntekter for kommunesektoren	30	
1.3.4 Programkategori 13.40 Samiske formål	15	2.5 Samla inntekter og dei enkelte inntektsartane	32	
1.3.5 Programkategori 13.50 Regional- og distriktpolitikk	15	2.6 Innlemming av øyremerkte tilskot i inntektssystemet	33	
1.3.6 Programkategori 13.70 Overføringar gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar og det økonomiske opplegget for kommunesektoren	15	2.7 Andre saker	34	
1.3.7 Programkategori 14.10 Bustader og bumiljø og programkategori 14.20 Bygningssaker	16	2.7.1 Kompensasjon for meirverdiavgift for kommunar og fylkeskommunar	34	
1.4 Oversikt over budsjettforslaget for 2004	16	2.7.2 Differensiert arbeidsgivaravgift	34	
1.4.1 Samla utgifter under programområda 13 og 14	16	2.7.3 Endringar i oppgåver innanfor barnevern og familievern og på rusområdet	34	
1.4.2 Utgifter på dei ulike programkategoriane	18	2.7.4 Forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering	36	
1.4.3 Utgifter og inntekter fordelte på dei ulike budsjettkapitla	18	2.7.5 Einskapsfylke	37	
1.5 Modernisering av offentleg sektor	22	2.7.6 Tilskot til særleg ressurskrevjande brukarar	37	
1.5.1 Open Husbank	22	2.7.7 Barnehagar	38	
1.5.2 ByggSøk	22	2.7.8 Opptappingsplanen for psykisk helse	39	
1.5.3 Bygningslovutvalet	22	2.7.9 Skoleanlegg	39	
1.5.4 Regional- og distriktpolitikk	22	2.7.10 Kollektivtransport	39	
1.5.5 Nytt verkemiddelapparat	22	Del II		
1.6 Kjønnsperspektivet i budsjettet	23	Nærmare om budsjettforslaget for 2004	41	
1.7 Miljøprofilen i budsjettforslaget for 2004	23	Programområde 13 Administrasjon, innvandring, nasjonale minoritetar, samiske formål, regional- og distriktpolitikk og overføringar gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar	43	
1.8 Om oppgåvene og rolla til fylkesmennene	23			
1.8.1 Rollefordeling og oppgåver	23			
1.8.2 Arbeid fylkesmennene har gjort for Kommunal- og regionaldepartementet i 2002	25			
1.9 Enkelte orienteringssaker	25			

<i>Programkategori 13.10 Administrasjon o.a.</i>	44
Kap. 500 Kommunal- og regionaldepartementet	45
Kap. 3500 Kommunal- og regionaldepartementet	50
Kap. 502 Valutgifter	51
Kap. 503 Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a.	51
Kap. 3503 Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a.	52
Kap. 5316 Kommunalbanken AS	53
Kap. 5616 Renter og utbytte i Kommunalbanken AS	53
 <i>Programkategori 13.20 Innvandring</i>	54
Kap. 520 Utlendingsdirektoratet	68
Kap. 3520 Utlendingsdirektoratet	70
Kap. 521 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	71
Kap. 3521 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	81
Kap. 522 Senter mot etnisk diskriminering	82
Kap. 3522 Senter mot etnisk diskriminering	82
Kap. 523 Kontaktutvalet mellom innvandrara og styresmaktene	83
Kap. 3523 Kontaktutvalet mellom innvandrara og styresmaktene	83
Kap. 524 Utlendingsnemnda	84
Kap. 3524 Utlendingsnemnda	86
 <i>Programkategori 13.21 Nasjonale minoritetar</i>	87
Kap. 526 Nasjonale minoritetar	91
 <i>Programkategori 13.40 Samiske formål</i>	93
Kap. 540 Sametinget	100
Kap. 3540 Sametinget	106
Kap. 541 Tilskot til samiske formål	106
Kap. 542 Kompetansesenter for rettane til urfolk	107
 <i>Programmakategoriija 13.40 Sámi ulbmilat</i> ..	108
Kap. 540 Sámediggi	116
Kap. 3540 Sámediggi	121
Kap. 541 Doarjja sámi ulbmiliidda	121
Kap. 542 Álgoálbmotvuoigatvuodáid gelbbolašvuodaguovddáš	122

<i>Programkategori 13.50 Regional- og distriktpolitikk</i>	123
Kap. 550 Lokal næringsutvikling	135
Kap. 551 Regional utvikling og nyskaping ...	136
Kap. 552 Nasjonalt samarbeid for regional utvikling	143
Kap. 2425 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og fylkeskommunane	148
Kap. 5327 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og fylkeskommunane o.a.	153
 <i>Programkategori 13.70 Overføringar gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar</i>	154
Kap. 571 Rammetilskot til kommunar	163
Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot	164
Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar	164
Kap. 3572 Tilbakeføring av forskot	165
Kap. 573 Kompensasjon til fylkeskommunar ved statleg overtaking av ansvaret for spesialisthelsetenesta	169
Kap. 574 Økonomisk oppgjer ved endringar i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg	169
 Programområde 14 Bustader, bumiljø og bygningssaker	172
 <i>Programkategori 14.10 Bustader og bumiljø</i> ...	174
Kap. 2412 Den Norske Stats Husbank	176
Kap. 5312 Den Norske Stats Husbank	183
Kap. 5615 Renter frå Den Norske Stats Husbank	184
Kap. 580 Bustønad	184
Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak	192
Kap. 582 Skoleanlegg	203
Kap. 585 Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus	204
Kap. 3585 Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus	205
Kap. 586 Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimplassar	205
 <i>Programkategori 14.20 Bygningssaker</i>	208
Kap. 587 Statens bygningstekniske etat	209
Kap. 3587 Statens bygningstekniske etat	211

Forslag til vedtak for budsjetterminen 2004 Kapitla 500-587, 2412, 3500-3587, 5312, 5316, 5327 og 5615-5616	213
--	-----

Vedlegg 1

Omtale av tiltak innanfor den breie distriktpolitikken	221
1 Innleiing	221
2 Spesielle tiltak for Nord-Troms og Finnmark	221
3 Økonomisk politikk	223
4 Næringspolitikk	225
5 Infrastruktur	227

6 Helse, oppvekst, omsorg og utdanning	228
7 Levekår, offentlege tenester og miljøvern	229

Vedlegg 2

Utvikling i busetnad, sysselsetjing og næringsstruktur 1994–2002	230
---	-----

Vedlegg 3

Miljøprofilen i budsjettforslaget	246
---	-----

Tabelloversikt

Del I

Tabell 1.1 Utgifter på dei ulike kapitla under programområda 13 og 14	19
Tabell 1.2 Inntekter på dei ulike kapitla under programområda 13 og 14	21
Tabell 1.3 Talet på årsverk per 1.3.2003	26
Tabell 1.4 Oversikt over løyvingar som blir føreslått gjorde overførbare.	27
Tabell 1.5 Oversikt over garantiansvar per 31. desember 2002	27
Tabell 2.1 Hovudkomponentane i inntekts- veksten i 2004, rekna ut frå overslag over inntektsnivået for 2003 i revidert nasjonalbudsjett 2003. Reell endring i mill. kr.	30
Tabell 2.2 Frie inntekter til kommunane og fylkeskommunane i 2003 og 2004. Mill. kr og endring i prosent. Nominelle prisar.	31
Tabell 2.3 Kommunale og fylkeskommunale skattøyrar for alminneleg inntekt for personlege skattytarar. Maksimalsatsar for 2003 og forslag til maksimalsatsar for 2004	32
Tabell 2.4 Overslag over inntekter for kom- munesektoren i 2004. Mill. kr og endring i prosent frå 2003.	32
Tabell 2.5 Innlemming og avviking av øyremerkte tilskot i 2004	33

Tabell 2.6 Uttrekk frå dei frie inntektene til fylkeskommunane	36
---	----

Del II

Tabell 3.1 Oversikt over bruken av løyvinga på kap. 500, post 21i 2002 og 2003	48
Tabell 3.2 Sentrale føresetnader for budsjettet for 2004	56
Tabell 3.3 Resultat av vedtak gjorde i UDI i 2002	59
Tabell 3.4 Tal på busette	72
Tabell 3.5 Opphaldstid i mottak etter vedtak	73
Tabell 3.6 Talet på overføringsflyktningar som har kome til landet	73
Tabell 3.7 Satsar for integreringstilskot	74
Tabell 3.8 Norsk med samfunnskunnskap for innvandrarar 1999–2002	74
Tabell 3.9 Talet på deltakarar per 1.10.2002 fordelt på kvinner og menn	74
Tabell 3.10 Tilbakevende i perioden frå 1998 til 1. halvår 2003	77
Tabell 3.11 Løyvingar til nasjonale minoritetar	88
Tabell 3.12 Organisasjonar som fekk grunnstøtte (organisasjonsstøtte) for 2002 og 2003	92

Tabell 3.13	Tildeling frå Samisk utviklingsfond etter næring	102	Tabell 3.37	Tilskot til sletting av gjeld, kompensasjon for feriepengar og tilskot til dekning av premieavvik	171
Tabell 3.14	Tilskot frå Samisk utviklingsfond fordelt etter kjønn	102	Tabell 3.38	Verksemda i Husbanken i perioden 1999–2002 og i 1. halvår 2003	177
Tabell 3.15	Tildeling til kulturformål	103	Tabell 3.39	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for lån	180
Tabell 3.16	Fordeling av midlar frå samisk kulturfond	104	Tabell 3.40	Avslag fordelt på avslagsgrunnar i 1. termin 2003	186
Tabell 3.17	Fordeling av språkmidlar frå Sametinget i perioden 2001-2003	104	Tabell 3.41	Del av bustønadmottakarane som har totale buutgifter høgere enn godkjende buutgifter	186
Tabell 3.18	Juolludeamit Sámi ovddidanfoanddas ealáhusaid mielde	117	Tabell 3.42	Overslag over bustønads-mottakarar i prosent av befolknings-gruppa for dei viktigaste gruppene som kjem inn under bustønadsordninga	187
Tabell 3.19	Sámi Ovddidanfoandda juolludemiiid sohkabeali juohku .	118	Tabell 3.43	Hovudtal for utbetaling av bustønad i 1. termin i perioden 2001–2003	188
Tabell 3.20	Juolludeamit kulturulbmiliidda ...	118	Tabell 3.44	Oversikt over ulike modellar for månadleg utbetaling av bustønad	191
Tabell 3.21	Sámi kulturfoandda ruðaid juogadeapmi	119	Tabell 3.45	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for Handlingsprogram for Oslo indre aust	194
Tabell 3.22	Guovttegielatvuoda doarjagiid juohkin Sámedikkis áigodagas 2001–2003	120	Tabell 3.46	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat når det gjeld tilskot til bustadkvalitet	196
Tabell 3.23	Endring i folketalet i ulike landsdelar	126	Tabell 3.47	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for personretta tilskot til etablering .	198
Tabell 3.24	Endring i folketalet etter sentralitet	126	Tabell 3.48	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for bustad-retta tilskot, kap. 581, post 75	199
Tabell 3.25	Folketalet i bu- og arbeidsmarknadsregionar, grupperte etter storleik	127	Tabell 3.49	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for kap. 581, post 78	201
Tabell 3.26	Satsar for arbeidsgivaravgifta (i pst.) i sonene 3 og 4 i den notifikerte overgangsperioden	133	Tabell 3.50	Resultatmål og oppfølgingskriterium for kap. 581, post 79	203
Tabell 3.27	Fylka si fordeling av rammene på ulike verkemiddelaktørar og satsingsområde i 2003	140	Tabell 3.51	Handlingsplan for eldreomsorga – måltal per år og samla for perioden 1998–2003	206
Tabell 3.28	Støttesatsar	142	Tabell 3.52	Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for oppstartingsstilskotet	206
Tabell 3.29	Fordeling av distriktsutviklings-tilskot og distriktsretta risikolån på fylke	150			
Tabell 3.30	Oversikt over fondsbeholdningar per 31.12.2001 og 31.12.2002	153			
Tabell 3.31	Kostnadsnøkkel for kommunane	159			
Tabell 3.32	Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane	159			
Tabell 3.33	Nord-Noreg-tilskot til kommunar og fylkeskommunar	160			
Tabell 3.34	Gradering av regionaltilskot etter prioriteringsområde for distrikts-politiske verkemiddel	161			
Tabell 3.35	Skjønnstilskot	162			
Tabell 3.36	Tilskot gjennom inntektssystemet for 2003 og 2004.	165			

Vedlegg 1

Tabell 1.1	Spesielle tiltak for Nord-Troms og Finnmark	222
Tabell 1.2	Differensiert arbeidsgivaravgift og tiltak ved omlegginga i 2004	223
Tabell 1.3	Fritak for meirverdiavgift på straum i Nord-Noreg og Nord-Noreg-tilskotet og regionaltilskotet	224
Tabell 1.4	Næringspolitikk	225
Tabell 1.5	Infrastruktur	227
Tabell 1.6	Helse, oppvekst og omsorg	228
Tabell 1.7	Levekår, offentlege tenester og miljøvern	229

Vedlegg 2

Tabell 2.1	Folketal etter NIBR 16	230
Tabell 2.2	Folketal etter fylke	231
Tabell 2.3	Arbeidstakarar etter NIBR 16	232
Tabell 2.4	Arbeidstakarar etter landsdel	233
Tabell 2.5	Arbeidstakarar etter fylke	233
Tabell 2.6	Sysselsette per 4. kvartal 2001 etter næring og landsdel	234
Tabell 2.7	Sysselsette per 4. kvartal 2001 etter næring og landsdel i prosent	235

Tabell 2.8	Sysselsette per 4. kv. 2001 etter næring og NIBR 16	236
Tabell 2.9	Sysselsette per 4. kv. 2001 etter næring og NIBR 16 i prosent	238
Tabell 2.10	Sysselsette per 4. kv. 2001 etter næring og fylke	239
Tabell 2.11	Sysselsette per 4. kv. 2001 etter næring og fylke i prosent	240
Tabell 2.12	Arbeidsløyse i 2002 etter landsdel	241
Tabell 2.13	Arbeidsløyse i 2002 etter NIBR 16	241
Tabell 2.14	Arbeidsløyse i 2002 etter fylke ...	242
Tabell 2.15	Årleg prosentvis vekst i talet på arbeidslause etter NIBR 16	243
Tabell 2.16	Årleg prosentvis vekst i talet på arbeidslause etter landsdel	244
Tabell 2.17	Årleg prosentvis vekst i talet på arbeidslause etter fylke	245

Vedlegg 3

Tabell 3.1	Bevilgning til miljøtiltak på område 14 Bustader, bumiljø og bygningssaker.	247
Tabell 3.2	Indikatorar – Husbanken	247
Tabell 3.3	Indikatorar – Husbanken	248

Figuroversikt

Del I

Figur 1.1	Samla utgifter inklusive lånetransaksjonar under programområda 13 og 14	17
Figur 1.2	Utgifter på dei ulike programkategoriane under programområda 13 og 14	18

Del II

Figur 3.1	Saker UNE har behandla sidan 2001	85
Figur 3.2	Folketal og utvikling i talet på arbeidstakarar i bu- og arbeidsmarknadsregionane	128
Figur 3.3	Oversikt over bruk av verkemiddel (distriktsutviklingstilskot og risikolån) fordelt på verkemiddelssonene A, B og C og på soneoverskridande prosjekt i åra 1999–2002	149

Figur 3.4	Prosentdel av distriktsretta risikolån og distriktsutviklingstilskot (investeringstilskot og bedriftsutviklingstilskot) nytta til nyetablering, nyskaping og omstilling i åra 1999–2002	151
Figur 3.5	Prosent av distriktsretta risikolån og distriktsutviklingstilskot nytta til kompetanseheving i åra 1999–2002	151
Figur 3.6	Flytande og fast rente i Husbanken samanlikna med renter i privatbankar. Kvartalsvis renteutvikling	179

Rammeoversikt

Del II

Boks 3.1	Målstruktur	57	Boks 3.6	Oversikt over resultatmål og oppfølgingskriterium for kap. 580, post 70 Bustønad	185
Boks 3.2	Overordna mål og delmål	88	Boks 3.7	Modell 1 – Månadlege vedtak	189
Boks 3.3	Overordna mål og delmål	94	Boks 3.8	Modell 2 – Tertiale vedtak	190
Boks 3.4	Sámepolitihka bajimuš ulbmil ja oasseulbmilat	109	Boks 3.9	Modell 3 – Tertiale vedtak – ingen budsjettkonsekvensar	190
Boks 3.5	Overordna mål og delmål	173	Boks 3.10	Tiltak i ”Prosjekt Bostedsløse”	202



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2003-2004)

FOR BUDSJETTERMINEN 2004

Utgiftskapittel: 500-587, 2412

Inntektskapittel: 3500-3587, 5312, 5316, 5327, 5615-5616

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet av 12. september 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

Del I
Innleiande del

1 Innleiing og samandrag

1.1 Regjeringa sitt hovudmål

Regjeringa sitt hovudmål for den økonomiske politikken er arbeid til alle, auka verdiskaping, vidareutvikling av det norske velferdssamfunnet, rettferdig fordeling og berekraftig utvikling. Eit sterkt og konkurransedyktig næringsliv er ein føresetnad for å nå desse måla.

1.2 Visjon, mål og verkemiddel

Visjon

Kommunal- og regionaldepartementet skal medverke til at alle her i landet, utan omsyn til kvar dei bur, får trygge og gode livsvilkår. Vi skal medverke til å styrkje vekstkrafta og verdiskapinga for å sikre gode og omfattande fellesskapsløysingar i framtida.

Mål

Vi vil leggje til rette for at alle skal kunne bu godt og trygt. Det er også viktig å målrette politikken slik at vi kan hjelpe dei som elles ville ha falle utanfor bustadmarknaden. Vi vil medverke til at bustadhus og andre bygningar skal ha god kvalitet, der det er teke omsyn til miljø og tilgjenge.

Vi vil syte for ei styrt innvandring som medverkar til ei stabil økonomisk og sosial utvikling. Flyktningar skal primært sikrast vern i nærområdet. Samtidig skal vi ta imot vår del av dei som ikkje kan sikrast eit slikt vern, og gi dei ei god og trygg framtid her i landet. Ein aktiv integreringspolitikk skal gi alle like høve til å delta i samfunnet på like vilkår.

Vi vil leggje til rette for styrkt lokaldemokrati og maktspreiing. Vi skal gi kommunane gode rammevilkår, slik at kommunale tenester kan utførast betre og meir effektivt. Dette skal vi oppnå ved å gi kommunane større handlefridom, ved å flytte oppgåver, ansvar og avgjerdsrett frå statleg til kommunalt nivå, og ved å støtte lokalt utviklingsarbeid.

Vi vil medverke til å sikre busetnaden og verdiskapinga i alle delar av landet.

Vi vil sikre at nasjonale minoritetar skal kunne uttrykkje, halde ved like og vidareutvikle sin egen identitet, sitt eige språk og sin eigen kultur.

Gjennom samepolitikken vil vi verne om, vidareutvikle og synleggjere samane si livsform, samisk språk, samisk kultur og samiske verdiar.

Vi vil syte for eit rasjonelt regelverk og gode mekanismar for handtering av konflikhtar i samband med inngåing og revisjon av tariffavtalar i arbeidslivet.

Overordna verkemiddel

Dei oppgitte måla skal vi nå ved å utøve det sektoransvaret, samordningsansvaret og verksemdsstyringsansvaret som ligg til departementet.

Sektoransvar

Departementet har det overordna ansvaret for utforminga og gjennomføringa av den nasjonale politikken som gjeld innvandring, nasjonale minoritetar, samiske formål, regional- og distriktpolitikk, den statlege styringa av verksemda i kommunane og fylkeskommunane, bustad- og bumiljøtiltak og bygningssaker.

For å nå måla vil departementet gjennom sektoransvaret syte for ei effektiv utnytting av dei økonomiske, juridiske og andre verkemidla departementet rår over.

Samordning

Departementet har eit særskilt ansvar for å sikre ei samla vurdering av all statleg politikk med økonomiske og/eller administrative konsekvensar for kommunane og fylkeskommunane. Ei slik samordning skal mellom anna fremme

- eit godt samsvar mellom oppgåver og inntekter i kommunesektoren
- likeverdige tenester av god kvalitet og med godt tilgjenge for brukarane – tilpassa individuelle og lokale behov – uavhengig av bustad
- større handlefridom for kommunane og fylkeskommunane når det gjeld å gjere eigne prioriteringar og finne organisatoriske løysingar tilpassa brukarane

Departementet har også eit særskilt ansvar for å sikre ei samla vurdering av all statleg politikk som

tek sikte på å fremme ei balansert regional utvikling når det gjeld busetnad, næringsliv og levekår.

Verksemdsstyring

Departementet har ansvar for verksemdsstyring av Utlendingsdirektoratet, Utlendingsnemnda, Senter mot etnisk diskriminering, Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmaktene, Kompetansesenter for rettane til urfolk, Husbanken, Statens bygningstekniske etat og Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus. Arbeidsretten, Riksmeklingsmannen og Sametinget er òg knytt til departementet.

Departementet skal gjennom styringa av verksemdene sikre ei effektiv og brukarorientert forvaltning, med samsvar mellom dei oppsette måla og dei ressursane verksemdene rår over.

1.3 Hovudtrekka i budsjettforslaget

1.3.1 Programkategori 13.10 Administrasjon o.a.

Kategorien omfattar utgiftene til drift av Kommunal- og regionaldepartementet, til lokalval og val til Stortinget, og utgiftene til Arbeidsretten, meklingsinstitusjonen, Rikslønnsnemnda og Tariffnemnda. Det blir føreslått ei løyving på om lag 217 mill. kr i 2004. Dette er ein nedgang på 9 pst. frå saldert budsjett 2003. Nedgangen kjem i hovudsak av at det ikkje er val i 2004.

1.3.2 Programkategori 13.20 Innvandring

Hovudutfordringa i 2004 blir å redusere tilstrøyminga av asylsøkjjarar til Noreg. I dei siste åra har det kome svært mange asylsøkjjarar hit til landet. Regjeringa meiner at det no er viktig å konsentrere arbeidet meir om integrering og utvikling av eit livskraftig fleirkulturelt samfunn.

Kommunal- og regionaldepartementet vil føre ein aktiv integreringspolitikk. Målet er at alle skal ha høve til å delta i det norske samfunnet på like vilkår. Eit internasjonalt samfunn prega av store skilnader i levekår og stor migrasjon, mellom anna på grunn av krigar og konflikhtar, har ført til innvandring, og dette har gitt oss eit samfunn med fleire språk, religionar og levesett. Dette mangfaldet gjer Noreg rikare, samtidig som det stiller oss overfor nye utfordringar. Arbeidet for å fremme toleranse og kampen mot rasisme må stå sentralt. Ein vellykka integreringspolitikk føreset at alle tek

på seg plikter og tek i bruk dei rettane dei har i samfunnet.

For å kunne nå måla for innvandrings-, flykting- og integreringspolitikken er det nødvendig med ei effektiv utlendingsforvaltning som behandlar saker raskt og korrekt, sikrar rettstryggleiken og gir søkjarar og publikum god service.

Behovet for løyvingar på feltet er i stor grad avhengig av kor mange personar det er som søker asyl i Noreg, kor mange asylsøkjjarar som får positivt svar på søknadene sine og dermed skal busettast, og talet på busette i dei fire føregående åra. Som følgje av at det har kome mange asylsøkjjarar til landet, har løyvinga under programkategorien auka i dei siste åra. Som eit ledd i arbeidet med å redusere talet på openbert ugrunna asylsøknader og redusere utgiftene til statlege asylmottak vil det mellom anna bli etablert ein prosedyre for behandling av desse søknadene innan 48 timar.

Løyvinga på programkategorien blir føreslått auka frå 4 626,2 mill. kr i saldert budsjett 2003 til 5 864,2 mill. kr i 2004. Integreringstilskotet, som blir utbetalt til kommunane i samband med busetting av flyktingar og løyvinga til drift av statlege asylmottak, utgjer til saman 4 094,4 mill. kr av dette. I tillegg er det føreslått løyvt 1 001,5 mill. kr til norskopplæring for vaksne innvandrere som følgje av at løyvinga frå og med 2004 er flytt frå Utdannings- og forskingsdepartementet. Utdannings- og forskingsdepartementet vil framleis ha det faglege og pedagogiske ansvaret for opplæringa.

1.3.3 Programkategori 13.21 Nasjonale minoritetar

Hovudutfordringa i 2004 blir å vidareutvikle samarbeidet og dialogen med dei ulike minoritetsgruppene med tanke på å styrkje organisasjonar og identitetsbygging og sikre rettane deira i samsvar med dei forpliktingane Noreg har teke på seg.

Nasjonale minoritetar er etniske, religiøse og/eller språklege minoritetar med langvarig tilknytning til landet dei bur i. Den offisielle politikken overfor dei nasjonale minoritetane har opp gjennom historia vore prega av krav om fornorsking og einsidig tilpassing til storsamfunnet. Etter den andre verdskrigen har det gradvis skjedd ei endring i den politikken styresmaktene har ført overfor desse gruppene. Departementet vil vidareføre dialogen med dei nasjonale minoritetane i samsvar med merknadene frå Europarådet.

Det blir føreslått ei løyving på 2,9 mill. kr for 2004, mot 2,8 mill. kr i 2003.

1.3.4 Programkategori 13.40 Samiske formål

Hovudutfordringa i 2004 blir å sikre ei vidare utvikling av samisk språk, kultur og samfunnsliv i nært samarbeid med Sametinget og det sivile samiske samfunnet.

Kommunal- og regionaldepartementet har samordningsansvaret for den statlege samepolitikken. Departementet vil vidareføre satsinga på samisk språk og informasjon, særleg når det gjeld å leggje til rette for bruk av samisk språk i IT-samanheng.

Det blir føreslått ei løyving på 145,7 mill. kr. Dette er ein auke på 4 pst. i forhold til saldert budsjett 2003. I tillegg vil Sametinget få tildelt 7 mill. kr frå kap. 571, post 64 Skjønnskot til styrking av tospråklegheitsarbeid i kommunar og fylkeskommunar.

1.3.5 Programkategori 13.50 Regional- og distriktspolitikk

Hovudutfordringa i 2004 blir å følgje opp nye ordningar som blir sette i verk i samband med omlegginga av arbeidsgivaravgifta.

Gode rammevilkår for næringslivet er den viktigaste føresetnaden for å få fram lønnsame og konkurransedyktige verksemdar som kan medverke til auka verdiskaping. Mykje av både den tradisjonelle og den nye eksportindustrien finn vi i byar og tettstader og mindre sentrale strøk, utanfor storbyområda. For desse viktige vekstnæringane i distrikta er det avgjerande å halde kostnadsnivået, kronekursen og rentenivået nede. Regjeringa legg derfor stor vekt på å dempe veksten i kostnadsnivået i høve til andre land, mellom anna gjennom det inntektspolitiske samarbeidet med partane i arbeidslivet og ved å leggje fram stramme budsjett og redusere skattar og avgifter. Sidan statsbudsjettet for 2002 blei lagt fram, har Noregs Bank sett ned styringsrenta fleire gonger. Kronekursen er også monaleg svekt i forhold til viktige valutaer. Endringa i ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift vil i stor grad påverke rammevilkåra for mange verksemdar. Regjeringa legg vekt på å etablere gode og treffsikre alternativ til differensiert arbeidsgivaravgift. Mange departement yter viktige bidrag i regional- og distriktspolitikken. Ei av dei viktigaste oppgåvene for Kommunal- og regionaldepartementet er å samordne bidraga frå dei ulike departementa slik at dei i sum utgjer ein heilskapleg og målretta politikk for regional utvikling - den breie regionalpolitikken. I tillegg forvaltar Kommunal- og regionaldepartementet særskilde verkemiddel - den smale regionalpolitikken. Desse verkemidla er supplement til dei ordinære sektorbudsjetta og skal brukast til tiltak som tek sikte på

å utløyse meir av det verdiskapingspotensialet som finst i regionane, og skape meir attraktive regionale miljø.

Regjeringa føreslår ei løyving på 1 489,05 mill. kr innanfor programkategorien for 2004. Dette er ein auke på 75,55 mill. kr, dvs. 5,3 pst., i forhold til saldert budsjett og ein auke på 130,55 mill. kr, dvs. 10 pst., i forhold til revidert budsjett. Regjeringa føreslår at det blir oppretta ein eigen post til næringsretta utviklingstiltak som kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, med ei løyving på 150 mill. kr. I tillegg føreslår regjeringa at departementet kan gi tilsegner om tilskot på ytterlegare 205 mill. kr til næringsretta utviklingstiltak og 200 mill. kr til transportstøtte, som ein del av kompensasjonen for auka arbeidsgivaravgift. Desse tilsegnene vil først kome til utbetaling i 2005 eller seinare år.

1.3.6 Programkategori 13.70 Overføringar gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar og det økonomiske opplegget for kommunesektoren

Regjeringa vil føre ein politikk som styrkjer lokaldemokratiet og aukar den kommunale handlefridommen. Regjeringa sitt mål med ein slik politikk er at

- innbyggjarane skal oppleve at dei har nærleik til og høve til å påverke avgjerder som blir tekne i lokalsamfunnet. Tillit, ansvar og handlefridom skal gjere det meningsfullt å drive lokalpolitikk.
- innbyggjarane skal oppleve å bli tilbodne likeverdige tenester av god kvalitet og med godt tilgjenge - tilpassa individuelle og lokale behov - uavhengig av kvar dei bur
- organiseringa av tenesteproduksjonen skal sikre best moglege tenester til lågast mogleg kostnad, uavhengig av kommunegrensar og grensar mellom ulike forvaltningsnivå

Kommunesektoren har hovudansvaret for dei viktigaste velferdstenestene. Desse tenestene blir finansierte gjennom skatteinntekter, rammetilskot over budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet, øyremerkte tilskot over budsjetta til andre departement, og brukarbetaling. Regjeringa meiner at rammefinansiering gjennom skatteinntekter og rammetilskot bør vere hovudprinsippet for finansiering av kommunesektoren. Dette må understøttast av mindre detaljert statleg regelverksstyring. Rammestyling gir gode føresetnader for å nå nasjonale mål, som best moglege tenester til lågast mogleg kostnad, likeverdig fordeling av tenestetilbod i ulike delar av landet og nasjonaløkonomisk styring av kommunesektoren.

Samtidig er statleg rammestyling eit viktig grunnlag for at innbyggjarane gjennom det lokale folkestyret skal oppleve at dei har nærleik til og høve til å påverke avgjerdene.

Regjeringa har oppnemnt eit utval som skal gå igjennom inntektssystemet for kommunesektoren innan 1. juli 2005, jf. nærmare omtale i St.meld. nr. 6 (2003-2004), som blir lagd fram samtidig med denne proposisjonen.

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2004 er nærmare omtalt i avsnitt 2.

Overføringane over programkategori 13.70 (rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar) må sjåast i samanheng med det totale kommuneopplegget og fordelinga av frie inntekter på skatt og rammetilskot. Rammetilskota utgjer i alt om lag 42,4 mrd. kr i budsjettforslaget for 2004, mot 53,3 mrd. kr i saldert budsjett 2003. Nedgangen kjem i første rekkje av at det blir innført ei generell momskompensasjonsordning for kommunesektoren. Ordninga blir finansiert gjennom eit trekk i rammetilskota.

1.3.7 Programkategori 14.10 Bustader og bumiljø og programkategori 14.20 Bygningsaker

Hovudutfordringa i 2004 blir å hjelpe personar som vil falle utanfor den ordinære bustadmarknaden utan støtte frå det offentlege. Ein del grupper har mellombels utfordringar på bustadmarknaden, medan andre har meir permanente utfordringar. Regjeringa ønskjer å målrette dei bustadpolitiske verkemidla mot denne gruppa i tråd med dei sentrale føringane i tiltaksplanen mot fattigdom.

Regjeringa ønskjer ei vidare satsing på bustønadene som eit sentralt verkemiddel. Bustønadene er eit svært målretta verkemiddel for å hjelpe personar og familiar slik at dei kan behalde eller skaffe seg ein tenleg bustad.

Etter regjeringa sitt syn må også bustadtilskotsmidlane rettast inn mot dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden. Når det gjeld desse midlane, prioriterer derfor regjeringa tiltak for å gi dei bustadlause ein stad å bu, busetjing av innvandrere og flyktningar, og hjelp til funksjonshemma.

Regjeringa ønskjer å prioritere ungdom i etableringsfasen innanfor Husbanken si låneramme. Derfor blei startlånet etablert frå og med 2003. Det

har fram til no vore ein stor suksess, og regjeringa vil byggje vidare på denne låneordninga i 2004. Husbanken si låneramme er godt tilpassa etterspørselen og behova på bustadmarknaden. Husbanken skal prioritere bygging av nøkterne husvære med god kvalitet, godt tilgjenge og gode miljøstandardar ved behandling av søknader om oppføringslån. Regjeringa ønskjer å styrkje Husbanken si rolle som kompetansesenter for bustadpolitikk i enda større grad enn i dag, særleg overfor kommunane.

For regjeringa er det eit hovudmål å sikre ein velfungerande bustadmarknad. Regjeringa har derfor føreslått ei rad endringar og forenklingar i plan- og bygningslova. Dette vil medverke til ein betre balanse mellom tilbod og etterspørsel på bustadmarknaden. Regjeringa har også sett ned eit eige bygningslovutval som skal kome med forslag til fleire forenklingar i bygningslovgivinga.


Regjeringa ønskjer auka fokus på byggjekostnader. I dei siste åra har byggjebnansjen hatt ei mykje dårlegare produktivitetsutvikling enn andre bransjar, noko som er med på å gjere husværa dyre. Etter regjeringa sitt syn er det store gevinstar å hente på å betre prosessane og innføre ny teknologi i byggjebnansjen. Ulike aktørar i byggjebnansjen er derfor inviterte til eit samarbeid for å redusere byggjekostnadene, noko som vil vere viktig for at ein skal kunne byggje gode husvære til ein overkomeleg pris.

Inklusive lånetransaksjonar blir det føreslått ei løyving på 19 827,7 mill. kr i 2004 på programkategori 14.10 Bustader og bumiljø. Dette er ein auke på 3,6 pst. i forhold til saldert budsjett 2003.

1.4 Oversikt over budsjettforslaget for 2004

1.4.1 Samla utgifter under programområda 13 og 14

Figur 1.1 viser dei samla utgiftene (inklusive lånetransaksjonar) under programområda 13 og 14 i budsjettforslaget for 2004 samanlikna med saldert budsjett 2003. På figuren er kompensasjonen til fylkeskommunane ved statleg overtaking av spesialisthelsetenesta skild ut som ei særskild gruppe. Det same er overføringane (rammetilskota) til kommunalforvaltninga gjennom inntektssystemet.



Figur 1.1 Samla utgifter inklusive lånetransaksjonar under programområda 13 og 14


Kompensasjonen til fylkeskommunane i samband med den statlege overtakinga av ansvaret for spesialisthelsetenesta (jf. 21,6 mrd. kr i rekneskapen for 2002 på figuren ovanfor) var ei eingongsløyving. Som ein del av sjukehusreforma dekte staten fylkeskommunal gjeld pluss ein del andre utgifter.

Nedgangen i rammetilskota i 2004 kjem i første rekkje av at det blir innført ei generell momskompensasjonsordning for kommunesektoren. Ordninga blir finansiert gjennom eit trekk i rammetilskotet på om lag 7,4 mrd. kr. Vidare blir det trekt

ut om lag 3,7 mrd. kr av dei frie inntektene til fylkeskommunane som følge av endringar i oppgåvene innanfor barnevern, familievern og rusomsorg. Opptapping av den delen av dei samla inntektene som skattane utgjer, inneber også ein reduksjon i rammetilskota. Desse sakene er nærmare omtalte i kap. 2.

Utgifter eksklusive rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar (jf. figuren ovanfor) aukar frå 25,6 mrd. kr i saldert budsjett 2003 til 28 mrd. kr i forslag 2004 på grunn av auka utgifter til innvandringsformål og bustad- og bumiljøformål.

1.4.2 Utgifter på dei ulike programkategoriane



Figur 1.2 Utgifter på dei ulike programkategoriane under programområda 13 og 14¹

¹ Ekskl. låntransaksjonar og overføringer til kommunalforvaltninga gjennom inntektssystemet

13.10 = Administrasjon o.a.
 13.20 = Innvandring
 13.21 = Nasjonale minoritetar
 13.40 = Samiske formål

13.50 = Regional- og distriktpolitikk
 14.10 = Bustader og bumiljø
 14.20 = Bygningssaker

Auken i utgiftene til innvandringsformål er i hovudsak ei teknisk endring på grunn av at forvaltningsansvaret for norskopplæring for vaksne innvandrarakar blir overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet frå 1.1.2004. Som ei følge av dette blir det oppretta ein ny post i budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet, jf. kapittel 521, post 61 Norskopplæring for vaksne innvandrarakar.

Ein mindre del av utgiftsauken under innvandring kjem av auka driftsutgifter for Utlendingsdirektoratet og dei statlege flyktningsmottaka.

Utgiftene til bustader og bumiljø aukar i hovudsak på grunn av ein auke i utgiftene til bustønad,

tilskot til etablering, utbetring og utleigebustader, og oppstartingsstilskot til omsorgsbustader og sjukeheims plassar.

1.4.3 Utgifter og inntekter fordelte på dei ulike budsjettkapitla

Tabell 1.1 viser utgiftene og tabell 1.2 viser inntektene på dei ulike kapitla under programområda 13 og 14. Tabellane samanliknar budsjettforslaget for 2004 med saldert budsjett 2003 og rekneskapstala for 2002. I tillegg viser tabellane prosentvis endring frå saldert budsjett 2003 til forslaget for 2004.

Tabell 1.1 Utgifter på dei ulike kapitla under programområda 13 og 14

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
500	Kommunal- og regionaldepartementet	194 007	197 357	199 800	1,2
502	Valutgifter	4 113	29 000	5 000	-82,8
503	Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a.	11 573	12 000	12 150	1,3
	<i>Sum 13.10 Administrasjon o.a.</i>	<i>209 693</i>	<i>238 357</i>	<i>216 950</i>	<i>-9,0</i>
520	Utlendingsdirektoratet	2 152 969	1 490 270	1 681 333	12,8
521	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	2 484 486	3 020 914	4 069 903	34,7
522	Senter mot etnisk diskriminering	5 788	6 300	6 600	4,8
523	Kontaktutvalet mellom innvandrarak og styresmaktene	3 408	3 800	4 600	21,1
524	Utlendingsnemnda	81 771	104 870	101 800	-2,9
	<i>Sum 13.20 Innvandring</i>	<i>4 728 422</i>	<i>4 626 154</i>	<i>5 864 236</i>	<i>26,8</i>
526	Nasjonale minoritetar	2 700	2 805	2 900	3,4
	<i>Sum 13.21 Nasjonale minoritetar</i>	<i>2 700</i>	<i>2 805</i>	<i>2 900</i>	<i>3,4</i>
540	Sametinget	127 219	134 450	140 050	4,2
541	Tilskot til samiske formål	8 800	3 800	3 700	-2,6
542	Kompetansesenter for rettane til urfolk	1 800	1 900	1 950	2,6
	<i>Sum 13.40 Samiske formål</i>	<i>137 819</i>	<i>140 150</i>	<i>145 700</i>	<i>4,0</i>
550	Lokal næringsutvikling	36 837	0	0	-
551	Regional utvikling og nyskaping	414 000	1 116 500	1 201 050	7,6
552	Nasjonalt samarbeid for regional utvikling	349 681	297 000	288 000	-3,0
2425	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og fylkeskommunane	775 000	0	0	-
	<i>Sum 13.50 Regional- og distriktpolitik</i>	<i>1 575 518</i>	<i>1 413 500</i>	<i>1 489 050</i>	<i>5,3</i>

Tabell 1.1 Utgifter på dei ulike kapitla under programområda 13 og 14

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
571	Rammetilskot til kommunar	38 900 908	39 077 700	30 986 000	-20,7
572	Rammetilskot til fylkeskommunar	14 238 450	14 225 000	11 468 000	-19,4
573	Kompensasjon til fylkeskommunar ved statleg overtaking av ansvaret for spesialisthelsetenesta	21 569 531	0	0	-
574	Økonomisk oppgjer ved endringar i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg	0	0	378 146	-
	<i>Sum 13.70 Overføringar gjennom inntektssystemet</i>	<i>74 708 889</i>	<i>53 302 700</i>	<i>42 832 146</i>	<i>-19,6</i>
580	Bustønad	1 788 793	1 932 800	2 109 000	9,1
581	Bustad- og bumiljøtiltak	975 706	837 700	833 600	-0,5
582	Skoleanlegg	36 448	192 000	222 000	15,6
585	Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus	3 984	4 650	4 700	1,1
586	Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar	2 583 287	3 210 300	3 397 400	5,8
2412	Husbanken, eksklusive lånetransaksjonar	312 635	299 300	307 000	2,6
2412	Husbanken, lånetransaksjonar	12 907 418	12 671 000	12 954 000	2,2
	<i>Sum 14.10 Bustader og bumiljø</i>	<i>18 608 271</i>	<i>19 147 750</i>	<i>19 827 700</i>	<i>3,6</i>
587	Statens bygningstekniske etat	32 674	34 700	37 000	6,6
	<i>Sum 14.20 Bygningssaker</i>	<i>32 674</i>	<i>34 700</i>	<i>37 000</i>	<i>6,6</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>100 003 986</i>	<i>78 906 116</i>	<i>70 415 682</i>	<i>-10,8</i>

Tabell 1.2 Inntekter på dei ulike kapitla under programområda 13 og 14

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
3500	Kommunal- og regional- departementet	5 679	0	0	-
3503	Arbeidsretten, meklings- institusjonane o.a.	47	0	0	-
5316	Kommunalbanken AS	24 484	13 800	13 800	0,0
5616	Renter og utbytte i Kommunal- banken AS	29 200	30 800	32 400	5,2
	<i>Sum 13.10 Administrasjon o.a.</i>	<i>59 410</i>	<i>44 600</i>	<i>46 200</i>	<i>3,6</i>
3520	Utlendingsdirektoratet	771 470	504 676	654 090	29,6
3521	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	112 003	72 790	63 600	-12,6
3522	Senter mot etnisk diskriminering	114	0	0	-
3523	Kontaktutvalet mellom innvandrara og styresmaktene (jf. kap. 523)	225	0	0	-
3524	Utlendingsnemnda	2 141	0	0	-
	<i>Sum 13.20 Innvandring</i>	<i>885 953</i>	<i>577 466</i>	<i>717 690</i>	<i>24,3</i>
3540	Sametinget	7 119	4 650	4 650	0,0
	<i>Sum 13.40 Samiske formål</i>	<i>7 119</i>	<i>4 650</i>	<i>4 650</i>	<i>0,0</i>
5327	Statens nærings- og distrikts- utviklingsfond (SND), fylkeskommunane o.a.	175 446	90 000	90 000	0,0
	<i>Sum 13.50 Regional- og distriktpolitikk</i>	<i>175 446</i>	<i>90 000</i>	<i>90 000</i>	<i>0,0</i>
3571	Tilbakeføring av forskot	64 601	46 371	28 000	-39,6
3572	Tilbakeføring av forskot	0	7 100	0	-100,0
	<i>Sum 13.70 Overføringar gjen- nom inntektssystemet</i>	<i>64 601</i>	<i>53 471</i>	<i>28 000</i>	<i>-47,6</i>
5312	Den Norske Stats Husbank	6 675 820	6 711 826	8 899 350	32,6
5615	Renter frå Den Norske Stats Husbank	5 877 161	7 341 000	5 032 000	-31,5
3585	Husleigetvistutvalet i Oslo	110	200	200	0,0
	<i>Sum 14.10 Bustader og bumiljø</i>	<i>12 553 091</i>	<i>14 053 026</i>	<i>13 931 550</i>	<i>-0,9</i>
3587	Statens bygningstekniske etat	13 528	12 700	13 200	3,9
	<i>Sum 14.20 Bygningssaker</i>	<i>13 528</i>	<i>12 700</i>	<i>13 200</i>	<i>3,9</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>13 759 148</i>	<i>14 835 913</i>	<i>14 831 290</i>	<i>0,0</i>

1.5 Modernisering av offentlig sektor

Modernisering av offentlig sektor er eit sentralt mål for regjeringa. Regjeringa ønskjer ein offentlig sektor der borgarane deltek på demokratiske arenaer, kjenner til sine rettar og sitt ansvar og føler seg trygge på at styresmaktene er ryddige i sine ulike roller. Regjeringa ønskjer at brukarane skal få likeverdige tenester av god kvalitet tilpassa deira individuelle behov. Det er også eit mål for regjeringa at næringslivet opplever forvaltninga som ryddig og enkel å ha kontakt med.

Modernisering av kommunesektoren er ein viktig del av regjeringa sitt moderniseringsprogram. Regjeringa sine mål for kommunesektoren er mellom anna utvikling av eit levande lokaldemokrati med auka handlingsrom, meir effektiv utnytting av ressursane og tenester tilpassa brukarane. Delegering og desentralisering av ansvar og mynde er vegen å gå for å nå desse måla, og både staten og kommunane må ta ansvar for å løyse dei lokale behova for modernisering. Staten sitt ansvar er å gi kommunesektoren gode rammevilkår. Dette har regjeringa mellom anna gjort gjennom å forenkle regelverk retta mot kommunesektoren og ved å minske talet på øyremerkte ordningar. Det er lagt til rette for alternativ organisering gjennom forsøk med einskapsfylke og kommunal oppgåvedifferensiering, og ved å opne for konkurranseutsetjing av kommunal revisjon.

I tillegg vil eit forsøk kalla "Fritt Fram" bli sett i verk av Oppland fylkeskommune frå 1. januar 2004. Forsøket gjeld forvaltning av statlege verkemiddel (utvalde verkemiddel innanfor arbeidsmarknadstiltak, næringsutvikling, miljø, landbruk og spelemidlar).

Regjeringa har vidare sett ned eit utval som skal gå igjennom det statlege tilsynet med kommunesektoren. I tillegg ønskjer regjeringa å støtte opp om utviklingsarbeid og omstillingstiltak i kommunane. Regjeringa støttar det lokale omstillingsarbeidet mellom anna gjennom Kommunenettnettverk for effektivisering og fornying og nettverkssamarbeidet "Friare brukarval". Konkurransportalen er ein nettstad som skal gi kommunane nødvendig informasjon dersom dei ønskjer å konkurranseutsetje tenesteproduksjonen. Gjennom Omstillingsprogrammet vil departementet dei neste to åra støtte 5-7 kommunar som ønskjer å ta i bruk ei rad verkemiddel for omstilling, mellom anna friare brukarval, konkurranseutsetjing og interkommunalt samarbeid.

1.5.1 Open Husbank

Husbanken gjennomfører prosjektet "Open Husbank". Dette er eit program som skal gjere banken

enklare og meir tilgjengeleg for brukarane i alle samanhengar. Husbanken har også delegert oppgåver til regionkontora og styrkt samarbeidet med kommunane.

1.5.2 ByggSøk

ByggSøk er eit prosjekt som gjer elektronisk plan- og byggjesaksbehandling mogleg. Prosjektet i si opphavlege form er avslutta, og søknadssystemet for byggjesaker er i drift frå 1. juli 2003. Elektronisk behandling av søknader gjer saksbehandlinga raskare, sikrar at like søknader blir vurderte likt, og gir søkjarane innsyn i prosessen. Kort sagt får søkjarane betre service. Plandelen av prosjektet held fram. Målet er å ha eit støttesystem for plansaker operativt ved utgangen av 2004.

1.5.3 Bygningslovutvalet

Lovutvalet for byggjesaker blei oppnemnt våren 2002 og skal stå for ein total gjennomgang av bygningslovgivinga med sikte på forenkling. Enklare og raskare prosessar vil gi grunnlag for kostnadsreduksjonar både i bustadprosjekt og i samband med andre byggjetiltak, og vil motivere til igangsetjing av nye tiltak.

1.5.4 Regional- og distriktpolitikk

Regjeringa gjennomførte i 2003 ei ansvarsreform som inneber at hovudparten av verkemidla på programkategori 13.50 blei desentralisert til regionalt og lokalt nivå. Som regional utviklingsaktør skal fylkeskommunane forvalte verkemidla i forpliktande partnerskap med næringslivet, verkemiddelaktørar, private organisasjonar, utdanningsinstitusjonar og kommunar. Saka er nærmare omtalt under programkategori 13.50.

1.5.5 Nytt verkemiddelapparat

Regjeringa legg vekt på at brukarane skal stå i fokus for det næringsretta verkemiddelapparatet. For å sikre ei mest mogleg heilskapleg, kompetent og nær forvaltning av verkemiddel retta mot næringsutvikling, blir Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND), Noregs Eksportråd (NE), Norsk Turistråd og SVO (Statens veiledningskontor for oppfinnere) slått saman til éin ny verkemiddelaktør frå 1. januar 2004 (jf. St.prp. nr. 51 (2002-2003) Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv).

1.6 Kjønnsperspektivet i budsjettet

Den likestillingspolitikken regjeringa fører, handlar om integrering av kjønnsperspektivet på alle samfunnsområde. Den reviderte likestillingslova inneber òg at ein gjer greie for tilstanden og for tiltak på likestillingsområdet. Dette gjeld både på verksemdene sitt myndeområde og for verksemdene som arbeidsgivarar.

I budsjettforslaget har Kommunal- og regionaldepartementet freista å synleggjere verknaden for dei to kjønna. Strategien er å synleggjere kvinner og menn, jenter og gutar som aktørar og brukarar, som målgrupper for tiltak og som mottakarar av tenester, overføringar og støtteordningar. I budsjettforslaget er det i denne samanhengen i særleg grad innvandringsområdet og det samepolitiske området ein fokuserer på, sjølv om kjønnsperspektivet er relevant også innanfor andre politikkområde under Kommunal- og regionaldepartementet. For ei nærmare framstilling av situasjonen og ulike tiltak viser vi til omtale under programkategoriane 13.20 Innvandring, 13.40 Samiske formål og 13.50 Regional- og distriktpolitikk. For ei meir samla og utdjupande framstilling vil vi vise til vedlegget til budsjettet for Barne- og familiedepartementet om integrering av kjønns- og likestillingsperspektivet i budsjettet.

Når det gjeld likestilling på det personalpolitiske området, blir det kvart år utarbeidd statistikkar som viser kjønnsfordelinga i forhold til stillingskategori og lønn, kjønns- og aldersfordeling, rekruttering og fråvere på grunn av sjukdom. Når det gjeld særskilde tiltak, arbeider Kommunal- og regionaldepartementet for å rekruttere fleire kvinner til toppleiarstillingar. Vi viser også til omtale under programkategori 13.10 Administrasjon o.a.

1.7 Miljøprofilen i budsjettforslaget for 2004

I miljøhandlingsplanen for Kommunal- og regionaldepartementet for perioden 2001–2004 er det sett opp sektorvise mål, status og tiltak som skal medverke til at måla på dei nasjonale resultatområda som gjeld miljøet, blir nådde.

Det er i hovudsak for sektoren bustader, bumiljø og bygningssaker det er aktuelt å rapportere om miljøprofilen. Rapportering for denne sektoren følgjer som vedlegg til denne proposisjonen, saman med ein kort omtale av miljøsetsinga på områda samiske formål og regional- og distriktpolitikk. Nedanfor gir vi eit kort samandrag av miljøprofilen.

Når det gjeld den kommunale sektoren, er det dei ulike fagdepartementa som har det miljøvern-

politiske oppfølgingsansvaret. For politikkområda innvandring og nasjonale minoritetar er det ingen aktuelle miljøvernsetsingar å rapportere om. På det samepolitiske området står Sametinget sentralt i miljøarbeidet. Miljøpolitikk og samiske interesser og rettar er knytte til samiske utmarksnæringar som reindrift, laksefiske, kyst- og fjordfiske osv. I tillegg er det samiske perspektivet svært viktig når det gjeld bevaring av kulturlandskap og kulturminne. Innanfor regional- og distriktpolitikken er størstedelen av midlane frå og med 2003 overførte til fylkeskommunane.

Dei måla som er sette for miljøvernpolitikken, stiller bustad- og byggjesektoren overfor store utfordringar. Miljøkonsekvensane av verksemda i sektoren er store, og på ei rad område aukande. Denne sektoren står for om lag 40 pst. av energibruken og materialbruken i samfunnet, og om lag 40 pst. av alt avfall til deponi er byggavfall.

Desse satsingsområda er sentrale for å møte miljøutfordringane i bustad- og byggjesektoren:

- Ein må betre arealeffektiviteten og ta større omsyn til det biologiske mangfaldet.
- Energibruken i bygningsmassen må reduserast.
- Bruken av helse- og miljøfarlege stoff i byggjeverksemda må kartleggjast betre og reduserast.
- Avfallsmengdene i samband med byggjeverksemd må reduserast. Gjenbruk og ombruk av byggjemateriale må aukast.
- Ein bør satse på god kvalitet og god byggjeskikk.
- Det bør leggjast til rette for og gjennomførast miljøvennleg forvaltning, drift og vedlikehald av bygningar.

Husbanken og Statens bygningstekniske etat er underliggjande etatar under Kommunal- og regionaldepartementet som administrerer verkemiddel som kan påverke miljøtilstanden i sektoren på ein positiv måte.

1.8 Om oppgåvene og rolla til fylkesmennene

1.8.1 Rollefordeling og oppgåver

Fylkesmannen utfører oppgåver på mange av dei fagområda som ligg til departementet. Ved å føre tilsyn og behandle klager skal fylkesmannen medverke til å sikre at det i kommunale vedtak blir teke omsyn til rettstryggleiken til den enkelte innbyggjar. Fylkesmannen har ei sentral rolle som samordnar i den regionale statsforvaltninga. Denne rolla er viktig for å ta vare på og vidareutvikle eit levedyktig lokalt folkestyre innanfor ramma av

nasjonale mål. Fylkesmannen har ei viktig rolle som rettleiar og kontrollør overfor kommunane, særleg knytt til den kommunale økonomien og ulike juridiske spørsmål. Departementet har delegert utøving av statleg mynde overfor enkeltkommunar etter kommunelova til fylkesmannen. Fylkesmannen har eit særleg ansvar for å føre kontroll med kommunar som er i økonomisk ubalanse.

Fylkesmannsembeta vil i 2004 få ei meir sentral rolle når det gjeld moderniseringsarbeidet i kommunane. Det vil over budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet bli sett av ressursar slik at embeta kan opprette eigne stillingar, jf. kommune-proposisjonen for 2004. Stillingane skal knytast til arbeidet med fornying i verksemda til kommunane. Dette er ein del av regjeringa si satsing på omstilling og effektivisering i kommunane. Ekstraordinære midlar er eit tiltak som skal setje embeta raskare i stand til å tilpasse seg ei rolle der dei aktivt medverkar i det arbeidet som skjer i kommunane på dette feltet.

Fylkesmannen skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne gi rettleiing når det gjeld kommunerekneskapen og det arbeidet som skjer i regi av Foreningen for god kommunal regnskapsskikk. Fylkesmannsembeta har ansvar for å fordele det ordinære skjønnstilskotet til kommunane, og det inneber at fylkesmennene kan medverke økonomisk til omstilling og modernisering i kommunane. Fylkesmannen kan også gi økonomisk støtte til prosjekt som gjeld interkommunalt samarbeid og kommunesamanslutning. Om kommunar som er i ein vanskeleg økonomisk situasjon, vender seg til fylkesmannen og ber om tildeling av skjønnstilskot, skal fylkesmannen stille krav til kommunane om å vurdere iverksetjing av nødvendige omstillingstiltak – medrekna å greie ut samarbeid med nabokommunar eller samanslutning av kommunar.

Alle kommunane har teke i bruk KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Fylkesmannen skal ha særskild kompetanse når det gjeld bruk av KOSTRA-data som grunnlag for analyse og planlegging i kommunane. Det vil vere nødvendig med eit nært og omfattande samarbeid med KS, slik det mellom anna er lagt opp til i Kommunenetverka for effektivisering og fornying, der mellom anna bruk av KOSTRA-data står sentralt. I dialogen med kvar enkelt kommune vil fylkesmannen kunne peike på behov for omstilling og organisatorisk endring, og eventuelle endringar vil kunne drøftast dersom både kommunen og fylkesmannen har eit ønske om det. Det er likevel kommunen som har ansvaret for å bestemme innhaldet i og forma på den kommunale organiseringa. Fylkesmannen bør også leggje til rette for utvikling av kommunane ved å formidle gode døme på modernisering og

omstilling. Tilrettelegging for utveksling av erfaringar kommunane imellom kan også medverke til å skape utvikling.

Fylkesmannen har eit generelt ansvar for å samordne den regionale statlege styringa og for å formidle den statlege politikken overfor kommunane. Fylkesmannen skal også sjå til at statlege organ på fylkesnivå opptreir meir einskapleg i forhold til kommunane. I tillegg inneber samordningsansvaret at fylkesmannen medverkar til at tilbagemeldingar frå kommunane når det gjeld statleg politikk, blir formidla vidare til sentrale styremakter.

Departementet har overført mynde til fylkesmennene til å ta visse avgjerder. Etter lova om fastsetjing og endring av kommunegrenser skal fylkesmennene samordne den førebuande behandlinga av alle saker som gjeld fastsetjing eller endring av kommunegrenser. Etter nærmare avtale med departementet kan det også vere aktuelt for fylkesmannen å delta i utgreiingsarbeid og gjennomføringsprosessar knytte til kommuneinndeling.

Fylkesmannen gjer også visse førsteinstansvedtak og vedtak i klagesaker med heimel i plan- og bygningslova. Andre rettsgrunnlag er bustadlovgivinga og lov om oreigning med meir. Saker knytte til desse lovene er viktige for utbyggingsinteresser, og særleg gjeld det saksbehandlingstida i regulerings- og byggjesaker. Dette er saker som får direkte verknad for rettsstillinga til enkeltborgarar. Fylkesmannen er med same heimelsgrunnlag oppteken av å informere kommunane, private aktørar og andre brukarar om nytt regelverk eller endringar i det gamle. På denne måten er fylkesmannen med på å sikre god kommunal saksbehandling og at det blir teke omsyn til behov hos den enkelte i samband med eit vedtak. Fylkesmannen skal også passe på at rettstryggleiken ikkje blir sett i fare, og at alle blir behandla likt. Alle vedtak skal dessutan vere i samsvar med god forvaltningsskikk. I tillegg er det viktig for fylkesmannen å sjå til at kommunane rettar seg etter krava til estetikk, helse, miljø og tryggleik. Fylkesmannen skal også sikre at det blir teke omsyn til tilgjenge ved behandlinga av byggjesaker.

Fylkesmannen skal fremje dialog og samarbeid mellom kommunane, særleg i byregionane, om lokalisering av og tilrettelegging for bustadbygging. I regionar med vekst er god balanse mellom tilbodet av arbeidsplassar og tilbodet av bustader eit viktig omsyn.

Fylkesmannen tek imot og behandlar meldingar om norsk statsborgarskap. Talet på meldingar til fylkesmennene er lågt i forhold til talet på søknadar om norsk statsborgarskap behandla av Utlendingsdirektoratet. I samband med at Statens utdan-

ningskontor blei innlemma i fylkesmannsembetet frå 1. januar 2003, fekk fylkesmannsembetet mellom anna ansvar for forvaltning av tilskot til norskopplæring for vaksne innvandrarak. Forvaltningsansvaret for norskopplæring for vaksne innvandrarak vil bli overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet frå 2004. Ansvaret for forvaltninga av tilskot vil ikkje bli endra, bortsett frå at frå 2004 skal rapportering skje til Kommunal- og regionaldepartementet.

Stortinget vedtok 12. juni 2003 lova om introduksjonsordning for nyleg komne innvandrarak. Lova blei gjord gjeldande frå 1. september 2003 som ei frivillig ordning for kommunane, og blir obligatorisk for kommunane frå 1. september 2004. Vedtak gjorde med heimel i denne lova er enkeltvedtak etter forvaltningslova, med dei presiseringsane som er gjorde i § 17 i den nye lova. Fylkesmannen er klageinstans og skal kunne prøve alle sider av eit vedtak som blir påklaga. Overprøving av det frie skjønnet kan berre skje når dette skjønnet er openbert urimeleg, slik det går fram av § 18 i den nye lova.

Fylkesmannen skal syte for at statlege organ deltek aktivt i arbeidet med fylkesplanen og fireårige handlingsprogram.

Kommunal- og regionaldepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet har gitt si tilslutning til gjennomføring av forsøk med ein-skapsfylke i Møre og Romsdal og Hedmark.

1.8.2 Arbeid fylkesmennene har gjort for Kommunal- og regionaldepartementet i 2002

Fylkesmannsembeta rapporterer årleg om saksbehandling utført på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet på utvalde område. Departementet presenterer her nokre resultat frå rapporteringa for 2002.

Frå og med 2001 blei det knytt visse vilkår til den kontrollen fylkesmannen fører med kommunebudsjetta. Dette førte til ein markant reduksjon i talet på budsjett som fylkesmennene kontrollerer. I 2002 oppheva fylkesmennene 10 budsjett. I 2001 blei 13 budsjett oppheva, mot 27 i 2000.

Det er også knytt visse vilkår til fylkesmennene si behandling av kommunale låneopptak. I 2002 behandla fylkesmennene 239 søknader frå kommunane om låneopptak. 9 av søknadene blei ikkje godkjende.

I 2002 behandla fylkesmennene 235 kommunale garantisaker. I 226 av tilfella godkjende fylkesmennene garantivedtak gjorde i kommunane.

Det har i dei siste åra vore ein nedgang i talet på saker behandla av fylkesmennene som gjeld kontroll av om vedtak er lovlege. Frå 2000 til 2001 minka talet på vedtak frå 134 til 91. Også frå 2001 til 2002 var det ein nedgang i talet på vedtak i slike saker. I 2002 blei det gjort 84 vedtak. I 27 av desse sakene blei vedtak i kommunestyret erklærte som ulovlege. 53 av sakene som kom opp til behandling i 2002, var etter klage. Resten av sakene blei behandla etter initiativ frå fylkesmannen.

Det er framleis ein generell regel at saksbehandlingstida hos fylkesmennene når det gjeld saker etter plan- og bygningslova, oreigningslova og bustadlovene, ikkje skal overskride tre månader. Frå 1. juli 2003 er det sett ein frist på seks veker ved behandling av klagesaker med utsettjande verknad.

I 2002 tok fylkesmennene imot 2232 klagesaker etter byggjesaksdelen i plan- og bygningslova. Det er om lag like mange som i 2001. Det blei gjort 3111 vedtak, litt fleire enn i 2001. Prosentdelen av klager som blei tekne til følge, var den same som i 2001. Det vil seie at om lag kvar fjerde klage blei teken til følge. Det er ikkje mange klagesaker knytte til oreigningslova og bustadlovene.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i dei ulike fylkesmannsembeta varierer mykje, frå 6 til 39 veker. For alle embeta rekna under eitt er den gjennomsnittlege saksbehandlingstida 25 veker, og dette er noko betre enn året før. Talet på saker varierer også mykje, frå 29 saker i eitt embete til 576 saker i eit anna. Rapporteringa viser at det ikkje er nokon samanheng mellom talet på saker og den tida det tek å behandle ei sak.

Dei ulike embeta har også brukt mykje tid på å svare på førespurnader og gi informasjon.

1.9 Enkelte orienteringssaker

1.9.1 Omorganiseringar

1.9.1.1 Kontaktutvalet mellom innvandrarak og styresmaktene

Kontaktutvalet mellom innvandrarak og styresmaktene (KIM) blei oppretta i 1984. Utvalet er sett saman av personar med bakgrunn frå innvandrarakorganisasjonane, offentlege styresmakter og politiske parti.

Regjeringa peikte ut eit nytt kontaktutval for tre år, med start 1.1.2003. Det blei samtidig gjennomført ei ny organisering av utvalet. Omorganiseringa skjedde i tråd med konklusjonane i evalueringa av KIM, som blei gjennomført i 2001. Den nye organiseringa inneber at utvalet er delt i to forum: eit innvandrarakforum og eit kontaktutval. Innvandrarakforumet består av folk med innvandrarak-

bakgrunn som er føreslått av organisasjonar over heile landet. Kontaktutvalet vil ha representantar for statlege og kommunale styresmakter og dei politiske partia, i tillegg til alle medlemmene i innvandrarforumet. UDI fekk i 2002 ansvar for sekretariatsfunksjonen til KIM.

Sjå nærmare omtale under kapittel 523.

Husleigetvistutvalet (HTU) blei oppretta 1. mars 2001 for ein prøveperiode på tre år. Utvalet er meint å vere eit alternativ til domstolane, og kan avgjere alle typar av tvistar om leige av husvære i Oslo. Frå 1. april 2003 er verkeområdet til HTU utvida til også å gjelde Akershus fylke. Talet på saker som til no har kome inn, er lågt, men ei eva-

luering konkluderer med at utvalet har fungert godt. Prøveperioden er derfor vedteken forlengd til 31.12.2005.

1.9.1.2 Norskopplæring for vaksne innvandrarak

Forvaltningsansvaret for norskopplæring for vaksne innvandrarak blir overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet frå 1.1.2004. Som ei følge av dette blir det oppretta ein ny post i budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet, jf. kapittel 521, post 61 Norskopplæring for vaksne innvandrarak.

1.9.2 Årsverk i departementet og institusjonar knytte til departementet

Tabell 1.3 Talet på årsverk per 1.3.2003¹

Kap.	Nemning	Menn	Kvinner	Totalt
500	Kommunal- og regionaldepartementet	99,1	153,1	252,2
503	Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a.	3,0	4,2	7,2
520	Utlendingsdirektoratet, inkl. regionale kontor	192,2	468,4	660,6
522	Senter mot etnisk diskriminering	1,6	7,4	9,0
523	Kontaktutvalet mellom innvandrarak og styresmaktene	1,0	2,5	3,5
524	Utlendingsnemnda	52,5	101,9	154,4
540	Sametinget	30,9	69,5	100,4
585	Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus	0,0	4,4	4,4
587	Statens bygningstekniske etat	17,0	18,8	35,8
2412	Den Norske Stats Husbank	137,0	209,5	346,5
	Sum årsverk	534,3	1 039,7	1 574,0

¹ Eksklusive leiarstillingar utanfor den statlege tariffavtalen og tilsette etter avtale av 1.10.1998

1.9.3 Overførbare løyvingar

Etter § 7 i løyvingsreglementet kan stikkordet "kan overførast" føyast til ved løyvingar til byggje- og anleggsverksemd og materiell (postane 30–49) og ved andre løyvingar der ein finn bruk av stikkordet

påkravd for å nå eit best mogleg resultat av den aktuelle løyvinga.

I budsjettframlegget for Kommunal- og regionaldepartementet for 2004 blir det føreslått å knyte stikkordet "kan overførast" til desse postane:

Tabell 1.4 Oversikt over løyvingar som blir føreslått gjorde overførbare.

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført frå 2002 til 2003	Forslag til løyving for 2004
500	21	Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag	420	10 600
500	45	Større kjøp av utstyr og vedlikehald	1 340	5 500
503	21	Spesielle driftsutgifter	0	1 550
521	60	Integreringstilskot	152 178	2 926 903
521	71	Kunnskapsutvikling	2 382	48 250
521	72	Tilbakevending for flyktningar	3 500	9 300
521	75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet	0	11 650
550	60	Tilskot til utkantkommunar	12 363	0
551	61	Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift	0	150 000
552	21	Kunnskapsutvikling, informasjon o.a.	4 119	9 000
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	0	279 000
581	71	Tilskot til bustadkvalitet	136 380	41 900
581	75	Tilskot til etablering, utbetring og utleigebustader	79 655	702 000
581	78	Tilskot til utvikling av bumiljø, bustadforvaltning og bustadpolitikk	29 640	36 000
582	60	Rentekompensasjon	33 552	222 000
586	60	Oppstartingstilskot	991 823	2 114 000
2412	45	Større kjøp av utstyr og vedlikehald	227	5 000
Sum			1 447 579	6 572 653

1.9.4 Garantiansvar under Kommunal- og regionaldepartementet

Tabell 1.5 Oversikt over garantiansvar per 31. desember 2002

				(i 1 000 kr)
	Samla garantiansvar 31.12.2001	Endring i 2002	Samla garantiansvar 31.12.2002	
Kommunalbanken AS – innlån	22 868 710	-5 324 054	17 544 656	
Kommunalbanken AS – skolebygg	2 946	-1 491	1 455	
Husbanken – garantiar på tidlegare SIFBO-lån	851	-392	459	
Distriktsretta garantiar	3 950	0	3 950	
Sum garantiar	22 876 457	-5 325 937	17 550 520	

1.9.4.1 *Garantiar under Kommunalbanken AS*

Etter omdanninga av Noregs Kommunalbank til aksjeselskap tek banken opp nye lån utan statsgaranti, medan statsgarantien blir halden ved lag for lån tekne opp før 1.11.1999. Garantiansvaret vil bli gradvis redusert etter kvart som Kommunalbanken betaler inn eldre lån. Ved utgangen av 2002 var garantiansvaret på 17,5 mrd. kr.

Staten heftar også for det garantiansvaret Kommunalbanken AS har for kommunane sine lån i andre finansinstitusjonar til finansiering av skolebygg. Ved omdanninga av Noregs Kommunalbank til aksjeselskap blei denne ordninga avvikla, men halden ved lag for eksisterande garantiar. Ved utgangen av 2002 var dette garantiansvaret på 1,455 mill. kr.

1.9.4.2 *Garantiar knytte til tidlegare SIFBO-lån*

Husbanken overtok i 1992 forvaltninga av utleigebustader, inngåtte lån og garantiar frå det tidlegare

Selskapet for innvandrere- og flyktningeboliger (SIFBO). Det samla garantiansvaret var på 78 mill. kr da Husbanken overtok. Utleigebustadene er selde, og inngåtte lån og garantiar skal forvaltest fram til dei er innfridde. Garantiansvaret blei redusert med kr 392 000 i 2002, og var ved inngangen til 2003 på kr 459 000.

1.9.4.3 *Distriktsretta garantiar*

Systemet med tapsfond for distriktsretta garantiar blei innført i 1991. Fram til og med 1996 disponerte Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og fylkeskommunane rammer for å yte distriktsretta garantiar. Ordninga opphørde i 1997. Garantiansvaret i tabellen ovanfor gjeld derfor garantiar gitt før 1997. Ved utgangen av 2002 var garantiansvaret på 3,95 mill. kr.

2 Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2004

2.1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for å samordne den statlege styringa av den kommunale og fylkeskommunale verksemda. Kommunar og fylkeskommunar har ansvar for viktige område, som barnehagar, grunnskole, pleie- og omsorgstenester, helsetenester, tekniske tenester (knytte til veg, vatn, avløp og renovasjon), samferdsel og vidaregåande opplæring. Kommunar og fylkeskommunar har også eit viktig ansvar innanfor kultur- og miljøsektoren. Verksemda blir finansiert gjennom skatteinntekter, rammetilskot frå budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet, brukarbetaling/gebyrinntekter og øyremerkte tilskot frå budsjetta for fagdepartementa. Nærmare omtale av statlege mål knytte til dei enkelte ansvarsområda kommunesektoren har, er gitt i budsjettproposisjonane frå fagdepartementa.

Gjennom Sem-erklæringa har regjeringa forplikta seg til å styrkje kommuneøkonomien og syte for at inntektsrammene for kommunesektoren får ein realvekst også i denne stortingsperioden. Regjeringa følgjer opp dette i statsbudsjettet for 2004.

Kommunesektoren legg beslag på ein stor del av dei samla ressursane i samfunnet. Etterspørselen etter kommunale tenester vil truleg halde fram å auke i åra framover, mellom anna som følgje av demografiske endringar og auka forventningar til tilbodet hos mottakarane av tenestene. Avgrensa økonomiske rammer og auka forventningar frå innbyggjarane si side stiller nye krav til kommunane og fylkeskommunane. Dei må mellom anna organisere drifta på ein kostnadseffektiv måte og tilpasse aktivitetsnivået til dei gjeldande økonomiske rammene.

2.2 Inntekter for kommunesektoren i 2003

I revidert nasjonalbudsjett 2003 og kommuneproposisjonen for 2004 (St.prp. nr. 66 (2002-2003)) blei realveksten i dei samla inntektene for kommunesektoren frå 2002 til 2003 rekna ut til om lag 4 mrd. kr, eller om lag 2 pst. Veksten i dei frie inntektene

frå 2002 til 2003 blei rekna ut til om lag 1,3 mrd. kr, eller snautt 0,9 pst.

Stortingsbehandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2003 førte til berre mindre justeringar i løyvingane til kommunesektoren i forhold til forslaget frå regjeringa.

Etter at kommuneproposisjonen for 2004 og revidert nasjonalbudsjett 2003 blei lagde fram, har det kome ny informasjon om den løpande skatteinngangen som tilseier lågare skatteinntekter for kommunesektoren i 2003 enn det ein rekna med i revidert nasjonalbudsjett. I nasjonalbudsjettet 2004 er det lagt til grunn ein mindreskattevekst på $\frac{1}{2}$ mrd. 2003-kr i forhold til overslaget i revidert nasjonalbudsjett, fordelt med 400 mill. kr på kommunane og 100 mill. kr på fylkeskommunane.

Dei samla inntektene til kommunesektoren ventar ein etter dette kjem til å auke reelt med om lag $3\frac{1}{2}$ mrd. kr frå 2002 til 2003, tilsvarende $1\frac{3}{4}$ pst. Ein reknar no med at dei frie inntektene kjem til å auke reelt med vel $\frac{3}{4}$ mrd. kr, eller om lag $\frac{1}{2}$ pst.

Prisveksten (deflatoren) på kommunale tenester reknar ein no med blir på $3\frac{3}{4}$ pst. for inneverande år, det same som er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2003.

Ein reknar med lågare vekst i aktiviteten i kommunesektoren i inneverande år enn i realinntektene for sektoren. Dette fører isolert sett til at underskotet før lånetransaksjonar blir lågare i 2003 enn i 2002. For 2003 reknar ein med at underskotet blir på 4,2 pst. av dei samla inntektene for sektoren.

2.3 Samla inntekter for kommunesektoren i 2004

I kommuneproposisjonen for 2004 blei det lagt opp til ein reell vekst i dei samla inntektene for kommunesektoren på mellom $3\frac{3}{4}$ og $4\frac{1}{4}$ mrd. kr frå 2003 til 2004, eller om lag 2 pst. Regjeringa legg no opp til ein reell vekst i dei samla inntektene i 2004 på om lag $3\frac{3}{4}$ mrd. kr, eller knapt 1,9 pst. Veksten er rekna ut frå det nivået på inntektene for kommunesektoren i 2003 som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2003.

Som nemnt i punkt 2.2, er skatteoverslaget for 2003 nedjustert med $\frac{1}{2}$ mrd. kr samanlikna med overslaget som blei gitt i revidert nasjonalbudsjett 2003. Nedjusteringa av skatteoverslaget for 2003 gjer at inntektsveksten frå 2003 til 2004 blir $\frac{1}{2}$ mrd. kr høgare når han blir rekna ut frå overslag for rekneskapen for 2003 enn når han blir rekna ut med utgangspunkt i overslaget over inntektene for 2003 i revidert nasjonalbudsjett 2003. Rekna ut frå overslag for rekneskapen for 2003 blir veksten i dei samla inntektene i 2004 om lag $4\frac{1}{4}$ mrd. kr.

Som følgje av nye renteforesetnader er veksten i inntektsramma for kommunesektoren for 2004 isolert sett nedjustert med om lag 700 mill. kr i forhold til det som blei lagt til grunn i kommuneproposisjonen. Denne reduksjonen er knytt til lågare statlege tilskot til rentekompensasjon til kommunale investeringsprosjekt, mellom anna skoleanlegg, omsorgsbustader og sjukeheimar. Endringa i overslaget inneber inga svekking av kommuneøkonomien, sidan nedjusteringa inneber at kommunar og fylkeskommunar vil få ein tilsvarende reduksjon i renteutgifter knytte til desse investeringsprosjekta.

Netto renteberande gjeld for kommunesektoren er 70-80 mrd. kr. Ein rentereduksjon på 4,5 prosentpoeng, tilsvarende Noregs Banks reduksjon i styringsrenta sidan desember i fjor, vil alt i alt medverke til å lette kommunesektoren sin finansielle situasjon.

I tabell 2.1 er realveksten i inntektene for kommunesektoren i 2004 dekomponert.

Tabell 2.1 Hovudkomponentane i inntektsveksten i 2004, rekna ut frå overslag over inntektsnivået for 2003 i revidert nasjonalbudsjett 2003. Reell endring i mill. kr.

	Mill. kr
Frie inntekter	1 280
Øyremerkte overføringar	2 721
Gebyrinntekter o.a.	-236
Totalt	3 765

Budsjettforslaget frå regjeringa for 2004 inneber ein reell vekst i dei øyremerkte overføringane til kommunane på 2,7 mrd. kr. Øyremerkte tilskot til barnehagar aukar med om lag 1,7 mrd. kr, tilskot til ressurskrevjande brukarar aukar med vel $\frac{1}{2}$ mrd. kr, og oppfølging av handlingsplanen for psykisk helse inneber auka løyvingar på knapt $\frac{1}{4}$ mrd. kr.

Gebyrinntekter m.v. blir reelt reduserte med 236 mill. kr. Dette kjem i hovudsak av at det er føresett at auka satsar i barnehagetilskotet skal gå til redusert foreldrebetaling. Dette vil isolert sett gi lågare gebyrinntekter til kommunane.

Frie inntekter er nærmare omtalte i pkt. 2.4.

2.4 Frie inntekter for kommunesektoren

Frie inntekter for kommunesektoren består av rammetilskot og skatteinntekter, og utgjør om lag 69 pst. av dei samla inntektene til kommunesektoren. Desse inntektene kan kommunesektoren disponere fritt innanfor dei rammene gjeldande lover og reglar gir.

I kommuneproposisjonen for 2004 blei det varsla ein reell vekst i dei frie inntektene for kommunesektoren på om lag $2\frac{1}{4}$ mrd. kr frå 2003 til 2004, rekna ut frå overslag over inntektene i 2003 i revidert nasjonalbudsjett 2003. Veksten i dei frie inntektene på $2\frac{1}{4}$ mrd. kr inkluderte 300 mill. kr i auka satsing i samband med innføring av ei ny toppfinansieringsordning for ressurskrevjande brukarar. I tillegg til veksten i frie inntekter blei det lagt opp til å kompensere kommunesektoren for utrekna meirkostnader til Skolepakke II med om lag 240 mill. kr.

Ved behandlinga av kommuneproposisjonen gjorde Stortinget dette vedtaket:

”Stortinget ber Regjeringen øke kommunesektorens frie inntekter for 2004 med 1,5 mrd. kr i forhold til Regjeringens forslag.”

Departementet vil peike på at kommunesektoren innanfor eit stramt statsbudsjett for 2004 er prioritert med ein samla inntektsvekst på om lag $3\frac{3}{4}$ mrd. kr. Eit stramt budsjettoplegg vil medverke til å dempe pris- og lønnsveksten. Dette vil kommunesektoren tene på. Innanfor det økonomiske opplegget for 2004 har regjeringa ikkje funne rom for ein ytterlegare auke i inntektene til kommunesektoren.

Regjeringa legg i utgangspunktet opp til ein reell vekst i frie inntekter frå 2003 til 2004 på om lag 1,8 mrd. kr, inklusive auka støtte til ressurskrevjande brukarar. Oppfølging av vedtaket i Stortinget om at ressurskrevjande brukarar skal finansierast ved ei overslagsløyving, inneber at løyvinga knytt til ressurskrevjande brukarar må plasserast på eit øyremerkte tilskot. Etter overføring av løyvinga til ressurskrevjande brukarar til ein øyremerkte post, blir veksten i frie inntekter vel $1\frac{1}{4}$ mrd. kr. I tillegg kjem kompensasjon for Skolepakke II på om lag 240 mill. kr.

Bakgrunnen for at veksten i frie inntekter blir noko lågare enn varsla i kommuneproposisjonen,

er vidare at staten som følgje av barnehageforliket overtek ein større del av finansieringsansvaret for barnehagar. Forliket inneber at ein ikkje forventar at kommunane sine bidrag til barnehagar i 2004 skal aukast i forhold til det kommunane bruker i 2003.

I kommuneproposisjonen blei det føreslått ei ny toppfinansieringsordning for ressurskrevjande brukarar innanfor dei frie inntektene, med ei ramme på 950 mill. kr. Det blei lagt til grunn at ordninga skulle finansierast med eksisterande midlar til ressurskrevjande brukarar (650 mill. kr), og at 300 mill. kr skulle sjåast i samanheng med veksten i frie inntekter. Stortinget vedtok ein lågare kommunal eigendel enn føreslått av regjeringa i den nye toppfinansieringsordninga. Den samla ramma for den nye ordninga er på bakgrunn av dette kalkulert til 1,2 mrd. kr, dvs. om lag 250 mill. kr meir enn det som blei lagt til grunn i kommuneproposisjonen. Dette inneber at i alt 550 mill. kr av midlane til den nye ordninga blir dekt innanfor veksten i dei frie inntektene, medan dei resterande 650 mill. kr blir finansiert ved ein reduksjon i kap. 571, post 64 Skjønntilskot. Vidare vedtok Stortinget at den nye ordninga skal vere ei overslagsløyving. Regjeringa

føreslår derfor at ordninga blir finansiert gjennom eit øyremerkt tilskot på budsjettet for Sosialdepartementet. I alt 1,2 mrd. kr blir overført frå budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet til budsjettet for Sosialdepartementet. Sjå nærmare omtale under punkt 2.7.6.

Fråtrekt auka støtte til ressurskrevjande brukarar på 550 mill. kr blir veksten i frie inntekter på vel 1 1/4 mrd. kr når vi reknar veksten ut frå overslaget for inntekter i 2003 i revidert nasjonalbudsjett 2003.

Veksten blir fordelt med 820 mill. kr på kommunane og 460 mill. kr på fylkeskommunane. Dette gir ein noko sterkare relativ vekst i dei frie inntektene til fylkeskommunane enn til kommunane, mellom anna på grunn av auka elevtal i vidaregåande opplæring. Dette er i tråd med det som blei varsla i kommuneproposisjonen.

Veksten i frie inntekter blir på vel 1 3/4 mrd. kr rekna ut frå overslag for rekneskapen for 2003. Da er det teken omsyn til at overslaget over skatteinntekter er redusert med 1/2 mrd. kr i 2003.

Tabell 2.2 viser dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane i 2003 (overslag for rekneskap) og 2004 etter forslaget frå regjeringa.

Tabell 2.2 Frie inntekter til kommunane og fylkeskommunane¹ i 2003 og 2004. Mill. kr og endring i prosent. Nominelle prisar.²

	Kommunane			Fylkeskommunane			Kommunesektoren i alt		
	2003 ³	2004	Pst. endr.	2003 ³	2004	Pst. endr.	2003 ³	2004	Pst. endr.
Skattar i alt	82 087	88 025	7,2	14 966	16 340	9,2	97 053	104 365	7,5
– av dette skatt på inntekt og formue	78 211	84 125	7,6	14 966	16 340	9,2	93 177	100 465	7,8
Rammetilskot	31 979	30 979	-3,1	11 420	11 468	0,4	43 399	42 447	-2,2
Sum frie inntekter	114 066	119 004	4,3	26 386	27 808	5,4	140 452	146 812	4,5

¹ Oslo er delt i éin kommunedel og éin fylkeskommunedel.

² Prisveksten i kommunesektoren i 2004 reknar ein med blir på 3 1/4 pst.

³ Overslag for rekneskap korrigert for endringar i oppgåver, jf. tabell 3.23 under programkategori 13.70.

Som ledd i omlegginga av inntektssystemet har Stortinget lagt til grunn at den delen skattane utgjer av dei samla inntektene for kommunesektoren, skal auke til 50 pst. innan 2006. I 2003 er skattedelen utrekna til knapt 48 pst. Departementet legg opp til å auke denne prosentdelen til knapt 49 pst. i 2004.

Forslag til skattøyrrar går fram av tabell 2.3. Forslag til skattøyre er 13,2 pst. for kommunane og 2,6 pst. for fylkeskommunane. Reduksjonen i den fylkeskommunale skattøyren er knytt til at ansvaret fylkeskommunane har for barnevern, familievern og rusomsorg, skal flyttast ut av sektoren.

Tabell 2.3 Kommunale og fylkeskommunale skatteyrar for alminneleg inntekt for personlege skattytarar. Maksimalsatsar for 2003 og forslag til maksimalsatsar for 2004 (pst.).

	Kommunar	Fylkeskommunar
Sats 2003	13,0	3,24
Forslag til satsar 2004	13,2	2,60

2.5 Samla inntekter og dei enkelte inntektsartane

Tabell 2.4 viser utviklinga i dei samla inntektene og dei enkelte inntektsartane for kommunesektoren frå 2003 til 2004 i nominelle prisar.

Tabell 2.4 Overslag over inntekter for kommunesektoren i 2004. Mill. kr og endring i prosent frå 2003.

	2004	Endr. i pst. frå 2003 ¹
Skatteinntekter	104 365	7,5
Av dette:		
– skatt på inntekt og formue	100 465	7,8
– andre skattar	3 900	0,6
Rammetilskot	42 447	-2,2
Øyremerkte tilskot ²	21 174	18,5
Gebyr	31 922	2,3
Momskompensasjon, ny ordning	9 169	
Andre inntekter ³	4 651	4,7
Samla inntekter i alt	213 728	5,4

¹ Ved utrekning av den prosentvis endringa er det teke utgangspunkt i overslag for rekneskapen for 2003, korrigert for endringar i oppgåver.

² Eksklusive tilskot til arbeidsmarknadstiltak, flyktningar o.a.

³ Omfattar diverse overføringar frå private og visse refusjonar og tilbakebetalingar.

Dei samla inntektene aukar med 5,4 pst. frå 2003 til 2004. Med ein estimert lønns- og prisvekst i kommunesektoren på 3 1/4 pst. i 2004, svarer dette til ein realvekst på vel 2 pst. eller om lag 4 1/4 mrd. kr. Veksten er her rekna ut frå overslag for rekneskapen for 2003.

Ein reknar med at skatteinntektene aukar med 7,5 pst., medan rammetilskotet blir redusert med 2,2 pst. Dei frie inntektene (summen av skatteinntekter og rammetilskot) aukar med 4,5 pst., jf. tabell 2.2. Dette svarer til ein realvekst i frie inntekter på om lag 1 1/4 pst. Den sterke veksten i skatteinntekter samanlikna med rammetilskotet har samband med at skattedelen aukar frå knapt 48 til knapt 49 pst.

Den sterke reduksjonen i rammetilskotet må vidare sjåast i samband med den nye momskompensasjonsordninga, jf. punkt 2.7.1.

Øyremerkte tilskot aukar med 18,5 pst. Dette svarer til ein realvekst på 14,7 pst. Den største auken i øyremerkte tilskot kjem på barnehagar, ressurskrevjande brukarar og handlingsplanen for psykisk helse.

Gebyrinntekter aukar med 2,3 pst. Dette svarer til ein realnedgang på om lag 1 pst. Dette kjem i hovudsak av at det er føresett at auka satsar i barnehagetilskotet skal gå til redusert foreldrebetaling. Dette vil isolert sett gi lågare gebyrinntekter til kommunane.

2.6 Innlemming av øyremerkte tilskot i inntektssystemet

Regjeringa har som overordna mål å sikre kommunesektoren større handlefridom når det gjeld å gjere egne prioriteringar og leggje til rette for organisatoriske løysingar lokalt som er tilpassa brukarane. Reduksjon av øyremerkte tilskot er eit viktig ledd i dette. Regjeringa har sett som prinsipp at rammefinansiering skal vere hovudfinansieringsmodellen for kommunesektoren. Gjennom

rammefinansiering kan ein leggje til rette for auka prioriteringseffektivitet og kostnadseffektivitet.

Ved innlemming av øyremerkte tilskot blir midlane overførte til rammetilskotet, og dei oppgåvene som tidlegare er blitt finansierte gjennom øyremerking, blir vidareførte. Ved avvikling blir midlane til formålet kutta, og kommunesektoren kan redusere aktiviteten tilsvarande.

Ved behandlinga av kommuneproposisjonen for 2004 slutta Stortinget seg til innlemming og avvikling av desse øyremerkte tilskota i inntektssystemet frå 2004:

Tabell 2.5 Innlemming og avvikling av øyremerkte tilskot i 2004

(i 1 000 kr)

Kap./post	Tilskot	Dep.	Budsjett 2003 ¹	
221.61	Tilskot til institusjonar	UFD	35 049	Blir innlemma
221.66	Tilskot til leirskolar	UFD	90 300	Blir delvis innlemma ²
221.67	Tilskot til musikk- og kulturskolar	UFD	91 059	Blir innlemma
243.60	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar (PP-tenesta)	UFD	129 056	Blir innlemma ³
320.60	Lokale og regionale kulturbygg	KKD	8 000	Blir avvikla
474.60	Overføringar til kommunar (konfliktråd)	JD	30 667	Blir avvikla
718.61	Rehabilitering	HD	203 780	Blir delvis avvikla ⁴
1400.60	Tilskot til lokalt miljøvern	MD	2 000	Blir innlemma
1410.60	Kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald	MD	4 000	Blir innlemma
1441.63	Avløpstiltak	MD	0	Blir avvikla
1441.65	Tilskot til heilskapleg vassforvaltning	MD	4 000	Blir innlemma

1 Tala som er oppgitt, er løyvingane på kvar enkelt post i budsjettet for 2003.

2 Den delen av tilskotet som skal erstatte eigendelar ved opphald i leirskolar, blir innlemma.

3 Blir innlemma i lag med omlag 6 mill. kroner frå kap. 243 post 01.

4 Posten blir delvis avvikla. Den delen av posten som går til lækjemiddelassistert rehabilitering, blir avvikla i samband med rusreform I, der lækjemiddelassistert rehabilitering blir overført til staten. Midlane ligg førebels på budsjettet til Helsedepartementet, kap. 726, post 61 (tidlegare 718.61). Helsedepartementet vil kome tilbake til dei økonomiske konsekvensane av rusreformene etter at Stortinget har behandla Ot.prp. nr. 54 (2002-2003) (Rusreform II). Den resterande delen, som går til lågterskelhelsetilbod, blei i kommuneproposisjonen føreslått innlemma i inntektssystemet i 2005.

Det blir innlemma i alt om lag $\frac{1}{2}$ mrd. kr i inntektssystemet i 2004. Innlemming av øyremerkte tilskot utgjer ikkje ein del av veksten i dei frie inntektene, men det medverkar til å auke den prosentdelen dei frie inntektene utgjer av dei samla inntek-

tene. For nærmare omtale av tilskota viser vi til kap. 571 og kap. 572, til Beregningsteknisk dokumentasjon til St.prp. nr. 1 (Grønt hefte) og til St.prp. nr. 66 (2002-2003) Kommuneproposisjonen for 2004.

2.7 Andre saker

2.7.1 Kompensasjon for meirverdiavgift for kommunar og fylkeskommunar

1. mai 1995 blei det innført ei ordning med avgrensa kompensasjon for meirverdiavgift for kommunar og fylkeskommunar ved kjøp av visse tenester frå næringsdrivande. Ordninga er utvida i to omgangar, siste gongen med verknad frå 1. januar 2002 når det gjeld kjøp av reinhaldstenester. Regjeringa føreslår no, jf. Ot.prp. nr. 1 (2003-2004), at det blir innført ei ordning med generell kompensasjon for meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar og visse private verksemdar som utfører lovpålagde kommunale oppgåver. Forslaget er ei oppfølging av NOU 2003:3 *Merverdiavgiften og kommunene*.

Når kommunar, fylkeskommunar og private verksemdar som blir omfatta av ordninga, får kompensert meirverdiavgift ved innkjøp der det etter meirverdiavgiftssystemet ikkje ligg føre rett til frådrag for inngåande avgift, vil dei som følgje av ordninga få reduserte utgifter. Inntektene til sektoren må derfor justerast slik at dei blir tilpassa utgiftsnivået eksklusive meirverdiavgift. I tråd med forslaget i NOU 2003:3 blir trekket i all hovudsak gjort gjennom ein eingongsreduksjon i dei frie inntektene til kommunesektoren (skatteinntekter og rammetilskot). I tråd med innstillinga frå utvalet er det ein føresetnad at innføringa av ordninga ikkje skal påverke dei økonomiske rammene for staten, kommunesektoren og private som blir omfatta av ordninga.

Departementet har på basis av historiske data laga eit overslag over forventa meirverdiavgift i 2004 som etter ordninga kan krevjast kompensert, og har kome fram til drygt 9,3 mrd. kr. Kompensasjon etter ordninga per 31.12.2001 utgjorde 1,6 mrd. kr. Nettoauken i kompensasjonsbeløpet blir dermed om lag 7,7 mrd. kr. Av dette vil om lag 7,4 mrd. kr bli trekt som ein eingongsreduksjon i rammetilskotet til kommunesektoren. Trekket i rammetilskotet omfattar kommunar, fylkeskommunar, kommunale og fylkeskommunale føretak og samanslutningar, og dessutan kyrkjelege fellelsråd og privat drivne verksemdar innanfor sosialtenesta. Departementet vil i eige rundskriv informere nærmare om administrative og økonomiske konsekvensar for kommunane av ordninga.

Ein vil i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2005 vurdere det totale uttrekksbeløpet når dei samla kompensasjonskrava frå kommunesektoren og private verksemdar for 2004 er kjende.

2.7.2 Differensiert arbeidsgivaravgift

Ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift må etter krav frå overvaksingsorganet i EFTA, ESA, leggjast om frå og med 2004, slik at utforminga av arbeidsgivaravgifta i Noreg blir tilpassa dei retningslinjene ESA har for statsstøtte. Regjeringa la i kommuneproposisjonen for 2004 til grunn at kommunesektoren skal få full kompensasjon for meirutgiftene som følgjer av omlegginga av ordninga. Kommunesektoren vil få full kompensasjon for auka lønnsutgifter og for auka behov for tilskot til privat sektor¹. Kompensasjonen vil dels bli gitt gjennom ordninga med bagatellmessig støtte, dels gjennom auka skjønnsstilskot. Til saman vil kommunesektoren få 963 mill. kr i kompensasjon i 2004 (2004-kr). Forslaget om kompensasjon er basert på at den notifiserte overgangsordninga, som er nærmare omtalt under programkategori 13.50, blir godteken av ESA. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med forslag til endringar i kompensasjonsordninga dersom ESA gjer eit vedtak som ikkje er i samsvar med den notifiserte ordninga.

2.7.3 Endringar i oppgåver innanfor barnevern og familievern og på rusområdet

I kommuneproposisjonen for 2004 er det gjort greie for det økonomiske oppgjeret overfor fylkeskommunane i samband med endringane i oppgåver innanfor barnevern og familievern og på rusområdet. I denne proposisjonen er det gjort greie for endringar som er gjorde i forhold til kommuneproposisjonen.

Regjeringa har føresett at det økonomiske oppgjeret ved endringane i oppgåver skal følgje dei same prinsippa som blei lagde til grunn da staten overtok spesialisthelsetenesta. Det overordna prinsippet for det økonomiske oppgjeret er at fylkeskommunane etter reformene skal vere i stand til å utføre dei oppgåvene som står att, på ein tilfredsstillande måte, samtidig som dei nye forvaltningsorganane skal setjast i stand til å ta seg av dei oppgåvene som blir overførte til dei. Stortinget har ved behandlinga av endringane i oppgåver innanfor barne- og familievern føresett at reformene ikkje skal ha budsjettverknad, men finansierast fullt ut med eit uttrekk frå dei frie inntektene til fylkeskommunane. Forslaget om endringar i oppgåver

¹ Kommunane får kompensasjon for auka behov for tilskot til private barnehagar, private pleie- og omsorgsinstitusjonar og dei kyrkjelege fellelsråda. Fylkeskommunane får kompensasjon for auka behov for tilskot til bilruter, fylkesvegferjer, båtruter, sporvegar og forstadsbaner.

på rusområdet er framleis til behandling i Stortinget.

Utgangspunktet for uttrekket er rekneskapstal frå 2002 for netto driftsutgifter i fylkeskommunane på dei tenesteområda som blir omfatta av endringane. I tråd med føresetnaden om at reformene ikkje skal ha budsjettverknad, er dette talgrunnlaget framskriva for å gi eit overslag over netto driftsutgifter i 2003, med forventa lønns- og prisvekst og forventa volumvekst frå 2002 til 2003.

Stortinget gjorde ved behandlinga av kommuneproposisjonen for 2004 dette vedtaket:

”Stortinget ber Regjeringa, i tilknytning til overføring av ansvaret for rusområdet, familievern og barnevern, gjennomføre separate forhandlinger med den enkelte fylkeskommune før uttrekksmodellen iverksettes.”

I møte mellom Kommunal- og regionaldepartementet, arbeidsutvalet til fylkesordførarane og Kommunenes Sentralforbund var det semje om at det økonomiske oppgjeret bør gjennomførast i tråd med prinsippa frå oppgjeret i samband med overføringa av spesialisthelsetenesta. På det same møtet meinte arbeidsutvalet til fylkesordførarane at den volumveksten frå 2002 til 2003 som er lagt inn ved utrekninga av uttrekket, er for høg. Departementet finn trass i uvisse knytt til den volumveksten som er lagt til grunn for uttrekket, at denne veksten ligg under auken i dei siste åra, og at han derfor må reknast som eit forsiktig overslag over utviklinga i aktiviteten i 2003 på desse tenesteområda.

Departementet la i kommuneproposisjonen til grunn at rekneskapsstatistikken for 2002 gir eit korrekt bilete av dei utgiftene fylkeskommunane har på dei tenesteområda det gjeld. Etter at Stortinget behandla kommuneproposisjonen for 2004, har departementet hatt ein dialog med fylkeskommunane om rekneskapstala for 2002. Departementet har bede fylkeskommunane om å sende over førebels aktivitetsrapportar som kan gi eit bilete av utviklinga i utgiftene på reformområda i 2003. Fylkeskommunane og departementet er samde om rekneskapstala for 2002. I forhold til det talgrunnlaget som er nytta i kommuneproposisjonen, er det i samråd med fylkeskommunane gjort mindre korreksjonar for Telemark, Vest-Agder, Akershus og Nord-Trøndelag. Vidare er det for Oslo kommune gjort ei omfordeling mellom tenesteområda, slik at uttrekket frå Oslo for barnevern er auka med om lag 26 mill. kr, medan uttrekket frå Oslo for familievern er redusert tilsvarende. Uttrekket frå Oslo si fylkeskommunale ramme for frie inntekter på rusområdet er redusert med om lag 35 mill. kr. Dette har samband med kommunale eigendelar for behandling på fylkeskommunale rusinstitusjonar, og vil bli motsvart av eit tilsvarende uttrekk frå

Oslo kommune si kommunale ramme for frie inntekter.

Kommunale eigendelar for opphald på fylkeskommunale rusinstitusjonar vil frå 2004 falle bort for institusjonar som yter spesialiserte helsetenester til rusmisbrukarar. Departementet legg i denne proposisjonen opp til at kommunale eigendelar for opphald på alle typar rusinstitusjonar fullt ut skal trekkjast ut frå dei frie inntektene til kommunane. Beløpet er på om lag 159 mill. 2003-kr, inklusive Oslo kommune. Beløpet blir fordelt på kommunane etter rekneskapstal for 2002. Etter at Stortinget har behandla ansvaret for dei spesialiserte sosialtenestene på rusområdet, vil departementet overføre den forholdsmessige delen av dette uttrekket tilbake til kommunane dersom ordninga med kommunale eigendelar blir vidareført for dei spesialiserte sosialtenestene på rusområdet.

I kommuneproposisjonen for 2004 er det gjort greie for uttrekk av dei utgiftene fylkeskommunane har til sentraladministrasjon og fellesfunksjonar som indirekte kan førast tilbake til barnevern, familievern og rusområdet. Tilsvarende uttrekk basert på dei same prinsippa blei gjennomført da staten overtok spesialisthelsetenesta. Uttrekket er rekna ut frå rekneskapstal for den relative delen reformområda utgjer av den samla aktiviteten i kvar enkelt fylkeskommune. Departementet legg til grunn at det på dette punktet vil vere vanskeleg å rekne ut ei heilt rettferdig fordeling av uttrekket mellom fylkeskommunane. Departementet har ut frå storleiken på beløpa valt å ikkje gå inn i ein ressurskrevjande dialog med kvar enkelt fylkeskommune. Uttrekket knytt til sentraladministrasjon og fellesfunksjonar utgjer 1,9 pst. av det samla uttrekket. I møtet med departementet meinte arbeidsutvalet til fylkesordførarane at utrekninga av uttrekket for sentraladministrasjon og fellesfunksjonar på om lag 70 millionar 2003-kroner er for høgt. I forhold til det samla uttrekket meiner departementet etter ei nærmare vurdering at det utrekna uttrekket av utgifter til sentraladministrasjon og fellesfunksjonar er rimeleg.

Samla uttrekk frå fylkeskommunane og Oslo kommune er etter korreksjonane utrekna til 3 665 mill. 2003-kr, etter korrigerings for ekstraordinært høge pensjonsutgifter i 2002, jf. tabell 2.6. Dette er om lag 47 mill. kr lågare enn oppgitt i kommuneproposisjonen, og det kan i hovudsak forklarast med reduksjonen på rusområdet for Oslo, i tillegg til dei korreksjonane som er gjorde for fylkeskommunane, nemnde ovanfor. Budsjetteknisk legg departementet opp til at uttrekket frå Oslo kommune på rusområdet skal omfatte alle utgifter på tenesteområdet, i påvente av Stortinget si behandling av ansvaret for dei spesialiserte sosialtenes-

tene på rusområdet. Det er dessutan gjort ein mindre korreksjon for eingongstilskot til premieavvik og feriepengar for Oslo kommune, jf. omtale under kap. 574.

Opplysningar frå fylkeskommunane om planlagde investeringar på reformområda i 2003 finansierte med låneopptak, tilseier at det kan bli mindre justeringar av gjeldsoppgjret etter ei vurdering av restlånegjelda ved utgangen av 2003. Eventuelle justeringar som følgje av dette, eller

som følgje av særlege tiltak eller tilpassingar som fylkeskommunane har gjort i overgangsperioden, vil departementet kome tilbake til i 2004. Det same gjeld gjeldsoppgjret for dei oppgåvene som etter reformene blir overførte til staten frå Oslo kommune. Seinare endringar i gjeldsoppgjret kan også måtte gjerast som følgje av eventuell behandling i tvistenemndene om kva formuesposisjonar som skal overførast til staten.

Tabell 2.6 Uttrekk frå dei frie inntektene til fylkeskommunane

	(i 1 000 kr)					
	Barnevern	Familievern	Rusområdet	Adm.-utgifter	Renteutgifter	Samla uttrekk
Østfold	155 958	9 865	52 464	3 939	1 025	223 252
Akershus	354 032	20 857	120 069	8 540	1 203	504 701
Oslo	337 377	27 569	203 703	11 457	–	580 106
Hedmark	54 336	9 616	26 148	1 661	1 547	93 308
Oppland	51 854	10 877	25 078	1 636	0	89 445
Buskerud	156 526	10 208	41 889	3 609	355	212 587
Vestfold	117 573	10 304	49 029	3 615	687	181 208
Telemark	81 594	6 813	28 117	2 989	190	119 703
Aust-Agder	55 461	5 023	23 905	1 617	734	86 740
Vest-Agder	60 815	6 917	29 762	2 576	373	100 443
Rogaland	251 824	13 187	77 704	6 114	782	349 612
Hordaland	335 146	15 390	82 184	8 574	810	442 104
Sogn og Fjordane	45 945	7 837	10 262	1 266	283	65 593
Møre og Romsdal	56 277	9 765	17 300	1 907	1 239	86 488
Sør-Trøndelag	129 165	9 483	41 851	3 559	96	184 152
Nord-Trøndelag	32 723	6 074	6 287	917	314	46 315
Nordland	75 481	12 782	33 471	2 485	1 480	125 699
Troms	76 507	6 532	24 390	2 239	330	109 998
Finnmark	37 101	8 097	17 367	1 100	268	63 933
Heile landet	2 465 696	207 198	910 979	69 799	11 716	3 665 388

2.7.4 Forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering

Forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering

inneber at kommunar og fylkeskommunar får overta fylkeskommunale eller statlege oppgåver. Siktemålet med forsøka er å prøve ut nye modellar for fordeling av ansvar og mynde, og leggje for-

holda til rette for eit best mogleg tenestetilbod for brukarane. Gjennomføring av forsøk med oppgåvedifferensiering føreset at det blir flytta midlar frå det forvaltningsorganet som har ansvaret for oppgåva i dag, til den fylkeskommunen eller kommunen som skal gjennomføre forsøket. Forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering er nærmare omtalt i kapittel 20 i kommuneproposisjonen for 2004.

Desse kommunane tek sikte på å setje i verk forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering på ulike område frå 1. januar 2004: Kommunane Arendal, Froland, Grimstad, Tvedestrand, Vegårshei, Gjerstad, Åmli og Risør (barnevern), Bergen kommune (kulturminne), Båtsfjord kommune (vidaregåande opplæring), Drammen kommune (veg- og trafikkforvaltning og barnevern), Flora kommune (SATS), Kristiansand kommune (kulturminne), Oslo kommune (familievern, kvalifiseringstiltak i Aetat og tiltak mot forsøpling av offentlege ute-rom), Regionrådet for Hallingdal (familievern), Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal (bygdeutviklingsmidlar), Regionrådet for Valdres (bygdeutviklingsmidlar), Stavanger kommune (kulturminne og SATS), Tromsø kommune (plan- og bygningslova og SATS) og Trondheim kommune (barnevern). Asker og Bærum kommunar tek sikte på å setje i verk forsøk med vidaregåande opplæring frå 1.8.2004.

Vidare har fleire kommunar eller kommunar i samarbeid fått godkjent forsøk med ny organisering av forvaltninga på samferdselssektoren. Desse er Kristiansandsregionen, Nord-Jæren, Bergen kommune og Trondheim kommune. Vi viser til nærmare omtale i budsjettproposisjonen for 2004 frå Samferdselsdepartementet.

Desse fylkeskommunane tek sikte på å setje i verk forsøk med oppgåvedifferensiering frå 1. januar 2004: Fylkeskommunane Buskerud, Telemark og Vestfold med oppgåver innanfor samferdsel og næringsutvikling, Vestlandsrådet (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar) med oppgåver innanfor samferdsel, og Oppland fylkeskommune med prosjektet "Fritt fram", som gjeld forvaltning av statlege verkemiddel (utvalde verkemiddel innanfor arbeidsmarknadstiltak, næringsutvikling, spelemidlar, miljø og landbruk).

Dei budsjettmessige konsekvensane som følger av forsøk med oppgåvedifferensiering, vil bli lagde fram i tilleggspolisjon til St.prp. nr. 1 i november.

2.7.5 Einskapsfylke

Stortinget vedtok 20.6.2002 å setje i verk forsøk med einskapsfylke i samband med behandlinga av

St.meld. nr. 19 (2001-2002). Einskapsfylke tyder at fylkeskommunen blir integrert med fylkesmannsembetet til eitt regionalt organ. Einskapsfylket vil bestå av ein statleg del underlagd departementa og ein fylkeskommunal del underlagd fylkestinget, men vil ha éin administrativ leiar.

I Hedmark vil einskapsfylket bli kombinert med parlamentarisme. Det skal etablerast eit gjensidig forpliktande leiingsorgan for einskapsfylket, der fylkesrådet, fylkesordføraren og fylkesmannen er medlemmer. I Møre og Romsdal vil fylkesrådmannen bli den administrative leiaren for einskapsfylket. Ein tek sikte på å setje i verk forsøk med einskapsfylke frå 1. januar 2004, gitt at vedtekter blir fastsette hausten 2003.

Forsøk med einskapsfylke vil ikkje føre til omprioriteringar på statsbudsjettet.

2.7.6 Tilskot til særleg ressurskrevjande brukarar

Frå 2000 er det gitt kompensasjon til kommunar med særleg ressurskrevjande brukarar over skjønnsstilskotet på budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet. For 2003 er det samla kompensasjonsbeløpet 650 mill. kr. Ved behandlinga av kommuneproposisjonen for 2002 bad Stortinget regjeringa greie ut og gjere framlegg om ei ny toppfinansieringsordning for ressurskrevjande brukarar. Ei interdepartemental arbeidsgruppe vurderte ulike modellar, og rapporten frå gruppa blei hausten 2002 send på høyring til kommunane, brukarorganisasjonar o.a. På grunnlag av dette la departementet fram forslag til ny toppfinansieringsordning i kommuneproposisjonen for 2004. Framlegget bygde på at kommunane skulle få dekt delar av utgiftene når tilbodet passerte eit visst utgiftsnivå per innbyggjar.

I samband med behandlinga av kommuneproposisjonen for 2004 gjorde Stortinget dette vedtaket:

"Stortinget ber Regjeringa innføre en finansieringsordning for særleg ressurskrevende brukere med et innslagspunkt som settes til 700 000 kr der det kompenseres for 80 pst. av de totale utgiftene på landsbasis til særleg ressurskrevende brukere utover det nevnte beløpet, beskrevet som modell 2 i St.prp. nr. 66 (2002-2003). Ordningen finansieres som overslagsbevilgning".

Ettersom utrekningar viser at ordninga kjem til å koste 1,2 mrd. kr i 2004, vil ordninga bli tilført ytterlegare 550 mill. kr i tillegg til dei 650 mill. kr som blei gitt til ressurskrevjande brukarar over skjønnsstilskotet for 2003. Denne auken er føreset finansiert innanfor den samla kommuneramma.

Den nye toppfinansieringsordninga er føresett lagd utanfor skjønnsmidlane for 2004. Departementet føreslo i kommuneproposisjonen for 2004 at toppfinansieringsordninga skulle setjast opp som ein eigen post på kap. 571 Rammetilskot til kommunane. Stortinget sitt vedtak inneber at ordninga skal finansierast som ei overslagsløyving. Ordninga blir derfor føreslått lagd inn på budsjettet for Sosialdepartementet. I 2003 har kommunane fått tildelt 650 mill. kr over Kommunal- og regionaldepartementet sine skjønnsmidlar (kap. 571, post 64). Dette beløpet føreslår regjeringa å overføre til kapittel 621, post 64 i budsjettet for Sosialdepartementet.

2.7.7 Barnehagar

Barnehageplass til alle som ønskjer det

Det målet regjeringa prioriterer høgst i barnehagepolitikken, er full behovsdekning, dvs. barnehageplass til alle som ønskjer det. Ordninga med investeringstilskot er eit viktig verkemiddel for å nå målet i barnehageforliket om at ein skal nå full behovsdekning innan 2005. Det er eit mål å etablere 12 000 nye barnehageplassar i 2004.

Regjeringa fremmar forslag til ei ny lov om generell kompensasjon for meirverdiavgift for kommunesektoren frå 1. januar 2004. Lovendringa vil føre til at både kommunale og private barnehagar får reduserte drifts- og investeringsutgifter. Det er gjennomført ei korrigering på 255 mill. kr i investeringstilskotet, tilsvarande den auka moms-kompensasjonen.

Kommunane er trekte for innsparing knytt til momskompensasjonsordninga for kommunale barnehagar, gjennom rammetilskotet på budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet. Private barnehagar er trekte for innsparing knytt til momskompensasjonsordninga gjennom ei korreksjon på 100 mill. kr i den øyremerkte skjønnsporten på budsjettet for Barne- og familiedepartementet. Skjønnsporten er nærmare omtalt seinare i punkt 2.7.7.

Lågare foreldrebetaling

Regjeringa vil sende forslag til forskrift om foreldrebetalinga på høyring hausten 2003. Forskrifta vil innehalde reglar om innføring av ein fleksibel maksimalpris for foreldrebetalinga, i tråd med forliket. Maksimalprisen vil gjelde for eit ordinært tilbod innanfor dagens lover og forskrifter. Forskrifta vil opne for at barnehagar kan gå utover maksimalprisen dersom barnehagen gir eit tilbod utover det ordinære eller er truga av nedlegging, så framt ein

får godkjenning frå samarbeidsutvalet for barnehagen.

Samla offentleg finansiering på 80 pst. frå 1. mai 2004

I budsjettforslaget legg regjeringa inn tilstrekkeleg med midlar for å oppfylle målet om ei samla offentleg finansiering av barnehagesektoren på 80 pst. frå 1. mai 2004. Regjeringa innrettar bruken av midlane slik at dei vil medverke til å sikre dei andre måla for sektoren, som gjeld auka utbygging, lågare foreldrebetaling og økonomisk likeverdig behandling av alle barnehagar.

80 prosent offentleg finansiering skal skje ved at det statlege driftstilskotet blir halde ved lag på dagens reelle nivå. Alle midlar til reell auke av den offentlege finansieringa i 2004 blir føreslått lagde i ein skjønnsport administrert av fylkesmennene. Dette inneber at denne potten blir vesentleg større enn det beløpet som er skissert i barnehageforliket. Ein auke av skjønnsporten framfor ein generell auke av det statlege driftstilskotet vil i større grad oppfylle føresetnaden i forliket om at kommunane sitt bidrag skal frysast på dagens nivå. Regjeringa har lagt inn 485 mill. kr til ein øyremerkte skjønnsport på budsjettet for Barne- og familiedepartementet. Dette beløpet er knytt til drift av private barnehagar. Barne- og familiedepartementet vil utarbeide nærmare retningslinjer for tildeling av midlane frå skjønnsporten.

Kommunal plikt til økonomisk likebehandling av alle barnehagar

Regjeringa vil sende ut forslag til forskrifter om likeverdig økonomisk behandling på høyring hausten 2003. Forslaget frå regjeringa til innretning av den offentlege finansieringa fører til at økonomisk likeverdig behandling til ein viss grad blir sikra ved at det øyremerkte statlege driftstilskotet også i 2004 blir gitt med høgre satsar til private enn til offentlege barnehagar. Vidare blir det lagt opp til at kommunane kan syte for ytterlegare likebehandling gjennom utforming av kriteria for bruk av skjønnsporten.

Gode og målretta ordningar for barn med særskilde behov

For å gjere ordninga meir målretta vil regjeringa endre tildelingskriteria for tilskotet til tiltak for barn med funksjonshemming i barnehage. Regjeringa føreslår å tildele midlane etter talet på barn i kommunen i alderen 1–5 år. For at kommunane skal kunne omstille seg gradvis, vil omlegginga

skje over 2 år. For 2004 blir derfor halvparten av midlane til kvar enkelt kommune fordelt etter dei noverande kriteria for tildeling, medan halvparten av midlane blir tildelte ut frå talet på barn i alderen 1–5 år.

Regjeringa føreslår også ei ny tilskotsordning til kommunane som skal føre til betre språkforståing blant minoritetsspråklege barn i førskolealder. Ordninga erstattar tilskotet til tospråkleg assistanse og er samtidig ei oppfølging av regjeringa sin handlingsplan Tiltak for å auke deltakinga i samfunnet for barn og unge med innvandrarbakgrunn (2002), forsøket med gratis korttidsbarnehage for 4- og 5-åringar i bydel Gamle Oslo, og erfaringar frå andre bydelar og kommunar. Tilskotet blir tildelt kommunane ut frå talet på minoritetsspråklege barn mellom 1 og 5 år som går i barnehage. Den nye tilskotsordninga tek til å gjelde frå 1. august 2004. Dagens tilskot til tospråkleg assistanse blir vidareført i perioden 1.1.–31.7.2004. Dette blir gjort for å unngå at barn som får tospråkleg assistanse, misser tilbodet midt i barnehageåret.

For nærmare omtale av barnehageopplegget viser vi til budsjettproposisjonen frå Barne- og familiedepartementet.

2.7.8 Opptappingsplanen for psykisk helse

I budsjettforslaget for 2004 blir det sett av 701 mill. kr meir til psykisk helse samanlikna med saldert budsjett for 2003. Av desse går 236 mill. kr til kommunale tenester. I dette beløpet inngår det ei styrking av budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet med 70 mill. kr til husvære tilrettelegde for psykisk sjuke (kap. 586). Det resterande beløpet, 166 mill. kr, går til styrking av Helsedepartementet si løyving til psykisk helsearbeid i kommunane (kap. 743, post 62). Vi viser til nærmare omtale i St.prp. nr. 1 frå Helsedepartementet.

2.7.9 Skoleanlegg

Regjeringa føreslår ei investeringsramme for 2004 på 2 mrd. kr og ei løyving på 222 mill. kr. Løyvinga dekkjer heilårseffekten av investeringsrammene for 2002 og 2003 på i alt 5 mrd. kr, og halvårseffekten av den nye investeringsramma for 2004 på 2 mrd. kr. Vi viser til nærmare omtale av ordninga under Programområde 14 Bustader, bumiljø og bygningssaker, kap. 582, post 60 Rentekompensasjon.

2.7.10 Kollektivtransport

Regjeringa vil styrkje kollektivsatsinga i 2004, og særskilt rette innsatsen mot storbyområda. Ei rad tiltak blir sette i verk i forhold til den lokale kollektivtransporten, mellom anna innføring av ei insentivordning på 100 mill. kr for å stimulere til tiltak som kan gi mindre biltrafikk og eit betre kollektivtilbod i storbyområda, oppretting av eit samordningsorgan for kollektivtransport i hovudstadsområdet, og iverksetjing av forsøk med alternativ organisering av forvaltninga i Bergen, Trondheim, Kristiansandsregionen og på Nord-Jæren. I tillegg vil kollektivsatsinga over vegbudsjettet bli retta inn mot tiltak som gir lågare reisetid og meir punktleg trafikkavvikling i storbyane. Omkring storbyane vil også statleg kjøp av persontransport med tog bli prioritert. Det blir også føreslått å innføre ei meirverdiavgift på persontransport på 6 pst. frå 1. mars 2004. Dette blir gjort for å gi rom for reduserte billettprisar og ei generell styrking av stillinga til kollektivtransporten. Vi viser til nærmare omtale i St.prp. nr. 1 frå Samferdselsdepartementet og St.prp. nr. 1 Skatte-, avgifts- og tollvedtak frå Finansdepartementet.

Del II
Nærmere om budsjettforslaget for 2004

Programområde 13 Administrasjon, innvandring, nasjonale minoriteter, samiske formål, regional- og distriktspolitikk og overføringer gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar

Samla utgifter under programområde 13

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
13.10	Administrasjon o.a.	209 693	238 357	216 950	-9,0
13.20	Innvandring	4 728 422	4 626 154	5 864 236	26,8
13.21	Nasjonale minoriteter	2 700	2 805	2 900	3,4
13.40	Samiske formål	137 819	140 150	145 700	4,0
13.50	Regional- og distriktspolitikk	1 575 518	1 413 500	1 489 050	5,3
13.70	Overføringer gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar	74 708 889	53 302 700	42 832 146	-19,6
Sum område 13		81 363 041	59 723 666	50 550 982	-15,4

Samla inntekter under programområde 13

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
13.10	Administrasjon o.a.	59 410	44 600	46 200	3,6
13.20	Innvandring	885 953	577 466	717 690	24,3
13.40	Samiske formål	7 119	4 650	4 650	0,0
13.50	Regional- og distriktspolitikk	175 446	90 000	90 000	0,0
13.70	Overføringer gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar	64 601	53 471	28 000	-47,6
Sum område 13		1 192 529	770 187	886 540	15,1

Programkategori 13.10 Administrasjon o.a.

Samla utgifter under programkategori 13.10

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
500	Kommunal- og regional- departementet (jf. kap. 3500)	194 007	197 357	199 800	1,2
502	Valutgifter	4 113	29 000	5 000	-82,8
503	Arbeidsretten, meklings- institusjonane o.a. (jf. kap. 3503)	11 573	12 000	12 150	1,3
Sum kategori 13.10		209 693	238 357	216 950	-9,0

Samla inntekter under programkategori 13.10

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
3500	Kommunal- og regional- departementet (jf. kap. 500)	5 679			
3503	Arbeidsretten, meklingsinstitusjo- nane o.a. (jf. kap 503)	47			
5316	Kommunalbanken AS	24 484	13 800	13 800	0,0
5616	Renter og utbytte i Kommunalbanken AS	29 200	30 800	32 400	5,2
Sum kategori 13.10		59 410	44 600	46 200	3,6

Kap. 500 Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 3500)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	150 290	163 166	165 700
21	Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag, kan overførast	9 119	9 549	10 600
22	KOSTRA-rapporteringssystem for kommunar og fylkeskommunar, kan overførast	14 034	1 142	
45	Større kjøp av utstyr og vedlikehald, kan overførast	4 264	5 481	5 500
50	Forskningsprogram via Noregs forskingsråd	16 300	18 019	18 000
	Sum kap. 500	194 007	197 357	199 800

I høve til 2003 er desse tekniske endringane gjorde:

Post 1 er oppjustert med om lag 1,1 mill. kr, mot ei tilsvarende nedjustering av post 22. KOSTRA-prosjektet blei avslutta i 2002, og nødvendig løyving til drift er flytta til post 1. Post 1 er vidare oppjustert med 0,5 mill. kr, mot ei tilsvarende nedjustering av kap. 258, post 21 i samband med at ansvaret for forvaltninga av norskopplæringa for vaksne innvandrarak blir overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet frå 1. januar 2004.

Kapitlet omfattar

- lønn til tilsette og drift av departementet
- forskning og utgreiing på dei felte der departementet har eit sektoransvar
- kjøp av datautstyr og programvare som blir nytta til utviklinga av IKT-system i departementet
- støtte frå departementet til forskning i regi av Noregs forskingsråd på dei felte der departementet har eit sektoransvar

Post 1 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til lønn til tilsette og til drift av departementet.

Resultatrapport for 2002-2003

1. januar 2003 var 261 stillingar lønte over kap. 500, post 1 på budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet.

Per 1. januar 2003 var 61 pst. av dei tilsette kvinner. Dette er ein nedgang på 3 prosentpoeng i for-

hold til 2002. Det er eit fleirtal av kvinner i alle stillingskategoriar, bortsett frå på ekspedisjonssjefsnivå, der det er 14 pst. kvinner. Det er 52 pst. kvinner på avdelingsdirektørnivå og 67 pst. på underdirektørnivå. I perioden 2002-2003 har departementet i tillegg til dei faste budsjettproposisjonane utarbeidd desse meldingane og proposisjonane som er lagde fram for Stortinget:

- St.meld. nr. 31 (2002-2003) Storbymeldingen
- St.meld. nr. 13 (2002-2003) Om verksemda til Statens Husbank 2000-01
- St.meld. nr. 10 (2002-2003) Om verksemda i Sametinget 2001
- St.prp. nr. 66 (2002-2003) Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2004 (kommuneproposisjonen)
- St.prp. nr. 41 (2002-2003) Om tilleggsbevilgning til dekning av utgifter knyttet til økte strømpriser for bostøttemottakere
- Ot.prp. nr. 105 (2002-2003) Om lov om endringar i kommuneloven m.m. (interkommunalt samarbeid)
- Ot.prp. nr. 95 (2002-2003) Om lov om endringer i utlendingsloven (Dublin II-forordningen)
- Ot.prp. nr. 70 (2002-2003) Om lov om endringer i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner m.m. (kommunal revisjon)
- Ot.prp. nr. 49 (2002-2003) Om lov om endringer i utlendingsloven
- Ot.prp. nr. 36 (2002-2003) Om lov om endring i lov 26. juni 1992 nr. 87 om forsøk i offentlig forvaltning
- Ot.prp. nr. 34 (2002-2003) Om lov om endring i samelova m.m.

- Ot.prp. nr. 30 (2002-2003) Om lov om bustadbyggjelag (bustadbyggjelagslova) og lov om burettslag (burettslagslova)
- Ot.prp. nr. 28 (2002-2003) Om lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonslova)
- Ot.prp. nr. 26 (2002-2003) Om lov om lønnsnemndbehandling av arbeidstvistene mellom Norsk Helse- og Sosialforbund og Norsk Kommuneforbund på den ene siden og Servicebedriftenes Landsforening på den andre siden i forbindelse med tariffrevisjonen 2002
- Ot.prp. nr. 19 (2002-2003) Om lov om endringer i utlendingsloven og i lov 8. desember 1950 nr. 3 om norsk riksborgarrett (gebyr)
- Ot.prp. nr. 10 (2002-2003) Om lov om lønnsnemndbehandling av arbeidstvisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening i samband med tariffrevisjonen 2002

På det innvandringspolitiske området har departementet eit omfattande internasjonalt samarbeid med Schengen-/EU-landa. Det er mellom anna inngått ein ny avtale, Dublin II, i samband med tilbaketaking av asylsøkjjarar. Noreg skal ha formannsvervet i Intergovernmental Consultations (IGC) frå andre halvår 2003 og formannskapet i Nordisk Samrådsgruppe på Høgt Nivå (NSHF) frå same tidspunkt. I tillegg deltek departementet i ei rad andre multilaterale forum knytte til migrasjon. Det internasjonale samarbeidet er særskilt viktig på migrasjonsfeltet, ettersom Noreg i utforminga av sin politikk er avhengig av å ha kjennskap til utviklinga i andre land.

På det regionalpolitiske området har det vore eit omfattande internasjonalt samarbeid i perioden 2002-03. Dette gjeld både i Norden, i forhold til våre nærområde i Nordvest-Russland og Baltikum (Barentsprogrammet og Austersjøprogrammet) og i Europa gjennom vår deltaking i ni av EU sine grenseregionale, transnasjonale og interregionale program (Interreg). Departementet deltek gjennom ESPON i eit omfattande utgreiings- og forskingsprogram på det regionalpolitiske området. Samarbeidsprogrammet vil gje nyttig kunnskap og vere av verdi for Noreg som EØS-medlem. Departementet har også lagt ned store ressursar i oppfølginga av den europapolitiske plattformen til regjeringa, og i denne samanhengen leidd ei arbeidsgruppe for å greie ut regjeringa sin strategi på dette området i forhold til regionale og lokale styresmakter. Arbeidsgruppa er no vidareført i form av ei kontaktgruppe. Vidare har departementet delteke aktivt i arbeidet med utvidinga av EØS med 10 nye medlemsland, spesielt i forhand-

lingane om det økonomiske bidraget frå EFTA-sida.

Ved EU-delegasjonen i Brussel er det ei eiga stilling som ambassaderåd for regionale og kommunale saker. Ambassaderåden held norske styresmakter på sentralt og regionalt/lokalt nivå jamleg orienterte om utviklinga i EU og EØS innanfor desse områda, og hjelper styresmaktene i arbeidet med å få gjennomslag for norske interesser i EU- og EØS-relevante saker.

Det blei i 2000 etablert eit fast samarbeid mellom ministrar som er ansvarlege for samiske saker, og sametingspresidentane i Finland, Sverige og Noreg for regelmessig orientering, drøfting og behandling av samiske spørsmål av felles interesse. Kommunal- og regionaldepartementet har i 2003 sekretariatsansvaret for Nordisk embetsmannsorgan for samiske spørsmål, som tek seg av førebuing og oppfølging av saker til minister- og samepresidentmøta. Den nordiske ekspertgruppa som skal utarbeide utkast til ein nordisk samekonvensjon, begynte arbeidet sitt i januar 2003. Saman med Utanriksdepartementet deltek Kommunal- og regionaldepartementet også aktivt i forhandlingane om ei FN-fråsegn om rettane til urfolk.

Som fagdepartement for Habitat-spørsmål følgde departementet i samarbeid med Utanriksdepartementet opp norsk deltaking i FN sitt busetjingsprogram (UN Habitat) og leidde dei norske delegasjonane til det første fagforumet under Habitat, "World Urban Forum", i 2002 og til styremøte i Habitat i mai 2003.

Departementet følgjer aktivt med i utviklinga internasjonalt som har relevans for kommunesektoren, og deltek mellom anna i Europarådet og OECD og på årlege møte med våre nordiske kollegaer.

Departementet sin bruk av Internett som ein viktig informasjons- og formidlingskanal er aukande. Det blei i 2003 oppretta fleire nettportalar/temasider på departementet sine arbeidsområde. Døme på dette er internettside i samband med avviklinga av valet, internettside om kommunesamanslåing og interkommunalt samarbeid, temaside om modernisering i kommunesektoren og "konkurransportalen", som skal vere eit hjelpemiddel for kommunane i samband med offentlege innkjøp.

Resultatmål for 2004

Kommunal- og regionaldepartementet har det overordna ansvaret for utforminga og gjennomføringa av den nasjonale politikken og for samordning av denne politikken når det gjeld innvandring, nasjonale minoritetar, samiske formål, regional- og

distriktspolitikk, den statlege styringa av verksemda i kommunane og fylkeskommunane, bustad- og bumiljøtiltak og forvaltning av byggjetiltak.

Departementet har ansvar for verksemdsstyring av Utlendingsdirektoratet, Utlendingsnemnda, Senter mot etnisk diskriminering, Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene, Kompetansesenter for rettane til urfolk, Husbanken, Statens bygningstekniske etat og Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus. Arbeidsretten, Riksmeklingsmannen og Sametinget er òg knytt til departementet.

Departementet og verksemdene står framfor store oppgåver når det gjeld å følgje opp dei måla regjeringa og Stortinget har fastsett.

Kommunal- og regionaldepartementet vil i 2004 mellom anna arbeide med desse prosjekta og større arbeida:

- ny statsborgarlov
- nye prosedyrar for behandling av asylsøknader innan 48 timar
- omlegging av advokatordninga for asylsøkjjarar
- obligatorisk norskopplæring for nye innvandrarar
- stortingsmelding om utfordringar i eit fleirkulturelt Noreg
- ny lov mot etnisk diskriminering
- endring av styringsforholdet mellom departementet, UDI og UNE
- oppfølging av evalueringa av UNE
- styrking av integreringsarbeidet, som kan innebære ei deling av UDI
- stortingsmelding om verksemda i Sametinget
- deltaking i nordisk samisk samarbeid gjennom embetsmannsorganet for samiske spørsmål
- oppfølging av satsinga på samisk språk og informasjon; styrking av bruken av samisk i IT-samanheng i offentleg forvaltning
- administrativ oppfølging av Finnmarkslova
- oppfølging av arbeidet i distriktskommisjonen. Departementet er sekretariat for kommisjonen, som går igjennom heilskapen i den norske regional- og distriktspolitikken og arbeider med konkrete forslag til endringar i forhold til dagens politikk. Arbeidet er planlagt avslutta hausten 2004.
- førebuing av stortingsmelding om regionalpolitikk, som etter planen skal leggjast fram våren 2005
- omlegging av differensiert arbeidsgivaravgift, inkludert arbeidet med næringsretta utviklingsiltak og transportstøtteordning som kompensasjon for auka avgift

- vidare oppfølging av ansvarsreforma, med utvikling av eit nytt opplegg for dialog med regionalt nivå
- oppfølging av Effektutvalet. Effektutvalet undersøker den samla effekten av distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel innanfor ulike politikkområde.
- medverking til utvikling av den regionalpolitiske rolla til eit nytt verkemiddelapparat som vil bli oppretta frå 2004
- oppfølging av ein heilskapleg innovasjonspolitikk
- gjennomgang av statleg tilsyn med kommunesektoren
- gjennomgang av dei juridiske rammevilkåra for interkommunalt samarbeid. Høyringsnotat er planlagt ferdigstilt i løpet av 2004, med etterfølgjande framlegging av lovproposisjon for Stortinget.
- den planlagde gjennomgangen og revisjonen av enkelte delar av kommunelova, med sikte på å leggje fram ein proposisjon i 2005
- utgreiing om det rettslege grunnlaget for lokale folkeavrøystingar
- forsøk med einskapsfylke og kommunal oppgåvedifferensiering
- konsultasjonsordninga mellom staten og kommunesektoren
- ulike prosjekt knytte til modernisering i kommunane, mellom anna omstillingsprogram, friare brukarval og effektivitetsnettverk
- gjeninnføring av kommunal selskapskatt frå 1.1.2005
- nytt inntektssystemutval blir sett ned hausten 2003 og skal levere si innstilling innan 1. juli 2005. Utvalet skal gå igjennom finansieringssystemet for kommunesektoren.
- nytt utval for kommunal eigedomsforvaltning blir sett ned hausten 2003
- leiing av den norske deltakinga på det andre fagforumet under Habitat – World Urban Forum. Departementet skal også hjelpe Utanriksdepartementet og Miljøverndepartementet med å følgje opp det norske formannskapet i Kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD), som i 2004 og 2005 skal behandle busettjings spørsmål.
- revisjon av bygningslovgivinga. Bygningslovutvalet arbeider med ein total revisjon av bygningsdelen av plan- og bygningslova. I mandatet for utvalet er forenkling og effektivisering særleg framheva, i tillegg til ei opprydding i strukturen i lova. Utvalet kjem med si første delutgreiing i oktober 2003. Denne delutgreiinga vil mellom anna innehalde forslag til lovregulering av instituttet utbyggingsavtalar. Den siste delinnstillinga frå lovutvalet kjem medio 2005. Ho

vil innehalde forslag til andre endringar i bygningsdelen av lova.

Internasjonalt vil Kommunal- og regionaldepartementet delta i ei rad samarbeidsorgan innanfor dei politikkområda som ligg til departementet. Det blir årleg halde kontaktnøte mellom dei nordiske ministrane med ansvar for kommunesektoren, og i 2004 er Noreg vertskap for møtet.

Både det nordiske samarbeidet, nærområde-samarbeidet og Interreg-samarbeidet vil krevje ein stor innsats i 2004. Samarbeidet med dei nye EØS-landa vil få ein ny dimensjon ved at det økonomiske bidraget til finansiering av utvidinga også omfattar regionalpolitikk og grenseregionalt samarbeid.

Kontaktgruppa for regjeringa si europapolitiske plattform vil framleis måtte givast høg prioritet. Denne gruppa har mellom anna ansvaret for det politiske forumet som er vedteke etablert mellom Utanriksdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet og regionale og lokale politiske styresmakter.

I Styringskomiteen for lokalt og regionalt demokrati under Europarådet vil ei hovudoppgåve vere å utarbeide forslag til eit legalt instrument for regionalt sjølvstyre. Forslaget skal leggjast fram på Europarådet sin kommunalministerkonferanse hausten 2004.

Budsjettforslag for 2004

Løyvinga på post 1 skal dekkje kostnader til lønn og drift av departementet. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3500 post 1, jf. forslag til romartalsvedtak II. Det blir føreslått ei løyving på 165,7 mill. kr for 2004. Dette er ein liten auke i forhold til 2003. Auken kjem i hovudsak av at løyvinga på post 22 blir føreslått flytta til post 1, og av at departementet tek over ansvaret for norskopplæringa for vaksne innvandrarakar frå Utdannings- og forskingsdepartementet, jf. kap. 521 post 61.

Post 21 Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag, kan overført

Posten omfattar forskings- og utgreiingsverksemd på alle dei felte departementet har ansvar for. Hovudsiktemålet med FoU-arbeid utført for Kommunal- og regionaldepartementet er å få fram kunnskap på dei felte der departementet har eit sektoransvar. FoU-verksemda skal medverke til å skaffe fram kunnskap som kan gi eit best mogleg grunnlag for avgjerder på dei områda der departementet står ansvarleg for politikken. For 2002 og 2003 er løyvinga nytta på desse områda:

Tabell 3.1 Oversikt over bruken av løyvinga på kap. 500, post 21i 2002 og 2003

	(i 1 000 kr)	
	Rekneskap 2002	Budsjett 2003
Prosjekt fordelte på forskingsområde:		
Bustadspørsmål	3 707	2 550
Regionale spørsmål	490	400
Kommunalforsking	1 505	3 052
Samiske spørsmål	782	1 120
Innvandrarspørsmål	2 115	2 060
Diverse	520	518
Sum post 21 Forsking og utgreiing	9 119	9 700 ¹

¹ Løyvinga for 2003 var på 9,5 mill. kr. Overførte midlar frå 2002 er tekne med i fordelinga.

Midlane blir fordelte ut frå ei heilskapleg samordning av forskings- og utgreiingsverksemda. Midlane blir nytta til å imøtekomme behovet for

kunnskap i departementet når det gjeld statistikk/data, analysar, forskingsprosjekt og forskingsformidling. Midlane blir også nytta til å dekkje utgif-

ter til prosjekt og utviklingsarbeid i departementet. Forsking blir i tillegg finansiert over nokre av fagkapitla.

Budsjett for 2004

Det blir føreslått ei løyving på 10,6 mill. kr for 2004.

Post 22 KOSTRA – rapporteringssystem for kommunar og fylkeskommunar, kan overførast

Posten har dekt utgiftene til KOSTRA-prosjektet, som no er avslutta. Alle kommunar og fylkeskommunar rapporterer no om økonomi og tenesteproduksjon etter KOSTRA-modellen. I 2003 blei det på denne posten løyvt om lag 1,1 mill. kr, mellom anna til departementet sin funksjon som koordinator på området kommunal statistikk. Desse midlane er frå 2004 lagde inn under kap. 500, post 1.

Post 45 Større kjøp av utstyr og vedlikehald, kan overførast

Det blir føreslått ei løyving på posten på 5,5 mill. kr for 2004. Dette er om lag det same som for 2003. Løyvinga vil i hovudsak bli nytta til investeringar på utstyrs- og systemsida innanfor IT-området, mellom anna til nødvendige nettverkstilpassingar i forhold til gradert informasjon.

Post 50 Forskingsprogram via Noregs forskingsråd

Støtte frå departementet til forskning i regi av Noregs forskingsråd skal i hovudsak medverke til å realisere overordna mål innanfor departementet sitt ansvarsfelt. Departementet sitt sektoransvar inneber mellom anna å leggje langsiktige strategiar for kunnskapsoppbygging på dei felte som høyrer inn under departementet.

Dei forskingsprogramma Kommunal- og regionaldepartementet er med å finansiere under denne posten, er: "Program for samisk forskning", "Internasjonal migrasjon og etniske relasjonar" (IMER), "Regional utvikling", "Byutvikling – drivkrefter og planleggingsutfordringar", "Evaluering av plan- og bygningslova", "Bustad og levekår" og "Kommune-lova". For 2003 blei det over denne posten løyvt 18 mill. kr til dei nemnde programma.

"Program for samisk forskning" er etablert for perioden 2001–2005. Målet med programmet er å rekruttere og stimulere til forskning som kan gi ny kunnskap og nye perspektiv, og å stimulere til tverrfagleg og fleir-institusjonelt samarbeid innanfor samisk forskning. Programmet skal ta hand om

og få fram fagfelt, forskingsfelt og miljø som til dels har veikare forskingstradisjonar enn dei tradisjonelle og etablerte. Samtidig skal programmet medverke til å byggje opp eit kunnskapsgrunnlag som kan vere til nytte for samiske og norske avgjerdstakarar. Programmet er finansiert av Utdannings- og forskingsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet.

Forskingssatsinga "Internasjonal migrasjon og etniske relasjonar" (IMER) (2002–2004) omfattar 11 prosjekt som gjeld flyktningkvinner, transnasjonale familiar, det fleirkulturelle samfunnet og internasjonal migrasjon. Det er lagt vekt på eit kjønns-perspektiv. Målet er å vedlikehalde forskarkompetansen og byggje opp ny kunnskap om den internasjonale migrasjonen og kva følgjer han får for Noreg på dei omtalte områda. Satsinga blir finansiert av Utdannings- og forskingsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet.

"Regional utvikling" (REGUT) er eit handlingsretta program som har som mål å få fram ny kunnskap om regionale utviklings- og omstillingsprosessar. I 2002 var 27 prosjekt i 13 forskingsmiljø i aktivitet. Programmet hadde også ei stor publiserings- og formidlingsverksemd i 2002. Dei tema-inndelte forskarnettverka, som har aktivisert forskarar frå eit breitt felt både nasjonalt og internasjonalt, blir vurderte som viktige arenaer for fagleg diskusjon, utvikling og formidling. Programmet blir finansiert av Kommunal- og regionaldepartementet, Miljøverndepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Finansdepartementet og Samferdselsdepartementet. Programmet blir avslutta i 2003.

"Byutvikling – drivkrefter og planleggingsutfordringar" skal auke den forskingsbaserte kunnskapen om urbane område. Det blir særleg gjort ved at ein fokuserer på samanhengen mellom teknologiske endringar, demografiske faktorar, næringsutvikling og sosiale og kulturelle endringsprosessar. Ein tek sikte på å identifisere dei viktigaste drivkreftene bak urbaniseringsprosessar og utviklinga i byane. Programmet tek utgangspunkt i dei norske storbyregionane – Osloregionen, Bergensregionen Stavanger/Sandnes-regionen og Trondheimsregionen – i tillegg til landsdelssentra Tromsø og Kristiansand. I 2002 var det eit høgt aktivitetsnivå. Mange prosjekt er komne langt. Programmet har vore til nytte i utforming av politikken og har gitt innspel til arbeidet med storbymeldinga frå regjeringa. Programmet er blitt støtta av Utdannings- og forskingsdepartementet, Miljøverndepartementet, Samferdselsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet. Programmet er etablert for perioden 2000–2004.

Evalueringsprosjektet for endringar i plan- og bygningslova blei sett i gang i 2000 etter initiativ

frå departementet. Evalueringa omfattar verknaden av byggjesaksreforma som blei sett i verk frå 1.7.1997. Målet er å vurdere om byggjesaksreforma har hatt den tiltenkte verknaden. I 2002 var fem prosjekt i gang. Prosjekt innanfor tema byggskade og byggfeil, endra roller for BAE-næringa i byggjeprosessen, kommunal iverksetjing og kvalitet og estetikk, er avslutta. Det har også vore sett i gang arbeid i samband med tids- og ressursbruk i den kommunale plan- og byggjesaksbehandlinga. I tillegg er det sett i gang fire nye prosjekt som tek for seg nytte-/kostnadsanalysar, byggkvalitet, godkjenningssordninga og eingongsbyggheerrar. Evalueringa er planlagt å vare fram til og med 2004.

Målet for programmet "Bustad og levekår" (1997–2002) var å skape betre vilkår for ei langsiktig bustadforskning. Programmet skulle mellom anna medverke til å auke forståinga for samhengane mellom bustad, butilhøve og levekår, for korleis bustadmarknaden fungerer, og for effektar av offentlege inngrep. Det blei sett i gang 20 prosjekt. Det blei gitt tilskot til enkelte prosjekt også i 2003.

Programmet "Kommunelova" (1997–2002) skal kartlegge og analysere verknadene av kommunelova av 1993 for det kommunale og fylkeskommunale styringssystemet, for den statlege styringa og for innbyggjarane. Programmet gjennomførte i 2002 siste del av den ordinære driftsfasen og gjennomførte ei større avslutningsmarkering. Programmet har totalt finansiert 26 FoU-prosjekt. Programmet

har i tillegg til midlar frå Noregs forskingsråd fått støtte frå Miljøverndepartementet, Sosial- og helsedepartementet, Kommunenes Sentralforbund og Kommunal- og regionaldepartementet. Kommunal- og regionaldepartementet løyvde i 2003 midlar til avslutning av programmet og til førebuing av vidare forskning om kommunesektoren. Tre forskingsprosjekt blei sette i verk. 2003 er det siste året med aktivitet i dette programmet.

Budsjett for 2004

Det blir føreslått ei løyving på 18 mill. kr i 2004 til program i regi av Noregs forskingsråd. Midlane vil bli brukte til vidareføring av programmet for samisk forskning, til vidareføring av den tematiske IMER-satsinga (2002–2004), til evaluering av plan- og bygningslova, til programmet for byutvikling og til igangsetjing av ei ny satsing innanfor Kommunal- og regionaldepartementet sitt sektoransvar. Departementet ser behov for forskning både på regionalpolitiske spørsmål, på spørsmål knytte til kommunesektoren og på enkelte tema knytte til levekårsforskning. Vi ønskjer ei strategisk satsing med fleirårig perspektiv. Organiseringa av den vidare programverksemda vil bli vurdert og konkretisert hausten 2003, med utgangspunkt i aktuelle behov og med sikte på ei felles, tverrgående satsing.

Kap. 3500 Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 500)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Tilfeldige inntekter	770		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 873		
17	Refusjon lærlingar	349		
18	Refusjon av sjukepengar	2 687		
	Sum kap. 3500	5 679		

Det blir ikkje budsjettert med inntekter på desse postane.

Kap. 502 Valutgifter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	3 746	29 000	5 000
60	Refusjon til kommunar	367		
	Sum kap. 502	4 113	29 000	5 000

I 2004 er det ikkje val. Den føreslåtte løyvinga er derfor mykje lågare enn den tilsvarende løyvinga i budsjettet for 2003.

Post 1 Driftsutgifter

Denne posten omfattar dei direkte utgiftene staten har ved lokalval og ved val til Stortinget. Løyvinga skal dekkje etterslep av utgifter etter kommune- og fylkestingsvalet i 2003 (kr 300 000) og drift av partiregisteret i Brønnøysund (kr 350 000). Det er vidare sett av 2 mill. kr til vidareutvikling av valnattprosjektet, som er det systemet departementet har etablert for å samle inn, lage prognosar for og formidle valresultat. Som følgje av ny vallov

må det lagast eit dataprogram for fordeling av utjammingsmandata ved stortingsval. Det er budsjettert med 1 mill. kr til dette. Det er sett av kr 500 000 til forsøksverksemd og evaluering av forsøk. Endeleg er det sett av kr 850 000 til andre utgifter, mellom anna til godtgjersle til klagenemnda for registrering av politiske parti og til kjøp av tenester frå eit fylkesmannsembete.

Rapport for 2002

Det blei ikkje avvikla val i 2002. Budsjettet gjekk i hovudsak til utvikling og drift av partiregisteret, til utvikling av valnattprosjektet, til konferansar om ny vallov og til distribusjon av valurner.

Kap. 503 Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a. (jf. kap. 3503)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	10 144	10 500	10 600
21	Spesielle driftsutgifter, kan overførast	1 429	1 500	1 550
	Sum kap. 503	11 573	12 000	12 150

Arbeidsretten

Arbeidsretten behandlar tvistar som dreier seg om tariffavtalar er gyldige, og om korleis dei skal tolkast. Arbeidsretten behandlar også visse tvistar som gjeld tolking av reglane i arbeidstvistlova og tenestetvistlova, tvistar om brot på tariffavtalar og tvistar om sanksjonar ved slike avtalebrot.

Arbeidsmengda til Arbeidsretten var stor også i 2002. Retten behandla noko færre saker i 2002 enn året før. Årsaka til det var den store saka om kom-

munale pensjonsordningar, ei sak som kravde store ressursar. Tilfanget av saker tyder på at arbeidsmengda vil vere omfattande også i 2004. Det blir stilt særlege krav til rask behandling av saker som kjem inn til Arbeidsretten, og det blir kravd høg kompetanse i retten. Behandlinga er underlagd dei krava som følgjer av lovgivinga om Arbeidsretten og dei tvistane som er lagde til retten.

Meklingsinstitusjonen

Meklingsinstitusjonen skal mekle i interessetvistar mellom partane i arbeidslivet. Dei fleste tariffavtalar gjeld for to år. Arbeidsmengda hos Riksmeklingsmannen varierer, med eit hardt arbeidspress i dei åra partane i arbeidslivet reviderer heile tariffavtalen, som i 2000, 2002 og 2004, og med færre arbeidsoppgåver i mellomåra, når partane berre forhandlar om lønnsjusteringar. Til dømes var det 125 meklingar i 2002, mot berre 26 i 2001.

Målsetjinga for meklingsinstitusjonen er å få partane forlikte, og syte for at partane kjem til mekling utan ventetid. Den varierande arbeidsmengda gjer at meklingsinstitusjonen treng fleksible ordningar når det gjeld bemanning.

Rikslønnsnemnda og Tariffnemnda

Rikslønnsnemnda behandlar interessetvistar som partane i arbeidslivet bringar inn til avgjerd, og tvistar som dei lovgivande styresmaktene vedtek skal løysast ved tvungen lønnsnemnd. Rikslønnsnemnda behandla 2 saker i 2002.

Tariffnemnda behandlar krav frå partane i arbeidslivet om at dei lønns- og arbeidsvilkåra som

følgjer av ein tariffavtale, skal gjerast gjeldande også for utanlandske arbeidstakarar. Tariffnemnda hadde ingen saker til behandling i 2002.

Post 1 Driftsutgifter

Posten omfattar utgiftene til Arbeidsretten, meklingsinstitusjonen, Rikslønnsnemnda og Tariffnemnda. Det blir føreslått ei løyving på 10,6 mill. kr for 2004.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Saksmengda og utgiftene til institusjonane under kapitlet varierer, mellom anna etter korleis lønnsoppgjera går, om det er hovud- eller mellomoppgjer, og om oppgjera er samordna eller forbundsvis. Posten skal dekkje auka utgifter ved institusjonane under kapitlet, og løyvinga skal også gå til kompetanseoppbygging og utgreiingar på feltet kollektiv arbeidsrett. Utbetalingane kan skje seinare enn det som er lagt til grunn. Vi ber derfor om at posten får stikkordet "kan overførast".

Det blir føreslått å løyve 1,5 mill. kr for 2004.

Kap. 3503 Arbeidsretten, meklingsinstitusjonane o.a. (jf. kap. 503)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
18	Refusjon av sjukepengar	47		
	Sum kap. 3503	47		

Kommunalbanken AS

Kommunalbanken AS blei stifta 1. november 1999 som ei vidareføring av verksemda til statsbanken Noregs Kommunalbank. Selskapet skal gi lån til kommunar, fylkeskommunar, interkommunale sel-

skap og andre selskap som utfører kommunale oppgåver. Låna skal givast mot kommunal eller statleg garanti, eller sikrast på annan måte. Selskapet er ått med 80 pst. av staten og 20 pst. av Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

Kap. 5316 Kommunalbanken AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
70	Garantiprovisjon	24 484	13 800	13 800
	Sum kap. 5316	24 484	13 800	13 800

Post 70 Garantiprovisjon

Kommunalbanken har sidan 1996 betalt garanti-
provisjon til staten av banken sine innlån, knytt til
at staten garanterte for dei låna banken tok opp.
Ved omdanninga til aksjeselskap 1.11.1999 blei
statsgarantien avvikla for nye innlån, men blei hal-
den ved like for lån tekne opp før 1.11.1999.

Departementet gjer framlegg om ein sats på
garantiprovisjonen på 0,1 pst., jf. utkast til romar-
talsvedtak. Garantiprovisjonen er rekna ut på
grunnlag av statsgaranterte innlån i 2002. Ein
reknar med at provisjonsinntekta blir på 13,8 mill.
kr i 2004.

Kap. 5616 Renter og utbytte i Kommunalbanken AS

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
81	Aksjeutbytte	29 200	30 800	32 400
	Sum kap. 5616	29 200	30 800	32 400

Post 81 Aksjeutbytte

I statsbudsjettet for 2001 blei desse krava til avkast-
ning og denne utbyttepolitikken varsla:

- Avkastningskravet for Kommunalbanken AS er
3 prosentpoeng over risikofri rente på 3-års
statsobligasjonar etter skatt (nominelt) av verdi-
justert egenkapital frå rekneskapsåret 2001.
- Utbytte bør setjast til 5 pst. av verdijustert
egenkapital, maksimalt 75 pst. av årsresultatet
etter skatt frå rekneskapsåret 2001. Prosentsat-
sen bør utgjere om lag halvparten av det nor-
merte avkastningskravet, og kan justerast éin
gong årleg dersom prosentsatsen i vesentleg
grad avvik frå dette.
- Utbyttepolitikken og avkastningskravet bør lig-
gje fast over ein periode på 3–5 år. Oppnådd
avkastning bør målast ved hjelp av eksterne ver-
divurderingar som blir henta inn med jamne
mellomrom.

Aksjeutbyttet som Kommunalbanken AS skal
betale til staten i 2004, blir fastsett på dette grunn-

laget. Utbytte blir betalt etterskotsvis, det vil seie
på basis av rekneskapa til banken for 2003. Det
blir budsjettert med eit aksjeutbytte på 32,4 mill. kr
i 2004.

Ved ein ny gjennomgang av avkastningskravet
og utbyttepolitikken overfor Kommunalbanken
ønskjer departementet å ta utgangspunkt i den
såkalla kapitalverdimodellen. Det er gjort greie for
denne modellen i St.prp. nr 1 (2001-2002) Gul bok
(pkt. 7.7.1) Generelle virkemidler for eierstyring.
Avkastningskravet er definert som den forventa
avkastninga eigaren kunne ha oppnådd ved ei alter-
nativ plassering med tilsvarande risiko. Kravet blir
stilt i forhold til den avkastninga selskapet har etter
skatt på eigenkapitalen. Dei nye retningslinjene vil
ha verknad frå og med rekneskapsåret 2004.

Aksjeutbytte føreslår ein sett til ein gitt prosent-
del av den verdijusterte eigenkapitalen, maksimalt
75 pst. av årsresultatet etter skatt, frå og med
rekneskapsåret 2004. Prosentsatsen bør utgjere
om lag halvparten av det normerte avkastningskra-
vet.

Programkategori 13.20 Innvandring

Samla utgifter under programkategori 13.20

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
520	Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 3520)	2 152 969	1 490 270	1 681 333	12,8
521	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara (jf. kap. 3521)	2 484 486	3 020 914	4 069 903	34,7
522	Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 3522)	5 788	6 300	6 600	4,8
523	Kontaktutvalet mellom innvandrara og styresmaktene (jf. kap. 3523)	3 408	3 800	4 600	21,1
524	Utlendingsnemnda (jf. kap. 3524)	81 771	104 870	101 800	-2,9
	Sum kategori 13.20	4 728 422	4 626 154	5 864 236	26,8

Samla inntekter under programkategori 13.20

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
3520	Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 520)	771 470	504 676	654 090	29,6
3521	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara (jf. kap. 521)	112 003	72 790	63 600	-12,6
3522	Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 522)	114	0	0	0,0
3523	Kontaktutvalet mellom innvandrara og styresmaktene (jf. kap. 523)	225	0	0	0,0
3524	Utlendingsnemnda (jf. kap. 524)	2 141	0	0	0,0
	Sum kategori 13.20	885 953	577 466	717 690	24,3

Mål og utfordringar

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvar for innvandrings-, flyktning- og integreringspolitikken, utlendingslova, statsborgarlova og introduksjonslova.

Utlendingsdirektoratet (UDI) skal setje i verk flyktning-, innvandrings- og integreringspolitikken på Kommunal- og regionaldepartementet sitt ansvarsområde. Direktoratet gir også faglege bidrag til utviklinga av tiltak og regelverk.

Utlendingsnemnda (UNE) er eit frittstående forvaltningsorgan som behandlar klager som gjeld vedtak i UDI etter utlendingslova. Også politiet, utanriksstasjonane og fylkesmennene har oppgåver som gjeld utlendings- og statsborgarspørsmål.

Departementet skal følgje opp det omfattande internasjonale samarbeidet på migrasjonsområdet, særleg i Norden, EU (inkludert Schengen), Europarådet og ulike FN-organ, i første rekkje Høgkommissæren for flyktingar (UNHCR).

Senter mot etnisk diskriminering (SMED) er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Senteret har som hovudoppgåve å yte rettshjelp i saker om diskriminering på grunnlag av tru, hudfarge eller nasjonalt eller etnisk opphav, og skal dokumentere og overvake slik diskriminering.

Kontaktutvalet mellom innvandrarak og styresmaktene (KIM) er eit rådgivande organ som kan drøfte alle prinsipielle sider ved norsk flykting-, innvandrings- og integreringspolitikk. I tillegg er det eit forum for kontakt og dialog.

Regjeringa sin politikk på området innvandring, flyktingar og integrering har desse hovudmåla:

- regulert innvandring
- vern for flyktingar
- like høve til deltaking

I tillegg kjem målet om at forvaltninga på området skal vere effektiv og brukarorientert.

Reguleringa av innvandringa skal vere i samsvar med internasjonale forpliktingar og behovet for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft. Det skal òg leggjast til rette for kultur- og kunnskapsutveksling. Arbeidet med å lage meir liberale reglar for arbeidsinnvandring, også for ufaglærte arbeidstakarar, held fram. EØS-utvidinga i 2004 vil ventleg føre til auka innvandring som kan bli eit nyttig tilskot til norsk økonomi.

Tiltak mot organisert menneskesmugling og ulovleg innreise er ein nødvendig del av innvandringskontrollen. Asylsøkjarak som ikkje har behov for vern i Noreg, skal sendast ut så fort søknaden er vurdert. Tiltak mot kriminalitet blant asylsøkjarak er prioritert. Reglane for familiesamanføring vil etter planen bli stramma inn, mellom anna for å motarbeide tvangsekteskap.

I tråd med folkeretten gir Noreg vern for flyktingar og andre som av flyktingliknande grunnar står i fare for å misse livet eller bli utsette for umenneskeleg behandling. Det omfattar også personar som er forfølgde på grunn av kjønn eller seksuell legning. Oftast vil vi kunne hjelpe fleire flyktingar dersom dei kan få vern nær konfliktområda, men i somme tilfelle er det behov for vern i Noreg. Det gjeld både overføringsflyktingar, som blir valde ut i samarbeid med UNHCR, og ein del asylsøkjarak.

For tida kjem det mange asylsøkjarak som ikkje treng vern. Regjeringa vil stramme inn politikken med sikte på å redusere denne tilstrøyminga.

Ein aktiv integreringspolitikk skal sikre at innvandrarak av begge kjønn får dei same høva til å delta i samfunns- og arbeidslivet som andre delar av befolkninga. I denne samanhengen er det viktig å auke takten i busetjinga i kommunane, samtidig som den nye introduksjonsordninga, som omfattar opplæring i norsk og samfunnskunnskap, blir sett i verk. Norsk kunnskapar er ein føresetnad for deltaking i samfunnet. Regjeringa vil derfor gjere opplæring i norsk og samfunnskunnskap obligatorisk for vaksne innvandrarak.

Dialogverksemd og arbeidet mot rasisme og diskriminering skal halde fram og styrkjast. Det må utviklast ein tydeleg politikk for eit fleirkulturelt, fleireligiøst Noreg. Vi skal byggje opp under fellesskap og samhald og samtidig gi rom for stor variasjon når det gjeld levevis. Regjeringa vil leggje fram sitt syn på dette i ei stortingsmelding. Foreldre og samfunnet møter særskilde utfordringar når det gjeld oppveksten til barn og unge med minoritetsbakgrunn. Dei erfaringane og synspunkta ungdommen har, må kome betre fram. Regjeringa vil derfor setje ned eit utval med minoritetsungdom som skal gi eit bilete av situasjonen.

For å kunne nå måla for innvandrings-, flykting- og integreringspolitikken må utlendingsforvaltninga vere effektiv og brukarorientert. Regelverket må vere oppdatert og enkelt å praktisere. Ei effektiv forvaltning som behandlar saker raskt og korrekt, sikrar rettstryggleiken, gir søkjarak og publikum god service og skaper forståing for politikken. For å nå dei overordna måla må organiseringa og ansvarsdelinga mellom ulike delar av forvaltninga vere formålstenleg og kunne endrast når det er nødvendig. Etter regjeringa sitt syn bør styringsforholdet mellom departementet, UDI og UNE når det gjeld praktisering av utlendingslova, endrast. Høvet til politisk styring er i dag for avgrensa og skal bli noko større. Det vil også bli lagt fram forslag om organisatoriske endringar i utlendingsforvaltninga.

Regjeringa legg vekt på desse sakene:

- Ny statsborgarlov
- Nye prosedyrar for behandling av asylsøknader innan 48 timar
- Omlegging av advokatordninga for asylsøkjarak
- Obligatorisk norskopplæring for nye innvandrarak
- Stortingsmelding om utfordringar i eit fleirkulturelt Noreg
- Ny lov mot etnisk diskriminering
- Endring av styringsforholdet mellom departementet, UDI og UNE
- Oppfølging av evalueringa av UNE

- Styrking av integreringsarbeidet, som kan innebære ei deling av UDI

Prioriteringar i budsjettet for 2004

For å styrkje innvandarane sine føresetnader for å kunne delta aktivt i samfunnet, har departementet sendt på høyring eit forslag om å gjere opplæring i norsk og samfunnskunnskap obligatorisk, jf. delmål 6. I budsjettforslaget for 2004 er det derfor lagt inn midlar til å førebu innføring av obligatorisk norskopplæring for vaksne innvandrarak frå 1. januar 2005. Løyvinga skal gå til å utvikle eit nytt nasjonalt registreringssystem.

Regjeringa legg vekt på tiltak som kan redusere tilstrøyminga av asylsøkjarak som ikkje treng vern her i landet. Prognosen for 2003 er at det kjem 16 000 asylsøkjarak til Noreg. Det er venta at talet på søkjarak i 2004 kan bli redusert til 10 000. Regjeringa satsar mellom anna på å få til avtalar med fleire land om tilbaketaking av asylsøkjarak med avslag på søknaden, bilateralt samarbeid, informasjonstiltak og på å redusere ytingane til asylsøkjarak i mottak. Det er rekna med at slike tiltak, og dermed redusert tilstrøyming, vil gi mindre utgifter til drift av statlege mottak på om lag 300 mill. kr. I tillegg er det vedteke krav om at personar som har fått opphald på humanitært grunnlag, må kunne underhalde familiemedlemmer som kjem til landet gjennom familiesamanføring. Staten dekkjer derfor ikkje lenger reiseutgifter i samband med slik familiesamanføring.

Tabell 3.2 Sentrale føresetnader for budsjettet for 2004

	Tal på personar
Asylsøkjarak	10 000
Overføringsflyktningar	750
Familiemedlemmer til flyktningar (familiesamanføring) o.a.	1 900
Personar i mottak, gjennomsnitt	11 000
Busette (inkl. familiemedlemmer pga. familiesamanføring og overføringsflyktningar)	6 900
Tilbakevendende	150
Uttransporterte frå mottak ¹	4 700

¹ I tillegg blir asylsøkjarak med avslag som ikkje bur i mottak, og andre utan lovleg opphald, sende ut. Midlar til dette ligg på budsjettet for Justisdepartementet.

Tala i tabellen er – med unntak av talet på overføringsflyktningar – prognosar, ikkje måltal. Prognosar som gjeld asylsøkjarak og innvandring, er usikre. Dei er avhengige av ei rad faktorar, m.a. kor mange personar som reiser frå mottaket på eiga hand. Talet på asylsøkjarak verkar inn på dei andre føresetnadene, både på Kommunal- og regionaldepartementet sitt ansvarsområde og på ansvarsområda til andre departement.

Mål for programkategori 13.20 Innvandring

Boks 3.1 Målstruktur	
<i>Hovudmål:</i>	<i>Delmål:</i>
Regulert innvandring	1. Effektiv behandling av søknader og målretta tiltak mot misbruk av reglane 2. Aktiv tilrettelegging for at personar utan behov for vern returnerer på ein verdig måte
Vern for flyktningar	3. Differensiert behandling av asylsøkjjarar innanfor ramma av internasjonale konvensjonar 4. Eit differensiert og forsvarleg tilbod til asylsøkjjarar i mottak
Like høve til deltaking	5. Rask og god busetjing, med introduksjonsprogram, i alle busetjingskommunar 6. Vidareutvikling av tilbod om opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak 7. Mindre etnisk diskriminering og rasisme og eit tenestetilbod tilpassa den språklege, kulturelle og religiøse bakgrunnen til brukarane 8. Dialog og samarbeid mellom styresmaktene og personar med innvandrarakgrunn
Effektiv og brukarorientert forvaltning	9. Oppdatert regelverk på utlendingsområdet i samsvar med internasjonale forpliktingar og nasjonale utfordringar 10. Mål- og resultatstyring på grunnlag av god kunnskap 11. Open og velfungerande utlendingsforvaltning som publikum har tillit til

Regulert innvandring**1. Effektiv behandling av søknader og målretta tiltak mot misbruk av reglane****Tilstandsvurdering**

I 2002 gjorde UDI vedtak i nær 100 000 utlendingsaker. Av desse var 17 853 søknader om asyl. I tillegg kjem fleire tusen saker, i hovudsak visumsøknader, behandla ved utanriksstasjonane. Samla gjekk saksbehandlingstidene noko ned i 2002. I 2003 har behandlingstida gått opp for visse sakstypar. Årsaka er mellom anna innføringa av Datasystem for utlendings- og flyktningssaker (DUF), jf. delmål 10.

Saksbehandlinga i UDI og UNE er no spesialisert etter sakstype, og ikkje etter land/region. UDI har til dømes etablert eit eige kontor for visumsaker. Det er, med unntak for asylsaker, innført gebyr for alle som søker om arbeids- eller opphaldsløyve i medhald av utlendingslova, og for alle som søker om norsk statsborgarskap.

Mange som søker om opphald i Noreg, fyller ikkje vilkåra. Det gjeld særleg søknader om asyl. Regjeringa ser det som eit stort problem at asylsøkjjarar som ikkje har behov for internasjonalt vern, kjem til Noreg og søker asyl her. Mange søkjjarar har basert seg på feilaktig informasjon om

sjansane til å få opphald i Noreg. Mange søkjjarar kjem til Noreg ved hjelp av falske dokument og ulovlege grensepasseringar. Internasjonale kriminelle nettverk står ofte bak.

Eit tiltak for å redusere talet på asylsøkjjarar utan behov for vern er å gi korrekt informasjon til utlendingar som vurderer å søkje asyl i Noreg. I 2002 og 2003 gav norske styresmakter slik informasjon i land der mange hadde reist til Noreg på sviktande grunnlag. Slike tiltak blei sette i verk i Bulgaria i 2001, i Ukraina og Russland i 2002 og i Serbia og Montenegro og Bosnia-Hercegovina i 2003. Dette har vist seg å gi resultat. Talet på asylsøkjjarar frå land der norske styresmakter meiner at dei aller fleste har ugrunna søknader, er klart redusert og ligg midtvegs i 2003 på om lag 10 pst. av søkjarane, mot om lag 30 pst. på same tid i 2002.

85–90 pst. av dei som for tida søker asyl i Noreg, kan ikkje leggje fram dokumentasjon på identitet og nasjonalitet. Manglande dokumentasjon er ikkje det same som at asylsøkjaren er identitetslaus, men det vil i enkelte tilfelle føre til at det oppstår tvil om den identiteten søkjaren oppgir, er korrekt.

I tillegg er det misbruk av reisedokument blant personar som alt har fått opphaldsløyve her. Det skjyer anten ved at dokument blir nytta i strid med

føresetnaden, eller ved at reisedokument blir overlatt til andre, som kan bruke dei til å reise ulovleg inn i Noreg. Regjeringa har i St.prp. nr. 65 (2002-2003) s. 51–55, som svar på Stortinget sitt oppmødingsvedtak nr. 257, gitt ei utgreiing om denne problematikken. Spørsmålet blir også omtalt i regjeringa sitt svar på Dok.nr. 8:58 (2002-2003).

Etter at Noreg kom med i Schengen-samarbeidet, er kontrollen med reisande som kjem frå land utanfor Schengen-området, blitt intensivert. Grensene mellom Schengen-land er opne, og det gjer at det er enkelt også for personar utan lovleg opphald å reise rundt i Schengen-området. Felles visumpolitikk, styrkt kontroll ved yttergrensene og tiltak mot organisert menneskesmugling og handel med kvinner er nokre av dei tiltaka ein nyttar for å redusere den ulovlege innvandringa.

Gjennom deltaking i Schengen-samarbeidet og anna internasjonalt samarbeid får Noreg informasjon om utviklingstrekk og praksis i andre land. Slik kan vi sikre at norske interesser blir tekne vare på. Samarbeidet inneber betre kunnskap om tiltak i andre land, gir høve til å samordne innsatsen, mellom anna mot menneskesmugling og ulovleg innvandring, og gir eit betre grunnlag for å lage prognosar.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil halde fram arbeidet med å effektivisere saksbehandlinga, både når det gjeld asylsøknader og når det gjeld arbeids- og opphaldsløyve.

Regjeringa har allereie sett i verk tiltak for å effektivisere saksbehandlinga og unngå misbruk av asylinstituttet. Saksbehandlinga i asylsaker er differensiert, mellom anna med sikte på å behandle asylsøknader som styresmaktene meiner er ugrunna, så raskt som råd, jf. delmål 3. Det blir vurdert om det skal setjast i verk nye informasjons tiltak i land som det kjem mange asylsøkjjarar utan behov for vern frå.

Frå februar 2003 har UDI innført alderstestar for dei søkjarane som kan sjå ut til å vere mykje eldre enn dei seier. Søkjaren skal samtykkje i alderstesten. Dersom søkjaren ikkje samtykkjer i ein test, kan det få følgjer for vurderinga av tiltrua i høve til søknaden om asyl. Om lag to tredelar av dei som er blitt testa, ser ut til å vere over 18 år.

Regjeringa vil også styrkje samarbeidet med opphavs- og transittland, både med sikte på å motverke ulovleg innvandring og for å sikre at desse landa tek imot eigne borgarar. Eit breitt internasjonalt samarbeid om asyl- og migrasjonsspørsmål, med fokus på utveksling av informasjon og erfaring og ei betre samordning av tiltak, vil bli ført vidare. Regjeringa vil òg ha fokus på problem

knytte til menneskesmugling og menneskehandel som særleg rammar kvinner og barn.

Noreg vil utvikle samarbeidet med Schengen-/EU-landa vidare. Noreg blei i 2003 knytt til fingeravtrykkssystemet i EU, EURODAC. Gjennom dette er kontrollen med ulovleg innvandring blitt meir effektiv, sjølv om full effekt først kan ventast om nokre år. Schengen-/EU-landa vurderer å etablere ein sentral database for visumsøkjjarar som alle medlemslanda kan leggje inn og søkje informasjon i. Som Schengen-medlem vil Noreg kunne bli tilslutta databasen. Innanfor ramma av EU og Stabilitetspakta for Sørøst-Europa medverkar mellom andre Noreg til å byggje opp ei fungerande utlendingsforvaltning og ein meir effektiv grensek kontroll i fleire land.

Departementet vil gå igjennom praksis når det gjeld å utferde og trekkje tilbake reisedokument som er brukte i strid med vilkåra. Det vil bli vurdert kva konsekvensar slik verksemd skal få for vidare opphaldsløyve i Noreg, og kor mange gonger éin og same person skal kunne få nye reisedokument.

Kommunal- og regionaldepartementet arbeider med å sikre gode rutinar i utlendingsforvaltninga for å motverke at terrorisme og terroristar får fotfeste i landet. Departementet legg òg vekt på å sikre ei forsvarleg saksbehandling som tek omsyn både til nasjonal tryggleik og til grunnleggande prinsipp for rettstryggleik og menneskerettar.

Tilbodet om DNA-testing i saker om familiesamanføring blei i 2003 innført som ei permanent ordning. Ordninga, som blei innført som ei prøveordning i 1999, er blitt evaluert. Evalueringa viser at ukorrekte biologiske relasjonar er oppgitt i 24 pst. av sakene. Ein stor del av dei som fekk tilbodet, møtte ikkje fram til testing.

2. Aktiv tilrettelegging for at personar utan behov for vern returnerer på ein verdig måte

Tilstandsvurdering

Totalt fekk 9066 søkjarar avslag på asylsøknaden sin i 2002. Per 31.7.2003 var det 1900 personar i asylmottak som venta på å bli sende ut av landet.

Politiet har ansvar for å transportere ut utlendingar utan lovleg opphald som ikkje reiser frivillig. I 2002 blei 5970 personar sende ut, dei fleste asylsøkjjarar med avslag. 1. halvår 2003 var talet 3250. I tillegg reiser ein del asylsøkjjarar heim frivillig med hjelp frå International Organization for Migration, IOM. Per 31.7.2003 hadde i overkant av 800 personar reist heim på dette viset. Ansvar for tiltak som medverkar til auka frivillig retur, ligg under Kommunal- og regionaldepartementet.

Departementet har også ansvaret for eit program for tilbakevending som gjeld generelt for alle personar med asyl eller opphald på humanitært grunnlag i Noreg. Målet med programmet er å gi flyktningar hjelp til varig tilbakevending og ein ny start i heimlandet. Ordninga omfattar ei individuell økonomisk støtte og dekking av reiseutgifter til heimlandet. I tillegg finst det ei tilskotsordning for tilbakevendingsprosjekt. Hovudsiktemålet med prosjekta er å stimulere til og førebu flyktningar på tilbakevending til heimlandet, jf. omtale i kap. 521, post 72 Tilbakevending for flyktningar.

Strategiar og tiltak

Regjeringa ønskjer at fleire asylsøkjjarar skal reise heim av eige tiltak og utan politieskorte. Dette er ein meir verdig måte å vende tilbake på enn å reise under tvang. I tillegg er det ei rimelegare løysing.

Regjeringa ønskjer på eit tidlegare tidspunkt å informere asylsøkjjarane om den reelle sjansen til å få bli i Noreg på bakgrunn av ein asylsøknad, og om kva som er konsekvensen dersom søknaden endar med eit avslag. I 2003 er det sett av 5,2 mill. kr til slikt informasjonsarbeid, og NOAS er ansvarleg for å formidle informasjonen. Dette er eit tiltak som regjeringa håper vil motivere fleire av dei som

ikkje har behov for vern, til å reise heim på eige initiativ.

Kommunal- og regionaldepartementet arbeider også med å inngå tilbaketakingsavtalar med fleire land, slik at personar utan opphaldsløyve kan returnast til heimlandet på ein raskare og meir effektiv måte. Regjeringa vil vurdere ulike verkemiddel for å sikre at land som vi samarbeider med, tek tilbake eigne borgarar.

Det er nyleg sett i verk eit særskilt returprogram for irakarar som har fått avslag på asylsøknaden sin, jf. St.prp. nr. 65 (2002-2003). Personar i denne gruppa får 10 000 kr i reisestøtte dersom dei melder si interesse for UDI innan 31.10.2003. Reisa kan skje seinare.

Vern for flyktningar

3. Differensiert behandling av asylsøkjjarar innanfor ramma av internasjonale konvensjonar

Tilstandsvurdering

I 2002 søkte 17 500 personar asyl i Noreg. UDI gjorde i 2002 vedtak i 17 853 asylsaker. Av desse blei om lag 12 360 søknader realitetsbehandla i UDI. Om lag 3760 blei behandla etter Dublin-regelverket, og om lag 1730 asylsøkjjarar forsvann eller trekte søknaden sin. I tillegg fekk 1355 overføringsflyktningar innreiseløyve i 2002.

Tabell 3.3 Resultat av vedtak gjorde i UDI i 2002

	Tal på vedtak	Prosent
Løyve:	3 290	26,6
– asyl	332	2,7
– andre grunnar for vern (utlf. § 21.1)	1 741	14,1
– sterke menneskelege omsyn (utlf. § 21.2)	1 217	9,8
Avslag	9 066	73,4
Sum vedtak	12 356	100

Dei fleste asylsakene er komplekse og krev grundige vurderingar. For å redusere talet på asylsøkjjarar med ugrunna søknader har UDI innført forenkla saksbehandling for søkjjarar frå visse land. Prinsippa for forsvarleg saksbehandling i forvaltningslova gjeld her som i andre asylsaker. Dersom søknaden ikkje er klart ugrunna, men meir komplisert enn ein først trudde, vil nødvendige undersøkingar bli gjennomførte. Avslagsprosenten etter behandling i UDI er framleis høg. Dei fleste fyller

ikkje vilkåra for asyl eller vilkåra for opphald av andre grunnar.

Visse typar av asylsaker skal prioriterast. Det gjeld saker

- der søkjaren er meld til politiet, sikta eller dømd for straffbart forhold i Noreg
- der søkjaren tidlegare har fått avslag på asylsøknad i Noreg

Saker der asylsøkjaren er registrert med kriminelle forhold i Noreg eller i eit anna land, skal prio-

riterast i alle ledd. Dersom det ikkje er behov for vern, skal personen sendast ut av landet så raskt som råd. Sjølv om berre ein liten del av asylsøkjara- rane står bak kriminelle handlingar, er rask saks- behandling nødvendig.

Endringar i utlendingslova som gir politiet høve til å bruke utlendingsregisteret i samband med etterforsking av straffbare handlingar, er blitt sette i kraft. Stortinget har, i samsvar med forslag frå regjeringa, vedteke endringar i utlendingslova som vil gjere det mogleg for Noreg å godta ei avgjerd i eit anna Schengen-land om utsending av ein utlending.

Noreg har gjennom ein samarbeidsavtale knytt seg til Dublin-konvensjonen, som regulerer kva for ein stat det er som skal behandle ein søknad om asyl i Noreg, Island eller EU. Reglane har vist seg å ikkje vere effektive nok. Det er derfor laga ei ny EU-rettsakt som gjeld asylsøknader frå og med 1.9.2003. Det er vedteke endringar i utlendingslova slik at denne innskjerpinga også gjeld for Noreg, jf. Ot.prp. nr. 95 (2002-2003).

Einslege mindreårige asylsøklarar og flyktnin- gar er under 18 år og utan foreldre eller andre med foreldreansvar i Noreg. Einslege mindreårige asyl- søklarar skal prioriterast i alle ledd. I 2002 kom det 894 asylsøklarar som sa at dei var einslege mindre- årige. For 2003 hadde det per 31.7. kome 464 eins- lege mindreårige asylsøklarar til Noreg. Totalt sett har det i dei siste åra vore ein auke i talet på eins- lege mindreårige asylsøklarar som kjem til Noreg.

Asylsøklarar har i dag krav på å få dekt hjelp frå ein advokat, både i samband med framsetjing av ein søknad og i samband med ei eventuell klage på eit avslag. I januar i år reduserte Justisdepartemen- tet timetalet som ein asylsøklar kan få dekt advo- kathjelp for, frå 5 til 3 timar i førsteinstansen.

Det er i dei siste åra blitt retta søkjelys på det arbeidet asyladvokatane utfører, og på dei mange sakene somme av dei har i porteføljen. Som eit tiltak for å betre støtta til asylsøklarane innførte regjeringa derfor i januar 2003 ei mellombels advo- katvaktordning. Advokatordninga blei også evalu- ert av eit konsulentfirma.

Strategiar og tiltak

Sjølv om talet på asylsøklarar med søknader som styresmaktene meiner er ugrunna, har gått ned, vil regjeringa føre vidare tiltak for å redusere talet på slike asylsøknader. Det vil bli etablert ein ny prose- dyre for behandling av desse søknadene innan 48 timar. Prosedyren inneber at UDI innan 48 timar etter at politiet har registrert søkjaren, skal ha avgjort saka og teke stilling til eventuell søknad om utsett iverksetjing. Søkjaren vil bu i mottak fram til

vedtak ligg føre, og politiet vil ha ansvaret fram til uttransportering. Rettstryggleiken blir sikra ved at søkjaren får den same informasjonen som andre søklarar. Er UDI i tvil om utfallet av saka, blir saka behandla i den ordinære prosessen for behandling av asylsøknader. Regjeringa trur at ei slik ordning vil ha ein viktig signaleffekt overfor andre per- sonar som ikkje treng vern i Noreg. For at ord- ninga skal få den ønskete verknaden, er det viktig at politiet kontinuerleg sender ut søklarar som ikkje får opphald i landet.

Mange asylsøklarar som får endeleg avslag, rei- ser ikkje frivillig ut av landet. Regjeringa vil føre vidare samarbeidet med andre land når det gjeld tiltak overfor dei landa som nektar å ta imot egne borgarar som blir sende heim med tvang.

Kommunal- og regionaldepartementet vurde- rer i samråd med Justisdepartementet om advokat- ordninga skal leggjast om. Målet er å utnytte res- sursane betre, samtidig som asylsøklarane skal få den hjelpa dei treng.

Som ein del av innsatsen mot kriminalitet har regjeringa føreslått å senke den nedre straffe- ramma for utvisning av utlendingar med arbeids- og opphaldsløyve i Noreg til fengsel i 6 månader.

4. Eit differensiert og forsvarleg tilbod til asylsøklarar i mottak

Tilstandsvurdering

I dag blir det gitt tilbod om plass i asylmottak til alle asylsøklarar, til personar som har fått opp- haldsløyve og ventar på busetjing i ein kommune, og til personar som har fått avslag på søknaden og ventar på klagesaksbehandling eller på å reise ut av landet, anten frivillig eller under tvang. Per 31.7.2003 var det 139 mottak med totalt 17 087 bebuarar. 67 pst. av bebuarane var menn og 33 pst. kvinner, medan einslege mindreårige utgjorde om lag 5 pst. Mottakssystemet blir også omtalt under kap. 520, post 21.

I samsvar med at saksbehandlinga i samband med asylsøknader skal vere differensiert alt etter om søknaden blir rekna for å vere ugrunna, godt grunngitt eller om det er behov for nærmare avkla- ring, skal også mottakssystemet vere differensiert, slik at dei ulike gruppene får ulike tilbod. Personar med endeleg avslag får redusert dei økonomiske ytingane i mottak og får slik sett eit noko enklare tilbod. Dette gjeld ikkje ytingane som går direkte til barn.

Det er i hovudsak to typar av mottak: transitt- mottak og ordinære mottak. 16 av dei ordinære mottaka har avdelingar for einslege mindreårige, og éi av desse avdelingane er berre for einslege

mindreårige under 15 år. I tillegg finst det eit eige mottak for einslege mindreårige under 15 år.

Medan einslege mindreårige asylsøkjjarar tidlegare kom inn under det ordinære transittsystemet, er det frå hausten 2002 etablert eit eige transittsystem for denne gruppa.

Per 31.7.2003 var det 9 transittmottak. Medan desse tidlegare berre stod for mottak av asylsøkjjarane når dei kom til landet, og slusing av søkjjarane ut til dei ordinære mottaka, har nokre av transittmottaka no fått utvida oppgåver knytte til asylsøkjjarar med mest sannsynleg ugrunna søknader og til retur, det vere seg frivillig eller tvungen. Sjølv om tilbodet er forenkla, har alle desse mottaka barnebase, leikeareal ute og aktivitetar for barn.

I dei ordinære mottaka skal det vere eit differensiert tilbod tilpassa dei bebuarane som til kvar tid er på mottaket. Mottaka gir jamt over høg prioritet til kvinner og barn. 82 pst. av mottaka har kvinnegrupper, og 87 pst. har egne fellesrom for kvinner. 89 pst. har innført særskilde tiltak for å hindre at kvinner blir utsette for uønskt merksemd frå menn. Kvinner er i stor grad sikra medverknad gjennom deltaking i bebuarråd. Frå 1.1.2003 blei det stilt krav om at mottaka skal ha rutinar for å handtere valdsbruk og overgrep retta mot kvinner. Per mai 2003 var ikkje måloppnåinga på dette området tilfredsstillande.

Frå 1.5.2003 er det oppretta eit mottak med såkalla forsterka avdeling. Mottaket skal ha fleire ressursar enn andre mottak for å kunne gi eit betre tilbod til personar med særlege psykososiale behov. Dette er ei oppfølging av Stortinget si behandling av St.meld. nr. 17 (2000-2001) Asyl- og flyktningpolitikken i Noreg.

Regjeringa meiner at differensieringa av asylsøkjjarar i grupper, saman med andre tiltak, har ført til at talet på asylsøkjjarar med mest sannsynleg grunnlause søknader har gått ned. Differensieringa har samtidig medverka til ein auke i utgiftene per plass i mottak. I gjennomsnitt er prisen for plassar i transittsystemet høgare enn prisen for ordinære plassar. Årsaka er mellom anna at det er behov for vakthald, meir bemanning og helsetenester i denne typen mottak. Behovet for eit fleksibelt mottakssystem har gitt ein auke i talet på transittplassar. Det er også ein grunn til at utgiftene har auka.

I mange kommunar er det motstand mot oppretting av mottak. Spesielt har UDI opplevd problem knytte til oppretting av transittmottak og forsterka mottak. Det er fleire grunnar til dette. Ofte blir det peikt på frykt for auka kriminalitet. Det finst melderutinar mellom mottak, politiet og UDI slik at ein skal kunne ta hand om kriminelle asylsøkjjarar på ein effektiv og sikker måte. Vakthald, inn-

gjerding og nærmiljøpatruljar ved enkelte transittmottak er andre tiltak som skal førebyggje og redusere kriminalitet.

Strategiar og tiltak

Regjeringa vil vurdere fleire tiltak som gjeld mottak for å redusere tilstrøyminga av asylsøkjjarar med ugrunna søknader. Tiltak med sikte på rask saksbehandling og redusert opphaldstid i mottak vil truleg redusere problemet med kriminalitet blant asylsøkjjarar, jf. mellom anna 48-timarsproseduren omtalt under delmål 3. For å motverke kriminalitet i mottak for asylsøkjjarar vil UDI og Politidirektoratet syte for at samarbeidet mellom det einskilde mottaket og politiet lokalt blir styrkt.

Regjeringa vil framleis følgje med på utviklinga av eit differensiert mottakssystem.

NOAS og UDI har underteikna ein avtale om at NOAS skal gi asylsøkjjarane i mottak informasjon. Informasjonen skal givast på eit tidleg tidspunkt og sikre at dei får einsarta og korrekte opplysningar om kva framtidsutsikter dei har i Noreg.

Regjeringa vil sikre at mottaka følgjer krava om å ha rutinar for å handtere valdsbruk og overgrep retta mot kvinner.

Like høve til deltaking

5. Rask og god busetjing, med introduksjonsprogram, i alle busetjingskommunar

Tilstandsvurdering

Målet er at alle flyktningar skal vere busette innan 6 månader etter at dei har fått opphald i Noreg, einslege mindreårige innan tre månader etter vedtak om opphald. Per 31.7.2003 var det busett 3629 flyktningar, av dei 124 einslege mindreårige. Personar som er busette frå mottak, har i gjennomsnitt venta i 5 månader på plass i ein kommune etter vedtak om opphald. 30 pst. av dei busette hadde venta i meir enn seks månader etter vedtak om opphald. Berre 14 av dei einslege mindreårige blei busette innan tre månader etter vedtak om opphald. Hovudårsaka til lang ventetid er at kommunane, særleg i austlandsområdet, bruker lang tid på å skaffe husvære til einslege, jf. kap. 521, post 60.

Ei ny busetjingsordning blei innført i 2002, jf. omtale under kap. 521, post 70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging. I 2003 er det behov for å busetje om lag 6400 personar. Personar som har kome til landet i samband med familiesamanføring, kjem i tillegg. Kommunane har gjort vedtak som gjeld 5600 personar. Den nye busetjingsordninga har så langt ikkje ført til nokon auke i talet på flyktningar som faktisk blir busette i

kommunane. Ho har heller ikkje ført til ein tilstrekkeleg auke i talet på busette i det sentrale austlandsområdet. Ein stor del av flyktningane har tilknytning til kommunar i austlandsområdet og bør få busetje seg der for å unngå ny flytting etter kort tid. Behovet for kommuneplassar i 2004 ser ut frå gjeldande prognose ut til å bli 5000. Behovet vil vere avhengig av kor mange som blir busette i 2003. Talet inkluderer både personar som blir busette frå mottak, og overføringsflyktningar. Personar som kjem til landet som følgje av familiesamanføring, kjem i tillegg. Ein reknar med at det vil vere 1900 personar. Grappa familiesamanførte vil utgjere ein knapp tredel av alle busette i 2003, mot om lag halvparten i 2002. Behovet for plassar i kommunane er større enn tilgangen, særleg i austlandsområdet.

Busetjing av overføringsflyktningar byr på spesielle utfordringar. Overføringsflyktningar blir, i større grad enn tidlegare, busette i mindre sentrale kommunar med relativt stor arbeidsløyse og vekslende erfaring med flyktningararbeid.

Lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonslova) blei vedteken av Stortinget 12. juni 2003, jf. Ot.prp. nr. 28 (2002-2003). Lova gjeld frå 1. september 2003 som ei frivillig ordning for kommunane, og frå 1. september 2004 som ei obligatorisk ordning.

Nye innvandrere har ofte behov for kvalifisering for å kome inn på arbeidsmarknaden. Det krev at utdannings- og arbeidsmarknadsstyremaktene legg til rette for differensierte og individuelt tilpassa kvalifiseringstilbod for både kvinner og menn, slik den nye introduksjonsordninga legg opp til.

I 2003 blei det over kap. 521, post 62 gitt midlar til innføring og vidareutvikling av introduksjonsprogram i 155 kommunar. Forskningsstiftelsen Fafo har evaluert dei 26 utviklingsprosjekta som har prøvd ut ei ordning med introduksjonsprogram. Evalueringa peiker mellom anna på at praksisplass, fadder på arbeidsplassen og guidar frå frivillige organisasjonar, saman med eit betre nettverk og betre norskkunnskapar, aukar sjansane for jobb.

UDI er ansvarleg for å følgje opp kommunar som innfører introduksjonsordninga for nye innvandrere. I 2003 har UDI utvikla kursmateriell og gjennomført kurs for personar som skal arbeide med introduksjonsprogram lokalt.

Flyktningar kjem ofte til Noreg med utdanning og yrkeserfaring som er verdifull for norsk arbeids- og samfunnsliv, og som må utnyttast betre. I 2003 blei opplæringslova endra, slik at alle vaksne med rett til vidaregåande opplæring også fekk rett til å få vurdert realkompetansen og rett til

kompetansebevis. Slik vil flyktningar med mangelfull dokumentasjon når det gjeld utdanning, lettare kunne få eit arbeid som er i samsvar med dei kvalifikasjonane dei har.

Strategiar og tiltak

Viktige omsyn i den nye busetjingsordninga er at flyktningar skal kunne bu nær familie og venner, at det lokalt må vere mogleg å byggje opp grupper av menneske frå same land, og at det finst høve for utdanning, kvalifisering og arbeid. Gjennom informasjon og tilrettelegging skal mottaka spele ei meir aktiv rolle i busetjinga. Prioriterte grupper i busetjingsarbeidet vil vere einslege mindreårige og personar som har venta lenge.

Kommunenes Sentralforbund (KS) vil gjennomføre møte med kommunar i område der dei fleste flyktningar ønskjer å busetje seg. Målet er å auke busetjinga i desse områda, og samtidig medverke til redusert flytting til andre kommunar (sekundærflytting). Samtidig kan busetjinga vurderast i ein regional samanheng, både når det gjeld arbeidsmarknaden og når det gjeld bustadmarknaden. Det er viktig at både menn og kvinner får informasjon om arbeidsmarknaden, slik at dei kan vurdere sjansane til å skaffe seg arbeid når dei vel bustadkommune. Busetjingsordninga skal evaluerast i 2004.

Regjeringa vil utvikle eit meir heilskapleg tilbod til einslege mindreårige både i mottaks- og busetjingsfasen. Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe har utarbeidd forslag til betre oppfølging av einslege mindreårige asylsøklarar og flyktningar. Forslaga frå arbeidsgruppa blei sende på høyring i mai 2003. Departementet vil på bakgrunn av høyringsfråsegner vurdere vidare oppfølging av forslaga. For å sikre ei rask og godt førebudd busetjing av einslege mindreårige i kommunane har departementet i 2003 gitt støtte til sju kommunar som ønskjer å utvikle ein særskild kompetanse med tanke på utgreiing, busetjing og oppfølging av einslege mindreårige.

Frå 2003 skal overføringsflyktningar få betre informasjon om Noreg, og kommunane dei skal bu i, skal få betre informasjon om bakgrunnen til flyktningane. Dette skal skje gjennom eit opplegg som International Organization for Migration (IOM) har fått ansvaret for. I tillegg vil det behovet kommunane har for meir kunnskap om kvar enkelt flyktning, bli imøtekome gjennom betre samarbeid med UNHCR. Overføringsflyktningar med helseproblem bør busetjast der det er eit tilrettelagt helsetilbod.

For å auke kompetansen i kommunane vil UDI vil gi informasjon, råd og rettleiing om den nye

introduksjonsordninga. I samarbeid med Nasjonalt Introduksjonsutval vil arbeidet med opplæring bli utvikla vidare i 2004. Regjeringa arbeider med oppfølging av evalueringa av utviklingsprosjekt som gjeld introduksjonsprogram. Det skjer mellom anna i samarbeid med KS, NHO og HSH og eit prosjekt som skal gi innvandrara betre høve til praksis i arbeidslivet.

Erfaringar og kunnskap frå kommunale prosjekt blir overført til alle busetjingskommunar for å sikre at nyleg komne innvandrara får eit likeverdig kvalifiseringstilbod, uavhengig av kvar dei bur. UDI er i ferd med å utvikle eit rapporteringssystem om gjennomføring av introduksjonsordninga i kommunane. Den første rapporten skal vere ferdig våren 2004.

6. Vidareutvikling av tilbod om opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrara

Tilstandsvurdering

Frå 1.1.2004 overtek Kommunal- og regionaldepartementet det økonomiske og aministrative ansvaret for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrara. Kap. 254, post 60 Tilskot til norskopplæring for innvandrara blir overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet og blir kap. 521, post 61 Norskopplæring for vaksne innvandrara. Utdannings- og forskingsdepartementet vil framleis ha det faglege og pedagogiske ansvaret for opplæringa, og dei to departementa vil arbeide tett saman om norskopplæringa.

Innvandrara har i dag ingen lovheimla rett og inga plikt til norskopplæring, men kommunane har etter forskrift til vaksenopplæringslova ansvar for å tilby slik opplæring. Innvandrara som har utdanning tilsvarande norsk grunnskole eller meir, kan få opptil 850 timar med norskopplæring, medan innvandrara med liten eller ingen skolebakgrunn kan få opptil 3000 timar. Kommunane kan sjølv drive opplæringa, eller dei kan overlate drifta til andre.

Staten gir eit øyremerkte tilskot som skal medverke til at kommunane tilbyr norskopplæring. Målet med opplæringa er at innvandrara skal få tilstrekkelege kunnskapar i norsk til å kunne ta vidare utdanning og til å kunne delta i yrkes- og samfunnslivet. Dei statlege løyvingane til norskopplæring for vaksne innvandrara auka frå om lag 250 mill. kr i 1997 til om lag 760 mill. kr i 2002. Løyvinga for 2003 etter revidert nasjonalbudsjett er på 891 mill. kr, medan budsjettframlegget for 2004 er på om lag 1 mrd. kr. Den sterke utgiftsveksten har

si årsak i at timeramma for gratis norskopplæring til kvar enkelt deltakar blei auka i 1998, og at talet på deltakarar har auka kraftig, frå om lag 12 900 i 1998 til om lag 30 400 i 2002. Denne veksten skriv seg m.a. frå ein auke i talet på innvandrara. Forsking viser også at norskopplæringa er prega av mykje fråvere, fråfall og avbrotne kursløp, noko som verkar inn på læringsutbyttet. Mange fell frå før dei når eit tilfredsstillande språkleg nivå. Manglande progresjon gjer norskopplæringa dyr og lite resultatorientert.

Strategiar og tiltak

Departementet har sendt på høyring eit forslag om å gjere opplæring i norsk og samfunnskunnskap obligatorisk. Regjeringa meiner at gjennomført obligatorisk opplæring bør vere eit vilkår for å få busetjingsløyve etter utlendingslova, og for å få norsk statsborgarskap.

Det skal framleis vere eit tilbod om norskopplæring utover det som følgjer av obligatorisk opplæring. Ordninga med at den enkelte får eit tilbod om norskopplæring opp til eit visst nivå, skal halde fram. I tråd med ønsket om å auke den økonomiske handlefridommen for kommunane gjer høyringsbrevet framlegg om at dei kommunale utgiftene til opplæringa i norsk og samfunnskunnskap frå 2005 blir finansierte via inntektssystemet til kommunane. For å sikre at tilbodet framleis blir gitt i kommunane, sjølv om midlane ikkje lenger er øyremerkte, gjer departementet framlegg om å lovfeste ei kommunal plikt til å tilby norskopplæring. Regjeringa tek sikte på å fremme ein odelsingsproposisjon om norskopplæringa våren 2004.

Gjennom elektronisk læring og annan bruk av IKT kan kommunane gjere opplæringa meir effektiv og meir målretta for kvar deltakar. Regjeringa har sett i gang eit forsøksprosjekt for bruk av IKT i norskopplæringa i ti kommunar. Vaksenopplæringsinstituttet (VOX) driv prosjektet. Tilskotsordninga er ei hindring for effektiv bruk av IKT i norskopplæringa. Prinsippet om tilskot per gjennomført lærar- og deltakartime legg ikkje til rette for andre former for opplæring, utanfor klasserommet. Ein overgang til finansiering via inntektssystemet til kommunane vil fjerne denne hindringa.

For 2004 gjer regjeringa framlegg om at tilskot til norskopplæring ikkje blir gitt for personar med arbeidsløyve på grunnlag av eit arbeidstilbod og deira familie når løyva er gitt etter 1.1.2003. Framlegget inneber at tilskot heller ikkje blir gitt til norskopplæring for nordiske borgarar og personar med EØS-/EFTA-løyve.

7. Mindre etnisk diskriminering og rasisme og eit tenestetilbod tilpassa den språklege, kulturelle og religiøse bakgrunnen til brukarane

Tilstandsvurdering

Rasisme og diskriminering fører til barrierar som hindrar deltaking på viktige samfunnsområde for personar med innvandrarakgrunn. Det finst lite rettspraksis, og kriminalstatistikken på området er mangelfull. Det finst likevel annan dokumentasjon som gjer det mogleg å danne seg eit bilete av situasjonen når det gjeld etnisk diskriminering i Noreg.

Senter mot etnisk diskriminering (SMED) gir ut årlege rapportar som er baserte på dei sakene senteret har fått inn, jf. kap. 522. UDI lagar rapportar om arten og omfanget av rasisme og diskriminering på grunnlag av informasjon frå innvandrarakgrunn og tilsette i kommunane. Forsking og utgreiingar dokumenterer også at personar med innvandrarakgrunn opplever diskriminering og andre former for utestenging i samfunnet. Dei nemnde rapportane gir uttrykk for at diskriminering særleg er eit problem i arbeidslivet, på bustadmarknaden og i forhold til visse typar av offentleg og privat tenesteyting. Diskriminering kan kome til uttrykk gjennom usakleg forskjellsbehandling, usynleggjering, tilbakehalding av informasjon og latterleggjering. Ofte er slik diskriminering vanskeleg å få bukt med.

Noreg leverte i februar 2002 sin 16. rapport til FN's rasediskrimineringskomité (CERD). I rapporten gjer regjeringa greie for arbeidet som blir gjort for å oppfylle dei krava konvensjonen set. Rapporten gir ein brei gjennomgang av arbeidet mot rasisme og diskriminering og dekkjer dei fleste av departementa sine fagområde. CERD eksaminerte rapporten frå Noreg i august 2003. I dei konkluderande observasjonane gir komiteen både positive tilbakemeldingar og tilrådingar om tiltak.

Arbeidet for å sikre kvinner med innvandrarakgrunn like høve til deltaking er likestillingskamp i meir enn éin forstand. Mange kvinner opplever diskriminering både på grunn av kjønn, opphav og tru/livssyn. På liknande måte opplever også homofile med innvandrarakgrunn ei form for dobbel diskriminering.

I fleire språk manglar ein kvalifiserte tolkar. Skjermtolking kan i mange tilfelle vere eit godt supplement for brukarane, men det tekniske utstyret er kostbart. Tolketenestene i politiet, rettsvesenet og andre offentlege etatar er ikkje alltid gode nok. For lite bruk av tolk og utstrekt bruk av ukvalifiserte tolkar kan vere ei av årsakene til at innvandrarakgrunn opplever diskriminering og anna forskjellsbehandling. Hausten 2002 blei det oppretta 10 nye studieplassar i tolkeutdanning ved Universitetet i Oslo.

Strategiar og tiltak

Rasisme og diskriminering kan best motarbeidast gjennom eit samarbeid mellom staten, kommunane og frivillige organisasjonar. Kampen mot rasisme og diskriminering må skje både gjennom eit effektivt lovverk og gjennom førebyggjande og holdningsskapande tiltak. Det er nødvendig å ha eit langsiktig perspektiv på tiltaka. Regjeringa vil leggje fram forslag om lov mot etnisk diskriminering i 2004.

Regjeringa la i 2002 fram Handlingsplan mot rasisme og diskriminering (2002–2006). Det er oppretta eit forum som skal overvake oppfølginga av handlingsplanen, med representantar frå departementa, Kontaktutvalet mellom innvandrarakgrunn og styresmaktene, Senter mot etnisk diskriminering og frivillige organisasjonar.

Arbeidet med å utvikle gode dokumentasjons- og registreringsmetodar har høg prioritet. Statistikken blir utvikla med sikte på å få fram kjønnsdimensjonen. Regjeringa legg vekt på det internasjonale arbeidet mot rasisme og diskriminering, mellom anna oppfølging av FN sin Verdskonferanse mot rasisme (2001) og FN-konvensjonen mot rasediskriminering.

Ein handlingsplan for å auke deltakinga i samfunnet for barn og unge med innvandrarakgrunn blei lansert i 2002, og oppfølginga av planen er godt i gang.

Arbeidet med å kvalitetssikre tolkar som ikkje er statsautoriserte, skal vidareførast. Vidare held arbeidet med rekruttering av gode tolkar i offentleg sektor fram. Det vil bli utarbeidd retningslinjer for bruk av tolk i statlege mottak. Det vil bli etablert eit tolkeregister som skal føre til meir effektiv bruk av dei tolkane som finst, og gi brukarane betre oversikt over kompetansen til tolkane. I 2003 og 2004 vil fire utdanningsinstitusjonar gi kompetansegivande utdanningstilbod til ca. 250 personar innanfor tolkefeltet. Arbeidet med å gjere slike undervisningstilbod permanente skal vidareførast. Opplæringstiltak for brukarar av tolketenester skal utviklast vidare.

8. Dialog og samarbeid mellom styresmaktene og personar med innvandrarakgrunn

Tilstandsvurdering

Kontaktutvalet mellom innvandrarakgrunn og styresmaktene (KIM) er eit sentralt forum for dialog mellom personar med innvandrarakgrunn og styresmaktene. Lokale innvandrarakgrunn, landsdekkjande innvandrarakgrunn, regionale innvandrarakgrunn og lokale kontaktutval har utvikla seg til viktige kontaktpunkt for styresmaktene i

enkelte kommunar og fylkeskommunar. Ein rapport frå Universitetet i Bergen i 2002 viser at der slikt samarbeid fungerer, er det eit viktig verkemiddel for auka deltaking og for å sikre at dei tiltaka styresmaktane gjennomfører, er tilpassa dei behova innvandrarane har. Det er likevel ytterlegare behov for å utvikle og styrkje arenaer for samhandling og kontakt mellom ulike minoritetsmiljø og samfunnet elles.

Handlingsplanene mot kjønnslemlesting og tvangsekteskap er følgde opp, og det er dialog mellom dei aktuelle miljøa og styresmaktene. Som eit ledd i oppfølginga av handlingsplanen mot tvangsekteskap har Husbanken fått i oppgåve å skaffe husvære til unge som er truga med tvangsekteskap.

Regjeringa vil leggje til rette for samarbeid og dialog. I samband med arbeidet med ei ny stortingsmelding har det vore fleire dialogmøte med ulike organisasjonar, ungdom med innvandrarbakgrunn, forskarar og representantar for kommune-Noreg. På møta er ulike problemstillingar og dilemma knytte til det fleirkulturelle Noreg blitt diskuterte. Regjeringa har også invitert alle interesserte til å medverke i arbeidet med meldinga og kome med innspel gjennom ei elektronisk postkasse på departementet si heimeside.

Innvandrarar deltek i liten grad i politikk og organisasjonsliv. Samanlikna med tal for alle røysteføre, er det låg valdeltaking blant utanlandske statsborgarar ved kommuneval, spesielt gjeld det statsborgarar frå ikkje-vestlege land. Norske borgarar med innvandrarbakgrunn har derimot ei valdeltaking som ligg noko nærmare talet for befolkninga sett under eitt. Kvinner har ei høgare valdeltaking enn menn i dei fleste nasjonalitetsgrupper. Ei undersøking som Makt- og demokratiutgreiinga har gjennomført, viser at personar med minoritetsbakgrunn nærmast er fråverande i den gruppa som blir rekna som samfunnseliten. Undersøkinga viser også at blant dei som har påverknadskraft internt i dei ulike innvandarmiljøa, er det få kvinner. Vidare er utfordringane store når det gjeld å gi etniske minoritetar høve til å påverke samfunnsutviklinga. Det er likeins ei utfordring å få i stand ein god dialog mellom ungdom med minoritetsbakgrunn og styresmaktene, og å gi denne befolkningsgruppa reelle høve til å påverke sin eigen livssituasjon.

Strategiar og tiltak

For å styrkje Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene (KIM) si rolle som dialogforum

og rådgivande organ, blei utvalet omorganisert frå 1.1.2003 (jf. kap. 523 Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene).

Det har vakse fram fleire organisasjonar av og med ungdom med innvandrarbakgrunn, og dialogen og samarbeidet mellom styresmaktene og desse organisasjonane skal utviklast. Nettverksarbeid blant lokale innvandrarorganisasjonar er også viktig, og det skal framleis oppmuntrast til samarbeid på tvers av etniske og nasjonale organisasjonar.

Dialog og samarbeid mellom styresmaktene og kvinneorganisasjonar vil bli utvikla vidare. Det skal leggjast betre til rette for at kvinner med innvandrarbakgrunn kan få nødvendig kunnskap om kva rettar og plikter dei har som samfunnsborgarar i Noreg.

Stortingsmeldinga om utfordringar i eit fleirkulturelt samfunn blir lagd fram i 2004.

Effektiv og brukarorientert forvaltning

9. Oppdatert regelverk på utlendingsområdet i samsvar med internasjonale forpliktingar og nasjonale utfordringar

Tilstandsvurdering

14.12.2001 blei det sett ned eit lovutval med mandat å gå igjennom den gjeldande utlendingslova og fremme forslag om ny lovgiving innan utgangen av 2003. Den gjeldande utlendingslova er ei fullmaktslov som gir rom for skjønn og ulike tolkingar. Etter ei lovendring 1.1.2001 kan departementet berre drive politisk styring gjennom ei endring av regelverket. Dette er ein tidkrevjande framgangsmåte i tilfelle der departementet ønskjer å reagere raskt.

Forslag til nye forskriftsreglar om kva vilkår som må vere oppfylte for at ein skal bli rekna som flyktning og dermed ha rett til asyl i Noreg, blei sendt på høyring i mai 2003. Det blei føreslått at ein i vurderinga av kven som er flyktning, også skal sjå til at kvinner og barn har like store sjansar som menn til å få flyktningstatus.

Innan mai 2004 skal EU-landa ha ein felles asyl- og innvandringspolitikk. Gjennom Schengen-samarbeidet tek Noreg del i utforminga av regelverket og politikken i EU på felt som gjeld grensekontroll, visumsamarbeid, retur og tiltak mot ulovleg innvandring, men står utanfor det meste av arbeidet med ein felles asyl- og flyktningpolitikk. Dei felles reglane og den felles politikken i EU på desse områda kan likevel få konsekvensar for Noreg.

Utvidinga av EU og EØS frå 1.5.2004 vil truleg føre til auka innvandring til Noreg av arbeidstakarar frå dei nye medlemslanda.

Strategiar og tiltak

Etter at utlendingslovutvalet har levert si utgreiing, vil ho bli send på offentleg høyring.

EU arbeider med eit felles regelverk på område som familiesamanføring, status for tredjelandsborgarar, asylprosedyrar, mottak av asylsøkjjarar og vilkår for å få asyl eller anna internasjonalt vern. Departementet vil følgje nøye med og vurdere eventuelle behov for tilpassing av det norske regelverket.

Regjeringa vil allereie før den nye utlendingslova kjem, leggje fram ei stortingsmelding om korleis regjeringa på ein meir effektiv måte kan styre praksisen utan å måtte gå inn i enkeltsaker, og om korleis ein kan sikre ein meir einsarta praksis på utlendingsfeltet. Nye forskrifter om vilkåra for å bli rekna som flyktning skal etter planen setjast i verk i 2004.

Regjeringa vil leggje til rette for at utvidinga av EØS og auka arbeidsinnvandring blir til størst mogleg nytte for norsk økonomi og samfunnsliv. Kommunal- og regionaldepartementet vil vurdere utforminga og praktiseringa av reglane for EØS-løyve til arbeidstakarar og andre i samband med utvidinga.

Departementet vil leggje fram ein odelstingsproposisjon om ny lov om statsborgarskap i 2004.

10. Mål- og resultatstyring på grunnlag av god kunnskap

Tilstandsvurdering

I dei siste åra har Kommunal- og regionaldepartementet nytta uavhengige evalueringar for å få eit betre grunnlag for å drive god mål- og resultatstyring av verksemda på utlendingsfeltet. Dette har vist seg å vere viktige reiskapar i den organisatoriske utviklinga på feltet. Evaluering av utviklingsarbeid, til dømes i samband med innføring av introduksjonsordninga, gir dessutan viktige innspel til utforming av politikken og regelverket.

Evalueringa av UNE blei avslutta våren 2003. Rapporten frå evalueringa gir i hovudsak positiv omtale av UNE, men rapporten inneheld òg forslag som tek sikte på å få til ei enda betre klageordning.

Etter den uavhengige granskinga av verksemda til UDI i 2001 er det mellom anna gjort store organisatoriske endringar i måten UDI behandlar utlendingssaker på.

Det er innført eit nytt saksbehandlingssystem, som er eit felles verktøy for heile utlendingsforvaltninga. Datasystem for utlendings- og flyktningssaker (DUF) vil vere eit viktig verktøy for å betre kvaliteten i saksbehandlinga og betre datagrunnlaget. Heile systemet er planlagt levert innan utgan-

gen av 2003, og arbeidet skal fullførast innanfor ramma av den eksisterande utviklingskontrakten.

Sjølve prosessen med innføring av DUF har i ein periode ført til færre vedtak i UDI og UNE. Hovudforklaringane er ustabilitet i systemet i startfasen, varierende responstider og nye arbeidsformer. DUF gir betre og meir statistikk enn tidlegare system, og gir betre kontroll og oversikt i saksbehandlinga. Registrering av meir informasjon i kvar sak krev ressursar, men betrar kvaliteten på dei vedtaka som blir gjorde.

Samarbeidet med Statistisk sentralbyrå (SSB) gjennom meir enn ti år for å utvikle statistikk om innvandring og innvandrarak har gitt eit godt grunnlag for statistikk på området. Det er framleis behov for utvikling av slik statistikk.

Strategiar og tiltak

Når det gjeld evalueringa av UNE, vil nokre av dei forslaga til forbetringar som krev lovendring, bli lagde fram gjennom ei stortingsmelding og ein lovproposisjon om praktisering av utlendingslova og politisk styring.

Det vil bli evaluert om gjennomgangen av UDI i 2001 er følgd opp på ein tilfredstillande måte.

DUF må, som alle større IT-system, heile tida utviklast vidare for å ta omsyn til nye behov hos brukarane. Utlendingsforvaltninga er eit område i stadig utvikling, og det er såleis viktig at systemet blir tilpassa endringar.

Forskning, utgreiing og forsøk som departementet finansierer, jf. kap. 521, post 71 Kunnskapsutvikling og kap. 500, post 21 Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag, er viktige tiltak for å betre kunnskapsgrunnlaget når politikken skal utformast. Samarbeidet med SSB om statistikk går vidare. Gjennomføring av ei ny undersøking om levekåra for innvandrarbefolkninga kjem til å stå sentralt. Dessutan blir det i 2004 fokusert på evaluering av endringar av regelverk og på forholdet mellom innvandringsregulering, utlendingskontroll og integreringspolitikk, eit felt som det manglar kunnskap på.

11. Open og velfungerande utlendingsforvaltning som publikum har tillit til

Tilstandsvurdering

Det er sidan 2002 sett i verk ei rad tiltak for å forbetre servicen overfor brukarane i forvaltninga. Arbeidet held fram i 2003.

UDI har sendt ut informasjon både på Internett og via andre kanalar. I tråd med servicestrategien for utlendingsforvaltninga er arbeidet konsentrert om tiltak retta mot primærbrukarane og hjelparane

deira. Det er også utarbeidd informasjonsmateriell til utanriksstasjonar, politidistrikt og bibliotek. UDI har vidare inngått ein avtale med Norsk organisasjon for asylsøkjjarar (NOAS) for å forbetre informasjonen til asylsøkjjarar i mottak. Informasjonen vil bli tilpassa ulike grupper og individ og skal omfatte opplysningar om prosessen, saksbehandlinga, rettar og plikter.

I utforminga av vedtak legg UNE stor vekt på å gjere samanhengane mellom sakene, regelverket og utfalla tydelege. På heimesida til UNE er mellom anna dei interne retningslinjene for saksbehandling publiserte, og her finst det òg ein anonymisert praksisbase med enkeltvedtak. Gjennom årboka til UNE er praksis og viktige dilemma på saksfeltet synleggjorde.

Strategiar og tiltak

UDI skal gjennomføre ei brukarundersøking i løpet av 2003 og 2004.

I den eksterne evalueringa av UNE, jf. delmål 10, var eitt av funna at saksbehandlinga i UNE gjennomgåande ser ut til å halde ein høg standard fagleg og etisk. For å byggje tillit over tid skal saksbehandlinga i UNE stadig ha fokus på tydelege vedtak og ei open linje i forhold til media og interessegrupper. Det skal vere ein forsvarleg balanse mellom grundig og effektiv saksbehandling.

Likestilling mellom kvinner og menn

Kommunal- og regionaldepartementet legg særleg vekt på desse tiltaka med sikte på å styrkje like-

stillinga mellom kvinner og menn på innvandringsfeltet:

- Introduksjonsordninga for nye innvandrarak, som vil gjelde alle kommunar frå 1.9.2004, er lagt opp slik at kvinner skal kunne delta på like fot med menn.
- Arbeidet med regelverk og praksis når det gjeld tiltak mot tvangsekteskap, blir vidareført.
- Handlingsplan mot handel med kvinner og barn (2003–2005) blir følgd opp i samarbeid med andre departement, mellom andre Justisdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Utanriksdepartementet og Sosialdepartementet.
- Utlendingslovutvalet vil leggje vekt på kjønnsdimensjonen ved utforminga av forslag til ny utlendingslov. Spesielt vil utvalet sjå nærmare på kjønnsbasert forfølging og på handel med kvinner og barn.
- Kommunal- og regionaldepartementet har gjort framlegg om endringar i reglane for saksbehandling i asylsaker. Det skal takast omsyn til at kvinner og menn kan oppleve flyktningsituasjonen ulikt.
- Det er føreslått ei klargjering av kriteria for kven som er flyktning. Ved vurderinga av kven som skal reknast som flyktning, skal ein ta omsyn til alder og kjønn for å sikre at kvinner og barn har like stor sjanse som menn til å bli rekna som flyktning.
- Det blir gitt eit differensiert tilbod tilpassa dei bebuarane som til kvar tid er på asylmottaka, sjå tilstandsvurderinga under delmål 4. Dette skal mellom anna sikre at det blir teke omsyn til dei ulike behova som menn og kvinner kan ha.

Kap. 520 Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 3520)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	418 290	372 980	441 833
21	Spesielle driftsutgifter, statlege mottak	1 658 154	1 051 220	1 167 500
22	Spesielle driftsutgifter, tolketenester og omsetjing	72 671	66 070	72 000
90	Lån	3 854		
	Sum kap. 520 ¹	2 152 969	1 490 270	1 681 333

¹ Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 520, post 1 auka med 51,7 mill. kr til 424,68 mill. kr. Løyvinga på post 21 blei auka med 656,2 mill. kr til 1 707,42 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Post 1 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til drift av Utlendingsdirektoratet (UDI). UDI har ansvar for mellom anna behandling av saker etter utlendingslova og for mottak, busetjing og oppfølging av introduksjonstiltak for innvandrarakar, jf. omtale innleiingsvis. UDI skal også saman med andre verksemdar medverke til at innvandrarakar blir integrerte og deltek i samfunnslivet, og til at samfunnet blir prega av mangfald og fellesskap, jf. omtale ovanfor.

Rapport for 2002 og 2003

Til saman 17 500 personar søkte om asyl i 2002, ein auke på 2700 personar, eller 18 pst., frå året før. Dette er det høgste talet på asylsøkkarakar som nokon gong er blitt registrert i Noreg på berre eitt år. I 2002 gjorde UDI nærmare 85 900 vedtak i førsteinstansen etter utlendings- og statsborgarlova. I same periode auka løyvinga med 21,1 pst.

2002 var prega av store omstillingsprosessar. Målet var å setje UDI i stand til å behandle alle saker og oppgåver innan akseptabel tid, og samtidig yte god service overfor brukarane. Andre mål var å skape ein fleksibel organisasjon og styrkje dei strategiske og administrative funksjonane. Det blei mellom anna oppretta ei ny avdeling for det strategiske arbeidet, med ei eiga eining for statistikk og analyse. Vidare har UDI styrkt controllerfunksjonane og er i ferd med å utarbeide eit nytt system for leiingsinformasjon. UDI oppretta hausten 2001 eit prosjekt i Opphaldsavdelinga for å behandle saker som hadde hopa seg opp i avdelinga over tid, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2002-2003) s. 65. På åtte

månader, fram til 1.7.2002, behandla prosjektet 11 600 opphaldssaker. Som eit ledd i effektiviseringa av arbeidet er Opphaldsavdelinga no omorganisert etter sakstype.

Fram til 1.7.2002 tok ein også hand om 5000 intervjurestansar. Dette gjaldt asylsøkkarakar som på grunn av kapasitetsproblem i utlendingsforvaltninga sommaren og hausten 2001 blei sende frå Oslo til mottak i andre delar av landet utan at dei hadde vore igjennom asylintervju. Intervjujobben blei derfor overført til UDI sine regionkontor. Arbeidet gjekk etter planen, og alle dei 5000 asylsøkkarakarane var intervjuet innan fristen.

Omstillingane som er nemnde i teksten over, blir følgde opp i 2003 og vil setje UDI betre i stand til å styre si eiga verksemd. I St.prp. nr. 1 (2002-2003) s. 66 blei det varsla at ferdigstilling og iverksetjing av Datasystem for utlendingsforvaltninga (DUF) ville krevje ressursar også i 2003, og at dei store omstillingane kunne innebere at organisasjonen fekk periodar med stagnasjon i utviklinga. Ein har no begynt å merke ein slik stagnasjon. UDI har no betre kontroll over korleis oppgåvene skal løysast, men har på nytt ein auke i saksbehandlingstidene. Ulike tiltak for å unngå ei opphoping av restansar blir vurderte.

I 1999 blei det gitt ei løyving på 20 mill. kr til innkjøp av DUF, i tillegg til ei omdisponering til dette formålet på 5 mill. kr frå drifta av UDI. I 2001 godkjende departementet at ein kunne overskride kap. 520, post 45 med 7 mill. kr og la dette beløpet gå til DUF, mot ei tilsvarende innsparing på driftsbudsjettet for UDI i 2002. Budsjettet for drift blei vidare auka med 11 mill. kr i saldert budsjett 2003. Auken gjekk til DUF, datasystemet Vision og arbeidet med ein overordna IT-strategi. Budsjettet blei

vidare auka med 7,2 mill. kr i revidert nasjonalbudsjettet våren 2003. Formålet var å dekkje auka utgifter til IT-relaterte prosjekt, medrekna DUF.

UDI har i perioden frå 1998 til og med mai 2003 utgiftsført totalt 66,7 mill. kr til DUF. Dette inkluderer utgifter til bruk av egne tilsette. Utgifter knytte til DUF utover det som er løyvt særskilt, er tekne innanfor løyvingane på driftsposten til UDI. Det står framleis att fleire leveransar i DUF-systemet.

DUF er det sentrale saksbehandlingssystemet i utlendingsforvaltninga og vil, som alle større IT-system, måtte utviklast. Utlendingsforvaltninga er eit område i stadig endring, og det er såleis viktig at systemet blir tilpassa endringar i behov. Som for alle større datasystem må ein derfor også her rekne med utgifter til forbetringar i tida framover. Til dømes kan endringar i lov og forskrifter føre til at det må gjerast endringar.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving til drift av UDI på 441,8 mill. kr i 2004, av dette 20 mill. kr til å utvikle eit nytt nasjonalt registreringssystem i samband med innføring av obligatorisk norskopplæring for vaksne innvandrarak frå 1. januar 2005.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, statlege mottak

Løyvinga på posten skal dekkje staten sine utgifter til drift av statlege mottak for asylsøkjarak og flyktningar. For ein nærmare omtale av kva løyvinga på posten går til, sjå omtale av posten i St.prp. nr. 1 (2002-2003) s. 66.

Behovet for løyvingar er avhengig av kor mange personar det er som bur i mottak, som igjen er avhengig av kor mange personar det er som søker asyl, saksbehandlingstida i asylsaker, talet på løyve/avslag, busettingstakten, effektueringa av avslag og kor mange personar som reiser frå mottak på eiga hand. Prognosane er usikre, og det kan bli behov for å endre løyvinga på posten i løpet av budsjettperioden.

Rapport for 2002 og 2003

Statlege mottak er lokaliserte over heile landet og blir drivne etter avtale med private driftsoperatørar, kommunar eller organisasjonar. Ser ein på utgiftene knytte til dei driftsavtalane UDI har med driftsoperatørar av statlege mottak, var gjennomsnittleg pris per bebuar per døgn i 1. halvår 2003 om lag 170 kr samla for ordinære plassar og plassar for einslege mindreårige, og om lag 330 kr for

transittplassar. I desse utgiftene ligg i tillegg til kontraktfesta utgifter til driftsoperatørane, kompensasjon til vertskommunane for statlege mottak og utgifter til særskilde tiltak, som vakthald og tilrettelegging av husvære for personar med særskilde behov. Den største utgifta som ikkje ligg inne i prisen, er ytingar til asylsøkjarak og flyktningar i den tida dei er i mottak.

For å imøtekomme behovet for fleksibel mottakskapasitet, har avtalane UDI gjer med driftsoperatørar, i all hovudsak ei oppseiingstid på tre månader. Det er eit mål at minimum 90 pst. av dei ordinære, faste mottaksplassane skal vere i bruk til kvar tid. Gjennomsnittleg kapasitetsutnytting var per 1.8.2003 på 98,7 pst. Etter nærmare avtale med departementet kan målet fråvikast i periodar med rask opp- og nedbygging. Det nye, differensierte mottakssystemet er ikkje ferdig utvikla, sjå nærmare omtale under delmål 4. Gjennomsnittleg kapasitetsutnytting for dei faste transittplassane var per 1.8.2003 på 71,3 pst. Departementet har enno ikkje fastsett særskilde krav til ressursutnyttinga for transittmottak.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving til drift av mottak på 1 167,5 mill. kr i 2004. Forslaget er basert på eit overslag over gjennomsnittleg belegg i mottak på i overkant av 11 000 personar, jf. også romartalsvedtaket om fullmakt om mellombels innkvartering av asylsøkjarak og flyktningar.

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolketenester og omsetjing

Løyvinga på posten dekkjer utgiftene UDI har til tolking og omsetjing i samband med behandlinga av asylsaker.

UDI har ansvaret for å intervjuer asylsøkjarak og nyttar derfor tolk i stort omfang. I tillegg til asylintervjuet har asylsøkjarak med visse unntak høve til å gi ei skriftleg forklaring, ei eigenerklæring om kvifor dei søker asyl, før intervjuet. Denne ordninga inneber utgifter til omsetjing. Løyvinga på posten skal også dekkje omsetjing av originaldokument som saksbehandleren i UDI meiner må omsetjast til norsk. Det gjeld originaldokument som søkjaren, politiet eller andre relevante instansar legg ved i saka.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 72 mill. kr på posten for 2004.

Kap. 3520 Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 520)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
2	Gebyr nødvisum	23	90	90
4	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	760 165	504 586	654 000
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	201		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	5 253		
18	Refusjon av sjukepengar	5 828		
	Sum kap. 3520 ¹	771 470	504 676	654 090

¹ Endringer som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 3520, post 4 auka med 383,3 mill. kr til 887,9 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Post 2 Gebyr for nødvisum

På bakgrunn av tidlegare erfaringstal føreslår regjeringa at det blir budsjettert med kr 90 000 i gebyrinntekter for utskriving av nødvisum.

Post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Ein del av dei innanlandske utgiftene i samband med mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan i

samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC (Development Assistance Committee) godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Regjeringa føreslår at 654 mill. kr av utgiftene på kap. 520, post 21 Spesielle driftsutgifter, statlege mottak blir innrapportert som utviklingshjelp. Tilsvarende beløp kan førast som inntekt på kap. 3520, post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter.

Kap. 521 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak (jf. kap. 3521)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
60	Integreringstilskot, kan overførast	2 400 299	2 865 811	2 926 903
61	Norskopplæring for vaksne innvandrarak ¹			1 001 500
62	Kommunale tiltak for innvandrarak	11 664	41 850	43 000
70	Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	2 716	2 440	2 700
71	Kunnskapsutvikling, kan overførast	14 468	44 333	48 250
72	Tilbakevending for flyktningar, kan overførast	12 482	11 300	9 300
73	Tilskot til innvandrarakorganisasjonar og anna frivillig verksemd	21 500	22 420	25 000
74	Ordninga med statleg autorisasjon for tolkar o.a.	1 500	1 560	1 600
75	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast	19 857	31 200	11 650
	Sum kap. 521 ²	2 484 486	3 020 914	4 069 903

¹ Tekniske endringar frå 2003 til 2004: Post 61 er oppretta i samband med at ansvaret for forvaltninga av norskopplæringa for vaksne innvandrarak er overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet. Tilskotet blei tidlegare løyvt over kap. 254, post 60 under Utdannings- og forskingsdepartementet.

² Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 521, post 72 auka med 25 mill. kr til 36,8 mill. kr og løyvinga på post 75 auka med 9,2 mill. kr til 40,4 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Post 60 Integreringstilskot, kan overførast*Bakgrunn*

Ein viktig intensjon med tilskotet er at ressursane skal nyttast best mogleg. Det gjer ein ved å samle det økonomiske og administrative ansvaret på kommunalt nivå, i tråd med prinsippet om kommunal handlefridom. Integreringstilskotet skal dekkje dei gjennomsnittlege utgiftene kommunane har ved busetjing og integrering av flyktningar i busetjingsåret og dei fire neste åra. Sidan utgiftene varierer frå kommune til kommune, vil enkelte kommunar få meir i tilskot enn det dei har av utgifter i samband med busetjing og integrering av flyktningar i perioden, medan andre kommunar vil få mindre.

I samband med introduksjonsordninga vedtok Stortinget den 16. juni 2003 (jf. Innst. O. nr. 103):

”Stortinget ber Regjeringa sørge for en fullfinansiering av introduksjonslovsreformen. Kostnadene innarbeides i statsbudsjettet for 2004 og påfølgende år.”

Fram til 1.9.2004 er introduksjonsordninga frivillig. Den nye ordninga skal finansierast innanfor ramma av integreringstilskotet, kommunale tiltak for innvandrarak og tilskot til norskopplæring for vaksne innvandrarak. Det er ikkje mogleg på sikkert grunnlag no å fastsetje eventuelle meirutgifter for kommunane som følgje av innføring av introduksjonsordninga. Ein eventuell auke i kommunane sine utgifter vil bli kartlagd av Berekningsutvalet. Norskopplæring er eit av hovudelementa i introduksjonsprogrammet. Departementet legg til grunn at kommunane vil intensivere opplæringa som følgje av innføring av introduksjonsprogrammet. Utgifter til norskopplæringa blir dekte over løyvinga på post 61 Norskopplæring for vaksne innvandrarak. Vidare vil løyvinga over post 62 Kommunale tiltak for innvandrarak i all hovudsak bli gitt til tiltak som støttar opp om kommunale introduksjonsprogram i dei kommunane som no tek introduksjonsordninga i bruk.

Mål

Integreringstilskotet skal medverke til rask og god busetjing ved at flyktningane kan flytte ut frå mottak og busetje seg i ein kommune innan seks månader etter at det er gitt ordinært opphalds- og/eller arbeidsløyve, og ved at overføringsflyktningar blir busette innan seks månader etter at det er gitt innreiseløyve. Tilskotet skal medverke til rask busetjing av eldre og funksjonshemma flyktningar, og føre til at kommunane gjennomfører eit planmessig og godt busetjings- og integreringsarbeid.

Tildelingskriterium

Alle kommunar får tilskot etter same satsstruktur og nivå. For 2004 føreslår regjeringa at tilskotet for femårsperioden blir auka frå kr 376 000 til kr 393 000.

Ved busetjing av flyktningar som har fylt 60 år ved busetjinga, får kommunen eit ekstra eingongstilskot, og ved busetjing av flyktningar med kjende funksjonshemmingar, kan kommunen søkje om ekstra tilskot, jf. St.prp. nr. 1 (2002-2003), s. 68–69.

Skoletilskotet

For å dekkje den kommunale eigendelen i samband med særskild norskopplæring og morsmålsopplæring for barn som er omfatta av integreringstilskotet, blir det også gitt tilskot til språkopplæring. For 2004 føreslår regjeringa at tilskotet blir auka frå kr 7 925 til kr 8 550 per barn per år.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje leggje fram særskild rekneskap for integreringstilskotet. Gjennom den kartlegginga Berekningsutvalet gjer av dei utgiftene kommunane har til busetjing og integrering av flyktningar, blir det kontrollert at det samla sett er eit rimeleg samsvar mellom forbruk og nivå på tilskotet for kommunesektoren, jf. kap. 521, post 70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging.

På grunnlag av kommunerapporteringa og statistikk over ventetid for busetjing, og på bakgrunn av kontakt med kommunane, vurderer UDI om kommunane arbeider planmessig med busetjings- og integreringsarbeidet.

Rapport for 2002 og 2003

Som i tidlegare år er det for få plassar i kommunane i forhold til behovet. Mangelen er størst på Sør- og Austlandet, og målet i den nye busetjingsordninga om auka busetjing i folketette område blir dermed ikkje nådd. For busetjing av overføringsflyktningar er resultatane betre. Trass i dette har talet på busette i dei siste åra, når vi ser det over tid, vore større enn nokon gong før. Målet om busetjing innan seks månader etter positivt vedtak står ved lag også for 2004, trass i at UDI har avgrensa med verkemiddel for å nå målet, jf. delmål 5.

Dialog, informasjon og samarbeid med kommunane er sentrale verkemiddel som UDI nyttar for at flyktningane kan bli busette så raskt som råd. Det er likevel den enkelte kommunen som avgjer kor mange flyktningar, og kven, kommunen vil busetje.

Tabell 3.4 Tal på busette

Busetjingsår	1999	2000	2001	2002	Per 31.7.2003
Tidlegare asylsøklarar	3 733	3 627	3 395	3 067	1 604
Overføringsflyktningar ¹	1 635	788	1 747	1 184	852
Familiesamanførte ²	1 370	1 516	1 417	3 526	1 036
Einslege mindreårige asylsøklarar ³		406	340	364	124
Busette totalt	6 738	6 337	6 899	8 141	3 616

¹ Tabellen viser kor mange personar som har kome til landet.

² Som kommunane får integreringstilskot for. Søknad må vere innlevert i løpet av integreringstilskotsperioden til den ein søkjer familiesamanføring med.

³ For 1999 er ikkje einslege mindreårige skilt ut som eiga gruppe.

Kjelde: Mottaks- og busetjingsstatistikk frå UDI

Flyktningane blei busette i 296 kommunar i 2002.

Tabell 3.5 Oppholdstid i mottak etter vedtak (i prosent)

Busette i kommunane etter vedtak	1999	2000	2001	2002	Per 31.7.2003
Innan 6 månader	68	48	37	60	54
Mellom 6 og 12 månader	30	40	38	14	25
Meir enn 12 månader	2	12	25	25	21

Kjelde: Mottaks- og busetjingsstatistikk frå UDI

Målet for busetjing av einslege mindreårige er at dei skal vere busette innan tre månader etter at det er gitt opphaldsløyve. Berre ein tredel av dei einslege mindreårige blei i 1. halvår 2003 busette innan den oppsette tidsfristen. I tillegg er 26 personar direktebusette utan opphaldsløyve. Ei årsak til lang ventetid er at det tek tid å finne gode løysingar når det gjeld husvære og omsorg for einslege mindreårige. Kommunane har behov for rettleiing og overføring av kompetanse i arbeidet med einslege mindreårige. Utgifter til kommunale tiltak i samband med husvære til einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar (heimla i barnevernlova § 4-4) over den eigendelen kommunane må betale, blir refunderte. Ordninga gjer at ein eventuell økonomisk risiko for kommunane blir redusert. Situasjonen må også sjåast i samanheng med særskilde tilskot frå Barne- og familiedepartementet til arbeid med einslege mindreårige i kommunane, jf. kap. 854, post 64 Tilskot for einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar.

Av 87 einslege mindreårige busette per 1.6.2003 kom om lag 25 pst. med følgjeperson. Om lag 40 pst. av desse var jenter. Av dei resterande, dei som kom utan følgjeperson, var om lag 25 pst. jenter.

Overføringsflyktningar

Innanfor ein periode på tre år blir det fastsett kor mange overføringsflyktningar Noreg samla skal ta imot for gjenbusetjing. Gjenbusetjing inneber å finne ei varig løysing for flyktningar som ikkje kan repatrierast eller bli verande i landet der dei oppheld seg. Uttak av overføringsflyktningar skjer normalt i samarbeid med UNHCR og i samsvar med dei kriteria departementet har fastsett. I perioden 1998–2000 var den samla kvoten på 4500 personar. I fjor vedtok Stortinget at kvoten for 2001–2003 skulle reduserast med 750 personar, slik at denne kvoten samla er på 3750 personar. Grunngivinga for reduksjonen var det høge talet på asylsøkjjarar dei siste åra og vanskaner med å busetje dei som har fått opphald i Noreg. På grunn av etterslep i

uttaket vil Noreg likevel ta ut om lag 1150 flyktningar for gjenbusetjing i 2003.

Noreg vil halde fram det nære samarbeidet med UNHCR om bruken av kvoteplassane. Ved uttak skal det, som tidlegare, takast utgangspunkt i flyktningbakgrunnen til den enkelte, behovet for å bli busett i eit nytt land og utsiktene til å kunne delta og greie seg sjølv i det norske samfunnet. Det blir lagt opp til tett dialog med UNHCR om kven Noreg bør prioritere for gjenbusetjing. Utsette kvinner er blant dei som vil bli tekne ut, og det skal takast særlege omsyn i saker som inkluderer barn.

Regjeringa føreslår å vidareføre ordninga med ein fleksibel kvote for overføringsflyktningar innanfor ein periode på tre år. Fleksibiliteten inneber at ubrukte plassar kan overførast til det etterfølgjande året innanfor perioden. Regjeringa føreslår at den samla kvoten for perioden 2004–2006 blir sett til 2250, dvs. 750 per år i snitt.

Tabell 3.6 Talet på overføringsflyktningar som har kome til landet

År	Personar
1998	1 124
1999	1 480
2000	1 481
2001	1 269
2002	1 216
1. halvår 2003	852

Utgifter til ei stilling som gjenbusetjingsattaché, til informasjonsarbeid overfor overføringsflyktningar og kommunar og til eit eige prosjekt for mottak av flyktningar frå Liberia har vore finansierte gjennom alternativ bruk av kvoteplassar.

Regjeringa føreslår at midlar tilsvarande opptil 50 kvoteplassar framleis skal kunne brukast for å gjere arbeidet med gjenbusetjing meir effektivt, både i og utanfor Noreg.

Budsjettforslag for 2004

Tabell 3.7 Satsar for integreringstilskot

Busetjingsår	Satsar 2001	Satsar 2002	Satsar 2003	Satsar 2004
År 1 (2004)	85 000	87 000	87 000	96 000
År 2 (2003)	75 000	77 000	77 000	85 000
År 3 (2002)	75 000	77 000	77 000	77 000
År 4 (2001)	65 000	68 000	68 000	68 000
År 5 (2000)	65 000	67 000	67 000	67 000
Sum	365 000	376 000	376 000	393 000

For 2004 føreslår regjeringa ei løyving på 2 926,9 mill. kr, basert på at 6900 personar vil bli busette i 2004. Dette beløpet inkluderer 90 mill. kr til særskild norskopplæring og morsmålsopplæring for barn som er omfatta av integreringstilskotet.

Post 61 Norskopplæring for vaksne innvandrarar*Mål*

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at kommunane tilbyr vaksne innvandrarar norskopplæring som gir dei gode nok kunnskapar til å kunne ta vidare utdanning og til å kunne delta i yrkes- og samfunnslivet.

Rapport for 2002 og 2003

Tabell 3.8 Norsk med samfunnskunnskap for innvandrarar 1999–2002

Opplæring	1999	2000	2001	2002
Undervisningstimar	916 120	1 074 187	1 134 254	1 525 433
Deltakarar på teljingsdatoen ¹	22 796	21 856	26 013	30 433
– av desse deltakarar i asylmottak	7 848	6 151	7 165	7 826

¹ Teljingsdatoen er endra frå 1.12. til 1.10. frå 2002.

Kjelde: FRES/UFD (1999–2001), GSI/SSB (2002)

Tabell 3.9 Talet på deltakarar per 1.10.2002 fordelt på kvinner og menn

	Kvinner	Menn	Sum	Pst. kvinner	Pst. menn
A-løp	8 573	8 135	16 708	51,3	48,7
B-løp	7 287	6 436	13 723	53,1	46,9
Sum	15 860	14 571	30 431	52,1	47,9

Kjelde: GSI/SSB

Sidan timegrensa blei utvida i 1998, har deltakinga i opplæringa auka kvart år. Frå 2001 til 2002 auka talet på deltakarar med om lag 17 pst., medan

talet på undervisningstimar auka med om lag 34 pst. I opplæringa som er lagd til rette for dei med lite grunntdanning (B-løp), var det 13 723 deltaka-

rar per 1.10.2002, om lag 2500 fleire enn året før. Ein sterkare vekst i talet på undervisningstimar enn veksten i deltakartalet, inneber at mange kommunar gir meir intensiv norskopplæring enn tidlegare (fleire undervisningstimar per veke). Vi ser òg at dei kommunane som har innført introduksjonsprogram, gir meir intensiv norskopplæring enn andre kommunar.

I 2002 var det ei svak overvekt av kvinner som tok del i norskopplæringa (52 pst.). Av kandidatane til Språkprøva var heile 65 pst. kvinner.

Budsjettforslag for 2004

Forvaltningsansvaret for norskopplæring for vaksne innvandrarak blir overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet frå 1.1.2004. Dei statlege løyvingane til norskopplæring for vaksne innvandrarak var på om lag 760 mill. kr i 2002. Løyvinga i 2003 er på 891 mill. kr. etter revidert nasjonalbudsjett.

Regjeringa føreslår at tilskotet til norskopplæring ikkje blir gitt for personar med arbeidsløve på grunnlag av eit arbeidstilbod og deira familie når løyva er gitt etter 1.1.2003. Framlegget inneber at tilskot heller ikkje blir gitt til norskopplæring for nordiske borgarak og personar med EØS-/EFTA-løyve. Sjølv om statstilskotet blir avvikla, vil det bli gitt tilbod om norskopplæring mellom anna gjennom kommunane og vaksenopplæringsorganisasjonane mot eigenbetaling frå den enkelte innvandrarak eller arbeidsgivaren til vedkomande. Framlegget vil kunne gi ein marknad for eit meir fleksibelt tilbod til desse gruppene. Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 1 001,5 mill. kr på posten for 2004.

Post 62 Kommunale tiltak for innvandrarak

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje integreringsarbeidet i kommunane. Ordninga skal også medverke til å sikre at innvandrarak av begge kjønn blir stilte likt. Det blir gjort ved å stimulere til utprøving og oppstarting av nye tiltak som støttar opp om kommunale introduksjonsprogram for nyleg komne flyktningar og innvandrarak.

Alle kommunar kan søkje om midlar.

Dei 12 kommunane i landet med flest utanlandsfødde personar (med unntak av personar fødde i EØS-området, USA, Canada, Australia og New Zealand) som er fast busette i kommunen, medrekna barn av slike personar, kan også søkje om midlar som

- stimulerer til tiltak som medverkar til at innvandrarakgrupper i større grad deltek i samfunnsli-

vet, gjennom nettverksbygging, dialog og samhandling

- støttar opp om den nye introduksjonsordninga

Tilskotet blir fordelt etter søknad til UDI.

Rapport for 2002 og 2003

Det blei i 2003 utbetalt 12,3 mill. kr til dei 12 kommunane med flest busette innvandrarak. Desse kommunane var Oslo, Bergen, Stavanger, Drammen, Trondheim, Bærum, Kristiansand, Skedsmo, Fredrikstad, Sandnes, Skien og Asker. Tilskota er fordelte i forhold til storleiken på innvandrarakbefolkninga. Kommunane får ei øvre tilskotsramme og søkjer om prosjektmidlar innanfor denne ramma. Dette er ei ny ordning frå 2003, og ho gir kommunane betre høve til å planleggje innanfor ei ramma. Storleiken på tilskota varierte frå kr 221 000 til 7,4 mill. kr mellom dei ulike kommunane. Hovudmålgruppene er barn, unge og kvinner med innvandrarakbakgrunn.

I 2003 er midlane i hovudsak fordelte på ulike kvalifiseringstiltak i samband med introduksjonsprogrammet for nyleg komne flyktningar. Det har også vore ei satsing på tiltak som kan førebyggje tvangsekteskap og kvinneleg kjønnslemlesting, både ved at eksisterande prosjekt er blitt førte vidare, og gjennom oppstarting av nye. Tiltaka mot kjønnslemlesting er knytte opp mot det nasjonale prosjektet "Omsorg og kunnskap mot kvinneleg omskjering" i regi av Barne- og familiedepartementet. Når det gjeld barne- og ungdomstiltak, er hovudtyngda av tiltaka retta mot meistring i skolen, fritidsaktivitetar og betring av samarbeidet mellom barn, skole og heim.

I 2003 blei det løyvt 29,6 mill. kr i prosjektstøtte under post 62 Kommunale tiltak for innvandrarak, del 2 – introduksjonsprogram. Det blei utbetalt 29,3 mill. kr til prosjekt i 107 kommunar. 19 interkommunale prosjekt inkluderer ytterlegare 48 kommunar. I alt er det dermed gitt støtte til innføring eller vidareutvikling av introduksjonsprogram i 155 kommunar. 16 bydelar i Oslo fekk prosjektstøtte.

Midlane blei fordelte regionalt i samsvar med måltal for busetjing. Støttebeløpet varierte frå i underkant av kr 100 000 til kr 300 000. 4,2 mill. kr blei brukt til ti utviklingsprosjekt der støttebeløpet varierte mellom kr 300 000 og kr 500 000. Utviklingsprosjekta har fokus på utvikling av metodar i tiltaksarbeidet, spesielt i norskopplæringa, kombinert med utplassering på praksisplass, kompetanseheving i rettleingsmetodikk og utvikling av modellar for eigenevaluering av introduksjonsordninga.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 43 mill. kr på posten for 2004. 13 mill. kr blir sett av til dei 12 kommunane i landet med flest busette innvandrarak. 30 mill. kr av løyvinga vil bli gitt til tiltak som støttar opp om kommunale introduksjonsprogram i dei kommunane som no tek introduksjonsordninga i bruk.

Post 70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging

Løyvinga skal dekkje to formål. Den eine delen av løyvinga skal dekkje utgifter i samband med busetjingsordninga. Den andre delen av løyvinga skal gå til kartlegging av dei gjennomsnittlege utgiftene kommunane har til busetjing og integrering i forhold til storleiken på integreringstilskotet, jf. kap. 521, post 60 Integreringstilskot. Regjeringa føreslår ei løyving på 2,7 mill. kr for 2004, av desse 1,3 mill. kr til den kartlegginga Berekningsutvalet gjer av kommunale utgifter til busetjing og integrering av flyktningar, og 1,4 mill. kr til det samla arbeidet Kommunenes Sentralforbund (KS) gjer på flyktningfeltet.

I tillegg blir det løyvd kr 250 000 til Nasjonalt utval for busetting over kap. 500, post 1 og kr 400 000 til Berekningsutvalet over kap. 520, post 1.

Post 71 Kunnskapsutvikling, kan overførast

Både Kommunal- og regionaldepartementet og UDI forvaltar midlar på denne posten. Kommunal- og regionaldepartementet har ei samordningsrolle, og mykje av kunnskapsutviklinga skjer i samarbeid med ansvarlege sektorstyresmakter. Nokre av prosjekta er fleirårige. Prosjekt som UDI administrerer, er i hovudsak evalueringar eller utviklingsprosjekt.

Mål

Formålet med løyvinga på posten er

- å sikre eit godt kunnskapsunderlag for asyl-, innvandrings-, flyktning- og integreringspolitikken, som gjer greie for situasjonen både for kvinner og for menn
- å medverke til ei nasjonal utvikling av kunnskap om internasjonal migrasjon og etniske relasjonar, og om gode måtar å utvikle eit fleirkulturelt samfunn på
- å medverke til informasjon om og til spreiding av forskingsresultat

Rapport for 2002 og 2003

Evalueringar av Senter mot etnisk diskriminering, Utlendingsnemnda og advokatordninga for asylsøkkjarar er avslutta. Rapportane "Grensegangen mellom asyl og opphold på humanitært grunnlag av beskyttelsesbehov" og "Kjønnsperspektiv i flyktningretten" viser at det blir argumentert på ulike måtar for opphaldsløyve i om lag like søknader om asyl i Noreg. Det blir tilrådd å innarbeide eit kjønnsperspektiv i norsk flyktningrett for å sikre lik behandling. Dei handlingsplanane regjeringa tidlegare har lagt fram, er følgde opp gjennom prosjekt for å forhindre tvangsekteskap, for å skaffe fram kunnskap om kvinneleg kjønnslemlesting og yte omsorg for kvinner utsette for kjønnslemlesting, og for å få fram kunnskap om handel med kvinner i Noreg. Desse prosjekta er no i gang. Styrking av minoritetsperspektivet i offentlege tenester er eit fleirårig utviklingsprosjekt under handlingsplanen mot etnisk diskriminering. Opplæringa skal gjere deltakarane meir medvitne og gi dei høve til å reflektere omkring eigen praksis. Dei skal også få ei styrkt kjensle av meistring og få utvikla evna til å sjå innvandrarak som ulike individ og ikkje som ei gruppe.

Fleire utviklingstiltak for einslege mindreårige asylsøkkjarar og flyktningar (jf. kap. 520, post 21) gjeld i hovudsak utvikling og utprøving av nye metodar i det praktiske kartleggings- og oppfølgingsarbeidet. Det er gjennomført eit prosjekt som dreier seg om rekruttering av verjer og innhaldet i verjerolla.

Det fleirårige prosjektet som tok sikte på å utvikle ny teknologi i samband med tolking, blei avslutta i 2002. Skjermtolking blir vurdert som eit godt tillegg til frammøtetolking, og tolkefagleg som eit mykje betre alternativ enn telefontolking. I 2003 fekk Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Høgskolen i Sør-Trøndelag og Høgskolen i Hedmark støtte frå Utlendingsdirektoratet til å opprette utdanningstilbod for til saman 250 tolkar. Tilbodet i Bergen blei sett i gang hausten 2003. Tilboda ved dei tre andre institusjonane blir sette i gang våren 2004. Arbeidet med å etablere eit nasjonalt tolkeregister er sett i gang.

Utprøving i kommunane i samband med innføring av introduksjonsordninga får midlar over kap. 521, post 62, jf. omtalen av denne posten. Evalueringar har gitt betre kunnskap om kvar flaskehalsane i arbeidet ligg, og på kva område det er behov for opplæring og kompetanseheving blant dei som skal ha ansvar på lokalt plan når introduksjonslova blir innført. Evalueringar viser at lønt, individtilpassa kvalifisering fører til at fleire kvinner deltek. I 2003 har representantar for 286 av 312 busetjings-

kommunar og tilsette i Aetat og i vaksenopplæring delteke i opplæringsprogrammet. Opplæringsprogrammet er eit viktig verktøy i arbeidet med å gjere kommunane i stand til å gi nyleg komne flyktingar og innvandrarar eit kvalitativt bra introduksjonstilbod.

Eit prosjekt som skal kartleggje språkkunnskapar hos fireåringar, og eit toårig prosjekt om IKT i norskopplæringa for vaksne vil bli førte vidare i 2004. Human Rights Service har fått midlar til eit eittårig prosjekt som skal gi informasjon om kvinner med innvandrarbakgrunn og innhente erfaringar på dette feltet.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 48,25 mill. kr på posten for 2004. Løyvinga skal gå til vidareføring av prosjekt som er i gang, evalueringar og nye prosjekt om asyl- og flyktningspørsmål, familie- og arbeidsinnvandring, integrering og diskriminering. I nye prosjekt skal kjønnspektivet kome fram. Ein stor del av løyvinga vil gå til undervisningsopplegg for tolkar og til etablering av eit nasjonalt tolkeregister. I budsjettframlegget er det som ein del av tiltaksplanen mot fattigdom sett av 3 mill. kr til tiltak for å styrkje den frivillige innsatsen overfor einslege mindreårige i kommunane.

Post 72 Tilbakevending for flyktingar, kan overførast

Målet med løyvinga er å leggje forholda til rette og motivere flyktingar til å vende tilbake når forholda i heimlandet gjer det mogleg. Posten dekkjer både individuell støtte og støtte til prosjekt som fremmar tilbakevending.

Program for individuell støtte ved tilbakevending

Personar som har fått asyl eller opphald på humanitært grunnlag, kan etter søknad få dekt reiseutgiftene og få kr 15 000 til hjelp for å starte på nytt i heimlandet.

Mål

Målet med den individuelle støtta er å gi flyktingar hjelp til varig tilbakevending og til å etablere seg på nytt i heimlandet.

Kriteria for tildeling

UDI behandlar søknadene. Alle som har fått asyl eller opphaldsløyve på humanitært grunnlag, og

familiemedlemmer som er blitt samanførte med dei, kan få støtte. I utgangspunktet blir støtte berre gitt til tilbakevending til heimlandet, men unntaksvis er det gitt støtte til reise til eit anna land.

Tilbakevendingsstøtte får ingen følgjer for retten til vidare opphald i Noreg. Løyve til opphald og arbeid vil vere gyldig til løyvet går ut etter dei ordinære reglane. Eit busetjingsløyve er gyldig i to år etter utreise. Dersom søkjaren gjeninnvandrar til Noreg, skal støtta betalast tilbake etter nærmare fastsette reglar.

Rapport

Personar som har grunnlag for varig opphald i Noreg, har i liten grad valt å vende tilbake til heimlandet. I det siste året har mange færre enn tidlegare vendt tilbake under programmet, og vi er inne i ein periode med låg aktivitet når det gjeld tilbakevending. Det er først og fremst personar med tidsavgrensa vern som har nytta ordninga med tilbakevendingsstøtte, det vil seie personar frå Bosnia og Kosovo. Over 6000 personar frå Kosovo har motteke støtte, medan ca. 1800 av dei har nytta høvet til å kome tilbake til Noreg. Av desse har berre ca. 11 pst. betalt tilbake støtta per 1.7.2003. Årsaka til det er at dei gjeninnvandra personane for ein stor del er avhengige av sosialhjelp eller ytingar etter pengereglementet. Regelverket seier at krav om tilbakebetaling ikkje kan drivast inn frå personar i ein slik situasjon. Dei som har eiga inntekt, har ofte så låg inntekt at tilbakebetalinga må skje i avdrag. Dei aktuelle personane blir følgde opp i inntil fire år for å sikre tilbakebetaling. Om lag ein tredel av dei tilbakevendende er kvinner.

Tabell 3.10 Tilbakevendende i perioden frå 1998 til 1. halvår 2003

År	Talet på tilbakevendende
1998	351
1999	3846
2000	1638
2001	1001
2002	87
1. halvår 2003	28

Kjelde: Årsmeldingar frå UDI og TBV-statistikk

Som følge av den nye situasjonen i Irak vedtok Stortinget i revidert nasjonalbudsjett å gi 25,5 mill.

kr. over post 72 for å setje i verk tiltak for å stimulere til frivillig tilbakevending til Irak og til auka tilbakevendingsstøtte. Per 1.1.2003 budde det i overkant av 13 000 irakarar i Noreg.

Tilbakevendingsprosjekt

Mål

Prosjekta skal motivere og førebu flyktningar til å vende tilbake til heimlandet. Samtidig skal prosjekta gi alle som deltek i flyktningsarbeid lokalt, kunnskapar som er nødvendige for å inkludere tilbakevendingsperspektivet i det ordinære arbeidet med flyktningar.

Kriterium for tildeling

Støtte kan givast til kommunar, andre offentlege etatar, mottak, frivillige organisasjonar og enkelt-personar. Prosjekta skal ta omsyn til at kvinner og menn kan ha ulike behov, og skal vere innanfor desse kategoriane:

- informasjon om tilhøva i heimlandet
- opplæring og kvalifiseringstiltak
- kompetansutvikling retta mot oppbygging av heimlandet
- forsoning og demokratibygging
- utvikling av metodikk og kompetanse i lokalt tilbakevendingsarbeid

Rapport

Prosjektaktiviteten i 2003 har vore på om lag same nivå som i 2002. I 2003 har fleire prosjekt fokusert på tilbakevending til Afghanistan og Somalia. Eit viktig prosjekt er *Information and Counselling on Repatriation (INCOR)* i regi av Flyktningsrådet, som sidan 1995 har hatt tilbod om informasjon og rådgiving i samband med tilbakevending. INCOR utvida i 2003 prosjektet til også å omfatte einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjjarar.

Generelt har prosjektstøtteordninga ført til at ein har fått meir erfaring med tilbakevendings-spørsmål i ulike flyktningsmiljø, kommunar, bedrifter og organisasjonar. Ordninga har ført til at fleire flyktningar har fått informasjon og rådgiving om tilhøva i heimlandet og om tilbakevending. Prosjekt med fokus på kvalifisering og oppbygging har ført til at flyktningar har fått relevant arbeid. Somme har delteke i verksemd for å bygge opp att heimlandet. Nokre av prosjekta er blitt delfinansierte av Utanriksdepartementet. Søknader som gjeld ungdom og kvinner, er blitt prioriterte, men få prosjekt har berre kvinner som målgruppe.

Evaluering

SINTEF/IFIM har evaluert bruken av midlane på posten. Målet med evalueringa var å sjå om dei verkemidla ein rår over, fungerer slik meininga var. Den endelege rapporten var ferdig i januar 2003. Rapporten konkluderer mellom anna med at ein må sjå arbeidet med tilbakevending i eit tidsperspektiv. Rapporten tilrår at den individuelle støtta bør differensierast og supplerast med meir varige ordningar. Vidare blir det tilrådd at retten til gjeninnvandring ikkje bør avskaffast, men at rutinane ved tilbakebetaling av støtte ved gjeninnvandring bør forbetrast. Tilbakevendingsprosjekt i Noreg må følgjast opp i heimlandet. Det bør vere ei betre koordinering mellom tiltak i Noreg, støtte til tilbakevending og bruken av bistandsmidlar.

På grunnlag av evalueringa vil departementet vurdere både den individuelle økonomiske støtta og tilskota til tilbakevendingsprosjekt. Mellom anna vil departementet vurdere om ein kan finne ei ny og betre ordning for tilbakebetaling av den individuelle støtta ved gjeninnvandring. Utfordringa framover vil også vere å få i stand meir målretta tilbakevendingsstiltak for dei ulike gruppene. Ei anna utfordring gjeld spørsmålet om ein del av den individuelle støtta kan koplast til at dei som reiser frå Noreg, har ulike behov når dei kjem heim. Departementet vil også ta initiativ til ei drøfting av om samanhengen mellom tilbakevending frå Noreg og norsk bistandsverksemd kan bli betre.

Fleire land har i den siste tida hatt ei utvikling som kan tilseie auka tilbakevending. Dette gjeld til dømes Irak, Afghanistan og Somalia. På sikt kan det vere mogleg å gjennomføre ei større tilbakevending til desse områda, og situasjonen vil bli vurdert jamleg.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 9,3 mill. kr på posten for 2004.

Post 73 Tilskot til innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd

Tilskotsordninga på post 73 er delt i 1) tilskot til drift av landsdekkjande organisasjonar på innvandrarfeltet som arbeider med saker av nasjonal karakter og har ei landsomfattande verksemd, 2) tilskot til drift av lokale innvandrorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn og 3) innsats for særleg utsette innvandrargrupper.

*Landsdekkjande organisasjonar***Mål**

Målet med ordninga er å støtte landsdekkjande organisasjonar som medverkar til å gi alle, utan omsyn til kjønn, dei same sjansane og dei same rettane og pliktene når det gjeld å delta i samfunnet og ta i bruk egne ressursar. Støtte kan givast til drift av landsdekkjande organisasjonar som

- er opptekne av å sikre rettane til asylsøklarar, flyktningar og innvandrarakar i samfunnet
- byggjer opp kunnskap om dei behova asylsøklarar, flyktningar og personar med innvandrarbakgrunn har, for å sikre rettane deira i samfunnet
- medverkar til å gi alle dei same sjansane, og som kjempar mot etnisk diskriminering og rasisme
- fremmar og legg forholda til rette for kontakt, dialog og samarbeid mellom personar med innvandrarbakgrunn, befolkninga elles og/eller styresmaktene

Rapport for 2003

Desse ni organisasjonane fekk tildelt totalt 9,6 mill. kr i 2003: Antirasistisk Senter (ARS), Innvandrernes Landsorganisasjon (INLO), Islamsk Kvinnegruppe i Norge (IKN), Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA), MiRA Ressurssenter for innvandrere og flyktningkvinner, Norsk Organisasjon for Asylsøkere (NOAS), Organisasjonen mot Offentlig Diskriminering (OMOD), Selvhjelp for innvandrere og flyktninger (SEIF) og SOS Rasisme. Organisasjonane medverkar mellom anna til eit større mangfald i den offentlege debatten og sikrar at ulike innvandarmiljø blir høyrde.

Frivillig verksemd i lokalsamfunn som medverkar til mangfald, dialog og samhandling

Ordinga er todelt og gjeld støtte til a) drift av lokale innvandrarorganisasjonar og b) frivillig fleirkulturell verksemd i form av aktivitetar i regi av ulike lokale aktørar, mellom andre innvandrarorganisasjonar. Midlane blir fordelte til fylkeskommunane som forvaltarar av ordninga ut frå talet på utanlandsfødde personar som er fast busette i fylket og er fødde utanfor EØS-området, USA, Canada, Australia og New Zealand. Også barn av slike personar blir rekna med. Tal frå Statistisk sentralbyrå per 1. januar det føregåande året ligg til grunn for utrekninga av tilskotet. 10 pst. av tilskotsramma går til fylkeskommunen som administrasjonstilskot.

Mål

Målet med driftstilskot til lokale innvandrarorganisasjonar er å medverke til

- å styrkje lokal organisering av innvandrarakar
- at innvandrarakar får tilgang til fleire sosiale nettverk
- å arbeide for felles interesser i forhold til styresmaktene
- formidling av informasjon om det norske samfunnet og om minoritetane sine rettar og plikter
- at innvandrargrupper tek vare på og vidareutviklar sin eigen kultur

Målet med tilskotet til frivillig fleirkulturell verksemd er

- å medverke til kontakt, samhandling og nettverksbygging mellom personar med innvandrarbakgrunn og befolkninga elles
- å fremme toleranse mellom ulike grupper av befolkninga og motverke rasisme og diskriminering
- å rekruttere fleire personar med innvandrarbakgrunn til frivillige organisasjonar og frivillig verksemd på tvers av befolkningsgrupper

Ordinga prioriterer også tiltak som kan førebyggje tvangsekteskap og kvinneleg kjønnslemlesting og styrkje arbeidet blant barn og unge med innvandrarbakgrunn.

Rapport for 2003

For 2003 blei det fordelt 12,8 mill. kr til fylkeskommunane, som forvaltar ordninga. Av dette gjekk 1,3 mill. kr til fylkeskommunane som administrasjonstilskot. I 2003 gjekk 71 pst. av midlane til integreringsfremmande, holdningsskapande og antirasistiske tiltak, medan dei resterande 29 pst. gjekk til drift av organisasjonane.

56 pst. av aktørane som fekk tilskot gjennom ordninga, var lokale innvandrarorganisasjonar, medan 27 pst. var andre frivillige organisasjonar. I tillegg har offentlege verksemdar, som skolar, fritidsklubbar og liknande, fått tilskot. Om lag 23 pst. av tiltaka har vore retta mot barn og unge, om lag 20 pst. mot fleirkulturelle grupper og om lag like stor prosent mot befolkninga generelt, medan innvandrarar har utgjort vel 18 pst. av målgruppene. Andre målgrupper har vore menn med innvandrarbakgrunn og eldre innvandrarakar.

Av 1158 tiltak dreidde om lag 30 pst. seg om informasjon, mellommenneskeleg toleranse og holdningsskapande og førebyggjande arbeid, mellom anna førebygging av tvangsekteskap og kvinneleg kjønnslemlesting. Andre tiltak har dreidd

seg om nettverksbygging og kulturtiltak. 17 pst. av tiltaka gjekk ut på å ta vare på nasjonal og kulturell eigenart. 8 pst. av tiltaka dreidde seg om idrett og 7 pst. om andre emne.

Tendensen til at grupperingar blant innvandrarar og frivillige organisasjonar/offentlege etatar søkjer saman på konkrete felt med tidsavgrensa prosjekt, er aukande. Dette gjeld særleg innanfor holdningsskapande og førebyggjande arbeid.

Innsats for særleg utsette innvandrargrupper

Innvandrarar er sterkt overrepresenterte blant personar med låge inntekter. Ifølgje NOU 2003:19 Makt og demokrati deltek store delar av innvandrarbefolkninga ikkje i det norske politiske systemet. Dei utgjer ei ny underklasse i yrke med låge løner, eller dei er utanfor arbeidsmarknaden.

Som ein del av tiltaksplanen mot fattigdom vil regjeringa starte opp ei ny ordning retta mot grupper med særleg låg deltaking i samfunnet. Siktemålet er å kjempe mot fattigdomssymptoma gjennom sjølvorganisering. Ordninga vil bli målretta mot dei gruppene der behova er størst.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 25 mill. kr på posten for 2004. Av dette er 9,65 mill. kr sett av til landsdekkjande organisasjonar på innvandrarfeltet, 0,35 mill. kr sett av til ein landsomfattande nettverkskonferanse for innvandrarorganisasjonar, 13 mill. kr sett av til lokale innvandrarorganisasjonar og anna frivillig fleirkulturell verksemd i lokalsamfunn og 2 mill. kr sett av til styrking av arbeidet i forhold til innvandrargrupper med særlege behov.

Post 74 Ordninga med statleg autorisasjon for tolkar o.a.

Tolkeautorisasjonsordninga

Målet med løyvinga er å finansiere den statlege autorisasjonsordninga for tolkar. Tilgang på og bruk av godt kvalifiserte tolkar er avgjerande for å sikre at fagfolk og representantar for norske styresmakter og institusjonar skal kunne gi tilnærma det same tilbodet til innvandrarar som til befolkninga elles. I somme tilfelle kan det særskilt vere bruk for kvinneleg tolk.

Universitetet i Oslo er ansvarleg for å arrangere dei tolkeprøvene som dannar grunnlaget for autorisasjon, og får årlege løyvingar til dette formålet. Per juni 2003 hadde i alt 76 tolkar fått bevilling som statsautoriserte tolkar i språka albansk, arabisk, bosnisk/kroatisk/serbisk, engelsk, finsk, fransk, kinesisk, persisk, polsk, russisk, somali, spansk, tyr-

kisk, urdu og vietnamesisk. Blant desse var det 60 pst. kvinner og 40 pst. menn. Autorisasjonsprøva er krevjande, og det er 80–85 pst. som stryk. Utdanningstilbodet er mangelfullt, men universitetet har sett i gang nettbasert undervisning og samlingar for dei som har meldt seg opp til prøva. Det er også laga øvingskassettar og rettleiingshefte i ein del språk.

Oppfølging av Nordisk Språkkonvensjon

Målet med løyvinga er å følgje opp forpliktingane Noreg har når det gjeld den nordiske språkkonvensjonen. Norsk-finsk info- og språksenter er eit kompetansesenter for tolke- og omsetjartenester mellom norsk og finsk, og er lagt til Finnmark fylkeskommune. Tolketenestene er primært regionale, medan omsetjartenestene er landsdekkjande. Senteret driv også informasjonsverksemd.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 1,6 mill. kr på posten for 2004, av dette 1,5 mill. kr til tolkeautorisasjonsordninga og kr 100 000 til delvis dekking av utgiftene Finnmark fylkeskommune har i samband med drift av språksenteret.

Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast

Løyvinga dekkjer transport for overføringsflyktningar, familiesamanførte og tilbakevende. IOM (International Organization for Migration) arrangerer reisene på førespurnad frå UDI. IOM tingar billetter og hjelper til med å skaffe nødvendige reisedokument. Dei hjelper også personar i eventuelle transittland og vurderer om det er nødvendig med eskorte til sjuke personar og små barn som reiser aleine. I perioden 1.1.–31.7.2003 er reiseutgiftene blitt dekte for 1846 personar.

Regjeringa gjer framlegg om at løyvinga for 2004 også skal dekkje utgifter i samband med ein avtale med Norsk Folkehjelp om mottak av overføringsflyktningar, medan reiseutgifter for personar som blir familiesamanførte med herbuande med opphald på humanitært grunnlag, ikkje lenger blir dekte av staten.

Den ODA-godkjende delen inngår i refusjonsbeløpet under kap. 195 Tiltak for flyktningar i Noreg, godkjent som utviklingshjelp (ODA), slik det er lagt opp til for andre utgifter i samband med flyktningar i Noreg. Desse midlane blir førte som inntekt på kap. 3521, post 3 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på kap. 521, post 75 på 11,65 mill. kr for 2004.

Kap. 3521 Busetjing av flyktingar og tiltak for innvandrarak (jf. kap. 521)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert Budsjett 2003	Forslag 2004
1	Tilbakevending for flyktingar	10 815	11 300	9 300
2	Norskopplæring for vaksne innvandrarak ¹			11 016
3	Reiseutgifter for flyktingar til og frå utlandet	39 200	30 496	11 205
4	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	61 988	30 994	32 079
	Sum kap. 3521 ²	112 003	72 790	63 600

¹ Tekniske endringar frå 2003 til 2004: Post 2 er oppretta i samband med at ansvaret for forvaltninga av norskopplæringa for vaksne innvandrarak er overført frå Utdannings- og forskingsdepartementet til Kommunal- og regionaldepartementet. Inntektene blei tidlegare førte på kap. 3254, post 4 under Utdannings- og forskingsdepartementet.

² Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 3521, post 1 auka med 25,5 mill. kr til 36,8 mill. kr og løyvinga på post 3 auka med 3,2 mill. kr til 39,7 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Post 1 Tilbakevending for flyktingar

Dei innanlandske utgiftene i samband med tilrettelegging for at dei som har fått vern i Noreg, skal kunne vende tilbake til heimlandet, kan i samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC (Development Assistance Committee) godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Regjeringa gjer framlegg om at 9,3 mill. kr av utgiftene i 2004 på kap. 521, post 72 Tilbakevending for flyktingar blir innrapportert som utviklingshjelp og ført som inntekt på kap. 3521, post 1.

Post 2 Norskopplæring for vaksne innvandrarak

Visse innanlandske utgifter i samband med mottak av asylsøkjarak og flyktingar kan i samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC (Development Assistance Committee) godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Refusjon blir gitt for norskopplæring for personar som bur i mottak og har fått opphaldsløyve i Noreg, og som har vore i landet i mindre enn eitt år. Regjeringa gjer framlegg om at 11,02 mill. kr av utgiftene i 2004 på kap. 521, post 61 Norskopplæring for vaksne innvandrarak blir

innrapportert som utviklingshjelp og ført som inntekt på kap. 3521, post 2.

Post 3 Reiseutgifter for flyktingar til og frå utlandet

Utgifter til transport av flyktingar til og frå Noreg kan i samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Regjeringa gjer framlegg om at 11,21 mill. kr av utgiftene i 2004 på kap. 521, post 75 Reiseutgifter for flyktingar til og frå utlandet blir innrapportert som utviklingshjelp og ført som inntekt på kap. 3521, post 3.

Post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Ein del av dei innanlandske utgiftene i samband med busetjing av overføringsflyktingar kan i samsvar med statistikkdirektivet frå OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Regjeringa gjer framlegg om at 32,08 mill. kr av utgiftene på kap. 521, post 60 Integreringstilskot blir innrapportert som utviklingshjelp. Tilsvarende beløp kan da førast som inntekt på kap. 3520, post 4 Refusjon av ODA-godkjende utgifter.

Kap. 522 Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 3522)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	5 788	6 300	6 600
	Sum kap. 522	5 788	6 300	6 600

Post 1 Driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til drift av Senter mot etnisk diskriminering (SMED). SMED blei oppretta i 1998 for ein prøveperiode som skulle vare fram til 31.12.2002. Det er vedteke (jf. Budsjettinnst. S. nr. 5 (2001-2002)) at senteret skal vidareføre verksemda i si noverande form fram til regjeringa legg fram forslag til lov mot etnisk diskriminering. Da vil ein ta endeleg stilling til korleis SMED skal vidareførast på permanent basis. Departementet vil vurdere å opprette eit felles handhevsorgan for diskriminering på grunnlag av kjønn og etnisitet. SMED vil da kunne bli ein del av dette organet.

SMED blir leidd av eit styre med åtte medlemmer, og med to vararepresentantar. Formålet med opprettinga av SMED var å sikre at personar som blir utsette for diskriminering på grunnlag av tru/religion, hudfarge, nasjonalt eller etnisk opphav, eller som blir utsette for rasistiske utsegner, får eit vern. SMED har to hovudoppgåver:

- Senteret skal vederlagsfritt yte rettshjelp til personar som blir utsette for etnisk diskriminering.
- Senteret skal dokumentere og overvake situasjonen med omsyn til arten og omfanget av rasisme og diskriminering.

Evaluering

På oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet er verksemda ved SMED blitt evaluert av Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) og Institutt for rettssosiologi ved Universitetet i Oslo (IRS). Evalueringsrapporten blei lagd fram sommaren 2003. Rapporten viser at SMED driv eit godt dokumentasjonsarbeid, mellom anna basert på det erfaringsgrunnlaget dei har etter fire års verksemd. Rettshjelpsarbeidet utgjer størstedelen av verksemda, og fungerer bra. SMED er også ein aktiv pådrivar og aktør i den offentlege debatten, og fungerer som ein sentral premisleverandør for styresmaktene i arbeidet mot rasisme og diskriminering.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 6,6 mill. kr til drift av Senter mot etnisk diskriminering i 2004, jf. òg romartalsvedtak II Meirinntektsfullmakter.

Kap. 3522 Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 522)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Ymse inntekter	114		
	Sum kap. 3522	114		

Det blir ikkje budsjettert med inntekter på dette kapitlet.

Kap. 523 Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmaktene (jf. kap. 3523)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	3 408	3 800	4 600
	Sum kap. 523	3 408	3 800	4 600

Post 1 Driftsutgifter

Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmaktene (KIM) blei oppretta i 1984. Utvalet er sett saman av 17 personar med bakgrunn frå innvandringsorganisasjonane og 18 personar med bakgrunn frå offentlege styresmakter og politiske parti. I tillegg har utvalet ein leiar.

Regjeringa peikte ut eit nytt kontaktutval for tre år, med start 1.1.2003. Det blei samtidig gjennomført ei ny organisering av utvalet. Omorganiseringa skjedde i tråd med konklusjonane i evalueringa av KIM, som blei gjennomført i 2001. Den nye organiseringa inneber at utvalet er delt i to forum: eit innvandringsforum og eit kontaktutval. Innvandringsforumet består av folk med innvandringsbakgrunn som er føreslåtte av organisasjonar over heile landet. Kontaktutvalet vil ha representantar for statlege og kommunale styresmakter og dei politiske partia, i tillegg til alle medlemmene i innvandringsforumet. UDI fekk i 2002 ansvar for sekretariatsfunksjonen til KIM.

Det blei ved oppnemninga av utvalet lagt vekt på å ha ein stor prosentdel kvinner og samtidig

styrkje representasjonen av ungdom. Tre av medlemmene er under 25 år. I utvalet som heilskap (inkludert alle varamedlemmene) er det 46 pst. kvinner og 54 pst. menn.

Mål

KIM skal vere eit rådgivande organ overfor styresmaktene og ein arena for dialog mellom personar med bakgrunn i innvandringsorganisasjonar, offentlig forvaltning, kommunar og politiske parti. Det skal også vere ein kompetent høyringsinstans på område som har med flyktning-, innvandrings- og integreringsspørsmål å gjere. KIM skal sjølv ta initiativ til å setje fokus på saker som innvandringsfolkninga i Noreg er oppteken av, og det er ønskeleg at KIM deltek aktivt i samfunnsdebatten om dei spørsmåla utvalet arbeider med.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 4,6 mill. kr til drift av Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmaktene i 2004.

Kap. 3523 Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmaktene (jf. kap. 523)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	82		
18	Refusjon av sjukepengar	143		
	Sum kap. 3523	225		

Det blir ikkje budsjettert med inntekter på dette kapitlet.

Kap. 524 Utlendingsnemnda (jf. kap. 3524)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	77 506	91 500	92 100
21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling	4 265	13 370	9 700
	Sum kap. 524 ¹	81 771	104 870	101 800

¹ Endringer som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003 og St.prp. nr. 75 (2002-2003) Enkelte endringer på statsbudsjettet for 2003 i forbindelse med trygdeoppgjøret mv., blei løyvinga på kap. 524, post 21 sett ned med 7,75 mill. kr til 5,62 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

UNE behandlar alle klager etter utlendingslova på vedtak som UDI gjer som førsteinstans. UNE behandlar også klager på vedtak i UDI om innmelding av utviste personar i Schengen informasjonssystem (SIS), jf. SIS-lova § 7 nr. 2. UNE fungerer som eit uavhengig organ når nemnda gjer vedtak i klagesaker.

Departementet kan ikkje instruere UNE om lovtolking, skjønnsutøving eller avgjerder i enkelt saker, bortsett frå i saker som omfattar tryggleiken til riket eller utanrikspolitiske omsyn. Styringa med UNE si behandling av klagesaker skjer gjennom lover og forskrifter. Departementet kan instruere om korleis UNE skal prioritere saker, og om organisatoriske og administrative forhold. Måten UNE behandlar sakene på, er meir komplisert og krev fleire ressursar enn saksbehandlinga i eit vanleg forvaltningsorgan.


Verksemda til UNE blei evaluert i 2001 og 2002, og sluttrapporten blei offentleggjort i april 2003. Evalueringsrapporten gir i hovudsak positiv omtale av UNE, sjå delmål 10 og 11. Regjeringa vil kome tilbake til dette i samband med den varsla stortingsmeldinga om styringsforhold.

Post 1 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til drift av UNE, men ikkje utgiftene til sjølve behandlinga av saker i nemndmøte.

Hovudmålet for UNE er rask og korrekt behandling av klagesaker etter utlendingslova. Rask saksbehandling, særleg i asylsaker, skal prioriterast. Målsetjinga har vore at UNE skal behandle klager i asylsaker med utsetjande verknad innan 16 veker. Per 1.7.2003 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i slike saker 20,2 veker. Berre 47 pst. av sakene blei behandla innan den tida ein hadde sett seg som mål.

Produksjonen i UNE har auka gradvis sidan nemnda blei oppretta i 2001, men gjekk ned i første halvår 2003. Hovudårsaka til dette var innføringa av DUF. Det blir samtidig meldt at DUF er ein god reiskap for nemndleiarane. Departementet vil saman med UNE sjå nærmare på årsakene til den reduserte produksjonen.



Figur 3.1 Saker UNE har behandla sidan 2001

Talet på nye saker har også auka, og talet på ubehandla saker per 1.7.2003 var 5367. Av desse ubehandla sakene var 1909 klager i asylsaker, 1964 klager i andre saker, 1417 oppmodingar om omgjering og 77 rettssaker. Etter at problema i samband med innføringa av DUF er over, vonar ein at produksjonen skal auke att, og at dette etter kvart vil gi seg utslag i færre restansar og kortare saksbehandlingstid.

Å behandle klager i nemndmøte krev store ressursar. I saldert budsjett 2002 blei det gitt rom for at om lag halvparten av asylsakene kunne behandlast i nemndmøte. Erfaringane frå 2001 og frå første halvår 2002 viser at ca. 50 pst. av dei asylsakene UNE tek imot, er grunnlause saker som ikkje er gitt utsetjande verknad. Slike saker kan nesten utan unntak behandlast av sekretariatet. Den andre halvdelan er asylsaker der iverksetjing er utsett. Slike saker blir i hovudsak behandla av nemndleiaren eller i nemndmøte. I første halvår 2003 blei 12 pst. av desse sakene behandla i nemndmøte, og av desse 9 pst. med personleg frammøte og 3 pst. utan personleg frammøte. I 2002 blei ca. 10 pst. av dei andre sakene, saker som ikkje gjeld asyl, behandla i nemndmøte, og av desse ca. 25 pst. med personleg frammøte.

Det er usikkert kva måte sakene vil bli behandla på i framtida, mellom anna fordi behandlingsmåten er avhengig av kor mange grunnlause saker UNE tek imot. Endringar i søkjarmassen kan såleis gi utslag i budsjettet. Det er i denne samanhengen viktig å vere merksam på at måten sakene

blir behandla på, følgjer av utlendingslova med forskrifter.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 92,1 mill. kr for 2004.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling

Løyvinga skal dekkje utgifter til behandling av saker i nemndmøte og er særleg avhengig av tilstrøyminga av asylsøklarar, og av kor stor del av sakene det er som blir behandla i nemndmøte. Posten omfattar godtgjersle til nemndmedlemmer og tolkar og reise og opphald for nemndmedlemmer, søklarar, tolkar og advokatar.

Frå 1.9.2002 blei talet på nemndmedlemmer redusert frå 500 til 150. Nemndmedlemmene får godtgjersle for kvart oppmøte. Det same gjeld tolkar og advokatar. I tillegg dekkjer posten reiseutgifter for søklarar som bur i statlege mottak utanfor Oslo-området. Desse søklarane overnattar i statlege mottak i Oslo-området. Løyvinga dekkjer også eventuelle utgifter for søklarar som må ta med seg barn eller ektefelle.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 9,7 mill. kr for 2004.

Kap. 3524 Utlendingsnemnda (jf. kap. 524)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 398		
18	Refusjon av sjukepengar	743		
	Sum kap. 3524	2 141		

Det blir ikkje budsjettert med inntekter på dette kapitlet.

Programkategori 13.21 Nasjonale minoriteter

Samla utgifter under programkategori 13.21

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
526	Nasjonale minoriteter	2 700	2 805	2 900	3,4
	Sum kategori 13.21	2 700	2 805	2 900	3,4

Nasjonale minoriteter er etniske, religiøse og/eller språklege minoriteter med langvarig tilknytning til landet dei bur i. Noreg ratifiserte Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoriteter 17. mars 1999, og har dermed forpliktet seg til å leggje forholda til rette for at personar som høyrer til nasjonale minoriteter, skal kunne delta i samfunnslivet på lik linje med andre, og ha høve til å uttrykkje, halde ved like og utvikle sin eigen identitet, sitt eige språk og sin eigen kultur. Jødar, kvener, rom (sigøynarar), romanifolket (taterane/dei reisande) og skogfinnar blir rekna å oppfylle kriteria for å vere nasjonale minoriteter i Noreg¹. Med ratifiseringa av Den Europeiske pakta for vern av regions- eller minoritetsspråk 10. november 1993 har Noreg også teke på seg ei plikt til å setje i verk særskilde tiltak for å verne om og styrkje minoritetsspråka kvensk/finsk, romani og romanes. Hovudprinsippa for politikken overfor nasjonale minoriteter blei trekte opp i St.meld. nr. 15 (2000-2001) Nasjonale minoriteter i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom, romanifolket og skogfinnar. Prinsippa i meldinga fikk brei

tilslutning i Stortinget, jf. Innst. S. nr. 145 (2000-2001). Noreg rapporterte hausten 2001 for første gong til Europarådet om korleis rammekonvensjonen blir følgd opp. Europarådet vedtok 8. april 2003 ein resolusjon om norsk politikk overfor nasjonale minoriteter, basert på ein fyldig rapport frå den rådgivande komiteen i Europarådet.

Regjeringa byggjer minoritetspolitikken sin på ikkje-diskrimineringsprinsippet og prinsippet om likebehandling. Dette inneber at staten er forpliktet til å arbeide for å sikre at minoritetane blir likestilte med majoritetsbefolkninga, både formelt og reelt. Minoritetsgrupper kan stå i ei sårbar stilling i eit demokrati der det er lagt vekt på fleirtalsstyre. For å fremme reell likestilling kan det derfor vere nødvendig å gjennomføre særskilde tiltak for å styrkje stillinga til ei eller fleire minoritetsgrupper.

Ansvarsfordeling og samordning av politikken overfor nasjonale minoriteter

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for å samordne politikken overfor nasjonale minoriteter i Noreg. Prinsippet om sektoransvar for departementa gjeld framleis på alle fagområda, som kultur, utdanning og helse.

¹ Sametinget ønskjer ikkje at samane skal vere omfatta av rammekonvensjonen, men vil i staden støtte seg til ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk.

Tabell 3.11 Løyvingar til nasjonale minoritetar

(i 1 000 kr)

Dep	Tiltak	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
KRD	Tilskot til nasjonale minoritetar	2 700	2 805	2 900
KRD	Forskingsmidlar	120	200	1
KKD	Den kvenske avisa Ruijan Kaiku	350	350	350 ²
KKD	Glomdalsmuseet	4 000	3 000	0
KKD	Kventunet, Porsanger	1 000	4 000	2 300
UFD	Tilskot til opplæring i finsk i grunnskolen og den vidaregåande skolen	7 079	7 341	8 300
Sum		12 549	14 891	10 950

¹ Vil bli avgjort ved intern budsjettfordeling i departementet.

² I tillegg vil Kommunal- og regionaldepartementet løyve kr 150 000 til avisa over kap. 526 post 70.

Kultur- og kyrkjedepartementet føreslår ei løyving på 2,3 mill. kr i 2004 til bygging av Kventunet i Porsanger. Av budsjettmessige årsaker føreslår departementet at byggjearbeid for ny avdeling ved Glomdalsmuseet for dokumentasjon og formidling av historia til romanifolket, blir utsett til 2006. Dette vil ikkje få konsekvensar for omfanget og kvaliteten på prosjektet, sidan kostnadsramma vil bli justert i forhold til prisnivået i byggjeåret. Det blir også løyvt midlar til ein kvensk namnekonulent (50 pst. stilling). Støtta til den kvenske avisa Ruijan Kaiku blir ført vidare på same nivå som i 2003, med kr 350 000.

Utdannings- og forskingsdepartementet har ei eiga tilskotsordning for finskundervisning i grunn-

opplæringa. Formålet med ordninga er å stimulere skoleeigarar til å gi elevar og lærlingar med kvensk-finsk bakgrunn opplæring i finsk som andrespråk. Det er sett av om lag 8,3 mill. kr til dette formålet i 2004.

Barne- og familiedepartementet gir tilskot til tospråkleg assistanse til barn med minoritetsspråkleg bakgrunn. Tilskotsordninga gjeld også barn som tilhøyrer nasjonale minoritetar. Frå hausten 2004 vil tilskotsordninga bli endra for at ho skal bli meir fleksibel og målretta (sjå budsjettproposisjonen frå Barne- og familiedepartementet for nærmare omtale).

Mål for programkategori 13.21 Nasjonale minoritetar

Boks 3.2 Overordna mål og delmål

Overordna mål:

Nasjonale minoritetar skal kunne delta i samfunnslivet på lik linje med andre, og ha høve til å uttrykkje, halde ved like og utvikle sin eigen kulturelle identitet.

Delmål:

1. Vidareutvikle ein heilskapleg politikk
2. Sikre ein aktiv dialog mellom dei nasjonale minoritetane og styresmaktene
3. Sikre at nasjonale minoritetar får høve til å delta på alle samfunnsområde på lik linje med andre, og motverke etnisk diskriminering og rasisme
4. Ta vare på, vidareutvikle, dokumentere og formidle språk og kultur
5. Medverke til å utvide kunnskapsgrunnlaget for den politikken som blir ført overfor nasjonale minoritetar

Regjeringa vil vidareføre den politikken som går ut på å sikre eit kulturelt mangfald i Noreg. Det må arbeidast for å skape eit samfunn der alle har like høve og dei same rettane og pliktene til å delta i samfunnet og til å bruke sine egne ressursar. Rasisme og diskriminering må aktivt motarbeidast, samtidig som personar som tilhøyrrer minoritetar, skal ha rett til å utforme sin eigen identitet.

1. Vidareutvikle ein heilskapleg politikk

Tilstandsvurdering

Når politikken blir utforma, har styresmaktene i dei siste åra gradvis begynt å ta omsyn til dei spesielle behova dei nasjonale minoritetane har, til det som særpregar dei enkelte gruppene, og til skilnader innanfor dei enkelte gruppene. Eit tverrdepartementalt samordningsutval for nasjonale minoritetar blei etablert i januar 1999. Utvalet blir leidd av Kommunal- og regionaldepartementet.

I samsvar med ønske frå Kommunalkomiteen, mellom anna i Budsjett-innst. S. nr. 5 (2002-2003), er departementet i samarbeid med samordningsutvalet for nasjonale minoritetar i ferd med å utvikle ein plan/ei oversikt over tiltaka overfor nasjonale minoritetar. Hovudpunkta i denne planen/oversikta følgjer av teksten under dei enkelte delmåla.

Den politikken Noreg fører overfor nasjonale minoritetar, har i sin heilskap vore granska av Europarådet, mellom anna basert på Kommunal- og regionaldepartementet si rapportering frå 2001. I den avsluttande resolusjonen frå Ministerrådet heiter det mellom anna:

- Noreg har lagt meir vekt på vern av dei nasjonale minoritetane, men det er punkt som kan forbeistrast innanfor både lovgiving og praksis. Veikskapar i lovgiving og praksis er nyleg retta opp, mellom anna når det gjeld etnisk diskriminering og bruk av personnamn.
- Noreg har i dei siste åra betra politikken overfor kvenene. Det gjeld særleg innanfor utdanning, sjølv om det er visse problem, mellom anna lærarmangel. Stillinga til kvenene er derimot ikkje tilfredsstillande når det gjeld kringkasting og trykte medium. Det er behov for ei ytterlegare styrking av dei språklege rettane, til dømes når det gjeld stadnamn.
- Politikken overfor rom og romani er til ein viss grad tilfredsstillande, men gruppene blir på enkelte felt diskriminerte. Det blir også uttrykt uro over at det ikkje er teke omsyn til tradisjonane og kulturane til desse minoritetane på ein gjennomført måte i relevante normer og forvaltningspraksis. Dette har ført til visse hindringar for desse gruppene, til dømes når det gjeld lik rett til utdanning og full deltaking i arbeidslivet.

- Norske styresmakter bør vurdere å vidareutvikle samrådsstrukturane for representantar for nasjonale minoritetar – og å la strukturane omfatte også talmessig små minoritetar, som skogfinnane.

Strategiar og tiltak

Politikken overfor dei nasjonale minoritetane skal ha som siktemål å følgje opp eksisterande norsk lovgiving på området og dei internasjonale forpliktingane Noreg har. Fagdepartementa skal i sitt arbeid overfor nasjonale minoritetar følgje opp St.meld. nr. 15 (2000-2001) og vurdere merknadane frå Europarådet. Dette arbeidet blir koordinert av Kommunal- og regionaldepartementet. Elles er dialogen med gruppene eit viktig grunnlag for utviklinga av politikken.

2. Sikre ein aktiv dialog mellom dei nasjonale minoritetane og styresmaktene

Tilstandsvurdering

Dei nasjonale minoritetane har oppnådd å bli meir synlege i den offentlege debatten, og den kulturelle mobiliseringa i egne rekkjer har auka. Støtte til organisasjonane har vore eit viktig verkemiddel i utviklinga av identitet og kultur. Det har også medverka til at organisasjonane er blitt styrkte i si rolle som samhandlingspartnarar i kontakten med styresmaktene. Det er etablert ein konstruktiv dialog mellom dei nasjonale minoritetane og styresmaktene, samtidig som begge partar har peikt på behovet for å vidareutvikle dialogen om politikken. Omsynet til ulike synspunkt i dei ulike gruppene, og også innanfor dei enkelte gruppene, er viktig i vidareutviklinga av dialogen.

Strategiar og tiltak

Regjeringa legg vekt på dialog mellom offentlege styresmakter og organisasjonane til dei nasjonale minoritetane når det gjeld utforming og prioritering av tiltak, og når det gjeld å utvikle ein heilskapleg politikk for nasjonale minoritetar. Tilskot til nasjonale minoritetar er med på å leggje forholda til rette for denne dialogen, jf. rapportering i samband med tilskotsordninga for nasjonale minoritetar, kap. 526, post 70.

I arbeidet med å betre dialogen blei det i 2003 oppretta eit kontaktforum mellom nasjonale minoritetar og styresmaktene. Departementet vil også vidareføre dei bilaterale møta med dei ulike gruppene og organisasjonane. Informasjonsarbeidet overfor gruppene vil bli prioritert, ettersom dette er etterspurt frå minoritetane sjølve.

3. Sikre at nasjonale minoritetar får høve til å delta på alle samfunnsområde på lik linje med andre, og motverke etnisk diskriminering og rasisme

Tilstandsvurdering

Rapportar frå organisasjonane til dei nasjonale minoritetane og frå Senter mot etnisk diskriminering viser at diskriminering blir opplevd som eit problem for personar som høyrer til dei nasjonale minoritetane. Det gjeld både i kontakt med det offentlege og på det private området, til dømes på bustadmarknaden og på serverings- og overnattingsstader. Fleire organisasjonar har peikt på at det er eit behov for alternativ til dei erstatningsordningane som finst i dag. I denne samanhengen er det også uttrykt eit sterkt ønske om at det blir oppretta eit fond spesielt med tanke på romanifolket og dei overgrepa delar av denne gruppa har vore utsette for. Kommunalkomiteen ber i Budsjettinnst. S. nr. 5 (2002-2003) regjeringa vurdere om dei gjeldande erstatningsordningane er dekkjande for det behovet samfunnet har for å rette opp moglege overgrep eller forsømingar som er gjorde. Komiteen ber vidare regjeringa greie ut om det er mogleg å innføre den svenske modellen for erstatning til tvangssteriliserte, og ber om at utgreiinga blir lagd fram for Stortinget så snart som mogleg. Ei gruppe under leiing av Kommunal- og regionaldepartementet leverte i september 2003 ein rapport om moglege erstatningsordningar for tvangssteriliserte romani. Representantar for romanifolket blei rådspurde i arbeidet. Rapporten vil bli sedd i samheng med det arbeidet som blir gjort for å få ei samla vurdering av erstatningskrav frå ulike grupper.

Strategi og tiltak

Tiltak mot diskriminering og rasisme retta mot samar, nasjonale minoritetar og innvandringsgrupper blir av styresmaktene sedde i samheng. Det er viktig å dokumentere diskriminering og rasisme og fjerne hindringar som gjer det vanskeleg for nasjonale minoritetar å delta på alle område i samfunnet.

Verksemda ved Senter mot etnisk diskriminering omfattar alle desse gruppene, og senteret legg vekt på kontakten med nasjonale minoritetar. For ytterlegare informasjon om senteret, sjå omtale under programkategori 13.20 Innvandring.

Tilskotsordninga under Kommunal- og regionaldepartementet kan mellom anna brukast til å dokumentere diskriminering, til holdningsskapinge arbeid og til å formidle kunnskap om situa-

sjonen til minoritetane, både forholda innanfor ein minoritet og forholdet til storsamfunnet generelt.

Med utgangspunkt i handlingsplanen mot rasisme vil Kommunal- og regionaldepartementet kome i dialog med minoritetsgruppene, Senter mot etnisk diskriminering og andre aktørar og vidareutvikle tiltak mot diskriminering. Erfaringane frå andre nordiske land skal brukast i strategien, spesielt vil dette bli gjort når det gjeld situasjonen til rom.

4. Ta vare på, vidareutvikle, dokumentere og formidle språk og kultur

Tilstandsvurdering

Med heimel i kommunelova § 3 nr. 3 vedtok regjeringa 6. juni 2003 å innføre tre likestilte namneformer for Porsanger kommune: Porsanger (norsk), Porsángu (samisk) og Porsanki (kvensk/finsk). Vedtaket er gjort etter initiativ frå Porsanger kommune, og blir sett i kraft frå 1. januar 2004.

Synleggjering av kultur og historie medverkar også til at det blir spreidd kunnskap om situasjonen til minoritetane. Noverande jødiske institusjonar er det jødiske museet i Trondheim og Holocaustsenteret. Kvenkulturen blir formidla på Vadsø museum og ved Kventunet i Porsanger. Romanifolket sin kultur blir vist fram gjennom ei utstilling på Glomdalsmuseet på Elverum, medan dokumentasjon av skogfinsk kultur er å finne på Finnetunet, i samlingane på Gruetunet og på Glomdalsmuseet.

Strategiar og tiltak

Regjeringa ser på undervisning i finsk som eit viktig og sentralt tiltak. Undervisning i finsk er eit tilbod som blir gitt til elevar i grunnskolen og den vidaregåande skolen. I 2003 nytta 1048 elevar seg av tilbodet. Undervisnings- og forskingsdepartementet vil vurdere lærarsituasjonen, mellom anna på bakgrunn av merknaden frå Europarådet.

I oppfølginga av Europarådet sitt charter for minoritets- og regionspråk har Europarådet bede Noreg avklare statusen for kvensk. Spørsmålet er om kvensk er å rekne som eit eige språk, eller om det framleis skal reknast som ein dialekt av finsk. For å få eit betre grunnlag for å ta ei avgjerd har Kultur- og kyrkjedepartementet i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet finansiert ei utgreiing som tek for seg dette spørsmålet, og som også samanliknar kvensk med tornedalsfinsk/meän kieli. Departementa vil mellom anna på bakgrunn av rapporten om kvensk/finsk språk ta ei avgjerd om kvensk skal reknast som eit særskilt språk eller som ein finsk dialekt. Det vil i 2004 bli løyvt kr 500 000 til avisa Rujian Kaiku over bud-

sjetta til Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet.

Stortinget har bede Kultur- og kyrkjedepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet om ei vurdering av korleis staten kan medverke til å sikre vern og vidareutvikling av den skogfinske kulturarven, jf. Innst. S. nr. 145 (2000-2001) og Innst. S. nr. 46 (2000-2001). Dette blir vurdert i samband med den landsomfattande museumsreforma, jf. St.meld. nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving. Det er ikkje klart korleis eit museum som sikrar den skogfinske kulturarven, skal vere organisert i forhold til denne prosessen.

I samband med det arbeidet Riksantikvaren gjer for å sikre dokumentasjon og vern av kulturminna til dei nasjonale minoritetane, vil det hausten 2003 bli halde dialogmøte med Riksantikvaren og dei ulike minoritetsgruppene.

5. Medverke til å utvide kunnskapsgrunnlaget for den politikken som blir ført overfor nasjonale minoritetar

Tilstandsvurdering

Det ligg per i dag ikkje føre noka samla offentleg utgreiing om dei nasjonale minoritetane som kunnskapsgrunnlag for utvikling av politikken overfor minoritetane. Dei tidlegare nemnde tilbakemeldingane frå Europarådet blir derfor viktige styringsin-

strument. I Europarådet sine merknader til rammekonvensjonen og til språkcharteret, og i St.meld. nr. 15 (2000-2001), blir det peikt på behovet for meir systematisk forskning på fleire område, som minoritetsspråk, situasjonen til barn og unge og forholdet mellom menn og kvinner. Kommunal- og regionaldepartementet gav hausten 2003 kr 200 000 i støtte til prosjektet "Forprosjekt om romani-kultur, språk og opprinnelse" i regi av Noregs forskingsråd.

Strategiar og tiltak

Kommunal- og regionaldepartementet ser samarbeidet med dei nasjonale minoritetane og med fagdepartementa som viktig i utviklinga av kunnskapsgrunnlaget. Desse tiltaka vil bli prioriterte i 2004:

- leggje inn temamøte om kunnskapsutvikling i Kontaktutvalet og i Samordningsutvalet, m.a. som oppfølging av møtet med den rådgivande komiteen for rammekonvensjonen under Europarådet hausten 2003
- vidareføre Noregs forskingsråd sitt prosjekt "Forprosjekt om romanikultur, språk og opprinnelse"
- følgje opp forskingsprosjektet om statusen for kvensk språk
- nordisk samarbeid

Kap. 526 Nasjonale minoritetar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
70	Tilskot til nasjonale minoritetar	2 700	2 805	2 900
	Sum kap. 526	2 700	2 805	2 900

Post 70 Tilskot til nasjonale minoritetar

Formålet med tilskotsordninga er å støtte frivillige organisasjonar og andre organisasjonar som har basis i ein nasjonal minoritet. Det blir gitt både grunnstøtte (organisasjonsstøtte) og prosjektstøtte over denne tilskotsposten. I 2003 er 1,6 mill. kr brukt til organisasjonsstøtte og 1,2 mill. kr til prosjektstøtte. Kommunal- og regionaldepartementet vil i løpet av 2003 starte arbeidet med å evaluere tilskotsordninga.

For å nå det overordna målet om å sikre rettane til dei nasjonale minoritetane vil regjeringa priori-

tere arbeidet med å leggje til rette for oppbygging og utvikling av organisasjonane til dei nasjonale minoritetane. På den måten vil gruppene bli betre i stand til sjølve å definere eigne behov og fremme eigne krav. Dette vil på lang sikt vere den beste strategien for å utvikle ein politikk overfor dei nasjonale minoritetane som oppfyller internasjonale forpliktingar og er i tråd med nasjonale mål.

Kommunal- og regionaldepartementet utarbeider kvart år eit rundskriv der målsetjingar og kriterium blir utdjupa. Departementet gjennomfører oppfølging og kontroll i samsvar med krava stilte i Økonomireglementet.

Rapport for 2002-2003

Grunnstøtte

Regjeringa har som mål å gi dei frivillige organisasjonane gode og stabile økonomiske vilkår. I arbeidet med å leggje til rette for oppbygging av organisasjonar tek Kommunal- og regionaldepartementet utgangspunkt i St.meld. nr. 27 (1996-97) Om statens forhold til frivillige organisasjoner. Der heiter det mellom anna at frivillige organisasjonar er vik-

tige som demokratiske aktørar. Samtidig er det ein uttalt politikk å halde ved like og utvikle dialogen med organisasjonane til dei nasjonale minoritetane. Rettane til minoritetane er ein del av menneskerettane, som danner eit grunnlag for regjeringa sin politikk. Desse rettane vil regjeringa sikre gjennom aktivt å medverke til å byggje opp dei frivillige organisasjonane til dei nasjonale minoritetane.

Tabell 3.12 Organisasjonar som fekk grunnstøtte (organisasjonsstøtte) for 2002 og 2003

	(beløp i kr)	
	2002	2003
Norske kveners forbund/Ruijan Kveeniliitto	665 000	745 000
Romanifolkets landsforening (RLF)	340 000	440 000
Landsorganisasjonen for romanifolket (LOR)	200 000	150 000
Stiftelsen Roma	75 000	50 000
Stiftelsen Romanifolket taterne	150 000	150 000
Skogfinske interesser i Norge	0	50 000
Sum	1 430 000	1 585 000

Dei mosaiske trussamfunna i Oslo og Trondheim får støtte som religiøse trussamfunn over budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet, kap. 310, post 70.

Prosjektstøtte

Det blei i 2003 gitt støtte til 17 prosjekt fordelte på dei fem nasjonale minoritetane. Rom fekk kr 160 000 til Oslo Internasjonale Sigøynerfestival. Jødane, ved Det Mosaiske Trossamfund, fekk kr 75 000 til utgreiing av eit jødisk museum og kr 55 000 til prosjektet "Rasisme – ei reise i tid", som har som formål å styrkje identiteten til jødisk ungdom.

Støtta til kvener gjekk for ein stor del til kulturformål, mellom anna blei det løyvt kr 200 000 som ein del av finansieringa av den første romanen skriven på kvensk.¹ I tillegg blei det løyvt kr 87 000 til

Ruija forlag for utvikling av samarbeid over landegrensene.

Dronning Mauds Minne Lærerskole for førskolelærarar fekk kr 150 000 til eit forprosjekt om korleis ein skal få fram romani-kulturen i barnehagar og småskolen. Det blei også gitt to tilskot til treff for romanifolket (Romanifolkets landsforening og Landsorganisasjonen for romanifolket). Romanifolkets landsforening fekk også eit tilskot på kr 50 000 for å informere om eigen kultur.

Budsjettforslag for 2004

Kommunal- og regionaldepartementet føreslår at det blir sett av 2,9 mill. kr til post 70 Tilskot til nasjonale minoritetar for 2004.

¹ Jf. St.meld. nr. 48 (2003-2004) Kulturpolitikk fram mot 2014, kapittel 13.10.

Programkategori 13.40 Samiske formål

Samla utgifter under programkategori 13.40

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
540	Sametinget (jf. kap. 3540)	127 219	134 450	140 050	4,2
541	Tilskot til samiske formål	8 800	3 800	3 700	-2,6
542	Kompetansesenter for rettane til urfolk	1 800	1 900	1 950	2,6
	Sum kategori 13.40	137 819	140 150	145 700	4,0

Samla inntekter under programkategori 13.40

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
3540	Sametinget (jf. kap. 540)	7 119	4 650	4 650	0,0
	Sum kategori 13.40	7 119	4 650	4 650	0,0

Ansvarsfordeling og samordning i norsk samepolitikk

Kommunal- og regionaldepartementet har ansvaret for samordninga av den statlege samepolitikken i Noreg. Likevel har kvart departement, i samsvar med prinsippet om sektoransvar, ei plikt til å følgje opp samepolitikken innanfor sine sektorar.

Samordningsutvalet for samiske spørsmål utgjer eit viktig nettverk i samband med samepolitiske spørsmål på administrativt nivå. Kommunal- og regionaldepartementet har leiaransvaret og er sekretariat for utvalet.

Departementet tek sikte på å utarbeide ein rettleiar for behandling av samiske saker hausten 2003. Med utgangspunkt i det ansvaret Kommunal- og regionaldepartementet har for samordninga av samiske saker, vil rettleiaren vere eit hjelpemiddel for medarbeidarar på ulike nivå i forvaltninga i

arbeidet med å identifisere og behandle saker som har med samiske forhold å gjere.

Ei heilskapleg framstilling av samepolitikken til regjeringa og løyvingar til samiske formål frå departementa blir gitt i publikasjonen "Bevilgninger til samiske formål 2004". Kommunal- og regionaldepartementet har det konstitusjonelle ansvaret når det gjeld bruk av budsjettmidlar løyvde over kap. 540 Sametinget. Når det gjeld løyvingar til Sametinget frå budsjetta for dei andre departementa, er det vedkomande fagstatsråd som har det konstitusjonelle ansvaret.

Sametinget

Sametinget har stor fridom som folkevalt organ. Det er ikkje eit underliggjande organ i forhold til regjeringa, og regjeringa er derfor ikkje ansvarleg for den politiske verksemda i Sametinget eller dei

politiske vedtaka Sametinget gjer. Sametinget er forplikta til å følge vanlege reglar når det gjeld forvaltninga, til dømes forvaltningslova og det økonomireglementet som gjeld i staten, jf. omtale under kap. 540. Rapportering til dei ulike departementa

om bruk av budsjettmidlar skjer i årsmeldinga frå Sametinget.

Sametinget er tillagt mynde gjennom samelova, reindriftslova og opplæringslova. Stortinget og regjeringa har likevel det overordna ansvaret for utviklinga av samepolitikken.

Overordna mål i samepolitikken

Boks 3.3 Overordna mål og delmål

Overordna mål:

Leggje forholda til rette for at den samiske folkegruppa kan sikre og utvikle sitt eige språk, sin eigen kultur og sitt eige samfunnsliv

Delmål:

1. Gi Sametinget auka mynde på fleire område
2. Styrkje samiske næringar
3. Stimulere til aktiv bruk av samisk språk og synleggjering av samisk kultur
4. Auke omfanget av samisk forskning og kunnskapsutvikling
5. Sikre naturgrunnlaget for samiske næringar og samisk kultur
6. Motverke negative holdningar, diskriminering og rasisme overfor samar
7. Styrkje nordisk og internasjonalt samarbeid om og mellom urfolk

1. Gi Sametinget auka mynde på fleire område

Regjeringa ønskjer å gi Sametinget større politisk innverknad i saker som er av spesiell interesse for den samiske befolkninga. Det er viktig at departementa og Sametinget har ein god dialog og gode nok rutinar når mynde og oppgåver blir overførte til Sametinget, og at det er ei felles forståing mellom partane om vilkåra for overføringane. Regjeringa arbeider også for å sikre ein god maktbalanse mellom det offentlege og sivile samiske samfunnet.

Tilstandsvurdering

Sametinget har sidan det blei etablert i 1989 fått overført ansvaret for ei rad oppgåver av særleg verdi for samisk kultur. Sametinget har forvaltningsansvaret for val til Sametinget og for oppnemning av representantar til ulike offentlege organ. Sametinget utøver mynde og har innverknad gjennom deltaking og representasjon i ei rad utval, styre og råd.

Sametinget er gitt unntak frå § 4 i løyvingsreglementet om bruttobudsjettering og får heile si løyving frå Kommunal- og regionaldepartementet, Barne- og familiedepartementet, Kultur- og kyrkje-departementet, Utdannings- og forskingsdepartementet og Miljøverndepartementet over 50-postar.

Sametinget er på denne måten gitt eit sjølvstendig ansvar og står fritt med omsyn til ressursdisponeringa. Regjeringa foreslår at det i 2004 blir løyv om lag 211 mill. kr frå desse departementa.

På bakgrunn av ny organisasjonsstruktur i Sametinget er § 3-12 i samelova blitt endra med verknad frå 1. januar 2003. Lovendringa inneber ei ny organisering av arbeidet for samisk språk ved at lova slår fast at det er Sametinget, ikkje Samisk språkråd, som har ansvaret for å leggje til rette for vern og vidare utvikling av samisk språk i Noreg.

Strategiar og tiltak

Det er viktig å styrkje den rolla Sametinget har som premissleverandør overfor regjeringa og som ansvarleg organ for utviklinga av det samiske samfunnet. Regjeringa vil mellom anna auke Sametinget sin innverknad når det gjeld forvaltninga av land og vatn i Finnmark, jf. Ot.prp. nr. 53 (2002-2003) og omtale under delmål 5. Regjeringa tek også sikte på å fremme forslag om å endre § 2-6 i samelova for å følgje opp forslag frå Sametinget om å samle føringa av samemanntalet. Sametinget vil, i samarbeid med Sentralkontoret for folkeregistrering, stå for innføringa i det sentrale folkeregisteret og syte for at kommunane får eit oppdatert og endeleg valmanntal til sametingsvalet. Overføring

av mynde og ansvar til Sametinget blir vurdert jamleg.

For å sikre at Sametinget får reell innverknad og høve til å vere med og ta avgjerder, er det viktig å involvere Sametinget på eit tidleg stadium i prosessen i samband med lovarbeid og liknande. Korleis dette skal skje, vil bli nærmare utdjupa i rettleiaren for behandling av samiske saker, jf. omtale under avsnittet "Ansvarsfordeling og samordning i norsk samepolitikk".

2. Styrkje samiske næringar

Tilstandsvurdering

Tradisjonelle samiske næringar, som reindrift, fiske, duodji osv., held ved like og dannar grunnlaget for samisk kultur. Eit av trekka ved tradisjonell samisk næringsverksemd er variasjonar i ulike slags kombinasjonar av næringar.

I samisk og lokal samanheng gir reindriften store ringverknader både økonomisk, sysselsetjingsmessig og kulturelt. Næringa står i dag overfor store utfordringar når det gjeld rovdyr, beitegrunnlag, arealinngrep og verdiskaping.

Strategiar og tiltak

Fiske er ein del av det materielle grunnlaget for samisk kultur. Regjeringa meiner derfor at dei rike fiskeressursane utgjer eit stort potensial for auka verdiskaping og sysselsetjing også i samiske område. For å styrkje det lulesamiske samfunnet har regjeringa gitt to oppdrettskonsesjonar for laks og aure lokaliserte til Musken i Tysfjord, jf. omtale under delmål 4.

Regjeringa arbeider med å redusere den byrda næringslivet har når det gjeld innrapporteringsplikter. Dette vil ha ein positiv innverknad på samisk næringsliv, som i stor grad består av enkeltmannsføretak og små bedrifter. Det er behov for å utvikle tiltak som fører til auka verdiskaping og gir eit meir variert næringsliv i samiske område. Rentenedgangen i den siste tida har gitt lågare kapitalkostnader. Dette er spesielt viktig for samisk næringsliv, som tradisjonelt har hatt lite eigenkapital. Regjeringa vil stimulere kapitaltilgangen for næringslivet i Indre Finnmark, mellom anna ved å støtte opp om arbeidet til Indre Finnmark investeringsselskap.

Den regionalpolitikken regjeringa fører for å sikre busetnaden og verdiskapinga i alle delar av landet, vil kome samiske næringar til gode. For å styrkje det regionale nivået vil regjeringa gjere det lettare å utvikle fylkeskommunen som regional utviklingsaktør, jf. kap 551 Regional utvikling og nyskaping. Det er ønskjeleg at fylkeskommunane

involverer Sametinget og samiske næringsorganisasjonar i det regionale partnerskapet som omfattar fylke med samisk busetnad. For ein nærmare gjennomgang av regionalpolitikken, sjå programkategori 13.50.

Ein nødvendig føresetnad for utvikling av samisk kultur og språk er at det finst næringar som er berekraftige og tilpassingsdyktige. Regjeringa vil sikre det samiske næringslivet gjennom den generelle næringspolitikken, slik at ein kan planleggje etter gode og nøytrale rammevilkår. Samtidig er det ein føresetnad at Sametinget sjølv finn ut korleis dei verkemidla tinget rår over, skal nyttast.

Regjeringa har gjennomgått verkemiddelapparatet for næringslivet for å oppnå best mogleg utnytting og samordning av verkemidla. Det vil bli lagt opp til ei spissing av dei selektive verkemidla overfor næringslivet mot innovasjon og nyskaping, jf. St.prp. nr. 51 (2002-2003). Dette vil få positive ringverknader også for næringslivet i samiske område.

Stabile rammevilkår for reindriftnæringa er ein nødvendig føresetnad for å kunne skape tryggleik og gode vilkår for planlegging i næringa. Regjeringa har gått igjennom skatte- og avgiftsregimet for reindriftnæringa med sikte på auka verdiskaping, og har innført eit skattefrådrag som er retta inn mot alle reindriftnøvarar med inntekt frå reindriften. Skatte- og avgiftslette, framfor subsidiar, vil vidare vere eit viktig bidrag til ein framtidig, heilskapleg reindriftpolitikk, der verdiskaping og lønnsemd står sentralt, jf. St.prp. nr. 63 (2002-2003).

3. Stimulere til aktiv bruk av samisk språk og synleggjering av samisk kultur

Tilstandsvurdering

Samisk og norsk er likeverdige språk, jf. samelova kap. 3. Innanfor forvaltningsområdet for samisk språk (kommunane Kåfjord, Kautokeino, Karasjok, Nesseby, Porsanger og Tana) er samisk og norsk likestilte språk. Tysfjord kommune har søkt om å bli innlemma i det samiske forvaltningsområdet. Sametinget behandla saka i 2002 og har gitt si tilslutning til at kommunen kan kome inn under forvaltningsområdet. Regjeringa vil følgje opp vedtaket i 2003/2004.

Frå 1. januar 2004 har Finnmark fylke tospråkleg (norsk og samisk) fylkesnamn, jf. Ot.prp. nr. 111 (2001-2002). Frå same tidspunkt har Porsanger kommune trespråkleg kommunenamn (norsk, samisk og kvensk/finsk).

Sametinget forvaltar tilskot til samisk tolketeneste og tospråkleg forvaltning. Tilskotet skal dekkje dei utgiftene kommunane og fylkeskommu-

nane har som følge av tospråklegheit. I 2002 og 2003 styrkte regjeringa dette tilskotet med til saman 15,2 mill. kr. I 2004 vil Sametinget bli tildelt 7 mill. kr over kap. 571, post 64 Skjønnstilskot til tospråklegheitsarbeid i kommunar og fylkeskommunar. Med denne auken vil Sametinget forvalte om lag 42 mill. kr til språktiltak, jf. omtale under kap. 540, post 50.

Det er viktig at samisk språk blir nytta i offentleg samanheng. Kommunal- og regionaldepartementet opna dei samiskspråklege internettsidene på ODIN 6. februar 2003 – på samefolkets dag. ODIN på samisk skal vere den fremste kanalen for samiskspråkleg informasjon frå regjeringa og departementa. Sjå www.dep.no/krd/samisk.

Europarådet har peikt på at Noreg har eit særleg ansvar også for dei mindre samiske dialektane, som lulesamisk og sørsamisk. Regjeringa vil følgje opp dette. For å styrkje vernet om desse språka er det mellom anna utvikla IT-basert fjernundervisning i samisk språk for sørsamiske elevar. Kommunal- og regionaldepartementet gav i 2003 eit tilskot på kr 200 000 til eit lulesamisk avistilbod, NordSalten avis, jf. kap. 541, post 72.

Eit svært viktig tiltak for å sikre samisk språk er at språket kan brukast i datasamanheng. Regjeringa bestemte derfor i juni 2003 at statlege etatar skal vurdere eigne behov for støtte for samisk språk. Etatane bør leggje til rette for samisk språk etter kvart som programvarer/plattformer blir oppgraderte. For å gjere det enklare for offentlege verksemder å ta i bruk samisk, etablerte Kommunal- og regionaldepartementet hausten 2003 ein kompetansebase og ein eigen nettstad for samisk språk og IT – SamIT (Kompetanse i samisk språk og IT). Norsk Teknologisenter driv kompetansebasen på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Noreg har saman med Sverige og Finland støtta eit felles opplegg for datastandardisering av samisk språk. Ei arbeidsgruppe som er etablert under Nordisk embetsmannsorgan for samiske spørsmål, skal samordne desse problemstillingane på nordisk nivå.

Strategiar og tiltak

Fagdepartementa har ansvaret for å ta vare på samiske språk innanfor sine sektorar, i samarbeid med Sametinget. Kultur- og kyrkjedepartementet har eit generelt og overordna forvaltningsansvar for samiske språk gjennom forvaltninga av språkreglane i samelova. Kultur- og kyrkjedepartementet har også ansvaret for stadnamnlova og vil arbeide for å synleggjere samisk kultur og historie og samiske stadnamn.

Regjeringa ønskjer meir aktiv bruk av samisk, og vil leggje til rette for auka bruk av samisk i offentleg samanheng. Som døme på dette er samisk frå 2002 forhandlingsspråk ved reindriftsforhandlingane. Grunnleggjande statleg informasjon skal produserast også på samisk, og denne informasjonen skal vere allment tilgjengeleg. Regjeringa forventar at offentlege verksemder legg til rette for skriftleg kommunikasjon på samisk, at offentlege skjema ligg føre på samisk, og at samiske namn, stadnamn, adresser osv. blir registrerte korrekt. Dette har kvar enkelt etat ansvaret for.

Regjeringa vil i åra framover ha samisk språk og IT som eit av dei viktigaste satsingsfeltene. Dette inneber mellom anna eit vidare samarbeid med Sametinget om oppfølginga av Sametingets eSápmi-plan og andre IT-spørsmål, vidare utvikling og drift av SamIT (kompetansebasen for samisk og IT), samarbeid på nordisk nivå og eventuell økonomisk støtte til prosjekt som kan medverke til at samisk språk blir eit levande språk også i IT-verda, jf. kap. 541, post 72.

4. Auke omfanget av samisk forskning og kunnskapsutvikling

Tilstandsvurdering

Forskinga skjer særleg ved Universitetet i Tromsø, Samisk høgskole og Nordisk samisk institutt. I dei seinare åra er den samiske forskinga blitt meir internasjonalt orientert. Også forskingsinstitusjonar i andre nordiske land utfører samisk forskning.

Kommunal- og regionaldepartementet har sidan 2001 løyvt midlar til Noregs forskingsråd sitt program for samisk forskning (2001–2005). Hovudmålet for programmet er å rekruttere forskarar og stimulere til forskning som kan gi ny forståing og nye perspektiv, medverke til å utvikle samisk som vitskapsspråk og stimulere til tverrfagleg og fleir-institusjonelt samarbeid innanfor samisk forskning på nasjonalt, nordisk og internasjonalt nivå. Løyvinga frå Kommunal- og regionaldepartementet var i 2003 på 1,5 mill. kr. I prinsippet er Forskringsrådet også pliktig til å vurdere om samiske problemstillingar er relevante å forske på innanfor andre forskingsprogram.

Som ei følge av sektorprinsippet har fleire departement og underleggjande etatar i gang FoU-arbeid om samiske forhold. Kommunal- og regionaldepartementet har løyvt midlar til Universitetet i Tromsø til ein levekårsstudie i Noreg. Studien er ein del av ei større levekårsundersøking blant urfolk i 11 arktiske regionar. Departementet har også gitt midlar til Nordlandsforskning for å få evaluert prosessar i samband med tildelinga av to opp-

drettskonsesjonar for laks og aure lokaliserte til Musken i Tysfjord. Formålet med oppdrettskonsesjonane er å styrkje det lulesamiske samfunnet. Sametinget er tildelt midlar for å føre vidare prosjektet Samisk statistikk. Målsetjinga med prosjektet er å skaffe fram oppdatert og ny kunnskap om samiske forhold ved å leggje til rette for ei tenleg organisering av kvantitative data.

Forskningsprosjekta er finansierte over kap. 500, post 21 Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag og post 50 Forskningsprogram under Noregs forskingsråd i budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet.

Strategiar og tiltak

Samisk forskning skal få fram kunnskap og kompetanse som kan styrkje, ta vare på og utvikle det samiske samfunnet. Det er nødvendig at det heile tida skjer kvalitativt god og kritisk forskning med relevans for samiske samfunnsforhold, og at forskinga får fram eit kunnskapsgrunnlag for utvikling og utforming av den samepolitikken styresmaktene fører. Det er viktig å leggje til rette for etablering av ein samisk forskingsinfrastruktur og ei tenleg organisering av primær- og grunnlagsdata om samiske forhold, slik at data kan gjerast tilgjengelege både for generell samfunnsplanlegging og for forskingsformål.

Samisk forskning må bringe fram tradisjonell samisk forståing og terminologi om natur og økologi i samiske område, og kunnskap om bruksformer, sedvanar og andre kulturelle forhold. Slik kunnskap kan vere avgjerande føresetnader for å kunne ta vare på og utvikle språket, kulturen og næringstilpassingane. Forskinga bør også rettast inn mot ulike tema som gjeld forholdet mellom storsamfunnet og det samiske samfunnet, medverke til utvikling og bruk av det samiske språket, også i IT-samanheng, ta vare på kjønnspektivet og få fram kunnskap om situasjonen til samiske kvinner i samfunnet. For fleire tiltak som gjeld samisk forskning og utdanning, sjå St.meld. nr. 34 (2001-2002) frå Utdannings- og forskingsdepartementet.

I det nordiske samarbeidet om samiske saker vil regjeringa ta initiativ til å førebu drøftingar om eit nærmare nordisk samarbeid om samisk forskning.

5. Sikre naturgrunnlaget for samiske næringar og samisk kultur

Tilstandsvurdering

Striden om utbygginga av Alta-Kautokeino-vassdraget avdekte at staten hadde eit behov for å avklare

forholdet til samisk kultur og til samane si rettsstilling i Noreg. Som eit resultat av dette blei Same rettsutvalet oppnemnt i 1980.

Mandatet til utvalet var å greie ut, vurdere og eventuelt føreslå endringar i alle forhold som kunne ha innverknad på den rettslege og politiske stillinga til samane. Dette omfatta både spørsmål om rettar knytte til naturressursane og spørsmål om ein eigen paragraf i Grunnlova og etablering av eit eige representativt organ for samane.

Den første delinnstillinga frå Samerettsutvalet i 1984 førte til at Stortinget vedtok samelova og oppretta Sametinget. Det blei også teke inn ein § 110a i Grunnlova, som slo fast at "Det paaligger Statens Myndigheter at lægge Forholdene til Rette for at den samiske Folkegruppe kan sikre og utvikle sit Sprog, sin Kultur og sit Samfundsliv." I 1997 la Samerettsutvalet fram si andre delinnstilling, som omhandla naturgrunnlaget for samisk kultur, med særleg vekt på tilhøva i Finnmark.

Samerettsutvalet blei oppnemnt på nytt i juni 2001 for å vurdere bruk og forvaltning av grunn og naturgode i samiske bruksområde utanfor Finnmark fylke.

Strategiar og tiltak

Med utgangspunkt i den andre delinnstillinga frå Samerettsutvalet la regjeringa i april 2003 fram sitt forslag til "Lov om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark" (Finnmarkslova), jf. Ot.prp. nr. 53 (2002-2003). Regjeringa har føreslått at det blir oppretta eit nytt og sjølvstendig organ (Finnmarkseigedommen) som får overført eigarråderetten over størsteparten av arealet i Finnmark fylke. Det blir også føreslått at eit styre skal leie Finnmarkseigedommen. Til dette styret skal Finnmark fylkesting og Sametinget oppnemne tre medlemmer kvar, medan staten skal oppnemne éin medlem som ikkje har stemmerett, og som i første rekkje skal vere eit bindeledd mellom Finnmarkseigedommen og sentrale styresmakter.

Sametinget får innverknad på arealforvaltninga ved at det får mynde til å gi retningslinjer for korleis ein skal vurdere verknaden for samisk kultur, reindrift, næringsutøving og samfunnsliv ved endra bruk av utmark. Alle offentlege styresmakter som behandlar saker om endra bruk av utmark i Finnmark, skal leggje desse retningslinjene til grunn.

I saker om endra bruk av utmark skal Finnmarkseigedommen vurdere kva verknader endringa vil få for samisk kultur, reindrift, næringsutøving og samfunnsliv. Ved vurderinga skal ein leggje retningslinjer trekte opp av Sametinget til grunn. I slike saker gjeld det også særskilde saksbehand-

lingsreglar som skal sikre at ein tek omsyn til dei samiske interessene. Lovforslaget er no til behandling i Stortinget.

For at det skal vere råd å sikre naturgrunnlaget for samisk kultur og samiske næringar på ein effektiv måte, er det viktig at det samiske perspektivet også kjem inn i dei generelle lovene som gjeld arealbruk.

I samband med forslaget til ny Finnmarkslov har regjeringa føreslått å endre den no gjeldande bergverkslova og innføre særskilde reglar for Finnmark for å sikre samiske interesser i samband med mineralaktivitet. Noreg har særskilde plikter overfor samane i mineralsaker etter ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar, artikkel 15.

Bergverkslova byggjer i utgangspunktet på bergfridomsprinsippet om at alle har rett til å skjerpe (leite etter), mute (undersøkje nærmare) og få utmål på førekomstar av mutbare mineral på eigen grunn eller på grunn ått av andre, jf. bergverkslova § 2. Regjeringa sitt forslag til endringar inneber ei innskrenking av dette prinsippet ved at det blir gitt særskilde saksbehandlingsreglar for bergverkssaker i Finnmark. I tillegg til nye saksbehandlingsreglar blir det også føreslått at styresmaktene kan avslå søknader om mineralløyve på grunn av allmenne omsyn, og at samiske interesser skal bli tillagde vesentleg vekt i ei slik vurdering. Desse reglane vil bli ein del av den nye minerallova på eit seinare tidspunkt.

Ikkje-mutbare mineral er grunneigaren sin eigedom, og vil til kvar tid vere ått av grunneigaren. Etter forslaget til Finnmarkslov tyder dette at det i Finnmark er Finnmarkseigedommen som får rettane til eventuelle funn av ikkje-mutbare mineral på all grunn som Finnmarkseigedommen har eigedomsretten til.

Planlovutvalet leverte 13. mai 2003 si andre delutgreiing med forslag til revisjon av reglane i plan- og bygningslova. I denne utgreiinga er det mellom anna føreslått å ta inn "sikring av naturgrunnlaget for samisk kultur" i formålparagrafen i lova. Det er også føreslått at Sametinget ved handlinga av planar etter lova skal ha dei same rettane og pliktene som statlege organ. Forslaga frå Planlovutvalet er no ute på ei brei høyring.

6. Motverke negative holdningar, diskriminering og rasisme overfor samar

Tilstandsvurdering

Sjølv om fornorskingspolitikken i forhold til samane no er eit tilbakelagt stadium og målsetjinga er at norsk og samisk kultur skal vere likeverdige, er det ein del negative holdningar til samisk kultur

som heng att frå fortida. Mange samar opplever framleis negative holdningar og intoleranse knytt til eigen identitet.

På oppdrag frå Sametinget, Statskonsult og Kommunal- og regionaldepartementet har Agenda gjennomført ei undersøking om holdningar til samiske spørsmål blant samar. Bakgrunnen for undersøkinga er at Statskonsult saman med Sametinget skal utarbeide ein langsiktig informasjonsstrategi for å auke registreringa i samemanntalet. Rapporten blei lagd fram i juli 2002. Ein konklusjon er at negative holdningar er til hinder for at samar registrerer seg i samemanntalet. Svært mange i undersøkinga opplyser at det å registrere seg i manntalet er nært knytt til utviklinga av ein samisk identitet og samisk tilhøyrse. Fleire av dei som ikkje registrerer seg, oppgir fornorsking og ei kjensle av å vere mindreverdige som årsak. Undersøkinga dokumenterer at verknadene av fornorskingspolitikken framleis hindrar samar i å ta i bruk dei politiske rettane dei har.

Strategi og tiltak

Negative holdningar til det samiske kan dels kome av mangel på informasjon om samar og det samiske. Det er derfor ei stor utfordring å auke kunnskapen om samiske forhold, både i forvaltninga, i befolkninga generelt, og ikkje minst i utdanningssystemet.

Det har stor verdi at samiske barn og ungdommar blir sikra eit trygt identitetsgrunnlag, slik at den samiske kulturen og det samiske samfunnet kan utvikle seg vidare. Satsing på barn og ungdom vil vere eit prioritert område for regjeringa. Gjennom eit prosjekt med samiske vegvisarar vil regjeringa gi samisk ungdom i oppgåve å informere om samisk språk, kultur og samfunnsliv.

Kommunal- og regionaldepartementet vil i samarbeid med Sametinget i perioden 2003–2005 setje i verk ein holdnings- og informasjonskampanje om samar og samiske forhold.

Regjeringa ønskjer å kartleggje eksisterande kunnskap og forskning om årsaker til negative holdningar til samar og det samiske, og om korleis slike holdningar kan motverkast. I den grad det er behov for det, ønskjer regjeringa å setje i gang vidare FoU-verksemd på området, jf. handlingsplanen mot rasisme og diskriminering som blei lagd fram i juli 2002.

Kompetansesenteret for rettane til urfolk i Kautokeino blei etablert hausten 2002 og offisielt opna 1. september 2003. Sentrale oppgåver for senteret er dokumentasjon, kunnskapsformidling og informasjon om rettane til samar og andre urfolk, jf. kap. 542, post 1.

Regjeringa vil halde fram med å gi ut eit eige informasjonsbrev om samepolitikken.

7. Styrkje nordisk og internasjonalt samarbeid om og mellom urfolk

Tilstandsvurdering

Det blei i 2000 etablert eit fast samarbeid mellom ministrar som er ansvarlege for samiske saker, og sametingspresidentane i Finland, Sverige og Noreg for regelmessig orientering, drøfting og behandling av samiske spørsmål av felles interesse. Samarbeidet har uformell, men nær tilknytning til Nordisk Ministerråd. Førebuing og oppfølging av saker er det Nordisk embetsmannsorgan for samiske spørsmål som tek seg av. Dette organet har også representasjon frå sametinga. Ansvar for innkalling og leiing av møta går på omgang mellom dei tre landa. Noreg har ansvaret for sekretariatsfunksjonen i 2003. Sekretariatsfunksjonen blei overteken frå Finland, som overtok han frå Sverige i 2002. Kommunal- og regionaldepartementet er ansvarleg departementet i Noreg.

Sametinga i Finland, Sverige og Noreg har oppretta eit felles samarbeidsorgan, Samisk parlamentarisk råd. Rådet er eit institusjonalisert samarbeid mellom sametinga i saker som gjeld samar i fleire statar eller samane som eitt folk. Rådet er eit sentralt organ i det nye nordiske samarbeidet om samiske spørsmål, og sametinga tek sikte på at rådet skal spele ei aktiv rolle i det internasjonale arbeidet, mellom anna i arbeidet med FN-fråsegna om rettane til urfolk, i arbeidet med urfolksspørsmål i Barentssamarbeidet og i arbeidet overfor Arktisk råd. Sekretariatsfunksjonen følgjer det sametinget som har presidentvervet.

Strategiar og tiltak

Regjeringa føreslår å overføre kr 300 000 til Sametinget for å styrkje Sametinget sitt arbeid med Samisk parlamentarisk råd, jf. omtale under post 70 Tilskot til samiske formål.

Med utgangspunkt i rapporten "Behov og grunnlag for en nordisk samekonvensjon", vedtok ministrane og sametingspresidentane i november 2001 å opprette ei ekspertgruppe for å utarbeide utkast til ein nordisk samekonvensjon. Ekspertgruppa begynte arbeidet sitt i januar 2003 og består av to medlemmer frå kvart av landa, den eine av dei utpeikt av dei respektive sametinga. Siktemålet er at gruppa skal utarbeide eit utkast til samekonvensjon. Samisk parlamentarisk råd vil vere eit viktig organ i det nye nordiske samarbeidet framover, og vil også ha verdi i ein internasjon-

nal samanheng. Det er derfor viktig at rådet har gode samarbeidsvilkår og får høve til å utvikle seg.

Noreg deltek aktivt i forhandlingane om ei FN-fråsegn om rettane til urfolk. Sametinget er representert i den norske forhandlingsdelegasjonen. Regjeringa freistar å medverke til at forhandlingane kan bli slutførte innan utgangen av Det internasjonale urfolkstiåret (2004). Målsetjinga er at fråsegna skal medverke til å styrkje rettane til urfolk rundt om i verda. Regjeringa vil også støtte opp om det arbeidet som blir gjort av det permanente forumet for urfolk i FN.

Regjeringa vil i samsvar med St.meld. nr. 33 (2001-2002) og St.meld. nr. 34 (2001-2002) framheve områda forskning, språk, næringssamarbeid og IT-løysingar som viktige nordiske og internasjonale samarbeidsområde.

Budsjettforslag frå andre departement

Utdannings- og forskingsdepartementet har ansvaret for løyvingane til samisk høgskole og til samiske vidaregåande skolar, midlar til å dekkje dei utgiftene kommunane har i samband med bruken av to språk i grunnskolen, og midlar til særskilde utviklingstiltak i det samiske utdanningsområdet. Departementet føreslår ei rad tiltak for å styrkje samisk utdanning og forskning, jf. St.meld. nr. 34 (2001-2002). I samsvar med Stortinget si behandling av Innst. S. nr. 12 (2002-2003) vil Utdannings- og forskingsdepartementet følgje opp tiltak i meldinga i statsbudsjettet for 2004.

Helsedepartementet har i 2003 sett av 10,7 mill. kr til forsøks- og utviklingsarbeid med utgangspunkt i NOU 1995:6 "Plan for helse- og sosialtjenester til den samiske befolkning i Norge" og handlingsplanen "Mangfold og likeverd". Av desse midlane er 5,1 mill. kr overført til Sametinget. Dette beløpet går i hovudsak til forvaltning av prosjektmidlar og til finansiering av to saksbehandlarstillingar i Sametinget. Resten av midlane blir forvalta av Sosial- og helsedirektoratet, som også har ansvaret for å setje i verk tiltaka i planen. Departementet legg opp til ei vidareføring av gjennomføringa av handlingsplanen "Mangfold og likeverd" i 2004.

Barne- og familiedepartementet vil tildele midlar til Sametinget som Sametinget kan bruke til tilskot til samiske barnehagar og til informasjons-, rettleings- og utviklingsarbeid. Særskilt tilskot til samiske barnehagar blei overført til Sametinget frå 1.1.2001. Regjeringa føreslår for 2004 å auke kap. 856, post 50 med 2 mill. kr til 10,7 mill. kr.

Over budsjettet til *Kultur- og kyrkjedepartementet* er løyvinga til samiske kulturtiltak samla på éin post, og midlane blir overførte til Sametinget. Bud-

sjettforslaget er på 31,7 mill. kr. Til vidare prosjektering av nytt austsamisk museum i Neiden (samisk tusenårsstad) er det føreslått 1,3 mill. kr. Prosjektet har ei kostnadsramme på 30 mill. kr, og museet skal etter planen stå ferdig i 2006. Løyvinga som går til Den norske kyrkja, skal også brukast til samisk kyrkjeliv. Driftsløyvinga som blir tildelt Kyrkjerådet, skal mellom anna finansiere verksemda til Samisk kyrkjeråd. Gjennom løyvinga til prestetenesta i kyrkja skal også det samiske folket sikrast kyrkjelege tenester. Det blir også ytt tilskot til Det Norske Bibelselskap for omsetjing av Det gamle testamentet til nordsamisk. Støtta til samiske aviser er for 2004 auka til 11,6 mill. kr.

Miljøverndepartementet vidarefører ordninga med tilskot til Sametinget sitt arbeid med samisk kulturminnevern, kap. 1429, post 50 Tilskot til samisk kulturminnevernarbeid. Midlane skal i hovudsak nyttast til vedlikehalds- og restaureringsarbeid. Det blir føreslått å setje av 2 mill. kr til formålet i 2004. Den treårige prøveordninga der Sametinget får mynde etter kulturminnelova, blir evaluert i 2003.

Under *Landbruksdepartementet* sitt ansvarsområde har reindrifftsavtalen 2003-2004 ei ordinær ramme på 95 mill. kr, eksklusive midlar til tiltak mot radioaktivitet og verdien av skattefrådrag i reindriffta. Dette svarer til ein reduksjon på 5,9 mill. kr i forhold til noverande avtale. Frå reindrifftsavtalen og jordbruksavtalen blir det overført totalt 4 mill. kr til samiske utviklingsfond. Over budsjettet til reindrifftsforvaltninga er det sett av 35,7 mill. kr til driftsutgifter i forvaltninga. Reindrifftsforvaltninga er tildelt ansvaret for koordinering og tilrettelegging for etablering av eit ressurscenter for reindrifft. Det er sett av 2 mill. kr til etablering og drift av senteret i 2004. Vidare føreslår departementet ei løyving på 3,2 mill. kr til vedlikehald av konvensjonsgjerda og ei løyving på kr 659 000 til drift av fjellstovene i 2004. Det blir også føreslått å setje av 13,2 mill. kr til omstillingstiltak i Indre Finnmark. Dette svarer til ein auke på om lag 11 mill.

kr. For å leggje til rette for ei frivillig avvikling og ein reduksjon i talet på rein i Vest-Finnmark reinbeiteområde blir dei eksisterande verkemidla gjennom reindrifftsavtalen supplerte ved at det blir etablert ei bonusordning i samband med slakting av rein.

Utanriksdepartementet gir over kap. 116, post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mellom anna støtte til "Urfolks deltakelse i Arktisk råd mv.". Løyvinga kan brukast til å dekkje deltaking for Samerådet og utanlandske urfolksorganisasjonar i samband med møta i Arktisk råd. Løyvinga har i perioden 2001-2003 vore på kr 400 000 per år. Det blir føreslått å halde dette nivået ved lag også for 2004. Over kap. 163, post 71 Humanitær bistand og menneskerettar tildelte departementet i 2002 og 2003 høvesvis kr 988 000 og 1,2 mill. kr til Kompetansesenteret for rettane til urfolk. Løyvinga på 1,2 mill. kr blir føreslått halden ved lag i 2004.

Justisdepartementet vil i 2004 vidareføre løyvinga til Rettshjelpskontoret for Indre Finnmark over kap. 470, post 72 Tilskot til spesielle retts-hjelpstiltak. Tilskotet for 2003 er på ca. 1,2 mill. kr. Departementet vil på same måten som i dei tidlegare åra setje av særskilde midlar til politidistrikt som har kommunar i forvaltningsområdet for samisk språk. Midlane skal dekkje utgifter til det generelle meirarbeidet som bruk av to språk fører med seg for politiet, og utgifter til tiltak for å bygge opp kompetansen. Forskingsprosjektet "Samiske sedvaner og rettsoppfatningar" blei starta i 1997. Prosjektet er delt i to fasar. Resultatet av fase I av prosjektet, som er geografisk avgrensa til Finnmark fylke, er publisert som NOU 2001:34. Samerettsutvalet leier fase II av forskingsprosjektet "Samiske sedvaner og rettsoppfatningar" i området sør for Finnmark.

Nærings- og handelsdepartementet tek sikte på ei vidareføring av satsinga på samisk IT/eSápmi, som går inn under kap. 914 Spesielle IT-tiltak, post 22 Samordning av IT-politikken. Departementet løyvde kr 240 000 til dette formålet i 2003.

Kap. 540 Sametinget (jf. kap. 3540 Sametinget)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
50	Sametinget	120 100	129 800	135 400
54	Avkastning av Samefolkets fond	7 119	4 650	4 650
	Sum kap. 540	127 219	134 450	140 050

Rapportering frå Sametinget til regjeringa og Stortinget

Samelova § 1-3 slår fast at Sametinget si årsmelding skal sendast til kongen. Regjeringa legg fram ei årleg stortingsmelding om verksemda i Sametinget for Stortinget. Her blir det også gjort greie for samepolitikken. Denne meldinga er eit godt grunnlag for dialogen mellom Stortinget, Sametinget og regjeringa. Sametinget vedtok årsmeldinga si for 2002 i mai 2003. Stortingsmeldinga om verksemda i Sametinget i 2002 blir lagd fram i oktober 2003.

Som følgje av at Riksrevisjonen i 2001 gjekk igjennom forvaltninga av tilskotsordningane i Sametinget, etablerte Sametinget og Kommunal- og regionaldepartementet i 2003 ei arbeidsgruppe som fekk som mandat å lage retningslinjer for korleis Sametinget skal forvalte tilskotsmidlar løyvde av Stortinget. Hovudsiktemålet med arbeidet er å lage retningslinjer for tilskotsordningane som er i tråd med forslag til nye tilskotsreglar, slik dei er framstilte i utkast til nytt reglement for økonomistyring i staten, utarbeidd av Finansdepartementet. Arbeidet med å lage retningslinjer for tilskotsordningane i Sametinget er venta ferdig innan oktober 2003. Forslag til retningslinjer for tilskotsordningar vil bli behandla av Sametinget i plenum i november 2003, og skal mellom anna innehalde tildelingskriterium og reglar for oppfølging og kontroll. Riksrevisjonen vil få tilsendt alle nye retningslinjer når dei er vedtekte av Sametinget i plenum. Retningslinjene vil ta til å gjelde frå og med 1.1.2004.

Sametinget i plenum tildeler midlar frå ein del postar direkte til tilskotsmottakarar. Utover at midlane skal fordelast i tråd med formålet med budsjettposten, ønskjer Kommunal- og regionaldepartementet ikkje å påleggje Sametinget i plenum å følgje bestemte reglar for sjølve tildelinga, til dømes reglar for kven som skal få midlar, og kor mykje dei skal få. Sametinget er eit folkevalt organ, og Sametinget i plenum står fritt til sjølv å tildele midlar ut frå eigne prioriteringar. Når det gjeld oppfølginga og forvaltninga av midlane fordelte av Sametinget i plenum, blir det gjennomført av administrasjonen i Sametinget. Rutinane for utbetaling, oppfølging og kontroll skal baserast på dei reglane som gjeld for tilskotsforvaltninga i staten. Departementet skal sjå til at Sametinget etablerer tenlege rutinar, i tråd med gjeldande regelverk. Tilskotsstyret i Sametinget og den dei har delegert tildelinga til, tildeler resten av midlane. I desse tilfella skal Sametinget utarbeide retningslinjer for tildeling i tråd med dei krava som gjeld for tilskotsforvaltning i staten.

Post 50 Sametinget

Rapport for 2002-2003

Driftsutgifter

Sidan etableringa i 1989 har talet på årsverk i Sametinget auka frå 13 årsverk til 100,4 årsverk per 1. mars 2003. Dette kjem som ei naturleg følgje av at Sametinget i dei siste åra har fått overført forvaltningsansvar for ei rad oppgåver og tilskotsordningar frå departementa, samtidig som tinget sjølv også har teke initiativ til å følgje opp saker som det oppfattar vedrører den samiske folkegruppa.

Sametinget forvalta om lag 211 mill. kr i 2003. Samla utgjorde utgiftene til drift av politisk og administrativ verksemd i Sametinget 77 mill. kr i 2002.

Likestilling

Sametinget har ei skeiv kjønnsamansetjing, og utviklinga viser ein negativ trend, med stadig færre kvinnelege representantar i Sametinget. Medan det etter valet i 1997 var 26 pst. kvinnelege representantar i Sametinget, er det for inneverande periode (2001–2005) berre 18 pst. Både Sametinget og dei sentrale styresmaktene innser at manglande kvinnerepresentasjon i Sametinget er problematisk i forhold til målsetjinga om at eit folkevalt organ bør reflektere samansetjinga av heile befolkninga.

Sametinget vedtok i september 2002 å gå inn for ei ordning med utjanningsmandat. Ein gjorde framlegg om å innføre fire utjanningsmandat reserverte for det underrepresenterte kjønnet, slik at det totalt blir 43 representantar i Sametinget. Stortinget har i Innst. S. nr. 110 (2002-2003) merka seg vedtaket i Sametinget, og har bede regjeringa vurdere om det vil vere mogleg å innføre ei slik ordning. Regjeringa er kjend med at Sametinget har vedteke å setje ned eit ekspertutval som skal vurdere alle sider av valordninga. Regjeringa meiner at det er nødvendig å vurdere ulike element i valordninga samla, og at det vil vere rett å vente med ei vurdering av om det skal innførast utjanningsmandat i Sametinget til utgreiinga frå ekspertutvalet blir lagd fram, og til Sametinget har kome med sine forslag.

Sametinget ser behovet for å føre vidare forskning om kjønn i det samiske samfunnet og i denne samanhengen vurdere både valreglane og Sametinget som politisk arena i eit likestillings- og kjønnsperspektiv.

Likestilling og oppfølging av kvinnepolitiske spørsmål står sentralt innanfor alle politikkområda til Sametinget, og er nedfelt i Sametingets plandokument. Sametinget tek sikte på at årsmeldinga for 2003 skal gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling, jf. likestillingslova § 1a.

Næringsformål

Eit av dei overordna måla for Sametinget når det gjeld næringsutvikling, er å skape sterke og levande samfunn med stabil busetnad og allsidig nærings-, kultur- og samfunnsliv. For Sametinget er det avgjerande at det blir utvikla forvaltningsmodellar der lokalbefolkninga kan dra nytte av dei fordelane dei har. Sametinget ønskjer at bruken av verkemidla skal medverke til at både kvinner og menn finn det attraktivt å bu og leve i dei samiske lokalsamfunna, samtidig som dei skal gjere det mogleg å drive næringskombinasjonar, småskala-drift og eineyrketilpassingar. Sametinget vil halde fram samarbeidet med andre finansieringsaktørar for å få til ei sterk og brei samordning av den regionale næringsutviklinga.

Samisk utviklingsfond

Samisk utviklingsfond har vore og er ein av dei mest sentrale aktørane i det samiske samfunnet på verkemiddelsida. Sametinget ser det som nødvendig å prioritere tildeling av næringsstøtte til kvinnelege etablerarar og næringsutøvarar. I primærnæringsane er det få kvinner som står som eigar av verksemdar, og det er færre kvinner enn menn som etablerer ny verksemd. Det trengst derfor eigne tiltak retta mot kvinner, både i primærnæringsane og i næringslivet elles. I 2002 gav Sametinget tilsegner om næringsstøtte til kvinner på til saman 2,2 mill. kr, noko som utgjør 31 pst. av tilsegnsbeløpet gitt til enkeltpersonar. I 2001 blei 42 pst. av tilsegnsbeløpet gitt til kvinner.

Tabell 3.13 Tildeling frå Samisk utviklingsfond etter næring

	(i 1 000 kr)			
	2001	Pst.	2002	Pst.
Fiskeri	3 750	20,1	3 640	20,1
Jordbruk	3 250	17,4	3 140	17,3
Duodji – utviklingstiltak/investeringar	2 380	12,7	2 270	12,5
Næringskombinasjonar	4 750	25,4	4 640	25,6
Anna næringsliv	4 550	24,4	4 440	24,5
Sum	18 680	100	18 130	100

Tabell 3.14 Tilskot frå Samisk utviklingsfond fordelt etter kjønn

	(i 1 000 kr)			
	2001	Pst.	2002	Pst.
Kvinner	3 824	42	2 234	31
Menn	5 197	58	5 082	69
Sum	9 021	100	7 316	100

Sametinget har eit særskilt ansvar for utviklinga av duodji (samisk kunsthandverk og husflid), og understrekar det store utviklingspotensialet duodji har som fag, kultur og næring. For å stimulere til næringsetablering har Sametinget utarbeidd eit femårig utviklingsprogram for duodji. Utviklingsprogrammet skal dokumentere den effekten næringsane har når det gjeld verdiskaping og sysselsetjing i dei samiske områda, med særleg fokus på kvinnelege arbeidsplassar. Ulike instansar

er inviterte til å delta i finansieringa av programmet. I 2003 har Sametinget sett av 3,4 mill. kr av Samisk utviklingsfond til duodji. Av dette er det sett av 1,2 mill. kr til utviklingstiltak/investeringar og 2,2 mill. kr til utviklingsprogrammet.

Målet med tilskot til næringskombinasjonar er mellom anna å sikre inntektsgrunnlaget for dei som driv med næringskombinasjonar. Sametinget har vedteke å trappe ned driftsstøtta og auke satsinga på utviklingstiltak. Nedtrappinga vil først

skje frå 2004. Det blei i 2002 løyvt 7,4 mill. kr til næringskombinasjonsordninga. Av det samla støtbeløpet gjekk 25,4 pst. til kvinner i 2002. I 2001 var det 23,5 pst. kvinner blant dei som fekk støtte til å drive næringskombinasjonar.

Sametinget vurderer satsing på fiskeria som heilt avgjerande for at ein skal kunne ta vare på og utvikle samisk kultur, språk og næring i dei samiske kyst- og fjordområda. Det vil såleis vere nødvendig å sikre fiskeflåten, oppdrettsanlegg og eit nettverk av mottaksstasjonar som er lokalt til-

passa. I 2002 blei det løyvt 3,3 mill. kr. til tiltak i fiskeria.

Kulturformål

Kulturtiltak er viktige for utvikling av samisk språk, identitet og tilhøyrslø. For Sametinget er det såleis viktig å samordne den samiske kulturinnsatsen og leggje til rette for likeverdige tilbod og aktivitetar ut frå dei behova gruppene i dei ulike regionane har.

Tabell 3.15 Tildeling til kulturformål

Formål	(i 1 000 kr)		
	2000	2001	2002
Samisk kulturfond	9 479	9 475	9 000
Samisk forlag	1 515	1 490	1 520
Samisk kulturhus	3 938	3 998	4 613
Samiske kulturorganisasjonar	1 022	1 072	1 093
Samiske festivalar	–	700	1 128
Samisk idrett	500	500	500
Samisk teater (Beaivváš Sámi Teáhter)	–	–	10 700
Kunstnarstipend	–	–	1 300
Sum	16 454	17 235	29 854

Frå 2002 overtok Sametinget ansvaret for Beaivváš Sámi Teáhter, og i tillegg til 10,7 mill. kr som blei løyvt til dette teateret, løyvde Sametinget i 2002 kr 400 000 frå Samisk kulturfond til teaterformål. Det samiske teatret skal medverke til å styrkje samisk kultur og identitet. Teatret har ei viktig rolle som arena for formidling og oppleving av samiske kunst- og kulturinntrykk og for bruk av samisk språk.

Sametinget ser det som viktig at det samiske folket har eit reelt høve til å utøve samisk kultur. Samiske kultursenter er arenaer der den samiske kulturen kan utøvast. Desse sentra har ein positiv

innverknad på utviklinga av samisk språk og kultur, og på sysselsetjinga og busetjinga i lokalmiljøet. Sametinget skal medverke til å sikre drift av dei eksisterande kulturinstitusjonane. I 2002 løyvde Sametinget 4,6 mill. kr til formålet.

Samisk kulturfond

Samisk kulturfond har som formål å fremme tiltak som støttar samisk kultur, og å stimulere til samiske kulturaktivitetar for den samiske befolkninga. I 2002 blei det sett av 9 mill. kr til fondet.

Tabell 3.16 Fordeling av midlar frå samisk kulturfond

Formål	(i 1 000 kr)		
	2000	2001	2002
Litteratur	2 100	2 100	2 000
Musikk	595	1 000	1 000
Biletkunst/duodji	1 105	1 000	875
Teaterformål	480	400	400
Skape gode oppvekstvilkår for samiske barn	2 690	2 475	2 475
Andre tiltak ¹	2 509	2 500	2 250
Sum	9 479	9 475	9 000

¹ Ulike prosjekt, diverse kulturarrangement, festivalar osv.

Ei viktig og grunnleggjande oppgåve for Sameitinget er å skape gode oppvekstvilkår for samiske barn og ungdommar. I verkemiddelbruken har Sametinget prioritert denne målsetjinga gjennom tildeling av tilskot til ulike tiltak for, av og med barn og unge. I 2002 stilte Sametinget 2,5 mill. kr av midlane i Samisk kulturfond til disposisjon for slike tilskot. Det er ein mangel på samisk litteratur for barn og unge, og Sametinget ser derfor behovet for at samiskspråklege publikasjonar for barn og unge blir sikra ei fast støtteordning. Det blei i 2002 gitt prosjekttilskot til utgiving av barne- og ungdomsmagasinet Leavedolgi og ungdomsmagasinet Š.

Samisk språk

Regjeringa løyvde i 2003 ytterlegare 5 mill. kr til arbeid med tospråklegheit i kommunar og fylkeskommunar. Sametinget har som hovudmål å ta vare på, utvikle og vitalisere samisk språk, og ser

det som viktig å styrkje arbeidet med samisk språk i alle språkregionar.

Sametinget fordeler tospråklegheitstilskot til kommunar og fylkeskommunar i forvaltningsområdet for samisk språk. Tilskotet skal sikre, styrkje og fremme bruken av samisk språk i offentleg forvaltning. Kommunane har ansvar for at midlane blir brukte i samsvar med dei måla Sametinget har sett for tilskotsordninga. I 2002 fordelte Sametinget til saman 25 mill. kr i tospråklegheitstilskot. Den samla ramma for 2003 er på 28 mill. kr.

Samiske språksenter vil vere eitt av fleire tiltak for å gjennomføre målsetjingane til Sametinget. Språksentra er spesielt viktige i dei områda der samisk språk står svakt. I 2003 løyvde Sametinget 2,4 mill. kr til dei seks språksentra i Porsanger, Kåffjord, Tysfjord, Evenes, Nesseby og Tana. Grunntilskotet, som er på kr 400 000 årleg, skal sikre den nødvendige drifta. Språksentra må sjølve syte for å finansiere resten av verksemda.

Tabell 3.17 Fordeling av språkmidlar frå Sametinget i perioden 2001-2003

Nemning	(i 1 000 kr)			
	2001	2002	Revidert 2003	+/-
Tospråklegheitstilskot	15 850	25 050	28 050	3 000
Språkprosjekt innanfor forvaltningsområdet	-	-	1 600	1 600
Språkprosjekt utanfor forvaltningsområdet	2 406	2 450	2 450	0
Språksenter	1 600	2 000	2 400	400
Sum	19 856	29 500	34 500	5 000

Samiske hovudorganisasjonar og politiske grupperingar i Sametinget

Samiske hovudorganisasjonar arbeider aktivt i forhold til heile breidda av det samiske samfunnslivet, og gjennom lokallaga sine er dei aktivt med på å fremme samisk identitet, språk og kultur. I 2002 fordelte Sametinget 2,5 mill. kr i støtte til samiske organisasjonar.

Sametinget fordeler tilskot til politiske grupperingar i Sametinget etter eigne retningslinjer. Formålet med tilskotsordninga er å betre arbeidsvilkåra for gruppene. I 2002 fordelte Sametinget 1,8 mill. kr til dei politiske gruppene i Sametinget.

Budsjettforslag for 2004

Kommunal- og regionaldepartementet føreslår ei løyving på 140,05 mill. kr for 2004, ein auke på 4,2 pst. Av dette er kr 621 000 kompensasjon for omlegginga av arbeidsgivaravgiftsordninga. For å styrkje Sametinget sitt arbeid med samisk parlamentarisk råd blir det føreslått å overføre kr 300 000 frå kap. 541, post 70 Tilskudd til samiske formål. Det vil i tillegg bli tildelt 7 mill. kr til Sametinget frå kap. 571, post 64 Skjønnsstilskot. Midlane skal fordelast til tospråklegheitsarbeid i kommunar og fylkeskommunar i forvaltningsområdet for samisk språk og vil bli lagde inn i ramma til Sametinget frå 2005. Med denne tildelinga har regjeringa ytterlegare imøtekome dei behova som blei avdekte i rapporten "Utgifter knyttet til tospråkligheit i kommuner og fylkeskommuner", som blei lagd fram i mai 2002.

Sametinget får årlege løyvingar frå Barne- og familiedepartementet, Helsedepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet, Miljøverndepartementet, Utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruksdepartementet og Utanriksdepartementet. Forslaga til løyvingar frå desse departementa er i 2004 på om lag 227 mill. kr, ein auke på 7,6 pst.

Med atterhald for budsjettvedtaket i Stortinget, fordeler Sametinget løyvingane frå dei ulike departementa i plenumsrådet sitt i november. Sametinget fordeler løyvingane etter eigne prioriteringar, men i tråd med dei føringane som er lagde frå Stortinget si side i budsjettvedtaket.

Post 54 Avkastning av Samefolkets fond

Under behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2000 vedtok Stortinget 16. juni 2000 å løyve 75 mill. kr til eit "Samefolkets fond". Om siktemålet med fondet uttalte fleirtalet i finanskomiteen at avkastninga av fondet skulle gå til ulike tiltak som ville styrkje samisk språk og kultur. I vedtaket frå Stortinget blir opprettinga av fondet omtalt som ei kollektiv erstatning for dei skadane og den uretten for forskingspolitikken påførte det samiske folket. Avkastninga av fondet er ikkje ein del av rammeløyvinga til Sametinget.

Under plenum i mai 2002 behandla Sametinget utkast til vedtekter for fondet. Sametinget vedtok å ta imot Samefolkets fond som eit første ledd i forsoninga mellom staten og samane. Sametinget vil likevel ikkje bruke avkastninga av fondet før staten i samarbeid med Sametinget set i gang eit arbeid for å utvikle nye samarbeidsformer og tiltak overfor samane, og før regjeringa set i gang eit arbeid for å løyse sakene for dei som har måtta lide på grunn av mangelfull utdanning i samband med den andre verdskrigen. Regjeringa har no vedteke at det skal gjennomførast ei samla vurdering av korleis ein skal behandle krav om erstatning frå fleire grupper, slik at ein kan få ei heilskapleg og ryddig behandling av sakene. Dette vil få verknad for korleis krava frå dei som har måtta lide på grunn av mangelfull utdanning i samband med den andre verdskrigen, skal behandlast. Regjeringa vil leggje vekt på at ein ikkje taper av syne den spesielle bakgrunnen som ligg til grunn for dei ulike krava, jf. omtale under programkategori 13.21, delmål 3.

Kap. 3540 Sametinget (jf. kap. 540 Sametinget)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
51	Avkastning av Samefolkets fond	7 119	4 650	4 650
	Sum kap. 3540	7 119	4 650	4 650

Kap. 541 Tilskot til samiske formål

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
70	Tilskot til samiske formål	6 300	1 300	1 100
72	Samisk språk, informasjon o.a.	2 500	2 500	2 600
	Sum kap. 541	8 800	3 800	3 700

Post 70 Tilskot til samiske formål

Regjeringa føreslår at det for 2004 blir løyvt 1,1 mill. kr til disposisjon for departementet over denne posten. Formålet er å ta vare på, utvikle og fremme samisk identitet, kultur og samfunnsliv. Løyvinga er redusert samanlikna med 2003. Det blir føreslått overført kr 300 000 til kap. 540, post 50 Sametinget for å styrkje Sametinget sitt arbeid med Samisk parlamentarisk råd. Tilskotsordninga har tidlegare vore kunngjord årleg. Departementet finn ikkje at dette er tenleg med tanke på storleiken på posten. Frå 2004 initierer departementet tiltak og gjennomfører oppfølging og kontroll av tiltaka i samsvar med krava stilte i Økonomireglementet.

Det er i 2003 fordelt 1,3 mill. kr. Tiltak retta mot samiske barn og ungdommar er prioriterte. Det er mellom anna løyvt kr 30 000 til Artic Youth Camp 2003, som blei halden i Manddalen i juli 2003, kr 90 000 til ungdomsfestivalen Markomeannu i Evenes, kr 30 000 til "Tjaktjasijdda" – haustleir – for samiske barn og unge i regi av Samisk foreldrenettverk Tromsø, og kr 110 000 til utgiving av ein teikneserie på samisk.

Post 72 Samisk språk, informasjon o.a.

Regjeringa føreslår at det blir sett av 2,6 mill. kr til satsing på samisk språk og informasjon i 2004.

Siktemålet er å leggje til rette for auka bruk av samisk i det offentlege rommet, å auke mengda av offentleg informasjon gitt til samar på samisk, og å auke mengda av informasjon om samiske forhold overfor den norske befolkninga generelt. Eit sentralt mål er å gjere det mogleg å bruke samisk teiknsett i IT-samanheng, til dømes i offentlege register. Regjeringa har som mål at alle offentlege register skal kunne bruke samiske teikn, og at datautvekslinga mellom registra skal fungere. Kompetansebasen for samisk språk og IT blir finansiert over denne posten, jf. delmål 3. Regjeringa etablerte i 2003 eit samisk språkval på ODIN. Arbeidet med å vidareutvikle og forbetre sida vil halde fram kontinuerleg. Når det gjeld holdningar til samar og samiske forhold, sette Kommunal- og regionaldepartementet i 2003 av 1 mill. kr til eit samarbeidsprosjekt med Sametinget der eit av hovudmåla er å motverke negative holdningar til samar og samiske spørsmål. Eitt av siktemåla med prosjektet er også å få fleire til å registrere seg i samemanntalet. Kvinner og ungdom er dei fremste målgruppene for prosjektet. Prosjektet blir avslutta i 2005.

Regjeringa vil føre vidare satsinga på samisk språk og informasjon i 2004. Regjeringa legg i denne samanhengen vekt på eit godt samarbeid med Sametinget.

Kap. 542 Kompetansesenter for rettane til urfolk

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	1 800	1 900	1 950
	Sum kap. 542	1 800	1 900	1 950

Kompetansesenteret for rettane til urfolk blei formelt opna den 1. september 2003 i Kautokeino. Kompetansesenteret har som siktemål å auke kunnskapen om og forståinga for rettane til urfolk. Senteret vil også kunne peike på behov for ny forskning, men skal ikkje vere ein forskingsinstitusjon. Ei av dei største utfordringane for senteret vil bli å byggje opp ein institusjon med fagleg nettverk og tyngd i spørsmål som gjeld urfolk. Verkemidla må

tilpassast dei ulike målgruppene senteret har. Framtida for senteret vil vere avhengig av at det blir utvikla velfungerande informasjonsstrategiar. Styret for senteret er oppnemnt av Sametinget og Kommunal- og regionaldepartementet i fellesskap, etter forslag frå mellom anna Sámi Instituhtta og Sámi Allaskuvla. Utanriksdepartementet medverkar til finansieringa med 1,2 mill. kr i 2004, det same beløpet som i 2003. Senteret har tre tilsette.

Prográmmakategoriija 13.40 Sámi ulbmilat

Golut buohkanassii prográmmakategoriijas 13.40

(1 000 ru)

Kap.	Namahus	Rehketdoallu 2002	Salderej. bušeahtta 2003	Evttohus 2004	Pst. 03/04
540	Sámediggi (vrd. kap. 3540)	127 219	134 450	140 050	4,2
541	Doarja sámi ulbmiliidda	8 800	3 800	3 700	-2,6
542	Álgoálbmotvuoigatvuođaid gelbbolašvuođaguovddáš	1 800	1 900	1 950	2,6
	Oktiibuot kategoriijas 13.40	137 819	140 150	145 700	4,0

Boađut buohkanassii prográmmakategoriijas 13.40

(1 000 ru)

Kap.	Namahus	Rehketdoallu 2002	Salderej. bušeahtta 2003	Evttohus 2004	Pst. nuppástus 03/04
3540	Sámediggi (vrd. kap. 540)	7 119	4 650	4 650	0,0
	Oktiibuot kategoriijas 13.40	7 119	4 650	4 650	0,0

Norgga sámeapolitihka ovddasvástádusjuohkin ja oktiordnen

Lea Giella- ja guovlodepartemeantta ovddasvástádus oktiordnet Norgga stáhta sámeapolitihka. Departemeantaid suorgeovddasvástádusprinsihppa gusto buot fágasurggiide, ja departemeanttain lea ovddasvástádus sámeapolitihka čuovvolit iežaset surggiid siskkoibealde.

Sámi gažaldagaid oktiordnenlávdegoddi lea sámeapolitihkalaš gažaldagaid dehálaš fierpmádat hálddahušdásis. Giella- ja guovlodepartemeanttas lea jodihanovddasvástádus ja doaibmá lávdegotti čállingoddi.

Departemeanta áigu 2003 čavčča ráhkadahttit ofelačča sámi áššiid meannudeami várás. Dan geažil go Giella- ja guovlodepartemeanttas lea sámi áššiid oktiordnenovddasvástádus, de galgá dat láidesteaddji leat mielbargiide juohke dásis vea-

hkkin dovdát ja meannudit áššiid mat gusket sámi dilálašvuođaide.

Ráddehusa sámeapolitihkka ja juolludusat departemeanttain sámi ulbmiliidda čilgejuvvojit ollásit prentosis “Juolludeamit sámi ulbmiliidda 2004:s”. Giella- ja guovlodepartemeanttas lea vuodđolágalaš ovddasvástádus dain bušeahhtarudain mat juolluduvvojit kapihttalas 540 Sámediggi. Juolludusaid hárrái Sámediggái eará departemeanttain lea juohke departemeantta fágastáhtarádis vuodđolágalaš ovddasvástádus.

Sámediggi

Sámedikkis lea stuorra friddjavuohta álbmotválljen orgánan. Dat ii leat Ráddehusa vuollásaš orgána, ja danne ii leat Ráddehusas ovddasvástádus mo Sámediggi doaibmá politihkalaččat ja makkár politihkalaš mearrádusaid dat dahká. Sámedikkis lea geatnegasvuohta čuovvut dábalaš njuolggadusaid

mat gusket hálddahussii, ovdamearkan hálddahuslága ja stáhta ekonomiijanjuolggadusaid, vrd. kap. 540. Bušeahhtarudaid geavaheami čilgen iešguđet departemeanttaide čuožžu Sámedikki jahkedieđáhusas.

Sámediggái lea fápmuduvvon válđi sámelága, boazodoallolága ja oahpahuslága vuodul. Stuorradikkis ja Ráđdehusas lea dattege bajimuš ovddasvástádus ovddidit sámepolitihka.

Sámepolitihka bajimuš juksanulbmil

Boks 3.4 Sámepolitihka bajimuš ulbmil ja oasseulbmilat

Bajimuš ulbmil:

Láhčit dilálašvuodaid nu ahte sámi álbmotjoavku sáhtá váfistit ja ovddidit iežas giela, kultuvrra ja servodateallima

Oasseulbmilat:

1. Addit Sámediggái eambo válđdi eanet surggiin
2. Nannet sámi ealáhusaid
3. Arvvosmahttit olbmuid eambo geavahit sámegiela ja čalmmustahttit sámi kultuvrra
4. Lassánahttit sámi dutkama ja diehtoovddideami
5. Sihkkarastit sámi ealáhusaid ja sámi kultuvrra luondduvuodu
6. Vuosttaldit sámiide čuoheami negatiiva miellaguottuid, vealaheami ja rasismma
7. Nannet davviriikkalaš ja riikkaidgaskasaš álgoálbmotovttasbarggu

1. Addit Sámediggái eambo válđdi eanet surggiin

Ráđdehus háliida addit Sámediggái eanet politihkalaš váikkuhanfámu áššiin main sámi álbmot erenoamážit berošta. Lea dehálaš ahte departemeanta ja Sámediggi bures gulahallet ja ahte leat doarvái buorit rutiinnat go válđi ja doaimmat sirdojuvvojit Sámediggái, ja ahte guktot bealit áddejit sirdineavttuid ovtta láhkai. Ráđdehus bargá nu ahte geahččala sihkkarastit váldeássádaga gaskal sámi almmolaš ja sámi siviila servodaga.

Dili árvvoštallan

Sámediggái lea dan ásaheami rájes 1989:s addojuvvon ovddasvástádus áššiin mat leat erenoamáš mávssolaččat sámi kultuvrii. Sámedikkis lea ovddasvástádus hálddašit sámediggeválgga ja nammadit sierranas almmolaš orgánaide lahtuid. Sámedikkis lea válđi ja váikkuhanfápmu go dan ovddasteaddjit oassálastet mángga lávdegottis, stivrras ja rádis.

Sámediggi beassá spiehkasi bruttobušeahhtabidjama ruhtajuolludannjuolggadusaid §:s 4 ja oázžu olles iežas ruhtajuolludeami Giella- ja guovlodepartemeantta, Mánáid- ja bearašdepartemeantta, Kultur- ja girkodepartemeantta, Oahpahus- ja dutkandepartemeantta ja Birasgáhtendepartemeantta 50-poasttaid bokte. Sámediggái addojuvvo dáinna lágiin váseidin iešheanalís ovddasvástádus ja

luđolašvuotta resursahálldašeami dáfus. Ráđdehus evttoha ahte 2004:s juolluduvvo sullii 211 milj. ru departemeanttaid bokte.

Sámedikki odđa organisašuvnavuogádaga geažil rievdaduvvojedje sámelága § 3-12 ja biddjodjedje fápmui odđajagemánu 1. b. 2003. Láhkarievdadus mielldisbuktá ahte sámi giellabargu ferte organiserejuvvot odđasit go lágas daddjo ahte Sámedikkis, ii ge sámi giellarádis, lea ovddasvástádus gozihit sámegiela suodjaleami ja ovddideami Norggas.

Strategiijat ja doaibmabijut

Lea dehálaš nannet Sámedikki eaktudeaddji rolla Ráđdehusa guovdu ja sámi servodaga ovddideami ovddasvástideaddji orgánan. Ráđdehus áigu ee. addit Sámediggái eambo váikkuhanfámu Finn- márkku eatnamiid ja čáziid hálddašeami, vrd. Ot.prp. nr. 53 (2002-2003) ja čilgema 5. oasseulbmila vuolde. Ráđdehus maid áigu evttohit ahte sámelága § 2-6 nuppástuhttojit ja dáinna lágiin čuoovvilit Sámedikki evttohusa čohkket sámi jienastuslogu hálddašeami. Sámediggi háliida, ovtta Álbmotregistrerema guovddáškantuvrrain, čadahit čáliheami guovddáš álbmotregistariid ja gozihit ahte gielddat ožžot odastuvvon ja gárvvistuvvon jienastuslogu sámediggeválgii. Ráđdehus árvvoštallá oktilaččat sirdit válđdi ja ovddasvástádusa Sámediggái.

Vai Sámediggái galgá sihkkarastojuvvot duohta váikkuhan- ja mearridanvejolašvuohta, de lea dehálaš árra muttus jo bovdet Sámedikki ee. láhka-bargoprosessi. Mo dát galgá čadáhuvvot, čilgejuvvo lagabut sámi áššiid meannudeami láides-teaddjis, vrd. dainna mii čuožžu bajilčállaga vuolde “Norgga sámeapolitihka ovddasvástádusjuohkin ja oktiordnen.”

2. Nannet sámi ealáhusaid

Dili árvoštallan

Árbevirolaš sámi ealáhusat nugo boazodoallu, guolásteapmi, duodji jna. bisuhit sámi kultuvrra ja leat dan vuodđun. Sámi árbevirolaš ealáhusaid okta dovdomearka lea mánggabealat lotnolasealáhusaid heiveheamit.

Sámi ja báikkálaš oktavuodas dat váikkuha viidát sihke ekonomalaččat, bargosajiid dáfus ja kultuvrralaččat. Ealáhusas leat stuorra hástalusat boraspiriid, guohtuneatnamiid dili, eatnamiid gáržžideami ja árvoštadeami dáfus.

Strategijjat ja doaibmabijut

Guolásteapmi lea sámi kultuvrra vuodu dehálaš oassi. Ráđdehus oaivvilda ge ahte guolleriggodagat sáhttet dagahit eanet árvoštadeami ja addit eambo bargosajiid maiddái sámi guovlluin. Nannen dihtii julevsámi servodaga lea Ráđdehus addán guokte luossa- ja dápmotbiebmankonsešuvnna Mosku Divttasvutnii, vrd. máinnašumiin 4. oas-saulbmila vuolde.

Ráđdehus háliida geahpedit dan noadi maid sisadiedihangeatnegasvuohta dagaha ealáhusii. Dát dagašii buori sámi ealáhusaide, mat viehka muddui leat ovttalbmofitnodagat ja smávva fitnodagat. Lea dárbu ovddidit doaibmabijuid mat daga-hit stuorát árvoštadeami ja mánggabealat ealáhuseallima sámi guovlluin. Manimus áiggi reantonjiedjan geahpeda kapitálagoluid. Dát lea erenoamáš dehálaš sámi ealáhusaide, main dábálaččat lea unnán ieškapitála. Ráđdehus áigu váikkuhit ahte Sis-Finnmárkku ealáhuseallimii lasána kapitála, ee. Sis-Finnmárkku investerensel-skáhpí doarjumiin.

Ráđdehusa regionálapolitihkka váfistan dihtii ássama ja árvoštadeami juohke sajis riikkas boahdá maid sámi ealáhusaide buorrin. Ráđdehus áigu dahkat álkibun viiddidit fylkkagieldda regionála ovddideaddjin vai regionála dássi nanosmuvvá, vrd. kap. 551 Guovlulaš ovddideapmi ja hutkan. Lea sávahahtti ahte fylkkagielda mielásahtta Sámedikki ja sámi ealáhusorganisašuvnnaid regionála searvevuhtii dain fylkkain main sámít ássat.

Guovlulaš politihkka giedahallojuvvo dárkileappot prográmmakategoriijas 13.50.

Ceavzilis ja heivehannávccalaš ealáhusat leat sámi kultuvrra ja giela ovdáneami dárbbalaš eaktun. Ráđdehus áigu oppalaš ealáhuspolitihkainis sihkkarastit ahte sámi ealáhusat ožžot buriid ja neutrála rámmaeavttuid maid vuodul buorebut sáhttet plánet. Seammás lea eaktun ahte Sámediggi gávnnaha mo áigu geavahit iežas váikkuhangaskaomiid.

Ráđdehus lea guorahallan váikkuhangaskaomiid vuogádaga vai buorebut lea vejolaš daid ávkin atnit ja oktiordnet. Váikkuhangaskaomiid ealáhusaid várás galgá beaktileabbon dahkat vai šattašii odasmahttin ja hutkan, vrd. St.prp. nr. 51 (2002-2003). Dát dagahivččii posiitiiva lasseváikkuhusaid ealáhusaide sámi guovlluin ge.

Bistevaš rámmaeavttut leat dárbbalaš eaktun go áigu ovddidit oadjebas ja einnostuhtti diliid boazoealáhusii. Ráđdehus lea guorahallan boazoealáhusa vearro- ja divatnjuolgadusaid vai árvoštadeami sáhtášii lassánahttit, ja lea ásahan gesosa buot boazoeaiggádiidda geain lea sisabohtu boazodoalus. Vearus -ja divadiin beassan subsidiid addima sadjai veahkeha boahhteáiggi ja ollislaš boazodoallopolitihkkii mas árvoštadeapmi ja gánnaheapmi lea guovddáži, vrd. St.prp nr. 63 (2002-2003).

3. Arvosmahttit olbmuid eambo geavahit sáme giela ja čalmmustahttit sámi kultuvrra

Dili árvoštallan

Sáme giella ja dárogiella leat ovttárvosaš gielat, vrd. sámelága kap. 3. Sáme giella hálddašanguovllus (Gáivuona, Guovdageainnu, Kárášjoga, Unjárgga, Porsárggu ja Deanu gielddain) sáme giella ja dárogiella leat dásseárvosaš gielat. Divttasvuona suohkan lea ohcan beassat sámi hálddašanguovllu suohkanin. Sámediggi meannudii ášši 2002:s ja lea evttohan ahte Divttasvuona suohkan galgá šaddat sáme giella hálddašanguovllu suohkanin. Ráđdehus čuovvola ášši 2003/2004.

Ođđajagemánu 1. b. rájes 2004 lea Finnmárkku fylkkas guovttegielat (dárogiel ja sáme giel) fylkkanamma, vrd. Ot.prp. nr. 111 (2001-2002). Seamma áigemeari rájes lea Porsárggu gielddas golmmagielat namma (dárogiel, sáme giel ja kvena-/suomagiel).

Sámediggi hálddaša doarjjajuolludeami sámi dulkonbálvalussii ja guovttegielalaš hálddahussii. Doarjagat galget buhtadit daid goluid mat gielddain ja fylkkagielddain leat, guovttegielatvuoda geažil. 2002 ja 2003 lasihii Ráđdehus dán goarjaga 15,2 milj. ruvnnuin. 2004 oázžu Sámediggi 7 milj. ru kap. 571, posattas 64 Árvoštallandoarjja guovtt-

egielalašvuoda bargguide gielddain ja fylkkagielddain. Dáinna lasihemiin beassá Sámediggi hálddašit 42 milj. ru gielladoaimbajuide, vrd. máinnašemiin kap. 540, poasttas 50.

Lea dehálaš ahte sámegiella geavahuvvo almmolaš oktavuodain. Gielda- ja guovlodepartemeanta rabai sámegiella interneahhtasiidduid ODIN:s guovvamánu 6. b. 2003 – sámi álbmotbeaivvi. Sámegielat ODIN galgá leat deháleamos diehtjuohkinkanála mas juohká dieđuid Ráđdehusas ja departemeanttain sámegillii. Geahča www.dep.no/krd/samisk.

Eurohpáráddi lea čujuhan ahte Norggas lea ovddasvástádus fuolahit sámegiella unnimus suomaniid, dego julev- ja lullisámegiella. Ráđdehus áigu dán čuovvolit. Dáid giellaid nannen dihtii lea ee. ráhkaduvvon IT-heivehuvvon lullisámegiella gáiddusoahpahuš lullisámi oahppiide. Gielda- ja guovlodepartemeanta juolludii 2003 200 000 ruvdnosaš doarjaga julevsámi aviisafálaldahkii, Nord-Salten aviisii, vrd. kap. 541 poasta 72.

Lea hui dehálaš doaimbajudju fuolahit ahte sámegiella sáhtta geavahit dáhtaoktavuodas go áigu ceavzzihit sámegiella. Danne mearridii Ráđdehus geassemánu 2003 ahte stáhta etáhtat galget árvvoštallat iežaset sámegiella doarjjadárbbuid. Etáhtat berrejit dahket sámegiella geavaheami vejolažžan dađistaga go prográmmagávvut/dihtorvuogádagat odastuvvojit. Vai almmolaš ášahusaide šattašii álkít geavahišgoahtit sámegiella, lea Gielda- ja guovlodepartemeanta 2003 čavčča ášahan gelbbolašvuodabása ja sámegiella ja IT neahttasaji – SamIT (Sámegiella ja IT gelbbolašvuodabása). Norsk Teknologiserter jodiha gelbbolašvuodabása Gielda- ja guovlodepartemeantta ovddas.

Norga lea ovttas Ruotain ja Suomain dorjon oktasaš sámegiella dáhtastandariserenvuogádaga. Bargjoavku mii lea nammduvvon Sámegežaldagaid davviriikkaid ámmátolbmoorgána vuollássažžan, galgá čuolbmačilgehusaid oktiordnet davviriikkalaš dásis.

Strategijiat ja doaimbajudju

Ovddasvástádus gozihit sámegiella dili iešgudetlágan surggiin lea fágadepartemeanttain ovttas Sámedikkiin. Kultur- ja girkodepartemeanttas lea oppalaš ja bajimus ovddasvástádus hálddašit sámegiella go dat hálddaša sámi giellalága giellanjuolgadusaid. Kultur- ja girkodepartemeanttas lea maiddá ovddasvástádus báikenammalágas, ja áigu bargat dan ovdii ahte sámi kultuvra ja historjá ja sámi báikenamat bohtet oidnosii.

Ráđdehus háliida eambbo aktiivva sámegiella geavaheami, ja áigu láhčit dilálašvuodaid nu ahte sámegiella eambbo geavahuvvo almmolaččat.

Ovdamearkka dihtii lea sámegiella 2002 geavahišgoahtán boazodoallošiehtadallamiid šiehtadallangiellan. Stáhtalaš vuodđodieđuid juohkin galgá leat sámegillii ge, ja dat galgá leat buohkaid olámuttus. Ráđdehus vuordá ahte almmolaš ášahusat ovddidit gulahallanvejolašvuodaid sámegillii, almmolaš skovit galget leat sámegillii, ja sámi namaid, báikenamaid, čujuhusaid jna. galgá sáhttit registreret riektá. Dát lea juohke etáhta ovddasvástádus.

Danin šaddá ain boahhtevaš jagiid sámegiella ja IT leat okta Ráđdehusa deháleamos ángiruššansurggiin. Dát mielddisbukta ee. ahte Ráđdehus joatká iežas ovttasbarggu Sámedikkiin ja čuovvola Sámedikki eSápmi-plána ja eará IT-gežaldagaid, ja dat maid mielddisbukta SamIT (Sámegiella ja IT gelbbolašvuodabása) viidáset ovddideami ja doaimma, davviriikkalaš ovttasbarggu ja dakkár proševttaid vejolaš ruđalaš doarjuma, mat sáhttet váikkuhit ahte sámegiella šaddá ealli giellan IT-máilmmis ge, vrd. kap. 541 poastta 72.

4. Lassánahttit sámi dutkama ja diehto ovddideami

Dili árvvoštallan

Dutkan čadahuvvo erenoamážit Romssa universitehtas, Sámi allaskuvllas ja Davviriikkaid Sámi Instituhtas. Manimus jagiid lea sámi dutkan šaddan eambbo riikkaidgaskasažžan. Maddái eará davviriikkaid dutkanásahusain lea sámi dutkan.

Gielda- ja guovlodepartemeanta lea 2001 rájes juolludan ruđaid Norgga dutkanrádi prográmmii sámi dutkama várás áigodahkii 2001-2005. Prográmma váldoulbmil lea skáhppot dutkiid ja movttiidahttit dakkár dutkamiid álggahit mat sáhttet addit odđa áddejumi ja odđa perspektiivvaid, ovddidit sámegiella diedagiellan ja movttiidahttit fágaid rasttideaddji ja ášahusrájaid rasttideaddji dutkanovttasbarggu riikkalaš, davviriikkalaš ja riikkaidgaskasaš dásis. Gielda- ja guovlodepartemeantta juolludus lei 2003:s 1,5 milj. ru. Prinsihpalaččat lea Dutkanrádi ovddasvástádus maiddá árvvoštallat gánnáha go sámi čuolbmačilgehusaid dutkkahit eará dutkanprográmmaid siskkobeaalde.

Suorgeprinsihpa geažil leat moanat departemeanttain ja vuolit etáhtain DjO-áŋgiruššan (Dutkan ja ovddidanbarggu ángiruššan) sámi dilálašvuodaid birra. Gielda- ja guovlodepartemeanta lea juolludan Romssa Universitehtii ruđaid čadahit eallineavttuid guorahallama Norggas. Dát iskkadallan lea oassi stuorat álgoálbmogiid eallineavttuid guorahallamis gaskkal 11 ártalaš guovllu. Departemeanta lea maid juolludan ruđa Nordlandsforskningen:i Budeju Allaskuvllas árvvoštall-

lan dihtii proseassaid mat gusket luosaid ja dápmo-
hiid biebmaloibid addimii Moskuj Divttasvutnii.
Biebmaloibid ulbmil lea nannet julevsámi servo-
daga. Sámediggi lea ožžon ruđaid joatkit Sámi sta-
tistihkka-nammasaš prošeavtta. Prošeavtta ulbmil
lea háhkat odastuvvon ja odđa dieđuid sámi
dilálašvuodaid birra ja geahččalit ordnet kvantita-
tiiva dieđuid ulmmálaččat.

Dutkanprošeavttat ruhtaduvvojit kap. 500,
poasttas 21 Erenoamáš dutkan- ja guorahallando-
aimmat ja poasttas 50 Norgga dutkanráđdi Giella-
ja guovlodepartemeantta bušeahtas.

Strategiijat ja doaibmabijut

Sámi dutkan galgá skáhppot dieđuid ja ovddidit
máhtolašvuoda mii sáhtta nannet, bisuhit ja ovddi-
dit sámi servodaga. Lea dárbbaslaš ahte dađistaga
čadahuvvo kvalitatiivvalaččat buorre ja kriitalaš
dutkan mii guoská sámi servodatdilálašvuodaide ja
mii ovdan buktá máhtolašvuoda man vuodul eise-
válddit sáhttet ovddidit ja hábmet iežaset sáme-
politiikka. Lea dárbu láchit dili nu ahte lea vejolaš ása-
hit sámi dutkaninfrastrukturra ja organiseret ulm-
málaš primára dieđuid ja vuodđodieđuid sámi
dilálašvuodaid birra, ja nu ahte dieđut leat olámut-
tus ja daid sáhtta ávkin atnit dábalaš servodatplá-
nema ja dutkanulbmiliid oktavuodas.

Sámi dutkan galgá buktit ovdan sámi árbevi-
rolaš áddejumi ja terminologiijaid sámi guovlluid
luonddu ja ekologijja birra, geavahanvugiid birra,
áigahaš álbmotdábiid birra ja eará kultuvrralaš
eavttuid birra mat sáhttet leat mearrideaddji
eavttut go áigu giela, kultuvrra ja ealáhusheivehe-
miid bisuhit ja ovddidit. Berre maiddái dutkat fá-
táid mat gusket stuorraservodaga ja sámi servo-
daga gaskavuodaide, veahkehit sáme-
giela ovddideami ja geavaheami - maiddái IT-oktavuodas,
gozihit sohkabealleperspektiivva ja háhkat eanet
dieđuid sámi nissonolbmuid dilálašvuodaid birra
servodagas. Eambo sámi dutkan- ja oahpahasdo-
aibmabijuid birra gávnnat dáppe: St.meld. nr. 34
(2001-2002) Oahpahas- ja dutkandepartemeanttas.

Davviriikkaid sámi áššiide guoski ovttasbarggu
olis háliida Ráđdehus álggahit ráđđádallamiid lagat
davviriikkalaš sámi dutkama birra.

5. Sihkarastit sámi kultuvrra ja sámi ealáhusaid luondduvuođu

Dili árvoštallan

Áloheaju-Guovdageainnu-čázadaga buoddeami
riidu govččastahtii ahte stáhtas lei dárbu čielggadit
iežas gaskavuoda sámi kultuvrii ja sámiid riektedil-
lái Norggas. Okta boađus lei Sámi vuoigatvuodaláv-
degotti nammadeapmi 1980.

Lávdegotti bargomearráduš lei čielggadit,
árvoštallat ja vejolaččat evttohit nuppástusaid
buot dilálašvuodain mat sáhtte váikkuhit sámiid
rievttálaš ja politiikkalaš dillái. Dása gulle luonddu-
riggodagaide guoski gažaldagat, Vuodđolága
sierra paragrafii guoski gažaldagat ja sierra sámi
álbmotválljen orgána ásaheapmái guoski gažalda-
gat.

Sámi vuoigatvuodalávdegotti vuosttaš
oassečielggadeami geigen 1984 dagahii ahte Stuor-
radiggi mearridii sámelága ja ásahii Sámedikki, ja
ahte Vuodđoláhkii čállui § 110 a, mii deattastii ahte
“Lea Stáhta eiseválddiid geatnegasvuoha láchit
diliid nu ahte sámi álbmot sáhtta bisuhit ja ovddidit
gielas, kultuvrras ja servodateallimis”. 1997 Sámi
vuoigatvuodalávdegoddi geigii iežas nuppi
oassečielggadeami, mii giedahallá sámi kultuvrra
luondduvuođu, mas Finnmárkku dilálašvuodat ere-
noamážit deattuhuvvojit.

Sámi vuoigatvuodalávdegoddi nammaduvvui
fas geassemánus 2001 čielggadit eatnamiid ja
luondduriggodagaid geavaheami ja hálddašeami
sámi geavahanguovlluin Finnmárkku fylkka olggo-
bealde.

Strategiijat ja doaibmabijut

Sámi vuoigatvuodalávdegotti nuppi oassečielgga-
deami vuodul almmuhii Ráđdehus cuoŋománus
2003 iežas láhkaevttohusa “Finnmárkku riektedil-
lái ja eatnamiidda ja luondduriggodagaidhálddaš
eapmai guoski lánka” (Finnmárkkulánka), vrd.
Ot.prp. nr. 53 (2002-2003). Ráđdehus lea evttohan
ahte ásahuvvo odđa ja iešheanalá orgána (Finn-
márkkuopmodat) mii oazžu eai gáthálddašanrie-
vtti Finnmárkku fylkka eanaš eanaviidodagain.
Evttohuvo maiddái ahte stivra galgá jođihit Finn-
márkkuopmodaga. Dán stivrii galgá Finnmárkku
fylka ja Sámediggi goabbá ge nammadit golbma
miellahtu, ja stáhta galgá nammadit ovttá miellahtu
geas ii leat jienastanvuoigatvuoha, ja gii
vuosttažettiin galgá leat Finnmárkkuopmodaga ja
guovddášeiseválddiid gaskalađas.

Sámediggi sáhtta váikkuhit areálhálddašeami
dainna lágiin ahte oazžu válddi mearridit njuolggadusaid
mo galgá árvoštallat dan váikkuhusa mii
mehciid geavaheamis lea sámi kultuvrii, boazodol-
lui, ealáhusaide ja servodateallimii. Buot almmolaš
eiseválddit mat meannudit áššiid Finnmárkku
mehciid earahuvvan geavaheami birra, galget dáid
njuolggadusaid vuhtii váldit.

Mehciid rievdan geavaheapmái guoski áššiin
galgá Finnmárkkuopmodat árvoštallat mo rievda-
mat váikkuhit sámi kultuvrii, boazodollui, ealáhu-
saide ja servodateallimii. Árvoštallamiid vuodđun
galget Sámedikki ráhkadan njuolggadusat leat.

Dákkár áššiin gustojit maid sierra áššemeannudannjuolggadusat mat galget dáhkidit ahte sámi beroštumit vuhtii váldojuvvojit. Stuorradiggi lea dál meannudeamen láhkaevttohusa.

Vai lea vejolaš sihkkarastit sámi kultuvrra ja sámi ealáhusaid luondduvuođu bevtolaččat, de lea dehálaš ahte eará lágain ge mat gusket areálegeavaheapmái, lea sámi perspektiiva.

Ođđa Finnmárkkuláhkaevttohusa olis lea Ráđdehus evttohan rievdatit dálá bákteleága ja mearridit sierra lágaid Finnmárkku várás sihkkarastin dihtii sámi beroštumiid mineráladoaimmaid oktavuodas. Norggas leat erenoamáš geatnegasvuodát sámiid hárrái minerálaáššiin ILO-konvenšuvnna nr. 169 álgoálbmogiid ja čeardaálbmogiid birra iešmearrideaddji stáhtain, artihkkala 15 vuodul.

Bákteleága vuodđun lea bákteleudolašvuodaprinsihppa ahte buohkain lea lohpi ohcat, dutkat ja oažžut mihtiduvvot eatnama gos leat ozolaš minerálat iežas eatnamis dahje eará olbmo eatnamis, vrd. bákteleága § 2. Ráđdehusa rievddan-sevttohus dagaha ahte dát prinsihppa gáržžiduvvo dainna lágiin ahte ráhkaduvvojit sierra áššemeannudannjuolggadusat ruvkedoaimmaáššiid várás Finnmárkkus. Áššemeannudannjuolggadusaid lasin evttohuvo maddái ahte eiseválddit galget sáhttit biehttalit addimis minerálabiidd almmolaš deasttaid geažil, ja ahte sámi beroštumit deattastuvvojit doarvai dákkár árvvoštallamis. Dát njuolggadusat galget šaddat ođđa minerálabiida oassin maŋŋil.

Eahpeozolaš minerálat leat eanaeaggáda opmodat, ja son eaiggáduššá daid álot. Finnmárkkuláhkaevttohusa vuodul orru leamen nu ahte Finnmárkkus oažžu Finnmárkkuopmodat vuoigatvuodaid eahpeozolaš minerálaid vejolaš gávdnosiidda buot eatnamiin madda Finnmárkkuopmodagas lea oamastanvuoigatvuohta.

Plánaláhkálávdegoddi geigii miessemánu 13. b. 2003 iežas nuppi oassečielggadeami mas evttoha rievdatit plána- ja huksenlága njuolggadusaid. Dán čielggadusas lea ee. evttohuvo lasihit “sámi kultuvrra sihkkarastima” lága ulbmilparagrafii. Evttohuvo maddái ahte Sámedikkis galget leat seamma vuoigatvuodát ja geatnegasvuodát go stáhta orgánain go dat giedahallá plánaid lága vuodul. Plánaláhkálávdegoddi evttohusat leat dál viiddis gulaskuddamis.

6. Vuosttaldit sámiide čuoheci negatiiva miellaguottuid, vealaheami ja rasismma

Dili árvvoštallan

Vaikko eiseválddit dál leat guodđán dáruiduhttinpolitihka sámiid hárrái, ja háliidit ahte dáža ja sámi

kultuvra galget leat ottaárvosaččat, de leat ain ovddežis báhcán negatiiva miellaguottut sámi kultuvrra hárrái. Ollu sámit vásihit ain negatiiva miellaguottuid ja eahpetoleránssa iežaset idetitehta vuostá.

Agenda-nammasaš fitnodat lea Sámedikki, Statskonsult ja Giella- ja guovlodepartemeantta ovddas iskan sámiid gaskkas miellaguottuid sámi áššiide. Iskkadeami duogáš lea ahte Statskonsult Sámedikkiin ovtta áigu ráhkadit guhkesáigásaš diehtjuohkinstrategiija vai eanebut čálihvčče iežaset sámi jienastuslohkui. Raporta almmuhuvui suoidnemánu 2002:s. Raporta okta jurdda boadus lea ahte negatiiva miellaguottut cagget sámiid čáliheames iežaset sámi jienastuslohkui. Hui olus čilgejit iskkadeamis ahte čáliheapmi jienastuslohkui čatnasa nannosit sámi identitehta ja gullevašvuoda ovddideapmái. Mánggas geat eai čálit iežaset jienastuslohkui, namahit dáruiduhttima ja vuolitvuodadovddu sivvan dása. Iskadeapmi duodašta ahte ovdalaš áiggi dáruiduhttinpolitihka váikkuhusat vel otne ge hehttejit sámiid ávkin geavaheames iežaset politihkalaš vuoigatvuodaid.

Strategiijat ja doaibmajijut

Negatiiva miellaguottut sámiide sáhttet oassálgaid bohciidit váilevaš čuvgehusas sámiid birra. Danin lea stuorra hástalus lasihit diehtjuohkima ja čuvgehusa sámiid ja sámi áššiid birra sihke hálddahas, álbmogis ja eanemusat oahpahušvuodagas.

Lea hui mávssolaš ahte sámi mánáide ja nuoraide sihkkarastuvvo oadjebas identitehtavuoddu, nu ahte sámi kultuvra ja sámi servodat sáhtta ovdánit. Ráđdehus vuoruha ánggiruššat mánáid ja nuoraid ovddas. Sámi ofelastiid proševtta bokte áigu Ráđdehus addit sámi nuoraide doaibman čuvget sámi giela, kultuvrra ja servodateallima birra.

Giella- ja guovlodepartemeanta áigu ovtta Sámedikkiin áigodagas 2003-2005 vuolggahit miellaguoddováikkuhan- ja diehtjuohkinkampannja sámiid ja sámi diliid birra.

Ráđdehus háliida kártet daid dieđuid ja daid dutkanbohtosiid mat odne leat gávdnamis ja mat čilgejit negatiiva miellaguottuid sámiide ja sámiid áššiide, ja mo daid guottuid galggašii váikkuhit. Ráđdehus háliida dárbbu mielde álggahit OjD-doaimmaid dáid áššiid birra, vrd. doaibmaplánain rasismma ja vealaheami vuostá mii almmuhuvui suoidnemánu 2002:s.

Álgoálbmotvuoigatvuodaid gelbbolašvuodaguoovddáš ásaheavvui Guovdageidnu čakčat 2002 ja rahppui almmolaččat čakčamánu 1. b. 2003. Dokumentašuvdna, dieđuid gaskkusteapmi ja diehtjuo-

hkin sámiid birra ja eará álgoálbmogiid vuoigatvuodaid birra leat guovddáža guovdilis doaimmat, vrd. kap. 542, poasta 01.

Ráddehusa diehtujuohkinreivve almmustahttin sámeapolitihka birra joatkašuvvá.

7. Nannet davviriikkalaš ja riikkaidgaskasaš álgoálbmotovttasbarggu

Dili árvvoštallan

2000:s lea gaskal davviriikkaid sámi ministariid ja Suoma, Ruota ja Norgga Sámedikkiid presideantaid áshuvvon fásta ovttasbargu mas jeavddalaččat galget dieđuid lonohallat ja juohkit ja buot riikkaid sámiide guoski sámi áššiid digaštallat ja meannudit. Ovttasbargu lea eahpeformálalaš, muhto lea lahka čadnojuvvon Davviriikkaid Ministtarráddái. Davviriikkalaš sámi áššiid ámmátolbmuid orgána ráhkkanahttá ja čuovvola áššiid. Sámedikkít leat maiddá ovdastuvvon dán orgánas. Ovddasvástáduš gohččut čoahkkimiidda ja daid jodihit lea riikkain vurrolagaid. 2003:s oažžu Norga ovddasvástádusa doaimmahit čállingotti doaimmaid Suomas mii válddi dan ovddasvástádusa badjelasa Ruotas 2002:s. Norggas lea Gielda- ja guovlodepartemeanta ovddasvástideaddji departemeanta.

Suoma, Ruota ja Norgga Sámedikkít leat áshan oktasaš ovttasbargoorgána, Sámi parlamentáralaš rádi. Ráddi lea Sámedikkiid áshusdásat ovttasbargoorgána mii bargá áššiiguin mat gusket sámiide moatti riikkas dahje sámiide oktan álbmogin. Ráddi lea davviriikkalaš sámeáššiid ovttasbarggu guovddáš orgána, ja Sámedikkít áigot geahččalit ráddái oacčohit guovddáš rolla riikkaidgaskasaš barggus, ee. ON-barggus álgoálbmogiid vuoigatvuodaid julggaštusain, álgoálbmotáššiid Bárentsovttasbárggus ja Ártkalaš rádi bárggus. Čállingoddedoaibma čuovvu dan Sámedikki mas lea presideantadoaibma.

Strategiijat ja doaibmabijut

Ráddehus evttoha juolludit 300 000 ru Sámediggái nannen dihtii Sámedikki barggu Sámi parlamentáralaš rádis, vrd. máinnašumiin Poasttas 70 Juollu-deapmi sámi ulbmiliidda.

Ministarat ja sámediggepresideanttat mearridedje skábmamánus 2001 ásaht áššedovdiid joavkku ráhkadan dihtii davviriikkalaš sámekonvenšuvdnaevttohusa ”Davviriikkalaš sámekonvenšuvdna dárba ja vuoddu”-raportta vuodul. Áššedovdiid joavku álggahii iežas barggu ođđajagemánus 2003, ja das leat guokte láhtu juohke riikkas, ja nuppi láhtu galget Sámedikkít nammadit. Ulbmil lea ahte joavku galgá ráhkadit sámekonvenšuvdnaevttohusa. Sámi parlamentáralaš ráddi lea dehálaš orgána

dáviriikkaid boahhteáiggi oktasašbarggus, ja dat šaddá mávssolaš riikkaidgaskasaš orgánan ge. Danne lea dehálaš ahte rádis leat buorit ovttasbargoavttut ja ovdánanvejolašvuodát.

Norga oassálastá aktiivvalaččat šiehtadallamiin ON álgoálbmotvuoigatvuodaid julggaštusa birra. Sámediggi lea ovddastuvvon Norgga šiehtadallansáttagottis. Ráddehus geahččala váikkuhit ahte šiehtadallamat sáhttet čadahuvvot Riikkaidgaskasaš álgoálbmotjagis (2004). Ulbmil lea ahte julggaštus galggašii nannet álgoálbmogiid vuoigatvuodaid miehtá máilmmi. Ráddehus áigu maid doarjut dan barggu maid ON álgoálbmotforum dahká.

Ráddehus čujuha St.meld. nr. 33 (2001-2002) ja St.meld. nr. 34 (2001-2002) ja deattuha ahte dutkan, giella, eláhusovttasbargu ja IT-čovdosat galget leat dehálaš davviriikkalaš ja riikkaidgaskasaš ovttasbargosuorggit.

Eará departemeantaid bušeahttaevttohusat

Oahahus- ja dutkandepartemeanttas lea ovddasvástáduš juolludit ruđaid Sámi allaskuvlii ja sámi joatkkaskuvllaide, ruđaid gokčan dihtii gielddaid vuoddoskuvlla guovttegielatvuoda goluid ja ruđaid sámi oahpposuorggi sierra ovddidandoaibmabijuide. Departemeanta evttoha ollu doaibmabijuid nannen dihtii sámi oahpu ja dutkama, vrd. St.meld. nr. 34 (2001-2002). Dan vuodul mo Sturradiggi gieđahallá Innst. S. nr. 12 (2002-2003) áigu Oahpahus- ja dutkandepartemeanta čuovvolit dieđáhusa doaibmabijuid 2004 stáhtabušehtas.

Dearvvašvuodadepartemeanta lea 2003 várren 10,7milj. ru geahččaladdan- ja ovddidanbargui NÁŠ 1995:6 “Dearvvašvuoda- ja sosialbálvalusaid plána sámi álbmoga várás Norggas” vuodul ja doaibmaplána “Mangfold og likeverd” (Manggabealatvuoha ja ovttaárvosašvuoha) vuodul. Dán ruđain lea 5,1 milj. ru mannan Sámediggái. Dát ruđat mannet eanaš prošeaktaruđaid hálldašeapmái ja Sámedikki guovtti áššemeannudeaddjivirggi ruhtadeapmái. Daid ruđaid mat vel báhcet hálldaša Sosiala- ja dearvvašvuodadirektoráhta, mas maiddá lea ovddasvástáduš plána doaibmabijuid johtui bidjat. Departemeanta áigu čuovvolit “Mangfold ja likeverd”-doaibmaplána 2004:s.

Mánáid- ja bearašdepartemeanta juolluda ruđaid Sámediggái maid Sámediggi sáhtta geavaht sámi mánáidgárddiide ja diehtujuohkin-, oaivadan- ja ovddidanbargui. Sierra juolludeapmi sámi mánáidgárddiide lea ortnet maid Sámediggi lea hálldašan ođđajagemánu 1. b. 2001 rájes. Ráddehus evttoha 2004:s lasihit kap. 856, poastta 50 2 milj. ruvnnuin 10,7 milj. ruvndun.

Kultur- ja girkodepartemeantta bušehtas evttohuvo ahte sámi kulturdoaimbajut čohkkejuvvojit ovttá postii ja sirdojuvvojit Sámediggái. Bušehttaevttohus lea 31,7 milj. ru. Ođđa Nuortasámi dávvirvuorkká viidáset prošeakteremii Njávdamii (sámi jahkeduhátbáikái) lea várrejuvvojit 1,3 milj. ru. Prošeavtta gollorámma lea 30 milj. ru, ja musea galgá leat gárvvis 2006:s. Juolludeapmi Norgga girkui galgá maiddá geavahuvvot sámi girkoeallimii. Doaimbajuolludeapmi mii juolluduvvo Girkoráddái, galgá ee. ruhtadit Sámi girkorádi doaimma. Juolludeapmi girkui báhppabálvalussii galgá maiddá vuhtiiváldit sámeálmoga girkobálvalusa dárbuid. Juolluduvvo maiddá ruhtadoarjja Norgga Biibbalselskáhppái mii lea jorgalahttimin Boares testameantta davvisámegillii. Doarjja sámi aviissaide 2004:s lea lassánan 11,6 milj.ru rádjai.

Birasgáhtendepartemeanta joatká juolludeami Sámediggái sámi kulturmuittuid suodjalanbarguide, kap. 1429, poasta 50 Ruhtadoarjja sámi kulturmuittuid suodjalanbarguide. Ruđat galget eanáš geavahuvvot bajásdoallan- ja divodanbarguide. Evttohuvo ahte 2 milj. ru várrejuvo ulbmilii 2004:s. Golmmajagi geahččalanortnet mas Sámediggi lei ožžon válddi kulturmuittolága vuodul, galgá árvvoštallot 2003:s.

Eanadoallodepartemeantta ovddasvástádusviidodagas lea 2003-2004 boazodoallošiehtadusa dábaláš rámma 95 milj. ru earret ruđaid doaimbajuide radioaktiivavuoda vuostá ja earret ruđaid boazodoalu vearrogessosiid gokčamii. Dat dagaha 5,9 milj. ru geahpedeamii otná siehtadusa ektui. Boazodoallošiehtadusas ja eanadoallošiehtadusas lea juolluduvvon 4 milj. ru sámi ovddidanfondii. Boazodoallohálldáhusa bušehtta badjel lea juolluduvvon 35,7 milj. ru hálldáhusa doaimmagoluid ruhtadeapmái. Boazodoallohálldáhusa lea ožžon ovddasvástádusa oktiiordnet ja lágideat boazodoalu resursaguovddáža ásaheami. Lea 2004 juolluduvvon 2 milj. ru guovddáža ásaheapmái ja doaimmagoluid ruhtadeapmái. Muđui lea evttohuvon 3,2 milj. ru rádjasoahpamušáiddiid (konvenšuvdnaáiddiid) čavddisin doallamii ja 659 000 ru duottarstobuid bajásdoallamii 2004. Evt-

tohuvo maiddá 13,2 milj. ru nuppástuhttindoaimmaide Sis-Finnmárkkus. Dát lea 11 milj. ru. lassáneapmi. Láhčn dihtii vejolašvuoda heaitit boazodoaluin ja geahpedit boazologu Oarje-Finnmárkku boazoguvllus, de dálá váikkuhan-gaskaomiid lassin bohtá bonusortnet bohccuid nuovvama oktavuodas.

Olgoriikadepartemeanta juolluda kap. 116, poasttas 70 Doarjja riikkaidgaskasaš organisašuvvnaide, ee. “Álgoálbmogiid oassálastimii Árktalaš rádis jna.”. Juolludeami sáhttet Sámiráddi ja olgoriikka álgoálbmotorganisašuvvnat geavahit čohkke- mastimii Árktalaš rádis. Juolludeapmi lea 2001-2003 leamaš 400 000 ru jahkái. Evttohuvo doalahit dán dási 2004 ge. Kap. 163, poastta 71 bokte Humanitára veahkki ja olmmošvuoigatvuodát juolludii departemeanta 2002 ja 2003 988 000 ja 1,2 milj. ru Álgoálbmotvuoigatvuodaid gelbbolašvuodaguovddáži. Evttohuvo doalahit 1,2 milj. ruvdnosaš juolludeami 2004:s.

Justisdepartemeanta áigu 2004:s ge juolludii ruđaid Sis-Finnmárkku Riekteveahkkekantuvrii kap. 470, poastta 72 bokte Doarjja erenoamáš riekteveahkkedoaimmaide. Doarjja 2003 lei 1,2 milj. ru. Departemeanta áigu nugo manimuš jagiid ge váret vásedin ruđaid politijaguovvluide main leat gielddat sámegeala hálldášanguovllus. Ruđat galget geavahuvvot gokčat oppalaš lassebarggu goluid maid guovttegielatvuohta dagaha politijajide, ja gokčat gelbbolašvuoda bajidandoaimmaid goluid. Dutkanprošeakta “Sámi áigahaš álbmotdábbit ja riekteoinnut” álggahuvvui 1997:s. Prošeakta lea juhkkovuvvon guovtti muddui. 1. muttu bohtosat prošeavttas, mii lea geográfalaččat ráddjejuvvon Finnemárkku fylkii, leat almmustuvvan NAČ 2001:34. Sámi vuoigatvuodalávdegoddi jodiha 2. muttu mii lea dutkanprošeakta “Sámi áigahaš álbmotdábbit ja riekteoinnut” Finnemárkku fylkka lulábealde.

Eláhus- ja gávpedepartemeanta háliida joatkit sámi IT/eSápmi-áŋgiruššama, mii lea kap. 914 Erenoamáš IT-doaimbajut, poastta 22:s IT-politihka oktiiordnen. Departemeanta juolludii 240 000 ru dása 2003.

Kap. 540 Sámediggi (vrd. kap. 3540 Sámediggi)

(1 000 ru)

Poasta	Poasta	Rehketdoallu 2002	Salderej. bušeahtta 2003	Evttohus 2004
50	Sámediggi	120 100	129 800	135 400
54	Sámeálbmot foandda vuoitu	7 119	4 650	4 650
	Oktiibuot kap. 540	127 219	134 450	140 050

Sámedikki rapporteren Ráđđehussii ja Stuorradiggái

Sámelága § 1-3 nanne ahte Sámedikki jahkediedáhus galgá sáddejuvvot Gonagassii. Ráđdehus ovdanbidjá diedáhusa Stuorradiggái jahkásaččat, stuorradiggediedáhusas Sámediggi doaimma birra. Das Ráđdehus čilge iežas sámedipolitiikka ge. Dát jahkásaš stuorradiggediedáhus láchá buorre vuodu Stuorradiggái, Sámediggái ja Ráđdehussii ráđđádallat sámedipolitiikka birra. Sámediggi dohkkehii iežas 2002-jahkediedáhusa miessemánus 2003:s. Stuorradiggediedáhus Sámedikki 2002 doaimma birra almmuhuvvo golggotmánus 2004. Maŋná go Riikarevišuvdna 2001 guorahalai Sámedikki dorjjaortnegiid hálldašeami, leat Sámediggi ja Gielda- ja guovlodepartemeanta 2003 nammadan bargjoavkku man bargomearrádus lea ráhkadit njuolggadusaid dasa mo Sámediggi galgá hálldašit doarjjaruđaid maid Stuorradiggi lea juolludan. Dán barggu váldoulbmil lea ráhkadit doarjjaortnegiid njuolggadusaid mat sohpet ođđa evttohuvvon doarjjanjuolggadusaid, ja mat leat mielde evttohuvvon ođđa njuolggadusain stáhta ekonomijastivremá várás, ja maid Finánsadepartemeanta lea ráhkadan. Njuolggadusaid ráhkadanbargu Sámedikki dorjjaortnegiid várás galgá leat gárvis golggotmánus 2003. Doarjjaortnegiid njuolggadusevttohusa meannuda Sámediggi dievasčoahkkimisttis skábmamánus 2003, ja evttohus galgá ee. sistisdollat juolludaneavttuid ja čuovvoleami ja dárkkisteami njuolggadusaid. Riikarevišuvdna oázžu buot ođđa njuolggadusaid go Sámediggi dievasčoahkkin lea daid mearridan. Njuolggadusat gustogohtet ođđajagemánu 1. b. rájes 2003. Sámedikki dievasčoahkkin juolluda ruđaid mángga poasttas njuolggá doarjjavuostáiváldiide. Gielda- ja guovlodepartemeanta ii háliit geatnegahttit Sámedikki dievasčoahkkima čuovvut eará dihto juolludannjuolggadusaid go ahte ruđat galget juolluduvot bušeahttapoastta ulbmila vuodul. Ovdamearkka dihtii oázžu Sámedikki dievasčoahkkin ieš mearridit geasa ja man ollu dat juolluda. Sámediggi

lea álbmotválljen orgána, ja Sámedikki dievasčoahkkin beassá juolludit ruđaid iežas vuoruheami mielde. Mii guoská Sámedikki dievasčoahkkimis juolluduvvon ruđaid čuovvoleapmái ja hálldašeapmái, de dán čadaha Sámedikki hálldašus. Doarjagiid máksin-, čuovvolan- ja dárkkistanrutiinnaid vuodđun galget leat njuolggadusat mat leat ráhkaduvvon stáhta doarjja hálldašeapmái. Departemeanta galgá gozihit ahte Sámediggi čadaha dohkálaš rutiinnaid, gustojeaddji njuolggadusaid vuodul. Sámedikki doarjastivra ja dat geasa dat fápmuda juolludanválddi, juolluda báhcán ruđaid. Dán dáhpáhusain galgá Sámediggi ráhkadit juolludannjuolggadusaid daid gáibádusaid vuodul mat gustojit stáhta doarjja hálldašeamis.

Poasta 50 Sámediggi

Raporta 2002-2003

Doaibmagolut

Sámedikki ásaheami rájes 1989 lea jahkebergguid lohku lassánan 13 jahkeberggus gitta 103,4 jahkebergui (pr miessemánu 1. b. 2003). Dát čuovvu lunddolaččat das go maŋemuš jagiid leat departemeanttat sirdán Sámediggái hálldašanovddasvástádusa ollu bargamušain ja doarjjaortnegiin, seammás go Sámediggi ieš ge lea váldán ovdan áššiid mat dan mielas gusket sámi álbmogii. Sámediggi hálldašii 2003 sullii 211 milj. ru. Sámedikki politihkalaš ja hálldašuslaš doaimma golut ledje oktiibuot 77 milj. ru 2002.

Ovttadássásašvuohhta

Sámedikkis lea bonju sohka beallejuohku, ja dilli orru vearráneamen, go välljejuvvojit dadistaga unnit nissonat Sámediggái. Maŋgil 1977 válgga ledje 26 pst. nissonat Sámedikkis, ja dán áigodagas (2001-2005) leat dušše 18 pst. nissonáirasat. Sihke Sámediggi ja guovddáš eiseválddit dovddastit ahte váilevaš nissonovddasteapmi Sámedikkis lea váttisvuohhta dan ulbmila ektui ahte álbmotválljen orgána

nas berre sohkabeliid ovddasteapmi leat dego muđui álbmogis.

Sámediggi mearridii čakčamánu 2002 geahččalit ásahtit ortnega dássemandáhtaiguin. Evttohuvvui lasihit njeallje dássemandáhta mat várrejuvvojit Sámedikki unnimusat ovddastuvvon sohkabeallái, nu ahte šaddet oktiibuot 43 áirasa Sámedikkis. Sturorradiggi lea iežas Innst. S. nr. 110 (2002-2003) merkon Sámedikki mearrádusa, ja lea gohččon Ráđđehusa árvvoštallat livččii go vejolaš čadahtit dákkár ortnega. Ráđđehus diehtá ahte Sámediggi lea mearridan nammadit áššedovdi lávdegotti mii galgá guorahallat váлгаortnega buot beliid. Ráđđehus oaihvilda ahte ferte guorahallat váлгаortnega buot osiid oktan, ja ahte lea riehta vuordit lasiheames dássemandáhtaid Sámediggái dasságo áššedovdi lávdegoddi čielggadus almmuhuvvo, ja dasságo Sámediggi lea buktán evttohusaidis.

Sámediggi oaidná dárbbu joatkit dutkama sohkabeliid birra sámi servodagas ja dán oktavuodas oaidná dárbbu árvvoštallat sihke válganjuolggadusaid ja Sámedikki politihkalaš arenan ovttasdásásašvuoda -ja sohkabealleperspektiivvas.

Sohkabeliid ovttasdásásašvuoda ja nissonpolitihkalaš gažaldagaid čuovvovleapmi leat guovdilis ulbmilat buot Sámedikki politihkkasurggiin, ja lea mielde Sámedikki plánadokumeanttain. Sámedikki ulbmil lea 2003 jahkediedáhusas čilget sohkabeliid ovttasdásásašvuoda duohta dili, vrd. ovttasdásásašvuodalága § 1a.

Ealáhusulbmilat

Okta Sámedikki bajimuš ulbmiliin ealáhusovddideami dáfus lea ráhkadit nana ja ealli sámi servodagaid main lea bissovaš ássan ja mánggbealat ealáhus-, kultur- ja servodateallin. Sámediggi atná mearrideaddjin ahte ráhkaduvvojit hálldašannmálet mat addet báikkálaš olbmuid vejolašvuodaid geavahit daid ovdamuniid mat sis leat. Sámediggi háliida ahte váikkuhangaskaomiid geavaheapmi galgá váikkuhit dasa ahte sihke nissonolbmot ja almmáiolbmot vásihit gánnáhahttin ássat ja eallit sámi báikkálaš servodagain seammás go galgá addit vejolašvuodaid válljet lotnolasealáhusaid, unnadoaimmatealáhusaid ja ovttaolbmofitnuid. Sámediggi háliida joatkit iežas ovttasbarggu eará ruhtadeaddjiiguin nu ahte sáhtta čavgadit ja viidát oktiordnet guovlulaš ealáhusovddideami.

Sámi ovddidanfoanda

Sámi ovddidanfoanda lea leamaš okta deháleamos ealáhusváikkuheaddjiin sámi servodagas. Sámediggi oaihvilda ahte lea dárbbu vuoruhit ealáhusdoarjaga ealáhusálggaheaddji nissoniidda ja ealáhusdoalli nissoniidda. Vuoddoealáhusain leat uhccán nissonat geat fitnodaga eaggáduššet, ja leat uhcít nissonat go albmát geat álggahit odđa fitnodaga. Danne galggašedje leat eanet doaibmabijut nissoniid várás, sihke vuoddoealáhusain ja ealáhuseallimis muđui. 2002 attii Sámediggi oktiibuot 2,2 milj. ru ealáhusdoarjjan nissoniidda, mii dahká 31 pst. buot juolludemiin ovttaskas olbmuid. 2001 ožžo nissonat 42 pst. juolluduvvon supmis.

Tabell 3.18 Juolludeamit Sámi ovddidanfoanddas ealáhusaid mielde

(1 000 ru)

Sámi ovddidanfoanda	2001	Pst.	2002	Pst.
Guolásteapmi	3 750	20,1	3 640	20,1
Eanadoallu	3 250	17,4	3 140	17,3
Duodji – ovddidandoaimmat/ investere- mat	2 380	12,7	2 270	12,5
Lotnolasealáhusat	4 750	25,4	4 640	25,6
Eará ealáhusat	4 550	24,4	4 440	24,5
Oktiibuot	18 680	100	18 130	100

Tabell 3.19 Sámi Ovddidanfoandda juolludemiid sohkabeali juohku

	(1 000 ru)			
Sámi ovddidanfoanda	2001	Pst.	2002	Pst.
Nissonolbmot	3 824	42	2 234	31
Almmáiolbmot	5 197	58	5 082	69
Oktiibuot	9 021	100	7 316	100

Sámedikkis lea erenoamáš ovddasvástádus ovddidit duoji (sámi dáiddaduoji ja duoji), ja deattasta man stuorra vejolašvuodat duojs leat ovdánit fágan, kultuvran ja ealáhussan. Arvvosmahttin dihtii olbmuid odđa ealáhusaid álggahit lea Sámediggi ráhkadan viđajagi duodjeovddidanprográmma. Dát ovddidanprográmma galgá duodaštit man stuorra váikkuhus dán ealáhusas lea árvobuvttadeapmái ja odđa bargosajiid ásaheapmái sámi guovlluin, erenoamážit bargosajiid ásaheapmái nissoniidda. Iešgudetlágan eiseválddit leat bovdjuvvon ruhtadit prográmma. Jahkái 2003 Sámediggi lea juolludan 3,4 milj. ru Sámi ovddidanfoandda ruđain duodjái. Dán supmis lea 1,2 milj. ru várrejuvvon ovddidandoaimmaide/investeremiidda ja 2,2 milj. ru ovddidanprográmmii.

Lotnolasealáhusaid ruhtadoarjagiid ulbmil lea leamaš bisuhit daid olbmuid bargosajiid ja dinestusa geat ellet lotnolasealáhusain. Sámediggi lea mearridan geahpedit doaimmadoarjaga ja eambo vuoruhit ovddidandoaimmaid. Geahpedeapmi čađahuvvo easka 2004. 2002 juolluduvvui 7,4 milj.

ru lotnolasealáhusortnegii. Olles doarjjasupmis juolluduvvui 25,4 pst. nissoniidda 2002:s. 2001 ledje 23,5 pst. nissonat daid gaskkas geat ožžo doarjaga lotnolasealáhusaide.

Sámediggi atná guolásteami vuoruhusa áibbas mearrideaddji eaktun dasa ahte sámi kultuvra, giella ja ealáhusat galget ceavzit ja ovdánit sámi riddo- ja vuotnaguovlluin. Danne ferte sihkkarastit ahte leat guolástanfatnasat, guollebiepmahagat ja vuostáiváldinsajiid fierpmádat mat leat heivehuvvon báikkálaš diliide. 2002 juolluduvvui 3,3 milj. ru guolásteapmái.

Kulturulbmilat

Kulturdoaimmat leat dehálaččat sámi giella, identitehta ja gullelašvuoda ovddideamis. Sámediggái lea dehálaš oktiordnet sámi kulturdoaimbajuid ja láchit ovttáarvosaš fálddagaid ja doaimmaid daid dárbbuid vuodul mat joavkkuin iešgudet guovlluin leat.

Tabell 3.20 Juolludeamit kulturulbmiliidda

	(1 000 ru)		
Ulbmilat	2000	2001	2002
Sámi kulturfoanda	9479	9 475	9 000
Sámi kulturviesut	3 938	3 998	4 613
Sámi kulturorganisašuvnnat	1 022	1 072	1 093
Sámi girjelágádusat	1 515	1 490	1 520
Sámi festiválat	-	700	1 128
Sámi valaštallan	500	500	500
Sámi teáhter (Beaivváš Sámi Teáhter)	-	-	10 700
Dáiddastipeanddat	-	-	1 300
Oktiibuot	16 454	17 235	29 854

2002 válddii Sámediggi badjelosas ovddasvástádusa Beaivváš Sámi Teáhteris, ja dan 10,7 milj. ru lassin mii juolluduvvui dán teáhterii, juolludii vel Sámediggi 400 000 ru Sámi ovddidanfoanddas teáhterulbmiliidda. Sámi teáhter galgá nannet sámi kultuvrra ja identitehta. Teáhter lea dehálaš sadji mas sámi dáiddalaš ja kultuvrralaš ilbmadeamit dovddahuvvojit ja muosáhuvvojit ja mas sámegeiella geavahuvvo.

Sámediggi atná dehálažžan ahte sámi álbmot duodaid beassá kultuvrra doaimmahit. Sámi kulturguovddážat leat sajit main kultuvrra sáhtta doaimmahit. Dát guovddážat váikkuhit positiiv-

valaččat sámi giela ja kultuvrra ovdáneapmái ja lagašbirrasa bargosajiid ja ássama lassáneapmái. Sámediggi galgá váikkuhit dasa ahte dálá kulturásahusaid doaibma sihkkarastojuvvo. 2002 juolludii Sámediggi 4,6 milj. ru dán ulbmilii.

Sámi kulturfoanda

Sámi kulturfoandda ulbmil lea ovddidit doaibmabijuid sámi kultuvrra várás ja arvvosmahttit kulturdoaimmaid sámi álbmoga várás. 2002 várrejuvvui 9 milj. ru fondii.

Tabell 3.21 Sámi kulturfoandda ruđaid juogadeapmi

(1 000 ru)

Ulbmilat	2000	2001	2002
Girjjálašvuohta	2 100	2 100	2 000
Govvadáidda/duodji	1 105	1 000	875
Musihkka	595	1 000	1 000
Teáhterulbmilat	480	400	400
Sámi mánáide láchit buriid bajásšaddaneavttuid	2 690	2 475	2 475
Eará doaibmabijut ¹	2 509	2 500	2 250
Oktiibuot	9 479	9 475	9 000

¹ Sierranas prošeavttat, mánggalágan kulturdoalut, festiválat jna.

Sámedikki dehálaš ja vuđolaš doaibma lea lágiidit sámi mánáide ja nuoraide buriid bajásšaddaneavttuid. Dása lea Sámediggi váikkuhan dan láchkai ahte lea vuoruhan dán ulbmila go lea juolludan doarjagiid iešguđetlágan mánáid ja nuoraid doaimmaide. 2002 mearridii Sámediggi ahte 2,5 milj. ru Sámi kulturfoandda ruđain galge geavahuvvot dákkár juolludemiide. Lea menddo uhccán sámegeiel girjjálašvuohta mánáide ja nuoraide, ja Sámediggi oaidná dárbbu ásaht bistevaš doarjjaortnega sámegeielat prentosiid almmustahttimii mánáid ja nuoraid várás. 2002 juolluduvvui prošeaktaruhta ilbmadit mánáid- ja nuoraidmagasiinna Leavedolgi ja nuoraidmagasiinna Š.

Sámegeiella

Ráđdehus juolludii 2003 Sámediggái vel 5 milj. ru gielddaid ja fylkkagielddaid guovttegielatvuođa bargui. Sámedikki váldoulbmil lea sealluhit, ovddidit ja ealáskahttit sámegeiella, ja atná dehálažžan

nannet rahčamuša sámegeielain buot giellaguovlluin.

Sámediggi juohká guovttegielatvuođadoarjagiid sámegeiella hálldašanguovllu gielddaide ja fylkkagielddaide. Doarjagat galget nannet ja ovddidit sámegeiella geavaheami almmolaš hálldahusas. Lea gielddaid ovddasvástádus ahte ruđat geavahuvvojit daid ulbmiliid vuođul mat Sámedikkis leat dainna doarjjaortnegiin. 2002 juolludii Sámediggi 25 milj. ru guovttegielatvuođadoarjjan. 2003 rámmajuolludeapmi lea 28 milj. ru.

Sámi giellaguovddážat leat okta dan mángga doaibmabijus maid Sámediggi čađaha juksan dihtii ulbmiliiddis. Sámi giellaguovddážat leat erenoamáš dehálaččat dain guovlluin gos sámegeiella lea heajumus dilis. 2003 juolludii Sámediggi 2,4 milj. ru guđa giellaguovddáži Porsánggus, Gáivuonas, Divttasvuonas, Evenáššis, Unjárggas ja Deanus. Vuodđodoarjja, mii lea 400 000 ru jahkásaččat, gokčá doaibmagoluid. Guovddážat fertejit ieža ruhtadit doaimma muđui.

Tabell 3.22 Guovttegielatvuodá doarjagiid juohkin Sámedikkis áigodagas 2001–2003

(1 000 ru)

Namahus	2001	2002	Revid. 2003	+/-
Guovttegielatvuodádoarjagat	15 850	25 050	28 050	3 000
Giellaprošeavttat hálddašanguovllus	-	-	1 600	1 600
Giellaprošeavttat hálddašanguovllu olggobealde	2 406	2 450	2 450	0
Giellaguovddázat	1 600	2 000	2 400	400
Oktiibuot	19 856	29 500	34 500	5 000

Sámi váldoorganisašuvnnat ja Sámedikki politihkalaš joavkkut

Sámi váldoorganisašuvnnat barget aktiivvalaččat oppa sámi servodahkii buorin, ja báikkálaš servviid bokte dat árjjalaččat ovddidit sámi identitehta, giela ja kultuvrra. 2002 Sámediggi juolludii 2,5 milj. ru doarjjan sámi organisašuvnnaide.

Sámediggi juohká doarjaga Sámedikki politihkalaš joavkkuide iežas njuolggadusaid mielde. Doarjjaortnega ulbmil lea buoridit joavkkuid bargoeavttuid. 2002 Sámediggi juogadii 1,8 milj. ru Sámedikki politihkalaš joavkkuide.

Bušeahhtaevttohusat 2004

Gielda- ja guovlodepartemeanta evttoha juolludit 140,05 milj. ru 2004, mii lea 4,2 pst. lassáneapmi. Dás lea 621 000 ru buhtadus go bargoaddivatortnet lea nuppástahattojuvvon. Nannen dihtii Sámedikki barggu Sámi palamentáralaš rádiin evttohuvo sirdit 300 000 ru kap. 541, poasttas 70 Juolludeapmi sámi ulbmiliidda. Dasalassin juolluduvvo 7 milj. ru Sámediggái kap. 571 poasttas 64 Árvvoštallanjuolludeamit. Ruhtajuolludeamit galget juhkkovuvot guovttegielalašvuoda bargguide gielddain ja fylkkagielddain ja biddjojit oassin Sámedikki rámmajuolludeapmái 2005 rájes. Dán juolludeami bokte háliida Ráddehus bearrái geahččat daid dárbbuid mat bohtet ovdan raporttas “Lassegolut suohkaniid ja fylkkagielddaid guovttegielalašvuoda geažil” mii biddjui ovdan miessemánus 2002.

Sámediggi oazžu jahkásaččat juolludemiiid Mánáid- ja bearašdepartemeanttas, Dearvvašvuodadepartemeanttas, Kultur- ja girkodepartemeanttas, Birasgáhttendepartemeanttas, Oahpahus- ja dutkandepartemeanttas, Gielda- ja guovlodepartemeanttas, Eanadoallodepartemeanttas ja Olgoriikadepartemeanttas. Dáid depar-

temeanttaid evttohus lea sullii 227 milj. ru mii lea 7,6 pst. lassáneapmi.

Stuorradikki bušeahhtamearrádusa várašemiin juolluda Sámediggi sierranas departemeanttaid juolludusaid iežas dievasčoahkkimis skábmamánus. Sámediggi juolluda ruđaid iežas vuoruheami mielde, muhto daid láidestusaid mielde mat leat Stuorradikki bušeahhtamearrádusas.

Poasta 54 Sámeálbmoga foandda vuoitu

Stuorradiggi mearridii geassemánu 16. b. 2000 juolludit 75 milj. ru “Sámeálbmoga fondii” go giedahalai jagi 2000 ođastuvvon nátionálabušeahtha. Foandda ulbmila birra celkkii finásadoaibmagotti eanetlohku ahte foandda vuoitu (ruhtalaskan) galgá mannat iešguđetlágan doaibmabijuide mat nannejit sámi giela ja kultuvrra. Stuorradikki mearrádus máinnaša foandda ceggema oktasaš buhtadassan vahágiid ja vearrivuodaid ovddas maid dáruiduhttinpolitihkka lea dagahan sámi álbmogii. Foandda vuoitu ii leat oassi Sámedikki rámmajuolludeamis.

Sámediggi giedahalai evttohuvo foandanjuolggadusaid dievasčoahkkimisttis miessemánus 2002. Sámediggi mearridii váldit vuostá Sámeálbmoga foandda vuosttas soabatlávkin gaskal stáhta ja sámiid. Muhto Sámediggi ii áiggo geavahit foandda vuoitu ovdalگو stáhta ovttas Sámedikkiin álggaha barggu man áigumuš lea ovddidit ođđa ovttasbargovugiid ja doaibmabijuid sámiid várás, ja dainna eavttuin ahte Ráddehus álggaha barggu man ulbmil lea čoavdit daid ášši geat leat gillán oahppaváilli nuppi máilmmesoadi geažil. Ráddehus lea dál mearridan ahte galgá suokkardallojuvot oppalaččat mo galgá giedahallat mángga joavkku buhtadasgáibádusaid, nu ahte sáhtta áššiid giedahallat ollislaččat ja čorgadit. Dát váikkuha

dasa mo gáibádusat sis geat leat gillán oahppaváilli nuppi máilmmesoadi geažil, galget meannuduvvot. Ráđdehus deattasta ahte vuhtii váldojuvvo dat ere-

noamáš duogáš mii lea iešgudetlágan gáibádusaid vuodđu, vrd. mii lea máinnašuvvon prográmmakategoriijas 13.21, 3. oasseulbmilis.

Kap. 3540 Sámediggi (vrd. kap. 540 Sámediggi)

(1 000 ru)

Poasta	Namahus	Rehketdoallu 2002	Salderej. bušeahtta 2003	Evttohus 2004
51	Sámeálbmoga foandda vuoiu	7 119	4 650	4 650
	Oktiibuot kap. 3540	7119	4 650	4 650

Kap. 541 Doarjja sámi ulbmiliidda

(1 000 ru)

Poasta	Namahus	Rehketdoallu 2002	Salderej. bušeahtta 2003	Evttohus 2004
70	Doarjja sámi ulbmiliidda	6 300	1 300	1 100
72	Sámi giella, diehtjuohkin j.e.	2 500	2 500	2 600
	Oktiibuot kap. 541	8 800	3 800	3 700

Poasta 70 Doarjja sámi ulbmiliidda

Ráđdehus evttoha juolludit oktiibuot milj. ru 2004 dán poasttas departemeantta geavahussii. Ulbmilin lea sealluhit ja ovddidit sámi identitehta, kultuvrra ja servodateallima. Juolludus lea geahpeduvvon 2003 juolludusa ektui. Evttohusvuo sirdit 300 000 kapihttalii 540, postii 50 Sámediggi nannen dihtii Sámedikki barggu Sámi parlamentáralaš rádiin. Doarjjaortnet lea ovdal almmuhuvvon juohke jagi. Departemeanta ii ane dán lunddolažžan go jurddaša poastta sturrodaga. 2004 rájes departemeanta álggaha doaibmajuid ja čuovvola ja dárkkista doaibmajuid daid gáibádusaid vuodul mat leat Ekonomiijanjuolggadusain.

Lea juolluduvvon 1,3 milj. ru 2003:s. Nuoraid doaibmajut leat vuoruhuvvon. Ee. lea juolluduvvon 30 000 ru Arctic Youth Camp:i 2003, mii dollui Olmmaivákkis suoidnemánus 2003, 90 000 ru Márkomeannu nuoraidfestiválii Evenáššis, 30 000 "Tjaktjasijdda"- čakčaleirii – maid Sámi váhnenfierpmádat Romssas lágidii, ja 110 000 ru sámielat govvaráiddu almmustahttimii.

Poasta 72 Sámi giella, diehtjuohkin, j.e.

Ráđdehus evttoha ahte juolluduvvo 2,6 milj. ru 2004:s sámi giella ja diehtjuohkima ángiruššamii. Ulbmil lea lámčit diliid nu ahte sámigiella geavaheapmi lassána almmolaš sajiin, ahte almmolaš diediheapmi sámide sámegillii lassána ja ahte oppa Norgga álbmot buorebut čuvgejuvvo sámiid birra ja sámi diliid birra. Guovddáš ulbmil lea rahpat vejolašvuoda geahit sámi čálamearkkaid IT-oktavuodas, omd. almmolaš registariin. Ráđdehus ulbmil lea ahte buot almmolaš registarat galget sáhttit geahit sámi čálamearkkaid, ja ahte dieđuid lonohallan gaskal dihtorregistariid galgá doaibmat. Sámegiella ja IT gelbbolašvuodabása ruhtaduvvo dán poastta bokte, vrd. 3. oasseulbmiliin. Ráđdehus ásahii 2003 sámi giellaválljen ODIN-interneahhtasiidduin. Bargu jotkojuvvo dán siiddu dadis ovddidemiin ja buoridemiin. Mii guoská miellaguottuide sámide ja sámi áššide, várrii Gielda- ja guovlodepartemeanta 2003 1 milj. ru ovtasbargui Sámedikkiin man okta váldoulbmiliin lei vuostaldit negatiiva miellaguottuid sámide ja sápmelašvuhtii. Okta ulbmiliin lea oáčohit eanebuid čálihit iežaset sámi jienastuslohkui. Nissonat

ja nuorat leat prošeavtta deháleamos ulbmiljoavkut. Prošeakta loahpahunvo 2005.

Ráddehus áigu joatkit sámi giela ja diehtjuohkima áŋgiruššamiin 2004:s. Ráddehus atná dán

oktavuodas lagaš ovttasbarggu Sámedikkiin dehálažžan.

Kap. 542 Álgoálbmotvuoigatvuodaid gelbbolašvuodaguovddáš

(1 000 ru)

Poasta	Namahus	Rehketdoallu 2002	Salderej. bušeahtta 2003	Evttohus 2004
1	Doaibmagolut	1 800	1 900	1 950
	Oktiibuot kap. 542	1 800	1 900	1 950

Álgoálbmotvuoigatvuodaid gelbbolašvuodaguovddáš rahppui almmolaččat čakčamánu 1. b. Guovdageainnus. Guovddáža ulbmil lea lasihit álgoálbmotvuoigatvuodaide guoski máhtu ja áddejumi. Guovddáš galgá maid čujuhit dárbei čadahit odđa dutkamiid, muhto ii galgga ieš leat dutkanásahus. Okta stuorámus hástalusain lea hukset ásahusa mas lea fágalaš fierpmádat ja deaddu álgoálbmotgažaldagain. Váikkuhangaskaoamit fer-

tejit heivehuvvot ásahusa sierranas ulbmiljoavkkuide. Guovddáža boahteáigi lea das gitta ahte ráhkaduvvojit bures doaibmi diehtjuohkinstrategiijat. Sámediggi ovttas Gielda- ja guovlodepartemeanttain leat, ee. Sámi Instituhta ja Sámi Allaskuvlla evttohasaid vuodul, nammadan stivrra. Olgoriikadepartemeanta veahkeha 1,2 milj. ruvdnosaš ruhtademiin 2004, seamma supmiin go 2003. Guovddážiis leat golbma bargi.

Programkategori 13.50 Regional- og distriktspolitikk

Samla utgifter under programkategori 13.50

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
550	Lokal næringsutvikling	36 837	0	0	0,0
551	Regional utvikling og nyskaping	414 000	1 116 500	1 201 050	7,6
552	Nasjonalt samarbeid for regional utvikling	349 681	297 000	288 000	-3,0
2425	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og fylkeskommunane	775 000			0,0
	Sum kategori 13.50	1 575 518	1 413 500	1 489 050	5,3

Samla inntekter under programkategori 13.50

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
5327	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og fylkeskommunane o.a.	175 446	90 000	90 000	0,0
	Sum kategori 13.50	175 446	90 000	90 000	0,0

Budsjettforslag for 2004 – prioriteringar

Prioriteringane for 2004 er i samsvar med strategiane som blei lagde i kommunal- og regionalministeren si distrikts- og regionalpolitiske utgreiing for Stortinget i 2002. For 2004 vil regjeringa særleg leggje vekt på tiltak som stimulerer innovasjon og nyskaping.

Hovudutfordringane for arbeidet med politikkområdet i 2004 blir å etablere den nye transportstøtteordninga, arbeide med næringsretta utviklingsmidlar til område som har fått auka arbeidsgivaravgift, og følgje opp det nye verkemiddelapparatet, heilskapleg innovasjonspolitikk, an-

svarsreforma, fylkesforsøk og Distriktskommisjonen, i tillegg til å førebu stortingsmeldinga om regionalpolitikken i 2005.

Regjeringa føreslår ei løyving på 1 489,05 mill. kr for 2004. Dette er ein auke på 75,55 mill. kr, dvs. 5,3 pst., i forhold til saldert budsjett, og ein auke på 130,55 mill. kr, dvs. 10 pst., i forhold til revidert budsjett 2003. Regjeringa føreslår å opprette ein eigen post til næringsretta utviklingstiltak som kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, med ei løyving på 150 mill. kr. Regjeringa føreslår i tillegg at departementet kan gi tilsegner om tilskot på ytterlegare 205 mill. kr til næringsretta utviklingstiltak og 200 mill. kr til transportstøtte. Desse til-

skota vil først kome til utbetaling i 2005 eller seinare år.

Hovuddelen av løyvinga over programkategori 13.50 er desentralisert til fylkeskommunane frå og med 2003. 1,05 mrd. kr, dvs. 78,5 pst. av den ordinære løyvinga på området, er lagt på ein tilskotspost til fylkeskommunane for å fremme regional utvikling, tilpassa føresetnadene i regionane. Fordelinga av ramma mellom fylkeskommunane vil i 2004 i sterkare grad enn i 2003 bli basert på objektive kriterium.

Regjeringa meiner at dei auka avgiftsinntektene ved ei endring av dagens ordning skal tilbakeførast til dei områda som endringa får verknader for. Det inneber at den fordelingen som ligg i dagens differensierte arbeidsgivaravgift, så langt råd er blir ført vidare. For 2004 foreslår regjeringa kompenserte ordningar som samla sett har ein provenyverknad tilsvarande dei auka avgiftsinntektene som følgjer av endringane i arbeidsgivaravgifta.

Regjeringa foreslår:

- å vidareføre nullsatsen i Nord-Troms og Finnmark
- å behalde dagens differensierte arbeidsgivaravgift for fiskeri og landbruk
- å vidareføre differensiert arbeidsgivaravgift i sonene 2, 3 og 4, innanfor den frisummen som statsstøtteregelverket tillèt
- ein overgangsperiode på tre år for sonene 3 og 4
- full kompensasjon for offentleg sektor
- å fjerne el-avgifta for all næringsverksemd i sonene 2-4
- ei ordning for direkte transportstøtte
- å setje av midlar til næringsretta utviklingstiltak til dei aktuelle regionane

Regjeringa vil frå og med 2004 gjennomføre nokre justeringar i den geografiske avgrensinga av direkte bedriftsstøtte. Slik støtte skal primært givast innanfor område A, B og C av verkeområdet for dei distriktpolitiske verkemidla. Når det er ein del av større satsingar grunnlagt i vedtekne regionale strategiar, kan det frå og med 2004 også givast støtte til bedrifter i andre delar av fylket innanfor ramma av bagatellmessig støtte.

SND har hatt større tap på den distriktsretta risikolåneordninga i 2002 og første halvår 2003 enn i tidlegare år. Tapa har i hovudsak samanheng med konjunkturane i norsk økonomi. SND har i ein gjennomgang av porteføljen avdekt at det er behov for ei tilleggsløyving for at tapsfonda skal spegle risikoen i porteføljen. Regjeringa vil kome tilbake til dette i nysalderinga av budsjettet for 2003.

Mål og strategiar i regional- og distriktpolitikken

Noreg er eit land med store variasjonar og rikt mangfald. Gjennom historia har vi utvikla ulike levesett, kulturar, dialektar, språk og kulturlandskap som representerer ein stor eigenverdi. Gjennom regional- og distriktpolitikken vil regjeringa ta vare på og vidareutvikle dette mangfaldet.

Vi må ha verksemd i alle delar av landet for å sikre den samla verdiskapinga i nasjonen. Råvareuttak og primærproduksjon i distrikta er grunnlag for mykje av verdiskapinga i landet, og der er potensial for mykje meir. Tru på eigne krefter er viktig for å utløyse nyskaping og vekstkraft. Regjeringa vil leggje til rette for ei effektiv utnytting av dei ressursane vi har i alle delar av landet, og vil støtte opp under den optimismen og trua på framtida som finst i store delar av distrikts-Noreg. Vi vil stimulere til omstilling, innovasjon og nyetablering, og vi vil medverke til at ungdom og kvinner i større grad får utnytta sine ressursar. Også innvandrane skal kunne utnytte sitt potensial betre enn i dag.

Staten byggjer ikkje landet. Staten skal leggje til rette for at enkeltmenneske, verksemdar og institusjonar kan verke og skape verdiar for seg sjølv og for samfunnet. Regjeringa set individet i sentrum. Dette gjeld også i distrikts- og regionalpolitikken. Kvar og ein av oss vel på sjølvstendig grunnlag kvar vi vil bu og arbeide. Regjeringa vil leggje til rette for at den enkelte har reell fridom til å busetje seg der ho eller han ønskjer.

Vi legg vekt på den retten den enkelte har til å ta avgjerder om det som påverkar eigen kvardag og eige liv. Politiske avgjerder skal takast så nær dei avgjerdene vedkjem, som mogleg. Derfor vil vi delegere meir mynde nedover i statsforvaltninga og desentralisere meir ansvar og fleire oppgåver til kommunesektoren.

Konkurransen nasjonalt er med på å stimulere til skaparvilje og verketrang hos den enkelte, og er samtidig ein føresetnad for at norske bedrifter skal ha konkurransevne internasjonalt. Konkurransen verkar skjerpande og er ei viktig drivkraft for å få til utvikling og endring.

Gjennom ei sterkare målretting av verkemidla vil regjeringa kompensere for svikt i marknaden og medverke til at alle delar av landet kan få ei positiv utvikling og likeverdige vilkår for deltaking i konkurransen. Hovudansvaret for verdiskapinga i Noreg ligg likevel hos enkeltmennesket, i den enkelte bedrift og i den enkelte region.

Lokalsamfunn kan bli stilte overfor store ufordringar på grunn av svikt i næringsgrunnlaget og stor fråflytting. Innbyggjarane i desse lokalsam-

funna skal da vere trygge på at fellesskapet stiller opp og medverkar aktivt i ein omstillingsperiode, fram til ein lokalt igjen kan ta hovudansvaret for eiga utvikling. Også stader med nedgang i folketalet skal vere trygge og gode samfunn å bu i. Uavhengig av kvar ein bur, skal den enkelte vere trygg på at han eller ho har tilgang til grunnleggjande offentlege tenester, som utdanning og helse- og omsorgstenester. Regjeringa vil sikre grunnlaget for likeverdige levekår, og da først og fremst gjennom det kommunale inntektssystemet.

For regjeringa er det eit mål å demme opp for ei utvikling der Osloregionen held fram med å vekse mykje raskare enn resten av landet. Vi vil medverke til å vidareutvikle vekstkraftige regionar i alle delar av landet og ta vare på hovudtrekka i busetnadsmønsteret, slik at vi framleis er i stand til å ta ut det verdiskapingspotensialet som finst. Når det gjeld busetnaden, er regjeringa sitt mål for dei neste tjue åra ei meir balansert utvikling, der alle landsdelar har vekt i folketalet. For distrikta vil det vere viktig å trekkje til seg unge i etableringsfasen. I denne gruppa er mobiliteten stor, og relativt mange er motiverte for å busetje seg utanfor dei større byane.

Regjeringa vil arbeide etter desse hovudstrategiane i regional- og distriktpolitikken:

- etablere rammevilkår som er så gode at verksemder, kapital og arbeidskraft blir verande i Noreg, og at vi er attraktive for utanlandske investeringar
- satse sterkare på regionar og senter som har vekstpotensial. Vi vil styrkje vekstkrafta der ho alt finst, og samtidig sikre grunnlaget for gode levekår i alle delar av landet.
- prioritere verkemiddel som kan medverke til å styrkje evna til innovasjon og nyetablering i alle delar av landet, med vekt på å nå potensielle nyskaparar og entreprenørar
- delegere og desentralisere meir ansvar og fleire oppgåver til regionalt og lokalt nivå

Tiltak og innsats under mange departement er viktige i regional- og distriktpolitikken. Regjeringa legg stor vekt på å samordne denne innsatsen, slik at tiltaka i sum utgjer ein heilskapleg og målretta politikk for regional utvikling. Dette er ikkje minst viktig i arbeidet med å finne gode alternativ til ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift. Strate-

giane og større, sentrale tema blir presenterte nærmare nedanfor, etter tilstandsvurderinga.

Kommunal- og regionaldepartementet forvaltar eigne regional- og distriktpolitiske verkemiddel under programkategori 13.50. Dei midlane som er sette av til dette, er eit supplement til dei ordinære sektorbudsjetta, og skal nyttast til tiltak som har ei særleg regional- og distriktpolitisk grunngeving. Målet med midlane under programkategori 13.50 er å medverke til regional utvikling ved å utløyse meir av det verdiskapingspotensialet som finst i regionane, og å skape meir attraktive regionale miljø og stader med gode bu- og leveforhold.

Tilstandsvurdering – utviklinga i folketalet, sysselsetjinga og næringsstrukturen

Årsakene til endringar i busetnaden og folketalet i ulike delar av landet er mange. Utviklinga i folketalet i eit område er avhengig av talet på kvinner i fødedyktig alder, av kor stor del av befolkninga som tilhøyrrer ulike aldersgrupper og av forholdet mellom innflytting og utflytting. Faktorar som påverkar kvar enkeltpersonar og familiar vel å busetje seg, er mellom anna kva høve som finst til å ta utdanning og skaffe seg arbeid og inntekt, men også ønske om å bu på bestemte stader. Flytteundersøkingar viser at arbeidsløyse aleine sjeldan er ei direkte årsak til flytting, men tilgang på arbeidsplassar er likevel ein nødvendig føresetnad for busetjing og utvikling i folketalet på lengre sikt. Utviklinga i sysselsetjinga i eit område kan vi også sjå på som eit uttrykk for vekstkrafta i området. I tilstandsvurderinga legg vi derfor vekt på å vurdere utviklingstrekk på arbeidsmarknaden ut frå sysselsetjing, arbeidsløyse og næringsstruktur i ulike delar av landet. Utviklinga på arbeidsmarknaden dannar eit grunnlag for regional- og distriktpolitisk innsats. Vurderinga er knytt til landsdelar, til sentralitet og til ulike typar av bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Utviklinga i folketalet

Landet sett under eitt har hatt ein vekt i folketalet på om lag 5 pst. i den siste åtteårsperioden, men veksten er ujamt fordelt mellom landsdelane, jf. tabell 3.23. Alle landsdelar utanom Nord-Noreg har hatt vekt i dei to siste fireårsperiodane. Den største veksten finn vi på Austlandet.

Tabell 3.23 Endring i folketalet i ulike landsdelar

Landsdel	Folketal			Vekst i periodane i prosent	
	1.1.1994	1.1.1998	1.1.2002	1994–1998	1998–2002
Austlandet	2 094 407	2 158 419	2 236 222	3,1	3,6
Sørlandet	247 725	253 705	260 796	2,4	2,8
Vestlandet	1 118 032	1 142 926	1 170 763	2,2	2,4
Midt-Noreg	383 147	385 962	393 780	0,7	2,0
Nord-Noreg	466 898	464 447	462 908	-0,5	-0,3
Totalt	4 310 209	4 405 459	4 524 469	2,2	2,7

Kjelde: SSB og Pandagruppen

Dei fleste fylka har hatt ein auke i folketalet, men både Finnmark og Nordland hadde nedgang i heile åtteårsperioden, jf. vedlegg II. Oslo og Akershus hadde den sterkaste veksten i åtteårsperioden. Elles hadde fylka Hedmark, Oppland og Nord-Trøndelag ein nedgang i den første fireårsperioden, medan Sogn og Fjordane hadde ein nedgang i den siste perioden.

Fordelinga av veksten i folketal mellom sentrum og periferi er ujamn, jf. tabell 3.24. Kommunane i storbyregionane har hatt ein sterk vekst i folketalet i heile åtteårsperioden, og veksten har auka i den

siste fireårsperioden. Den prosentvise veksten er nokså lik i dei ulike storbyregionane, jf. vedlegg II. Til samanlikning har kommunane i dei minst sentrale områda i sum ein nedgang i folketalet i begge fireårsperiodane. Nedgangen kom i periferikommunar i alle landsdelar, med unntak av periferikommunar på Sørlandet, som hadde ein vekst i den siste fireårsperioden. I mellomkategorien "byar og tettstader" er det ein liten vekst i heile perioden, med unntak av Midt-Noreg. Veksten var størst på Vestlandet og Austlandet.

Tabell 3.24 Endring i folketalet etter sentralitet

Sentralitet ¹	Folketal			Vekst i periodane i prosent	
	1.1.1994	1.1.1998	1.1.2002	1994–1998	1998–2002
Storbyregionar	2 228 210	2 319 311	2 423 351	4,1	4,5
By/tettstad	1 432 119	1 448 738	1 473 384	1,2	1,7
Periferi	649 880	637 410	627 734	-1,9	-1,5
Totalt	4 310 209	4 405 459	4 524 469	2,2	2,7

¹ "Storbyregionane" er regionane rundt Oslo, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø. "By/tettstad" er kommunar med mindre enn 60 min reisetid til nærmaste tettstad med meir enn 5000 innbyggjarar, medan "Periferi" er kommunar med meir enn 60 min reisetid til ein tettstad med meir enn 5000 innbyggjarar.

Kjelde: SSB og Pandagruppen

Ser vi på utviklinga i folketalet i dei ulike bu- og arbeidsmarknadsregionane¹ (BA-regionane) inndelte etter storleik, viser tabell 3.25 at dei største bu- og arbeidsmarknadsregionane veks sterkast. Sett i forhold til tabell 3.24, som viser folketal etter sentra-

litet, viser tabell 3.25 at veksten i dei mellomstore regionane er relativt sterk og aukande, særleg i regionane med mellom 50 000 og 100 000 innbyggjarar. Dei minste bu- og arbeidsmarknadsregionane har ein nedgang i folketalet.

¹ Inndelinga i bu- og arbeidsmarknadsregionar er utført av Dag Juvkam, NIBR, jf. Inndeling i bo- og arbeidsmarkedsregioner, NIBR-rapport 2002:20. Inndelinga er basert på pendlings- og avstandsdata. I inndelinga er 65 mindre kommunar definerte som egne bu- og arbeidsmarknadsregionar på grunn av lite pendling og stor avstand til nabokommunar. På den andre enden av skalaen finn vi fire regionar som inneheld 10 kommunar eller meir. Dette er dei storbyområda som utgjør Oslo-regionen, Stavanger/Sandnes-regionen, Bergensregionen og Trondheimsregionen.

Tabell 3.25 Folketalet i bu- og arbeidsmarknadsregionar, grupperte etter storleik

Storleik på BA-regionen i innbyggjartal	Folketalet i bu- og arbeidsmarknadsregionar			Vekst i prosent		Talet på BA-regionar i gruppa
	1.1.1994	1.1.1998	1.1.2002	94-98	98-02	
Større enn 100 000	2 295 783	2 386 658	2 489 424	4,0	4,3	9
50 000-100 000	615 100	627 870	644 950	2,1	2,7	9
20 000-50 000	585 387	588 510	595 250	0,5	1,1	19
5000-20 000	653 099	646 652	643 375	-1,0	-0,5	57
Mindre enn 5000	160 840	155 769	151 470	-3,2	-2,8	67
Totalt	4 310 209	4 405 459	4 524 469	2,2	2,7	161

Kjelde: SSB og Pandagruppen


Data frå SSB og Pandagruppen per 1.1.2002 viser at det ikkje er store skilnader i talet på kvinner i fødedyktig alder mellom landsdelane. Derimot er det er ein viss skilnad mellom perifere og sentrale kommunar. Det er relativt sett færre kvinner i fødedyktig alder i periferikommunar, spesielt på Sørlandet, Vestlandet og i Nord-Noreg, enn i sentrale kommunar, med Tromsø-regionen og Osloregionen på topp. Grunnlaget for vekst i folketalet knytt til fødselsraten er derfor størst i sentrale strøk av landet. Det låge talet på kvinner i fødedyktig alder i periferikommunar er ein viktig grunn til at ein har problem med å halde oppe folketalet i desse kommunane.

Utviklinga i sysselsetjinga

Det samla talet på arbeidstakarar i Noreg auka med 256 000 i perioden frå 4. kvartal 1993 til 4. kvartal 2001, jf. vedlegg II. Dette svarer til ein auke på 15,2 pst. Den største veksten kom i den første delen av perioden. Alle landsdelar utanom

Nord-Noreg hadde vekst i talet på arbeidstakarar gjennom heile perioden. Nord-Noreg hadde vekst i sysselsetjinga i den første delen av perioden, men ein liten nedgang i den siste delen av perioden. Den største veksten i talet på arbeidstakarar finn vi på Austlandet og Sørlandet.

Også endringa i sysselsetjinga har ein sentrum-periferi-dimensjon. Figur 3.2, som gir ei oversikt over sysselsette i dei ulike bu- og arbeidsmarknadsregionane i perioden 4. kv. 1993 – 4. kv. 2001, viser at regionar som er folkerike eller som ligg nær slike regionar, har hatt størst vekst i sysselsetjinga. Det ser vi særleg tydeleg rundt storbyane og på det sentrale Austlandet. Den sterkaste veksten i talet på arbeidstakarar har kome rundt Oslofjorden, og da særleg i Tønsberg, Moss og Askim/Eidsberg. Haugesund har også hatt ein sterk vekst i talet på sysselsette. Det same har Ålesund, som er det store positive unntaket på Nord-vestlandet. Den prosentvise veksten i talet på arbeidstakarar er størst i arbeidsmarknadsregionane rundt dei største byane.



Figur 3.2 Folketal og utvikling i talet på arbeidstakarar i bu- og arbeidsmarknadsregionane

På den andre sida har små innlands- og kystkommunar og regionar på Nordvestlandet og i Nord-Noreg ein reduksjon i talet på arbeidstakarar. Det var størst prosentvis nedgang i talet på arbeidstakarar i regionane Røyrvik, Berlevåg, Vardø,

Måsøy, Gamvik, Nordkapp, Hammerfest og Moskenes. Dette er relativt små regionar i distrikta som i hovudsak inneheld berre éin eller nokre få kommunar. Figur 3.2 viser at nesten alle dei bu- og arbeidsmarknadsregionane som hadde sterkast

nedgang i talet på arbeidstakarar, ligg i Finnmark. Det er likevel ikkje nokon automatisk samanheng mellom storleiken på regionen og nedgangen i talet på arbeidstakarar. Også i fleire periferikommunar og i mange tettstadskommunar var det ein vekst i talet på arbeidstakarar i den siste åtteårsperioden, men veksten var vesentleg lågare enn i bykommunar og storbyregionar. Av dei til saman 161 bu- og arbeidsmarknadsregionane i landet hadde 110 regionar ein auke i talet på arbeidstakarar i perioden 1995–2001, medan 51 regionar hadde ein nedgang.

Vi kan sjå ein hovudtrend i retning av at ein stadig større del av aktiviteten i landet blir dreidd mot byområde i Sør-Noreg med over 75 000 innbyggjarar. For det første har alle arbeidsmarknadsregionar i Nordland, Troms og Finnmark ei svakare utvikling i talet på arbeidstakarar enn landsgjennomsnittet (+9,4 pst.) i perioden frå 4. kvartal 1996 til 4. kvartal 2001. For det andre har det vore størst vekst i talet på arbeidsplassar i regionar med byar og større tettstader i Sør-Noreg.

Oversikter over arbeidsløyse for 2002 (SSB/AAD) viser at det ikkje er store skilnader mellom landsdelane eller mellom storbyområde, byar og mindre sentrale (perifere) kommunar. Eit unntak er fiske-riavhengige kommunar i Nord-Noreg, som har opplevd ein relativt stor auke i arbeidsløysa også det siste året. Utanom dette var arbeidsløysa altså nokså lik i ulike delar av landet, medan auken i talet på arbeidstakarar var svært ulik i dei ulike landsdelane og kommunetypane. Dette tyder på at manglande etablering av nye arbeidsplassar gjennomgåande er eit større problem enn arbeidsløyse i område med svak vekst. Det er på Austlandet vi finn den sterkaste prosentvise veksten i talet på arbeidslause i det siste tiåret, men her var også utgangspunktet eit lågare nivå på arbeidsløysa enn i andre landsdelar, jf. vedlegg II.

Utviklinga i næringsstrukturen

Næringsstrukturen varierer mellom landsdelane og mellom sentrum og periferi, jf. vedlegg II. Sidan visse delar av næringslivet og arbeidsmarknaden er meir utsette for endringar enn andre, vil utfordringane på arbeidsmarknaden vere ulike i dei ulike delane av landet. I mindre sentrale strøk utgjør primærnæringsane ein viktig del av arbeidsmarknaden, særleg på Austlandet, i Midt-Noreg og i Nord-Noreg. Tal frå SSB viser at delar av desse næringsane har gått til dels sterkt tilbake i sysselsetjing i dei siste åra. Også i industri- og bergverksnæringsar har sysselsetjinga gått noko tilbake. Industri og bergverk er særleg viktige næringsar på Vestlandet og Sørlandet, både i byar og i mindre

sentrale strøk, og i byar og tettstader på Austlandet. Også fleire stader i Nord-Noreg er dette viktige næringsar. Kysten av Finnmark er blitt råka spesielt hardt av konkursar i fiskeindustrien i dei siste åra.

Osloregionen skil seg ut ved at forretningsmessig tenesteyting utgjør ein viktig del av arbeidsmarknaden. Dette er ei næring som har vore i sterk vekst, særleg i dei større byane. Utfordringa på mindre stader som er dominerte av næringsar som må effektivisere, er å få etablert nye arbeidsplassar i vekstnæringsar som også kan trekkje til seg utdanna arbeidskraft.

Offentleg verksemd er ein viktig del av arbeidsmarknaden i Noreg. I Nord-Noreg har godt over ein tredel av dei sysselsette arbeid i offentleg sektor. I andre landsdelar varierer den delen av dei sysselsette som arbeider i offentleg sektor, mellom ein firedel og ein tredel. Det er ein tendens til at offentleg sysselsette utgjør ein relativt mindre del av dei sysselsette i folketette område enn i meir perifere område og mindre kommunar. Når det gjeld statleg forvaltning, har Oslo den høgste prosentdelen sysselsette, med 12,5 pst. Deretter følger Troms med 10,0 pst. og Finnmark med 9,4 pst. (1. kvartal 2001)¹.

Oppsummering

Tabell 3.25 viser at dei minste bu- og arbeidsmarknadsregionane i hovudsak har ein nedgang eller ein svakare vekst i folketal og sysselsetjing enn større regionar. Særleg i Nord-Noreg finn vi mange område med svak eller negativ vekst i dei siste åra. Også ein del by- og tettstadsregionar opplever svak eller negativ vekst, særleg i Nord-Noreg og Midt-Noreg. Samtidig opplever storbyområda og regionar som ligg nær storbyane, ein sterk vekst. Dette gjeld i alle landsdelar.

I mange av dei mindre bu- og arbeidsmarknadsregionane som opplever svak eller negativ vekst, er primærnæringsane, industri og offentleg sektor viktige for arbeidsmarknaden. Både næringslivet og offentleg sektor møter sterke krav til effektivitet. Konkurransetsette verksemdar innanfor fiskeri, havbruk og tradisjonell eksportindustri har hatt særlege utfordringar i dei siste åra. Det har vist seg vanskeleg å få etablert nye arbeidsplassar i desse regionane som kan vege opp for den reduksjonen som følgjer av effektiviseringa.

Område som opplever nedgang eller svak vekst i folketal og sysselsetjing, og som har ein utsett arbeidsmarknad, har eit særleg behov for ein

¹ Kjelde: SSB, Samfunnspeilet 2003

ekstra regionalpolitisk innsats. Den regionalpolitiske innsatsen må tilpassast utfordringane i næringsstrukturen og arbeidsmarknaden i dei ulike områda, og støtte oppunder regionar og verksemder med vekstkraft. Eit fellestrekk vil likevel vere behovet for å møte utfordringane med aktiv innsats for å få til omstilling og nyskaping.

Nærmare om strategiane i regional- og distriktspolitikken

Betre rammevilkåra for auka verdiskaping

Gode rammevilkår for næringslivet er den viktigaste føresetnaden for å få fram lønnsame og konkurransedyktige verksemder som kan medverke til auka verdiskaping. Den globale konkurransen blir stadig sterkare. Det gjeld i særleg stor grad for næringslivet i distrikta.

Mykje av den tradisjonelle og nye eksportindustrien finst utanfor storbyområda. For desse viktige vekstnæringane er det avgjerande å unngå for sterk vekst i lønner og andre kostnader, og å halde kronekursen og rentenivået nede. Regjeringa har derfor gjennom ulike tiltak teke tak i utfordringane med å dempe veksten i kostnadsnivået i høve til andre land, mellom anna gjennom det inntektspolitiske samarbeidet med partane i arbeidslivet og ved å leggje fram stramme budsjett og redusere skattar og avgifter. Sidan statsbudsjettet for 2002 blei lagt fram, har Noregs Bank sett ned styringsrenta fleire gonger. Kronekursen er også monaleg svekt i forhold til viktige valutaer. Dette er med på å auke innteninga og styrkje konkurransekrafta i konkurranseutsette verksemder. Endringa i ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift vil i stor grad påverke rammevilkåra for mange verksemder. Regjeringa legg vekt på å etablere gode og treffsikre alternativ til dagens ordning, jf. nærmare omtale nedanfor.

Leggje til rette for utvikling av vekstkraftige regionar i alle delar av landet

I alle landsdelar finst det vekstkraftige regionar med sterke kompetanse- og næringsmiljø. Regjeringa vil leggje til rette for vidare utvikling av vekstkraftige regionar der sentra i regionane kan spele ei viktig rolle. I St.meld. nr. 31 (2002-2003) Storbymeldingen understrekar regjeringa den viktige rolla byane har som motor for regional utvikling. Vekstkrafta i byane skal medverke til å fremme verdiskaping, busetjing og vekstkraftige regionar over heile landet. Samferdselspolitikken medverkar til å binde kvar enkelt region betre saman, og til å utvide bu- og arbeidsmarknadsregionane.

Gjennom utdanning og forskning vil regjeringa styrkje kompetansemiljøa. Regjeringa legg også vekt på å føre vidare ein offensiv statleg lokaliseringsspolitikk. Lokaliseringsspolitikken skal leggje særleg vekt på å forsterke dei kompetansemiljøa som alle-reie finst i regionane. Utflyttinga frå Oslo av statlege tilsyn, som omfattar om lag 900 arbeidsplassar, skal medverke til dette. Samtidig med at regjeringa legg vekt på å utvikle vekstkraftige regionar, vil ein ha merksemda retta mot småsamfunn med stor avstand til regionale senter og med problematisk næringsstruktur og nedgang i folketalet. I slike område er det spesielt viktig å sikre tilgang på grunnleggjande velferdstenester.

Konsentrere den næringsretta innsatsen meir mot innovasjon og nyskaping

Ein politikk for innovasjon er ein viktig del av regional- og distriktspolitikken. Evna til innovasjon i næringslivet er avhengig av gode samarbeidsprosessar i dei regionale næringsmiljøa og mellom næringslivet og offentlege aktørar. Auka vekt på innovasjon og nyskaping skal byggje opp under vekstkraftige regionar og senter i alle delar av landet. Dei selektive verkemidla overfor næringslivet skal spissast meir inn mot idé-, utviklings- og kommersialiseringssfasar i verksemder, og mot forskning, kompetanseheving og internasjonalisering i norsk næringsliv.

Regjeringa legg stor vekt på å samordne fleire politikkområde for å auke innsatsen med sikte på innovasjon og nyskaping. Regjeringa har derfor under utarbeiding ein plan for heilskapleg innovasjonsspolitikk, jf. nærmare omtale nedanfor. Kunnskaps- og forskingsparkane skal utviklast vidare, slik at dei kan fungere som "nav" i større regionale verdiskapingsmiljø i samarbeid med verksemder, næringshagar og inkubatorar. Vidare er utvikling av Centers of Expertise sentralt. Regjeringa legg også vekt på å formidle kunnskap om det å etablere ei bedrift gjennom mellom anna satsinga på Ungt entreprenørskap, og på å synleggjere det lokale næringslivet i skolen.

Regjeringa legg hausten 2003 fram plan for heilskapleg innovasjonsspolitikk. For nærmare omtale viser vi til St.prp. nr. 1 frå Nærings- og handelsdepartementet. Planen kan reknast som første trinn i regjeringa sitt arbeid med å utvikle og setje i verk ein heilskapleg innovasjonsspolitikk. Planen konsentrerer seg om desse områda:

- generelle rammevilkår for næringslivet
- kunnskap og kompetanse
- forskning, utvikling og kommersialisering
- entreprenørskap (oppstarting av ny verksemd)
- fysisk og elektronisk infrastruktur

Fleire av dei prosessane regjeringa allereie har sett i gang, byggjer opp under fokuset og målsetjingane i planen. Dette gjeld mellom anna den gjennomførte omorganiseringa av Noregs forskingsråd og den nyleg vedtekne omorganiseringa av det næringsretta verkemiddelapparatet, jf. St.prp. nr. 51 (2002-2003) Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv. Begge omorganiseringane legg opp til brei representasjon i regionane.

Utvikling av ein heilskapleg innovasjonspolitikk er krevjande, og er – også i internasjonal samanheng – eit nybrottsarbeid. Regjeringa vil leggje opp til auka samarbeid mellom offentlege styresmakter og private aktørar i den vidare utforminga av politikken på området.

Desentralisere verkemiddel til regionalt og lokalt nivå

Regional- og distriktspolitikken tek utgangspunkt i at ulike delar av landet står overfor ulike utfordringar og har ulike rammevilkår. Dette krev kunnskap om regionale og lokale forhold når ein skal ta avgjerder om bruk av offentlege verkemiddel, og det er viktig at avgjerdene blir tekne så nær dei dei får verknader for, som råd. Frå og med 2003 blei hovuddelen av dei regional- og distriktspolitiske verkemidla under Kommunal- og regionaldepartementet desentraliserte til regionalt nivå gjennom den såkalla ansvarsreforma. Som regionale utviklingsaktørar skal fylkeskommunane forvalte verkemidla i forpliktande partnerskap med næringslivet, verkemiddelaktørar, private organisasjonar, utdanningsinstitusjonar og kommunar. Sametinget skal vere representert i dei regionale partnerskapa der dette er formålstenleg.

Regjeringa vil vurdere å auke delegeringa til det regionale og lokale nivået innanfor ulike sektorar. Regjeringa har derfor sett i gang fleire forsøk for å prøve ut nye modellar for fordeling av ansvar og mynde, og for å leggje forholda til rette for eit best mogleg tenestetilbod for brukarane.

Frå 1. januar 2004 tek mellom anna Oppland fylkeskommune sikte på å setje i verk eit forsøk kalla "Fritt Fram". Forsøket gjeld forvaltning av statlege verkemiddel (utvalde verkemiddel innanfor arbeidsmarknadstiltak, næringsutvikling, miljø, landbruk og spelemidlar). Regjeringa ser på forsøket som ei naturleg oppfølging av ansvarsreforma, og som eit oppfølgingsforsøk i full skala av St.meld. nr 19 (2001-2002) Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå. Oppland fylkeskommune har fanga opp dei klare signala frå regjeringa om modernisering av offentleg sektor. Forsøket kan medverke til politisk vitalisering på både fyl-

kesnivå og kommunenivå ved at lokale og regionale politikarar får høve til – og større ansvar for – å ta tak i viktige samfunnsutfordringar i sine område. Fleire forsøk med differensiert oppgåvefordeling vil bli starta opp: Fylkeskommunane Buskerud, Telemark og Vestfold (samferdsel og næringsutvikling) og Vestlandrådet (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar) med oppgåver innanfor samferdsel. Regjeringa vil kome tilbake til dei budsjettmessige konsekvensane som følgjer av forsøk med oppgåvedifferensiering og einskapsfylke, i ein eigen tilleggsproposisjon.

Endringar i ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift

Innleiing

I mai 1999 slo EFTA-domstolen fast at den norske ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift innebar statsstøtte og måtte tilpassast reglane i EØS-avtalen. Ei revidert norsk ordning blei seinare i 1999 godkjend av EFTA sitt overvåkingsorgan, ESA, etter ei fleksibel fortolking av ESA sine retningslinjer for transportstøtte og av samhandelskriteriet i artikkel 61 i EØS-avtalen. Det blei føresetta at den norske ordninga skulle gjennomgåast på nytt innan utgangen av 2003.

I desember 2000 behandla EU-kommisjonen ei liknande svensk ordning med reduserte sosiale avgifter. Kommisjonen la til grunn ei meir ordrett tolking av dei gjeldande retningslinjene enn tidlegare, noko som førte til at Sverige ikkje fekk godkjent ordninga si.

I juni 2002 varsla ESA formelt Noreg om at dei ville gå igjennom den norske ordninga på nytt for å sikre lik handheving av reglane om statsstøtte innanfor EØS-området. ESA signaliserte at vurderinga ville bli gjennomført i lys av EU-kommisjonen sitt vedtak i den svenske saka.

I september 2002 blei Noreg beden om å melde frå til ESA om kva endringar ein ville gjere for å bringe ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift i samsvar med EØS-regelverket. Etter utgangen av 2003 ville ordninga innebere ulovleg statsstøtte.

I brev av 25. mars 2003 har Noreg søkt om (notifisert) ein overgangsperiode på tre år for sonene 3 og 4 og ei ordning med direkte transportstøtte, jf. omtale i Revidert nasjonalbudsjett 2003. Vidare viste Noreg til at vi tok sikte på å vidareføre dagens differensiering for Nord-Troms og Finnmark og for fiskeri- og landbruksnæringa, og dessutan vidareføre differensieringa innanfor eit fribeleg etter reglane for bagatellmessig støtte.

16. juli 2003 opna ESA ei formell undersøking av den notifikerte overgangsordninga og transportstøtteordninga. Ein nærmare omtale av prosessen er gitt i St.prp. nr. 1 (2003-2004) Skatte-, avgifts- og tollvedtak.

Møreforskning Molde har på oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet laga ein rapport om dei regionale verknadene av at privat sektor får auka kostnader som følgje av at den differensierte arbeidsgivaravgifta må endrast etter krav frå ESA.

Rapporten har fokus på dei regionale verknadene av omlegginga dersom ein berre tek omsyn til bagatellmessig støtte og den notifikerte overgangsordninga. Rapporten viser at Nordland og Troms vil få den største kostnadsauken, fordi alle kommunane i dei to fylka, med unntak for 7 kommunar i Troms som tilhøyrrer tiltakszona, ligg i avgiftssone 4, der auken vil bli høgst etter overgangsperioden.

Kva regionar som vil vere mest utsette, vil også variere etter lønnsnivået og lønnsemda i næringslivet. Større regionale sentre vil vere meir robuste enn små stader med meir ein-sidig næringsliv. Kostnadsauken vil bli størst for dei store føretaka. Av desse att er situasjonen mest alvorleg for dei verksemdene som ikkje kan velte kostnadsauken over i prisane. Regionar med større hjørnesteinsbedrifter i internasjonalt konkurranseutsette næringar vil derfor vere mest utsette.

Regjeringa er oppteken av å utvikle robuste og konkurransedyktige bedrifter og regionar. Rapporten frå Møreforskning vil, saman med annan dokumentasjon, vere eit utgangspunkt for regional fordeling av midlar som regjeringa føreslår å setje av til næringsretta utviklingstiltak, og for dialog med regionane og næringslivet om gode kompenserande tiltak i dei regionane det gjeld.

Forslag frå regjeringa til omlegging av ordninga

Regjeringa meiner at dei auka avgiftsinntektene ved ei endring av dagens ordning skal tilbakeførast til dei områda som endringane får verknader for. Det inneber at den fordelene som ligg i dagens differensierte arbeidsgivaravgift, så langt råd er blir ført vidare. Regjeringa ønskjer å utsetje den fulle effekten av auka avgift gjennom ei gradvis omlegging og har derfor søkt ESA om ei overgangsordning i sone 3 og 4.

Forslaget til kompenserande tiltak og vedtak om fastsetjing av avgifter til folketrygda er basert på at dei notifikerte ordningane for overgangsperiode og transportstøtte blir godkjende av ESA.

For 2004 føreslår regjeringa kompenserande ordningar som samla sett har ein provenyverknad

tilsvarande dei auka avgiftsinntektene som følgjer av omlegginga av arbeidsgivaravgifta.

Dei samla forslaga frå regjeringa til omlegging av ordninga blir kort omtalte nedanfor. Ei oversikt over provenyverknader og budsjettforslag for 2004 finst også i vedlegg II. Transportstøtte og næringsretta utviklingstiltak er nærmare omtalt i postomtalen. Ein fullstendig omtale av omlegginga finst i St.prp. nr. 1 (2003-2004) Skatte-, avgifts- og tollvedtak. I det same dokumentet finst det også ein omtale av andre alternative løysingar som regjeringa har vurdert.

Vidareføring av dagens ordning i Finnmark og Nord-Troms

I revidert nasjonalbudsjett 2003 varsla regjeringa at ein ville nytte artikkel 1(2) tredje ledd i Protokoll 3 til Overvakings- og domstolsavtalen (ODA-avtalen) som grunnlag for ei vidareføring av nullsatsen i tiltakszona for Nord-Troms og Finnmark.

Bakgrunnen for dette er at situasjonen i tiltakszona er spesiell. Dei store avstandane, den svært låge folketettleiken, klimaet og omsynet til samisk busetnad er forhold som grunnngir at omstenda i tiltakszona er uvanlege. Ein auke i ordinær arbeidsgivaravgiftssats frå 0 til 14,1 pst. ville vere dramatisk. Bedriftene i tiltakszona har i gjennomsnitt svært låge profittmarginar og vil derfor i liten grad vere i stand til å bere auka kostnader. Fråflyttingstala for Finnmark er i tillegg høge. Den 26. juni aksepterte EØS-/EFTA-landa Island og Liechtenstein at nullsatsen i Finnmark og Nord-Troms blir vidareført.

Vidareføring av dagens ordning for fiskeri og landbruk

Delar av verksemdene innanfor landbruks- og fiskerinæringane fell utanfor forbodet i EØS-avtalen mot statsstøtte og kan derfor behalde differensiert arbeidsgivaravgift. Regjeringa går inn for å vidareføre den differensierte arbeidsgivaravgifta etter dagens soner og satsar for desse næringane. Vidareføringa er avgrensa til dei føretaka som driv verksemd som fell inn under nærmare definerte næringsgrupper, og som knyter seg til produkt som ikkje er omfatta av EØS-avtalen. Ei liste over aktuelle næringar finst i St.prp. nr. 1 (2003-2004) Skatte-, avgifts- og tollvedtak.

Fribeløpsordninga – bagatellmessig støtte

I utforminga av ei alternativ ordning for privat næringsverksemd har regjeringa lagt vekt på at ein så langt råd er skal vidareføre den fordelene som

ligg i dagens differensierte arbeidsgivaravgift. Reglane for statsstøtte tillèt at ein kan gi eit samla støttebeløp til eit føretak på opptil 100 000 euro over tre år utan godkjenning frå ESA. For privat næringsliv lokalisert i sonene 2, 3 og 4 blir det derfor lagt opp til ei ordning med differensiering av arbeidsgivaravgifta innanfor det fribeløpet som reglane for statsstøtte tillèt. I 2004 vil fribeløpet for differensiert arbeidsgivaravgift vere inntil 270 000 kroner per føretak. Dette inneber at arbeidsgivarar i sonene 2-4 framleis vil kunne betale dagens arbeidsgivaravgiftssats inntil differansen mellom det føretaket faktisk betaler i avgift, og det føretaket ville ha betalt i avgift ved ein sats på 14,1 pst., er lik fribeløpet. Innanfor eit fribeløp på 270 000 kroner vil føretaka i sone 2 betale dagens avgiftssats for lønnsutbetalingar på opptil ca. 7,7 mill. kr. I sone 3 vil føretaka betale dagens avgiftssats for lønnsutbetalingar på opptil ca. 3,5 mill. kr, og i sone 4 vil det gjelde for lønnsutbetalingar på opptil ca. 3 mill. kr. Ei slik ordning vil kunne kompensere føretak med opptil om lag 10 tilsette i sonene 3 og 4, og føretak med opptil om lag 20 tilsette i sone 2. ESA sine retningslinjer for bagatellmessig støtte tillèt likevel ikkje eit slikt fribeløp for transportsektoren.

Regjeringa legg opp til at fribeløpsordninga skal givast prioritet når summen av den støtta som er tillaten innanfor regelverket for bagatellmessig støtte, skal utmålalt. Anna ikkje-notifisert støtte vil ikkje kunne givast til eit føretak dersom denne støtta kan føre til at grensene for bagatellmessig støtte blir overskridne. Til dømes kan dette gjelde utbetalingar frå kommunale næringsfond eller kraftfond, dersom midlane blir nytta til direkte bedriftsstøtte. Det samla omfanget av anna ikkje notifisert støtte er likevel lite samanlikna med det samla omfanget av fribeløpsordninga. Dersom slik støtte blir notifisert og godkjend etter unntaka som gjeld for statsstøtte i ESA sine retningslinjer, vil ho også kunne vidareførast. Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet vil i løpet av hausten vurdere om det er grunnlag for å notifisere støtteordningar som i dag er heimla i regelverket for bagatellmessig støtte.

Overgangsperiode

For å unngå at næringslivet i dei områda som omlegginga av arbeidsgivaravgift får verknader for, skal oppleve ein brå og sterk kostnadsauke, har regjeringa notifisert ein overgangsperiode for sonene 3 og 4 til ESA, jf. tabell 3.26. For sone 3 legg regjeringa opp til at satsen for arbeidsgivaravgifta blir auka med 1,9 prosentpoeng årleg, med unntak for 2007, da satsen blir auka med 2 prosent-

poeng. For sone 4 blir det lagt opp til at satsen blir auka med 2,2 prosentpoeng årleg, med unntak for 2007, da satsen blir auka med 2,4 prosentpoeng. Overgangsordninga vil ha verknader for private og kommunale verksemdar i sonene 3 og 4 som ikkje blir kompenserte fullt ut av fribeløpet. Det blir ikkje lagt opp til nokon overgangsperiode for statlege verksemdar.

Tabell 3.26 Satsar for arbeidsgivaravgifta (i pst.) i sonene 3 og 4 i den notifiserte overgangsperioden

Sone	Gjeldande sats	2004	2005	2006	2007
3	6,4	8,3	10,2	12,1	14,1
4	5,1	7,3	9,5	11,7	14,1

Kjelde: Finansdepartementet

Kompensasjon av offentleg sektor

Kommunesektoren

Omlegginga av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift fører isolert sett til auka utgifter for kommunesektoren. Regjeringa føreslår at kommunesektoren blir kompensert fullt ut for pårekna meirkostnader. Kompensasjonen vil bli gitt delvis gjennom ordninga med fribeløp og delvis gjennom auka skjønnsstilskot. Kompensasjonen til kommunesektoren vil bli trappa opp parallelt med avgiftsauken i overgangsperioden.

For ein nærmare omtale av kompensasjon for kommunesektoren viser vi til programkategori 13.70 og til kommuneproposisjonen for 2004.

Statleg sektor

Regjeringa føreslår at også statlege verksemdar blir kompenserte for auka utgifter i samband med omlegginga av arbeidsgivaravgifta. Verknaden av ei slik omlegging er likevel relativt avgrensa, ettersom desse verksemdene som hovudregel nyttar den høgste avgiftssatsen i dag.

Verknadene for statlege verksemdar er innarbeidde i budsjettforslaget for 2004, jf. nærmare omtale i dei enkelte fagproposisjonane. I budsjettforslaget er det også teke høgd for å kompensere enkelte andre budsjettpostar der tilskot frå staten i stor grad fullfinansierer verksemdar utanfor staten. Desse verksemdene kan få problem med å halde aktivitetsnivået oppe dersom det ikkje blir kompensert for auka utgifter til arbeidsgivaravgift i 2004 og i opptrappingsperioden fram til 2007.

Regjeringa føreslår samtidig ei administrativ forenkling ved å gå over frå sentral utrekning av

avgifta til lokal utrekning i den enkelte statlege verksemda, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2003-2004) Statsbudsjettet medregnet folketrygden.

Avvikling av el-avgifta

Regjeringa legg opp til å fjerne el-avgifta mellombels for all næringsverksemd frå 1. januar 2004. Dette kjem også næringslivet i dei områda som får auka arbeidsgivaravgift, til gode. Fjerninga av el-avgifta for all næringsaktivitet i første halvår 2004 og innføring av eit system som legg avgift på delar av forbruket frå 1. juli 2004, reknar ein med vil innebere ei avgiftslette til dei private verksemdene i sonene 2–4 med om lag 155 mill. kr påløpt og om lag 145 mill. kr bokført. Denne saka er nærare omtalt i St.prp. nr. 1 (2003-2004) Skatte-, avgifts- og tollvedtak.

Direkte transportstøtte

Regjeringa har notifisert ei direkte transportstøtteordning. Ordninga vil kompensere for ein del av dei meirkostnadene til transport som blir påførte bedrifter som ligg perifert, i forhold til bedrifter i meir sentrale område. For transport over 350 km til og frå og innanfor verkeområdet vil det kunne givast transportstøtte. For transport mellom 350 km og 700 km blir det lagt opp til eit støttenivå avhengig av lokaliseringa av føretaket. For transport utover 700 km blir støttenivået auka. For ein nærmare omtale av ordninga med direkte transportstøtte viser vi til postomtalen.

Næringsretta utviklingstiltak

Regjeringa føreslår å setje av midlar til næringsretta utviklingstiltak i dei regionane som er omfatta av omlegginga av den differensierte arbeidsgivaravgifta. Løyving av midlar vil skje etter at det er gjennomført ein prosess der fylkeskommunar, kommunar og næringsliv i dei områda som blir mest påverka, er med. Tiltak skal baserast på handlingsplanar utarbeidde i samarbeid mellom fylkeskommunar, kommunar og næringsliv, men Kommunal- og regionaldepartementet vil ha eit koordineringsansvar og skal sikre at det skjer ein god dialog mellom nasjonalt og regionalt nivå. Departementet vil i løpet av hausten avklare den konkrete dialogprosessen med regionane. For ein nærmare omtale av løyvinga viser vi til omtalen under kap. 551, post 61.

Styrking av innsatsen i tiltakszona for Nord-Troms og Finnmark

Regjeringa legg denne hausten fram ei eiga stortingsmelding om tiltakszona for Finnmark og Nord-Troms. Dette er ein stor region som er prega av små og spreidde senter, og som ikkje har større samanhengande arbeidsmarknader og vekstkraftige regionar. Regjeringa meiner at Finnmark og Nord-Troms står overfor varige ulemper knytte til avstand, klima, lågt folketal og små næringsmiljø. Utfordringane er derfor framleis store i tiltakszona, og regjeringa vil føre vidare den omfattande ekstraordinære innsatsen i området. Regjeringa vil i denne samanhengen særleg framheve vidareføringa av fritaket for arbeidsgivaravgift i tiltakszona som svært viktig. Dette er ei relativ styrking av innsatsen i tiltakszona sett i forhold til resten av landet, særleg innanfor arbeidsintensive næringar.

Effektutvalet og Distriktskommisjonen

Effektutvalet blei oppretta i 2001 med oppgåve å undersøkje den samla effekten av regional- og distriktpolitiske verkemiddel innanfor ulike politikk-område. Utvalet la fram ein delrapport i desember 2002 og skal leggje fram ein samla rapport i form av ein NOU ved årsskiftet 2003/2004.

Distriktskommisjonen blei sett ned av regjeringa vinteren 2003. Distriktskommisjonen skal sjå på heilskapen i regional- og distriktpolitikken og leggje fram konkrete forslag til endringar for å styrkje innretninga av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken. Distriktskommisjonen skal mellom anna byggje på arbeidet til Effektutvalet. Kommisjonen skal leggje fram resultatet av arbeidet sitt i september 2004 i form av ein NOU.

Nytt næringsretta verkemiddelapparat

Regjeringa legg vekt på at brukarane skal stå i fokus for det næringsretta verkemiddelapparatet, og at verkemidla skal forvaltast så nær brukarane som råd. For å sikre ei mest mogleg heilskapleg, kompetent og nær forvaltning av verkemiddel retta mot næringsutvikling, blir Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND), Noregs Eksportråd (NE), Norsk Turistråd og SVO (Statens veiledningskontor for oppfinnere) slått saman til éin ny verkemiddelaktør frå 1. januar 2004 (jf. St.prp. nr. 51 (2002-2003) Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv). Den nye verkemiddelaktøren skal fokusere på gründerar og småbedrifter med potensial for vekst, og på ulike regionale utfordringar. For å lykkast i dette arbeidet er

det viktig å ha eit godt samarbeid med fylkeskommunane og andre regionale utviklingsaktørar.

Ny distriktsretta ordning

I statsbudsjettet for 2003 blei det løyvt 500 mill. kr i lånemidlar og 75 mill. kr i tapsfond over budsjettet for Nærings- og handelsdepartementet til ei ny distriktsretta ordning under SND. Som del av behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2003 blei det gjort vedtak om å stille ytterlegare 400 mill. kr til disposisjon til ei såkornordning, med eit tilhøyrande tapsfond på 100 mill. kr. Nærings- og handelsdepartementet gjer i sitt budsjett for 2004 framlegg om å forsterke såkornarbeidet med 400 mill. kr, med eit tilhøyrande tapsfond på 100 mill. kr.

Departementa vil syte for ei effektiv koordinering av bruken av desse midlane i forhold til dei andre regional- og distriktpolitiske verkemidla over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet.

Endringar under programkategori 13.50 Regional- og distriktpolitikk

Det blir i statsbudsjettet for 2004 føreslått ein ny post 551.61 Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, kan overført og to nye tilsegnfullmakter knytte til ytterlegare tilskot til næringsretta utviklingstiltak og transportstøtte som kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift. Sjå forslag til romartalsvedtak IV. Omtalen av departementet sine fond er plassert under kap. 5327, post 50.

Kap. 550 Lokal næringsutvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
60	Tilskot til utkantkommunar, kan overførast	16 837		
63	Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift	20 000		
	Sum kap. 550	36 837		

Frå og med 2003 er løyvinga på området samla under kap. 551 Regional utvikling og nyskaping og kap. 552 Nasjonalt samarbeid for regional utvikling.

Post 60 Tilskot til utkantkommunar, kan overførast

Utkantkommuneprosjektet blei avslutta i 2001. 2003 er siste året med utbetalingar over posten.

Post 63 Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift

Rapport for 2002

Frå 1. januar 2000 fikk 39 kommunar lågare og 14 kommunar auka sats for arbeidsgivaravgift. Målet med posten har vore å kompensere dei 14 aktuelle kommunane for meirkostnader som næringslivet er blitt påført som følgje av auka sats for arbeidsgivaravgift. Det er løyvt 50 mill. kr for 2000, 154 mill. kr for 2001, 20 mill. kr for 2002 og 20 mill. kr for 2003, då som skjønnsmidlar til fylkeskommunane over kap. 551, post 60, til saman 244 mill. kr.

Midlane har i hovudsak vore forvalta av kvar enkelt kommune. I 2002 blei om lag 42 pst. av midlane nytta til infrastrukturtiltak. Midlar nytta til kompetanseheving utgjer om lag 21 pst., medan regionale utviklingstiltak utgjer 37 pst. Varierande rapportering gjer at tala er noko usikre.

Departementet vurderer det slik at dei løyvde midlane har gitt grunnlag for mange tiltak og prosjekt i dei aktuelle kommunane. Ein del av midlane er sette av lokalt til planlagde samferdselstiltak, men er enno ikkje utbetalte.

Løyvinga har også dekt utgifter til overvaking av utviklinga i kommunane. Den siste rapporten frå NIBR om overvakinga av kommunane fangar opp utviklinga fram til desember 2002 for ei rad indikatorar. Hovudinntrykket frå overvakinga er at det er vanskeleg å peike på klare skilnader i utviklinga i dei 14 kommunane sett i forhold til kommunar som dei kan samanliknast med.

Posten går ut frå og med 2003. Midlar som er løyvde til formålet for 2003, er desentraliserte til dei respektive fylkeskommunane, jf. omtale av kap. 551, post 60 og St.prp. nr. 1 (2002-2003).

Kap. 551 Regional utvikling og nyskaping

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
51	Tilrettelegging for næringsutvikling, fond, kan nyttast under kap. 2425, post 50	232 000		
55	Etablerarstipend, fond	115 000		
57	Tilskot til Interreg, inkl. pilotprosjekt, fond	67 000		
60	Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling		1 116 500	1 051 050
61	Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, kan overførast			150 000
	Sum kap. 551¹	414 000	1 116 500	1 201 050

¹ Endringer som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003 og St. prp. nr. 75 (2002-2003) Enkelte endringer på statsbudsjettet for 2003 i forbindelse med trygdeoppgjøret, blei løyvinga på kap. 551, post 60 sett ned med 50 mill. kr til 1 066,5 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Mål

Hovudformålet med midlane under kapitlet er å medverke til og leggje til rette for regional utvikling og nyskaping, tilpassa føresetnadene i regionane. Midlane skal medverke til realisering av regionale mål for utvikling i alle delar av landet og til særskild næringsretta innsats og transportstøtte til område som får auka arbeidsgivaravgift frå og med 2004.

Post 51 Tilrettelegging for næringsutvikling, fond, kan nyttast under kap. 2425, post 50**Rapport for 2002**

Målet med kap. 551, post 51 har vore å realisere kommunale og fylkeskommunale tiltak som legg til rette for næringsutvikling i distrikta, tilpassa dei føresetnadene som finst i regionane, og gjerne basert på samarbeid mellom fleire partar. Posten er også nytta til å finansiere regionale samarbeidsprosjekt i dei fire nordlegaste fylka i regi av Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag (LU).

Løyvinga for 2002 var på 232 mill. kr. I tillegg blei det overført 32,9 mill. kr frå kap. 2425, post 50, jf. stikkordfullmakt. Til saman blei dermed ramma for 2002 på 264,946 mill. kr. Størstedelen av ramma blei delegert til fylkeskommunane og LU. Fordeinga var slik:

- Fylkeskommunane forvalta 179,3 mill. kr (inkludert overført ramme frå kap. 2425, post 50 og 2,4 mill. kr til nasjonalt program for stad-

utvikling) for å leggje til rette for næringsverksemd gjennom tiltak i fylkeskommunar og kommunar.

- LU forvalta 24 mill. kr for gjennomføring av program for tilrettelegging av næringsverksemd i ein tidleg fase.
- Departementet forvalta 61,6 mill. kr til store og kostnadskrevjande fysiske infrastrukturtiltak og egne utgreiings- og utviklingstiltak.

Midlane har betra dei lokale rammevilkåra for næringslivet gjennom investeringar i infrastruktur og utviklingsprosjekt. Det blei gitt støtte til tiltak for næringsutvikling gjennom investeringar i fysisk infrastruktur, spreing av kunnskap og større samarbeids- og tiltaksprosjekt. I tillegg blei løyvinga nytta til ulike utgreiings- og utviklingsprosjekt sette i gang av departementet og fylkeskommunane. Av den totale ramma gjekk 3,4 pst. av midlane til kvinneretta prosjekt og 6 pst. til arbeid retta inn mot ungdom. Dei tilsvarande tala for 2001 var 2,7 pst. og 4,2 pst.

Ca. 120 mill. kr blei gitt til finansiering av fysisk infrastruktur. Sentrale prosjekt her var utbetring eller utviding av kaianlegg for å kunne ta imot nye typar av fartøy, investeringar i veg-, vass- og avløpsanlegg i tilknytning til kommunale næringsareal (ca. 43,6 mill. kr), sentrums- og stadutviklingstiltak (ca. 36,8 mill. kr) og bygging av nye vassverk (ca. 19,6 mill. kr). Til andre tilretteleggjande tiltak, inkludert investerings-, utviklings- og opplæringsprosjekt innanfor IKT, blei det tildelt ca. 20 mill. kr.

Ca. 116,1 mill. kr blei gitt til prosjekt som gjeld oppbygging av kunnskap, læring og profilering. Det blei gitt støtte til samarbeidsprosjekt mellom næringslivet og høgskolar, vidaregåande skolar og forskingsinstitusjonar, til prosjekt retta inn mot kulturtiltak som grunnlag for næringsutvikling, til vidareføring av den særskilde satsinga på kvinner (5,5 pst.) og ungdom (8,6 pst.) i distrikta, og til andre former for tiltak og program som er med på å leggje til rette for sysselsetjing og næringsutvikling.

Utkantkommuneprosjektet blei avslutta i 2001, men blei ført vidare i ei eiga småsamfunnssatsing i 2002. I hovudsak er denne satsinga delegert til fylkeskommunane. Av den sentrale løyvinga blei det i 2002 løyvt om lag 4 mill. kr til småsamfunnssatsinga. Frå sentralt hald er det blitt fokusert på overføring av erfaringar og nettverkssamlingar for å byggje opp den regionale kompetansen på område som har med småsamfunnssatsing å gjere. Gjennom evalueringa av utkantkommunesatsinga kom det òg fram nyttige erfaringar som det er viktig å spreie vidare til andre område. Kommunal- og regionaldepartementet har også arbeidd med å opprette kontakt med andre departement som er relevante i satsinga overfor småsamfunn. Det blei løyvt 7,4 mill. kr til Merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkar (MERKUR).

24 mill. kr blei tildelt Landsdelsutvalet (LU), som er det regionale fellesorganet for fylkeskommunane Finnmark, Troms, Nordland og Nord-Trøndelag. Løyvinga skulle medverke til å vidareutvikle næringslivet gjennom kompetansehevande tiltak som særleg tok utgangspunkt i dei spesielle behova og føresetnadene ein hadde i landsdelen. Løyvinga skulle nyttast til å finansiere utviklingstiltak i ein tidleg fase, tiltak som sikta mot nyskaping og omstilling i næringslivet i landsdelen, relatert til bedriftsgrupperingar på tvers av fylkesgrensene. LU arbeider aktivt og fleksibelt innanfor fireårige program og årsplanar. Midlane gjekk i hovudsak til

- fiskeri- og havbruksprogrammet (6,1 mill. kr)
- industriprogrammet (5,8 mill. kr)
- reiselivsprogrammet (5,9 mill. kr)

Programma er omtalte i St.prp. nr. 1 (2002-2003).

Der det har vore naturleg, har prosjekt og nettverk vore knytte opp mot Interreg IIIB-programmet, der LU er norsk undersekretariat for programmet "Nordleg Periferi".

Omstillingsprogrammet for Indre Finnmark (1993–2000) er evaluert. Programmet skulle leggje til rette for utvikling av alternativt arbeid i kommunar som var sterkt påverka av omlegginga i rein-driftsnæringa, og omfatta Guovdageaidnu/Kautokeino, Kárášjohka/Karasjok, Porságu/Porsanger

og Deatnu/Tana. I same periode har Landsbruksdepartementet løyvd midlar til omstillingslønn til dei som gjekk ut av næringa. Evalueringa trekkjer fram at ein er blitt meir oppteken av næringsutvikling i regionen. Det er blitt betre samarbeid mellom kommunane, og det er etablert felles utviklings- og investeringsselskap. Ungdomssatsinga, medrekna Ungdomsservicekontora, oppfattar partane som eit positivt tiltak. Utdanningsnivået i området har auka i omstillingsperioden. Det kjem truleg også av etableringa av høgskolen og dei ulike skolereformene. Det har i første rekkje vore kvinner som har teke høgare utdanning, og denne tendensen er blitt forsterka i perioden. Det er vanskeleg å isolere kva som er effektar av sjølve omstillingsprogrammet, og kva som ville skjedd i alle høve.

Støtte frå kommunane sitt omstillingsfond (næringsfond) har gitt i gjennomsnitt 38 nyetableringar per år. Nyetableringane har vore små, i snitt 2 arbeidsplassar per bedrift, og har stort sett omfatta verksemd retta inn mot den lokale marknaden (handel og service), handverk/duodji og turisme. Det har vore ein mindre reduksjon i rein-driftsnæringa enn føresett i rammeplanen for omlegging innanfor næringa. Samla sett kunne ein ha forventa meir att for desse pengane.

Post 55 Etablerarstipend, fond

Rapport for 2002

Etablerarstipendet har vore ei ordning for bedriftsetablerarar i alle delar av landet, men med særleg vekt på etablerarar i distrikts-Noreg. Formålet har vore å stimulere til auka etableringsverksemd for å skape fleire varige og lønnsame arbeidsplassar.

Det blei i 2002 løyvt 115 mill. kr, av dette 111 mill. kr til SND og 4 mill. kr til departementet. Av løyvinga til SND gjekk 0,5 mill. kr til Svalbard, 7 mill. kr til nettverkskreditt og 19 mill. kr til inkubatorstipend.

Rapporteringa viser at det i 2002 blei løyvt 756 stipend. 65 pst. av midlane blei nytta til ordinære etablerarstipend, 11 pst. blei gitt som stipend til ungdom i aldersgruppa 18–29 år, 7 pst. blei brukt til nettverkskreditt, og 17 pst. gjekk til inkubatorstipend. 42 pst. av dei ordinære etablerarstipenda gjekk til kvinner.

41 pst. av ramma på 111 mill. kr blei løyvt til etablerarar innanfor det distriktpolitiske verkeområdet (sone A, B, C og D). 51 pst. blei brukt utanfor verkeområdet, og 6 pst. gjekk til soneovergripande prosjekt. 15 pst. av midlane som var sette av til inkubatorstipend, blei brukte i verkeområde C, medan resten blei gitt utanfor det distriktpolitiske verkeområdet.

13 pst. av SND si ramme blei nytta til oppfølgings- og opplæringsformål.

Departementet si sentrale ramme på 4 mill. kr blei i hovudsak nytta til ulike utviklings- og informasjonstiltak knytte til arbeidet med etablering.

Post 57 Tilskot til Interreg, inkludert pilotprosjekt, fond

Formålet med løyvinga har vore å gi norske regionar høve til å delta i Interreg, EU sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram. Målet er å fremme regional utvikling gjennom sosialt og økonomisk samarbeid over landegrensene. Fylkeskommunen spelar ei sentral rolle når det gjeld å forankre internasjonalt samarbeid lokalt og regionalt.

Den noverande Interreg-perioden varer ut 2006. Noreg deltek i tre grenseregionale program (Interreg IIIA), tre transnasjonale program (Interreg IIIB), det interregionale Interreg IIIC-programmet og Espon.

Rapport for 2002

Stortinget løyvde i 2002 67 mill. kr over denne posten. Midlane blei nytta til norsk deltaking i programma. Dette inkluderer drift av programma, utgreiingar og deltaking i styringsorgan.

Ein del program blei godkjende så seint at dei først kom i operativ drift i 2002. Det er gjennomgåande svært stor interesse for programma. I samband med deltakinga i Interreg har ein frå norsk side lagt ned mykje arbeid for å bli akseptert som likeverdig partner. Dette har Noreg fått aksept for, mellom anna som følge av at vi går inn med nasjonale midlar i programma.

Det er gjennomført evalueringar av den norske deltakinga i dei grenseregionale programma i førre programperiode. Resultata frå to av evalueringane ligg no føre. Evalueringane peiker på at programma har skapt nye kontaktar og nettverk som varer, og at innretninga av aktiviteten har vore god dersom ein tek utgangspunkt i målsetjingane for programma. Det blir vidare peikt på at aktiviteten ikkje ville blitt gjennomført i same form utan Interreg-finansiering, dvs. at addisjonaliteten er god, og at prosjekteigarane er fornøgde med deltakinga i Interreg. Det blir likevel peikt på at Interreg har ein komplisert og krevjande struktur, og at ein i varierende grad har greidd å oppfylle ambisjonane når det gjeld sysselsetjing.

Posten går ut frå og med 2003. Midlar til norsk deltaking i Interreg IIIB og IIIC og Espon blir no løyvde over kap. 552, post 72. Midlar til norsk finansiering av Interreg IIIA er desentraliserte til dei deltakande fylkeskommunane over kap. 551,

post 60, med unntak av Sametinget si deltaking i IIIA, som blir finansiert over kap 552, post 72.

Post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Posten er ny frå 2003. Omlegginga er nærmare omtalt i St.prp. nr. 1 (2002-2003) frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Mål

Posten har som hovudmål å medverke til og leggje til rette for regional utvikling, tilpassa føresetnadene i regionane. Midlane skal medverke til å realisere regionale mål for utvikling, særleg på områda kompetanseheving, omstilling, entreprenørskap og nyetablering, innovasjon og nyskaping i næringslivet, og skal leggje forholda til rette for dette. Midlane skal gjere det mogleg å vidareutvikle regionale fordelar ved å utløyse det verdiskapingspotensialet som finst i regionen. Som regionale utviklingsaktørar skal fylkeskommunane forvalte verkemidla i forpliktande partnerskap med næringslivet, verkemiddelaktørar, private organisasjonar, utdanningsinstitusjonar og kommunar. Sametinget skal vere representert i dei regionale partnerskapa der dette er formålstenleg.

Eit viktig prinsipp i ansvarsreforma er at avgjerder skal takast så nær dei det gjeld, som mogleg. Ein konsekvens av dette er at fylkeskommunane gjennom fylkesplanen sjølve skal fastsetje eigne mål, strategiar og resultatkrav for bruk av midlane. Desse skal vere i samsvar med hovudmålet for posten og vere ein del av handlingsprogrammet i fylkesplanen. Fylkeskommunane må arbeide tett opp mot regional partnerskap i utforminga av system for mål- og resultatstyring.

Tildelingskriterium

Rammene til fylka vil bli fastsette etter både objektive og skjønsmessige kriterium:

- Objektive kriterium: Folketalet innanfor dei enkelte sonene av det distriktpolitiske verkeområdet, med vektning av sonene etter distriktpolitisk prioritet. Alle fylkeskommunar er garanterte eit minstebeløp. Samla sett vil dette gi ein klar distriktsprofil.
- Skjønsmessige kriterium: Fleire fylke har før ansvarsreforma fått spesielle øyremerkte tilskot direkte frå Kommunal- og regionaldepartementet. I tråd med utfasing av forpliktingar vil dei objektive kriterium bli nytta ved ein aukande del av tildelingane. I 2003 blei ei rad formål omfatta av skjønsvurderingar. Det blir i 2004 spesielt

teke omsyn til område med særskilde utfordringar når det gjeld omstilling, til det grenseregionale samarbeidet med EU gjennom Interreg, og til støtte til programverksemda til Landsdelsutvalet for Nord-Noreg og Nord-Trøndelag (LU). Fylka er inviterte til dialog om omstillingsutfordringar som kan gi grunnlag for skjønnsfordeling. Desse formåla er tekne ut av dei skjønsmessige kriteria: Større næringsretta, fysiske tilretteleggingsprosjekt, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift frå 2000 og oppfølging av Tilleggsmelding til St.meld. nr. 55 (2000-2001) Om samepolitikken, som dreier seg om spesielle utfordringar knytte til levekår i Indre Finnmark.

Avgrensing i bruk av midlar til regional utvikling

Det er gjort greie for avgrensinga i bruken av midlar til regional utvikling i St.prp. nr. 1 (2002-2003) frå Kommunal- og regionaldepartementet, og i tilsegnsbrev og regelverk for posten. Regjeringa vil frå og med 2004 gjennomføre nokre justeringar i den geografiske avgrensinga for direkte bedriftsstøtte. Direkte bedriftsstøtte skal primært givast innanfor områda A, B og C av verkeområdet for dei distriktspolitiske verkemidla. Slik støtte må nyttast i tråd med regelverket for statsstøtte i EØS-avtalen. Når det er ein del av større satsingar grunngitt i vedtekne regionale strategiar, t.d. utvikling av vekstkraftige regionar, kan det også givast støtte til bedrifter i andre delar av fylket innanfor ramma av bagatellmessig støtte.

Direkte støtte i form av etablerarstipend og omstillingsmidlar kan nyttast i alle delar av landet. Kommunale næringsfond i sone A–D av verkeområdet kan givast støtte.

Ny verkemiddelaktør si rolle på regionalt nivå

Det er naturleg at den nye verkemiddelaktøren går inn i og tek over SND si gamle rolle på det regionale nivået. SND har i dag ei todelt rolle: Den eine rolla er å vere aktiv samarbeidspartnar og premissleverandør i den regionale partnerskapen. Den andre rolla er å vere operatør for dei bedriftsretta verkemidla.

Fylkeskommunane blir stilte fritt når det gjeld å velje operatørar for sine ordningar. Dette krev eit klart skilje mellom rollene som tingar og operatør, og fylkeskommunane skal ikkje sjølve kunne vere operatør for direkte bedriftsretta verkemiddel.

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga og kontrollen er ikkje endra frå 2003. Dette er det gjort nærmare greie for i St.prp. nr. 1

(2002-2003) frå Kommunal- og regionaldepartementet. Hovudpunktet er at fylkeskommunane sjølve skal utarbeide eit system for mål- og resultatstyring, med mellom anna indikatorar og resultatkrav som samsvarer med måla for regional utvikling i fylkesplanen. Utgangspunktet for arbeidet i fylka er fylkesplanane, som er godkjende ved kongeleg resolusjon. Budsjettproposisjonen og tildelingsbrev inneheld derfor ikkje oppfølgingskriterium som kan etterprøvast. Departementet skal sjå til at fylkesplanane og handlingsplanane knytte til fylkesplanane inneheld eit system for oppfølging som er i tråd med hovudsiktemålet med tilskotsmidlane. Fylkeskommunane skal i årlege rapportar, første gongen våren 2004, synleggjere korleis oppnådde resultat står i forhold til dei fastlagde resultatkrava. Departementet vil med nokre års mellomrom evaluere bruken av midlane. Evalueringane vil gi svar på om dei overordna måla for politikkområdet er nådde.

Tilskot utan tilbakebetaling – rundsumtilskot

Midlane til fylkeskommunane blir gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Det inneber at unytta midlar kan omdisponerast til andre tiltak innanfor det same formålet, uavhengig av kva år tilsegna er gitt.

Fylkeskommunane får fullmakt til å fastsetje i kva år tilsegn skal givast og kor lenge ei tilsegn skal gjelde, til å behandle søknader om forlenging av tilsegner og til å løyve unytta midlar til nye tiltak i tråd med dei måla Stortinget har sett for løyvinga.

Rapport for 1. halvår 2003

Fylkeskommunane er bedne om å gi ei tilbakemelding om korleis ansvarsreforma er motteken, gi ei vurdering av korleis partnarskapsarbeidet fungerer, og omtale endringar i arbeidsformer og koplinga mellom plan og verkemiddel. Fylkeskommunane er også bedne om å gi ei oversikt over korleis rammene er disponerte på ulike satsingsområde og forvaltningsaktørar.

Reaksjonar på reforma: Fylkeskommunane er i stor grad samde om at ansvarsreforma er ei positiv endring. Større fridom og auka fleksibilitet når det gjeld å fordele rammer i tråd med eigne strategiar, har i mange fylke ført til auka engasjement i partnarskapsarbeidet. Fylkeskommunane opplever stor tilgang på gode utviklingsprosjekt, og at dei økonomiske verkemidla ikkje strekk til i forhold til idear og ambisjonar i partnerskapen.

Vurdering av partnarskapsarbeidet og endringar i arbeidsformer: Organiseringa av partnarskapsarbeidet og samansetjinga av aktørar varierer mellom fylka. Fylka har i fleire år arbeidd med å få til gode prosessar i partnarskapsarbeidet. Om reforma har

ført til endringar i arbeidsformene eller ikkje, er i nokon grad avhengig av storleiken på den tildelte ramma. Fylke som tek imot relativt store rammer, melder om ein del endringar i arbeidsformer, og da med auka involvering i prosessane. Dei fylka som tek imot relativt små rammer, melder om at reforma i liten grad har ført til endringar på dette området. Der ein melder om endringar, blir det mellom anna meldt om auka deltaking frå det politiske nivået i utvikling og oppfølging av fylkesplanar.

Koplingar mellom plan og verkemiddel: Tilbakemeldingane er stort sett positive med omsyn til at færre føringar og auka fleksibilitet gir eit betre grunnlag for kopling mellom plan og verkemiddel. Ei sterkare kopling er ikkje framtreddande no i det første året av ansvarsreforma. Satsingar som er i gang, og forpliktingar som ein har teke på seg, gjer at det vil ta nokre år før handlingsrommet kan nyttast fullt ut. Dei fylka som har dei minste rammene, opplever mindre effektar av omlegginga enn større distriktsfylke.

Fylka har også rapportert om fordeling av rammene i 2003, jf. tabell 3.27. Tala så langt viser at SND er tildelt om lag 604 mill. kr (tilskot, risikolån, etablerarstipend og regional finansiering av program), noko som er ein nedgang frå om lag 745 mill. kr i 2002, da totalramma var noko høgare. Kommunale næringsfond er prioriterte med 68 mill. kr, mot inga løyving i 2002. Løyvingane til omstilling og til Interreg IIIA er noko auka, medan løyvingane til LU (Landsdelsutvalet) og til kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift i 14 kommunar er noko redusert.

Tabell 3.27 Fylka si fordeling av rammene på ulike verkemiddelaktørar og satsingsområde i 2003

	(i 1000 kr)	
	Sum 2003	Pst.
SND	604 370	56
Fylkeskommunane (RUP, tilrettelegging)	251 700	23
Omstilling	73 350	7
Kommunale næringsfond	67 750	6
Interreg IIIA	45 460	4
LU	19 700	2
Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift i 14 kommunar	16 530	2
Totalt¹	1 078 860	100

¹ Ein del fylke har oppgitt tal før revidert nasjonalbudsjett, andre fylke har presentert tal der reduksjonen er innarbeidd.

Budsjettforslag for 2004

For 2004 foreslår regjeringa ei løyving på 1 051,05 mill. kr over kap. 551, post 60. Løyvinga blir gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Midlane blir desentraliserte til fylkeskommunane som regionale folkevalde organ. Tiltak som får støtte over posten, må vere i tråd med mål og strategiar i fylkesplanen og handlingsprogrammet i fylkesplanen. Innanfor måla i regional- og distriktpolitikken og for løyvinga under dette kapitlet, og innanfor gjeldande retningslinjer, står fylkeskommunane elles svært fritt til å prioritere ulike program og tiltak. Fylkeskommunane skal, i samarbeid med regional partnerskap, fordele midlane på ulike formål og verkemiddelaktørar og fastsetje resultatkrav.

Post 61 Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, kan overførast

Posten er ny frå 2004. Omlegginga av den differensierte arbeidsgivaravgifta frå og med 2004 er omtalt i programkategoriomtalen under "Nærmare om strategiane i regional- og distriktpolitikken". Ein fullstendig omtale er gitt i St.prp. nr. 1 (2003-2004) Skatte-, avgifts- og tollvedtak.

Mål

Målet med midlane er å få til ein særskild næringsretta innsats i område som får auka arbeidsgivaravgift frå og med 2004. Innsatsen skal medverke til å fremme målet om å sikre busetnad i alle delar av landet og ta ut det verdiskapingspotensialet som finst der. Midlane skal gå til tiltak som kan gi varige, positive effektar for næringslivet og regionane.

Strategiar

For å nå målet om å utløyse potensialet i ulike område, må tiltak ta utgangspunkt i dei spesielle utfordringane og ressursane som finst i kvar region. Det vil derfor bli lagt opp til ein aktiv dialog med regionane for å få fram kva som er dei beste og mest treffsikre strategiane og tiltaka.

Innretting av den særskilde innsatsen i kvart fylke vil bli utforma i samarbeid med fylkeskommunane og dei regionale partnerskapa. Næringslivet skal ha ein sentral plass i dette samarbeidet. Det blir lagt til grunn at midlane kan nyttast innanfor ulike sektorar og område, til dømes samferdsel, digital infrastruktur, FoU og nyskaping, kompetanseheving, samarbeid mellom skole og næringsliv, næringsretta program i regi av verkemiddelappara-

tet, eller andre tiltak som kan gjere næringslivet meir konkurransedyktig og lønnsamt. Midlane kan ikkje nyttast til finansiering av investeringar i, eller til ordinær drift av, fylkeskommunale eller kommunale tenester eller kommunal tenesteproduksjon. Departementet vil i samband med den vidare prosessen vurdere om det er behov for eigne retningslinjer som avgrensar bruken av midlane.

Regjeringa legg opp til at fylkeskommunane tek på seg ei koordinerande rolle i dette arbeidet, og at regionane sjølv kjem opp med planar og prosjekt som dei vil prioritere. Det er ein føresetnad at næringslivet og kommunane deltek og sluttar seg til forslaga. Bruken av midlane må skje innanfor dei rammene som er sette i regelverket om offentlig støtte etter EØS-avtalen.

Tildelingskriterium

Midlane skal gå til tiltak i dei områda som får auka arbeidsgivaravgift frå og med 2004. Kostnadsauken i kvart område vil vere utgangspunkt for den geografiske fordelinga av midlane. Forvaltning av midlane kan bli lagt til fylkeskommunar, kommunar, verkemiddelapparatet, Kommunal- og regionaldepartementet eller andre departement, avhengig av kva typar av tiltak som blir prioriterte i kvar region. Departementet vil avklare fordeling og nærmare tildelingskriterium for midlane. Ramma kan også nyttast til å finansiere utgreiings- og evalueringsoppgåver innanfor formålet med posten.

Oppfølging og kontroll

Posten er ny frå 2004. I løpet av første halvår 2004 skal fylkeskommunane, saman med kommunane og næringslivet, lage handlingsplanar for bruken av midlane i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet. Handlingsplanane må ta utgangspunkt i måla for posten. Det vil derfor ikkje bli utarbeidd nærmare, spesifiserte nasjonale mål- og resultatkrav for denne budsjettposten. Tildeling av midlar vil først skje når handlingsplanane frå regionane er ferdige og departementet har gjennomført ein dialog med regionane og fylkeskommunane om føreslåtte planar og tiltak. Departementet vil sjå til at dei som skal forvalte midlane, utarbeider nærmare resultatmål i tråd med dei måla og strategiane som er sette. Budsjettproposisjonen inneheld derfor ikkje operative og konkrete delmål som kan etterprøvast. I revidert budsjett for 2004 vil det bli gitt ei førebels rapportering av prosessen med utarbeiding av handlingsplanar. I budsjettproposisjonen for 2005 vil fordeling av løyvde midlar og tilsegn for 2004 bli omtalt. Dei som for-

valtar midlane, skal rapportere om faktisk og planlagt bruk av midlane, første gongen i 2005.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa føreslår ei løyving på 150 mill. kr til næringsretta tiltak i dei regionane som får auka arbeidsgivaravgift i 2004, på ein ny post 61 Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift. Midlane vil bli gitt som tilskot uten tilbakebetaling. Tiltaka vil kunne strekke seg over fleire år. Det blir føreslått at posten får stikkordet kan overførast.

Kommunal- og regionaldepartementet kan gi tilsegn om ytterlegare 205 mill. kr til formålet, jf. forslag til romartalsvedtak IV om tilsegningsfullmakt, slik at departementet til saman kan disponere 355 mill. kr til slike tiltak i 2004. Dette er ein del av kompensasjonen for auka arbeidsgivaravgift.

Transportstøtte

Regjeringa har notifisert ei direkte transportstøtteordning. Siktemålet med transportstøtta er å stimulere til økonomisk vekst i næringssvake område ved å redusere dei konkurransmessige ulempene som lange transportavstandar, vanskelege transportforhold og spreidd busetnad i enkelte distrikt gir. Ordninga vil kompensere for ein del av meirkostnadene til transport som blir påførte bedrifter som ligg perifert i forhold til meir sentrale område. For transport av varer utover 350 km til og frå verkeområdet for transportstøtte vil det etter forslaget kunne givast støtte. Det same gjeld for transport over 350 km innanfor verkeområdet. For transport mellom 350 km og 700 km blir det lagt opp til eit støttenivå avhengig av kvar føretaket er lokalisert. For transport utover 700 km er støttenivået høgre.

Innretning av ordninga

Transportkostnader som kan utløyse støtte:

- inntransportering av varer/produkt til verksemdar som er lokaliserte i verkeområdet for transportstøtte, og der varene/produkta skal tilarbeiddast
- uttransportering av varer/produkt frå bedrifter lokaliserte i verkeområdet for transportstøtte
- den same typen transportar som er nemnde ovanfor, men som skjer innanfor verkeområdet, under føresetnad av at kriteriet om minste transportavstand er oppfylt

Det kan givast støtte til transport på veg, bane og sjø. Ordninga skal ikkje vere eksportstøtte. Ved eksport kan transportstøtte berre givast som kom-

pensasjon for ekstra transportkostnader som ei bedrift har fram til grensa eller nærmaste eksporthamn. Transportkostnader må reknast ut frå den mest økonomiske transportmåten og den kortaste vegen mellom produksjonsstaden eller tilarbeidingsstaden og varemottakaren. Ein kan berre gi støtte til transport der transportstrekninga er 350 km eller lengre (sjå tabellen).

Næringsavgrensing

Transportstøtte kan ikkje tildelast verksemdar i sektorar som er omfatta av sektorreglar gitt i ESA sitt vedtak av 22. september 1999 (228/99 COL) og i forskrift frå Finansdepartementet av 29.12.1999 med heimel i Stortingsvedtak av 26.11.1999 Om fastsetjing av avgifter m.v. til folketrygda for 2000 § 4 andre ledd. Ein kan heller ikkje gi transportstøtte til bedrifter i fiskeri- og landbrukssektoren som blir omfatta av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift.

Grad av kompensasjon – soner og støttesatsar i verkeområdet

Støtta må berre tene som kompensasjon for ekstra transportkostnader. Utmålinga av støtte vil ta utgangspunkt i ein delvis refusjon av ekstra transportkostnader for bedriftene i verkeområdet. Tiltakssona vil ikkje bli omfatta av verkeområdet for transportstøtte, ettersom ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift vil bli vidareført i denne sona. Regjeringa har notifisert eit eige verkeområde for transportstøtte. Godkjenning frå ESA ligg enno ikkje føre. Desse kommunane er notifiserte i to soner:

Sone 1:

- Troms, med kommunane Harstad, Tromsø, Kvæfjord, Skånland, Bjarkøy, Ibestad, Gratangen, Lavangen, Bardu, Salangen, Målselv, Sørreisa, Dyrøy, Tranøy, Torsken, Berg, Lenvik og Balsfjord
- Heile Nordland
- Nord-Trøndelag, med kommunane Leka, Nærøy, Vikna, Flatanger, Fosnes, Overhalla, Høylandet, Grong, Namsos, Namsskogan, Røyrvik, Lierne, Snåsa, Inderøy, Namdalseid, Verran, Mosvik, Verdalen, Leksvik, Meråker og Steinkjer

Sone 2:

- Sør-Trøndelag, med kommunane Hemne, Snillfjord, Hitra, Frøya, Ørland, Agdenes, Rissa, Bjugn, Åfjord, Roan, Osen, Oppdal, Rennebu,

Meldal, Røros, Holtålen, Midtre Gauldal, Selbu og Tydal

- Møre og Romsdal, med kommunane Kristiansund, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Norddal, Stranda, Stordal, Rauma, Nesset, Midsund, Sandøy, Aukra, Eide, Averøy, Frei, Gjemnes, Tingvoll, Sunndal, Surnadal, Rindal, Aure, Halså, Tustna og Smøla
- Sogn og Fjordane, med kommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Høyanger, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Askvoll, Fjaler, Gaular, Jølster, Bremanger, Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal, Gloppen og Stryn.

Departementet har sett i gang ei transportkostnadsundersøking for å vurdere om det er råd å inkludere nokre kommunar i nordlege delar av Hedmark og Oppland i verkeområdet for transportstøtte.

Dei aktuelle kommunane vil bli notifiserte til ESA dersom undersøkinga stadfestar at dei har ekstra transportkostnader og elles oppfyller vilkåra i regelverket for statsstøtte.

Tabell 3.28 Støttesatsar

Transportavstand i kilometer	Sone 1	Sone 2
350–700	30 pst.	20 pst.
701–	40 pst.	30 pst.

Iverksetjing og rapportering

Det er førebels ikkje teke stilling til korleis ordninga skal forvaltast. Dette vil departementet avklare i samband med fastsetjing av det konkrete regelverket.

Transportstøtta skal som hovudregel ikkje overstige den avgiftsauken føretaka får som følge av omlegginga av arbeidsgivaravgifta. Ordninga vil bli fastlagt i komande forskrifter og kjem i tillegg til den eksisterande transportstøtteordninga enkelte fylkeskommunar har i dag. Dersom det blir oppdaga at det er gitt urettmessig støtte, vil departementet krevje at ulovleg motteken støtte blir tilbakebetalt.

Overslag over omfanget av ordninga

Ordninga er basert på rettar, og førebels overslag viser at ordninga vil få eit omfang på ca. 200 mill. kroner. Ordninga er fastsett i forslag til romartalsvedtak IV. Ordninga får ingen budsjettmessige konsekvensar i 2004, ettersom utbetaling av transportstøtte først vil skje i 2005.

Kap. 552 Nasjonalt samarbeid for regional utvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
21	Kunnskapsutvikling, informasjon o.a., kan overførast	7 091	10 000	9 000
53	Program for kompetanseutvikling, fond	54 000		
54	Program for vassforsyning, fond	20 000		
56	Omstilling og nyskaping, fond	72 000		
70	SIVA - utviklingsarbeid, inkubatorprogram o.a.	34 000		
71	Næringshagar	30 000		
72	Nasjonale tiltak for regional utvikling, kan overførast		287 000	279 000
90	SIVA - innskotskapital, kan overførast	132 590		
	Sum kap. 552¹	349 681	297 000	288 000

¹ Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 552, post 72 sett ned med 5 mill. kr til 282 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Mål

Målet med løyvinga er å fremme regional verdiskaping og utvikling gjennom satsingar som best kan gjennomførast nasjonalt. Midlane skal nyttast på område der det er tenleg med nasjonal koordinering, og der det er kostnadseffektivt å tilby nasjonale fellesløysingar. Midlane kan nyttast på område der det trengst nasjonal/internasjonalt spisskompetanse. I tillegg kan midlane nyttast til utgreiingar, forsøk og pilotprosjekt i samband med innsats som kan medverke til regional utvikling. Midlane kan også nyttast til internasjonalt regionalpolitisk samarbeid og til tiltak som legg til rette for lokal utvikling, så fram tiltaka er av verdi også på nasjonalt plan.

Innsatsen skal særleg medverke til auka innovasjon og høgre kompetansenivå i regionalt næringsliv. Forsking og erfaringar viser at samarbeid og samspel mellom ulike aktørar blir stadig viktigare for å fremme nytenking og innovasjon. Primært skal samarbeidet skje på regionalt nivå, men når det gjeld spesielle utfordringar, kan det vere tenleg med samspel mellom regionale, nasjonale og internasjonale aktørar. Dette vil også gjelde for andre politikkområde og andre aktørar enn dei som tradisjonelt er ansvarlege for næringsutvikling.

Midlane skal også medverke til systematisk kunnskapsutvikling, utveksling av erfaringar og læring om regionale utviklingsprosessar. Tiltaka retta mot å fremme regional verdiskaping skal ha eit tydeleg fokus på å styrkje infrastrukturen i næringslivet, skape gode miljø for verdiskaping og auke innovasjonstakten i bedrifter og bedriftsmiljø. Tiltaka skal vere forankra i dei behova næringslivet har, og skal basere seg på samspel mellom private og offentlege aktørar.

Post 21 Kunnskapsutvikling, informasjon o.a., kan overførast**Mål**

Målet med posten er

- å få fram ny kunnskap som grunnlag for nasjonal politikktutvikling
- å spreie kunnskap, medverke til kompetanseoppbygging og gjennomføre informasjonstiltak overfor verkemiddelaktørar og viktige målgrupper

Tildelingskriterium

Midlane vil bli forvalta på sentralt nivå. Dei vil bli nytta til å dekkje behovet i departementet for kunnskap når det gjeld statistikk/data, analysar og kunnskapsoversikter, forskingsprosjekt, utgrei-

gar, evalueringar o.a., og til nokre informasjonstiltak når det gjeld regional- og distriktspolitikken. Midlane vil også bli nytta til prosjekt- og utviklingsarbeid i regi av departementet.

Rapport for 2002

I 2002 blei midlane mellom anna nytta til analysar og forskning for Effektutvalet. Midlane blei vidare nytta til utgreiing og statistikk i samband med forhandlingane med ESA om differensiert arbeidsgivaravgift.

I tillegg blei midlane nytta mellom anna til "cluster-analysar" i regi av EPRC i Glasgow, til rapportering om småsamfunnssatsinga, til utgreiingsarbeid for storbymeldinga og til eit pilotprosjekt om integrering av kjønns- og livsfaseperspektiv i regionalt utviklingsarbeid. Det blei også nytta midlar til spreing av kunnskap gjennom tidsskrifta *Profilen og PLAN*, og til Sekretariatet for etter- og vidareutdanning for samfunnsplanlegging. Utgifter til prosjekt- og utviklingsarbeid i departementet er dels kopla til mellombels prosjektstillingar, dels til ekstern hjelp.

Rapport for første halvår 2003

Også i 2003 er ein god del av ramma blitt nytta til utgreiingar og til drift av Effektutvalet. Midlar under denne posten er også nytta til arbeidet i Distriktskommisjonen.

For å utøve støttespelarfunksjonen og styrkje fylkeskommunen i rolla som leiande utviklingsaktør har departementet i 2003 gitt støtte til utvikling av eit statistikkssystem for planlegging og analyse (Norges-Panda). Departementet har store forventningar til at systemet blir nytta av fylkeskommunane.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa foreslår å løyve 9 mill. kr over kap. 552, post 21 for 2004.

Post 53 Program for kompetanseutvikling, fond

Rapport for 2002

Formålet med løyvinga har vore å leggje til rette for innovasjon, nyskaping og kommersialisering av forskingsresultat, mellom anna gjennom auka næringsretting av FoU- og kompetansemiljø, og til å etablere nettverk mellom desse miljøa og små og mellomstore bedrifter (SMB) i distrikta.

For 2002 løyvde Stortinget 54 mill. kr over denne posten. Ved bruken av midlane blei det mel-

lom anna lagt vekt på å styrkje samspelet og samarbeidet mellom ulike aktørar. Ein stor del av midlane gjekk til idéskaping, innovasjon og nyskaping i SMB.

Program forvalta av Noregs forskingsråd: Dette gjeld program for forskingsbasert nyskaping (FORNY), program for mobilisering for FoU-relatert innovasjon (MOBI) og programmet Verdiskaping 2010. Generelt nådde programma, med god margin, dei måla som var sette for 2002. Innanfor MOBI deltok det 915 bedrifter i 2002, og 73 FoU-miljø var involverte. Under FORNY-programmet blei det i 2002 kommersialisert 40 idear, og det var aktivitet innanfor programmet i 15 fylke. Under programmet Verdiskaping 2010 var det ved utgangen av 2002 etablert i alt åtte regionale hovudprosjekt og ti bedriftsnettverk. Rundt rekna 250 bedrifter deltok i 2002. Det er etablert eit eige doktorgradsprogram.

Etter departementet si vurdering var det god aktivitet i dei programma som blei finansierte over denne posten i 2002. Programma har gjennomgåande nådd dei resultatmåla som var sette, og det blir utvikla fleire interessante og lovande arbeidsmetodar og konsept for regional utvikling.

Andre utviklingstiltak: Det er mellom anna løyvt midlar til satsing på entreprenørskap gjennom foreininga Ungt entreprenørskap, og til drift av Barentssekretariatet. Det er også løyvt midlar til ulike pilotsatsingar og utgreiingar.

Frå 2003 er posten lagd inn i post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling.

Post 54 Program for vassforsyning, fond

Rapport for 2002

Formålet med programmet har vore å betre vasskvaliteten gjennom utbetringstiltak på eksisterande anlegg og leidningsnett. Det blei i 2002 løyvt 20 mill. kr til vassforsyningsanlegg i samband med nødvendige tiltak for å betre kvaliteten.

I alt ni prosjekt fekk tilsegn om støtte, medan 21 prosjekt fekk avslag. I 2001 var dei tilsvarande tala 13 og 11, men da var dei økonomiske rammene noko større. Det blei gitt tilskot til prosjekt der nødvendig utbetring førte til store kostnader per abonnent. Det blei gitt støtte for tiltak til utbetring av vassverk som totalt forsyner ca. 22 500 personar. Desse vassverka har også ei rad nærings- og reiselivsbedrifter innanfor forsyningsområdet. Med dei opplysningane ein hadde ved oppstarten av det femårige vassprogrammet, blei investeringsbehovet vurdert til 3,5 mrd. kr. Ei oppjustert vurdering i 1998 tilsa at behovet var det doble. I programperioden 1995–2002 blei det gitt støtte på 482,9 mill. kr til om lag 380 vassverk. Dette har gitt betre vassfor-

syning til ca. 1,4 mill. personar. Totale investeringar for dei tiltaka som det er gitt tilskot til, er på om lag 2,1 mrd. kr. I tillegg har det vore investert 1,3 mrd. kr i vassverk som har fått avslag på søknad om tilskot.

Post 56 Omstilling og nyskaping

Rapport for 2002

Løyvinga til omstilling har vore eit ekstraordinært verkemiddel overfor kommunar og regionar med ein-sidig næringsgrunnlag, og som har stått overfor særleg store omstillingsoppgåver. Målet har vore å medverke til å styrkje næringsgrunnlaget og verdiskapinga gjennom nyetablering og vidareutvikling av lønnsame arbeidsplassar.

For 2002 løyvde Stortinget 72 mill. kr over kap. 552, post 56. I 2002 hadde fire større regionar og 14 enkeltkommunar nyskappings- og omstillingsstatus. Dei større regionale prosjekta var "Morgenlandet", som omfattar alle kommunane i Hedmark og Oppland, OPPDRIFT (kommunane Risør, Tvedestrand, Kragerø og Nome), Solørfondet (kommunane Våler, Åsnes og Grue), HALD AS (kommunane Alstahaug, Herøy, Leirfjord og Dønna) og Glåmdalsregionen (kommunane Våler, Åsnes, Grue, Nord-Odal, Sør-Odal, Eidskog og Kongsvinger).

To nye kommunar fekk omstillingsstatus i 2002: Hasvik og Kautokeino (begge i Finnmark). Departementet har i tillegg hatt til vurdering fleire oppmodingar og søknader frå kommunar og regionar utan at det har vore grunnlag for å gi kommunane eller regionane omstillingsstatus.

Den omfattande strukturendringa som skal gjennomførast i Forsvaret, vil i åra framover skape store utfordringar når det gjeld omstilling i mange område. Omlegging av Forsvaret i perioden 2002–2005 vil føre til at mange arbeidsplassar fell bort. I 2002 blei det over budsjettet for Forsvarsdepartementet (kap. 1795, post 60) sett av 40 mill. kr til gjennomføring og oppfølging av omstillingsarbeidet i desse kommunane og regionane. I 2002 fekk 23 kommunar og ein region i 11 fylke tildelt midlar. I dette opplegget har fylkeskommunane fått ei sentral rolle. Kommunal- og regionaldepartementet har, i samråd med Forsvarsdepartementet, delegert fullmakt til fylkeskommunane til å behandle og avgjere søknader frå kommunane om hjelp i samband med omstilling. Dette er i samsvar med målet om å styrkje fylkeskommunane som regionale utviklingsaktørar.

I 2003 blei det løyvt 40,5 mill. kr til vidareføring av omstillingsarbeidet i kommunar og regionar der omleggingar i Forsvaret får konsekvensar for sysselsetjinga.

Post 70 SIVA – utviklingsarbeid, inkubatorprogram o.a.

Rapport for 2002

Selskapet for industrivekst SF (SIVA) skal arbeide for å auke verdiskapinga og sysselsetjinga i distrikta. SIVA si rolle har tradisjonelt vore av tilretteleggjande karakter, gjennom utvikling og utleige av eigedommar for næringsformål. Selskapet har i dei seinare åra utvida den tilretteleggjande rolla ved å engasjere seg i forskings- og kunnskapsparkar, næringsshagar og inkubatorar.

Regjeringa førte hausten 2001 eigarskapen for SIVA over frå Kommunal- og regionaldepartementet til Nærings- og handelsdepartementet, jf. St.prp. nr. 1 (2001-2002), Tillegg nr. 4. Samtidig blei det slått fast at hovudoppgåvene til SIVA framleis skal liggje i distrikta, og at selskapet skal ha ein klar distriktpolitisk profil. Ansvar for dei programretta budsjettmidlane skulle framleis liggje i Kommunal- og regionaldepartementet. Det har vore to siktemål med løyvinga over kap. 552, post 70:

- finansiere utviklingsaktivitet med sikte på auka innovasjon ved å utvikle nettverk og infrastruktur for overføring av kunnskap og kapital mellom dei nasjonale og regionale innovasjons- og kunnskapsmiljøa, investorar og bedrifter i distrikta
- finansiere utviklingsaktivitetar o.a. som kan medverke til høg utleigeegrad og motverke tap på SIVA sine investeringar

Utviklingstilskotet: Tilskotet skal nyttast til å finansiere dei tiltaka SIVA set i verk som utviklingsaktør. Ein stor del av innsatsen har vore retta mot å utvikle dei regionale innovasjonsmiljøa gjennom engasjement i mellom anna forskings- og kunnskapsparkar, regionale utviklingsselskap og ulike regionale nettverk og samarbeidsprosjekt. Av tilskotet på 13 mill. kr i 2002 nytta SIVA 2,1 mill. kr til innskotskapital i ulike kunnskapsparkar og utviklingsselskap, 1,7 mill. kr blei nytta til å styrkje fellesfunksjonar, miljø og nettverk i samband med SIVA sine industriparkar og andre lokaliseringar i distrikta, medan 6,2 mill. kr blei nytta til deltaking i regionalt baserte samarbeidsprosjekt med fylkeskommunar og kommunar, SND, Forskingrådet og andre aktørar som kan medverke til regional innovasjonsaktivitet.

Program for inkubatorverksemd: Programmet skal medverke til å gi nye, kunnskapsbaserte bedrifter tilbod om fagleg rådgiving, kompetansenettverk og husleige/servicefunksjonar til ein kostnad tilpassa den økonomiske evna til bedriftene. Ulike innovasjonsmiljø kan få støtte til etable-

ring og drift av ein inkubator i opptil fem år. SIVA vil dekkje delar av kostnadene. Støtta skal nyttast til frikjøp av areal, leiar- og servicefunksjonar, rådgiving og nettverk. Målet har vore å etablere 8–10 inkubatorar årleg over ein periode på tre år. Det skal leggjast særleg vekt på utvikling av inkubatorar i det distriktpolitiske verkeområdet, og det skal utviklast eit opplegg som sikrar klare distriktpolitiske effektar ved investeringar utanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Vi viser til omtale av programmet i St.prp. nr. 1 (1999-2000).

Det blei løyvt 34 mill. kr over post 70 for 2002. Av den samla løyvinga var 20,5 mill. kr sett av til gjennomføring av programmet for utvikling, etablering og drift av inkubatorar. Ved utgangen av 2002 var det gjort avtale med 15 vertskapsmiljø om utvikling av inkubatorar, medan tre inkubatorar var på forprosjektstadiet. Av dei 15 vertskapsmiljøa er berre to lokaliserte i det distriktpolitiske verkeområdet. Inkubatorprogrammet har isolert sett ikkje nådd målet om etablering av 25–30 inkubatorar eller om etablering av inkubatorar i det distriktpolitiske verkeområdet. Departementet har oppmoda SIVA om å auke innsatsen for å betre samspelet mellom dei etablerte inkubatorane og distriktsbaserte næringsmiljø, for på denne måten å utvikle eit landsdekkjande tilbod av inkubatorstener. Sidan programmet blei sett i gang i 2000, er det etablert eller teke inn 216 bedrifter i inkubatorane. Av desse blei 92 bedrifter tekne inn i 2002. Nokre har også flytta ut, slik at det per 31.12.2002 var 144 bedrifter med til saman 372 tilsette lokaliserte i inkubatorane.

Frå 2003 er post 70 SIVA – utviklingsarbeid, inkubatorar o.a. lagd inn i post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling.

Post 71 Næringshagar

Rapport for 2002

Siktemålet med løyvinga er å stimulere til utvikling av nye arbeidsplassar i distrikta innanfor kunnskapsintensive næringer. Det blir gjort ved å tilby infrastruktur og utviklingsmiljø til personar med høg kompetanse. Utvikling og etablering av næringshagane skjer i regi av SIVA, i nært samarbeid med lokale og regionale aktørar.

Det blei løyvt 30 mill. kr over post 71 i 2002. Av desse midlane blei 28,9 mill. kr nytta i 2002. Målet ved oppstartinga av programmet i 1999 var å etablere 30 næringshagar. Ved utgangen av 2002 var det etablert 29 næringshageselskap. SIVA gjekk i 2002 inn med innskotskapital i fire nye næringshagar, og deltok i kapitalauke ved tre eksisterande næringshagar. I tillegg var SIVA inne i fire forprosjekt. Av dei 29 næringshagane som var etablerte

ved utgangen av 2002, var 25 lokaliserte innanfor det geografiske verkeområdet for bedriftsretta verkemiddel. I desse næringshagane var det lokalisert til saman 387 bedrifter med ca. 866 sysselsette. Ca. 49 pst. av bedriftene høyrer heime i kategorien "Forretningsmessig tenesteyting" og 8 pst. i kategorien "Databehandlingsverksemd", medan 5 pst. av bedriftene har med undervisning å gjere. Det var etter måten mange kvinner i næringshagane. I 2002 var 38,5 pst. av dei sysselsette kvinner.

Frå 2003 er post 71 Næringshagar lagd inn i post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling.

Post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling, kan overførast

Mål

Målet med løyvinga er å fremme regional næringsutvikling og verdiskaping. Dette skal skje ved å stimulere til omstilling, innovasjon og nyetablering, og ved å medverke til at ungdom og kvinner i større grad får utnytta sine ressursar. Potensielle nyetablerarar og entreprenørar er hovudmålgruppa for innsatsen. Arbeidet vil skje i samarbeid mellom regionale, nasjonale og internasjonale aktørar. Midlane skal nyttast på område der det er tenleg med nasjonal koordinering, og der det er kostnadseffektivt å tilby nasjonale fellesløysingar. Innsatsen skal mellom anna gjennom utprøving av nye tiltak rettast mot kritiske faktorar i den regionale utviklinga. Ein ønskjer å vinne erfaringar som kan kome nasjonale og regionale aktørar til gode i framtidig verksemd. Dette er ein del av arbeidet med utvikling av vekstkräftige område og region-senter. Det vil bli satsa sterkare på regionar og senter med vekstpotensial.

Innsatsen har desse delmåla:

- Ein vil medverke til å auke innovasjonsevna hos gründerar og bedrifter og talet på realiserte forretningsidear, nyetableringar og knoppskytingar. Ein vesentleg del av innsatsen vil skje gjennom programsatsingar i regi av nasjonale verkemiddelaktørar.
- Ein vil medverke til å skape ein kultur for entreprenørskap for å auke etableringstakta i lokalt og regionalt næringsliv.
- Ein vil medverke til deltaking i internasjonalt regionalpolitisk samarbeid som fremmar utvikling av kunnskap, utveksling av erfaringar, nettverksbygging og samarbeid over grensene med sikte på å løyse felles utfordringar.
- Ein vil medverke til å spreie kunnskap om gode nasjonale og internasjonale erfaringar ved å systematisere og formidle informasjon om god praksis, utgreiingar, pilotprogram og program av eksperimentell karakter.

Kriterium for tildeling

I hovudsak vil løyvinga gå til programsatsingar og utviklingstiltak i regi av den nye verkemiddeleininga som blir oppretta frå 1.1.2004, Selskapet for industrivekst (SIVA), Noregs forskingsråd og andre nasjonale og internasjonale aktørar. Andre satsingar vil skje i regi av departementet. Departementet fordeler midlane mellom aktuelle verkemiddelaktørar på bakgrunn av framlagde planar. Departementet vil, på bakgrunn av presentasjonen av programma, prioritere tildeling av midlar ut frå siktemålet med løyvinga og omsynet til ei effektiv og tenleg forvaltning. Dei fleste program går over fleire år. Kvar enkelt verkemiddelaktør har avgjerdsrett når det gjeld å tildele midlar til enkeltprosjekt, eventuelt via programstyret. Brukarane skal utgjere hovudtyngda i programstyra. Løyvinga kan også nyttast til større nasjonale satsingar for regional utvikling som blir sette i gang av departementet. Det blir lagt vekt på samspel mellom offentlege og private aktørar både på nasjonalt og på regionalt nivå.

Midlane skal primært nyttast innanfor det geografiske området for dei distriktpolitiske verkemidla. Unntak frå dette må grunngivast særskilt og sjåast i samheng med målet om å utvikle vekstkraftige regionar. Dersom midlar blir nytta utanfor det distriktpolitiske verkeområdet, må det vere sannsynleg at dette vil gi positive regionale effektar. På programnivå kan det bli stilt krav om dokumentasjon av slike effektar. Midlar til Interreg kan nyttast innanfor heile det aktuelle programområdet.

Oppfølging og kontroll

Aktørane utarbeider sjølve programskildringar og resultatmål, som blir godkjende av departementet i tilsegnsbrev til aktørane. Alle forvaltarane av tilskot skal rapportere om oppnådde resultat for programma. Departementet vil i den årlege budsjettproposisjonen informere Stortinget om aktivitet, måloppnåing osv. i samband med programma.

Ein del effektar vil ofte kunne målast først fleire år etter at innsatsen eller tiltaket er sett i verk. I tillegg til å gi ei årleg rapportering om aktivitet og resultat, skal programma ha fokus på resultat knytte til prosessar, aktivitetar/formål og etablering av nye relasjonar/nettverk også av meir kvalitativ karakter. Effekten må derfor vurderast over tid. Effektane av tiltaka/satsingane vil bli vurderte gjennom periodiske evalueringar, og det vil bli gitt rapportar til Stortinget på ein tenleg måte. Vidare vil tiltak for læring og utveksling av erfaringar vere ein viktig del av oppfølginga. Departementet vil ta

initiativ til ein strategisk analyse av dei programsatsingane som er finansierte over kap. 552, og vil evaluere satsinga på næringsshagane.

Tilskot utan tilbakebetaling – rundsumtilskot

Midlane til den nye verkemiddeleininga, Noregs forskingsråd og SIVA blir gitt som tilskot utan tilbakebetaling. Det inneber at unytta midlar kan omdisponerast til andre tiltak innanfor det same formålet, uavhengig av kva år tilsegna er gitt. Verkemiddelaktørane får fullmakt til å fastsetje i kva år tilskot til eit prosjekt skal givast, og for kor lang tid eit tilskot skal gjelde. Verkemiddelaktørane skal behandle søknader om forlenging av tilskot og løyve resterande midlar til nye tiltak i tråd med dei måla Stortinget har sett for løyvinga. Midlar som ikkje blir nytta, kan omdisponerast til andre tiltak innanfor det same formålet.

Rapport for første halvår 2003

For 2003 er det løyvt 119 mill. kr til SND, 53 mill. kr til SIVA og 44 mill. kr til Noregs forskingsråd over denne posten. Løyvingane skal i hovudsak finansiere ulike programsatsingar for å fremme mellom anna innovasjon, kompetanseheving, nettverksbygging og spreining av teknologi (t.d. FORNY, inkubatorar, inkubatorstipend, næringshagar, Mobilisering for FoU-relatert innovasjon og NT-programmet).

Midlar frå posten er elles nytta til norsk deltaking i ulike Interreg-program og til å dekkje kostnader i samband med nasjonale satsingar og prosjekt som departementet har sett i gang. Det er mellom anna løyvt 2 mill. kr til eit nasjonalt program for utvikling av miljøvennlege og attraktive tettstader i distrikta. Merkantil kompetanseprogram for utkantbutikkar (MERKUR) er for 2003 tildelt til saman 7 mill. kr til kompetanseoppbyggjande tiltak i utkantbutikkar over heile landet. Siktemålet er å betre lønnsmda i butikkane. På bakgrunn av Stortinget si behandling av St.prp. nr. 65 (2002-2003) og Innst. S. nr. 260 den 20. juni 2003 blei det dessutan løyvt 5 mill. kr til eit eige utviklingsprogram for daglegvarebutikkar i utkantstrøk. Tanken er at desse midlane skal sikre betre lønnsmd for dei mest marginale butikkane, slik at ein kan halde oppe eit viktig tenestetilbod i små lokalsamfunn. Desse midlane blir forvalta av MERKUR.

Det blei også løyvt 400 000 kr til Ålesund Kunnskapsark for å leggje grunnlaget for eit Center of Expertise i Ålesund, med særskild vekt på den maritime næringsklynga. Senteret skal utvikle det regionale innovasjonssystemet, med vekt på kom-

petanseutvikling, knoppskyting av nye bedrifter, kommersialisering av forskingsresultat og etablering av nye bedrifter og næringer.

Budsjettforslag for 2004

For budsjettåret 2004 blir det foreslått ei løyving på 279 mill. kr over kap. 552, post 72. Løyvinga vil bli nytta til å vidareføre, tilpasse eller setje i verk nye programsatsingar, tiltak og forsøk i regi av departementet eller verkemiddelapparatet. For å støtte opp om ei innovativ næringsutvikling kan lokale/regionale tiltak av spesiell nasjonal interesse (pilotprosjekt og liknande) finansierast over posten. Det blir lagt vekt på å utvikle kunnskapsgrunnlaget innanfor formåla med posten. Det vil også bli sett av midlar til næringsutviklingstiltak på Svalbard.

Gjennom verkemiddelapparatet vil særleg innsatsen retta mot nyskaping og innovasjon bli styrkt. Dette gjeld ulike forsøk og utviklingsoppgåver av nasjonal interesse, til dømes entreprenørskapsarbeid, inkubatorstipend, Centers of Expertice og næringshagesatsing. Den nye verkemiddeleininga skal også forvalte eit skjønnsmessig

fastsett årleg beløp i samband med arbeid med omstillingsområde og fungere som eit nasjonalt kompetansesenter for omstilling.

Norsk deltaking i Interreg IIIB og Interreg IIIC, og Sametinget si deltaking i dei grenseregionale Interreg-programma, blir finansiert over denne posten. Det vil òg bli sett av midlar til å finansiere utgreiingar og evalueringar knytte til Interreg, og til informasjons- og opplysningstiltak. Midlane kan nyttast til drift av programma, inkludert deltaking i ulike styringsorgan.

Det vil bli gitt rom for å følgje opp fleirårige prosjekt som det er løyvt midlar til i tidlegare år. Dette gjeld til dømes småsamfunnssatsinga, Merkantil kompetanseprogram for utkantbutikkar (MERKUR), Centers of Expertice og Nasjonalt program for stadutvikling.

Det er over kap. 552, post 72 også sett av midlar til å dekkje kostnader i samband med forsøk og prosjekt som departementet sjølv set i gang. Spreiing av kunnskap frå prosjekta vil kome dei nasjonale og regionale aktørane til gode.

Midlane til desse formåla vil på bakgrunn av dette ikkje bli utlyste.

Kap. 2425 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og fylkeskommunane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
50	Bedrifts- og næringsutvikling i distrikta, fond, kan nyttast under kap. 551 post 51	773 500		
74	Dekning av tap på risikolån og garantiar	1 500		
	Sum kap. 2425	775 000		

Post 50 Bedrifts- og næringsutvikling i distrikta, fond


Rapport for 2002

Løyvinga over post 50 Bedrifts- og næringsutvikling i distrikta var i 2002 på 773,5 mill. kr. 32,9 mill. kr blei overført frå posten til kap. 551, post 51 Tilrettelegging for næringsutvikling. Inkludert innbetalingar av vilkårsbundne tilskot frå tidlegare år på 3,6 mill. kr, blei totalramma 744,2 mill. kr. Av dette disponerte SND sentralt 351 mill. kr, fylkeskommunane 390,5 mill. kr og Kommunal- og regionaldepartementet 2,7 mill. kr.

Det blei i 2002 gitt tilsegner om distriktsretta risikolån på 506,6 mill. kr (117,3 mill. kr sett av til

tapsfond) og tilsegner om distriktsutviklingstilskot på 624,2 mill. kr. Løyvinga er nytta fullt ut.

Departementet reduserte talet på øyremerkingar og føringar i budsjettet for 2002 i forhold til tidlegare år. Tanken var å gi SND større fleksibilitet med omsyn til kor stor del av løyvinga som skulle gå til distriktsutviklingstilskot, tapsfond for distriktsretta risikolån og program. Departementet sette som krav at SND i større grad skulle bruke lån som verkemiddel, medan tilskot skulle reserverast til nyskapingssjektivitet med høg risiko. Låneramma for distriktsretta risikolån var i 2002 større enn ho har vore i noko enkeltår sidan før 1995. Ca. 17 pst. av kap. 2425 blei sett av til tapsfond for nye risikolån.



Figur 3.3 Oversikt over bruk av verkemiddel (distriktsutviklingstilskot og risikolån) fordelt på verkemiddelssonene A, B og C og på soneoverskridande prosjekt i åra 1999–2002

Distriktsutviklingstilskot og distriktsretta risikolån kan nyttast innanfor områda A, B og C av det distriktpolitiske verkeområdet. Område A er høgst prioritert. Som figur 3.3 viser, har prosentdelen som går til soneoverskridande prosjekt, auka i dei siste åra. Det er eit resultat av auka satsing på bygging av nettverk. Den delen av distriktsutvi-

klingsstilskota og dei distriktsretta risikolåna som går til verkeområda A og B, gjekk ned i 2002 i forhold til i 2001, medan den delen som går til verkeområde C, auka. Nedgangen kjem av at investeringane i marin sektor i områda A og B har falle kraftig på grunn av krisa i fiskerisektoren.


Tabell 3.29 Fordeling av distriktsutviklingstilskot og distriktsretta risikolån på fylke

Fylke	Folketal pr. 1.1.2002	Mill. kr totalt		Kr pr. innbyggjar	
		Distrikts- utviklings- tilskot	Risikolån	Distrikts- utviklings- tilskot	Risikolån
Østfold	252 746	2,8	0,0	11	0
Akershus	477 325	0,0	0,0	0	0
Oslo	512 589	0,0	0,0	0	0
Hedmark	187 965	32,0	12,2	170	65
Oppland	183 235	27,9	11,9	152	65
Buskerud	239 793	10,0	5,8	42	24
Vestfold	216 456	0,0	0,0	0	0
Telemark	165 710	19,4	35,1	117	212
Aust-Agder	102 945	4,6	0,2	45	1
Vest-Agder	157 851	2,3	0,0	14	0
Rogaland	381 375	19,1	5,8	50	15
Hordaland	438 253	29,0	17,4	66	40
Sogn og Fjordane	107 280	30,3	36,7	282	342
Møre og Romsdal	243 855	29,3	36,5	120	150
Sør-Trøndelag	266 323	28,2	39,7	106	149
Nord-Trøndelag	127 457	37,8	25,9	296	203
Nordland	237 503	95,1	177,1	401	746
Troms	151 673	61,9	61,6	408	406
Finnmark	73 732	49,8	37,8	676	512
Svalbard		0,0	0,0		
Uspesifisert		144,8	3,0		
Sum	4 524 066	624,2	506,6		

Tabell 3.29 viser fordelinga av distriktsretta risikolån og distriktsutviklingstilskot mellom fylka. Rammene for fylka blei fastsette etter kor stor prosent av folketalet som budde innanfor sone A, B og C, vekta slik at ein person i sone A tel meir enn ein person i sone B, som igjen tel meir enn ein person i sone C. Den sentrale ramma for SND blir ikkje fordelt etter geografisk område, men etter kvar dei kostnadskrevjande sakene er lokaliserte. Det gjer at det geografiske nedslagsfeltet for den samla løy-

vinga vil variere ein del frå år til år. Dei tre nordlegaste fylka har fått mest tilskot og lån, både totalt (kronebeløp) og per innbyggjar.


I St.prp. nr. 1 (2001-2002) blei det lagt særleg vekt på å vri bruken av midlane ytterlegare over på tiltak som medverkar til innovasjon og kompetanseutvikling i næringslivet i distrikta. Ein ville på denne måten stimulere til etablering av nye, innovative bedrifter i distrikta.



Figur 3.4 Prosentdel av distriktsretta risikolån og distriktsutviklingstilskot (investeringstilskot og bedriftsutviklingstilskot) nytta til nyetablering, nyskaping og omstilling i åra 1999–2002

Figur 3.4 viser at i 2002 gjekk 73 pst. av løyvingane til distriktsretta risikolån til innovasjon. Dette er ein liten nedgang i forhold til 2001 (75 pst.). 65 pst. av løyvingane til distriktsutviklingstilskotet gjekk i 2002 til innovasjon. Dette er ein nedgang i forhold til 2000 (73 pst.) og 2001 (68 pst.). Nedgangen i

den delen av distriktsutviklingstilskotet som går til innovasjon, skriv seg frå at ein relativt stor del har gått til kompetansehevande program. Dette vil ha stor verdi for innovasjonsevna i bedriftene på eit seinare tidspunkt.



Figur 3.5 Prosent av distriktsretta risikolån og distriktsutviklingstilskot nytta til kompetanseheving i åra 1999–2002

Figur 3.5 viser at prosentdelen brukt til kompetanseheving har auka. I 2002 blei 18 pst. av risikolåna gitt til kompetansehevande tiltak, medan 60 pst. av distriktsutviklingstilskotet (bedriftsutviklingstil-

skot og investeringstilskot) gjekk til slike tiltak. Dette er ein stor auke i forhold til tidlegare år. Vridninga er eit resultat av ei medviten prioritering av "mjuke" investeringar og ei dreining bort frå fysiske

investeringar. I 2002 gjekk 75 pst. av distriktsutviklingstilskotet til "mjuke" investeringar (dvs. bedriftsutviklingstilskot), mot 52 pst. i 2001. Auken i løyvingane til soneovergripande tiltak er ei følge av dette.

Det var for 2002 lagt til grunn at tiltak retta mot å auke tilbodet om arbeidsplassar for kvinner og ungdom skulle prioriterast. Dei bedriftsretta verke- midla blir i større grad enn før nytta til å finansiere kvinneretta tiltak. Om lag 215 mill. kr blei i 2002 gitt til tiltak definerte som kvinneretta. Dette svarer til 21 pst. av risikolåna og 17 pst. av distriktsutviklingstilskota. Det er ein auke frå 2001, da 197 mill. kr blei brukt til kvinneretta tiltak. Av 2002-tilsegnene gjekk 20 pst. av risikolåna og 21 pst. av distriktsutviklingstilskota til bedrifter som har minst 50 pst. kvinnelege tilsette. Programmet "Kvinner i fokus" nytta 9,9 mill. kr av løyvinga. Fleire hundre personar har delteke i styrekurs, mentorprogrammet og fyrtårnprogrammet.

Det største enkeltprosjektet i SND si satsing på ungdom er "Alkymisten" (Sogn og Fjordane). SND har også finansiert prosjekt i regi av Ungt Entreprenørskap og andre organisasjonar. Tiltaket "Entreprenørskapspilotane" blei sett i gang hausten 2002 i Nordland, Sør-Trøndelag, Agder, Hedmark og Hordaland/Rogaland. Pilotane skal stimulere til fleire nyetableringar og medverke til å styrkje den faglege oppfølginga av etablerarane.

For 2002 øyremerkte departementet 24 mill. kr til Nyskappings- og teknologiutviklingsprogrammet for Nord-Noreg (NT-programmet). SND prioritererte også å føre programma FORNY, BIT, FRAM, Arena og NUMARIO vidare i 2002.

NT-programmet skal medverke til auka nyskaping i eksisterande og nye teknologibedrifter i Nord-Noreg. Ved utgangen av 2002 var 39 prosjekt avslutta. Hovudtyngda av prosjekta har utspring i nye eller etablerte verksemdar.

BIT-programmet skal medverke til meir effektiv elektronisk forretningsdrift i ulike bransjar og verdikjeder, og medverke til meir effektiv bruk av IT. Rapporteringa viser at dei bedriftene som deltek, oppnår betre resultat enn gjennomsnittet for dei respektive bransjane.

FRAM er eit program for strategi- og leiingsutvikling i små og mellomstore bedrifter. 294 bedrifter deltok i programmet i 2002. 73 pst. av bedriftene ligg innanfor det distriktspolitiske verkeområdet. 88 pst. av dei bedriftene som deltok, forbetra lønns- emda med 5 pst. av omsetninga i forhold til året før dei starta med FRAM.

Programmet "Arena – Innovasjon i nettverk" skal medverke til å auke verdiskapinga i regionale

næringsmiljø ved å styrkje samspelet mellom næringsaktørar, kunnskapsaktørar og det offentlege. Arena blei sett i gang i mai 2002.

NUMARIO er eit program for å fremme lønnsam næringsutvikling innanfor oppdrett av kveite, skjel og steinbit. 2002 var det siste året for programmet. Sluttrapporteringa viser at totalt 66 bedrifter har fått løyving til ulike prosjekt. Konklusjonen er at det tek svært lang tid å utvikle ein ny art fram til kommersiell produksjon, og vidare at det har vore vanskeleg å få aktørar innanfor oppdrett til å satse på nye artar.

Post 74 Dekning av tap på risikolån og garantiar

Frå og med 2002 blei tapsfond for alle årgangar av distriktsretta risikolån slått saman. Etter dette dekkjer ikkje staten lenger automatisk tap på over 10 pst. av det avsette tapsfondet for enkeltårgangar. Dette gir SND eit større ansvar for sjølv å vurdere tapspotensialet i porteføljen.

SND har hatt større tap på alle utlånsordningane sine i 2002 og første halvår 2003 enn i tidlegare år. Tapa har i hovudsak samanheng med konjunkturane i norsk økonomi. SND har ved ein gjennomgang av porteføljen avdekt at det er behov for ei tilleggsloyving for at tapsfonda skal spegle risikoen i porteføljen. Regjeringa vil kome tilbake til spørsmålet om tilleggsloyving til tapsfond for å dekkje påførte og framtidige tap under låne- og garantiordningane til SND. Dette vil bli gjort i samband med nysalderinga av 2003-budsjettet.

I samarbeid med aktuelle departement går no SND igjennom risikostyringa for å unngå å kome i ein liknande situasjon att. Eit element i gjennomgangen er den nye situasjonen frå og med 2003, når SND får tildelingar til tapsfond for distriktsretta risikolån via fylkeskommunane i staden for direkte frå Kommunal- og regionaldepartementet.

For nærmare omtale viser vi til St.prp. nr. 1 frå Nærings- og handelsdepartementet.

Rapport for 2002

Det blei for 2002 løyvt 1,5 mill. kr over kap. 2425, post 74, jf. St.prp. nr. 63 (2001-2002) og Innst. S. nr. 255 (2001-2002). Løyvinga dekkjer tap på lån og garantiar gitt i 1995 som overstig det opphavlege tapsfondet.

Kap. 5327 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og fylkeskommunane o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
50	Tilbakeføring av tilskot	152 828	70 000	70 000
51	Tilbakeføring av tapsfond	22 618	20 000	20 000
	Sum kap. 5327	175 446	90 000	90 000

Post 50 Tilbakeføring av tilskot og post 51 Tilbakeføring av tapsfond

Løyvingar til tilskot og tapsfond i det distriktspolitiske verkeområdet blei fram til og med 2002 overførte til eigne fondskonti i Noregs Bank og samtidig utgiftsførte i statsrekneskapen.

Dei midlane som blir førte tilbake til statskassa i 2004, stammer frå tilsegner som blei gitt i 2000, og som ikkje, eller berre delvis, har kome til utbetaling. Tidlegare erfaringar viser at det er vanske-

leg å vurdere kor mykje som vil bli tilbakeført, og at det vil variere frå år til år. Det blir føreslått å løyve 70 mill. kr på post 50 Tilbakeføring av tilskot og 20 mill. kr på post 51 Tilbakeføring av tapsfond.

Frå og med 2003 er budsjettstrukturen lagd om. Rammene over 13.50 blir ikkje lenger løyvde over ein 50-post med fondsordning, men over ein 60-post og ein 70-post som tilskot utan avrekning/tilbakebetaling. Dette vil føre til at postane for tilbakeføring av tilskot og tapsfond vil bli reduserte i åra framover og etter kvart falle bort.

Tabell 3.30 Oversikt over fondsbeholdningar per 31.12.2001 og 31.12.2002

(i mill.kr)

Fonds-nummer	Nemning	31.12.2001	31.12.2002
64.05.01	Fond for regional utvikling (t.o.m. 2000)	58,5	0
64.05.02	Fond for SND og fylkeskommunane (t.o.m. 2000)	4,7	0
64.05.03	Fond for regional næringsutvikling i fylke og kommunar (t.o.m. 2000)	342,6	0
64.05.07	Fond for regional utvikling (f.o.m. 2001)	65,2	133,8
64.05.08	Fond for SND og fylkeskommunane (f.o.m. 2001)	3,5	38,4
64.05.09	Fond for regional næringsutvikling i fylke og kommunar (f.o.m. 2001)	428,7	625,1

Fondsbeholdninga blei i 2002 samla på tre konti.

Programkategori 13.70 Overføringer gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar

Samla utgifter under programkategori 13.70

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
571	Rammetilskot til kommunar (jf. kap. 3571)	38 900 908	39 077 700	30 986 000	-20,7
572	Rammetilskot til fylkeskommunar (jf. kap. 3572)	14 238 450	14 225 000	11 468 000	-19,4
573	Kompensasjon til fylkeskommunar ved statleg overtaking av ansvaret for spesialisthelsetenesta	21 569 531	0	0	0,0
574	Økonomisk oppgjer ved endringar i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg	0	0	378 146	0,0
Sum kategori 13.70		74 708 889	53 302 700	42 832 146	-19,6

Samla inntekter under programkategori 13.70

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
3571	Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 571)	64 601	46 371	28 000	-39,6
3572	Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 572)	0	7 100	0	-100,0
Sum kategori 13.70		64 601	53 471	28 000	-47,6

Innleiing

Regjeringa har som prinsipp at rammefinansiering skal vere hovudfinansieringsmodellen for kommunesektoren. Rammetilskot og skatteinntekter utgjer i 2004 til saman om lag 69 pst. av inntektene til kommunesektoren. Disse inntektene er frie inntekter, det vil seie inntekter som kommunane og fylkeskommunane kan disponere fritt utan andre bindingar frå staten si side enn det som følgjer av

lover og forskrifter. Gjennom rammefinansiering legg regjeringa til rette for prioriteringseffektivitet og kostnadseffektivitet.

Inntektssystemet er eit system for fordeling av statlege rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar. Det overordna formålet med inntektssystemet er å sikre utjamning av dei økonomiske føresetnadene for eit likeverdig kommunalt og fylkeskommunalt tenestetilbod. Ulik standard i det kommunale tenestetilbodet kan dels kome av skil-

nader i økonomiske ressursar, dels av skilnader i utgiftsbehov. Gjennom inntektsutjamninga i inntektssystemet blir skatteinntekter delvis utjamna, og gjennom utgiftsutjamninga får kommunar og fylkeskommunar full kompensasjon for ufrivillige kostnader i tenesteproduksjonen.

Utgiftsutjamninga blir rekna ut på grunnlag av ein kostnadsnøkkel som inneheld 19 ulike kriterium for kommunane og 14 ulike kriterium for fylkeskommunane. Kostnadsnøgkelen for utgiftsutjamninga er basert på at utjamninga skal omfatte ufrivillige forhold som har dokumentert innverknad på utgiftene til kommunane og fylkeskommunane. Med ufrivillige forhold er det her meint forhold som den enkelte kommune og fylkeskommune ikkje kan påverke, til dømes alderssamansetjinga i befolkninga. Utgiftsutjamninga omfattar helse- og sosialsektoren, grunnskolesektoren, administrasjon, miljø og landbruk for kommunane, og vidaregåande opplæring, samferdselssektoren og tannhelsetenesta for fylkeskommunane. Ein felles kostnadsnøkkel for kommunane og ein felles kostnadsnøkkel for fylkeskommunane er bygd opp ved at ein vektar kostnadsnøklane på dei enkelte sektorane og områda.

Rammetilskotet blir utbetalt gjennom ti årlege terminbeløp. Det inntektsutjamnande tilskotet skal fordelast over sju av dei ti terminbeløpa. Rammetilskotet skal førast i kommunale rekneskappar og budsjett på funksjon 840.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamninga og inntektsutjamninga, blir basert på folketalet per 1. januar i budsjettåret. I Beregningsteknisk dokumentasjon til St.prp. nr. 1 (2003-2004) frå Kommunal- og regionaldepartementet ("Grønt hefte") blir det presentert berre eit førebels innbyggjartilskot med utgiftsutjamning for kvar enkelt fylkeskommune og kommune. Årsaka til dette er at folketalet per 1.1.2004 ikkje er kjent når proposisjonen blir lagd fram. Endeleg innbyggjartilskot med utgiftsutjamning til kvar enkelt kommune og fylkeskommune vil bli publisert i ein revidert Beregningsteknisk dokumentasjon i juni månad 2004.

Riksrevisjonen har gjennomført ei undersøking av inntektssystemet for kommunane. I undersøkinga har Riksrevisjonen mellom anna sett på inntektsfordelinga mellom kommunane, utgiftsutjamninga og det ordinære skjønnstilskotet. Riksrevisjonen sende våren 2003 Dok. nr. 3:8 (2002-2003) *Riksrevisjonens undersøkelse av inntektssystemet for kommunene* til Stortinget. Det er lagt opp til at dokumentet skal behandlast hausten 2003.

Regjeringa har no sett ned eit nytt inntektssystemutval. Utvalet er gitt eit breitt mandat, og er

bede om å gå igjennom fordelingsmekanismane i inntektssystemet, både inntekts- og utgiftsutjamninga, på eit fagleg grunnlag. Utvalet er bede om å levere innstillinga si innan 1. juli 2005. Eventuelle endringar som følgje av arbeidet i utvalet kan derfor tidlegast setjast i verk frå 1.1.2007. For nærmare omtale av mandatet til utvalet viser vi til St.meld. nr. 6 (2003-2004).

Endringar i inntekts- og finansieringssystemet

Større endringar f.o.m. 2004

Omlegging av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift

Ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift må etter krav frå overvakingsorganet i EFTA, ESA, leggjast om frå og med 2004, slik at utforminga av arbeidsgivaravgifta i Noreg blir tilpassa dei retningslinjene ESA har for statsstøtte. Regjeringa la i kommuneproposisjonen for 2004 (St.prp. nr. 66 (2002-2003)) til grunn at kommunesektoren skal få full kompensasjon for meirutgiftene som følgjer av omlegginga av ordninga. Kommunesektoren vil få full kompensasjon for auka lønnsutgifter og for auka behov for tilskot til privat sektor¹. Kompensasjonen vil dels bli gitt gjennom ordninga med bagatellmessig støtte, dels gjennom auka skjønnstilskot. Til saman vil kommunesektoren få 963 mill. kr i kompensasjon i 2004. Forslaget om kompensasjon er basert på at den notifiserte overgangsordninga, som er nærmare omtalt under programkategori 13.50, blir godteken av ESA. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med forslag til endringar i kompensasjonsordninga dersom ESA gjer eit vedtak som ikkje er i samsvar med den notifiserte ordninga.

Departementet føreslo i kommuneproposisjonen for 2004 at kommunesektoren samla sett skulle kompenseras for meirutgiftene gjennom ein auke av Nord-Noreg-tilskotet og skjønnstilskotet. Ved behandlinga av kommuneproposisjonen vedtok Stortinget at alle kommunane og fylkeskommunane skulle kompenseras gjennom ein auke av skjønnstilskotet. Skjønnstilskotet er derfor isolert sett auka med 286 mill. kr i forhold til forslaget i kommuneproposisjonen.

I kommuneproposisjonen for 2004 la regjeringa opp til at kommunesektoren skulle ta imot heile kompensasjonen gjennom ein auke av dei frie inntektene. Regjeringa legg no til grunn at kommunane, til liks med private føretak, skal bli omfatta av

¹ Kommunane får kompensasjon for auka behov for tilskot til private barnehagar, private pleie- og omsorgsinstitusjonar og dei kyrkjelege fellelråda. Fylkeskommunane får kompensasjon for auka behov for tilskot til bilruter, fylkesvegferjer, båtruter, sporvegar og forstadsbaner.

ordninga med bagatellmessig støtte. Den bagatellmessige støtta vil i 2004 utgjere 270 000 kr for kvar kommune og fylkeskommune. Til saman vil kompensasjonen gjennom bagatellmessig støtte utgjere 67 mill. kr.¹

I kommuneproposisjonen for 2004 la departementet fram overslag som viste at fylkeskommunane ville få om lag 144 mill. kr i auka utgifter som følgje av omlegginga av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift. Departementet har no nedjustert dette overslaget med om lag 9 mill. kr. Nedjusteringa har samanheng med at departementet har korrigert grunnlagstala for at fylkeskommunane misser ansvaret sitt innanfor barnevern og familievern og på rusområdet frå og med 2004.²

For ein nærmare omtale av omlegginga av ordninga viser vi til kapittel 8 i kommuneproposisjonen for 2004.

Nøytral meirverdiavgift for kommunesektoren

I 2004 blir det innført ei ordning med generell kompensasjon for meirverdiavgift for kommunar, fylkeskommunar og visse private verksemdar som utfører lovpålagde kommunale oppgåver. Departementet reknar med at kommunesektoren vil få om lag 7,36 mrd. kr i reduserte utgifter som følgje av innføringa av ordninga. Kommunesektoren vil i 2004 få ein reduksjon i rammetilskotet som svarer til reduksjonen i utgiftene. På kort sikt vil uttrekket bli fordelt mellom kommunane og fylkeskommunane etter historiske data, på lang sikt vil uttrekket bli fordelt etter kostnadsnøkkelen i inntektssystemet.

Endringar i oppgåver innanfor barnevern og familievern og på rusområdet

Som følgje av at fylkeskommunen misser ansvaret for barnevern og familievern og for behandling og omsorg for rusmisbrukarar f.o.m. 2004, blir dei frie inntektene til fylkeskommunane reduserte med om lag 3,7 mrd. kr i 2004 (2003-kroner). Det samla uttrekket for fylkeskommunane og fordelinga av uttrekket mellom fylkeskommunane er noko endra i forhold til det som blei lagt til grunn i kommune-

proposisjonen for 2004. Endringane er nærmare omtalte i kap. 2 i denne proposisjonen.

Den kortsiktige fordelinga av uttrekket på 3,7 mrd. kr vil bli fordelt mellom fylkeskommunane etter rekneskapstal. Den langsiktige fordelinga vil bli basert på objektive kriterium. Overgangen frå deling av uttrekket etter rekneskapstal til deling av uttrekket etter objektive kriterium fører til ei omfordeling av inntekter mellom fylkeskommunane. Som følgje av endringane i oppgåver blir kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane endra i 2004. For nærmare omtale av endringane i kostnadsnøkkelen viser vi til kommuneproposisjonen for 2004 (St.prp. nr. 66 (2002-2003)).

I kommuneproposisjonen for 2004 la departementet til grunn at heile det langsiktige uttrekket ville kome på rammetilskotet. Departementet legg no til grunn at uttrekket vil bli fordelt på skatteinntekter og rammetilskot. Denne justeringa fører berre til mindre endringar i tala for den enkelte fylkeskommunen. For nærmare omtale viser vi til Beregningsteknisk dokumentasjon.

Ny delkostnadsnøkkel for sosialhjelp for kommunane

I kommuneproposisjonen for 2004 føreslo departementet at det frå og med 2004 blir innført ein ny delkostnadsnøkkel for sosiale tenester, for betre å fange opp variasjonar i utgiftsbehovet i kommunane knytt til rusomsorg og psykiatri. Ved behandlinga av kommuneproposisjonen bad Stortinget om at regjeringa hausten 2003 måtte fremme ei eiga sak for Stortinget om endringa. Departementet har i St.meld. nr. 6 (2003-2004) *Ny kostnadsnøkkel for sosiale tenester i inntektssystemet for kommunane* gjort greie for departementet sitt arbeid med utgiftsbehovet i kommunane knytt til rusomsorg og psykiatri. Departementet tilrår i denne meldinga at den delkostnadsnøkkelen for sosiale tenester som blei føreslått i kommuneproposisjonen, blir innført frå og med 2004. For nærmare omtale viser vi til St.meld. nr. 6 (2003-2004) og kap. 9 i kommuneproposisjonen for 2004.

Ny delkostnadsnøkkel for miljø og landbruk for kommunane

I kommuneproposisjonen for 2004 føreslo departementet at det frå og med 2004 blir innført ein ny delkostnadsnøkkel for miljø og landbruk. Ved behandlinga av proposisjonen slutta Stortinget seg til forslaget frå departementet. For ein nærmare omtale av den nye delkostnadsnøkkelen viser vi til kap. 11 i kommuneproposisjonen for 2004.

¹ Nedjusteringa av kompensasjonen gjennom dei frie inntektene blir gjort på innbyggjartilskotet og ikkje på skjønnstilskotet, noko som isolert sett fører til ei styrking av reservepotten til skjønnsmidlane.

² Kompensasjonen gjennom dei frie inntektene er derfor isolert sett redusert med 9 mill. kr i forhold til det som blei lagt til grunn i kommuneproposisjonen. Reduksjonen i kompensasjonen gjennom dei frie inntektene blir gjort på innbyggjartilskotet og ikkje på skjønnstilskotet, noko som isolert sett fører til ei styrking av reservepotten til skjønnsmidlane.

Endringar i inntektssystemet for kommunane som blei påbegynt i 2002

I perioden 2002–2006 skal det gradvis gjennomførast fire endringar i inntektssystemet for kommunane:

- Det ekstraordinære skjønnet skal avviklast.
- Nye busetnadskriterium skal innførast i kostnadsnøkkelen.
- Den delen av inntekta som kjem frå skatt, skal trappast opp.
- Inntektsutjamninga skal aukast.

Dei fire endringane i inntektssystemet blei påbegynt i 2002 og får sterkare effekt for kvart år fram mot 2006. For nærmare omtale av endringane viser vi til St.prp. nr. 82 (2000-2001).

Kompensasjon til kommunane i 2004

Dei fire endringane som blei påbegynt i 2002, og innføringa av nye delkostnadsnøklar for sosiale tenester og for miljø og landbruk i 2004, fører samla sett til ei stor omfordeling av inntekter mellom kommunane. Kommunane som samla sett taper mykje på desse endringane, og som har skatteinntekter på under 110 pst. av landsgjennomsnittet, vil i 2004 få kompensert tap utover 200 kr per innbyggjar gjennom skjønnsstilskotet.

Endringar i inntektssystemet for fylkeskommunane som blei påbegynt i 2002

I 2002 overtok staten ansvaret for dei fylkeskommunale sjukehusa. Som følgje av sjukehusreforma blei dei frie inntektene til fylkeskommunane redusert med om lag 25,1 mrd. kr i 2002 (2001-kroner). Den kortsiktige fordelinga av uttrekket mellom fylkeskommunane var basert på rekneskapstal. Den langsiktige fordelinga vil vere basert på objektive kriterium. Overgangen frå fordeling av uttrekket etter rekneskapstal til fordeling av uttrekket etter objektive kriterium fører til ei omfordeling av inntekter mellom fylkeskommunane. For ein nærmare omtale av sjukehusuttrekket viser vi til omtale under programkategori 13.70 i budsjettproposisjonen frå Kommunal- og regionaldepartementet for 2002 (St.prp. nr. 1 (2001-2002)).

I perioden 2002–2006 skal det gjennomførast to endringar i inntektssystemet for fylkeskommunane:

- Det ekstraordinære skjønnet skal avviklast.
- Den delen av inntekta som kjem frå skatt, skal trappast opp.

Dei to endringane i inntektssystemet blei påbegynt i 2002 og får sterkare effekt for kvart år fram mot 2006. For nærmare omtale av endringane viser vi til kap. 2 i kommuneproposisjonen for 2002 (St.prp. nr. 82 (2000-2001)).

Kompensasjon til fylkeskommunane i 2004

Sjukehusreforma, endringane i inntektssystemet som blei påbegynt i 2002, og endringane i oppgaver innanfor barnevern og familievern og på rusområdet i 2004, fører samla sett til ei etter måten stor omfordeling av inntekter mellom fylkeskommunane. Fylkeskommunane som samla sett taper mykje på desse endringane, vil i 2004 få kompensert tap utover 200 kr per innbyggjar gjennom skjønnsstilskotet.

Om dei enkelte tilskota som blir fordelte gjennom inntektssystemet

Det samla rammetilskotet til kommunane for 2004 blir løyvt over fire ulike postar under kap. 571 i statsbudsjettet:

- post 60 Innbyggjartilskot
- post 62 Nord-Noreg-tilskot
- post 63 Regionaltilskot
- post 64 Skjønnsstilskot

Post 65 Hovudstadstilskot og post 67 Storbytilskot fell bort som postar frå 2004. Hovudstadstilskotet til Oslo kommune og storbytilskotet har vore grunnlagt med at Oslo og dei andre storbyane har eit høgt utgiftsbehov knytt til rusomsorg og psykisk helsevern. Frå og med 2004 blir det, jf. omtale i kapittel 9 i St.prp. nr. 66 (2002-2003) og i St.meld. nr. 6 (2003-2004), innført eit eige kriterium i kostnadsnøkkelen for kommunane som fangar opp variasjonar i utgiftsbehov i kommunane knytt til rusomsorg og psykisk helsevern. Hovudstadstilskotet til Oslo kommune og storbytilskotet fell derfor bort som postar frå 2004. Gjennom overgangsordninga i inntektssystemet vil tilskota bli gradvis avvikla over ein femårsperiode.

I 2000 blei det sett i gang eit fireårig forsøk med tildeling av øyremerkte tilskot som rammetilskot i 20 kommunar. Forsøket blir avvikla frå og med 2004. Post 68 Forsøk med rammefinansiering av øyremerkte tilskot fell derfor bort som post i budsjettet for 2004.

Det samla rammetilskotet til fylkeskommunane for 2004 blir løyvt over fire ulike postar under kap. 572 i statsbudsjettet:

- post 60 Innbyggjartilskot
- post 62 Nord-Noreg-tilskot
- post 64 Skjønnsstilskot

- post 65 Hovudstadstilskot

Post 60 Innbyggjartilskot

Det blir løyvt eit innbyggjartilskot til kommunane og eit tilsvarande til fylkeskommunane. Storleiken på innbyggjartilskotet blir fastsett ut frå differansen mellom dei samla rammeoverføringane og summen av postane 62–65. Det inntektsutjamnande tilskotet er sidan innføringa av løpande inntektsutjamning i 2000 blitt ført i post 60, saman med utgiftsutjamninga. Inndelingstilskotet har sidan 2002 også gått inn under innbyggjartilskotet til kommunane.

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet rekna ut som eit likt beløp i kroner per innbyggjar til alle kommunar og fylkeskommunar. Deretter blir tilskotet justert for kvar enkelt kommune og fylkeskommune etter desse faktorane:

1. omfordeling gjennom utgiftsutjamninga basert på kostnadsnøkkelen for kommunane og kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane
2. omfordeling gjennom korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skolar
3. omfordeling av skatteinntekter gjennom inntektsutjamninga
4. omfordeling gjennom overgangsordninga for regelendringar, oppgåveendringar, innlemming av øyremerkte tilskot o.a.
5. omfordeling gjennom innlemming av øyremerkte tilskot o.a. som ikkje er omfatta av overgangsordninga
6. omfordeling på grunn av inndelingstilskotet
7. forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering

I utgiftsutjamninga i inntektssystemet for kommunesektoren er det ei eiga korreksjonsordning for elevar i statlege og private skolar (punkt 2). Ordninga tek omsyn til at talet på elevar som går i private og statlege skolar, varierer mellom kommunane og mellom fylkeskommunane. Korreksjonsordninga fungerer slik at (fylkes)kommunar som har relativt mange elevar i private og statlege skolar, får eit trekk gjennom utgiftsutjamninga gjennom satsar som blir fastsette årleg. Motsett får (fylkes)kommunar som har relativt få elevar i statlege og private skolar, eit tillegg. Dei fastsette satsane ligg i dag vesentleg lågare enn nivået på tilskotsatsane til private skolar. Satsane var uendra i perioden 1994–2002. I statsbudsjettet for 2003 blei satsane auka med mellom 4 000 kr og 7 000 kr, og i statsbudsjettet for 2004 føreslår departementet ein ytterlegare auke av satsane på mellom 4 000 kr og 7 000 kr. Trekk-satsane ligg da framleis under gjennomsnittskostnaden per elev på landsbasis. Trekk-

satsane bør liggje under gjennomsnittskostnaden, ettersom marginalkostnaden knytt til éin ny elev oftast vil vere lågare enn gjennomsnittskostnaden. For nærmare omtale viser vi til Beregningsteknisk dokumentasjon.

Kostnadsnøkkelen for kommunane

Kostnadsnøkkelen for kommunane blir endra frå og med 2004. Endringa har for det første samanheng med at delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp blir endra, mellom anna ved at det blir innført eit urbanitetskriterium (basert på folketal) i nøkkelen. Endringa har for det andre samanheng med at det blir innført ein ny delkostnadsnøkkel for miljø og landbruk.

Variasjonar i utgiftsbehovet i kommunane knytt til rusomsorg og psykisk helsevern har til no ikkje vore godt nok fanga opp gjennom kriteria i kostnadsnøkkelen, noko som truleg først og fremst har ramma dei største byane. I kommuneproposisjonen for 2004 (kapittel 9) føreslo regjeringa å endre delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp, slik at ein betre kunne fange opp variasjonar i utgiftsbehovet i kommunane knytt til rusomsorg og psykiatri. Vidare føreslo departementet at sosialhjelpsnøkkelen skulle tilleggast større vekt i den totale kostnadsnøkkelen for helse- og sosialtenesta. I samband med behandlinga av forslaget frå regjeringa til ny delkostnadsnøkkel for sosiale tenester vedtok Stortinget:

”Stortinget ber regjeringen høsten 2003 fremme en egen sak for Stortinget vedrørende endringer i kostnadsnøkkelen for kommunesektoren. Saka fremmes parallelt med framleggelsen av statsbudsjettet for 2004.”

Departementet har i St.meld. nr. 6 (2003-2004) gjort nærmare greie for endringa i delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp.

Departementet føreslo i kommuneproposisjonen for 2004 å innføre ein eigen delkostnadsnøkkel for miljø og landbruk i kostnadsnøkkelen. Departementet føreslo at miljøvernmidlane dels skulle fordelast gjennom basiskriteriet, dels etter innbyggjartalet. Vidare føreslo departementet at landbruksmidlane skulle fordelast gjennom eit eige landbrukskriterium. Ved behandlinga av kommuneproposisjonen slutta eit fleirtal i kommunalkomiteen seg til forslaget frå departementet.

Tabell 3.31 viser kostnadsnøkkelen for kommunane i 2004. For ein nærmare omtale av endringane i kostnadsnøkkelen for kommunane viser vi til kapittel 9 og 11 i kommuneproposisjonen for 2004 (St.prp. nr. 66 (2002-2003)) og til St.meld. nr. 6 (2003-2004).

Tabell 3.31 Kostnadsnøkkel for kommunane

Kriterium	Vekt
Basistillegg	0,025
Innbyggjarar 0–5 år	0,023
Innbyggjarar 6–15 år	0,305
Innbyggjarar 16–66 år	0,122
Innbyggjarar 67–69 år	0,086
Innbyggjarar 80–89 år	0,134
Innbyggjarar 90 år og over	0,050
Skilde og separerte 16–59 år	0,039
Arbeidslause 16–59 år	0,011
Dødelegheit	0,026
Ikkje-gifte 67 år og over	0,025
Innvandrarar	0,005
Utrekna reisetid	0,015
Reiseavstand innanfor sone	0,010
Reiseavstand til nærmaste nabokrins	0,011
Psykisk utviklingshemma 16 år og over	0,062
Psykisk utviklingshemma under 16 år	0,004
Urbanitetskriterium	0,042
Landbrukskriterium	0,005
Sum	1,000

Kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane blir endra frå og med 2004. Endringa har samanheng med at fylkeskommunen misser ansvaret for barnevern og familievern og for behandling og omsorg for rusmisbrukarar frå og med 2004. Kostnadsnøkkelen blir endra slik at han blir tilpassa den oppgåvestrukturen fylkeskommunane får frå 2004. For nærmare omtale av endringa i kostnadsnøkkelen viser vi til omtale i kapittel 11 i kommuneproposisjonen for 2004 (St.prp. nr. 66 (2002-2003)). Tabell 3.32 viser kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane i 2004.

Tabell 3.32 Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 0–15 år	0,064
Innbyggjarar 16–18 år	0,526
Innbyggjarar 19–34 år	0,027
Innbyggjarar 35–66 år	0,035
Innbyggjarar 67–74 år	0,008
Innbyggjarar 75 år og over	0,009
Rutenett til sjøs	0,032
Innbyggjarar spreitt busette	0,022
Areal	0,007
Storbyfaktor	0,016
Befolkning på øyar	0,009
Vedlikehaldskostnader (veg)	0,064
Reinvesteringskostnader (veg)	0,032
Søkjarar yrkesfag	0,149
Sum	1,000

Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga skal jamne ut skilnader i skatteinntekter mellom dei ulike kommunane og skilnader i skatteinntekter mellom dei ulike fylkeskommunane. I 2000 blei det innført løpande inntektsutjamning. Løpande inntektsutjamning inneber at det inntektsutjamnande tilskotet til kvar enkelt (fylkes)kommune blir rekna ut sju gonger i året, når tala for skatteinngangen ligg føre. Utrekninga av inntektsutjamninga er dokumentert på Kommunal- og regionaldepartementet sine nettsider for løpande inntektsutjamning: <http://odin.dep.no/krd/norsk/prosjekt/liu>.

Inntektsutjamninga for kommunane vil i 2004 vere basert på at kommunar med skatteinntekter på under 110 pst. av landsgjennomsnittet får kompensert 90 pst. av differansen mellom eigen skatt og referansenivået på 110 pst. Ved behandlinga av kommuneøkonomiproposisjonen for 2001 vedtok Stortinget at inntektsutjamninga for kommunane skulle aukast ved at trekknivået for skatterike kommunar gradvis skulle reduserast frå 140 til 130 pst. I 2004 vil trekknivået for skatterike kommunar bli redusert frå 136 til 134 pst. Det vil seie at kommunar som har skatteinntekter på over 134 pst. av

gjennomsnittet, får trekt inn 50 pst. av differansen mellom eigen skatt og trekknivået på 134 pst.

Inntektsutjamninga for fylkeskommunane vil i 2004 vere basert på at fylkeskommunar med skatteinntekter på under 120 pst. av landsgjennomsnittet får kompensert 90 pst. av differansen mellom eigen skatt og referansenivået på 120 pst. Det finst inga trekkordning for fylkeskommunar med høge skatteinntekter.

Inndelingstilskotet

Inndelingstilskotet er ein del av post 60 til kommunane. Inndelingstilskot blir gitt til kommunar som sluttar seg saman. Tilskotet skal sikre at kommunar som sluttar seg saman, ikkje skal få reduserte statlege overføringar som følgje av kommunesamanslutninga. Inndelingstilskotet består av det basistilskot som gjekk til kommunane før samanslutninga og eventuelle regionaltilskot som kommunane tok imot før samanslutninga. Tilskotet blir frose reelt på det nivået det har det året kommunane gjennomfører samanslutninga. Kommunar som sluttar seg saman, vil ta imot fullt inndelingstilskot i ti år. Tilskotet blir deretter trappa gradvis ned over fem år. I 2004 er det berre Re kommune som vil ta imot inndelingstilskot.

Post 62 Nord-Noreg-tilskot

Som eit ledd i regional- og distriktpolitikken ønskjer regjeringa at kommunar og fylkeskommunar i Nord-Noreg skal sikrast høve til å gi eit betre tenestetilbod enn kommunar og fylkeskommunar elles i landet. Kommunar og fylkeskommunar i Nord-Noreg får derfor eit eige tilskot. Tilskotet skal også medverke til at vi får ei høg kommunal sysselsetjing i eit område med eit konjunkturavhengig næringsliv. Tilskotet blir utbetalt som ein lik sats per innbyggjar for alle kommunane innanfor kvart fylke, og som ein sats for kvar fylkeskommune. Departementet tilrår at satsane for Nord-Noreg-tilskotet for 2004 blir oppjusterte i takt med pristiginga.

Post 63 Regionaltilskot

Regionaltilskotet er på same måten som Nord-Noreg-tilskotet grunnlagt ut frå regionalpolitiske omsyn. Regionaltilskotet har til no vore utforma slik at det berre er kommunar som har færre enn 3000 innbyggjarar, og som har skatteinntekter på under 110 pst. av landsgjennomsnittet, som får til-

delt tilskot. Storleiken på regionaltilskotet blir gradert etter det geografiske verkeområdet for distriktpolitiske verkemiddel (A–D). Område A har høgst prioritet ved bruk av distriktpolitiske verkemiddel, område D lågast prioritet. Regionaltilskotet blir gitt som ein sats per kommune.

Tabell 3.33 Nord-Noreg-tilskot til kommunar og fylkeskommunar

	Kr per innbyggjar
<i>Kommunar:</i>	
Nordland	1 273
Troms	2 442
Finnmark	5 968
<i>Fylkeskommunar:</i>	
Nordland	799
Troms	911
Finnmark	1 245

I kommuneproposisjonen for 2004 føreslo departementet at også kommunar som har mellom 3000 og 3200 innbyggjarar, skal kunne ta imot regionaltilskot frå og med 2004. Departementet føreslo at kommunar med mellom 3000 og 3049 innbyggjarar skulle få 80 prosent av den aktuelle satsen, at kommunar med mellom 3050 og 3099 innbyggjarar skulle få 60 prosent av den aktuelle satsen, at kommunar med mellom 3100 og 3149 innbyggjarar skulle få 40 prosent av den aktuelle satsen, og at kommunar med mellom 3150 og 3199 innbyggjarar skulle få 20 prosent av den aktuelle satsen. Det blei lagt til grunn at den nye modellen for regionaltilskotet skulle vere provenynøytral. Den nye trappetrinnsmodellen erstattar overgangssordninga som blei innført i 2003. Ved behandlinga av kommuneproposisjonen i Stortinget slutta eit fleirtal seg til forslaget frå departementet.

Satsane for regionaltilskotet er i utgangspunktet nominelt uendra frå 2003 til 2004, men som følgje av innføringa av den nye trappetrinnsmodellen går satsane noko ned frå 2003 til 2004. Etter den nye modellen er det fleire kommunar som vil ta imot regionaltilskot, og kostnadene må dekkjast inn av kommunar som allereie i dag tek imot regionaltilskot. Dette fører til ein mindre reduksjon i satsane for regionaltilskotet frå 2003 til 2004.

Tabell 3.34 Gradering av regionaltilskot etter prioriteringsområde for distriktpolitiske verkemiddel

(i 1000 kr)

Område	Beløp per kommune	
	2003	2004
Prioriteringsområde A	8 332	8 070
Prioriteringsområde B, C, D	3 610	3 348
Utanfor distriktpolitisk verkeområde	3 610	3 348

Post 64 Skjønnsstilskot

Kommunal- og regionaldepartementet fordeler årleg ein del av rammetilskotet til kommunar og fylkeskommunar etter skjønn. Fordelinga etter skjønn må sjåast i samanheng med fordelinga etter objektive kriterium i den faste delen av inntektssystemet. Samla skjønnsramme til kommunane og fylkeskommunane for 2004 blei av Stortinget fastsett til 3 958 mill. kr ved behandlinga av kommune-proposisjonen for 2004.¹ Av dette blei 3 225 mill. kr sette av til det ordinære skjønnet. Det ekstraordinære skjønnet vil utgjere 733 mill. kr i 2004.

Den ordinære skjønnsramma for kommunane er sett til 2 155,1 mill. kr for 2004. Ved fastsetjinga av skjønnsramma for 2004 er det teke utgangspunkt i ei nominell vidareføring av skjønnsramma for 2003. I tillegg er det mellom anna lagt inn ein auke knytt til

- kompensasjon til kommunar som taper på omlegginga av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift frå og med 2004
- kompensasjon til kommunar som samla sett taper vesentleg på dei fire endringane som blei påbegynt i 2002, og på innføringa av nye delkostnadsnøklar for sosiale tenester og for miljø og landbruk i 2004

Innanfor skjønnsramma til kommunane er det sett av 7 mill. kr til styrking av tospråklegheitsarbeidet i samiske kommunar. Sametinget får fullmakt til å disponere midlane.

¹ Omlegginga av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift fører isolert sett til auka utgifter for kommunesektoren. Regjeringa la i kommune-proposisjonen opp til at kommunesektoren skulle kompensere for meirutgiftene gjennom ein tilsvarande auke av Nord-Noreg-tilskotet og skjønnsstilskotet. Ved behandlinga av kommune-proposisjonen gjekk eit fleirtal inn for at alle kommunar og fylkeskommunar skulle kompensere for meirutgiftene gjennom ein tilsvarande auke av skjønnsstilskotet. Stortinget vedtok i den samanhengen ei samla skjønnsramme på 3 958 mill. kr, dvs. 286 mill. kr meir enn forslaget frå regjeringa.

Prosjektskjønnet er auka med 16 mill. kr, og om lag 9 mill. kr av midlane er sette av til det arbeidet fylkesmennene utfører for å følgje opp initiativet frå regjeringa med sikte på modernisering i kommunalforvaltninga.

Frå 2000 er det gitt kompensasjon til kommunar med særleg ressurskrevjande brukarar over skjønnsstilskotet i rammetilskotet. Frå og med 2004 blir det innført ei ny toppfinansieringsordning for særleg ressurskrevjande brukarar over budsjettet for Sosialdepartementet. I 2003 utgjier kompensasjonen til ressurskrevjande brukarar 650 mill. kr. Dette beløpet vil i 2004 bli overført til den nye toppfinansieringsordninga på budsjettet for Sosialdepartementet. Skjønnsstilskotet til kommunane blir derfor isolert sett redusert med 650 mill. kr. For nærmare omtale av endringa viser vi til kap. 2 i denne proposisjonen og til omtale i budsjettproposisjonen frå Sosialdepartementet.

Den ordinære skjønnsramma til fylkeskommunane er på 1 070 mill. kr for 2004. Skjønnsramma er i utgangspunktet vidareført på same nominelle nivå som i 2003. Det er i tillegg lagt inn kompensasjon til fylkeskommunar som taper vesentleg på omlegginga av ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift frå 2004, og kompensasjon til fylkeskommunar som samla sett taper på sjukehusreforma, endringane i inntektssystemet som blei påbegynt i 2002, og endringane i oppgåver innanfor barnevern og familievern og på rusområdet i 2004.

Det ekstraordinære skjønnsstilskotet

Det ekstraordinære skjønnsstilskotet er ein kompensasjon til kommunar og fylkeskommunar som tapte på omlegginga av inntektssystemet i 1997, og som ikkje har fått dette tapet dekt gjennom regionaltilskot. Det ekstraordinære skjønnet blir avvikla i perioden 2002–2006. Det ekstraordinære skjønnsstilskotet til kommunar og fylkeskommunar blei redusert med 1/5 i 2003, og vil bli redusert med ytterlegare 1/5 i 2004.

Tabell 3.35 Skjønnsstilskot

	Ordinært skjønnsstilskot	Ekstraordinært skjønnsstilskot	Sum
Kommunar	2 155,1	595,3	2 750,4
Fylkeskommunar	1 070,4	137,2	1 207,6

(mill. kr)

Post 65 Hovudstadstilskot

I 1999 blei det innført eit eige hovudstadstilskot i inntektssystemet. Grunngevinga for hovudstadstilskotet var at Oslo har spesielle oppgåver som hovudstad. Desse oppgåvene blei tidlegare finansierte av selskapsskatten. Oslo har motteke eitt hovudstadstilskot som kommune og eitt hovudstadstilskot som fylkeskommune.

Hovudstadstilskotet til Oslo kommune er mellom anna grunngitt med at Oslo har eit høgt utgiftsbehov knytt til rusomsorg og psykisk helsevern. Frå og med 2004 blir det innført eit eige kriterium i kostnadsnøkkelen for kommunane som fangar opp variasjonar i utgiftsbehovet i kommunane knytt til rusomsorg og psykisk helsevern. Hovudstadstilskotet til Oslo kommune blir derfor avvikla som eigen post på statsbudsjettet frå og med 2004. Tilskotet vil bli avvikla gradvis gjennom overgangsordninga i inntektssystemet.

Frå og med 2004 skal staten overta det ansvaret fylkeskommunane i dag har for barnevernet. Oslo sitt ansvar for barnevernet skal likevel vidareførast, jf. omtale i kapittel 12 i kommuneproposisjonen for 2004 (St.prp. nr. 66 (2002-2003)). Den delen av dei frie inntektene til fylkeskommunen som kan tilskrivast barnevern, blir lagde inn i hovudstadstilskotet til Oslo fylkeskommune frå og med 2004. Hovudstadstilskotet til Oslo fylkeskommune aukar som følge av dette isolert sett med 344 mill. kr (2003-kr). Departementet føreslår at storleiken på hovudstadstilskotet til Oslo fylkeskommune for

2004 blir oppjustert i takt med prisstiginga. Oslo vil da ta imot om lag 427 mill. kr i hovudstadstilskot i 2004.

Post 68 Forsøk med rammefinansiering av øyremerkte tilskot

Forsøk med rammefinansiering av øyremerkte tilskot tok til frå budsjettåret 2000 og skal avviklast etter budsjettåret 2003. Frå 1. januar 2004 vil forsøkskommunane derfor få dei tilskota som har inngått i forsøket, utbetalte som ordinære øyremerkte tilskot.

Eit viktig siktemål med forsøket var å sjå om innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet til kommunane hadde nokon effekt på det lokale demokratiet, på målrettinga av tenester og på effektiviteten i tenesteproduksjonen.

Desse kommunane var med i forsøket: Stavanger, Nettet, Flakstad, Norddal, Namdalseid, Søgne, Randaberg, Orkdal, Alta, Nord-Aurdal, Hurdal, Etne, Meldal, Nordreisa, Nore og Uvdal, Råde, Frogn, Nord-Odal, Tønsberg og Lillehammer.

Evalueringa av forsøket blir gjennomført av Telemarksforsking og blir finansiert av Kommunal- og regionaldepartementet. Data frå desse samlikningskommunane vil bli brukte i evalueringa av forsøket: Trondheim, Smøla, Moskenes, Luster, Mosvik, Lillesand, Klepp, Skaun, Hammerfest, Trysil, Trøgstad, Ølen, Vågå, Lyngen, Hjartdal, Sande, Ås, Eidskog, Borre og Hamar. Evalueringa skal vere slutført 1. januar 2005.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar (jf. kap. 3571)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
21	Kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet	3 974	5 195	6 700
60	Innbyggjartilskot	33 059 072	33 173 823	26 564 225
62	Nord-Noreg-tilskot	1 080 987	1 077 719	1 112 156
63	Regionaltilskot	575 118	582 838	552 511
64	Skjønnstilskot, kan nyttast under kap. 572, post 64	3 214 800	3 069 700	2 750 408
65	Hovudstadstilskot	152 609	152 609	
67	Storbytilskot		70 000	
68	Forsøk med rammefinansiering av øyremerkte tilskot	748 812	945 816	
90	Forskot på rammetilskot	65 536		
	Sum kap. 571 ¹	38 900 908	39 077 700	30 986 000

¹ Etter saldert budsjett 2003 er løyvinga på kap. 571, post 60 auka med 9,9 mill. kr, post 64 auka med 100 mill. kr og post 68 auka med 0,5 mill. kr.

Postane 60–68

For omtale av postane 60–68 viser vi til omtalen av programkategorien ovanfor.

Post 21 Kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet

I 2002 blei det oppretta ein eigen post knytt til kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet. For 2004 føreslår departementet ei løyving på 6,7 mill. kr over denne posten, ein auke på 1,5 mill. kr i forhold til i 2003. Auken kjem av at det blir lagt opp til at det nye inntektssystemutvalet som regjeringa no har sett ned, skal finansierast over post 21. Kjøp av data og ulike tenester knytte til drift av inntektssystemet blir også finansiert over denne posten.

Andre midlar vil bli brukte til å initiere forskning og kunnskapsinnhenting innanfor heile det kommunaløkonomiske området. Gjennom Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) blir det rapportert om hovudtrekk i økonomi og tenesteyting i kommunesektoren. TBU vil i 2004, som i 2003, bli finansiert over post 21.

Post 90 Forskot på rammetilskot til kommunar

I forslag til romartalsvedtak III blir det bede om samtykke frå Stortinget til å utbetale opptil 150 mill. kr i 2004 som forskot på rammetilskot til kommunar for 2005.

Kap. 3571 Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 571)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
90	Tilbakeføring av forskot	64 601	46 371	28 000
	Sum kap. 3571 ¹	64 601	46 371	28 000

¹ Endringer som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 3571, post 90 auka med 19,2 mill. kr til 65,5 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Post 90 Tilbakeføring av forskot

Ved behandlinga av St.prp. nr. 1 (2002-2003) fekk Kommunal- og regionaldepartementet fullmakt til å gi opptil 150 mill. kr i forskot på rammetilskot for 2004 til kommunar i statsbudsjettet for 2003. Departementet reknar med at det i 2003 vil bli

utbetalt om lag 28 mill. kr i forskot på rammetilskot. Utbetalte forskot vil bli tilbakebetalt i 2004. 20 mill. kr vil bli tilbakebetalt ved at det blir gjort eit trekk i landsramma, medan 8 mill. kr vil bli tilbakebetalt ved at enkelte kommunar som fekk ekstra rammetilskot i 2003, får eit trekk i rammetilskotet i 2004.

Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar (jf. kap. 3572)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
60	Innbyggjartilskot	12 529 160	12 567 542	9 413 605
62	Nord-Noreg-tilskot	407 656	406 524	419 545
64	Skjønnstilskot, kan nyttast under kap. 571, post 64	1 224 900	1 181 300	1 207 592
65	Hovudstadstilskot	69 634	69 634	427 258
90	Forskot på rammetilskot	7 100		
	Sum kap. 572 ¹	14 238 450	14 225 000	11 468 000

¹ Endringer som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 572, post 60 sett ned med 4,2 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Postane 60–65

For omtale av postane 60–65 viser vi til omtalen av programkategorien.

Post 90 Forskot på rammetilskot til fylkeskommunar

I forslag til romartalsvedtak III blir Stortinget bede om å samtykkje i at det kan utbetalast opptil 50 mill. kr i 2004 som forskot på rammetilskot til fylkeskommunar for 2005.

Kap. 3572 Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 572)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
90	Tilbakeføring av forskot	0	7 100	0
	Sum kap. 3572	0	7 100	0

Post 90 Tilbakeføring av forskot

Ved behandlinga av St.prp. nr. 1 (2002-2003) fekk Kommunal- og regionaldepartementet fullmakt til

å gi opptil 50 mill. kr i forskot på rammetilskot for 2004 til fylkeskommunar i statsbudsjettet for 2003. Departementet reknar ikkje med at det i 2003 vil bli utbetalt forskot på rammetilskot for 2004.

Samla vekst i rammeoverføringar til kommunesektoren

Tabell 3.36 Tilskot gjennom inntektssystemet for 2003 og 2004

(i 1 000 kr)

	Overslag for rekneskap for 2003	Korrigert 2003	Forslag 2004	Faktisk vekst 03-04	Korrigert vekst 03-04
Innbyggjartilskot	33 183 723	26 935 639	26 564 225	-19,95	-1,38
Nord-Noreg-tilskot	1 077 719	1 077 719	1 112 156	3,20	3,20
Regionaltilskot	582 838	582 838	552 511	-5,20	-5,20
Skjønntilskot	3 169 700	3 159 824	2 750 408	-13,23	-12,96
Hovudstadstilskot	152 609	152 609	0		
Storbytilskot	70 000	70 000	0		
Forsøk med rammefinansiering	946 316	0	0		
<i>Sum kommunar</i>	<i>39 182 905</i>	<i>31 978 629</i>	<i>30 979 300</i>	<i>-20,94</i>	<i>-3,12</i>
Innbyggjartilskot	12 563 342	9 291 434	9 413 605	-25,07	1,31
Nord-Noreg-tilskot	406 524	406 524	419 545	3,20	3,20
Skjønntilskot	1 181 300	1 308 629	1 207 592	2,23	-7,72
Hovudstadstilskot	69 634	413 809	427 258	513,58	3,25
<i>Sum fylkeskommunar</i>	<i>14 220 800</i>	<i>11 420 396</i>	<i>11 468 000</i>	<i>-19,36</i>	<i>0,42</i>
<i>Sum kommunesektoren</i>	<i>53 403 705</i>	<i>43 399 025</i>	<i>42 447 300</i>	<i>-20,52</i>	<i>-2,19</i>

Tabell 3.36 viser tilskot gjennom inntektssystemet i 2003 før og etter korreksjonar for endringar i oppgåver og reglar, og før og etter innlemmingar av øyremerkte tilskot. Tala i tabellen er i nominelle kroner. Tabellen viser også forslaget frå regjeringa

til løyving for 2004 fordelt på dei ulike postane i rammetilskotet. Kolonne 2 viser overslag over tildeling for 2003 til kommunar og fylkeskommunar. Kolonne 3 viser den same tildelinga korrigert for endringar i oppgåver o.a. Siktemålet med å korri-

gere for endringar i oppgåver er å gjere talstorleikane for dei to åra samanliknbare. Dei endringane i oppgåver som det er korrigert for, er nærmare omtalte nedanfor. Kolonne 4 viser forslaget frå regjeringa til løyving for 2004.

Ved behandlinga av St.prp. nr. 62 (1999-2000) Om kommuneøkonomien 2001 mv. slutta eit fleirtal i Kommunalkomiteen seg til forslaget frå regjeringa om gradvis å trappe opp den prosentdelen skattane utgjer av inntektene i kommunesektoren, frå om lag 44 til 50 pst. Den delen skatten utgjer av inntektene i kommunesektoren i 2003, er i Nasjonalbudsjettet sett til knapt 48 pst. Regjeringa foreslår at den prosentdelen som skattane utgjer, blir trappa opp til knapt 49 pst. i 2004. Målsetjinga om at ein større del av dei totale inntektene til kommunesektoren skal kome frå skatt, fører til at rammetilskotet til kommunesektoren blir redusert i 2004.

Endringar i oppgåvefordeling mellom ulike forvaltningsnivå, regelendringar, innlemming av øyremerkte tilskot o.a.

I budsjettet for 2004 vil det, som i tidlegare år, bli gjort ei rad korrigeringar i rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa, regelendringar, innlemmingar av øyremerkte tilskot o.a. Nokre av endringane vil bli omfatta av overgangsordninga i inntektssystemet, medan andre vil bli lagde rett inn i eller trekte rett ut av rammetilskotet etter kostnadsnøkkelen. For nærmare omtale av korleis beløp vil bli lagde inn eller trekte ut, viser vi til Beregningsteknisk dokumentasjon til St.prp. nr. 1 (2003-2004) frå Kommunal- og regionaldepartementet ("Grønt hefte").

Korreksjonar i rammetilskotet til kommunane

Rammetilskotet til kommunane vil for 2004 bli korrigert for 23 endringar. Dei endringane rammetilskotet vil bli korrigert for i 2004, er oppgitt i 2003-kroner:

1. Det øyremerkte tilskotet til skolefritidsordninga og tilskotet til private skolefritidsordningar (kap. 221, post 63) blei innlemma i inntektssystemet 1. august 2003, med 5/12 effekt. I 2004 vil ytterlegare 171 mill. kr bli overført frå det øyremerkte tilskotet til rammetilskotet til kommunane (7/12 effekt).
2. Det øyremerkte tilskotet til institusjonar (kap. 221, post 61) blir innlemma i inntektssystemet i 2004. Rammetilskotet aukar dermed med 35 mill. kr.
3. Det øyremerkte tilskotet til leirskolar (kap. 221, post 66) blir delvis innlemma i inntektssystemet

i 2004. Den delen av det øyremerkte tilskotet som skal erstatte eigendelar ved opphald i leirskolar, blir innlemma i rammetilskotet, medan den delen av tilskotet som dekkjer lærarlønn ved leirskolar, framleis vil vere eit øyremerkt tilskot under Utdannings- og forskingsdepartementet. Totalt blir 62,5 mill. kr innlemma i rammetilskotet til kommunane.

4. Det øyremerkte tilskotet til musikk- og kulturskolar (kap. 221, post 67) blir innlemma i inntektssystemet i 2004. Rammetilskotet til kommunane aukar som følge av dette isolert sett med 96,5 mill. kr. Det øyremerkte tilskotet til musikk- og kulturskolar er til no blitt utbetalt etterskotsvis, slik at løyvinga for 2003 dekkjer tilskot for hausten 2002 (5/12) og våren 2003 (7/12). For å unngå at kommunane blir belasta med eit etterslep i overgangen mellom øyremerkt finansiering og rammefinansiering, vil etterbetaling for hausten 2003 skje over ein øyremerkt post.
5. Det øyremerkte tilskotet til styrking av kommunal/fylkeskommunal PP-teneste med 300 fagarårsverk blir innlemma i inntektssystemet i 2004 som føreset (kap. 243, post 60). Midlane blir innlemma i samsvar med det arbeidsgivaransvaret kommunane og fylkeskommunane har i samband med desse stillingane. Rammetilskotet til kommunane blir dermed auka med 120 mill. kr.
6. Det øyremerkte tilskotet til lokalt miljøvern (kap. 1400, post 60) blir innlemma i inntektssystemet i 2004. Rammetilskotet til kommunane aukar dermed med 2 mill. kr.
7. Det øyremerkte tilskotet til kommunal overvaking og kartlegging av biologisk mangfald (kap. 1410, post 60) blir innlemma i inntektssystemet i 2004. Rammetilskotet til kommunane aukar dermed med 3,7 mill. kr.
8. Det øyremerkte tilskotet til heilskapleg vassforvaltning (kap. 1441, post 65) blir innlemma i inntektssystemet i 2004. Rammetilskotet til kommunane aukar dermed med 4 mill. kr.
9. Som følge av at talet på elevar i private og statlege skolar aukar, blir rammetilskotet til kommunane redusert med 37 mill. kr.
10. I 2003 har kommunane fått kompensasjon over rammetilskotet på grunn av at pensjonspremiar for lærarar i grunnskulen har stige frå 8,0 til 13 pst. Av auken er 2 prosenteningar eingongspremie for 2003. I 2004 vil den delen av kompensasjonen som er knytt til eingongspremien i 2003, bli trekt ut av rammetilskotet til kommunane. Rammetilskotet til kommunane blir derfor redusert med 465 mill. kr.

11. Som ein del av skolepakke II fekk alle lærarar og skoleleiarar eitt lønnstrinn 1. januar 2002 og ytterlegare to lønnstrinn 1. august 2002. Utdannings- og forskingdepartementet har på bakgrunn av nye data frå hausten 2002 laga nye overslag over dei økonomiske verknadene av avtalen. Ein har kome fram til at kommunane får ei meirutgift på 93 mill. kr. Rammetilskotet til kommunane aukar i 2004 i samsvar med meirutgiftene.
12. Tilskotet til seniortiltak blei innlemma i rammetilskotet i 2003. Kostnadene knytte til seniortiltaka er no kalkulerte til 65 mill. kr meir enn det som blei lagt til grunn i 2003. I 2004 aukar derfor rammetilskotet til kommunane med 65 mill. kr.
13. Som følge av at ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift blir lagd om frå og med 2004, vil kommunane få om lag 800 mill. kr i meirutgifter i 2004. Kommunane blir kompenserte for meirutgiftene gjennom bagatellmessig støtte og ein auke av rammetilskotet. Kompensasjonen gjennom rammetilskotet utgjer 740 mill. kr i 2004.
14. Det ansvaret fylkeskommunane no har for spesialiserte helsetenester til rusmiddelmissbrukarar, blir overført til dei regionale helseføretaka frå og med 2004 (Rusreform I). Kommunale eigendelar fell bort for institusjonar som blir omfatta av Rusreform I. Kommunane får reduserte utgifter når eigendelane fell bort, og rammetilskotet til kommunane blir derfor redusert med 159 mill. kr.
15. Som følge av endringane i momskompensasjonsordninga får kommunane om lag 5,9 mrd. kr i reduserte utgifter i 2004. Rammetilskotet blir derfor redusert med 5,9 mrd. kr.
16. Som følge av at kommunane sitt ansvar for matilsynet blir overført til staten frå og med 2004, blir rammetilskotet til kommunane redusert med om lag 185 mill. kr.
17. Under føresetnad av at Stortinget gir si tilslutning til Ot.prp. nr. 66 (2002-2003) Om lov om endringer i spesialisthelsetjenesten, overtek kommunane finansieringsansvaret for transport av helsepersonell i kommunehelsetenesta frå og med 2004. Kommunane vil også få ansvaret for å dekkje reiseutgifter for helsepersonell utanfor kommunehelsetenesta, så framtidig behandlinga blir dekt etter folketrygdlova kapittel 5. Rammetilskotet til kommunane aukar som følge av dette med 292 mill. kr i 2004. Finansieringa av transport av helsepersonell m.m. er til no blitt utbetalt etterskotsvis, slik at løyvinga for 2003 dekkjer tilskot for hausten 2002 og våren 2003. For å unngå at kommunane blir belasta med eit etterslep i overgangen mellom øyremerkt finansiering og rammefinansiering, vil etterbetaling for hausten 2003 skje over ein øyremerkt post på budsjettet for Helsedepartementet.
18. I Ot.prp. nr. 70 (2002-2003) Om endringer i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner m.m. (kommunal revisjon) er det mellom anna føreslått at staten heilt skal overta oppgåvene med kontroll og revisjon av skatteoppkrevjingsfunksjonen til kommunane, medrekna revisjon av skatterekneskapen. Det er lagt til grunn at ansvaret blir overført til staten frå 1. juli 2004. Ressursbruken i kommunane til desse oppgåvene er sett til 35 mill. kr per år. Det blir trekt ut om lag 17 mill. kr av inntektsramma for kommunane i 2004, medan resten blir trekt ut i budsjettet for 2005. Uttrekket av inntektene til kommunane i 2004 blir gjort under føresetnad av at Stortinget gir si tilslutning til forslaget i Ot.prp. nr. 70.
19. Båtsfjord kommune har fått godkjent forsøk med kommunal overtaking av vidaregåande skole frå fylkeskommunen i ein forsøksperioden på fire år, med oppstartsdato 1. august 2003. Som følge av dette er rammetilskotet til kommunen auka med 4,2 mill. kr i inneverande år. I 2004 vil rammetilskotet til kommunen bli ytterlegare auka med 5,9 mill. kr.
20. Frå 1. januar blir det lagt opp til at all produksjonsverksemd skal fritakast for el-avgift i påvente av eit system som legg avgift på delar av forbruket, og som kan godtakast av ESA. Endringa i el-avgifta vil også bli gjennomført for offentleg sektor, og det inneber reduserte utgifter. Reduksjonen i utgiftene blir motsvarande av ein tilsvarende reduksjon i inntektene til kommunesektoren. Rammetilskotet til kommunane blir derfor redusert med 325 mill. kr i 2004.
21. Frå 2000 er det gitt kompensasjon til kommunar med særleg ressurskrevjande brukarar over skjønstilskotet i rammetilskotet. Frå og med 2004 blir det innført ei ny toppfinansieringsordning for særleg ressurskrevjande brukarar over budsjettet for Sosialdepartementet. I 2003 utgjer kompensasjonen til ressurskrevjande brukarar 650 mill. kr. Dette beløpet vil i 2004 bli overført til den nye toppfinansieringsordninga på budsjettet for Sosialdepartementet. Rammetilskotet til kommunane blir derfor redusert med 650 mill. kr.
22. I 2003 har kommunane fått ei løyving på 100 mill. kr til å dekkje meirutgifter som følge av høge straumprisar. Løyvinga er ei eingongsløyving i 2003, og blir derfor ikkje vidareført i 2004.

23. Kommunane sin bruk av frie inntekter til kommunale og private barnehagar i 2003 er rekna ut til å bli på 4,48 mrd. kr. I det økonomiske opplegget for 2004 er dei totale frie inntektene til kommunane prisomrekna med 3,25 pst., og dette inkluderer det bidraget kommunane gir til barnehagar. Stortinget sitt vedtak om finansiering av barnehagar inneber mellom anna at ein ikkje forventar at kommunane sine bidrag til barnehagar i 2004 skal aukast i forhold til det kommunane bruker i 2003. På bakgrunn av dette blir prisomrekninga knytt til barnehagar, kalkulert til 140 mill. kr, trekt ut av rammetilskotet for 2004.

Korreksjonar i rammetilskotet til fylkeskommunane

Rammetilskotet til fylkeskommunane vil i 2004 bli korrigert for desse endringane (tala er oppgitt i 2003-kr):

1. Som følgje av endring i finansieringa av teknisk fagskoleutdanning frå og med 1.8.2003 skal dei midlane som fylkeskommunane i dag bruker på fagskoleutdanninga, trekkjast ut av rammetilskotet. 5/12 blei trekte ut i 2003. Dei resterande 7/12 blir trekte ut i 2004. Dette fører til ein ytterlegare reduksjon i rammetilskotet til fylkeskommunane på 155 mill. kr.
2. Som følgje av at talet på elevar i statlege og private skolar aukar, blir rammetilskotet til fylkeskommunane redusert med 14,5 mill. kr.
3. I 2003 har fylkeskommunane fått kompensasjon over rammetilskotet på grunn av at pensjonspremiene for lærarar i den vidaregåande skolen har stige frå 8,5 til 14 pst. Av auken er 2 prosenteningar eingongspremie for 2003. I 2004 vil den delen av kompensasjonen som er knytt til eingongspremien i 2003, bli trekt ut av rammetilskotet til fylkeskommunane. Rammetilskotet til fylkeskommunane blir dermed redusert med 184 mill. kr.
4. Som ein del av skolepakke II fekk alle lærarar og skoleleiarar eitt lønnstrinn 1. januar 2002 og ytterlegare to lønnstrinn 1. august 2002. Utdannings- og forskingsdepartementet har på bakgrunn av nye data frå hausten 2002 laga nye overslag over dei økonomiske verknadene av avtalen. Ein har kome fram til at fylkeskommunane får ei meirutgift på 40 mill. kr. Rammetilskotet til fylkeskommunane aukar i 2004 i samsvar med meirutgiftene.
5. Tilskotet til seniortiltak blei innlemma i rammetilskotet i 2003. Kostnadene knytte til seniortiltaka er no kalkulerte til 35 mill. kr meir enn det som blei lagt til grunn i 2003. I 2004 aukar der-
for rammetilskotet til fylkeskommunane med 35 mill. kr.
6. Som følgje av at ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift blir lagd om frå og med 2004, vil fylkeskommunane få om lag 131 mill. kr i meirutgifter. Fylkeskommunane vil bli kompenserte for meirutgiftene gjennom bagatellmessig støtte og gjennom ein auke av rammetilskotet. Kompensasjonen gjennom rammetilskotet utgjør 127 mill. kr i 2004.
7. Som følgje av at staten overtek fylkeskommunane sitt ansvar innanfor barnevern og familievern, og som følgje av endringar i ansvaret når det gjeld behandling og omsorg for rusmisbrukarar, blir dei frie inntektene til fylkeskommunane isolert sett reduserte med om lag 3,67 mrd. kr i 2004.
8. Frå og med 2004 overtek staten det ansvaret fylkeskommunane i dag har for barnevernet (jf. punkt 7). Oslo fylkeskommune sitt ansvar for barnevern skal likevel vidareførast, jf. omtale i kapittel 12 i kommuneproposisjonen for 2004 (St.prp. nr. 66 (2002-2003)). Oslo fylkeskommune skal derfor behalde den delen av dei frie inntektene som kan tilskrivas barnevern. Rammetilskotet til Oslo (fylkeskommunedelen) aukar isolert sett som følgje av dette med 344 mill. kr.
9. Som følgje av endringane i momskompensasjonsordninga frå og med 2004 får fylkeskommunane om lag 1,26 mrd. kr i reduserte utgifter. Rammetilskotet til fylkeskommunane blir redusert i samsvar med dei reduserte utgiftene.
10. Frå og med 1. august 2004 blir ansvaret for den framtidige kollektivtransporten mellom Notodden og Porsgrunn overført frå staten til Telemark fylkeskommune. Rammetilskotet til fylkeskommunane aukar som følgje av dette med 5 mill. kr i 2004.
11. Det øyremerkte tilskotet til styrking av kommunal/fylkeskommunal PP-teneste med 300 fagarårsverk blir innlemma i inntektssystemet i 2004 som føresett (kap. 243, post 60). Midlane blir innlemma i samsvar med det arbeidsgivaransvaret kommunane og fylkeskommunane har i samband med desse stillingane. Rammetilskotet til fylkeskommunane aukar dermed med 15 mill. kr.
12. Båtsfjord kommune har fått godkjent forsøk med kommunal overtaking av vidaregåande skole frå Finnmark fylkeskommune i ein forsøksperioden på fire år, med oppstartsdato 1. august 2003. Som følgje av dette er rammetilskotet til fylkeskommunen redusert med 4,2 mill. kr i inneverande år. I 2004 vil rammetilsko-

tet til fylkeskommunen bli ytterlegare redusert med 5,9 mill. kr.

13. Frå 1. januar blir det lagt opp til at all produksjonsverksemd blir friteken for el-avgift i påvente av eit system som legg avgift på delar av forbruket, og som kan godtakast av ESA. Endringa i el-avgifta vil også bli gjennomført for

offentleg sektor, og det inneber reduserte utgifter. Reduksjonen i utgiftene blir motsvarate av ein tilsvarende reduksjon i inntektene til kommunesektoren. Rammetilskotet til fylkeskommunane blir derfor redusert med 81 mill. kr i 2004.

Kap. 573 Kompensasjon til fylkeskommunar ved statleg overtaking av ansvaret for spesialisthelsetenesta

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
60	Tilskot til sletting av gjeld o.a.	18 272 000		
61	Tilskot til feriepengar/styrking av likviditet	2 295 000		
62	Tilskot til utstyr	1 002 531		
	Sum kap. 573	21 569 531		

Løyvingane over kap. 573 var eingongsløyvingar i 2002 knytte til det økonomiske oppgjeret mellom staten og fylkeskommunane i samband med at staten overtok spesialisthelsetenesta.

I 2002 blei det gitt tilskot til fylkeskommunane for å setje dei i stand til å slette lånegjeld knytt til spesialisthelsetenesta. Tilskotet var knytt til lånegjeld på eigedommar der det var oppnådd semje mellom staten og fylkeskommunane om overfø-

ring. For eigedommar der det ikkje blei oppnådd semje om overføring, blei det oppretta ei særskild tvistenemnd. Nemnda skal etter planen avslutte si behandling primo 2004. Fylkeskommunane skal setjast i stand til å slette lånegjeld på eigedommar som nemnda finn skal overførast til staten ved helseføretaka. Departementet vil i 2004 kome tilbake med forslag til løyving når resultatet av behandlinga i nemnda ligg føre.

Kap. 574 Økonomisk oppgjer ved endringar i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
60	Tilskot til sletting av gjeld			180 250
61	Tilskot til feriepengar			116 531
62	Tilskot til pensjonsutgifter			81 365
	Sum kap. 574			378 146

Kapitlet er nytt i 2004. Ved behandlinga av Innst. O. nr. 64 (2002-2003) slutta Stortinget seg til

at ansvaret for det fylkeskommunale barne- og familievernet blir overført til staten. Ved behand-

linga av Innst. O. nr. 51 (2002-2003) slutta Stortinget seg til at ansvaret for dei spesialiserte helsetenestene innanfor rusområdet blir overførte til dei statlege helseføretaka. Når det gjeld ansvaret for dei spesialiserte sosialtenestene på rusområdet, legg ein opp til at det blir bestemt i 2003 kvar ansvaret for oppgåva skal liggje.

Det økonomiske oppgjeret med fylkeskommunane i samband med reforma er behandla i kommuneproposisjonen for 2004 (St.prp. nr. 66 (2002-2003)). Stortinget gjorde ved handlinga av kommuneproposisjonen for 2004 dette vedtaket:

”Stortinget ber Regjeringa, i tilknytning til overføring av ansvaret for rusområdet, familievern og barnevern, gjennomføre separate forhandlingar med den enkelte fylkeskommune før uttrekksmodellen iverksettes.”

Oppfølging av dette vedtaket er nærmare omtalt i pkt. 2.7.3 i denne proposisjonen.

Ved spesialisthelsetenestereforma blei fylkeskommunane tilførte midlar for å slette gjeld knytt til dei eigedommane, bygningane og anlegga som blei overtekne av dei statlege helseføretaka. Tilsvarende skal fylkeskommunane no tilførast midlar for å kunne slette gjeld på bygningar, anlegg og eigedommar knytte til barne- og familievernet og dei spesialiserte helsetenestene på rusområdet.

Ved spesialisthelsetenestereforma blei fylkeskommunane tilførte midlar gjennom ei eingongsløyving som tok sikte på å styrkje likviditeten til fylkeskommunane. Løyvinga hadde bakgrunn i ei endring av rekneskapsprinsippet for føring av feriepengar i 1992. Tilsvarende skal fylkeskommunane no få tilført midlar for feriepengar knytte til reformområda.

Nye reglar for rekneskapsføring av pensjon i fylkeskommunane inneber utsett resultatføring av delar av pensjonsutgiftene i 2002 (premieavviket). Dette inneber ei forplikting som fylkeskommunane må dekkje inn over 15 år frå 2003. Denne forpliktinga må staten overta frå og med 2004 gjennom ei eingongsløyving til fylkeskommunane.

Samla blir det foreslått å løyve om lag 378 mill. kr på kap. 574 til fylkeskommunane i samband med endringar i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg.

Post 60 Tilskot til sletting av gjeld

I kommuneproposisjonen for 2004 er det gjort nærmare greie for gjeldsoppgjeret knytt til barnevern, familievern og rusområdet. All dokumentert gjeld knytt til desse områda skal kunne slettast. Det er ikkje gjort korreksjonar i forhold til kommuneproposisjonen for 2004. Det blir ikkje opna for at letten i gjeldssituasjonen kan nyttast til å styrkje arbeidskapitalen.

Tal innhenta frå fylkeskommunane viser at samla restlånegjeld knytt til reformområda var 180 mill. kr per 31. desember 2002, ikkje medrekna Oslo kommune, jf. tabell 3.37. Eventuelle endringar i gjeldsoppgjeret som følgje av låneoptak til investeringar i 2003, og som følgje av gjeldsoppgjeret for Oslo kommune, vil departementet kome tilbake til i 2004.

Post 61 Tilskot til feriepengar

I kommuneproposisjonen for 2004 er det gjort greie for tilskot til feriepengar som følgje av endra rekneskapsprinsipp i 1992. Departementet har gjort overslag som viser at feriepengekravet er på om lag 117 mill. 2003-kr, jf. tabell 3.37. I forhold til kommuneproposisjonen for 2004 er dette ein auke på om lag 4 mill. kr. Heile auken er knytt til Oslo kommune og kjem av at ein ved utrekningane i samband med kommuneproposisjonen for 2004 la til grunn at dei spesialiserte sosialtenestene på rusområdet blei liggjande i Oslo kommune etter 2004.

Post 62 Tilskot til pensjonsutgifter

I kommuneproposisjonen for 2004 er det gjort greie for tilskot til dekning av premieavviket i 2002 som følgje av nye reglar for føring av pensjonsutgifter innførte i 2002. Departementet har kalkulert premieavviket til 81,4 mill. 2003-kr, jf. tabell 3.37. I forhold til kommuneproposisjonen for 2004 er dette ein auke på 1,365 mill. kr. Heile auken er knytt til Oslo kommune og kjem av at ein ved utrekningane i samband med kommuneproposisjonen for 2004 la til grunn at dei spesialiserte sosialtenestene på rusområdet blei liggjande i Oslo kommune etter 2004.

Tabell 3.37 Tilskot til sletting av gjeld, kompensasjon for feriepengar og tilskot til dekning av premieavvik

(i 1000 kr)

	Gjeld	Feriepengar	Premieavvik
Østfold	15 776	8 573	6 299
Akershus	18 513	10 008	7 353
Oslo	-	14 124	6 126
Hedmark	23 800	3 231	2 374
Oppland	0	3 723	2 735
Buskerud	5 459	6 361	4 673
Vestfold	10 562	7 360	5 407
Telemark	2 925	6 739	4 951
Aust-Agder	11 288	3 114	2 288
Vest-Agder	5 732	5 263	3 867
Rogaland	12 034	7 646	5 618
Hordaland	12 464	11 870	8 721
Sogn og Fjordane	4 357	2 299	1 689
Møre og Romsdal	19 063	5 072	3 727
Sør-Trøndelag	1 473	5 990	4 401
Nord-Trøndelag	4 832	2 299	1 689
Nordland	22 771	5 612	4 123
Troms	5 075	4 999	3 672
Finnmark	4 126	2 248	1 652
Sum	180 250	116 531	81 365

Programområde 14 Bustader, bumiljø og bygningsaker

Samla utgifter under programområde 14

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
14.10	Bustader og bumiljø	18 608 271	19 147 750	19 827 700	3,6
14.20	Bygningssaker	32 674	34 700	37 000	6,6
	Sum område 14	18 640 945	19 182 450	19 864 700	3,6

Samla inntekter under programområde 14

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
14.10	Bustader og bumiljø	12 553 091	14 053 026	13 931 550	-0,9
14.20	Bygningssaker	13 528	12 700	13 200	3,9
	Sum område 14	12 566 619	14 065 726	13 944 750	-0,9

Under programområde 14 blir regjeringa sin politikk for bustad- og bygningssektoren presentert. Programkategori 14.10 Bustader og bumiljø er i hovudsak knytt til verksemda til Husbanken. Programkategori 14.20 Bygningssaker omtaler i hovudsak verksemda til Statens bygningstekniske etat.

Mål for programområde 14 Bustader, bumiljø og bygningssaker

Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om bustadpolitikken i desember 2003. I meldinga vil måla for bustadpolitikken bli gjennomgått. Den noverande målstrukturen er slik:

Boks 3.5 Overordna mål og delmål**Overordna mål:****Delmål:***Bustadpolitiske mål:*

Alle skal kunne disponere eit godt husvære i eit godt bumiljø.

God bustaddekning og ein bustad- og byggjemarknad som fungerer godt

God fordeling av husvære

Gode husvære, god byggkvalitet og eit godt bumiljø

Trygge butilhøve

Ei funksjonell og rettferdig organisering av eige- og leigeforhold

Bygningspolitiske mål:

Bygningar og anlegg skal ha god kvalitet.

Bygningar og anlegg skal ta omsyn til helse, miljø og tryggleik, ha god tilkomst og ei estetisk utforming.

God og effektiv byggjesaksprosess

God og effektiv tilrettelegging av tomter

God kompetanse hos aktørane i byggje- og anleggsverksemd

Berekraftig byutvikling

Dei bustadpolitiske og bygningspolitiske delmåla søkjer ein å nå gjennom bruk av økonomiske og juridiske verkemiddel, og gjennom rettleiing og informasjon. Dei økonomiske verkemidla blir i all

hovudsak forvalta av Husbanken. Statens bygningstekniske etat forvaltar det bygningstekniske regelverket og godkjenningsordninga for ansvarlege i byggjeprosessen.

Programkategori 14.10 Bustader og bumiljø

Samla utgifter under programkategori 14.10

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
580	Bustønad	1 788 793	1 932 800	2 109 000	9,1
581	Bustad- og bumiljøtiltak	975 706	837 700	833 600	-0,5
582	Skoleanlegg	36 448	192 000	222 000	15,6
585	Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 3585)	3 984	4 650	4 700	1,1
586	Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimplassar	2 583 287	3 210 300	3 397 400	5,8
2412	Den Norske Stats Husbank (jf. kap. 5312 og 5615)	13 220 053	12 970 300	13 261 000	2,2
	Sum kategori 14.10	18 608 271	19 147 750	19 827 700	3,6

Samla inntekter under programkategori 14.10

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
5312	Den Norske Stats Husbank (jf. kap. 2412)	6 675 820	6 711 826	8 899 350	32,6
5615	Renter frå Den Norske Stats Husbank (jf. kap. 2412)	5 877 161	7 341 000	5 032 000	-31,5
3585	Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 585)	110	200	200	0,0
	Sum kategori 14.10	12 553 091	14 053 026	13 931 550	-0,9

Under kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak forvaltar Kommunal- og regionaldepartementet post 60 Handlingsprogram for Oslo indre aust og ein ny post 21 Kunnskapsutvikling og -formidling som

erstattar post 73 Tilskot til opplysning, informasjon o.a. Husbanken forvaltar alle andre budsjettpostar som blir omtalte i programkategorien, med unntak av kap. 585 Husleigetvistutvalet i Oslo.

Budsjettforslag for 2004 – prioriteringar

I budsjettet for 2004 har regjeringa lagt desse hovudprioriteringane til grunn:

Hovudmålet til regjeringa er at alle skal kunne bu godt og trygt. Regjeringa sin politikk har medverka til ei sterk senking av rentenivået, noko som reduserer bukostnadene for folk og gjer det lettare for ungdom å etablere seg på bustadmarknaden.

Ein del personar vil falle utanfor den ordinære bustadmarknaden utan støtte frå det offentlege. Somme grupper har mellombels utfordringar på bustadmarknaden, medan andre har meir permanente utfordringar. Regjeringa ønskjer å målrette dei bustadpolitiske verkemidla mot desse gruppene.

Regjeringa ønskjer ei vidare satsing på bustønad som eit sentralt verkemiddel i bustadpolitikken. Bustønad er eit svært målretta verkemiddel for å hjelpe personar og familiar med å kunne behalde eller skaffe seg eit høveleg husvære.

Etter regjeringa sitt syn må også tilskotsmidlane på bustadområdet rettast inn mot dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden. Derfor prioriterer regjeringa kampen for å hjelpe bustadlause, busetjing av innvandrarak og flyktningar og hjelp til funksjonshemma innanfor desse midlane.

Regjeringa ønskjer å prioritere ungdom i etableringsfasen innanfor Husbanken si låneramme. Derfor blei startlånet etablert frå og med 2003. Det har fram til no vore ein stor suksess, og regjeringa vil byggje vidare på denne låneordninga. Husbanken si låneramme er godt tilpassa etterspørselen og behova på bustadmarknaden. Ved behandling av søknader om oppføringslån skal Husbanken prioritere bygging av nøkterne husvære med god kvalitet, og med godt tilgjenge og gode miljøstandardar. Regjeringa ønskjer å styrkje Husbanken si rolle som kompetansesenter for bustadpolitikk i enda større grad, særleg overfor kommunane.

For regjeringa er det eit hovudmål å sikre ein velfungerande bustadmarknad. Det er derfor føreslått ei rad endringar og forenklingar i plan- og bygningslova. Dette vil medverke til ein betre balanse mellom tilbod og etterspørsel på bustadmarknaden. Regjeringa har også sett ned eit eige bygningslovutval som skal kome med forslag til fleire forenklingar i bygningslovgivinga.

Regjeringa ønskjer auka fokus på byggjekostnader. I dei siste åra har byggebransjen hatt ei mykje dårlegare produktivitetutvikling enn andre bransjar, noko som er med på å gjere husværa dyrare. Regjeringa meiner at det er store gevinstar å hente om ein får betre prosessar og innfører ny teknologi i byggebransjen. Ulike aktørar i byggebransjen er derfor inviterte til eit samarbeid for å

redusere byggjekostnadane, noko som vil vere viktig for å kunne byggje gode husvære til ein overkommelig pris.

Status

Etter fleire år med oppsving i bustadbygginga blei det sett i gang bygging av noko færre nye husvære i 2002 enn i tidlegare år. Det blei totalt sett i gang bygging av om lag 23 000 nye husvære. Dette er 9 pst. færre enn i 2001. Nedgangen i bustadbygginga er i tråd med ei meir langsiktig utvikling på bustadmarknaden, som mellom anna kjem av ein nedgang i den delen av befolkninga som er i etableringsfasen. Husbanken har relativt sett medverka til finansiering av fleire nye husvære i dei to siste åra enn i dei to føregåande åra, heile 50–60 pst. av alle igangsette husvære.

I bustadpolitikken har regjeringa særleg prioritert tiltak for vanskelegstilte, mellom anna gjennom bustønad, der det er gjennomført fleire forbetringar i 2002 og 2003. I 2002 blei buutgiftstaket heva i dei fire største byane, og dette kom alle husstandstypar til gode. Sjablonen for lys og varme, som går til eldre, uførepensjonistar og etterlatnepensjonistar, blei heva med 17 pst. i 2002 og med ytterlegare 10 pst. i 2003. I 2003 er finansieringskravet for barnefamiliar i eigarhusvære avvikla. Kvadratmetergrensa for barnefamiliar i kommunale utleigehusvære i storbyane er også fjerna. Dette er gjort for at det skal vere enklare å finne rimelege husvære til barnefamiliar, og for at familiar ikkje skal måtte flytte til eit større husvære for å oppfylle vilkåra for å få bustønad.

Innanfor ordninga med bustadtilskot har talet på husvære til bustadlause og flyktningar, som følge av regjeringa si prioritering av dei mest vanskelegstilte, hatt eit stort oppsving. Etterspørselen etter det nye startlånet som blei innført i 2003, har vore stor. Kommunane hadde ved utgangen av 1. halvår teke opp lån for om lag 3,3 mrd. kr. Lånet blir vidare tildelt frå kommunane til husstandar som har problem med å etablere seg på bustadmarknaden. Lånet har erstatta dei tidlegare ordningane med kjøpslån og etableringslån.

Lån til barnehagar er ei anna ordning som har vore prioritert i 2003. Det blei i 1. halvår 2003 gitt lån til over 3300 barnehageplassar, mot 2500 i same tidsrom i 2002.

Handlingsplanen for eldreomsorga blir avslutta i 2003. I 2002 blei målalet på 10 200 omsorgsbustader og sjukeheimplassar i handlingsplanen for eldreomsorga nådd med god margin. Også målalet i opptrappingsplanen for psykisk helse på 900 omsorgsbustader blei nådd.

Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om bustadpolitikken i desember 2003.

Våren 2003 la regjeringa fram St.meld. nr. 31 (2002-2003) Storbymeldingen – Om utvikling av storbypolitikk. I meldinga blei det teikna eit breitt bilete av norske storbyregionar og trekt opp perspektiv for ein langsiktig storbypolitikk. Storbyane er ein viktig vekstfaktor i forhold til områda rundt. Det er derfor viktig å sjå storbyane si rolle både i eit nasjonalt og i eit regionalt perspektiv. Meldinga tek også opp dei spesielle problema storbyane har, særleg dei sosiale utfordringane.

Ot.prp. nr. 30 (2002-2003) Om lov om bustadbyggjelag (bustadbyggjelagslova) og lov om burettslag (burettslagslova) blei vedteken i Stortinget sommaren 2003. I den nye burettslagslova får andelseigarane i burettslag eit betre rettsvern ved kjøp av husvære. Dessutan skal no andelane registrerast i grunnboka. Andelseigarane vil også stå fri-

are ved at uoppseielege avtalar om forretningsførsel kan seiast opp. Ein diskrimineringsparagraf vil bli lagt inn i alle bustadlovene.

Ei viktig prioritering i bygningspolitikken har vore det statlege prosjektet for utvikling av eit internettbasert system for elektronisk byggjesaksbehandling (ByggSøk). Prosjektet blei i samsvar med planen sett i drift i juli 2003. På same tid blei det innført nye reglar om tidsfristar, og det blir også innført forenklingar. Desse tiltaka skal medverke til enklare og raskare saksbehandling.

Eit bygningslovlovutval som skal stå for ein større gjennomgang av bygningslovgivinga med sikte på å forenkle reglane, er sett ned. Utvalet har eit breitt mandat, og målet er at effektive prosessar skal gi grunnlag for lågare kostnader og motivere til oppstarting av nye tiltak. Første delinnstilling blei levert til kommunal- og regionalministeren hausten 2003.

Kap. 2412 Den Norske Stats Husbank (jf. kap. 5312 og 5615)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	255 024	262 300	273 000
45	Større kjøp av utstyr og vedlikehald, kan overførast	4 054	5 000	5 000
72	Rentestøtte	53 557	32 000	29 000
90	Lån til Husbanken, overslagsløyving	12 907 418	12 671 000	12 954 000
	Sum kap. 2412 ¹	13 220 053	12 970 300	13 261 000

¹ Vesentlege endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 2412, post 72 sett ned med 2 mill. kr til 30 mill. kr og post 90 auka med 959 mill. kr til 13,63 mrd. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Husbanken er det viktigaste verktøyet regjeringa har for å nå dei bustadpolitiske måla. Husbanken skal gjennomføre den statlege bustad- og bygningspolitikken målretta og effektivt, og fremme bygging av husvære med nøktern standard og god kvalitet. Omsynet til god økologisk og økonomisk ressursbruk og til god byggjeskikk skal sikrast ved at ein påverkar nybygging, og gjennom fornying av eksisterande bustadhus.

Husbanken gir lån og tilskot til bustadbygging, bustadfornying, bustadetablering, omsorgsbustader, barnehagar o.a. Delar av låne- og tilskotsordningane – som startlån, personretta utbetingslån og bustadtilskot – er behovsprøvde og skal gjere

det lettare å etablere seg for unge og vanskelegstilte. Desse midlane blir retta inn mot husstandar som har vanskar med å skaffe seg eit godt og nøkternt husvære til ein akseptabel kostnad. Husvære for bustadlause og flyktningar er høgst prioritert.

Husbanken forvaltar den statlege bustønsordninga og har tilskotsordningar som skal stimulere til bygging av omsorgsbustader for personar med psykiske lidningar.

Husbanken har verkemiddel som skal betre kvaliteten på husvære og bumiljø i eksisterande buområde, særleg i byar og tettbygde strøk. Husbanken har i tillegg ansvar for det statlege byggjeskikkarbeidet. Husbanken skal gjere kommunane,

byggjebransjen og andre meir medvitne om god byggjeskikk og auke kompetansen på området. Det skal mellom anna gjerast gjennom undervisningsopplegg, kursverksemd, fagdagar, formidling av informasjon og arkitektkonkurransar.

I 2002 blei det etablert ei rentekompensasjonsordning for å stimulere kommunane til ei ekstra satsing for å ruste opp skoleanlegg. Husbanken administrerer utbetalingane til kommunane.

Resultatrapport for 2002–2003

Tabell 3.38 Verksemda i Husbanken i perioden 1999–2002 og i 1. halvår 2003

Ordning	1999	2000	2001	2002	1. halvår 2003
<i>Lån:</i>					
Oppføringslån, talet på ordinære bustader med tilsegn	8 530	9 989	11 307	10 379	5 734
Oppføringslån, gjennomsnittleg storleik i kvm	110	104	94	89	87
Alle igangsette bustader, gjennomsnittleg storleik i kvm ¹	124	124	118	115	–
Omsorgsbustader/sjukeheimplassar, bueiningar med tilsegn	1 402	313	93	57	0
Oppføringslån, talet på bustader med tilsegn om lånetillegg	6 714	8 162	8 332	8 160	4 725
Startlån ²					2 117
Etableringslån, talet på saker med tilsegn	8 115	8 157	11 324	9 731	–
Kjøpslån, talet på bustader med tilsegn	2 288	2 165	4 207	2 901	–
Utbetringslån, talet på bustader med tilsegn	9 999	15 014	10 651	8 369	8 806
<i>Tilskot:</i>					
Omsorgsbustader/sjukeheimplassar, bueiningar med tilsegn	6 285	6 235	7 437	11 602	1 092
Tilskot til bustadkvalitet, talet på bustader med tilsegn	4 454	4 874	4 846	4 101	65
Tilskot til etablering, utbetring og utleigebustader, talet på bustader med tilsegn ³	2 355	2 289	2 595	2 470	775
Av dette tilskot til utleigebustader	910	901	1 045	1 302	577
Tilskot til tilpassing av husvære, talet på saker med tilsegn frå kommunane ⁴	6 510	5 362	5 157	4 521	–
Bustønad, talet på hushald som får stønad ⁵	97 342	99 924	102 896	101 691	108 531

¹ Talet for 1. halvår 2003 ligg ikkje føre.

² Utbetalte startlån i 1. halvår, basert på rapportering frå 237 kommunar per 31. juli, inkl. Oslo, Bergen og Stavanger.

³ Inkl. bustader med tilsegn frå kommunane.

⁴ Blir rapportert ein gong i året.

⁵ Hushald som fekk stønad i 1. termin i perioden 1999–2003. Gjeld ikkje klagebehandling, etterbetaling og overgangsordning.

Etter tre år med ein markert oppsving i bustadbygginga blei det sett i gang bygging av noko færre nye bustader i 2002. Denne utviklinga fekk vi trass i sterk inntektsvekst for hushalda og ein relativt god ordresituasjon for bustadbyggjarane. På den andre sida er truleg dei økonomisk usikre tidene med på å dempe etterspørselen etter bustader og byggjeaktiviteten. Det er likevel venta at rentefallet vil kunne styrkje etterspørselen etter bustader i tida framover.

Det blei totalt sett i gang bygging av om lag 23 000 nye bustader i 2002. Dette er om lag 2300 eller 9 pst. færre enn året før. Samanlikna med nivået i 1990-åra er likevel aktiviteten i nybygginga framleis høg, også samanlikna med nabolanda våre, til dømes Sverige.

At bustadbygginga no går noko ned, er i tråd med ei meir langsiktig utvikling på bustadmarknaden. Etter kvart blir det sett i gang bygging av noko færre omsorgsbustader. Vi får også ein nedgang i den delen av befolkninga som er i etableringsfasen, og behovet for ny bustadbygging vil dermed bli redusert. Nye utrekningar som byggjer på folke- og bustadteljinga i 2001, tyder på at underskotet av bustader er lågare enn ein tidlegare rekna med. Regjeringa legg til grunn at igangsetjingstala for nye bustader gradvis kjem til å minke ned mot 20 000 bustader i 2006.

Husbanken sin medverknad til finansiering av nye bustader har relativt sett vore noko større i dei to siste åra enn i dei to føregåande åra. Om vi tek utgangspunkt i eit overslag for nye omsorgsbustader på drygt 2700 einingar i 2002, har Husbanken vore med på å finansiere rundt rekna 13 000 nye bustader eller nesten 60 pst. av alle igangsette bustader siste året. For dei ordinære bustadene var drygt 50 pst. av dei igangsette bustadene finansierte av Husbanken.

Gjennomsnittsarealet for alle igangsette bustader har gått litt ned i dei siste to åra (jf. tabell 3.38 Verksemda i Husbanken i perioden 1999–2002 og i 1. halvår 2003), men nedgangen i arealet for bustadene med oppføringslån frå Husbanken er klart større. Dette er i tråd med regjeringa sitt ønske om at Husbanken i større grad skal finansiere mindre og relativt rimelege husvære i dei største byane og pressområda, slik at ein kan redusere regional ubalanse på bustadmarknaden.

For å følgje opp prioriteringane frå regjeringa har Husbanken med verknad frå 2003 endra opplegget for utmåling av oppføringslån slik at dei største husværa i nokon grad fell utanfor. Små og rimelege husvære med gode kvalitetar skal framleis få ei gunstig finansiering.

Husbanken har innført eit nytt lånetillegg for visse distrikt der privatbankane tradisjonelt har

vore tilbakehaldne med finansiering. Det nye lånetillegget skal motverke eventuelle uheldige konsekvensar av omlegginga av låneutmålinga.

Sjølv om den nye låneutmålinga vil innebere at husbankfinansieringa blir redusert reint kvantitativt, er det framleis viktig å ikkje svekkje dei kvalitative sidene ved husbankfinansierte bustader. Lånetillegget for livsløpsstandard er derfor auka.

I det siste året med kjøpslån blei etterspørselen redusert med vel 20 pst. samanlikna med toppåret 2001. På den andre sida er det stor kommunal interesse for den nye ordninga med startlån, som regjeringa innførte frå 2003. Startlånet erstattar kjøpslån og etableringslån. Opptaket av etableringslån var i 2002 på i underkant av 2,7 mrd. kr, medan kommunane til samanlikning hadde søkt om startlån for 3,2 mrd. kr allereie ved inngangen til 2003. Å få kommunane til å bruke meir etableringslån har vore eit sentralt bustadpolitisk satsingsområde i dei siste åra. Til saman mellom 10 000 og 11 000 husstandar har fått lån gjennom kommunane i kvart av dei siste to åra. At det i to av tre husstandar som får etableringslån, er personar under 35 år, tyder på at dette verkemiddelet har vore treffsikkert. Nærmare 60 kommunar som ikkje nytta seg av ordninga med etableringslån i 2002, har i 2003 sendt inn søknad om startlånmidlar. I 2002 gav Husbanken utbetingslån berre på sosialt grunnlag til prioriterte grupper.

Handlingsplanen for eldreomsorga (jf. St.meld. nr. 50 (1996-97)) blir avslutta i 2003. Det blei i 2002 gitt oppstartingstilskot til over 11 600 bueiningar, og det var godt over målalet. Dei siste tilsegnene under eldreplanen kan Husbanken gi i 2003, og det dreier seg om i alt 3000 sjukeheimplassar. Husbanken skal også gi tilskot til 900 bueiningar som er knytte til opptrappingsplanen for psykisk helse (jf. St.prp. nr. 63 (1997-98)). Denne planen varer fram til 2006.

Ei av dei viktigaste bustadpolitiske oppgåvene for Husbanken er å finansiere høvelege husvære til bustadlause og andre vanskelegstilte husstandar. Regjeringa har gitt desse gruppene hovudprioritet innanfor dei bustadpolitiske verkemidla. Sentralt i denne samanhengen står bruken av bustadtilskot. Det har årleg vore gitt slikt tilskot til mellom 2300 og 2600 husvære. I lys av målet i regjeringa sin tiltaksplan mot fattigdom blei det i 2002 gitt fleire tilskot til utleigehusvære for flyktingar og bustadlause. Talet på utleigebustader til flyktingar er nær fordobla. I 2002 gav Husbanken tilskot til om lag 200 utleigebustader for bustadlause. Dersom ein skal skaffe husvære til denne gruppa, lyt ein bruke ei finansiering der bustadtilskot utgjer ein stor prosentdel. Det gjennomsnittlege tilskotsbelø-

pet i 2002 var da også klart høgst for bustadlause - over kr 400 000 per bustad.

Talet på mottakarar av bustønad har stige jamt. Bustønaden er etter regjeringa sitt syn eit svært målretta verkemiddel i bustadpolitikken. Det er stadig gjort forbetringar i bustønadsordninga; ein har mellom anna sløyfa finansieringskrav i private utleigebustader for barnefamiliar (2000) og heva buutgiftstaket (2001). For dei fire største byane er buutgiftstaket heva enda meir (2002), og denne auken kom alle husstandstypar til del. Sjablonen for lys og varme, som veg relativt tungt når ein reknar ut bustønaden til gruppa eldre, uførepensjonistar og etterlatnepensjonistar, blei i 2002 heva med 17 pst. Alderspensionistane var den gruppa som i 2002 hadde den sterkaste veksten i buutgiftene, men som samtidig hadde den lågaste inntektsauken. Både låge inntekter og høge buutgifter resulterer i auka bustønad.

I 2003 blei finansieringskravet for barnefamiliar i eigarhusvære avvikla. Sjablonen for lys og varme blei oppjustert med ytterlegare 10 pst. Kvadratmetergrensa for barnefamiliar i kommunale utleigehusvære i storbyane er også fjerna. Dette er eit tiltak som skal gjere det enklare å finne rimelege husvære til barnefamiliar og hindre at familiar må flytte til eit større husvære for å oppfylle vilkåra for å få bustønad. I samband med behandlinga av St.prp. nr. 41 (2002-2003) vedtok Stortinget å løyve kr 2 500 som eit eingongsbeløp til alle bustønads-mottakarar som kompensasjon for auka straumprisar. Stortinget vedtok også at alle i bustønadsordninga skulle få tillegget for lys og varme for 1. ter-


min 2003, og at inntektsgrensene for barnefamiliar skulle hevast med kr 30 000.

Den offentlege bustadpolitikken blir i aukande grad utøvd av kommunane. Husbanken tek mål av seg til å vere ein tilretteleggjar og rettleiar for kommunane i bustadpolitikken. Ei sterkare regionalisering og desentralisering av apparatet til Husbanken, som banken har hatt særleg fokus på både i 2002 og i 2003, er med på å gjere samarbeidet med kommunane betre.

Gjennom programmet "Open Husbank" ønskjer banken å utvikle ein enklare og meir tilgjengeleg Husbank, samstundes som ein vil vere eit kompetansesenter på bustadområdet.

Rentenivået i Husbanken

Det generelle rentenivået fall gjennom siste delen av 2002, og denne tendensen heldt fram gjennom første delen av 2003. Den stramme finanspolitikken som regjeringa har ført, har medverka til ein reduksjon i styringsrenta i Noregs Bank på 4 prosentpoeng til no i år, og dette har kome huseigarar, og ikkje minst førstegongsetablerarar, til gode. Marknadsrenta på bustadlån, målt etter gjennomsnittet i eit utval av privatbankane, ligg hausten 2003 lågare enn den flytande renta i Husbanken. Dette heng saman med måten den flytande husbankrenta blir fastsett på; endringar i den flytande renta i Husbanken skjer tre månader på etterskot i forhold til rentemarknaden elles. Men dei fleste av kundane i Husbanken vel å nytte tilbodet om fast rente. Figuren under viser utviklinga i bustadrentene i perioden 1998–2003.



Figur 3.6 Flytande og fast rente i Husbanken samanlikna med renter i privatbankar. Kvartalsvis renteutvikling

Låneramme for Husbanken i 2004

Regjeringa foreslår ei låneramme på 13,5 mrd. kr i 2004. Dette er ei låneramme som er godt tilpassa etterspørselen på bustadmarknaden. Regjeringa vil følgje vidare opp Stortinget sitt vedtak om å gi lån til etablering av sjukeheimsplassar, eldrebustader og rehabiliteringsplassar i sørlege land. 0,5 mrd. kr av låneramma vil bli øyremærkt til formålet. Husbanken skal supplere andre delar av kredittmarknaden og gi lån til formål som er samfunnsøkonomisk og fordelingspolitisk ønskelege.

Regjeringa vil derfor føre vidare dei prioriteringane som blei skisserte i 2003-budsjettet, med satsing på startlån til unge og vanskelegstilte for at dei skal kunne etablere seg i eige husvære, og med målretting av Husbanken sine generelle låneordningar til oppføring og utbetring av husvære inn mot prosjekt med livsløpstandard og gode miljøkvalitetar. Finansiering av nye barnehageplassar vil også i 2004 ha høg prioritet.

Tabell 3.39 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for lån

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2000	2001	2002	1. halvår 2003
<i>Medverke til å dekkje behovet for nye, gode og nøkterne husvære:</i>				
Talet på nye bustader med innvilga ¹ oppføringslån i Husbanken	9 898	11 307	10 379	5 734
<i>Medverke til at målet om barnehagedekning blir oppfylt:</i>				
Talet på barnehageplassar med innvilga lån i Husbanken	1 739	2 285	4 325	3 329
<i>Stimulere til at nye bustader som blir bygde, har spesielle, ønskte tilleggs-kvalitetar²:</i>				
Prosentdel bustader med gode uteareal	31 pst.	26 pst.	39 pst.	40 pst.
Prosentdel bustader med premiering for helse, miljø og tryggleik	62 pst.	58 pst.	32 pst.	66 pst.
Prosentdel bustader med livsløpsstandard	49 pst.	39 pst.	39 pst.	37 pst.
Prosentdel bustader med heis i låghus	9 pst.	10 pst.	13 pst.	11 pst.
<i>Stimulere til god og nøktern utbetring av bustader:</i>				
Bustader med innvilga utbetningslån totalt	15 014	10 651	8 369	8 806
Bustader med innvilga lån til fornying i tett busetnad	13 170	8 438	6 820	6 322
Bustader med innvilga lån til utbetring til ENØK-formål	849	698	377	1 182
Bustader med kulturhistorisk og antikvarisk verdi	86	124	12	167
<i>Medverke til at prioriterte målgrupper på bustadmarknaden kan få dekt behovet for gode og høvelege husvære:</i>				
Talet på bustader med innvilga lån til nybygging eller kjøp ³	12 063	15 514	13 280	7 851

Tabell 3.39 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for lån

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2000	2001	2002	1. halvår 2003
Fordeling etter utvalde (vanskelegstilte) brukargrupper ⁴				
– Funksjonshemma	360	325	243	27
– Flyktningar	128	228	309	84
– Bustadlause	-	-	103	66
– Ungdom/studentar	1 407	3 561	2 503	590
Talet på bustader med spesielle tilleggskvalitetar for funksjonshemma ⁵	8 441	7 762	8 724	2 591
Talet på bustader med innvilga lån slik at ulike brukargrupper kan bli buande der, etter utvalde (vanskelegstilte) brukargrupper ⁶	909	1 391	1 160	1 135
– Funksjonshemma	102	162	123	31
– Økonomisk vanskelegstilte	481	349	380	125
– Eldre	326	880	657	979

¹ Bustader med lånetilsegn eller prosjektgodkjenning.

² Prosentdelane er rekna av bustader som fekk oppføringslån. Prosentdelane vil kunne bli talde dobbelt, ettersom éin og same bustad kan få fleire lånetillegg.

³ Bustader med oppføringslån/kjøpslån (2000–2002) og oppføringslån/startlån (2003).

⁴ Startlån er ikkje fordelte på brukargrupper.

⁵ Bustader med oppføringslån, inkl. omsorgsbustader med livsløpsstandard.

⁶ Omfattar personretta utbetingslån.

Post 1 Driftsutgifter og post 45 Større kjøp av utstyr og vedlikehald, kan overførast

I 2003 blei det utført om lag 350 årsverk i Husbanken. Husbanken har regionkontor i Hammerfest, Bodø, Trondheim, Bergen, Arendal og Oslo. Dei sentrale planleggings-, koordinerings- og støttefunksjonane er lokaliserte saman med regionkontoret i Oslo.

Det blei i 2003 gjennomført ei omfattande regionalisering ved at oppgåver og ansvar blei delegert til regionkontora. Husbanken vil i denne samanhengen arbeide vidare med oppbygginga av regionkontoret i Arendal i 2004.

Bustønadene er ei av dei oppgåvene som no er regionaliserte. Husbanken har dessutan overteke driftsansvaret for utbetaling av bustønadene. Dette skal medverke til ei betre koordinering av ordningane og på sikt gi auka effektivitet og spare ressursar.

Husbanken er no inne i ein sterk omstillingsprosess, som omfattar regionalisering og endring av arbeidsområdet og kundebehandlinga. Tidlegare gav Husbanken i stor grad enkeltlån og tilskot til personkundar, men skal frå 2003 i sterkare grad påverke og rettleie kommunane i arbeidet med startlån og i bustadsosialt arbeid.

”Open Husbank” er eit program for å utvikle ein enklare og meir tilgjengeleg Husbank og ein Husbank som skal vere eit kompetansesenter på bustadområdet. I 2002 blei mellom annan nettbanken introdusert som ein del av programmet. Arbeidet med ”Open Husbank” skal halde fram i 2003 og 2004.

Husbanken har halde fram med energiøkonomisering i både den eksterne og den interne verksemda. Prosjektet ”Ein grøn Husbank” blei sett i gang i 2003 og skal syte for at einingane i Husbanken driv mest mogleg miljøvennleg når det gjeld energibruk, papirbruk, søppelhandtering, transport og innkjøp.

Husbanken overtok frå 1. oktober 2003 den rådgivande funksjonen overfor Utdannings- og forskingsdepartementet som Rådgivande organ for studentbustadbygging (ROS) tidlegare hadde (jf. St.prp. nr. 1 (2003-2004) frå Utdannings- og for-

skingsdepartementet, kap. 270, post 75 Tilskot til bygging av studentbustader). Husbanken overtek forvaltningsansvaret for tilskotet til bygging av studentbustader frå 1.1.2004.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 273 mill. kr til driftsbudsjettet for Husbanken for 2004. Dette er ein auke på 10,7 mill. kr samanlikna med saldert budsjett 2003.

Regjeringa gjer òg framlegg om ei løyving på 5 mill. kr til kap. 2412, post 45.

Post 70 Tilskot til Husbankens risikofond

Rapport for 2002 og 2003

Misleghald av lån viste ein liten nedgang i 2002. Ved utgangen av året utgjorde dei misleghaldne låna 1,7 mrd. kr eller 1,66 pst. av dei samla utlåna frå Husbanken. Talet på krav om tvangssal og talet på gjennomførte tvangssal steig med 3-4 pst. samanlikna med 2001.

Ved utgangen av 2002 hadde Husbanken bokført eit samla bruttotap på 15,4 mill. kr, mot 17,8 mill. kr året før. Tapa er fordelte med 13,5 mill. kr på personlege låntakarar og 1,9 mill. kr på ikkje-personlege låntakarar. Tilbakeføringar av tap som følgje av innbetalingar eller inngåtte avtalar utgjorde 3,9 mill. kr i 2002. Nettotapet for Husbanken utgjorde dermed 11,5 mill. kr, og det er ein nedgang på 6,5 pst. samanlikna med året før.

Husbankens risikofond utgjorde i underkant av 146 mill. kr ved inngangen til 2003 og inkluderer driftsoverskotet frå SIFBO (Selskapet for innvandr- og flyktningeboliger). Driftsoverskotet blir ikkje teke med i halvårstala. Ved utgangen av 1. halvår 2003 var det i alt bokført 8,8 mill. kr i brutto tap på utlån. Tilbakeføringar på tidlegare tap utgjorde 4,6 mill. kr. Dermed er risikofondet blitt redusert med om lag 4,2 mill. kr og utgjorde 141,6 mill. kr ved utgangen av 1. halvår. Husbanken reknar med at tapa vil auka noko i 2003 og 2004 som følgje av ei endra samansetjing av utlånsporteføljen. Den økonomiske situasjonen i stiftelsar som har teke imot utleigelån, tilseier òg at det kan bli behov for å gjennomføre nye tiltak, og i ein del tilfelle også å realisere tap. Som eit maksimumsnivå kan dei samla brutto tapa i 2003 kome opp i 55 mill. kr, fordelte med 30 mill. kr på personlege låntakarar og 25 mill. kr på lån til stiftelsar o.a.

På grunn av den gunstige renteutviklinga vil tapa mest sannsynleg ikkje bli fullt så høge. I første halvår 2003 bokførte Husbanken eit tap på 1,5 mill. kr på lån til stiftelsar o.a. I tillegg er det registrert ytterlegare to tapssaker med til saman 10,8 mill. kr i tap. Desse vil bli bokførte i 2. halvår.

Regjeringa føreslår inga løyving til Husbankens risikofond. Det er lagt til grunn eit bruttotap på om lag 65 mill. kr. Nettotapet vil bli på om lag 52 mill. kr som følgje av ei viss tilbakeføring av tidlegare tapsføringar. Husbankens risikofond vil ved utgang av 2004 vere på om lag 47 mill. kr.

Post 72 Rentestøtte

Generell rentestøtte blei avvikla i 1996 i samband med innføring av utlånsrente som følgjer rentenivået på lånemarknaden. Denne posten omfattar lån til utleigeformål som er gitt med 10 års rente- og avdragsfritak i perioden 1988–1993, og eldre særvilkårslån som har ein rentesats på eitt prosentpoeng under gjeldande rente. Ei renteendring vil slå ut i endra rentestøtte når det gjeld dei rentefrie utleigelåna. Forseinkingsrenter kjem til fråtrekk i rentestøtta.

I 2002 utgjorde rentestøtta 53,6 mill. kr. Per 1. halvår 2003 var det postert 22,8 mill. kr på posten.

Regjeringa gjer framlegg om å løyve 29 mill. kr til rentestøtte for 2004.

Post 90 Lån til Husbanken, overslagsløyving

Posten viser Husbanken sitt brutto finansieringsbehov i samband med utlånsverksemda, det vil seie utbetalingar av nye lån og rentestøtte. Utbetalingane av nye lån for 2002 kom på 12,9 mrd. kr. Dette er ein auke på 1,6 mrd. kr frå 2001, og auken kjem på grunn av ei auka låneramme i dei siste åra og ein auke i omfanget av kundar som nyttar lånetilsegn gitt av Husbanken.

I første halvår 2003 blei det utbetalt 5,3 mrd. kr.

Regjeringa gjer framlegg om ei låneramme på 13,5 mrd. kr i 2004. 0,5 mrd. kr av låneramma er øyremerkt oppfølginga av vedtaket i Stortinget om å gi lån til omsorgsbustader, sjukeheimar og rehabiliteringsplassar i sørlege land.

Utbetalingar av nye lån for 2004 er budsjettert til 12 954 mill. kr.

Kap. 5312 Den Norske Stats Husbank (jf. kap. 2412)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Gebyr o.a.	31 290	32 826	31 350
4	Tilkjende sakskostnader	137		
9	Sal av datatenester	1 540		
10	Husleige, tenestebustader	58		
11	Tilfeldige inntekter	20 403		
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	33		
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	1 675		
17	Refusjon lærlingar	96		
18	Refusjon av sjukepengar	2 825		
90	Avdrag	6 617 763	6 679 000	8 868 000
	Sum kap. 5312 ¹	6 675 820	6 711 826	8 899 350

¹ Endring som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 5312, post 90 auka med 396 mill. kr til 7,075 mrd. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Post 1 Gebyr o.a.

Frå 2003 er post 4 Tilkjende sakskostnader, post 9 Sal av datatenester og post 10 Husleige, tenestebustader lagde inn under kap. 5312, post 1 Gebyr o.a.

Takstarbeidet blir avvikla i si noverande form. Omlegginga av gebyrpraksisen vil gi ein høgare grad av bustadpolitisk måloppnåing ved at Husbanken kan prioritere planleggings- og oppfølgingsarbeid i prosjekt framfor å utføre rutinekontroll når prosjekta er ferdige. Til erstatning for takstarbeidet vil det bli sett i verk ei ordning med stikkprøvekontrollar. Til å dekkje kostnader ved dette arbeidet og til etablering av låneforhold gjer regjeringa framlegg om eit etableringsgebyr for alle nye lån på kr 600. Den noverande ordninga er at takstgebyret går til fråtrekk ved utbetaling av lånet. Husbanken tek i dag eit takstgebyr på kr 1 200 for enkeltbustader. Gjeldande praksis når det gjeld forvaltningsgebyret for terminvarsla er også vurdert, og regjeringa gjer framlegg om eit gebyr per betalingstermin på kr 30. Den noverande ordninga er at Husbanken tek kr 144 per år uavhengig av om kunden vel to eller 12 terminar per år. Dei sistnemnde endringane vil gi budsjettkonsekvensar som omtrent kompensere for bortfall av takstge-

byr, så framtalet på innbetalingar av terminbeløp og utbetalingar av lån blir om lag som i 2002. Dei føreslåtte endringane vil bringe gebyrpraksisen meir i samsvar med det som gjeld i kredittvesenet elles.

Når det gjeld sal av datatenester, blir samarbeidet med SND avvikla i 2004. Dette inneber ein reduksjon i gebyrinntektene på 1,5 mill. kr. Det blir føreslått ei løyving på 31,35 mill. kr for 2004.

Post 11 Tilfeldige inntekter

På denne posten blir tilfeldige inntekter som forseinkingsrenter, tilbakebetalte tilskot og andre tilfeldige inntekter inntektsførte.

Post 90 Avdrag

Posten omfattar mottekne avdrag, tap og rentestøtte, noko som følgjer av prinsippet om brutto-budsjettering.

Posten blir budsjettert med 8 868 mill. kr i 2004. Ein reknar med at ordinære innbetalingar blir på 3 774 mill. kr, at det blir bruttotap på 65 mill. kr, og at rentestøtta blir på 29 mill. kr. Dei ekstraordinære innbetalingane er sette til 5 000 mill. kr.

Kap. 5615 Renter frå Den Norske Stats Husbank (jf. kap. 2412)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
80	Renter	5 877 161	7 341 000	5 032 000
	Sum kap. 5615 ¹	5 877 161	7 341 000	5 032 000

¹ Endring som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 5615, post 80 sett ned med 992 mill. kr til 6,349 mrd. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Post 80 Renter

Posten omfattar mottekne renter frå kundane og rentestøtte. Posten blir budsjettert med 5 032 mill. kr for 2004.

Kap. 580 Bustønad

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
70	Bustønad, overslagsløyving	1 788 793	1 932 800	2 109 000
	Sum kap. 580 ¹	1 788 793	1 932 800	2 109 000

¹ Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 41 (2002-2003) Om tilleggsbevilgning til dekning av utgifter knyttet til økte strømpriser for bostøttmottakere, blei post 70 Bustønad auka med 151,1 mill. kr til 2 084,3 mill. kr. I tillegg blei det løyvd 265 mill. kr på ein ny post 71 Tilskot til dekning av utgifter knytta til auka straumprisar.

Mål

Bustønadsordninga skal medverke til å nå hovudmåla om trygge husvære og ei god fordeling av husvære. Bustønaden skal medverke til at alders-, uføre- og etterlatnepensjonistar, barnefamiljar og andre husstandar med svak økonomi skal kunne skaffe seg eit høveleg og nøkternt eigar- eller leigehusvære og ha høve til å bli buande der. Vidare skal bustønaden jamne ut skilnader i levekår mellom ulike pensjonistgrupper som følgje av ulike buutgifter. Regjeringa har i dei siste åra styrkt bustønaden monaleg.

Tildeling

Regelverket for bustønadsordninga er innretta slik at husstandane med dei lågaste inntektene og høgste buutgiftene får mest i stønad. For å få bustønad blir det stilt krav både til husværet og til husstanden. Forholdet mellom dei samla inntektene til husstanden og buutgiftene avgjer om det blir gitt bustønad, og eventuelt kor stort beløp som blir tildelt.

Bustønaden blir utbetalt etterskotsvis i byrjinga av januar, mai og september. Utbetalinga i januar er basert på regelverket som gjeld for året før.

Avgrensingar som gjeld husstanden

For at ein skal kunne få bustønad, må det i husstanden anten vere barn under 18 år, personar over 65 år eller personar som har motteke trygd eller pensjon gjennom folketrygda. I tillegg vil husstandar som tek imot visse trygder, nærmare spesifiserte i regelverket, og langvarig sosialhjelp, ha rett til bustønad.

Avgrensingar når det gjeld husværet

For alders-, uføre- og etterlatnepensjonistar med inntekt under minstepensjon tillagt 30 pst. blir det ikkje stilt krav til husværet. For alle andre grupper må husværet ha kjøkken, bad og opphaldsrom. Det blir også stilt krav om at husværet må vere på minst 40 kvm. Kravet er no oppheva for barnefamilialar i kommunale utleigebustader i storbyane. Det blir også godteke mindre areal for bukollektiv, men ein får ikkje bustønad til hyblar, hospits o.l. Kravet sikrar at husstandar med låge inntekter også skal kunne bu i eit godt og nøkternt husvære. I tillegg må husværet ha lån frå Husbanken eller SND (tidlegare Landbruksbanken). For husvære i burettslag eller for husvære der kommunen eller ein kommunal stiftelse står som utleigar, blir det

ikkje stilt krav til finansieringa. For målgruppa barnefamilialar o.fl. som bur i eit leigd eller ått husvære, og for omsorgsbustader som har fått oppstartingsstilskot frå Husbanken, blir det ikkje stilt krav med omsyn til finansieringskjelda for husværet. I tillegg blir dei som er leigetakarar i husvære som tidlegare var omfatta av husleigereguleringslova kap. II, omfatta av bustønadsordninga.

Utrekning av bustønad

Det blir godkjent buutgifter opp til eit øvre nivå (buutgiftstaket). Bustønaden utgjer 70 pst. av skilnaden mellom godkjende buutgifter og det som blir rekna som ei rimeleg buutgift (eigendel innanfor buutgiftstaket) for husstanden. Utgifter som blir tekne med ved utrekninga av bustønaden, er husleige, renter og avdrag på bustadlån, driftsutgifter (forsikring og utvendig vedlikehald), festeavgift, eigedomsskatt og kommunale avgifter. Som ei særordning har alders-, uføre- og etterlatnepensjonistar med inntekt under minstepensjon tillagt 30 pst. sidan 1997 fått dekt utgifter til lys og varme etter ein fastsett sjablon.

Kommunal- og regionaldepartementet vedtek satsane i regelverket for tildeling av bustønad.

*Oppfølging og kontroll***Boks 3.6 Oversikt over resultatmål og oppfølgingskriterium for kap. 580, post 70 Bustønad**

Desse oppfølgingskriteria skal leggjast til grunn når ein skal vurdere effekten og måloppnåinga når det gjeld bustønaden:

Bustønaden skal medverke til at husstandar med alders-, uføre- og etterlatnepensjonistar som har under eller lik minstepensjon + 30 pst., får kompensert for høge buutgifter i forhold til inntekta:

- talet på husstandar som får tildelt bustønad
- gjennomsnittleg brutto buutgift i prosent av inntekta, før og etter tildelt bustønad, for stønadmottakarane

Bustønaden skal medverke til at andre husstandar med låge inntekter skal kunne ha eit høgre bustadkonsum enn det inntekta skulle tilseie (innanfor ramma av eit godt, høveleg og nøkternt husvære):

- talet på husstandar som får tildelt bustønad, fordelt etter målgruppe

I tillegg til oppfølgingskriteria nemnde ovanfor vil ein frå 2003 rapportere ut frå desse oppfølgingskriteria:

- talet på nye stønadmottakarar
- talet på stønadmottakarar som går ut av ordninga, fordelt på årsak
- talet på stønadmottakarar som har buutgifter over buutgiftstaket
- talet på stønadmottakarar som prosentdel av talet på potensielle mottakarar med rettkomne krav på stønad

Rapport for 2002-2003

Eldre, uføre- og etterlatnepensjonistar med inntekt under minstepensjon pluss 30 pst. fekk justert sjablonen for lys og varme med 10 pst. frå 2003. Det blei løyvt ei ekstra utbetaling som kompensasjon for auka straumutgifter til alle dei som fekk bustønad 3. termin 2002. Beløpet var på kr 2 500 per husstand. I tillegg fekk barnefamiliar o.fl. lagt til grunn sjablonen for lys og varme ved utrekning av buutgiftene for 1. termin 2003. Dette kan delvis forklare den høge utbetalinga av bustønad i 1. termin 2003, jf. tabell 3.43.

Det blei totalt utbetalt 1 756 mill. kr i bustønad i 2002. Fordelt på mottakargrupper tok gruppa eldre og uføre imot om lag 1 246 mill. kr, medan barnefamiliar o.fl. tok imot om lag 510 mill. kr. Ved hovudkøyringa for 1. termin 2003 var det totalt 108 531 husstandar som fekk tildelt bustønad. Stønadmottakarane i 1. termin 2003 fekk lagt til grunn ei gjennomsnittleg årsinntekt på om lag kr 98 500 før skatt. Gjennomsnittleg godkjende buutgifter på årsbasis var på om lag kr 54 500. Den gjennomsnittlege buutgiftsbelastninga for mottakarar av bustønad var såleis på om lag 55 pst. av inntekta. Bustønaden har medverka til at dei gjennomsnittlege buutgiftene for mottakarane er blitt reduserte til 36 pst. av inntekta. Høge buutgifter blir definert

som meir enn 25 pst. av dei totale forbruksutgiftene.

1. termin 2003 var det 108 531 mottakarar av bustønad, og av desse var det om lag 12 000 nye søkjarar som ikkje hadde motteke bustønad i 3. termin 2002.

Om lag 7500 husstandar som fekk bustønad i 3. termin 2002, fall ut av ordninga i 1. termin 2003, jf. tabell 3.40 Avslag fordelt på avslagsgrunnar i 1. termin 2003. Dei fleste som får avslag, fell ut av ordninga fordi inntekta er for høg i forhold til buutgiftene.

Tabell 3.40 Avslag fordelt på avslagsgrunnar i 1. termin 2003

Forholdet buutgifter/inntekt	5 896
Bustadkravet ikkje oppfylt	611
Ingen husstandsmedlemmer med rett til stønad	610
Husstanden ikkje registrert i folkeregisteret per situasjonsdato	197
Andre årsaker	160
Avslag totalt	7 474

Tabell 3.41 Del av bustønadmottakarane som har totale buutgifter høgere enn godkjende buutgifter

År	Husstandstypar			I alt
	Pensjonistar med inntekt < MP + 30 pst.	Barnefamiliar o.fl.	Andre husstandar	
2001	16	10	39	23
2002	20	13	43	30
2003	26	17	51	35

I tabell 3.41 Del av bustønadmottakarane som har totale buutgifter høgere enn godkjende buutgifter, er det ei oversikt over prosentdelen husstandar som har høgere totale buutgifter enn den øvre grensa for kva som blir godkjent og lagt til grunn av buutgifter ved utrekning av bustønaden. Prosentdelen aukar i perioden for alle dei tre gruppene, og auken er størst i gruppa barnefamiliar o.fl.

Kor stor del som får bustønad i forhold til talet på potensielle mottakarar, kan ikkje lesast ut frå

offisiell statistikk. Husbanken har på grunnlag av Rapport 20 2002 frå SSB, "Økonomi og levekår for ulike grupper trygdemottakere, 2001", og ein rapport frå Husbanken, "Bostøtte – Fremskrivninger og strategier for innføring av allmen ordning, 2003", rekna ut prosentdelen for dei viktigaste gruppene som kjem inn under bustønadsordninga. Tala i tabell 3.42 Overslag over bustønadmottakarar i prosent av befolkningsgruppa er usikre overslag.

Tabell 3.42 Overslag over bustønadmottakarar i prosent av befolkningsgruppa for dei viktigaste gruppene som kjem inn under bustønadsordninga

Befolkningsgruppe	Alle	Med låg inntekt	Bustønadmottakarar	Prosentdel
Alderspensjonistar:				
Par	173 900	16 400		
Einslege	302 300	272 800		
Sum	476 200	289 200	47 000	16 pst.
Uføre- og etterlatnepensjonistar:				
Par	167 000	6 000		
Einslege	144 100	82 900		
Sum	311 100	88 900	34 650	39 pst.
Einslege forsørgjarar og barnefamiliar, sum	110 000	27 500	22 100	80 pst.

Det er ein svært låg prosentdel av alderspensjonistane som tek imot bustønad om vi ser det i forhold til talet på alderspensjonistar som har svært låg inntekt. Men svært mange av desse har låge buutgifter, og somme får ikkje bustønad fordi dei ikkje oppfyller dei krava som er sette til husværet.

Mottakarane av bustønad er ei låginntektsgruppe med relativt høge buutgifter, og effekten av ordninga er i samsvar med formålet. Gjennom bustønaden får målgruppa for ordninga større økonomiske ressursar til å betale buutgiftene enn det egne inntekter skulle tilseie. På den måten får dei betre sjanse til å skaffe seg eller bli buande i eit høveleg og nøkternt husvære. Verknaden av dette

er at mottakarane kan ha eit større bustadkonsum enn dei elles ville hatt. For husstandar som opplever ein nedgang i inntektene eller ein auke i buutgiftene, vil bustønaden fungere som eit tryggingnett. I forhold til dei gruppene som har rett til bustønad etter dagens regelverk, er ordninga rimeleg treffsikker.

1. termin 2003 fekk totalt 108 531 husstandar tilkjent bustønad. Husstandar med kvinnelege mottakarar utgjorde 76 pst. av husstandane, og husstandar med mannlige mottakarar utgjorde 24 pst. Det var til saman 85 794 kvinner og 32 052 menn i dei husstandane som tok imot bustønad i 1. termin 2003.

Tabell 3.43 Hovudtal for utbetaling av bustønad i 1. termin i perioden 2001–2003¹

	2001	2002	2003
Talet på hushald totalt som fekk bustønad	102 896	101 691	108 531
– Av dette uføre under 65 år utan barn	28 527	29 179	31 064
– Av dette uføre under 65 år med barn	3 287	3 373	3 590
– Av dette eldre over 65 år	48 507	46 166	46 995
– Av dette andre pensjonistar	1 385	1 343	1 402
– Av dette einslege forsørgjarar	14 516	14 481	16 722
– Av dette barnefamiliar	4 261	4 465	5 480
– Av dette andre med krav på stønad	2 413	2 684	3 278
Gjennomsnittleg husstandsinnkomst per månad	7 661	7 895	8 209
Gjennomsnittleg buutgift per månad over buutgiftstaket	3 795	4 105	4 539
Gjennomsnittleg bustønad per månad	1 398	1 373	1 604
Totale buutgifter i prosent av inntekta før tildeling av bustønad	50	52	55
Totale buutgifter i prosent av inntekta etter tildeling av bustønad	31	35	36
Utbetalt i 1. termin totalt (mill. kr)	575	559	675

¹ Gjeld berre hovudkøyringa, ikkje klagebehandling, etterbetaling og overgangsordning.

I tabell 3.43 Hovudtal for utbetaling av bustønad i 1. termin i perioden 2001–2003 er det ei oversikt over samansetjinga og endringa i samansetjinga av mottakarane av bustønad. Den største relative endringa finn vi blant einslege forsørgjarar og barnefamiliar frå 2002 til 2003. Denne endringa kjem i hovudsak av ei oppmjuking av regelverket for denne gruppa: avvikling av finansieringskravet for eigarhusvære og avvikling av 40 kvm-avgrensinga for kommunale husvære i dei fire største byane.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa ønskjer å styrkje bustønadsordninga, mellom anna som ein del av tiltaksplanen for å motverke fattigdom. Regjeringa ønskjer òg ei ytterlegare målretting av ordninga for betre å nå dei som treng det. Sidan bustønadsordninga blei etablert i 1973, er ordninga blitt gradvis utvida for å innlemme fleire grupper med låg inntekt i ordninga. Regjeringa føreslår å fjerne arealkravet på 40 kvm for barnefamiliar o.fl. i kommunalt disponerte bustader. Tiltaket vil kunne gjere det lettare for

kommunar å finne rimelege husvære til desse familiare, og barnefamiliar o.fl. med låg inntekt som bur i små husvære, vil no ikkje falle utanfor bustønadsordninga.

I dag blir likningsdata frå to år tilbake brukt ved behandling av søknadene. Søkjarar som har hatt stor inntektsnedgang, kan søkje om å få lagt inntekta for perioden til grunn. Mottakaren har i dag ikkje plikt til å melde frå om stor inntektsauke i høve til likningsopplysningane. Regjeringa føreslår å innføre plikt til å melde frå om inntektsauke på over 10 000 kr i året. Departementet vil arbeide vidare med å få lagt nyare inntektsgrunnlag til grunn for behandling av søknadene.

I dag er dei grensene for godkjende buutgifter som blir lagde til grunn for storbyane, låge i forhold til gjennomsnittleg buutgift desse stadane. Regjeringa føreslår derfor å heve grensene for buutgifter (buutgiftstaket) som kan leggjast til grunn, med 10 000 kr i Oslo og 5 000 kr i Bergen, Trondheim og Stavanger.

Dei andre satsane i regelverket vil bli justerte i tråd med buutgifts- og inntektsutviklinga for bustønadmottakarane. Parametrar som kan endrast, er

rimeleg buutgift, buutgiftstak, dekningsprosent og inntektsgrensene.

I samband med behandlinga av St.prp. nr. 41 (2002-2003) Om tilleggsbevilgning til dekning av utgifter knyttet til økte strømpriser for bostøttemottakere, vedtok Stortinget ein del endringar i bustønadsordninga. Stortinget vedtok å løyve ein eingongssum på 2 500 kroner til alle bustønads-mottakarane som kompensasjon for auka straumprisar, og vedtok at alle i bustønadsordninga skulle få tildelt tillegget for lys og varme for første termin i 2003. Stortinget vedtok i tillegg å auke inntekts-grensa for barnefamiliar med 30 000 kroner. Tiltaka blei gjennomførte for å kompensere bustønadmottakarane for dei høge straumprisane vinteren 2002/2003. Straumprisane har gått kraftig ned sidan i vinter, og marknaden forventar eit lågare prisnivå vinteren 2003/2004. På bakgrunn av dette vil regjeringa reversere dei ekstraordinære tiltaka som blei vedtekne i samband med St.prp. nr. 41. Regjeringa føreslår å reversere vedtaket om å heve inntektsgrensene for barnefamiliar med 30 000 kr.

På bakgrunn av dette føreslår regjeringa ei samla løyving på 2 109 mill. kr til bustønad i 2004.

Månadleg utbetaling av bustønad

I St.prp. nr. 65 (2002-2003) orienterte regjeringa Stortinget om den planlagde innføringa av månedlege utbetalningar av bustønaden frå september 2003, og at det blei lagt opp til ei overgangsordning for å lette overgangen for kvar enkelt mottakar. Ved behandlinga av forslaget vedtok Stortinget (jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003)):

”Stortinget ber Regjeringen utsette innføring av månedlig bostøtte, og fremme forskjellige modeller for slik innføring i forbindelse med statsbudsjettet for 2004.”

Regjeringa har vurdert tre modellar for innføring av månedlege utbetalningar av bustønaden, jf. boks 3.7-3.9. Budsjettkonsekvensane under dei ulike alternativa er knytte til ulike alternative framskundingar av utbetalingane i høve til i dag.

Boks 3.7 Modell 1 – Månadlege vedtak

Struktur:

Månadlege vedtak og utbetalningar.
Situasjonsdato den 1. i kvar måned.
Utbetaling den 30. i kvar måned.

Kostnad:

År 1: Om lag 700 mill. kr i auka bustønad. Administrative meirkostnader på om lag 3,8 mill. kr.
Årleg kostnad etter år 1: Ingen ekstra kostnader over bustønadsposten i forhold til dagens nivå. Administrative meirkostnadar på 2,6 mill. kr, som blir dekte innanfor administrasjonsbudsjettet til Husbanken.
I dag blir bustønaden utbetalt tre gonger i året: innan 10. mai, 10. september og 10. januar, i praksis ein av dei tre første yrkedagane i månaden. Ved månedlege vedtak og utbetalningar vil mottakarane til dømes få utbetaling for perioden september–desember i september, oktober, november og desember i staden for 10. januar. Tiltaket vil korte ned saksbehandlingstida i kommunane og Husbanken frå 3 månader til 1 måned. Situasjonsdato er første dag i terminen. Det er bustad- og husstandsopplysningar per denne datoen som blir lagde til grunn.
Ved månedleg utbetaling éin, to eller tre månader seinare enn opplegget skissert over, vil kostnadene på bustønadsposten vere på 525 mill. kr, 350 mill. kr og 175 mill. kr.
Det er også mogleg å ta overgangen over fleire år, slik at kostnaden til dømes vil vere på 175 mill. kr i fire år.
Administrative meirkostnader vil vere ein eingongskostnad det første året på om lag 1,2 mill. kr til informasjon og programendringar i datasystemet som følgje av overgang til månedlege utbetalningar. I tillegg vil Husbanken få ein meirkostnad på om lag 2,6 mill. kr årleg i administrasjonskostnader som følgje av fleire utbetalningar i året enn tidlegare. Ei omlegging til månedlege bustønadsvedtak med kortare saksbehandlingsfristar vil føre til meir saksbehandling i kommunane og knappare fristar. Administrasjonskostnadene og IT-utviklingskostnadene vil truleg auke.

Boks 3.8 Modell 2 – Tertiale vedtak*Struktur:*

Tertiale vedtak og månedlege utbetalingar. Situasjonsdato 1. januar, 1. mai og 1. september.

Første månedlege utbetaling om lag éin måned etter situasjonsdato, t.d. innan 10. februar, 10. juni og 10. oktober.

Kostnad:

År 1: Om lag 525 mill. kr i auka bustønad. Administrative meirkostnader på om lag 2,6 mill. kr.

Årleg kostnad etter år 1: Ingen ekstra kostnader over bustønadsposten i forhold til dagens nivå. Administrative meirkostnader på 2,6 mill. kr, som blir dekte innanfor administrasjonsbudsjettet til Husbanken.

Bustønaden blir utbetalt kvar måned med første utbetaling om lag éin måned etter situasjonsdato. Tertiale vedtak, som i dag, blir lagde til grunn i denne modellen. Det vil ikkje føre til auka kostnader og meir saksbehandling for kommunane.

Ved månedleg utbetaling éin eller to månader seinare enn opplegget over, vil kostnadene på bustønadsposten vere på 350 mill. kr og 175 mill. kr. Første utbetaling vil då kome om lag to eller tre månader etter situasjonsdatoen. Det er også mogleg å ta overgangen over fleire år, slik at kostnaden for eksempel vil vere 175 mill. kr i tre år.

Boks 3.9 Modell 3 – Tertiale vedtak – ingen budsjettkonsekvensar*Struktur:*

Tertiale vedtak og månedlege utbetalingar. Situasjonsdato 1. januar, 1. mai og 1. september.

Første utbetaling om lag fire månader etter situasjonsdato, t.d. innan 10. mai, 10. september og 10. januar.

Kostnad:

År 1: Ingen ekstra kostnader over bustønadsposten. Administrative meirkostnader på om lag 2,6 mill. kr.

Årleg kostnad etter år 1: Ingen ekstra kostnader over bustønadsposten i forhold til dagens nivå. Administrative meirkostnader på 2,6 mill. kr, som blir dekte innanfor administrasjonsbudsjettet til Husbanken.

Bustønaden blir utbetalt kvar måned, med første utbetaling om lag fire månader etter situasjonsdatoen. Tertiale vedtak, som i dag, blir lagde til grunn i denne modellen.

Modellen er identisk med den regjeringa gjekk inn for i revidert nasjonalbudsjett 2003.

For å redusere likviditetsproblema for bustønadmottakarane går departementet inn for at $\frac{3}{4}$ av terminbeløpet blir utbetalt ved den første utbetalinga, at det ikkje blir utbetaling i dei to neste månadene, og at $\frac{1}{4}$ av terminbeløpet blir utbetalt den siste månaden, og at det deretter blir utbetalt $\frac{2}{4}$ første månaden, $\frac{1}{4}$ andre månaden og $\frac{1}{4}$ tredje månaden. Etter dette får mottakarane utbetalt $\frac{1}{4}$ kvar måned.

Regjeringa foreslår å innføre månedlege utbetalingar etter modell 3, jf. boks 3.9. Dersom Stortinget sluttar seg til denne modellen, vil det bli

sendt informasjon til alle mottakarar av bustønad og til alle kommunar om dei endringane som blir gjorde.

Tabell 3.44 Oversikt over ulike modeller for månedleg utbetaling av bustønad

	Modell 1	Modell 2	Modell 3
<i>Struktur:</i>			
Vedtak	Månadleg	Tertial	Tertial
Situasjonsdato	Den 1. i kvar måned	Som i dag	Som i dag
Utbetaling	Den 30. i kvar måned; utbetaling i overgangsåret kan skje 4, 3, 2 eller 1 måned tidlegare enn under dagens utbetalingsmønster.	Kvar måned; utbetaling i overgangsåret kan skje 3, 2 eller 1 måned tidlegare enn under dagens utbetalingsmønster.	Kvar måned; for perioden september–desember utbetaling i januar, februar, mars og april året etter.
<i>Kostnader:</i>			
Kostnader år 1 – auka løyving til bustønad	700 mill. kr (525 mill. kr 350 mill. kr 175 mill. kr)	525 mill. kr (350 mill. kr 175 mill. kr)	Ingen
Kostnader etter år 1 over bustønads-posten	Dersom overgangen blir teken over 4 år: 175 mill. kr i år 2, 3 og 4.	Dersom overgangen blir teken over 3 år: 175 mill. kr. i år 2 og 3.	Ingen
Adm. kostnader for Husbanken	3,8 mill. kr	2,6 mill. kr	2,6 mill. kr
Adm. kostnader i etterfølgjande år	2,6 mill. kr	2,6 mill. kr	2,6 mill. kr
Kostnader for andre	Adm./IT-relaterte kostnader i kommunane	Ingen	Ingen

Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
21	Kunnskapsutvikling og -formidling			3 700
60	Handlingsprogram for Oslo indre aust	51 800	50 000	50 000
71	Tilskot til bustadkvalitet, kan overførast	91 588	74 000	41 900
73	Tilskot til opplysning, informasjon o.a.	12 621	2 200	0
75	Tilskot til etablering, utbetring og utleigebustader, kan overførast ¹	777 815	665 000	702 000
78	Tilskot til utvikling av bumiljø, bustadforvaltning og bustadpolitikk, kan overførast	37 803	36 100	36 000
79	Tilskot til radonførebyggjande tiltak i bustadhus, kan overførast	4 079	10 400	
	Sum kap. 581	975 706	837 700	833 600

¹ I talet for 2002 er det medrekna ei tilleggsøyving på 75 mill. kr som var eit øyremerkte tilskot til flyktningar.

For omtale av budsjetteringssystemet for kap. 581, post 71 og post 75, og kap. 586, post 60 sjå boks 3.6 s. 177 i St.prp. nr. 1 (2001-2002) frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Post 21 Kunnskapsutvikling og -formidling

Posten er ny i 2004. Denne posten blir føreslått i staden for kap. 581, post 73 og er budsjetteknisk meir tenleg for formålet.

Mål

Midlane vil bli nytta i departementet til forskning, utgreiingar og spreieing av kunnskap som er vesentleg for å utvikle bustad- og bygningspolitikken vidare, og for å auke kunnskapen blant dei sentrale aktørane i sektoren.

Budsjett for 2004

Det blir føreslått ei løyving på 3,7 mill. kr i 2004. Det vil bli lagt vekt på oppfølging av stortingsmeldinga om bustadpolitikken, som skal leggast fram i 2003, både når det gjeld informasjon om framlegg i meldinga, og når det gjeld utgreiingar i samband med vidare utvikling som blir omtalt i meldinga. Oppfølging av samarbeidet med bransjen om byggekostnader, endringane i bygningslova av

1.7.2003 og delutgreiinga som kjem frå Bygningslovutvalet, vil også vere prioriterte oppgåver.

Aktuelle prosjekt er mellom anna:

- ulike informasjonstiltak
- vidare utvikling av bustad- og byggjestatistikk i Statistisk Sentralbyrå, mellom anna om leigepri-sar
- innhenting av kunnskap, utgreiingar og spreieing av informasjon i samband med partnersamarbeid med BAE-næringa om byggekostnader
- utvikling av miljøindikatorar for bustad- og byg-gjesektoren
- utgreiingar som grunnlag for revisjon av departementet sin miljøhandlingsplan, og informasjonstiltak i samband med ny plan

Post 60 Handlingsprogram for Oslo indre aust

Regjeringa samarbeider med Oslo kommune om Handlingsprogram for Oslo indre aust (bydelane Grünerløkka-Sofienberg, Sagene-Torshov og Gamle Oslo). Handlingsprogrammet byggjer på ei samarbeidsplattform frå 1997. Plattformen trekkjer opp ein brei strategi når det gjeld tiltak mot dårlege levekår (forbetring av oppvekstvilkår, skole og språkopplæring, tiltak mot sosiale problem og arbeidsløyse, forbetring av bymiljø og buforhold). Dei tre bydelane har hatt og har mange innbyggjarar med dårlege levekår, slik det mellom anna kjem

til uttrykk i målinger med SSB sin levekårsindeks. Ulikskap i levekår i storbyane (og forholda i Oslo indre aust spesielt) er drøfta i St.meld. nr. 31 (2002-2003) Storbymeldingen. Programmet har hatt ei årleg ramme på 100 mill. kr (103,4 mill. kr i 2001), og departementet har løyvt halvparten som tilskot til Oslo kommune. Tiltak for å nå måla i handlingsprogrammet blir sette ut i livet gjennom prosjekt som kommunen (tre bydelar, skoleetaten o.fl.) står for. Kommunal- og regionalministeren har årlege kontaktmøte med byrådet om hovudlinjer, strategi og evaluering av handlingsprogrammet. Sektoren skole og oppvekst har hatt særleg høg prioritet i dei årlege handlingsprogramma. Saman med representantar frå ulike kommunale instansar er Kommunal- og regionaldepartementet og andre departement (Miljøverndepartementet, Barne- og familiedepartementet, Sosialdepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet) representerte i ei styringsgruppe for handlingsprogrammet. Styringsgruppa har ansvar for å følgje opp kontaktmøta, mål og resultat. Det er frå 2003 formulert nye hovudmål og utarbeidd nye rutinar for rekneskaps- og resultatrapportering, og det er laga ein plan for langsiktig evaluering. Det er også utvikla eit system for informasjon om handlingsprogrammet på Internett som supplerer den ordinære resultatrapporteringa (sjå www.oslo.kommune.no/indreoslo/). Handlingsplanen har no desse hovudmåla:

- Oppvekstforholda i Oslo indre aust skal betrast.
- Buforholda i Oslo indre aust skal betrast.
- Risikofaktorar for sjukdom skal reduserast, og tilbodet til busette med psykiske problem og problem med rusbruk styrkjast.
- Tilbodet til personar som er i ein særleg vanskelig situasjon på arbeidsmarknaden skal betrast.
- Felles byrom, fellesareal og bymiljøet skal rustast opp og gjerast tryggare, og miljøvennleg transport og lokal aktivitet skal stimulerast.

Programmet går no inn i dei siste åra av satsingsperioden, og det er vedteke å vidareføre hovudpri-

oriteringane, sikre god avvikling av prosjekt og leggje auka vekt på investeringar i dei siste åra.

Rapport for 2002-2003

Prosjektkatalogen for handlingsprogrammet viser at det var aktivitet i 201 prosjekt i 2002.

Nokre døme på aktivitetar:

- Tiltaka i grunnskolen omfattar mellom anna fagleg styrking og pedagogisk bruk av IKT, auka bemanning og reduksjon i betalinga for opphald i skolefritidsordninga. Fleire av skolane har arbeidd med å styrkje biblioteket som læringsarena og møteplass for foreldre og aktørar/grupper i nærmiljøet. I dei vidaregåande skolane har ein vidareført ei rad tiltak for å forbetre læringsmiljøet. Fleire av tiltaka for å betre oppvekstforholda for barn er retta inn mot framandspråklege barn og foreldra deira. Mellom anna har mødrer som tek norskopplæring, fått tilbod om gratis tilsyn med barna medan undervisninga går føre seg.
- Bydelen Grünerløkka-Sofienberg har drive aktiv buoppfølging av sosialklientar og redusert bruken av hospits/døgnovernatningsinstitusjonar til ein firedel frå 2001 til 2002.
- Trikkestallen på Torshov er no ombygd og teken i bruk som kulturbygg og aktivitetshus for ungdomstiltak, i eit samarbeid mellom bydelen, dokketeateret til Oslo nye Teater og det kommunale egedomselskapet Kontorbedriften Oslo KF. Handlingsprogrammet har dermed skaffa lokale til lokale kulturhus i alle dei tre bydelane (Trikkestallen, Kulturkirken Jacob og Grønland kulturstasjon med Internasjonalt kultursenter og museum).

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om å føre vidare samarbeidet og prinsippa for handlingsprogrammet i 2004 med ei løyving på 50 mill. kr.

Tabell 3.45 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for Handlingsprogram for Oslo indre aust

Resultatmål og kriterium for oppfølging	Resultat 2002	
	Talet på prosjekt	Mill. kr
<i>Overordna målsetjing: Betre levekåra i bydelane Sagene-Torshov, Grünerløkka-Sofienberg og Gamle Oslo</i>		
<i>Mål 1: Å betre oppvekstforholda i Oslo indre aust</i>		
Prosjekt som har fått tilskot	152 ¹	50,8
<i>Mål 2: Å betre buforholda i Oslo indre aust</i>		
Prosjekt som har fått tilskot	11	12,4
<i>Mål 3: Å redusere risikofaktorar for sjukdom og styrkje tilbodet til busette personar med psykiske problem og problem med rusbruk</i>		
Prosjekt som har fått tilskot	14	11,4
<i>Mål 4: Å betre tilbodet til personar med ein særleg vanskeleg situasjon på arbeidsmarknaden</i>		
Prosjekt som har fått tilskot	7	10,8
<i>Mål 5: Å ruste opp og gjere tryggare felles byrom, fellesareal og bymiljøet, og stimulere til miljøvennleg transport og lokal aktivitet</i>		
Prosjekt som har fått tilskot	17	40,1 ²
Administrasjon og forskning		1,9
Koordinering og informasjon		0,7
Sum	201	128,1

¹ Inkluderer alle prosjekt i skolen

² Inkluderer tidlegare avsette midlar til "Trikkestallen", som er ført under dette målet

Post 71 Tilskot til bustadkvalitet, kan overførast

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å nå målet om gode bustader og eit godt bumiljø. Ordninga skal stimulere til god utforming av omgivnadene og god byggjeskikk, gode buforhold og levekår, berekraftig ressursbruk og tilgjenge for alle i bygningar og bumiljø.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli gitt til tiltak i både nye og eksisterande buområde i byar og tettstader. Husbanken skal prioritere tilskot der ein så tidleg som mogleg kan påverke planar og prosjekt. Tilgjenge for alle og berekraftig ressursbruk er kvalitetar som i særleg grad skal fremmast gjennom tiltaka. Tilskot til å gjennomføre ordinære utbyggingsprosjekt skal berre givast når formålet er å oppnå betre tilgjenge. Tiltak i område med opphoping av levekårsproblem skal prioriterast, primært gjennom tilskot til byfornyingsiltak. Tilskot til byfornyingsiltak kan bli gitt til Oslo, Bergen og Trondheim kommune.

Kontroll og oppfølging

Sjå omtale i St.prp. nr. 1 (2002-2003).

Rapport for 2002-2003

I 2002 blei det gitt tilsegner for om lag 37 mill. kr på området fornying og fortetting, og dette var 11,5 mill. kr mindre enn året før. Desse tilskota er i

første rekkje retta mot bymessige område, og dei kan brukast til ulike fornyingsiltak.

Vidare blei det gitt 19 mill. kr i tilskot på området helse, miljø og tryggleik. Dette var 2 mill. kr mindre enn i 2001. Tilskotet er blant anna gitt til tiltak som skal medverke til å redusere energibruken i husvære og redusere problem med dårleg innemiljø som kan framkalle helseplager.

I 2002 blei det brukt 10 mill. kr til tiltak knytte til livsløpsstandard og betre tilgjenge, om lag det same som i 2001.

Bustadhus og bustadområde som er særskilt godt utforma, kan få tilskot for god byggjeskikk. I alt 7,5 mill. kr blei gitt som tilskot til dette formålet i 2002.

I 2002 blei det gitt tilskot til områdetiltak på til saman 9,6 mill. kr, fordelt på 36 prosjekt. Fleire prosjekt gjaldt (tett)stadutvikling, men det var òg prosjekt knytte til miljø og energi, friluftsområde i nærmiljøet, byggjeskikk og estetikk som fekk tilskot.

Tilskot frå Husbanken til tilstandsvurdering av burettslag og sameige skal medverke til at store utbetningsarbeid blir utførte i tide, og at bustad- og bumiljøtiltak også blir baserte på ei samla vurdering av økonomi, miljø og teknisk tilstand. Tilskota blir gitt til burettslag og sameige med fleire enn 10 bueiningar. Tilskota går til vurdering av bygningar og fellesanlegg, og ordninga gjeld for heile landet. I 2002 blei drygt 6 mill. kr brukt til dette formålet, mot 7,5 mill. kr i 2001.

I tabell 3.46 er det lista opp kva resultatmål og oppfølgingskriterium som er lagde til grunn for vurdering av effekten og måloppnåinga når det gjeld tilskot til bustadkvalitet i 2001-2002 og i første halvår 2003.

Tabell 3.46 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat når det gjeld tilskot til bustadkvalitet

Resultatmål og oppfølgingskriterium	Resultat		
	2001	2002	1. halvår 2003
Samla tilskot til bustadkvalitet og byfornyning, talet på husvære med tilskot	22 874	17 437	10 033
<i>Stimulere til gode, rimelege og heilskaplege løysingar ved fornyings- og fortettingsprosjekt i byar og tettbygde strøk:</i>			
Talet på prosjekt som har fått tilskot til fornying/fortetting	52	9	-
Talet på husvære som har fått tilskot til fornying/fortetting	1 196	436	-
Talet på prosjekt som har fått tilskot til byfornyning	13	4	-
Talet på prosjekt med godkjent tilskot til områdeutvikling		36	22
<i>Stimulere til god kvalitet i husvære og buområde:</i>			
Talet på prosjekt som har fått tilskot for godt tilgjenge	68	54	2
Talet på husvære som har fått tilskot for godt tilgjenge	981	989	8
Talet på prosjekt som har fått tilskot for god byggjeskikk	31	27	2
Talet på husvære som har fått tilskot for god byggjeskikk	571	745	15
Talet på prosjekt som har fått tilskot for å fremme helse, miljø og tryggleik	740	521	25
Talet på husvære som har fått tilskot for å fremme helse, miljø og tryggleik	2 075	1 869	32
<i>Stimulere til god tilstandsvurdering av bustadbygg og bumiljø:</i>			
Talet på prosjekt som har fått tilskot til tilstandsvurdering	205	146	99
Talet på husvære som er omfatta av tilskot gitt til tilstandsvurdering	18 502	13 398	9 978

Totalt blei det gitt tilsegner om tilskot for snautt 88 mill. kr i 2002, og dette var 2,7 mill. kr meir enn året før. Det blei gitt snautt 82 mill. kr til bustadkvalitet og drygt 6 mill. kr til tilstandsvurdering. I første halvår 2003 er det gitt tilsegner for 8,4 mill. kr til desse formåla.

Våren 2003 blei det fastsett ny forskrift for tilskotsordninga. Tilskota skal rettast meir mot støtte til medverknad i tidlege fasar av planlegginga, i staden for direkte støtte til utbygging. I dei tidlege fasane blir viktige premisser for sluttresultatet lagde, og ein reknar med at høvet til å formidle kunnskap og til å påverke prosjekta er størst i desse fasane. Fokus skal dessutan vere på dei prosjekta der ein oppnår mest, og ein har derfor gått

bort frå ordninga med automatisk tilskot til utbygging av bustader med visse kvalitetar.

I 2002 blei det gjennomført ei utprøving av tilskot til områdeutvikling. Gjennom slike tilskot blir planleggingsfasen sett i fokus, og ulike kvalitetar kan bli sedde i samanheng i tidlege fasar. Utprøvinga har gitt interessante erfaringar og har medverka til at ein har fått lagt forholda til rette for gode samarbeidsprosessar mellom kommunar og utbyggjarar. Ei vidare satsing på tilskot for å stimulere til områdeutvikling, inkludert tilstandsvurdering, er derfor prioritert i 2003.

Det har også vore avvikla fleire konkurransar der gode og rimelege husvære, mellom anna til ungdom, har vore eit tema. Konkurransane har

ført til fleire prosjekt med nye bustadtypar til akseptable kostnader.

På bakgrunn av omlegginga vil resultatata for 2002 og 2003 ikkje kunne samanliknast med resultatata frå tidlegare år. I 2003 vil også ein del midlar bli brukte til formål knytte til den tidlegare ordninga, på bakgrunn av prosjekt godkjende i 2002. Det tek tid å etablere nye ordningar, så resultatet av omlegginga vil først bli synleg i andre halvår 2003.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei tilsegnsramme på 21,4 mill. kr. Regjeringa foreslår ei løyving på 41,9 mill. kr og ei tilsegnfullmakt på 20,1 mill. kr.

Post 73 Tilskot til opplysning, informasjon o.a.

Mål

Formålet med ordninga er å auke kunnskapen om dei ulike verkemidla som finst i bustad- og byggjesektoren, gi betre innsikt i bustad- og bygningspolitiske problemstillingar og medverke til å gi aktørane i sektoren eit betre grunnlag for å ta avgjerdar.

Tildelingskriterium

Tilskot kan nyttast til informasjonstiltak om dei politiske måla, innsatsområda og verkemidla. Motakarane av tilskot kan vere offentlege og private aktørar i bustad- og byggjesektoren og forskings- og utgreiingsmiljø. Tilskotsordninga blir forvalta av Kommunal- og regionaldepartementet.

Rapport for 2002-2003

I 2002 fekk 23 prosjekt støtte over post 73. Størstedelen av løyvinga blei nytta til avslutninga av Øko-Bbygg-programmet, som er byggje-, anleggs- og eigedomsnæringa sitt program for ei meir berekraftig utvikling, og til ByggSøk, som går ut på å utvikle standardar for elektronisk kommunikasjon og elektronisk behandling av plansaker og byggesøknader. I 2003 blei heile løyvinga på posten nytta til ByggSøk-prosjektet, som gjekk over i driftsfasen 1. juli 2003.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om å avvike budsjettposten frå 2004. Nokre av formåla for tilskotsordninga blir førte vidare under den nyoppretta budsjettpos-

ten Kunnskapsutvikling og -formidling, jf. kap 581, post 21.

Post 75 Tilskot til etablering, utbetring og utleigebustader, kan overførast

Mål

Tilskot til etablering, utbetring og utleigebustader skal medverke til at grupper med svak økonomi skal kunne disponere nøkterne og høvelege husvære. Regjeringa ønskjer å styrkje desse tilskota i 2004, mellom anna som ein del av regjeringa sin plan for å motverke fattigdom.

Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt til enkeltpersonar for etablering i eige husvære, til utbetring av husvære og til utleigebustader. Tilskot til etablering og utbetring (personretta tilskot) blir formidla av kommunane og gitt etter streng behovsprøving, der det er den samla situasjonen og økonomien til husstanden som blir lagd til grunn. Tilskot til utleigebustader (bustadretta tilskot) blir tildelt av Husbanken til kommunar, stiftelsar og liknande som etablerer utleigebustader for den same målgruppa. Husbanken gir også tilskot til prosjektering av bustader for husstandar med spesielle bustadbehov, særleg funksjonshemma og eldre.

Kontroll og oppfølging

Vedtak i kommunane om tilskot eller avslag på søknader om tilskot til etablering skal rapporterast jamleg og elektronisk til Husbanken. Når det gjeld tilskot til utbetring, skal det rapporterast éin gong i året.

Rapport for 2002-2003

I 2002 var tilsegnsramma for tilskota på 732 mill. kr, medrekna ei tilleggslyyving på 75 mill. kr, som var eit øyremerkte tilskot til flyktingar. Av dette blei 303 mill. kr fordelt til kommunane for vidare tildeling. Av overføringane til kommunane gjaldt 207 mill. kr tilskot til etablering og 96 mill. kr tilskot til utbetring av husvære. Husbanken beheldt 429 mill. kr sjølv til utleigebustader og til tilskot til prosjektering.

Personretta tilskot til etablering blei gitt til 1168 husstandar, dvs. 25 pst. færre enn i 2001 (jf. tabell 3.47). Det var særleg gruppene ungdom og funksjonshemma som fekk færre tilsegner. Talet på tilsegner til desse gruppene gjekk ned med mellom 40 og 45 pst. I hovudsak har dette samanheng med at kommunane gav 20 pst. færre tilskot enn året

før. Den samla ramma til kommunane var nominelt uendra frå 2001 til 2002, men tilskota som blei gitt, var høgre. I ein rapport som evaluerer tiltaka sette i verk av Husbanken for å syte for husvære til funksjonshemma (Nordlandsforskning – rapport nr. 19:2002), er det vurdert kva nytteverdi tilskota har hatt, og kva endringar dei har ført til. For mange

funksjonshemma er det blitt forbetringar på ei rad område. Det som ser ut til å vere mest positivt, er at mange opplever å ha eit ”fullverdig husvære”. At ein er betre i stand til å greie seg sjølv, blir òg trekt fram. På den andre sida viser rapporten at ein del funksjonshemma meiner at den økonomiske situasjonen har forverra seg.

Tabell 3.47 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for personretta tilskot til etablering

Resultatmål og oppfølgingskriterium	Resultat	
	2001	2002
<i>Medverke til at vanskelegstilte utan økonomiske midlar kan etablere seg i eige husvære¹</i>		
Talet på innvilga tilskot til etablering, fordelt etter brukargrupper:		
Totalt	1 550	1 168
Ungdom	403	225
Flyktningar	28	35
Sosialt vanskelegstilte	760	650
Psykisk utviklingshemma	13	14
Personar med psykiske lidningar	84	80
Funksjonshemma	238	147
Bustadlause	0	13
Eldre	24	4

¹ Tal for 1. halvår 2003 er ikkje tekne med. Årsaka er at kommunane får tilskotsmidlar til vidaretildeling eit godt stykke ut i 1. halvår. Mesteparten av aktiviteten går derfor føre seg i 2. halvår. Tala for 1. halvår gir dermed ikkje noko grunnlag for å lage prognose for heile året.

Bustadretta tilskot blei i 2002 gitt til 25 pst. fleire utleigebustader enn i året før (jf. tabell 3.48). Kommunane viste auka interesse for å kjøpe og byggje kommunale utleigehusvære. I tråd med dei prioriteringane som gjeld for det bustadretta tilsko-

tet, går no tilskotsmidlane i hovudsak til husvære for flyktningar, sosialt vanskelegstilte og bustadlause. Talet på husvære for flyktningar som fikk tilsegn, blei fordobla frå 2001 til 2002.

Tabell 3.48 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for bustadretta tilskot, kap. 581, post 75

Resultatmål og oppfølgingskriterium	Resultat		
	2001	2002	1. halvår 2003
<i>Auke talet på utleigehusvære med lågt utgiftsnivå</i>			
Talet på utleigehusvære som er omfatta av innvilga tilskot, fordelt etter brukargruppe:			
Totalt	1 045	1 302	577
Ungdom	233	35	18
Flyktingar	277	530	177
Sosialt vanskelegstilte	398	453	232
Psykisk utviklingshemma	26	28	26
Personar med psykiske lidningar	42	16	19
Funksjonshemma	57	39	10
Eldre	0	3	–
Bustadlause	7	198	95
Andre	5	0	–

Personretta tilskot til utbetring av husvære skal medverke til at eldre og funksjonshemma kan få eit husvære som er tilpassa rørslevanskar og andre funksjonshemmingar. Kommunane fekk tildelt 5 mill. kr mindre til dette formålet frå Husbanken i 2002 enn året før. Totalt gav kommunane tilskot til godt og vel 4500 husstandar i 2002, mot omlag 5200 husstandar i 2001. Gjennomsnittleg tilskotsbeløp, som i 2002 utgjorde kr 18 250, var noko høgre enn året før (kr 15 800). Kommunane har i nokon grad prioritert funksjonshemma og andre vanskelegstilte føre gruppa eldre. Nordlandsforskning si evaluering av Husbanken sine tiltak for funksjonshemma (NF-rapport nr. 19:2002) konkluderer mellom anna med at tilskot har vore heilt nødvendig for dei fleste for å få realisert eit utbetnings-/tilpassingsprosjekt. Det har særleg vore prosjekt knytte til bad, dusj og toalett som har fått tilskot.

367 husstandar fekk tilskot frå Husbanken til prosjektering i 2002, om lag like mange som i 2001. Om lag 80 pst. av tilskota blei både i 2001 og i 2002 gitt til prosjektering av utbetring av husvære.

Kommunane kan setje av midlar frå dei personretta tilskotsmidlane dei får tildelt, til å dekkje tap på etableringslån som er gitt etter 1996 og på startlån. Det blei sett av drygt 50 mill. kr til dette i 2002, og fonda utgjorde i overkant av 235 mill. kr ved utgangen av året. Dei bokførte tapa var på 6,8 mill.

kr i 2002, mot 4,2 mill. kr i 2001. Kommunar som har opparbeidd seg store fond, blir oppfordra av Husbanken til å nytte ein del av fondet til tildeling av bustadtilskot.

For 2003 er tilsegnssramma for bustadtilskot på 670 mill. kr. Av dette har Husbanken sett av om lag 349 mill. kr til kommunal vidaretildeling, medan Husbanken beheld om lag 321 mill. kr. Talet på husstandar som har fått tilsegn om tilskot til etablering, gjekk ned i 1. halvår 2003 samanlikna med 1. halvår 2002. Det same gjeld for tilskot til utleigebustader. Årsaka er ein lågare søknadsinnangang i 1. halvår 2003 enn i 1. halvår 2002.

Talet på tilskot til utbetring i 1. halvår 2003 ligg enno ikkje føre, ettersom kommunane berre rapporterer ein gong i året.

I januar 2003 blei forskrifta for bustadtilskotet endra slik at bindingstida for tilskot til utleigebustader blei auka frå 10 til 20 år.

Budsjettforslag for 2004

Bustadtilskot er ei viktig ordning for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden og stimulere det bustadsosiale engasjementet i kommunane. For å følge opp regjeringa sin tiltaksplan mot fattigdom blir det føreslått ein auke av tilsegnssramma for bustadtilskotet på 42,7 mill. kr til 712,7 mill. kr.

Innanfor tilsegsramma vil bustadprosjekt for bustadlause, flyktningar og andre særleg vanskelegstilte bli prioriterte. Også utleigehusvære med tilknytte tenester som blir etablerte som oppfølging av bustadsosiale handlingsplanar i kommunane, vil bli prioriterte.

Til dekning av tilsegner gitt i 2002, 2003 og 2004 blir det føreslått ei løyving på 702 mill. kr. I tillegg blir det føreslått ei tilsegnfullmakt på 211 mill. kr.

Post 78 Tilskot til utvikling av bumiljø, bustadforvaltning og bustadpolitikk, kan overførast

Mål

Tilskot til utvikling av bumiljø, bustadforvaltning og bustadpolitikk skal medverke til at måla om gode husvære, god byggjeskikk og eit godt bumiljø blir nådde. Tilskotet skal stimulere til utvikling av kommunal bustadpolitikk og lokale bustadsosiale handlingsplanar for etablering. Tilskotet skal medverke til at kunnskap om universell utforming blir spreidd, stimulere til at det blir teke miljøomsyn i bustad- og byggjesektoren, og stimulere til samarbeid mellom ulike sektorar og nivå med sikte på å jamne ut skilnader i levekår. Tilskotet skal også medverke til auka kunnskap om kva eit godt bumiljø, god kvalitet og god byggjeskikk inneber.

Tildelingskriterium

Tilskotet skal gå til tiltak som gir auka kompetanse, større kunnskap og eit betre plangrunnlag for arbeidet med bustadspørsmål, spesielt retta mot det ansvaret kommunane har for vanskelegstilte grupper. Tiltak for å utvikle kommunale strategiar og lokale handlingsplanar for etablering av husvære blir prioriterte. Tilskot til utvikling av god byggjeskikk og til utviklingsarbeid for ein miljøvennleg byggjesektor er også høgt prioriterte. Vidare skal utvikling og spreiding av kompetanse og kunnskap om forhold på bustad- og byggjemarknaden stimulerast. Tilskotet skal i tillegg gå til å støtte organisasjonar som arbeider for å sikre funksjonshemma gode buforhold.

Kontroll og oppfølging

Sjå omtale i St.prp. nr 1 (2002-2003).

Resultatrapport for 2002-2003

Avgrensa midlar og stor etterspørsel gjer det nødvendig å utarbeide kriterium for prioritering

ved tildeling av tilskot. Husbanken legg vekt på nyutvikling av kunnskap med stor overføringsverdi på bustadmarknaden, på ein heilskapleg innfallsvinkel som kjem til syne i mål og organisering, og på god formidlingsstrategi. Husbanken har også lagt vekt på eigeninnsatsen til søkjarane, og har prioritert samarbeidsprosjekt.

Totalt blei det i 2002 gitt 31 mill. kr i tilskot til 137 ulike prosjekt, mot 29 mill. kr til 144 prosjekt i 2001. Det blei i 2002 gitt tilskot til 67 prosjekt (76 prosjekt i 2001) innanfor innsatsområdet "kommunal bustadpolitikk og bustadplanlegging". Å få utvikla bustadsosiale handlingsplanar er framleis eit prioritert innsatsområde. I alt hadde 169 kommunar påbegynt arbeidet med bustadsosiale handlingsplanar per 31.12.2002. Av desse hadde 86 kommunar ferdig utarbeidde planar.

I 2002 blei det gitt tilskot til 34 prosjekt (37 prosjekt i 2001) innanfor innsatsområdet "utvikling av kunnskap og kompetanse knytt til bustad- og bumiljøspørsmål". Husbanken har vore med på å støtte ei rad prosjekt som rettar søkjelyset på utviklingsarbeid for å skape ein miljøvennleg bustad- og byggjesektor, på utvikling av kunnskap om god kvalitet og byggjeskikk, og på utvikling av kunnskap om god tilkomst for alle. Dette gjeld mellom anna større prosjekt som "Klima 2000 – klimatilpassing av bygningskonstruksjonar" og "Urbane bustadkulturar – i lys av ressursbruk og miljøåtfærd", som har som mål å få til ei innsparing i energi- og arealbruk i urbane buformer.

I 2002 blei det gitt tilskot til 36 prosjekt (31 prosjekt i 2001) innanfor innsatsområdet "informasjons- og formidlingsarbeid". Organisasjonane til dei funksjonshemma har på lik linje med det som har vore tilfellet i tidlegare år, fått tilskot til informasjon og rådgiving om bustadspørsmål. Organisasjonane har vore aktivt med på innsatsen retta mot utdanningsinstitusjonane, og har gitt ut informasjonsbrosjyrar retta mot medlemmene. Eit døme er prosjektet "Bruksanvisning og dokumentasjon", der målet er å etablere ei felles bransjenorm for dokumentasjon og bruksrettleiing for nye husvære.

"Bostedsløshetsprosjektet" (2001–2004), som Sosialdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har initiert, er administrativt knytt til Husbanken. Prosjektet skal utvikle buløysingar og tenester for bustadlause. Det blei i 2001 etablert eit nasjonalt prosjekt og kommuneprojekt i dei fem største byane. Kommunane Tromsø og Drammen og organisasjonane Kirkens Bymisjon, Kirkens Sosialtjeneste og Frelsesarmeen er seinare blitt med i prosjektet. 27 ulike tiltak er planlagde eller sette i gang i dei ulike byane. Frå Sosialdepartementet er det for 2003 løyvt 10,5 mill. kr over kap. 621, post 63 til utvikling av modellar og metodar i

kommunane. Kostnadene til lokal og nasjonal prosjektleiing blir dekte av Husbanken over denne

posten. I tillegg blir dei finansieringsordningane Husbanken har for etablering av butilbod, nytta.

Tabell 3.49 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for kap. 581, post 78

(i 1000 kr)

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2002		1. halvår 2003	
	Prosjekt	Beløp	Prosjekt	Beløp
<i>Medverke til å utvikle kommunale strategiar og lokale handlingsplanar for etablering av husvære</i>				
Talet på prosjekt og beløp gitt i tilskot	67	15 926	33	8 096
<i>Medverke til å utvikle kunnskap/kompetanse knytt til bustad- og bumiljøspørsmål</i>				
Talet på prosjekt og beløp gitt i tilskot	34	6 465	13	2 597
<i>Medverke til spreiding av informasjon og formidling av kunnskap og kompetanse</i>				
Talet på prosjekt og beløp gitt i tilskot	36	8 608	18	6 773
Totalt	137	30 999	64	17 466
Søkjartype:				
Kommunar	60	6 956	32	7 423
Bustadsamvirket	7	2 840	2	450
Forskingsinstitusjonar	15	3 456	10	2 782
Universitet og høyskular	5	565	0	0
Organisasjonar	20	6 385	11	5 840
Andre	30	10 797	9	971

Arbeidet med å systematisere erfaringane i dei deltakande kommunane blei intensivert i 2002 og våren 2003. Ein førebels presentasjon av desse resultata vil bli lagd fram i Bustadmeldinga, som regjeringa legg fram hausten 2003.

I St.meld. nr. 6 (2002-2003) Tiltaksplan mot fattigdom blei det sett fokus på oppfølgingstenester i husvære. Prosjektkommunane blei inviterte til å søkje om midlar til oppfølgingstenester. 19 mill. kr blei løyvt til dette formålet. Oslo kommune fekk også tildelt 5 mill. kr til oppfølging av tiltak i handlingsplanen "Alternativer til de åpne rusmiljøene i

Oslo sentrum". Desse midlane blir administrerte av Sosial- og helsedirektoratet.

Kommunal- og regionaldepartementet har også i samarbeid med Sosialdepartementet og Justis- og politidepartementet utarbeidd eit rundskriv om bustadsosialt arbeid (U-10/2002). Formålet med rundskrivet er å styrkje samarbeidet lokalt, slik at talet på utkastningar går ned og utkastningar blir førebygde, og slik at den generelle busituasjonen til vanskelegstilte blir betra. "Bostedsløshetsprosjektet" går ut i 2004, men i den varsla bustadmeldinga vil regjeringa kome tilbake til korleis ein skal hjelpe bustadlause.

Boks 3.10 Tiltak i "Prosjekt Bostedsløse"

I dei sju prosjektkommunane har kommunane og dei frivillige organisasjonane etablert, eller er i ferd med å etablere, 27 ulike tiltak. Tiltaka har eit breitt og varierende innhald. Enkelte av tiltaka er konkrete bustadprosjekt, medan andre tiltak omfattar utvikling av system for bustad- og oppfølgingstenester for ulike grupper blant bustadlause. Vi kan mellom anna trekkje fram bydel St.Hanshaugen-Ullevål i Oslo kommune. Her prøver ein ut ei heilskapleg tiltakskjeda for bustadlause i bydelen. Tiltakskjeda er bygd opp av ei buening for utgreiing (Fredensborgveien bosenter), hybelhus med bemanning, to kollektiv med tettare oppfølging og ordinære kommunale og private utleigehusvære. Tilrettelegging av butilbodet skjer ut frå behov hos den enkelte og ut frå kva han/ho er i stand til å greie. Utfordringa for bydelen er å disponere tilstrekkeleg med ordinære husvære, slik at det blir flyt i kjeda. Bydelen melder at dei ikkje lenger nyttar hospits i det bustadsosiale arbeidet.

Drammen kommune har starta opp eit ambulerande buoppfølgingsteam. Teamet, med fem fagpersonar, skal følgje opp 50 husstandar i dei ordinære kommunale utleigehusværa. Kommunen melder at dei har behov for fleire ordinære husvære integrerte i bustadmassen. Kommunen er i ferd med å utarbeide ein bustadsosial handlingsplan og vil her greie ut behovet for utleigehusvære.

Dei fleste tiltaka, med unntak av tiltaka i Oslo, rettar seg mot rusmiddelmissbrukarar som er utan husvære, eller som er i ferd med å misse husværet sitt. Personar med psykiske lidingar er også ei målgruppe i enkelte av tiltaka. Oslo kommune har oppretta eigne tiltak retta mot husstandar med minoritetsbakgrunn. Formålet er å hindre at dei hamnar på hospits. Eitt av tiltaka er retta mot bustadlaus minoritetsungdom, og det andre gjeld store barnefamiljar med minoritetsbakgrunn.

Eit par av kommunane har sett fokus på spesifikke behov blant kvinner som er bustadlause. Stavanger kommune har oppretta eit tiltak for kvinner som er bustadlause, "Kvinnebo". Tiltaket er oppretta i samarbeid med Kirkens Bymisjon. Kvinner er meir utsette for valdsbruk enn menn, og treng ofte eit eige opplegg for oppfølging.

Tiltaka er kjenneteikna ved at det er utstrekt kontakt mellom ulike delar av tenesteapparatet for å drifte og følgje opp tiltaka. Ei mengd organisasjonar er trekte med som samarbeidspartnarar i tiltaka.

Budsjettforslag for 2004

Det blir føreslått ei løyving på 36 mill. kr i 2004. Det er ikkje lagt opp til endra hovudprofil når det gjeld bruken av midlane.

Tilskot skal som før særleg bli gitt til prosjekt der formålet er å få fram ny og formidle eksisterande kunnskap som er relevant for aktørane på bustad- og byggeomarknaden. Fullføring av "Bostedsløshetsprosjektet" blir prioritert. I bustadmeldinga skal det leggjast fram ein nasjonal strategi for å førebyggje og hindre at menneske blir bustadlause.

Post 79 Tilskot til radonførebyggjande tiltak i bustadhus

Mål

Tilskotet skal stimulere til tiltak for å redusere radonnivået i eksisterande husvære, jf. oppfølginga av Nasjonal kreftplan.

Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt til bygningstekniske tiltak når det er påvist ein radonkonsentrasjon i innelufta i hus-

været høgre enn 200Bq/m³. Tilskotet kan givast til enkeltpersonar, burettslag, selskap, stiftelsar og liknande, jf. St.prp. nr. 161 (1997-1998) Nasjonal kreftplan og Innst. S. nr. 226 (1997-1998).

Rapport for 2002-2003

Interessa for ordninga var i 2002 klart større enn året før, og har auka i 2003 etter ein kampanje gjennomført av Husbanken og Statens Strålevern våren 2003. Det blei gitt tilskot for drygt 4 mill. kr til 246 husvære i 2002, og for 2003 er det per 1. september registrert søknader for 251 tiltak på til saman 7,5 mill. kr. I tillegg er det løyvt 2,5 mill. kr til Statens strålevern til å måle radonnivået i om lag 10 000 husvære i 50 kommunar, og 0,1 mill. kr til ei spørjeundersøking om mellom anna kjennskapen til ordninga. Undersøkinga viste at ordninga var lite kjend, og dei som kjende til ho, syntest det blei for dyrt å gjennomføre tiltaka. Det har også vore vanskeleg å få fatt i personar/firma som kan stå for prosjekteringsarbeid. Husbanken endra derfor retningslinjene for tilskotsordninga frå midten av 2002. Tiltaksgrensa blei sett ned til det halve og tilskotsutmålinga auka til 75 pst., og det øvre tilskotsbeløpet blei heva til det doble (kr 40 000).

Tabell 3.50 Resultatmål og oppfølgingskriterium for kap. 581, post 79

Resultatmål og oppfølgingskriterium	Resultat		
	2001	2002	1. halvår 2003
<i>Stimulere til reduksjon av radonnivået i eksisterende husvære</i>			
Talet på husvære med innvilga tilskot til reduksjon av radonnivået	141	243	175

Budsjettforslag for 2004

Kreftplanen blir avslutta i 2003. Det blir derfor ikkje foreslått løyving over denne posten i 2004.

Strålevernet vil i 2004 prioritere arbeidet med å redusere nivåa av radon i norske hus ved å gi råd og rettleiing til kommunane i deira oppfølging av tiltak i eksisterande bustadhus.

Kap. 582 Skoleanlegg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
60	Rentekompensasjon, kan overførast	36 448	192 000	222 000
	Sum kap. 582 ¹	36 448	192 000	222 000

¹ Endring som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 582, post 60 auka med 39 mill. kr til 231 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Post 60 Rentekompensasjon, kan overførast*Mål*

Av omsyn til elevane og dei tilsette er regjeringa oppteken av å sikre god kvalitet på skolebygga. Rentekompensasjonen skal stimulere kommunane til å byggje nye skoleanlegg og til å rehabilitere, ruste opp og utvikle dei eksisterande skoleanlegga der det trengst. Målet med ordninga er å sikre at alle elevar i grunnskolen og i den vidaregåande opplæringa får gode læringstilhøve. Kommunane har vist stor interesse for ordninga etter at ho blei sett i verk i 2002.

Tildelingskriterium

Ordinga skal setje kommunane i stand til ta opp lån på i alt 15 mrd. kr over ein periode på til saman 8 år ved at staten dekkjer rentekostnadene. Utrekinga av renteutgiftene tek utgangspunkt i eit serielån med 20 års løpetid med flytande rente i Husbanken. Kvar kommune og fylkeskommune har

fått ei eiga investeringsramme, basert på objektive kriterium. Dei som tek del i ordninga, står fritt til å velje låneinstitusjon. Dei kan også finansiere opprustinga eller nybygginga av skolen utan å ta opp lån. Ordinga med rentekompensasjon gjeld for prosjekt som er ferdigstilte etter 1. januar 2002. Husbanken forvaltar ordninga.

Rapport for 2002-2003

Den første utbetalinga under denne ordninga skjedde i desember 2002. Det blei da utbetalt 36,4 mill. kr av ei løyving på 70 mill. kr. Mindreutbetalinga kom av at søknadene kom inn seint på året. Investeringsramma for 2002 på 2 mrd. kr blei nytta fullt ut. Den ubrukte delen av løyvinga blei overført til 2003.

Den samla investeringsramma for 2003 er på 3 mrd. kr, med ei løyving på 231 mill. kr. Utbetalinga av rentekompensasjon for 2003 skjer i desember 2003. For 2003 dekkjer staten renter på ei akkumu-

lert investeringsramme for 2002 og 2003 på til saman 5 mrd. kr.

Per medio august 2003 er det godkjent løyving til prosjekt innanfor ei ramme på 2,2 mrd. kr av investeringsramma på 3 mrd. kr. Alt peiker i retning av at investeringsramma for 2003 blir brukt fullt ut. Frå oppstartinga av ordninga i 2002 og fram til medio august 2003 har i alt 294 kommunar/fylkeskommunar sendt inn søknader. Totalt har Husbanken registrert 835 prosjekt innanfor det ytre taket for ordninga på 15 mrd. kr. Talet omfattar både prosjekt som er realiserte, og planar som ligg eit par år fram i tid. Kommunane har ulik praksis når det gjeld innsending av søknader; somme søker før oppstarting av arbeid, medan andre ventar til prosjekta er fullførte. Talet repre-

senterer derfor aktivitet fordelt over noko tid. Breiband inngår i 231 av dei registrerte prosjekta. Frå januar 2003 begynte ein med registrering av dei prosjekta der funksjonshemma sine behov blir tilgodesedde. Fram til august 2003 er det rapportert at dette gjeld i 190 av prosjekta.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa foreslår ei løyving på 222 mill. kr og ei ny investeringsramme i 2004 på 2 mrd. kr. Løyvinga dekkjer heilårseffekten av investeringsrammene frå 2002 og 2003 på i alt 5 mrd. kr, og halvårseffekten av den nye investeringsramma for 2004 på 2 mrd. kr.

Kap. 585 Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 3585)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	3 984	4 650	4 700
	Sum kap. 585	3 984	4 650	4 700

Da Stortinget behandla Ot.prp. nr. 82 (1997-98) Om lov om husleigeavtaler, bad dei regjeringa om å etablere eit alternativt tvisteløysingsorgan for å behandle tvistar om husleigeforhold som gjeld leige av husvære etter ny og gammal husleigelov, jf. Innst. O. nr. 43 (1998-99). Husleigetvistutvalet blei oppretta 1. mars 2001 for ein prøveperiode på tre år. Utvalet er meint å vere eit alternativ til domstolane, og kan avgjere alle typar av tvistar om leige av husvære i Oslo. Heimel for oppretting av prøveordning med husleigetvistutval er gitt i husleigelova av 26. mars 1999 § 12-5. Departementet har i forskrift av 28. september 2000 gitt nærmare reglar om verkeområde og saksbehandling med vidare. Frå 1. april 2003 er verkeområdet til Husleigetvistutvalet utvida til også å gjelde Akershus fylke. I 2003 fekk utvalet løyvt ekstra midlar for å marknadsføre tilbodet overfor leigetakarar og utleigarar, og i 1. halvår 2003 blei det gjennomført ein marknadsføringskampanje i Oslo og Akershus. I 2001 hadde utvalet til saman 53 saker til behandling, i 2002 91 saker. I 2002 blei 63 saker avslutta med forlik, 21 blei avgjorde og 7 saker blei avviste eller trekte tilbake. Gjennomsnittleg tid for saksbe-

handling var 7 veker for saker med forlik og 3 1/2 månad for saker som blei avgjorde. I dei første månadene av 2003 kom det inn 85 saker. Per 1. september 2003 er 38 saker avslutta med forlik og 13 saker avgjorde.

Ordninga er evaluert av eit eksternt organ, som konkluderer med at utvalet har fungert som eit godt alternativ til domstolar og forliksråd. Brukane har gitt Husleigetvistutvalet eit svært godt skussmål, meklinga blir godt gjennomført, og partane er nøgde med resultatet. Saksbehandlingstida er monaleg kortare enn i forliksråd og tingrett. På grunn av det låge talet på saker som til no har kome inn, er det likevel for tidleg å avgjere om ordninga skal gjerast permanent. For å få betre tid til sjå korleis utviklinga blir, mellom anna verknaden av dei marknadsføringstiltaka som er gjennomførte, er det vedteke å forlengje prøveperioden til 31.12.2005.

Budsjettforslag for 2004

Det blir føreslått ei løyving på 4,7 mill. kr for 2004.

Kap. 3585 Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 585)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Gebyr	110	200	200
	Sum kap. 3585	110	200	200

Post 1 Gebyr

Det blir kravd to gonger rettsgebyret for behandling av sak for utvalet, for tida kr 1 400. Ein føreslår

budsjettert med gebyrinntekter på kr 200 000 i 2004. Det svarer til om lag 150 saker.

Kap. 586 Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimplassar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
60	Oppstartingsstilskot, kan overførast	1 608 334	1 943 900	2 114 000
63	Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag	974 953	1 266 400	1 283 400
	Sum kap. 586 ¹	2 583 287	3 210 300	3 397 400

¹ Endringar som ikkje går fram av tabellen: Da Stortinget behandla St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2003, blei løyvinga på kap. 586, post 60 sett ned med 76,2 mill. kr til 1 867,7 mill. kr og post 63 auka med 39,2 mill. kr til 1 305,6 mill. kr, jf. Innst. S. nr. 260 (2002-2003).

Mål

Tilskota skal stimulere kommunane til å auke tilbodet av sjukeheimplassar og husvære lagde til rette for heildøgns pleie og omsorg (omsorgsbustader). Tilskota skal setje kommunane i stand til å byggje, kjøpe eller utbetre sjukeheimar og omsorgsbustader ut frå lokale behov til dei som har behov for det på grunn av alder, funksjonshemming, funksjons svekking eller sjukdom.

Post 60 Oppstartingsstilskot, kan overførast**Tildelingskriterium**

Tilskotet blir gitt på grunnlag av investeringar knytte til bygging, kjøp og utbetring av omsorgsbu-

stader og sjukeheimplassar under handlingsplanen for eldreomsorga og opptrappingsplanen for psykisk helse. Tilskotet går til kommunane uavhengig av om det er kommunen sjølv eller andre aktørar som skal eige og forvalte bustadene/plasane. Kommunane kan tildele tilskotet vidare til andre eigarar av omsorgsbustader og sjukeheimar. Det er ein føresetnad for å få tilskot at kommunen har organisert eit heildøgns pleie- og omsorgstilbod. Prosjekta skal vere innarbeidde i den fireårige økonomiplanen, og kommunen skal disponere bustadene og plassane i minimum 20 år.

Tabell 3.51 Handlingsplan for eldreomsorga – måltal per år og samla for perioden 1998–2003

År	St.meld. 50 (1996-97) ¹	St.prp. nr. 1 (2000-2001) ² St.prp. nr. 82 (2000-2001) ³	St.prp. nr. 1 (2001-2002) ⁴	St.meld. nr. 31 (2001-2002) ⁵ Innst. S. nr. 263 (2001-2002) ⁶	Sum per år
1998	5 800				5 800
1999	5 800				5 800
2000	5 800				5 800
2001	5 800	2 000			7 800
2002	1 200	3 000	4 000	2 000	10 200
2003				3 000	3 000
Sum	24 400	5 000	4 000	5 000	38 400

¹ Eldreplanen skal avsluttast innan 2002 med i alt 24 400 bueiningar.

² Utviding med 5000 einingar i 2002.

³ 2000 einingar frå ramma for 2002 blir overførte til 2001.

⁴ Utviding med 4000 einingar.

⁵ Utviding med 2000 einingar.

⁶ Utviding med 3000 einingar.

Oppfølging og kontroll

Tilskota blir utbetalte når bustadene/sjueheimsplassane er ferdigstilte og innflytta. Sjå òg omtale i St.prp. nr. 1 (2002–2003).

Resultatrapport for 2002-2003

Tabell 3.52 viser resultatmåla og oppfølgingskriteria som er lagde til grunn for vurdering av effekten av oppstartingsstilskotet.

Tabell 3.52 Resultatmål, oppfølgingskriterium og resultat for oppstartingsstilskotet

Resultatmål og oppfølgingskriterium	2001	2002	1. halvår 2003
<i>Stimulere til nybygging og utbetring av omsorgsbustader og sjueheimsplassar med god kvalitet:</i>			
Talet på nye omsorgsbustader og sjueheimsplassar som fekk tilsegn	6 294	10 065	773
Talet på utbetra omsorgsbustader og sjueheimsplassar som fekk tilsegn ¹	1 143	1 537	319
Prosentdelen nye sjueheimsplassar med tilsegn som oppfyller den storleiken på privatarealet som Husbanken tilrår	97,2 pst.	96,5 pst.	100 pst.
Prosentdelen utbetra sjueheimsplassar med tilsegn som oppfyller den storleiken på privatarealet som Husbanken tilrår ¹	93,8 pst.	87,1 pst.	90,4 pst.

¹ Kjøpte omsorgsbustader og sjueheimsplassar er medrekna.

Husbanken kan i 2003 gi tilsegner om oppstartingsstilskot til 3000 bueiningar, og etter dette vil handlingsplanen for eldreomsorga bli avslutta. Det totale målalet for handlingsplanen for eldreomsorga er 38 400 omsorgsbustader og sjukeheimplassar. Fram til årsskiftet 2002/2003 var 37 175 bueiningar blitt godkjende for tilskot.

I 2003 kan Husbanken gi tilskot til 900 omsorgsbustader under opptrappingsplanen for psykisk helse, det same som i 2002. Opptrappingsplanen for psykisk helse skal avsluttast i 2006.

Det totale målalet for 2001 var 8240 omsorgsbustader og sjukeheimplassar, medan det blei gitt tilsegn om tilskot til drygt 7400 bueiningar. Når målalet ikkje blei nådd, var det fordi talet på sjukeheimplassar var høgare enn føresett i budsjetteringa. Sjukeheimplassane belastar tilskotsramma meir enn omsorgsbustadene. I 2001 var tilskotssatsane for omsorgsbustader kr 175 000, medan dei for sjukeheimplassar var kr 375 000.

Oppstartingsstilskotet skulle i 2002 gå til nybygging eller utbetring av 11 100 omsorgsbustader og sjukeheimplassar med godkjend kvalitet. Av omsorgsbustadene skulle 900 vere knytte til handlingsplanen for psykisk helse. I 2002 blei det gitt tilskot til i alt 11 602 omsorgsbustader og sjukeheimplassar. Av desse var 10 723 bueiningar knytte til eldreplanen, og 879 bustader blei godkjende innanfor opptrappingsplanen for psykisk helse. Målet i eldreplanen blei dermed nådd med klar margin, medan det mangla berre 21 bustader på at målalet i opptrappingsplanen for psykisk helse blei nådd.

Trass i at tilskotsramma ikkje blei nytta fullt ut i 2002, blir talet på bueiningar som fekk tilsegn frå Husbanken, høgare enn målalet i eldreplanen. Årsaka er ein lågare prosentdel sjukeheimplassar – som er dei bueiningane som får høgst tilskot – enn det var rekna med i statsbudsjettet. I 2002 var tilskotssatsen kr 181 300 for omsorgsbustader og kr 388 500 for sjukeheimplassar. Desse satsane er prisjusterte til høvesvis kr 188 000 og kr 403 000 i 2003.

Ved utgangen av første halvår 2003 var det gitt tilsegn om oppstartingsstilskot til 1092 omsorgsbustader og sjukeheimplassar. Av dei kom 114 omsorgsbustader inn under opptrappingsplanen for psykisk helse.

Budsjettforslag for 2004

Handlingsplan for eldreomsorga vil bli avslutta etter 2003, og det står da berre att utbetalingar av gitte tilsegner.

Det blir gitt tilsegn til 913 omsorgsbustader under opptrappingsplanen for psykisk helse i 2004.

Med desse tilsegnene vil målalet i planen på 3400 einingar vere nådd.

I tråd med at øyremerkte tilskot til kommunane blir prisjusterte, føreslår ein at også satsane for oppstartingsstilskotet blir prisjusterte. Tilskotssatsen for omsorgsbustader blir auka frå kr 188 000 til kr 194 600 per bustad. Taket for kostnader som kommunane får dekt over post 60 og post 63, blir auka tilsvarende frå kr 753 000 per bustad til kr 759 600.

Regjeringa gjer framlegg om ei tilsegnsramme på post 60 på 177,7 mill. kr knytt til opptrappingsplanen for psykisk helse.

Regjeringa føreslår ei løyving på 2 114 mill. kr, som dekkjer tilsegn gitt i 2001, 2002, 2003 og 2004. Av løyvinga er 173 mill. kr knytt til psykiatriplanen og 1 941 mill. kr til eldreplanen. I tillegg føreslår regjeringa ei tilsegnsmakt på 1 512,7 mill. kr.

Post 63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag

Tildelingskriterium

Tilskotsordninga omfattar alle sjukeheimplassar og omsorgsbustader der det er gitt tilsegn om oppstartingsstilskot etter 1. januar 1997, og skal sjablonmessig dekkje utgifter til renter og avdrag som kjem på frå og med 1. januar 1998. Alle som får oppstartingsstilskotet, får også tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag på lån. Maksimalt grunnlag for utrekning av kompensasjonstilskotet utgjer kr 455 000 per sjukeheimplass og kr 565 000 per omsorgsbustad.

Rapport for 2002-2003

I 2002 blei det utbetalt drygt 975 mill. kr i kompensasjonstilskot. Ved utgangen av året var snautt 22 000 bueiningar inne i ordninga. Dei fordeler seg på 14 300 omsorgsbustader og 7700 sjukeheimplassar.

Løyvinga for 2003 på post 63 var på 1 266,4 mill. kr. I tillegg blei det løyvt 67,1 mill. kr over kap. 571, post 68 Forsøk med rammefinansiering av øyremerkte tilskot. Tilskotet blir i hovudsak utbetalt i desember. Forsøket med rammefinansiering blir avvika, og frå 2004 blir heile løyvingens behovet dekt over denne budsjettposten.

Budsjettforslag for 2004

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 1 283,3 mill. kr. Av løyvinga går 66,8 mill. kr til opptrappingsplanen for psykisk helse og 1 216,5 mill. kr til eldreplanen. Det er lagt til grunn ei rente på 3,7 pst.

Programkategori 14.20 Bygningssaker

Samla utgifter under programkategori 14.20

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
587	Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 3587)	32 674	34 700	37 000	6,6
	Sum kategori 14.20	32 674	34 700	37 000	6,6

Samla inntekter under programkategori 14.20

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004	Pst. endr. 03/04
3587	Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 587)	13 528	12 700	13 200	3,9
	Sum kategori 14.20	13 528	12 700	13 200	3,9

Programkategori 14.20 gjeld dei postane i budsjettet som har med Statens bygningstekniske etat å gjere. Vi viser til omtale av målsetjingar under programområde 14.

Prioriteringar i 2004

Viktige arbeidsoppgåver innanfor området bygningspolitikk i 2004 vil vere

- å arbeide for auka kvalitet i byggverk, med omsyn til estetikk, helse, miljø, tilgjenge, bruk og tryggleik
- å medverke til utvikling og effektiv implementering av internasjonalt regelverk og internasjonale standardar
- å få byggjereglane effektivt og smidig implementerte, særleg med omsyn til endringane av 1.7.2003 (om tidsfristar osv.)
- å drive og vidareutvikle ByggSøk, systemet for elektronisk behandling av byggjesaker

- å følgje opp arbeidsgruppa som skal sjå på byggjekostnader og effektivitet i byggjebansjen

Status

Den eksisterande bygningsmassen i landet var ved utgangen av 2002 på ca. 325 mill. kvm. (bruttoareal), fordelt på 3,6 millionar bygningar. 210 mill. kvm. var bustadbygg og 115 mill. kvm. yrkesbygg. Det blei i 2002 starta bygging av ca. 6,7 mill. kvm. bruksareal, fordelt på 3,7 mill. kvm. næring/fritidsbygg og 3 mill. kvm. bustadbygg. Dette utgjer ein årleg tilvekst av nybygg på om lag 2 pst. av den totale bygningsmassen. Nybyggverksemda har vist ein svak nedgang sidan toppåret 2001.

For å stimulere til auka byggjeaktivitet ser regjeringa på korleis ein kan redusere byggjekostnadene. I den samanhengen er det starta opp eit samarbeidsprosjekt med bransjen, der hovudmålet er rimelegare husvære.

Saksbehandlingstida for byggjesakar i kommunane går ned også i 2003, slik tendensen var i 2002. Det statlege prosjektet for utvikling av eit internettbasert system for elektronisk byggjesaksbehandling (ByggSøk) blei i samsvar med planen sett i drift i juli 2003, og på same tid blei det innført nye reglar om tidsfristar og forenklingar. Desse tiltaka skal medverke til enklare og raskare saksbehandling.

Bruken av utbyggingsavtalar har vore eit omstridt tema, spesielt i samband med rammevilkår for byggjeverksemda. For å klargjere bruken har Kommunal- og regionaldepartementet kome med eit rundskriv om dei juridiske rammene for slike avtalar. Samtidig har Bygningslovutvalet og Planlovutvalet utforma forslag om lovreguleringar på området.

Bygningslovutvalet skal stå for ein større gjennomgang av bygningslovgivinga med sikte på å forenkle reglane. Utvalet har eit breitt mandat, og målsetjinga er at effektive prosessar skal gi grunnlag for lågare kostnader og motivere til oppstarting av nye tiltak. Første delinnstilling blei levert til kommunal- og regionalministeren hausten 2003.

Bustad- og byggjesektoren veg tungt i miljø-samanheng og må medverke til å utvikle eit meir berekraftig samfunn. Det er til no ikkje lagt tilstrekkeleg vekt på miljøvennleg bruk av ressursar og på estetiske omsyn i utforminga av bygningar og anlegg. Det er framleis for låg kvalitet og for dårleg tilkomst i mange bygningar, og arealet i byar og tettstader er for dårleg utnytta.

Kap. 587 Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 3587)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
1	Driftsutgifter	32 674	34 700	37 000
	Sum kap. 587	32 674	34 700	37 000

Statens bygningstekniske etat er Kommunal- og regionaldepartementet sin utøvande faginstans på det bygningstekniske området. Etaten står til teneste for departementet med faglege råd og utgreiingar. Statens bygningstekniske etat (BE) skal ha god kunnskap om korleis regelverket fungerer innanfor sitt fagområde, og vere eit bindeledd til relevante fagstyresmakter. BE skal ha god kjennskap til byggjeverksemda, og har eit særskilt ansvar for ordninga med sentral godkjenning av føretak med ansvarsrett.

Post 1 Driftsutgifter

Rapport for 2002-2003

– Informasjon og implementering. Gjennom informasjonstiltak har etaten påverka byggjebansjen i retning av fleksibel og fornuftig bruk av funksjonelle reglar i forskriftene, slik at bransjen kan levere trygge og gode byggverk. Heile regelverket og informasjon om regelverket er tilgjengeleg på Internett, saman med kontinuerleg oppdaterte data om sentralt godkjende føretak. Systemet for saksbehandling av sentrale

godkjenningar er lagt ope ut på Internett og gir innsyn i status i saksbehandlinga også for søkjarene. Blankettar og regelverk for byggjesaker er tilgjengelege på Internett. Statens bygningstekniske etat sine internettsider hadde om lag 10 000 ulike brukarar i veka. Etaten og departementet reiste rundt i heile landet i juni og informerte kommunane om dei nye byggjereglane av 1.7.2003. Den vanlege verksemda på informasjonsområdet er ført vidare med meldingar, temaretleiingar, eige tidsskrift, undervisning og ein årskonferanse for kommunane.

– Godkjenning av føretak for ansvarsrett. Den sentrale godkjenningsordninga er forenkla, godkjenningskatalogen fall bort frå september 2003, og talet på godkjenningssområde er redusert frå 548 til 30. I 2002 godkjende Statens bygningstekniske etat 1489 føretak, og har totalt godkjent 13 000 føretak per september 2003. Saksbehandlingstida for nye godkjenningar er i snitt tre dagar. Som ledd i forenkling og forbetring av byggjesaksprosessen blei Godkjenningnemnda lagd ned frå januar 2002. Oppføl-

- ginga av sentralt godkjende føretak er utvikla vidare i 2003, mellom anna med tilsyn.
- Byggjesaker. Statens bygningstekniske etat har arbeidd med implementering og vidareutvikling av forskrifta om saksbehandling og kontroll og har hatt eit godt samarbeid med andre instansar, noko som har ført til at fagleg utfyllande materiale er gjort tilgjengeleg for brukarane av regelverket, mellom anna over Internett.
 - ByggSøk. Ei vesentleg oppgåve for etaten er å leggje til rette for elektronisk søknads- og byggjesaksbehandling, tilpassa brukarane sine behov, gjennom prosjektet ByggSøk. ByggSøk har brei deltaking frå staten, kommunane og byggjenæringa, og følgde planane for framdrift og budsjett. Ei operativ løysing for byggjesaker blei sett i drift i juli 2003. Allereie i 2002, før systemet var i ordinær drift, var søkjesystemet for elektronisk byggjesaksbehandling brukt i 1 pst. av byggjesakene.
 - Miljø. Omsynet til miljøet, slik det er gjort greie for i departementet sin miljøhandlingsplan, er følgt opp gjennom prosjekt for framtidige endringar i byggjereglane og i rettleiingsstoffet. Det er sett i gang eit arbeid med ein ny generasjon energikrav, der det blir lagt vekt på omsynet til miljøet. For meir informasjon, sjå vedlegget om departementet sin miljøprofil.
 - Universell utforming. Etaten legg mykje arbeid i å rettleie om universell utforming. Dette fører til rasjonelle løysingar som byggjer opp om samfunnsmessige kvalitetar, til nytte både for menneske med funksjonshemmingar og for andre med særskilde behov.
 - Trygge byggverk. Reglane for tryggleik, mellom anna mot brann, samanstyrting og heimeulykker, er utvikla vidare og informert om gjennom ny rettleiing til den tekniske føresegna. Faktiske hendingar blir undersøkte for å sikre at reglane er gode nok, og at praktiseringa av reglane er god nok.
 - halde god kontakt med kommunane, mellom anna om praktisering av lokal godkjenning, det tekniske regelverket og reglane for saksbehandling, og hjelpe kommunane i gang med eit effektivt tilsyn i byggjesaker
 - syte for drift, oppdatering og vidareutvikling av elektronisk søknads- og byggjesaksbehandling tilpassa Internett. Utviklingsprosjektet ByggSøk skal først vidare med tanke på elektronisk behandling av plansaker.
 - syte for god og enkel tilgang til informasjon om regelverket, som grunnlag for fleksibel og fornuftig bruk av funksjonelle reglar i føresegnene
 - føre tilsyn med at reglane om dokumentasjon av eigenskapar for byggjeverar og -produkt blir etterlevde, og gi informasjon og rettleiing til produsentane for å hjelpe næringa til å styrkje konkurranseevna
 - engasjere seg i nasjonalt og internasjonalt standardiseringsarbeid og følgje opp implementeringa av internasjonale reglar i norsk regelverk. Det skal utarbeidast grunnlag for standardar, godkjenningar og harmoniserte tekniske krav etter dei felles europeiske reglane på byggområdet, med spesiell vekt på nordisk koordinering.
 - gi informasjon og rettleiing om kvalitet og tryggleik i bygg og støtte opp om regjeringa si satsing på universell utforming
 - føre vidare det arbeidet som er sett i gang med ein ny generasjon energikrav, der det blir lagt vekt på omsynet til miljøet. Kompetansen på fagfeltet miljø må utviklast vidare, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid og samarbeid med sentrale aktørar i privat og offentleg sektor.

Resultatmål 2004

Innanfor dei ulike delmåla i bygningspolitikken skal Statens bygningstekniske etat

- føre vidare ordninga med sentral godkjenning av føretak med ansvar for oppgåver i byggjeverksemda, med fokus på verknaden av endringane i 2003 og oppfølging av dei godkjende føretaka. Det skal også leggjast til rette for betre kontrollrutinar i samband med prosjektering og utføring av byggverk i byggjebransjen.

Budsjettforslag for 2004

Det blir føreslått ei løyving på 37 mill. kr, der 13,2 mill. kr er knytt til drift av ordninga med sentral godkjenning. Ordninga med sentral godkjenning skal vere sjølvfinansierande, jf. kap. 3587, post 4 Gebyr, godkjenningsordning for føretak for ansvarsrett. Driftsbudsjettet for etaten er føreslått styrkt med 2,3 mill. kr i 2004 for at etaten aktivt skal kunne følgje opp det arbeidet departementet driv for å dempe veksten i byggjekostnadene og betre effektiviteten i byggebransjen, og for å medverke til at fleire internasjonale standardar blir omsette til norsk.

Kap. 3587 Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 587)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2002	Saldert budsjett 2003	Forslag 2004
4	Gebyr, godkjenningsordning for føretak for ansvarsrett	12 695	12 700	13 200
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	674		
18	Refusjon av sjukepengar	159		
	Sum kap. 3587	13 528	12 700	13 200

Post 4 Gebyr, godkjenningsordning for føretak for ansvarsrett

Gebyra dekkjer alle utgiftene til drift av ordninga. Ei eventuell meir- eller mindreinntekt skal det kompenseras for gjennom tiltak på utgiftssida, slik at utgifter og inntekter i samband med ordninga balanserer best mogleg.

Budsjettforslag for 2004

I 2004 er det budsjettert med 13,2 mill. kr i inntekter frå gebyr. Alle desse inntektene kjem frå ordninga med sentral godkjenning av føretak. Dette svarer til det totale kostnadsnivået for ordninga. Vi viser dessutan til omtale under kap. 587, post 1 Driftsutgifter.

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2004 blir dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:
 - a. Sum utgifter under kap. 500-587 og 2412 70 415 682 000
 - b. Sum inntekter under kap. 3500-3587, 5312, 5316, 5327 og 5615-5616 14 831 290 000

**Forslag
til vedtak for budsjetterminen 2004
Kapitla 500-587, 2412, 3500-3587, 5312, 5316, 5327
og 5615-5616**

I
Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
Administrasjon o.a.				
500		Kommunal- og regionaldepartementet (jf. kap. 3500)		
	1	Driftsutgifter	165 700 000	
	21	Spesielle forskings- og utgreiingsoppdrag, kan overførast	10 600 000	
	45	Større kjøp av utstyr og vedlikehald, kan overførast	5 500 000	
	50	Forskningsprogram via Noregs forskingsråd	18 000 000	199 800 000
502		Valutgifter		
	1	Driftsutgifter	5 000 000	5 000 000
503		Arbeidsretten, meklingsinstitusjonen o.a. (jf. kap. 3503)		
	1	Driftsutgifter	10 600 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, kan overførast	1 550 000	12 150 000
		Sum Administrasjon o.a.		216 950 000
Innvandring				
520		Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 3520)		
	1	Driftsutgifter	441 833 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, statlege mottak	1 167 500 000	
	22	Spesielle driftsutgifter, tolketenester og omsetjing	72 000 000	1 681 333 000
521		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarakar (jf. kap. 3521)		
	60	Integreringstilskot, kan overførast	2 926 903 000	
	61	Norskopplæring for vaksne innvandrarakar	1 001 500 000	
	62	Kommunale tiltak for innvandrarakar	43 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
	70	Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	2 700 000	
	71	Kunnskapsutvikling, kan overførast	48 250 000	
	72	Tilbakevending for flyktingar, kan overførast	9 300 000	
	73	Tilskot til innvandrarorganisasjonar og anna frivillig verksemd	25 000 000	
	74	Ordninga med statleg autorisasjon for tolkar o.a.	1 600 000	
	75	Reiseutgifter for flyktingar til og frå utlandet, kan overførast	11 650 000	4 069 903 000
522		Senter mot etnisk diskriminering (jf. kap. 3522)		
	1	Driftsutgifter	6 600 000	6 600 000
523		Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene (jf. kap. 3523)		
	1	Driftsutgifter	4 600 000	4 600 000
524		Utlendingsnemnda (jf. kap. 3524)		
	1	Driftsutgifter	92 100 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling	9 700 000	101 800 000
		Sum Innvandring		5 864 236 000
Nasjonale minoritetar				
526		Nasjonale minoritetar		
	70	Tilskot til nasjonale minoritetar	2 900 000	2 900 000
		Sum Nasjonale minoritetar		2 900 000
Samiske formål				
540		Sametinget (jf. kap. 3540)		
	50	Sametinget	135 400 000	
	54	Avkastning av Samefolkets fond	4 650 000	140 050 000
541		Tilskot til samiske formål		

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
	70	Tilskot til samiske formål	1 100 000	
	72	Samisk språk, informasjon o.a.	2 600 000	3 700 000
542		Kompetansesenter for rettane til urfolk		
	1	Driftsutgifter	1 950 000	1 950 000
		Sum Samiske formål		145 700 000
Regional- og distriktspolitikk				
551		Regional utvikling og nyskaping		
	60	Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling	1 051 050 000	
	61	Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, kan overførast	150 000 000	1 201 050 000
552		Nasjonalt samarbeid for regional utvikling		
	21	Kunnskapsutvikling, informasjon o.a., kan overførast	9 000 000	
	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling, kan overførast	279 000 000	288 000 000
		Sum Regional- og distriktspolitikk		1 489 050 000
Overføringer gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar				
571		Rammetilskot til kommunar (jf. kap. 3571)		
	21	Kunnskapsutvikling og drift av inntektssystemet	6 700 000	
	60	Innbyggjartilskot	26 564 225 000	
	62	Nord-Noreg-tilskot	1 112 156 000	
	63	Regionaltilskot	552 511 000	
	64	Skjønntilskot, kan nyttast under kap. 572, post 64	2 750 408 000	30 986 000 000
572		Rammetilskot til fylkeskommunar (jf. kap. 3572)		
	60	Innbyggjartilskot	9 413 605 000	
	62	Nord-Noreg-tilskot	419 545 000	
	64	Skjønntilskot, kan nyttast under kap. 571, post 64	1 207 592 000	
	65	Hovudstadtilskot	427 258 000	11 468 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
574		Økonomisk oppgjør ved endringer i ansvaret for barnevern, familievern og rusomsorg		
	60	Tilskot til sletting av gjeld	180 250 000	
	61	Tilskot til feriepengar	116 531 000	
	62	Tilskot til pensjonsutgifter	81 365 000	378 146 000
		Sum Overføringer gjennom inntektssystemet til kommunar og fylkeskommunar		42 832 146 000
Bustader og bumiljø				
580		Bustønad		
	70	Bustønad, overslagsløyving	2 109 000 000	2 109 000 000
581		Bustad- og bumiljøtiltak		
	21	Kunnskapsutvikling og -formidling	3 700 000	
	60	Handlingsprogram for Oslo indre aust	50 000 000	
	71	Tilskot til bustadkvalitet, kan overførast	41 900 000	
	75	Tilskot til etablering, utbetring og utleigebustader, kan overførast	702 000 000	
	78	Tilskot til utvikling av bumiljø, bustadforvaltning og bustadpolitikk, kan overførast	36 000 000	833 600 000
582		Skoleanlegg		
	60	Rentekompensasjon, kan overførast	222 000 000	222 000 000
585		Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 3585)		
	1	Driftsutgifter	4 700 000	4 700 000
586		Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar		
	60	Oppstartingsstilskot, kan overførast	2 114 000 000	
	63	Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag	1 283 400 000	3 397 400 000
		Sum Bustader og bumiljø		6 566 700 000

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
Bygningssaker				
587		Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 3587)		
	1	Driftsutgifter	37 000 000	37 000 000
		Sum Bygningssaker		37 000 000
Statsbankane				
2412		Den Norske Stats Husbank (jf. kap. 5312 og 5615)		
	1	Driftsutgifter	273 000 000	
	45	Større kjøp av utstyr og vedlikehold, kan overførast	5 000 000	
	72	Rentestøtte	29 000 000	
	90	Lån til Husbanken, overslagsløyving	12 954 000 000	13 261 000 000
		Sum Statsbankane		13 261 000 000
Totale utgifter			70 415 682 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
Kommunal- og regionaldepartementet				
3520		Utlendingsdirektoratet (jf. kap. 520)		
	2	Gebyr nødvisum	90 000	
	4	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	654 000 000	654 090 000
3521		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara (jf. kap. 521)		
	1	Tilbakevending for flyktningar	9 300 000	
	2	Norskopplæring for vaksne innvandrara	11 016 000	
	3	Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet	11 205 000	
	4	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	32 079 000	63 600 000
3540		Sametinget (jf. kap. 540)		
	51	Avkastning av Samefolkets fond	4 650 000	4 650 000

Kap.	Post	Formål	Kroner	Kroner
3571		Tilbakeføring av forskot (jf. kap. 571)		
	90	Tilbakeføring av forskot	28 000 000	28 000 000
3585		Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus (jf. kap. 585)		
	1	Gebyr	200 000	200 000
3587		Statens bygningstekniske etat (jf. kap. 587)		
	4	Gebyr, godkjenningsordning for foretak for ansvarsrett	13 200 000	13 200 000
		Sum Kommunal- og regionaldepartementet		763 740 000
Ymse inntekter				
5312		Den Norske Stats Husbank (jf. kap. 2412)		
	1	Gebyr o.a.	31 350 000	
	90	Avdrag	8 868 000 000	8 899 350 000
5316		Kommunalbanken AS		
	70	Garantiprovisjon	13 800 000	13 800 000
5327		Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) og fylkeskommunane o.a.		
	50	Tilbakeføring av tilskot	70 000 000	
	51	Tilbakeføring av tapsfond	20 000 000	90 000 000
		Sum Ymse inntekter		9 003 150 000
Renter og utbytte o.a.				
5615		Renter frå Den Norske Stats Husbank (jf. kap. 2412)		
	80	Renter	5 032 000 000	5 032 000 000
5616		Renter og utbytte i Kommunalbanken AS		
	81	Aksjeutbytte	32 400 000	32 400 000
		Sum renter og utbytte o.a.		5 064 400 000
Totale inntekter				14 831 290 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og regionaldepartementet i 2004 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekt under
kap. 500 post 01	kap. 3500 post 1
kap. 522 post 01	kap. 3522 post 1
kap. 585 post 01	kap. 3585 post 01
kap. 587 post 01	kap. 3587 post 04
kap. 2412 post 01	kap. 5312 post 01

III

Forskot på rammetilskot

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og regionaldepartementet i 2004 kan utgiftsføre utan løyving:

1. opptil 150 mill. kr på kap. 571 Rammetilskot til kommunar, post 90 Forskot på rammetilskot i statsbudsjettet for 2004 som forskot på rammetilskot for 2005 til kommunar.

2. opptil 50 mill. kr på kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar, post 90 Forskot på rammetilskot i statsbudsjettet for 2004 som forskot på rammetilskot for 2005 til fylkeskommunar.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

IV

Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og regionaldepartementet i 2004 kan gi tilsegner om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at den samla ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje kjem over:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
551		Regional utvikling og nyskaping	
	61	Næringsretta utviklingstiltak, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift	205,0 mill. kroner
		Transportstøtte	200,0 mill. kroner
581		Bustad- og bumiljøtiltak	
	71	Tilskot til bustadkvalitet	20,1 mill. kroner
	75	Tilskot til etablering, utbetring og utleigebustader	211,0 mill. kroner
586		Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheimsplassar	
	60	Oppstartingsstilskot	1 512,7 mill. kroner

V

Fullmakt om mellombels innkvartering av asylsøkjjarar og flyktingar

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og regionaldepartementet i 2004 kan gjere avtalar om mellombels innkvartering av asylsøkjjarar og flyktingar som varer utover 2004. Dersom behovet for mottaksplassar for asylsøkjjarar og flyktingar blir større enn ein reknar med i budsjettet for 2004, samtykkjer Stortinget i at Kommunal- og regional-

departementet kan auke talet på plassar i statlege mottak innanfor gjeldande rammer for etablering og drift av det statlege mottaksapparatet, sjølv om det fører til eit meirbehov for løyvingar under kap. 520 Utlendingsdirektoratet, post 21 Spesielle driftsutgifter, statlege mottak.

Andre fullmakter

VI

Garantiprovisjon frå Kommunalbanken AS

Stortinget samtykkjer i at Kommunalbanken AS i 2004 betaler ein provisjon på statsgarantien på 0,1 prosent av lån som banken har teke opp før 1. november 1999.

VII

Introduksjonsordning for innvandrarar

Stortinget samtykkjer i at Stortinget sitt vedtak av 12. juni 1972 om ei ordning med bustønad §1 "Støtteberettigede personer" med seinare endringar, får eit nytt pkt.:

6. Deltakarar i introduksjonsprogrammet for nyleg komne innvandrarar.
Endringa skal gjelde frå og med 3. termin 2004.

Vedlegg 1

Omtale av tiltak innanfor den breie distriktpolitikken

1 Innleiing

Vedlegget har som siktemål å følgje over tid statleg innsats og statlege tiltak som er viktige med tanke på å nå regional- og distriktpolitiske mål. Utvalet av tiltak og ordningar er gjort ut frå skjønn, basert på ei kartlegging av relevante statlege tiltak.

Vedlegget gir ei oversikt over tiltak som i hovudsak er knytte til det distriktpolitiske området for økonomiske verkemiddel. Vedlegget gir også ei oversikt over viktige ordningar som berre gjeld i Finnmark og Nord-Troms.

Ei rad former for statleg innsats som dekkjer heile landet, er også viktige for å nå dei regional- og distriktpolitiske måla. Det gjeld til dømes vegtiltak, høgre utdanning, FoU, arbeidsmarknadstiltak og overføringar til kommunane. Denne typen ordningar er likevel ikkje tekne med i oversikta, ettersom det er problematisk å skilje ut regional- og distriktpolitiske delar frå heilskapen.

Dei økonomiske distriktpolitiske ordningane under programområde 13.50 Regional- og distriktpolitikk i budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet er heller ikkje tekne med i vedlegget. Desse ordningane er presenterte i hovudteksten i denne proposisjonen.

Dei tiltaka som er med i oversikta, er delte i to kategoriar:

- *Kategori A:* Tiltak og ordningar som har distriktpolitiske omsyn som grunngiving, eller som favoriserer distriktsområde utover kompensasjon for å oppnå like tilbod.

- *Kategori B:* Tiltak og ordningar som skal utjamne og kompensere for å oppnå like resultat mellom grupper og område, eller som er lokaliserte til distriktsområde på grunn av gitte forhold og er særleg viktige for næringsutvikling, sysselsetjing, lokal økonomi eller busetnad. Under kategori B er berre tiltak med løyvingar på over 10 mill. kr tekne med.

2 Spesielle tiltak for Nord-Troms og Finnmark

Tabell 1.1 viser ei oversikt over viktige ordningar som berre gjeld for Nord-Troms og Finnmark. Dei viktigaste ordningane i oversikta er innanfor skatte- og avgiftspolitikken. To andre store ordningar er lette i nedbetaling av studielån og tillegg i barnetrygda. Den mest omfattande ordninga i Nord-Troms og Finnmark er fritaket for arbeidsgivaravgift, men dette kjem inn under den samla summen for differensiert arbeidsgivaravgift i tabell 1.2.1.

I tillegg er det etablert særordningar for Nord-Noreg på fleire politikkområde. Dette kjem i tillegg til dei ordningane som er presenterte i tabell 1.1 (sjå tabell 1.2.2). Innanfor fleire sektorar er dessutan Nord-Noreg gitt spesiell prioritet ved disponeringa av ordinære verkemiddel. Landsdelen er også prioritert ved bruken av dei distriktpolitiske verkemidla under Kommunal- og regionaldepartementet.

Tabell 1.1 Spesielle tiltak for Nord-Troms og Finnmark

(i 1000 kr)							
Politikkområde	Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2002	Budsjett 2003	Forslag 2004
Økonomisk politikk	Lågare skatt på vanleg inntekt	FIN	A	inntektstap	265 000	285 000	321 000
	Særskilt frådrag i vanleg inntekt	FIN	A	inntektstap	245 000	232 000	229 000
	Inga el-avgift på forbruk i Finnmark og Nord-Troms	FIN	A	inntektstap	190 000	160 000	165 000
	Lågare toppskatt for Finnmark og Nord-Troms	FIN	A	inntektstap	40 000	45 000	48 000
	Inga investering-savgift for bygg og anlegg i Finnmark og Nord-Troms	FIN	A	inntektstap	10 - 20 000	0	0
	Frådrag i positiv næringsinntekt for skiferdrivarar i Finnmark og Nord-Troms	FIN	A	inntektstap	0	3 000	3 000
Næringspolitikk	Reindriftsforvaltning – omstillingstiltak i Indre Finnmark	LD	B	1147/71	2 050	2 145	13 222
Utdanning og forskning	Ettergiving av lån til utdanning	UFD	A	2410/73	75 000	75 000	75 000
Oppvekst og omsorg	Særskilt tillegg til barnetrygda	BFD	A	0845/70	87 660	88 126	88 000
	Lønnstillegg for førskolelærarar i Finnmark og Nord-Troms	BFD	A	856/60	2 100	1 500	1 500
Levekår, miljøvern og offentlege tenester	Retts hjelpskontor i Indre Finnmark	JD	A	470/72	1 198	1 245	1 290
	Distribusjonstilskot til aviser i Finnmark	KD	A	335/77	1 530	1 530	1 560

3 Økonomisk politikk

Omlegginga i ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift frå og med 2004 fører til at omfanget av ordninga blir vesentleg redusert. Samtidig er det lagt opp til full kompensasjon gjennom andre ordningar, og til overgangsordning for 2004, 2005 og 2006. Nedanfor presenterer vi ei

tabelloversikt over omlegginga og forslag til kompensierende tiltak. Innhaldet i omlegginga og dei kompensierende tiltaka blir presenterte i si fulle breidd i St.prp. nr. 1 (2003-2004) Skatte-, avgifts- og tollvedtak. Omlegginga er også omtalt under programkategori 13.50 Regional- og distriktspolitikk tidlegare i denne budsjettproposisjonen.

Tabell 1.2 Differensiert arbeidsgivaravgift og tiltak ved omlegginga i 2004¹

(i 1000 kr)

Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2002	Budsjett 2003	Forslag 2004
Differensiert arbeidsgivaravgift t.o.m. 2003	FIN	A	inntektstap	7 820 000	8 420 000	
Behalde differensiert arbeidsgivaravgift i tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms	FIN	A				1 520 000
Behalde differensiert arbeidsgivaravgift for landbruk og fiskeri	FIN	A				300 000
Overgangsperiode over tre år i privat sektor i sone 3 og 4 (full sats blir innført i 2007)	FIN	A				1 000 000
Bagatelmessig støtte i sone 2-4 (ekskl. landbruk og fiskeri)	FIN	A				2 330 000
Overgangsperiode over tre år i offentlig sektor (full sats blir innført i 2007)	FIN	A				1 250 000
Kompensasjon til offentlig sektor	KRD	A				1 440 000
Omlegging av el-avgifta i sone 2-4	FIN	A				155 000
Næringsretta tiltak i regionane – kompensasjon for arbeidsgivaravgift	KRD	A				355 000 ²
Transportstøtte	KRD	A				200 000 ³

¹ Tabellen viser inntektstap og utgifter som ein reknar med blir opparbeidde i 2004. Delar av inntektstapa og utgiftene vil først bli bokførte i statsrekneskapen i 2005.

² Av dei 355 mill. kronene til næringsretta tiltak i regionane vil 205 mill. kroner kome til utbetaling først i 2005, men det kan bli gitt tilsegn om midlar i 2004.

³ Innføringa av ei ordning med transportstøtte er vurdert til å utgjere ein kostnad på om lag 200 mill. kr i 2004. Tilskot vil bli utbetalt årleg og på etterskot. Utgiftene for 2004 vil derfor først bli bokførte i statsrekneskapen for 2005.

Tabell 1.2.2 viser fordelten av fritak for meirverdiavgift på straum og Nord-Noreg-tilskotet og regionaltilskotet i kommuneøkonomien. Regionaltil-

skotet gjeld berre for kommunar med færre enn 3000 innbyggjarar.

Tabell 1.3 Fritak for meirverdiavgift på straum i Nord-Noreg og Nord-Noreg-tilskotet og regionaltilskotet

(i 1000 kr)

0-sats for meirverdiavgift ved forbruk av elektrisk kraft og energi frå andre fornybare energikjelder i Nord-Noreg	FIN	A	inntektstap	600 000	600 000	600 000
Rammetilskot til kommunane – regionaltilskotet	KRD	A	571/63	575 118	582 838	552 511
Rammetilskot til kommunane/fylkeskommunane i Nord-Noreg	KRD	A	571/62, 572/62	1 488 643	1 484 243	1 531 701
Rammetilskot til kommunane/fylkeskommunane – skjønntilskot ¹	KRD	B	571/64, 572/64	4 439 700	4 278 000	3 958 000

¹ Inkludert kompensasjon for auke i arbeidsgivaravgifta, jf. også tabell 1.2.1.

4 Næringspolitikk

Størstedelen av tabell 1.3 viser ei rad tilskotsordningar til landbruket. I tillegg er støtte til skipsbygging teken med, ettersom fleire store skipsverft er lokaliserte i distrikta. Også viktige tiltak retta mot fiskerinæringa er tekne med.

Landbruk er tradisjonelt ei av de viktigaste næringane i distrikta. Storleiken på tilskota til landbruket blir det forhandla om i dei årlege jordbruksoppgjera. Ein del tilskot innanfor landbruket har

ei distriktpolitisk grunngeving, til dømes pristilskot for mjølk og distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær, veksthusgrønsaker og poteter. Desse tilskota går derfor inn under kategori A. Generelle næringspolitiske ordningar, som låneordningar under SND, tapsfond og tilskot, er ikkje med i tabellen over næringspolitikk, for dette er landsdekkjande ordningar som ofte blir nytta i sentrale strøk.

Tabell 1.4 Næringspolitikk

(i 1000 kr)

Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2002	Budsjett 2003	Forslag 2004
Pristilskot mjølk	LD	A	1150/73	504 216	451 500	454 200
Distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær, veksthusgrønsaker og poteter	LD	A	1150/73	44 876	54 770	50 000
Pristilskot kjøtt	LD	A	1150/73	896 570	720 800	611 000
Distriktilskot egg	LD	A	1150/73	4 058	4 800	4 500
Driftstilskot mjølkeproduksjon	LD	B	1150/74	1 306 160	1 243 500	1 201 000
Tilskot til husdyr	LD	B	1150/74	2 251 016	2 271 025	2 286 025
Tilskot til norsk ull	LD	B	1150/73	176 604	165 696	163 200
Tilskot til avløyning for ferie og fritid	LD	B	1150/78	1 365 476	989 819	1 054 819
Tilskot til areal og kulturlandskap	LD	B	1150/74	3 036 451	2 991 959	3 033 059
Fraktilskot	LD	B	1150/73	230 739	237 300	228 300
Reindrifftavtalen	LD	B	1151	106 500	100 900	95 000
Frådrag i positiv næringsinntekt for reindrift	FIN	B	inntektstap	0	6 000	6 000
Miljøtiltak	LD	B	1150/50	142 000	139 000	135 000
Tilskot til inseminering (veterinærreiser) + avlsorganisasjonar	LD	B	1150/77	62 154	82 860	81 860
Tilskot til pelsdyrførlag	LD	B	1150/77	30 084	33 200	27 200
Tilskot til småfe og fjørfe	LD	B	1150/50	36 200	0	1
Tilskot til dyrking av fôr i fjellet	LD	B	1150/74	10 500	0	0
Andre arealbaserte tilskotsordningar	LD	B	1150/74	222 460	237 901	218 901 ²
Bygdeutvikling	LD	B	1150/50	553 000	325 000	325 000
Rentestøtte (ny f.o.m. 2003)	LD	B	1150/50		12 500	36 700
Tilskot til skogsbilvegar	LD	B	1150/50	62 197	50 000	45 000

Tabell 1.4 Næringspolitikk

(i 1000 kr)

Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2002	Budsjett 2003	Forslag 2004
Tilskot til skogbruksplanlegging	LD	B	1150/50	41 599	40 000	25 000
Føringstilskot	FID	A	1040/70	26 377	33 000	3
Overføring til fond for støtte ved skipskontraktar	NHD	B	0939/50	1 500 000	0	0 ⁴
Overføring til fond for ei avgrensa ordning for støtte ved skipskontraktar	NHD	B	0939/51		300 000 ⁵	0
Distriktsmilliarder (såkornordningar og tapsfond) ⁷	NHD	A	2420/56	0	175 000	0
			2420/96	0	900 000	0
			2421/51	0	0	100 000
			2421/91	0	0	400 000
Tilskot til fiskerihamneanlegg	FID	B	1062/60	25 153	38 000	27 400
Fiskerihamneanlegg	FID	B	1062/30	164 300	121 938	104 518
Strukturtiltak i fiskeflåten	FID	B	1040/70	5 317	0	0
Tilskot til fornying og tilpassing av kapasitet i fiskeflåten	FID	B	2415/72	12 386	0	0
Nyskaping, omstilling og tilpassing av kapasitet i fiskerinæringa	FID	B	2415/72		30 000	0
Tilskot til strukturtiltak for tilpassing av kapasitet i fiskeflåten	FID	B	1040/71		35 726	77 000
Sentralar for lineegning	FID	B	1040/70	12 109	11 500	- ³
Garantilott	FID	B	1040/70	8 900	9 000	- ³
Marint innovasjonsprogram	FID	B	2415/75	9 712 ⁶	20 000	10 000

¹ Tilskotsordninga er delt opp og plassert under andre postar, m.a. kap./post 1150/77 Avlsorganisasjonar.

² Inkluderer "Tilskot til dyrking av fôr i fjellet", som i 2002 blei ført separat.

³ Den årlege fiskeriatvanten blir fremma i eigen proposisjon etter eventuelle forhandlingar mellom staten og Noregs Fiskarlag. Forslag til midlar over kap. 1040 Til gjennomføring av Fiskeriatvanten er derfor ikkje tekne med i St.prp. nr. 1.

⁴ Ordninga blei avvikla for kontraktar frå og med 1. januar 2001, i tråd med EØS-regelverket. Utbetalingane skjer når fartøya blir leverte, og vil vere avslutta innan utgangen av 2004.

⁵ Ved vedtak 27. mars 2003 løyvde Stortinget 300 mill. kr for ei avgrensa støtte til skipskontraktar inngått før 31.3.2004, jf. St.prp. nr. 47 (2002-2003) og Innst. S. nr. 163 (2002-2003).

⁶ I 2002 stod dette tiltaket under kap. 24, post 74 Tilskot til næringsutvikling i marin sektor.

⁷ Kap. 2420 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, distriktrettet ordning og kap. 2421 Såkornkapitalfond.

5 Infrastruktur

Tabell 1.4 omfattar fleire tiltak som skal medverke til å redusere ekstrakostnader som følgjer av ulemper knytte til avstand. To døme er "godtgjersle for innanlandske flyruter – kjøp av flyrute-tenester" og "kjøp av posttenester som er bedriftsøkonomisk ulønnsame". "Tilskot til utjamning av overføringstariff" skal redusere overføringstariffen for sluttbrukarar som er knytte til distribusjonsnett i område av landet med høge overføringskostnader. Dette medverkar til å redusere ulem-

pene knytte til avstand for dei som bur i distrikta. "Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift" skal nyttast til vegtiltak som skal medverke til å redusere transportkostnadene for næringslivet i dei områda som fekk auka arbeidsgivaravgift frå og med 2000.

Tabell 1.4 inneheld ikkje oversikt over midlar til vegutbygging eller rassikringstiltak. Dette er tiltak som blir rekna som svært viktige for distrikta, men ei oversikt er berre interessant i eit distriktspolitisk perspektiv dersom midlane er fordelte på fylke og regionar.

Tabell 1.5 Infrastruktur

(i 1000 kr)

Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2002	Budsjett 2003	Forslag 2004
Kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift	SD	A	1320/33	59 487	121 800	54 000
Godtgjersle for innanlandske flyruter – kjøp av flyrutetenester	SD	B	1310/70	397 111	401 100	420 500
Kjøp av posttenester som er bedriftsøkonomisk ulønnsame	SD	B	1370/70	372 000	305 000	316 000
Kjøp av persontransporttenester – region- og lokaltog, utanfor sentrale strøk ¹	SD	B	1351/70	307 000	435 000	408 000 ²
Legging av fast dekke på riksvegar	SD	B	1320/32	135 000	170 000	0
Tilskot til utjamning av overføringstariff	OED	B	1820/73	10 000	20 000	20 000

¹ Staten kjøper persontransporttenester for til saman 1 366 mill. kr i 2003.

² Endeleg fordeling mellom toggrupper blir fastlagt i forhandlingar med NSB om kjøp av tenester.

6 Helse, oppvekst, omsorg og utdanning

Viktige tiltak under denne overskrifta er tilskot som skal medverke til å betre stabiliteten og rekrutteringa til allmennlegetenesta og andre helsetenester i distrikta. I tillegg blir det gitt egne til-

skot til apotek i utkantkommunar for å sikre tilgang på medisinar.

Det overordna helsepolitiske målet er at helsetenestetilbodet skal vere likeverdige uavhengig av bustad, alder, kjønn og sosial status. Dette blir sikra gjennom midlar til sjukehusa og gjennom kommuneøkonomisystemet.

Tabell 1.6 Helse, oppvekst og omsorg

(i 1000 kr)						
Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2002	Budsjett 2003	Forslag 2004
Tilskot til apotek	HD	B	0751/70	12 500	12 800	14 500
Utdannings- og rekrutteringstiltak i tannhelsetenesta og i allmennlegetenesta	HD	B	0724/21 ¹	29 800	34 800	32 000
Av dette allmennlegetenesta	HD	B	0724/21	18 900	18 900	13 100
Av dette tannhelsetenesta	HD	B	0724/21 ²	10 900	15 900	18 900
Fraktrefusjonsordning for lækjemiddel	HD	B	0751/70	45 600	25 000 ³	23 320
Tilskot til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg	UFD	A	221/01/60	28 028	16 862 ⁴	0

¹ Midlane til utdannings- og rekrutteringstiltak i tannhelsetenesta og allmennlegetenesta blei frå budsjettet for 2003 samla på kap./post 700/21. Frå 2004 er midlane samla på 724/21. Rekneskap for 2002 refererer til gammal kap./post 701/20 og 705/60, medan tala for 2003 gjeld 705/21.

² Midlar til utdannings- og rekrutteringstiltak i tannhelsetenesta blei i 2002 gitt over kap./post 701/21.

³ Midlane til fraktrefusjonsordninga for lækjemiddel blei redusert i 2003 i samband med innføringa av botnfrådrag for apoteka.

⁴ Verkemiddelordninga har vore retta mot skolar i Nord-Noreg med særleg mangel på kvalifiserte lærarar. Den siste verkemiddelperioden gjekk ut 31. juli 2003. Ordninga er ikkje føreslått vidareført i budsjettet for 2004.

7 Levekår, offentlege tenester og miljøvern

Ordningane som er viste i tabell 1.7, er i hovudsak knytte til kulturtilbodet i distrikta og i landsdelar utanfor det sentrale Austlandet, men gjeld også offentlege tenester som arbeidsmarknadstiltak, ungdomstiltak og miljøverntiltak. "Tilskot til

sysselsetjing av sjøfolk" skal medverke til å halde oppe talet på norske sjøfolk på norske skip, og gå til utdanning for sjømannsstanden. Tilskotet medverkar spesielt til å halde oppe sysselsetjinga i kystdistrikta.

Generelle landsdekkjande ordningar, som arbeidsmarknadstiltak, er ikkje tekne med i denne oversikta.

Tabell 1.7 Levekår, offentlege tenester og miljøvern

(i 1000 kr)

Tiltak/ordning	Departement	Kategori	Kap./post	Rekneskap 2002	Budsjett 2003	Forslag 2004
Styrking av oppvekstmiljøet	BFD	A/B	0857/72	5 860	5 165	5 165
Landsdelsmusikarar i Nord-Noreg	KKD	A	323/74	12 624	13 116	13 588
Vestnorsk filmsenter	KKD	A	334/71	3 360	3 400	3 400
Nordnorsk filmsenter	KKD	A	334/72	6 166	5 783	5 783
Tilskotsordning for museum	KKD	B	328/60	145 160	146 946	¹
Tilskotsordning for museum	KKD	B	328/70			151 914
Lokale og regionale kulturbygg	KKD	B	320/60	42 390	8 000	0 ²
Rikskonsertane	KKD	B	323/01	100 136	104 568	106 153
Musikk- og scenekunstformål – region- og landsdelsinstitusjonar og knutepunktinstitusjonar	KKD	B	323/71, 323/72, 324/71	287 708	316 924	328 333
Biletkunst- og museumsformål – knutepunktinstitusjonar	KKD	B	332/72, 328/72	47 195	43 053	44 602
Erstatningstiltak og førebyggjande tiltak mot rovvilt	MD	B	1427/ 72,73	108 475	118 365	118 474
Tilskot til kalking og lokale fiskeformål	MD	B	1427/70	98 726	98 200	83 200

¹ Tilskotsordning for museum er frå 2004 overført til ein 70-post, frå 328/60 til 328/70.

² Tilskotsordninga er avvikla, jf. omtale i St.prp. nr. 66 (2002-2003) Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren (kommuneproposisjonen).

Vedlegg 2**Utvikling i busetnad, sysselsetjing og næringsstruktur
1994–2002**

Tabell 2.1 Folketal etter NIBR 16

	Folketal			Vekst i prosent ¹	
	1.1.1994	1.1.1998	1.1.2002	1994–1998	1998–2002
Osloregionen	1 231 411	1 288 559	1 351 349	4,6	4,9
Kristiansandregionen	146 983	152 412	158 533	3,7	4,0
Stavangerregionen	241 559	252 755	264 205	4,6	4,5
Bergensregionen	314 618	323 725	336 096	2,9	3,8
Trondheimsregionen	236 424	241 844	250 180	2,3	3,4
Tromsøregionen	57 215	60 016	62 988	4,9	5,0
Sum storbyregionar	2 228 210	2 319 311	2 423 351	4,1	4,5
By/tettstad Austlandet	730 788	740 548	756 607	1,3	2,2
By/tettstad Sørlandet	81 589	82 275	83 046	0,8	0,9
By/tettstad Vestlandet	340 920	347 713	354 551	2,0	2,0
By/tettstad Midt-Noreg	68 512	67 356	67 289	-1,7	-0,1
By/tettstad Nord-Noreg	210 310	210 846	211 891	0,3	0,5
Sum byar/ tettstadsregionar	1 432 119	1 448 738	1 473 384	1,2	1,7
Periferi Austlandet	132 208	129 312	128 266	-2,2	-0,8
Periferi Sørlandet	19 153	19 018	19 217	-0,7	1,0
Periferi Vestlandet	220 935	218 733	215 911	-1,0	-1,3
Periferi Midt-Noreg	78 211	76 762	76 311	-1,9	-0,6
Periferi Nord-Noreg	199 373	193 585	188 029	-2,9	-2,9
Sum periferiregionar	649 880	637 410	627 734	-1,9	-1,5
Totalt	4 310 209	4 405 459	4 524 469	2,2	2,7

¹ Veksten gjeld for heile fireårsperioden.

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Tabell 2.2 Folketal etter fylke

Fylke	Folketal			Vekst i prosent ¹	
	1.1.1994	1.1.1998	1.1.2002	1994–1998	1998–2002
Østfold	238 712	243 585	252 746	2,0	3,8
Akershus	429 595	453 490	477 325	5,6	5,3
Oslo	463 175	487 553	512 992	5,3	5,2
Hedmark	187 396	186 118	187 965	-0,7	1,0
Oppland	183 351	182 162	183 235	-0,6	0,6
Buskerud	227 102	232 967	239 793	2,6	2,9
Vestfold	201 925	208 687	216 456	3,3	3,7
Telemark	163 151	163 857	165 710	0,4	1,1
Aust-Agder	99 135	101 152	102 945	2,0	1,8
Vest-Agder	148 590	152 553	157 851	2,7	3,5
Rogaland	354 069	367 634	381 375	3,8	3,7
Hordaland	416 692	425 530	438 253	2,1	3,0
Sogn og Fjordane	107 563	107 790	107 280	0,2	-0,5
Møre og Romsdal	239 708	241 972	243 855	0,9	0,8
Sør-Trøndelag	255 449	259 177	266 323	1,5	2,8
Nord-Trøndelag	127 698	126 785	127 457	-0,7	0,5
Nordland	240 694	239 280	237 503	-0,6	-0,7
Troms	149 745	150 288	151 673	0,4	0,9
Finnmark	76 459	74 879	73 732	-2,1	-1,5
Totalt	4 310 209	4 405 459	4 524 469	2,2	2,7

¹ Veksten gjeld for heile fireårsperioden.

Kjelde: SSB og Pandagruppen

Statistikken over arbeidstakarar kan innehalde nokre feil. Tala er meir usikre dess finare inndelingar er, eller dess mindre kommunen er.

Tabell 2.3 Arbeidstakarar etter NIBR 16

	Arbeidstakarar			Prosentvis endring i talet på arbeidstakarar	
	4. kv. 1993	4. kv. 1997	4. kv. 2001	1993–1997	1997–2001
Osloregionen	519 911	587 464	619 375	13,0	5,4
Kristiansandregionen	53 744	60 560	63 872	12,7	5,5
Stavangerregionen	100 471	111 626	117 143	11,1	4,9
Bergensregionen	128 782	141 454	149 179	9,8	5,5
Trondheimsregionen	95 533	106 273	110 013	11,2	3,5
Tromsøregionen	24 377	27 307	28 290	12,0	3,6
Sum storbyregionar	922 818	1 034 684	1 087 872	12,1	5,1
By/tettstad Austlandet	271 359	300 722	314 409	10,8	4,6
By/tettstad Sørlandet	28 473	32 639	33 698	14,6	3,2
By/tettstad Vestlandet	129 880	143 835	147 529	10,7	2,6
By/tettstad Midt-Noreg	24 645	25 882	26 385	5,0	1,9
By/tettstad Nord-Noreg	82 056	88 495	88 239	7,8	-0,3
Sum byar og tettstader	536 413	591 573	610 260	10,3	3,2
Periferi Austlandet	44 832	48 648	49 555	8,5	1,9
Periferi Sørlandet	6 634	7 367	7 369	11,0	0,0
Periferi Vestlandet	79 005	85 622	85 834	8,4	0,2
Periferi Midt-Noreg	25 656	28 015	28 576	9,2	2,0
Periferi Nord-Noreg	66 487	69 545	68 305	4,6	-1,8
Sum periferi	222 614	239 197	239 639	7,4	0,2
Totalt	1 681 845	1 865 454	1 937 771	10,9	3,9

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Tabell 2.4 Arbeidstakarar etter landsdel

Landsdel	Arbeidstakarar			Prosentvis endring i talet på arbeidstakarar	
	4. kvartal 1993	4. kvartal 1997	4. kvartal 2001	93-97	97-01
Austlandet	836 102	936 834	983 339	12,0	5,0
Sørlandet	88 851	100 566	104 939	13,2	4,3
Vestlandet	438 138	482 537	499 685	10,1	3,6
Midt-Noreg	145 834	160 170	164 974	9,8	3,0
Nord-Noreg	172 920	185 347	184 834	7,2	-0,3
Totalt	1 681 845	1 865 454	1 937 771	10,9	3,9

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Tabell 2.5 Arbeidstakarar etter fylke

Fylke	Arbeidstakarar			Prosentvis endring i talet på arbeidstakarar	
	4. kvartal 1993	4. kvartal 1997	4. kvartal 2001	93-97	97-01
Østfold	88 219	99 856	106 755	13,2	6,9
Akershus	189 876	213 651	224 554	12,5	5,1
Oslo	196 968	222 770	235 168	13,1	5,6
Hedmark	66 989	73 255	75 958	9,4	3,7
Oppland	67 089	72 667	74 630	8,3	2,7
Buskerud	90 853	102 783	106 876	13,1	4,0
Vestfold	76 247	85 923	91 601	12,7	6,6
Telemark	59 861	65 929	67 797	10,1	2,8
Aust-Agder	34 846	40 124	41 625	15,1	3,7
Vest-Agder	54 005	60 442	63 314	11,9	4,8
Rogaland	142 445	158 298	164 776	11,1	4,1
Hordaland	167 033	182 466	190 793	9,2	4,6
Sogn og Fjordane	41 262	44 098	43 905	6,9	-0,4
Møre og Romsdal	87 398	97 675	100 211	11,8	2,6
Sør-Trøndelag	100 052	110 919	114 554	10,9	3,3
Nord-Trøndelag	45 782	49 251	50 420	7,6	2,4
Nordland	85 626	93 152	92 828	8,8	-0,3
Troms	57 681	62 298	62 815	8,0	0,8
Finnmark	29 613	29 897	29 191	1,0	-2,4
Totalt	1 681 845	1 865 454	1 937 771	10,9	3,9

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Tabell 2.6 Sysselsette per 4. kvartal 2001 etter næring og landsdel

Næring	Landsdel					Totalt
	Austlandet	Sørlandet	Vestlandet	Midt-Noreg	Nord-Noreg	
Jordbruk, skogbruk og fiske	22 074	2 693	24 662	10 377	13 761	73 567
Industri og bergverk	130 416	18 926	88 441	20 689	18 374	276 846
Utvinning av råolje og naturgass	1 246	16	14 408	1 022	177	16 869
Kraft og vassforsyning	7 284	1 002	4 416	1 598	2 221	16 521
Byggje- og anleggsverksemd	73 282	8 381	37 897	13 061	14 511	147 132
Privat tenesteyting	91 472	7 365	37 745	12 027	12 105	160 714
Varehandel	167 419	13 936	65 738	22 050	22 849	291 992
Hotell- og restaurantverksemd	32 658	3 412	15 946	5 569	6 307	63 892
Transport, kommunikasjonar og post	81 405	7 394	37 512	11 678	16 625	154 614
Bank, eigedom, forretningsmessig tenesteyting og forskning	165 804	9 719	51 988	18 992	15 265	261 768
Offentleg sektor	283 837	31 840	139 903	55 466	68 164	579 210
Anna eller ikkje oppgitt	601	63	403	46	42	1 155
Alle næringar	1 057 498	104 747	519 059	172 575	190 401	2 044 280

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Tabell 2.7 Sysselsette per 4. kvartal 2001 etter næring og landsdel i prosent

Næring	Landsdel					Totalt
	Austlandet	Sørlandet	Vestlandet	Midt-Noreg	Nord-Noreg	
Jordbruk, skogbruk og fiske	2,1	2,6	4,8	6,0	7,2	3,6
Industri og bergverk	12,3	18,1	17,0	12,0	9,7	13,5
Utvinning av råolje og naturgass	0,1	0,0	2,8	0,6	0,1	0,8
Kraft og vassforsyning	0,7	1,0	0,9	0,9	1,2	0,8
Byggje- og anleggsverksemd	6,9	8,0	7,3	7,6	7,6	7,2
Privat tenesteyting	8,6	7,0	7,3	7,0	6,4	7,9
Varehandel	15,8	13,3	12,7	12,8	12,0	14,3
Hotell- og restaurantverksemd	3,1	3,3	3,1	3,2	3,3	3,1
Transport, kommunikasjonar og post	7,7	7,1	7,2	6,8	8,7	7,6
Bank, eigedom, forretningsmessig tenesteyting og forskning	15,7	9,3	10,0	11,0	8,0	12,8
Offentleg sektor	26,8	30,4	27,0	32,1	35,8	28,3
Anna eller ikkje oppgitt	0,1	0,1	0,1	0,0	0,0	0,1
Alle næringar	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Tabell 2.8 Sysselsette per 4. kv. 2001 etter næring og NIBR 16

Region	Næring												Totalt
	Jordbruk, skogbruk og fiske	Industri og bergverk	Utvinning av råolje og naturgass	Kraft og vassforsyning	Bygge- og anleggsverksemd	Privat tenesteyting	Varehandel	Hotell- og restaurantverksemd	Transport, kommunikasjonar og post	Bank, eigedom, forretningsmessig tenesteyting og forskning	Offentleg sektor	Anna eller ikkje oppgitt	
Osloregionen	7 092	67 264	1 087	3 757	42 997	64 919	117 257	21 102	59 775	134 335	172 563	466	692 614
Kristiansand-regionen	1 294	11 093	14	364	5 357	4 912	8 746	2 206	4 889	6 526	18 413	45	63 859
Stavanger-regionen	5 518	18 101	8 782	715	8 576	9 283	17 457	4 384	7 149	14 466	28 946	212	123 589
Bergens-regionen	2 063	19 524	4 544	1 116	11 303	14 698	20 681	5 049	12 202	21 108	41 710	84	154 082
Trondheims-regionen	3 301	12 387	984	793	8 271	8 561	16 184	4 086	8 345	16 047	37 625	31	116 615
Tromsø-regionen	1 167	1 779		238	2 500	2 234	4 309	1 493	2 772	4 489	11 716	2	32 699
Sum storby-regionar	20 435	130 148	15 411	6 983	79 004	104 607	184 634	38 320	95 132	196 971	310 973	840	1 183 458
By/tettstad													
Austlandet	9 525	57 644	158	2 606	24 874	22 996	44 015	8 480	18 819	28 351	95 188	110	312 766
By/tettstad													
Sørlandet	842	6 046	1	532	2 462	2 122	4 585	911	2 055	2 873	11 069	14	33 512
By/tettstad													
Vestlandet	7 042	31 732	1 073	1 108	11 499	9 671	19 826	4 332	11 590	11 459	43 459	81	152 872
By/tettstad													
Midt-Noreg	2 509	3 487	37	381	2 364	1 946	3 159	579	1 361	1 773	8 620	8	26 224
By/tettstad													
Nord-Noreg	3 462	8 620	177	1 174	6 953	6 364	11 653	3 154	8 368	7 768	31 136	18	88 847
Sum byar og tettstader	23 380	107 529	1 446	5 801	48 152	43 099	83 238	17 456	42 193	52 224	189 472	231	614 221
Periferi													
Austlandet	5 457	5 508	1	921	5 411	3 557	6 147	3 076	2 811	3 118	16 086	25	52 118
Periferi													
Sørlandet	557	1 787	1	106	562	331	605	295	450	320	2 358	4	7 376

Tabell 2.8 Sysselsette per 4. kv. 2001 etter næring og NIBR 16

Region	Næring												
	Jordbruk, skogbruk og fiske	Industri og bergverk	Utvinning av råolje og naturgass	Kraft og vassforsyning	Bygge- og anleggsverksemd	Privat tenesteyting	Varehandel	Hotell- og restaurantverksemd	Transport, kommunikasjonar og post	Bank, eigedom, forretningsmessig tenesteyting og forskning	Offentleg sektor	Anna eller ikkje oppgitt	Totalt
Periferi Vestlandet	10 039	19 084	9 147	7 477	6 519	4 093	7 774	2 181	6 571	4 955	25 788	26	88 516
Periferi Midt-Noreg	4 567	4 815	1 424	2 426	1 520	2 707	904	1 972	1 172	9 221	7	29 736	
Periferi Nord-Noreg	9 132	7 975	809	5 058	3 507	6 887	1 660	5 485	3 008	25 312	22	68 855	
Sum periferi	29 752	39 169	12 373	19 976	13 008	24 120	8 116	17 289	12 573	78 765	84	246 601	
Totalt	73 567	276 846	16 869	16 521	147 132	160 714	291 992	63 892	154 614	261 768	579 210	1 155	2 044 280

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Tabell 2.9 Sysselsette per 4. kv. 2001 etter næring og NIBR 16 i prosent

Region	Næring												Totalt
	Jordbruk, skogbruk og fiske	Industri og bergverk	Utvinnning av råolje og naturgass	Kraft og vassforsyning	Bygge- og anleggsverksemd	Privat tenesteyting	Varehandel	Hotell- og restaurantverksemd	Transport, kommunikasjonar og post	Bank, eigedom, forretningsmessig tenesteyting og forskning	Offentleg sektor	Anna eller ikkje oppgitt	
Osloregionen	1,0	9,7	0,2	0,5	6,2	9,4	16,9	3,0	8,6	19,4	24,9	0,1	100,0
Kristiansandregionen	2,0	17,4	0,0	0,6	8,4	7,7	13,7	3,5	7,7	10,2	28,8	0,1	100,0
Stavangerregionen	4,5	14,6	7,1	0,6	6,9	7,5	14,1	3,5	5,8	11,7	23,4	0,2	100,0
Bergensregionen	1,3	12,7	2,9	0,7	7,3	9,5	13,4	3,3	7,9	13,7	27,1	0,1	100,0
Trondheimsregionen	2,8	10,6	0,8	0,7	7,1	7,3	13,9	3,5	7,2	13,8	32,3	0,0	100,0
Tromsøregionen	3,6	5,4	0,0	0,7	7,6	6,8	13,2	4,6	8,5	13,7	35,8	0,0	100,0
Sum storbyregionar	1,7	11,0	1,3	0,6	6,7	8,8	15,6	3,2	8,0	16,6	26,3	0,1	100,0
By/tettstad Austlandet	3,0	18,4	0,1	0,8	8,0	7,4	14,1	2,7	6,0	9,1	30,4	0,0	100,0
By/tettstad Sørlandet	2,5	18,0	0,0	1,6	7,3	6,3	13,7	2,7	6,1	8,6	33,0	0,0	100,0
By/tettstad Vestlandet	4,6	20,8	0,7	0,7	7,5	6,3	13,0	2,8	7,6	7,5	28,4	0,1	100,0
By/tettstad Midt-Noreg	9,6	13,3	0,1	1,5	9,0	7,4	12,0	2,2	5,2	6,8	32,9	0,0	100,0
By/tettstad Nord-Noreg	3,9	9,7	0,2	1,3	7,8	7,2	13,1	3,5	9,4	8,7	35,0	0,0	100,0
Sum byar og tettstader	3,8	17,5	0,2	0,9	7,8	7,0	13,6	2,8	6,9	8,5	30,8	0,0	100,0
Periferi Austlandet	10,5	10,6	0,0	1,8	10,4	6,8	11,8	5,9	5,4	6,0	30,9	0,0	100,0
Periferi Sørlandet	7,6	24,2	0,0	1,4	7,6	4,5	8,2	4,0	6,1	4,3	32,0	0,1	100,0
Periferi Vestlandet	11,3	21,6	0,0	1,7	7,4	4,6	8,8	2,5	7,4	5,6	29,1	0,0	100,0
Periferi Midt-Noreg	15,4	16,2	0,0	1,4	8,2	5,1	9,1	3,0	6,6	3,9	31,0	0,0	100,0
Periferi Nord-Noreg	13,3	11,6	0,0	1,2	7,3	5,1	10,0	2,4	8,0	4,4	36,8	0,0	100,0
Sum periferi	12,1	15,9	0,0	1,5	8,1	5,3	9,8	3,3	7,0	5,1	31,9	0,0	100,0
Totalt	3,6	13,5	0,8	0,8	7,2	7,9	14,3	3,1	7,6	12,8	28,3	0,1	100,0

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Tabell 2.10 Sysselsette per 4. kv. 2001 etter næring og fylke

Fylke	Næring												Totalt
	Jordbruk, skogbruk og fiske	Industri og bergverk	Utvinning av råolje og naturgass	Kraft og vassforsyning	Bygge- og anleggsverksemd	Privat tenesteyting	Varehandel	Hotell- og restaurantverksemd	Transport, kommunikasjonar og post	Bank, eigedom, forretningsmessig tenesteyting og forskning	Offentleg sektor	Anna eller ikkje oppgitt	
Østfold	2 618	20 374		662	8 684	7 319	14 766	2 519	6 108	8 901	28 602	37	100 590
Akershus	2 632	16 452	643	1 257	10 964	15 779	39 509	5 913	20 095	29 965	49 700	116	193 025
Oslo	601	25 130	440	1 654	20 014	36 547	55 206	11 924	31 544	92 648	84 364	254	360 326
Hedmark	4 623	11 333	1	638	5 845	5 456	9 387	1 914	4 072	6 173	24 242	27	73 711
Oppland	5 384	10 958	7	848	6 542	6 330	9 667	3 045	3 950	5 132	23 159	23	75 045
Buskerud	2 624	17 848	4	814	8 640	8 414	16 094	3 089	5 923	8 944	27 094	54	99 542
Vestfold	2 027	15 134	8	585	7 022	7 168	14 113	2 095	5 790	8 636	25 050	67	87 695
Telemark	1 565	13 187	143	826	5 571	4 459	8 677	2 159	3 923	5 405	21 626	23	67 564
Aust-Agder	987	7 449	13	538	2 836	2 502	5 107	1 196	2 763	3 734	12 891	42	40 058
Vest-Agder	1 706	11 477	3	464	5 545	4 863	8 829	2 216	4 631	5 985	18 949	21	64 689
Rogaland	8 090	28 470	9 555	1 227	12 194	12 508	23 517	5 729	10 718	18 111	41 606	224	171 949
Hordaland	5 020	28 060	4 592	1 684	14 129	17 002	24 539	6 342	15 335	23 700	54 378	90	194 871
Sogn og Fjordane	4 497	8 860	47	689	3 962	2 471	4 719	1 378	3 140	2 980	14 395	19	47 157
Møre og Romsdal	7 055	23 051	214	816	7 612	5 764	12 963	2 497	8 319	7 197	29 524	70	105 082
Sør-Trøndelag	5 241	13 798	714	969	9 193	8 692	16 371	4 164	8 307	16 057	38 417	36	121 959
Nord-Trøndelag	5 136	6 891	308	629	3 868	3 335	5 679	1 405	3 371	2 935	17 049	10	50 616
Nordland	7 209	10 586	2	1 288	7 327	6 076	11 018	2 928	9 117	7 093	32 952	12	95 608
Troms	4 126	4 854	175	572	4 942	4 288	8 407	2 388	5 304	6 581	23 368	20	65 025
Finnmark	2 426	2 934		361	2 242	1 741	3 424	991	2 204	1 591	11 844	10	29 768
Totalt	73 567	276 846	16 869	16 521	147 132	160 714	291 992	63 892	154 614	261 768	579 210	1 155	2 044 280

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Tabell 2.11 Sysselsette per 4. kv. 2001 etter næring og fylke i prosent

Fylke	Næring												Totalt
	Jordbruk, skogbruk og fiske	Industri og bergverk	Utvinning av råolje og naturgass	Kraft og vassforsyning	Byggje- og anleggsverksemd	Privat tenesteyting	Varehandel	Hotell- og restaurantverksemd	Transport, kommunikasjonar og post	Bank, eigedom, forretningsmessig tenesteyting og forsking	Offentleg sektor	Anna eller ikkje oppgitt	
Østfold	2,6	20,3	0,0	0,7	8,6	7,3	14,7	2,5	6,1	8,8	28,4	0,0	100,0
Akershus	1,4	8,5	0,3	0,7	5,7	8,2	20,5	3,1	10,4	15,5	25,7	0,1	100,0
Oslo	0,2	7,0	0,1	0,5	5,6	10,1	15,3	3,3	8,8	25,7	23,4	0,1	100,0
Hedmark	6,3	15,4	0,0	0,9	7,9	7,4	12,7	2,6	5,5	8,4	32,9	0,0	100,0
Oppland	7,2	14,6	0,0	1,1	8,7	8,4	12,9	4,1	5,3	6,8	30,9	0,0	100,0
Buskerud	2,6	17,9	0,0	0,8	8,7	8,5	16,2	3,1	6,0	9,0	27,2	0,1	100,0
Vestfold	2,3	17,3	0,0	0,7	8,0	8,2	16,1	2,4	6,6	9,8	28,6	0,1	100,0
Telemark	2,3	19,5	0,2	1,2	8,2	6,6	12,8	3,2	5,8	8,0	32,0	0,0	100,0
Aust-Agder	2,5	18,6	0,0	1,3	7,1	6,2	12,7	3,0	6,9	9,3	32,2	0,1	100,0
Vest-Agder	2,6	17,7	0,0	0,7	8,6	7,5	13,6	3,4	7,2	9,3	29,3	0,0	100,0
Rogaland	4,7	16,6	5,6	0,7	7,1	7,3	13,7	3,3	6,2	10,5	24,2	0,1	100,0
Hordaland	2,6	14,4	2,4	0,9	7,3	8,7	12,6	3,3	7,9	12,2	27,9	0,0	100,0
Sogn og Fjordane	9,5	18,8	0,1	1,5	8,4	5,2	10,0	2,9	6,7	6,3	30,5	0,0	100,0
Møre og Romsdal	6,7	21,9	0,2	0,8	7,2	5,5	12,3	2,4	7,9	6,8	28,1	0,1	100,0
Sør-Trøndelag	4,3	11,3	0,6	0,8	7,5	7,1	13,4	3,4	6,8	13,2	31,5	0,0	100,0
Nord-Trøndelag	10,1	13,6	0,6	1,2	7,6	6,6	11,2	2,8	6,7	5,8	33,7	0,0	100,0
Nordland	7,5	11,1	0,0	1,3	7,7	6,4	11,5	3,1	9,5	7,4	34,5	0,0	100,0
Troms	6,3	7,5	0,3	0,9	7,6	6,6	12,9	3,7	8,2	10,1	35,9	0,0	100,0
Finmark	8,1	9,9	0,0	1,2	7,5	5,8	11,5	3,3	7,4	5,3	39,8	0,0	100,0
Totalt	3,6	13,5	0,8	0,8	7,2	7,9	14,3	3,1	7,6	12,8	28,3	0,1	100,0

Kjelder: SSB og Pandagruppen

Tabell 2.12 Arbeidsløyse i 2002 etter landsdelar

Landsdel	Arbeidslause	Arbeidsstyrke (avrunda tal)	Arbeidsløyse i prosent
Austlandet	35 003	1 188 000	2,9
Sørlandet	4 770	130 000	3,7
Vestlandet	18 941	609 000	3,1
Midt-Noreg	7 475	202 000	3,7
Nord-Noreg	8 627	234 000	3,7
Totalt	74 815	2 363 000	3,2

Kjelder: SSB, Aetat og Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Tabell 2.13 Arbeidsløyse i 2002 etter NIBR 16

Region	Arbeidslause	Arbeidsstyrke (avrunda tal)	Arbeidsløyse i prosent
Osloregionen	22 067	741 000	3,0
Kristiansandregionen	2 919	79 000	3,7
Stavangerregionen	4 552	141 000	3,2
Bergensregionen	6 354	177 000	3,6
Trondheimsregionen	4 936	131 000	3,8
Tromsøregionen	925	35 000	2,6
Sum storbyregionar	41 752	1 305 000	3,2
By/tettstad Austlandet	11 606	382 000	3,0
By/tettstad Sørlandet	1 527	41 000	3,7
By/tettstad Vestlandet	5 672	182 000	3,1
By/tettstad Midt-Noreg	1 384	34 000	4,1
By/tettstad Nord-Noreg	3 774	108 000	3,5
Sum byar og tettstader	23 963	747 000	3,2
Periferi Austlandet	1 330	65 000	2,1
Periferi Sørlandet	324	10 000	3,2
Periferi Vestlandet	2 363	109 000	2,2
Periferi Midt-Noreg	1 155	37 000	3,1
Periferi Nord-Noreg	3 928	91 000	4,3
Sum periferi	9 101	311 000	2,9
Totalt	74 815	2 363 000	3,2

Kjelde: SSB, Aetat og AAD

Tabell 2.14 Arbeidsløyse i 2002 etter fylke

Fylke	Arbeidslause	Arbeidsstyrke	Arbeidsløyse i prosent
Østfold	4 267	129 000	3,3
Akershus	5 573	262 000	2,1
Oslo	11 297	291 000	4,0
Hedmark	2 581	92 000	2,8
Oppland	2 114	96 000	2,2
Buskerud	3 320	127 000	2,6
Vestfold	2 975	110 000	2,7
Telemark	2 875	84 000	3,4
Aust-Agder	1 988	52 000	3,8
Vest-Agder	2 782	77 000	3,6
Rogaland	6 604	196 000	3,4
Hordaland	7 729	227 000	3,4
Sogn og Fjordane	1 082	56 000	1,9
Møre og Romsdal	3 526	125 000	2,8
Sør-Trøndelag	5 117	138 000	3,7
Nord-Trøndelag	2 357	63 000	3,7
Nordland	4 308	120 000	3,6
Troms	2 418	80 000	3,0
Finnmark	1 902	38 000	5,0
Totalt	74 815	2 363 000	3,2

Kjelde: SSB, Aetat og AAD

Tabell 2.15 Årleg prosentvis vekst i talet på arbeidslause etter NIBR 16

	93-94	94-95	95-96	96-97	97-98	98-99	99-00	00-01	01-02	02-03
Osloregionen	-5,5	-9,7	-13,8	-18,8	-30,2	5,5	-3,9	0,2	43,4	33,5
Kristiansand-regionen	1,2	-4,4	-20,8	-24,7	-24,9	8,9	21,2	-5,4	28,6	23,6
Stavangerregionen	4,1	-0,3	-9,3	-19,8	-26,3	-0,8	46,4	-16,0	22,0	27,2
Bergensregionen	-12,2	-6,0	-1,9	-20,1	-25,6	-1,3	3,7	-6,1	23,0	20,2
Trondheimsregionen	-3,1	-5,6	-25,1	-16,1	-19,1	10,0	-2,2	-3,9	23,5	15,4
Tromsøregionen	8,0	4,5	-14,1	-21,8	-23,4	3,4	-2,9	6,1	19,3	11,4
Sum storbyregionar	-4,8	-7,1	-13,5	-19,3	-27,2	4,4	3,9	-3,8	33,2	27,4
By/tettstad Austlandet	8,5	-9,9	-13,7	-19,9	-30,2	9,8	-5,0	-10,2	23,1	31,3
By/tettstad Sørlandet	-12,9	-10,7	-11,1	-27,7	-28,2	28,7	9,3	-18,4	37,0	30,5
By/tettstad Vestlandet	-3,5	-12,0	-16,0	-23,9	-26,7	6,1	29,3	1,2	5,7	36,1
By/tettstad Midt-Noreg	-3,9	1,1	-22,2	-13,9	-20,5	4,6	19,7	-16,3	11,3	11,9
By/tettstad Nord- Noreg	-0,9	-5,8	-8,2	-24,8	-27,7	5,5	8,2	-7,9	8,7	15,0
Sum byar og tettstader	2,2	-9,2	-13,6	-21,7	-28,4	8,9	6,2	-8,0	16,1	28,6
Periferi Austlandet	-6,4	-9,4	-15,1	-27,5	-27,2	-7,6	5,2	-11,8	20,6	31,4
Periferi Sørlandet	12,0	10,4	-40,7	8,9	-50,7	137,2	-6,4	-5,6	-3,3	21,4
Periferi Vestlandet	-12,3	-10,1	-13,7	-26,1	-19,0	-4,4	6,7	6,4	10,4	55,0
Periferi Midt-Noreg	-11,7	-1,2	-13,5	-16,2	-20,3	5,2	-16,1	6,0	7,5	24,5
Periferi Nord-Noreg	1,0	-5,8	-3,2	-22,7	-22,0	-0,8	11,3	-6,5	10,4	15,6
Sum periferi	-5,4	-6,6	-10,4	-22,8	-22,8	0,8	4,7	-2,8	10,7	28,8
Totalt	-2,5	-7,8	-13,1	-20,6	-27,0	5,4	4,8	-5,1	24,3	28,0

Kjelde: SSB, Statistikkbanken

Tabell 2.16 Årleg prosentvis vekst i talet på arbeidslause etter landsdel

	Austlandet	Sørlandet	Vestlandet	Midt-Noreg	Nord-Noreg	Totalt
1993–1994	-0,6	-3,4	-6,6	-4,6	0,7	-2,5
1994–1995	-9,8	-5,6	-7,5	-3,7	-4,8	-7,8
1995–1996	-13,8	-19,2	-9,5	-22,8	-6,7	-13,1
1996–1997	-19,7	-23,9	-21,9	-15,7	-23,6	-20,6
1997–1998	-30,0	-28,0	-25,3	-19,6	-24,7	-27,0
1998–1999	6,5	22,0	0,4	8,1	2,3	5,4
1999–2000	-4,0	14,3	20,4	-0,5	8,5	4,8
2000–2001	-4,3	-9,7	-4,9	-5,2	-6,0	-5,1
2001–2002	35,1	28,3	15,4	18,5	10,6	24,3
2002–2003	32,7	25,6	30,9	16,1	14,9	28,0

Kjelde: SSB, Statistikkbanken

Tabell 2.17 Årleg prosentvis vekst i talet på arbeidslause etter fylke

Fylke	93/94	94/95	95/96	96/97	97/98	98/99	99/00	00/01	01/02	02/03
Østfold	24,5	-13,6	-9,4	-16,6	-28,8	10,6	-5,5	-9,4	24,8	32,6
Akershus	-11,2	-11,9	-17,1	-21,7	-33,6	5,2	-4,3	-0,1	51,2	38,4
Oslo	0,9	-7,8	-10,3	-14,7	-25,7	-0,8	-2,7	2,0	47,3	31,6
Hedmark	-1,9	-13,4	-17,1	-19,3	-20,1	2,1	-12,7	-6,7	20,8	17,8
Oppland	-6,1	-1,2	-22,6	-20,3	-33,9	-0,7	-5,8	-9,1	17,0	25,5
Buskerud	-5,2	-7,0	-15,9	-23,2	-36,2	23,2	-5,2	-7,0	32,5	31,1
Vestfold	3,2	-13,0	-11,8	-23,5	-35,4	16,6	2,8	-9,6	24,6	41,2
Telemark	-3,2	-10,0	-11,6	-26,2	-33,3	12,4	-0,7	-8,0	23,4	36,9
Aust-Agder	-5,5	-8,6	-14,7	-27,2	-28,3	27,0	8,7	-12,0	41,2	27,0
Vest-Agder	-1,9	-3,6	-22,0	-21,7	-27,7	18,9	18,2	-8,2	20,5	24,7
Rogaland	4,8	-1,1	-10,5	-22,5	-27,7	-0,2	50,8	-10,6	13,6	27,3
Hordaland	-12,1	-5,9	-2,4	-22,0	-24,6	-1,8	9,4	-3,7	15,4	23,5
Sogn og Fjordane	-1,5	-8,2	-14,5	-20,8	-18,4	-13,0	4,7	1,0	26,2	44,2
Møre og Romsdal	-10,5	-18,2	-20,7	-21,1	-25,0	11,8	4,5	2,8	15,9	49,6
Sør-Trøndelag	-7,8	-3,9	-22,0	-15,9	-16,9	10,9	-7,5	-3,3	25,3	15,6
Nord-Trøndelag	1,9	-3,4	-24,2	-15,4	-24,7	2,4	15,3	-8,6	5,6	17,2
Nordland	0,0	-9,6	-13,3	-22,0	-27,1	5,3	13,8	-8,2	10,0	15,8
Troms	2,3	-4,2	-8,9	-25,2	-24,6	-4,0	7,3	-1,7	9,2	17,7
Finnmark	0,3	10,2	15,3	-24,7	-19,5	4,0	-0,7	-6,0	13,4	9,5
Totalt	-2,5	-7,8	-13,1	-20,6	-27,0	5,4	4,8	-5,1	24,3	28,0

Kjelde: SSB, Statistikkbanken

Vedlegg 3

Miljøprofilen i budsjettforslaget

Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet la hausten 2000 fram ein miljøhandlingsplan for perioden 2001–2004. I denne planen er det sett opp sektorvise mål, status og tiltak som skal medverke til å måla på dei nasjonale resultatområda som gjeld miljøet, blir nådde.

Budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet dekkjer fleire politikkområde, men det er i hovudsak for sektoren bustader, bumiljø og bygningssaker det er aktuelt å rapportere om miljøprofilen. Rapportering for denne sektoren følgjer nedanfor, saman med ein kort omtale av miljøsatsinga på områda samiske formål og regional- og distriktpolitikk.

Når det gjeld den kommunale sektoren, er det dei ulike fagdepartementa som har det miljøvernpolitiske oppfølgingsansvaret. For politikkområda innvandring og nasjonale minoritetar er det ingen aktuelle miljøvernsatsingar å rapportere om.

Rapporteringa nedanfor er knytt til dei åtte miljøvernpolitiske resultatområda og til departementet sin miljøhandlingsplan og oppfølginga av denne planen.

Programområde 14 Bustader, bumiljø og bygningssaker

Miljøutfordringane

Dei måla som er sette for miljøvernpolitikken, stiller bustad- og byggjesektoren overfor store utfordringar. Miljøkonsekvensane av verksemda i sektoren er store, og på ei rad område aukande.

Desse satsingsområda er sentrale for å møte miljøutfordringane i bustad- og byggjesektoren:

- Ein må betre arealeffektiviteten og ta større omsyn til det biologisk mangfaldet.
- Energibruken i bygningsmassen må reduserast.
- Bruken av helse- og miljøfarlege stoff i byggjeverksemda må kartleggjast betre og reduserast.
- Avfallsmengdene i samband med byggjeverksemd må reduserast. Gjenbruk og ombruk av byggjemateriale må aukast.

- Det bør satsast på god kvalitet og god byggjeskikk.
- Det bør leggjast til rette for og gjennomførast miljøvennleg forvaltning, drift og vedlikehald av bygningar.

Husbanken og Statens bygningstekniske etat er underliggjande etatar under Kommunal- og regionaldepartementet som administrerer verkemiddel som kan påverke miljøtilstanden i sektoren på ein positiv måte.

Husbanken sette i 2003 i gang eit prosjekt som tek sikte på kompetanseutvikling og strategiutvikling på områda miljø, energi og marknad, og har valt berekraftig ressursbruk som eitt av satsingsområda i arbeidet med å heve kvaliteten i husvære. Dei erfaringane Husbanken har frå arbeidet med bustadkvalitet, energi og miljø, viser tydeleg behovet for ei nyansert heilskapsforståing og auka vekt på langsiktige kost-/nyttevurderingar, der ei vurdering av livsløpskostnadene må stå sentralt. Husbanken vil også prioritere støtte til den planlegginga som legg premissane for meir berekraftige bustad- og bumiljølysingar. Dette planleggingsarbeidet blir utført både i kommunane og av andre aktørar.

Statens bygningstekniske etat samarbeider nært med departementet om å utvikle det tekniske bygningsregelverket. Målet i miljøhandlingsplanen om i større grad å integrere miljømsyn i dei sentrale verkemidla for bustad- og byggjesektoren harmoniserer godt med utviklinga i internasjonale krav og avtalar retta mot sektoren.

Både bustadmeldinga, som skal leggjast fram for Stortinget i 2003, og bygningslovutvalet, som blei sett ned i 2002, vil ta for seg miljøutfordringane.

Satsing i budsjetta for 2003 og 2004

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over den samla miljøvernpolitiske satsinga i budsjetta for 2003 og 2004 på området bustader, bumiljø og bygningssaker.

A = Utgifter som fullt ut blir nytta til miljøforbetringar.

B = Utgifter der miljøomsynet er avgjerande for at tiltaket/prosjektet blir gjennomført.

Tabell 3.1 Bevilgning til miljøtiltak på område 14 Bustader, bumiljø og bygningsaker.

		(mill. kr)					
		A		B		Sum	
Kap./post		2003	2004	2003	2004	2003	2004
581/71	Tilskot til bustadkvalitet	15	7	25	16	40	23
581/75	Tilskot til utbetring av husvære	7	8	18	20	25	28
581/78	Forsking og utgreiing	8	8	8	8	16	16
587	Natur- og miljøvennleg bygging	1,5	2	4,5	4,5	6	6,5
Sum		31,5	25	55,5	48,5	87	73,5

Reduksjonen i løyvingane til miljøtiltak frå 2003 til 2004 kjem av endringar i dei totale løyvingane på dei aktuelle postane i budsjettet, og kan derfor

ikkje isolert sett tolkast som ei nedprioritering av den miljøvernpolitiske innsatsen.

Resultatområde 1 Vern og bruk av biologisk mangfald og resultatområde 2 Friluftsliv

Tabell 3.2 Indikatorar – Husbanken

	2000	2001	2002
Prosentdel HB-finansierte nye husvære med lånetillegg til gode uteområde	30 pst.	26 pst.	29 pst.
Prosentdel HB-finansierte husvære med lånetillegg til terreng med vegetasjon	25 pst.	20 pst.	31 pst.
Prosentdel HB-finansierte husvære med lånetillegg for trafikktryggleik	31 pst.	31 pst.	39 pst.

Aktivitetar og tiltak

Husbanken administrerer ordninga med tilskot til bustadkvalitet (kap 581, post 71). Ordninga blir mellom anna nytta til å påverke kommunar og andre aktørar til å leggje auka vekt på planleggingsfasen, slik at gode bumiljøkvalitetar kan innpassast i dei tidlege fasane av planleggingsprosessen, når høva til å påverke er størst. Av totalt 40 prosjektsøknader og prosjektskisser var det ca. 7 prosjekt som var relevante for resultatområda 1 og 2.

Husbanken har gitt støtte til vidareføring av byggenæringa sitt informasjons- og utviklingsprogram (ØkoBygg-programmet) som mellom anna tek for seg omsynet til biologisk mangfald under

arbeidet knytt til miljøskadelege byggjemateriale og byggavfall.

Hageselskapet, Byggforsk og Husbanken samarbeider om kurset "Gode buområde og godt bumiljø". Kurset er retta mot planleggjarar i offentlig eller privat teneste og tek for seg tema som har med klima, naturgrunnlag, utbygging, bumiljø osv. å gjere.

Overordna miljøkrav er gitt i Teknisk forskrift. Relevante miljøparametrar må definerast og vere ein del av den totale miljødokumentasjonen. Det er sett i gang arbeid med ein rettleiar til Teknisk forskrift som gjer greie for dei forholda som påverkar miljøprofilen til ein bygning. Rettleiaren skal ferdigstillast i 2003.

Resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø

Aktivitetar og tiltak

Riksantikvaren, Norsk Form og Husbanken gjennomfører ein serie todagars kurs saman med fylkeskommunane i landet i perioden 2003–2005.

Høgskolen i Gjøvik og Husbanken har utvikla eit nettbasert fjernundervisningstilbod om estetikk, byggjeskikk og stadutforming, primært retta mot medarbeidarar i plan- og bygningsetatane i kommunane.

Husbanken arrangerer årlege fagdagar med fokus på ulike tema som har med byggjeskikk, bumiljø og bukvalitetar å gjere. Fagdaganer er ein viktig møteplass for kommunar, planleggjarar, utbyggjarar, bustadprodusentar og utviklings- og forskingsmiljø, og spelar ei viktig rolle i Husbanken sine regionar.

Husbanken deltek i programmet “Miljøvennlige og attraktive tettstader i distrikta” under Miljøverndepartementet.

Husbanken rettar søkjelyset på samiske buformer og tradisjonar som det er verdt å ta vare på, og som bør få konsekvensar for byggjeskikken i nord. Husbanken skal arrangere eit seminar om samisk buform og buskikk i Karasjok i mars 2004.

Husbanken deler årleg ut Statens byggjeskikkpris.

Statens bygningstekniske etat og Riksantikvaren har vurdert behovet for kompetanse i byggjearinga i samband med arbeid knytt til verneverdige bygningar. Arbeidet blir vidareført og tilpassa ein sterkt forenkla godkjenningsskatalog.

Statens bygningstekniske etat skal, på oppdrag av og i samarbeid med Miljøverndepartementet, utarbeide ein temarettleiar om “Grad av utnytting”. Denne rettleiaren skal ta utgangspunkt i ein eksisterande rettleiar, gitt ut av Miljøverndepartementet. Eit delmål er å avklare forhold som påverkar den estetiske kvaliteten til byggverket, og klargjere korleis kvalitetsmåla skal dokumenterast i byggjesaka.

Resultatområde 4 Overgjødsling og oljeuring

Aktivitetar og tiltak

Statens bygningstekniske etat byggjer opp ei tilsynsordning for byggjeverarar som mellom anna skal omfatte fast installerte oljetankar. Ordninga vil medverke til at grunnleggjande krav til mellom anna miljøomsyn blir oppfylte, og inneber også at oljetankar blir utforma slik at ein unngår lekkasje av olje til miljøet/grunnen.

Resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikal

Tabell 3.3 Indikatorar – Husbanken

	2000	2001	2002
Prosentdel HB-finansierte nye husvære med lånetillegg til helse, miljø og tryggleik (HMS)	61 pst.	58 pst.	32 pst.

Aktivitetar og tiltak

Under ordninga med lånetillegg til HMS høyrer også tiltak for redusert energibruk og auka tryggleik. Husbanken har starta eit arbeid med å utvikle nye strategiar og handlingsplanar for innsats på innemiljøområdet.

Statens strålevern gjennomførte hausten og vinteren 2000/01 ei landsomfattande kartlegging av radonkonsentrasjonen i bustadhus. 29 000 bustadhus fordelte på 114 kommunar blei undersøkte. 2570 av dei kartlagde bustadhusa hadde ein radonkonsentrasjon som var høgre enn det tilrådde tiltaksnivået på 200 bequerel. På bakgrunn av dette set Husbanken no, i samarbeid med Statens strålevern, i verk ein landsomfattande kam-

panje for å få huseigarar til å gjennomføre tiltak for å redusere radonkonsentrasjonen.

Statens bygningstekniske etat (BE) er med i styringsgruppa for radonspørsmål, saman med Statens strålevern og Husbanken. Det er gjennomført sju kurs. Tilskot til reduksjon av radonnivået auka frå 2,2 mill. kr i 2001 til 4,2 mill. kr i 2002.

Husbanken ønskjer å stimulere til auka bruk av miljødeklarerte byggjeprodukt. Banken medverkar med tilskot til eit NBI-prosjekt, “OIKOS NOMOS”, der eitt tema er bruk av miljødeklarasjonar.

Statens bygningstekniske etat (BE) slutfører ein temarettleiar om byggjeverarar, med vekt på korleis miljø- og branneegenskapar kan dokumenterast. Det blir gitt informasjon om etablerte merkeordningar for helse- og miljøfarlege kjemiske pro-

dukt, om miljøvaredeklarasjonsordningar, og om lista over stoff som miljøvernstyresmaktene ønskjer utfasa (OBS-lista).

Miljøvaredeklarasjonar for byggjeverar gir mellom anna informasjon om innhaldet av skadelege stoff. BE vil, gjennom temarettelegg nemnd ovanfor og ved å gi økonomisk støtte til ein informasjonskampanje, medverke til å gjere miljøvaredeklarasjonsordninga betre kjend. Målet er å auke talet på miljøvaredeklarte byggjeprodukt, slik at produktspekteret blir dreidd over mot produkt som er mindre miljøskadelege.

BE har gitt støtte til eit prosjekt som har som siktemål å harmonisere dei to største miljøvaredeklarasjonane i Noreg, ØKODEK frå NBI og Miljøvaredeklarasjonen frå NHO/STØ.

BE har innleidd eit samarbeid med Statens forureiningstilsyn der ein skal vurdere utvalde produktgrupper innanfor byggjeverar (tetteprodukt, taktekkingsprodukt og isolasjonsprodukt) med tanke på risiko for spreiking av kjemikal gjennom livsløpet. Faste, tilarbeidd produkt er per i dag ikkje omfatta av merkeplikt eller deklarasjonsplikt. Å hindre uønskt spreiking av kjemikal frå slike produkt er derfor eit viktig satsingsområde innanfor den produktorienterte miljøstrategien til ureiningsstyresmaktene. Ein vil fokusere på byggjeverar som fører til spreiking av kjemikal i bruksfasen.

Bromerte flammehemmarar har alvorlege helse- og miljøfarlege eigenskapar. Miljøvernstyresmaktene planlegg forbod mot bruk av dei mest urovekkjande stoffa frå 1.7.2004. Forbodet omfattar ikkje dei stoffa som blir nytta i bygningsmateriale, til dømes heksabromcyclododekan (HBCD). BE vil medverke med spreiking av informasjon slik at ein vel mindre skadelege alternativ. Det er vedteke ny forskrift som går ut på at byggavfall som inneheld HBCD, skal behandlast som farleg avfall. I tillegg til informasjonsarbeid bør det vurderast å stille krav om merking av aktuelle produkt.

BE deltek i ei arbeidsgruppe i EU-kommisjonen som ser på regulerte stoff i byggjeverar. Byggjevaredirektivet føreskriv bruk av byggjeverar som ikkje gir uakseptabelt høge emisjonar og lekkasjar av skadelege stoff.

Saman med andre fagmiljø tek BE sikte på å arrangere ein tverrfagleg konferanse om samanhengen mellom helseproblem som allergi, astma osv. og dårleg inneklima på grunn av fuktskadar i bygningar o.a.

BE vil evaluere opplæringsprogrammet "Hus og Helse" (1991-95), som var retta mot bransjen for å auke merksemda om konsekvensane av eit dårleg inneklima. Evalueringa har tre delmål:

- innarbeide ny kunnskap og erfaring

- medverke til å auke nytta av den omfattande satsinga som blei gjort
- finne fram til betre metodar for å spreie informasjon til bransjen

Saman med Norske arkitekter for bærekraftig utvikling (NABU) og Bergen kommune vil BE i 2003 arrangere ein konferanse som har som mål å framskaffe kunnskap om rett val av materiale og løysingar som sikrar eit godt inneklima i skolar.

BE har delteke i arbeidet med å utvikle indikatorar knytte til bruk av helse- og miljøfarlege kjemikal i byggjesektoren.

Resultatområde 6 Avfall og gjenvinning

Aktivitetar og tiltak

Nasjonal handlingsplan for byggje- og anleggsavfall (NHP) har vore støtta av Husbanken gjennom fleire år. Frå og med januar 2003 er arbeidet organisert som eit nettverk, og for 2003 sette NHP opp 17 prioriterte tiltak. 13 organisasjonar/etatar med tilknytning til byggjenæringa har forplikta seg til å arbeide aktivt saman for å nå dei måla NHP sette i 2001. Statens bygningstekniske etat (BE) vil følgje arbeidet og vurdere om det er behov for supplerande verkemiddel dersom det viser seg vanskeleg å nå måla.

Husbanken og BE har støtta fleire prosjekt der ein prøver ut gjenbruk av materiale i praksis, mellom andre Pilestredet Park i Oslo. Prosjekta blir evaluerte med omsyn til miljøeffektar, økonomi og tekniske forhold.

BE vil halde seg orientert om korleis krav om framlegging av avfallsplanar i samband med byggjeprojekt påverkar avfallsproduksjonen og behandlingsformene, og vil vurdere om krav om avfallsplanar på sikt bør takast inn som ein del av byggjeregulverket. Berre nokre få kommunar har innført lokale forskrifter om opplysningar om avfall i byggjesaker.

BE deltek i komiteen Levetid for bygningar under Noregs byggstandardiseringsråd. I denne komiteen arbeider ein med standardar som vil tydeleggjere faktorar som påverkar levetida til bygningar, og vise samanhengen mellom auka levetid, reduserte årskostnader og miljøbelastningar. 3 av 8 delstandardar er no ferdigstilte og vedtekne. Ei forlenging av levetida til bygningar og installasjonar i bygningar vil effektivt redusere avfallsproduksjonen i byggjebansjen.

BE har fått utarbeidd ein rapport med forslag til fleire endringar av Teknisk forskrift som kan medverke til betre ressursutnytting, med hovudvekt på potensialet for reduksjon av avfallsmengda.

BE gjennomførte i samarbeid med NABU seminar og idédugnad om byggavfall i mars 2003.

Riksantikvaren skal, i samarbeid med BE, utarbeide ein temarettleiar om bevaring av eksisterande bygningar. Kunnskap om gode materialval og handverkstradisjonar blir teken inn. Siktemålet er auka levetid, noko som gir god ressursutnytting og redusert avfallsproduksjon, samtidig som ein tek vare på kulturminne.

Resultatområde 7 Klimaendring, luftureining og støy

Aktivitetar og tiltak

Talet på husbankfinansierte husvære med tilskot til tilstandsvurdering og heilskapleg planlegging i samband med bustad- og miljøfornyning har lege stabilt på ca. 18 000 husvære i dei siste tre åra. Her er det også rekna med prosjekt som ser på energitiltak. Husbanken har innleidd samtalar med ENOVA, Byggforsk og NTNU/SINTEF for å sjå på nye strategiar for energitiltak i den eksisterande bustadmassen.

Husbanken vidarefører arbeidet med klimatilpassing av husvære og buområde. Samarbeidspartnarar har mellom andre vore NABU, Byggforsk, Høgskolen i Narvik og Tromsø kommune.

BE deltek i den nasjonale nettverksgruppa for det nordiske prosjektet om livssyklus kostnader (LCC). Meir utbreidd bruk av dette verktøyet i prosjekteringsfasen kan setje fokus på driftskostnader i tillegg til investeringskostnader. Dette kan medverke til at det blir valt energieffektive løysingar, men også til at det blir valt byggjeverarar med lang forventet levetid. BE vil vurdere om det er mogleg å integrere LCC-tankegangen i byggjeregulverket.

Husbanken deltek i prosjektet "IEA SHC Sustainable Solar Housing", som starta i 2000 og varer fram til mars 2005. Her deltek ca. 15 land, og Husbanken har prosjektleiinga for den norske deltakinga gjennom prosjektet "Kostnadseffektive lavenergiboliger". Eitt av måla for dette prosjektet er gjennombrøt på marknaden for husvære med halvert energibehov. Prosjektet er finansiert av Forskningsrådet og ENOVA.

Husbanken og SINTEF Bygg og miljø tok i april 2002 initiativ til å setje i gang eit prosjekt som skal utvikle forslag til energimerking av husvære, jf. det vedtekne EU-direktivet om energimerking. I tillegg til ENOVA og Husbanken er BE, SINTEF, Byggforsk, BNL, Boligprodusentenes forening, NBBL og NVEF og NELFO deltakarar i prosjektet. Husbanken og ENOVA har saman finansiert forprosjektet, som er avslutta og rapportert våren 2003. Ein drøftar no om ein skal vidareføre prosjektet, mellom anna med ei konkret utprøving av energimerking av nye husvære. Ein føreset eit vidare

samarbeid med BE og andre hovudaktørar i bustad- og byggjesektoren.

SINTEF vil leggje fram underlag for forslag til nye energikrav i Teknisk forskrift (TEK) hausten 2003. Nytt energirammekrav vil omfatte alle energipostar i samband med drift av bygningar, og ein vil premiere miljøvennlige energikjelder. Nye energikrav vil vere ein føresetnad for implementering av det nye EU-direktivet. Direktivet blei vedteke i januar 2003, og fristen for implementering er sett til januar 2006. Det blir planlagt ein høyringsrunde i 2004, og revisjon av energikrav i TEK er planlagt gjennomført i 2005.

Energidirektivet inneheld også føresegnar om energisertifikat for bygningar som blir selde eller leigde ut, og om inspeksjonsordning for varme- og kjøleanlegg. BE deltek i referansegruppa for utarbeiding av sertifikatordning for nye husvære.

BE medverkar økonomisk til gjennomføring av programmet "Klima 2000". Hovudmålet for programmet er å oppdatere prinsipploysingar for konstruksjonar som gjer at dei betre toler ytre klimapåkjenningar. Programmet skal også kartleggje moglege verknader av klimaendringar på området og korleis samfunnet best kan tilpasse seg endringane.

BE har utarbeidd ein rettleiar om montering og drift av fyringsanlegg for brensel av trepellets. Ein reknar med at publikasjonen vil medverke til redusert ureining frå fyringsanlegg og til auka bruk av fornybare energikjelder og avfallspelletts.

Det er sett strenge krav til kor mykje nye eldstader kan sleppe ut av partiklar. Eldstadene må prøvast etter, og tilfredsstillende, norske standardar. BE deltek i internasjonalt standardiseringsarbeid og prøver å få aksept for den norske prøvemetoden som ein europeisk standard.

Norske produsentar av isolasjonsskum, som blir nytta som isolasjonsmateriale i bygningar, har redusert forbruket av HKFK med over 90 pst. frå 2001 til 2002. Ureiningssstyresmaktene innfører forbod mot bruk av HKFK til skumplastproduksjon frå 1. januar 2004 for å motverke ein reduksjon av ozonlaget.

Resultatområde 8 Internasjonalt miljøvern-samarbeid og miljøvern i polarområda

Aktivitetar og tiltak

Husbanken deltek i

- ei arbeidsgruppe knytt til nye EU-direktiv om energi
- den internasjonale satsinga "Sustainable Construction"

- prosjektet "IEA SHC Sustainable Solar Housing", som blei starta i 2000 og varer fram til mars 2005, jf. resultatområde 7 BE deltek i
- internasjonalt standardiseringsarbeid på miljøområdet
- arbeidsgrupper knytte til nye EU-direktiv
- satsinga "Sustainable Construction"

Programkategori 13.40 Samiske formål

Kommunal- og regionaldepartementet har eit samordningsansvar for samepolitikken og politikken overfor nasjonale minoritetar. Departementet har få eigne verkemiddel på desse områda. Prinsippet om sektoransvar for departementa gjeld også her, slik at fagdepartementa har ansvaret for å følgje opp samepolitikken og politikken overfor nasjonale minoritetar innanfor sine sektorar, også når det gjeld miljøspørsmål.

Miljøpolitikk og samiske interesser og rettar er knytt til samiske utmarksnæringar som reindrift, laksefiske, kyst- og fjordfiske osv. I tillegg er det samiske perspektivet svært viktig når det gjeld bevaring av kulturlandskap og kulturminne.

I arbeidet med verneregime er det ei utfordring å integrere samiske interesser og rettar. Kulturlandskapet er i mange tilfelle blitt forma av den tradisjonelle måten samane har nytta naturen på. Ved utarbeiding av nye verneregime er det derfor viktig at denne tradisjonelle bruken blir teken vare på og vidareført. I utviklinga av verneregime legg regjeringa vekt på å ha ein god dialog med Sametinget og reindriftsnæringa for å sikre at det blir teke omsyn til samiske rettar og interesser, mellom anna i forhold til artikkel 8j i konvensjonen om biologisk mangfald.

Sametinget står sentralt i miljøarbeidet på det samepolitiske området. I si årsmelding for 2002 seier Sametinget at tinget ønskjer å delta på mest mogleg like vilkår med dei sentrale styresmaktene når det gjeld å oppnå ei meir miljøvennleg og berekraftig utvikling. Sametinget har eit samla og heilskapleg ansvar for samiske kulturminne i heile det samiske bruks- og busetjingsområdet i seks fylke. Miljø- og kulturminneavdelinga i Sametinget behandla i underkant av 2000 enkeltsaker i forhold til kulturminnelova og plan- og bygningslova i 2002. Sametinget er også representert i kulturlandskapsgrupper, arealplanforum og miljøforum i dei enkelte fylka. I samarbeidsavtalen med Troms fylkeskommune er kulturminneforvaltning og museumsspørsmål omtalt i eigne artiklar. Vidare meiner Sametinget at den samiske deltakinga i verneplanprosessane ikkje har vore god, og at det i

fleire av verneforslaga ikkje er teke nok omsyn til samisk kultur og næringsverksemd. Sametinget har bede om større mynde og betre høve til å påverke verneplanprosessar, og ønskjer at dette kjem inn i lovverket.

Sametinget arbeider med fleire planar knytte til samiske kulturminne, mellom anna forvaltningssplan for Skoltebyen kulturmiljø. Sametinget overtok forvaltningsansvaret for det freda kulturminneområdet Ceavccageadgi/Mortensnes i Unjárga/Nesseby i 2001. Det blir utarbeidd ein forvaltningssplan for området, der ein kjem med forslag om korleis området best mogleg kan skjøttast og forvaltast i framtida. Utkast til rapporten "Vern og forvaltning av samiske byggverk" ligg no føre, og ein meiner at det finst ca. 1200 automatisk freda samiske byggverk i landet og ytterlegare ca. 870 som vil bli freda i dei neste 20 åra. Miljøverndepartementet løyvde i 2002 1,5 mill. kr til samiske kulturminneverntiltak, og Sametinget behandla 50 søknader om tilskot. Det er gitt støtte til tiltak som gjeld registrering, skjøtsel og dokumentasjon av samiske kulturminne, og til restaurering av samiske bygningar.

Programkategori 13.50 Regional- og distriktpolitikken

Innanfor departementet sitt ansvarsområde i regional- og distriktpolitikken er det gjennomført ei omfattande budsjettreform, med verknad frå budsjettåret 2003. Utgangspunktet for endringane er ønsket om desentralisering av ansvar og mynde til fylkeskommunane, og behovet for å kunne tilpasse verkemiddelbruken til regionale utfordringar. Reforma inneber at størstedelen av midlane over programkategorien blir overførte til fylkeskommunane, som etter samråd med den regionale partnerskapen tek nærmare strategiske avgjerder om bruken av midlane.

For å kunne styrkje fylkeskommunen som ein sterk regionalpolitisk aktør bør dialogen om viktige regionalpolitiske utfordringar, også på miljøfeltet, styrkjast mellom nasjonale, regionale og lokale styresmakter.

Grøn stat

Kommunal- og regionaldepartementet har gjennomført ei kartlegging av vesentlege miljøaspekt ved drifta av departementet med tanke på å setje opp mål og tiltak/handlingsplanar som bør gjennomførast som ledd i prosjektet Grøn stat, i departementet kalla Grønt KR. Hovudmålet for Grønt

KRD er at departementet skal drivast på ein mest mogleg miljøvennleg måte, av miljømedvitne medarbeidarar. Det er sett opp delmål og tiltak

som gjeld innkjøp, transport, avfall, drift av bygning og energiforbruk og innarbeiding av miljøleiing i styringssystema.

